

ASBJØRN ØVERÅS

ROMSDALS SOGA

ROMSDALS SOGA

ASBJØRN ØVERÅS

ROMSDALS SOGA

II.

DANSKETIDA

UTGJEVEN AV ROMSDALS UNGDOMSSAMLAG
I KOMMISSJON HJÅ F. BRUNS BOKHANDELS FORLAG, TRONDHEIM.

1941

JOHAN CHRISTIANSENS BOKTRYKERI
TRONDHEIM

INNHALDSLISTE

	Side
Forord	7
Nedgangstida 1319—1537	9
Innleiing	9
Svartedauden og andre pestsjukdomar herjar bygdene våre	12
Verdemål og verdenemningar	17
Romsdalsbøndene og kyrkjegodsa	19
Styring og styringsmenn fram til 1537	31
Kva skattemanntalet frå 1520 fortel	40
Folketalet i bygdene våre kring 1520	52
Fordanskinga av namneverket i bygdene våre	57
Politiske og religiøse brytingar. Det fyrste lutherske innslaget i fylket	61
Riksmøtet i Bud i 1533. Det siste riksmøtet i Noreg	68
Frå reformasjonen og fram til einveldet	84
Den nye trua og den nye politikken	84
Kyrkja vert nyskipa i Romsdal. Reformasen frå 1589	89
Bonden og samfunnet. Skattar, landskyld og futestyre	96
Den fyrste sagbruksverksemda	108
Lensherre- og futestyring i Romsdal føre 1600	116
Sjuårskrigen	118
Futar og lensherrar 1600—1660. Skotteferda	122
Svenskekrigen 1643—45. Nye skattebyrder og uår	134
Krigen 1657—60. Romsdal under Sverige	138
Agitasjonen til Store-Rasmus	141
Frå lensherrar til amtmenn. Nyttige tiltak under Kristian 4.	144
Det kyrkjelege og moralske livet i bygdene	147
Vestnes gard og gods. Hannibal Sehested	150
Bud	157
Romsdalsmarknaden på Devoll i Grytten, frå 1820 på Veblungsnes	158
Molde ladestad. Trelasthandelen har ei stortid	169
Nasjonal og åndeleg vanmakt	181
Futestyringa i folkehugen	187
Framgangstida 1660—1814	190
Litt om den ålmenne framgangen	190
Styring og styringsmenn fram til 1720	193
11-årskrigen 1709—20	198
Nye hardår og omframskattar	201
Sal av kyrkjer og kyrkjejordar	202
Tre kongevitjingar i Romsdal	204
Dei siste styresmennene i Romsdalsbygdene i dansketida	208
Hardår for Romsdalsbøndene, serleg omkring 1740	215
Omframskatten 1762—72. Romsdalingar på herferd i Holstein	219
Futen Alsing og bøndene	228
Hungerår og sjukdom i siste halvta av 1700-talet og fram til 1814	231
Tjellefonna, ulukka i Langfjorden i 1756	232

	Side
Næringslivet i bygdene våre 1660—1814	236
Jordbruket	236
Potetdyrkinga	241
Fehald	243
Skogdrift og tjørebrenning	245
Jakt	247
Fisket. Nye fangstmåtar	248
Schøning og andre fortel frå bygdene våre	259
Nesset prestegjeld	259
Veøy prestegjeld	265
Grytten prestegjeld	268
Bolsøy prestegjeld	274
Aukra prestegjeld	277
Bud prestegjeld	279
Opplysningstida i Romsdal. Amtmann Even Hammer	283
Striden om tangbrenninga. Christen Prams ferd i Romsdal i 1804	301
Molde vert kjøpstad i 1742	309
Drag av bysoga	309
Nokre lærde romsdøler i tidbolken	326
Peder Nerem	326
Anders Iverssønn Borch	328
Jonas Ramus	329
Melchior Ramus	332
Peder Ascanius	333
Hans Strøm	334
Sjustjerna	335
Thomas von Westen	335
Konfirmasjon og skulestell	341
Arbeidsliv og tilhøve elles i Aukra prestegjeld (kring 1800)	353
Nasjonale stemningar i slutten av dansketida	359
Tillegg:	
1. Grenseforretning mellom Romsdal, Nordmøre og Sunnmøre frå 27 april 1658	364
2. Det norske dokument frå 1658 om Romsdals grenser mot Sunn- møre og Gudbrandsdalen	365
Kjelder	367

FORORD

Det vart lenge før det kom eit nytt band av Romsdals Soga, noko som elles ikkje berre er forfattaren si skuld. Men i alle høve bed eg dei om orsaking som kan ha venta. Vonleg vil det tredje og siste bandet også kunna bli ferdig innan rimeleg tid. — Det gled meg elles at dette bandet kunne koma til Molde neste år skal høgtida 200-års jubileet sitt som kjøpstad.

Eit så vidfemnande arbeid som dette, som ikkje berre fatar om ein heil 500-årsbolk av bygdesoga vår, men som òg skal fortelja om så mange bygder, kan sjølvsagt ikkje byggjast så mykje på eigne arkivetterrøkingar, som ynskjande kunne ha vori. Eg har såleis i dette bandet mykje nytta ut arbeid som før har vori gjorde av slike dugande bygdehistoriegranskarar som overlærer J. A. S c h n e i d e r («Molde og Romsdalen») og sokneprest O. O l a f s e n («Veøy», I og II). Elles viser eg interesserte til lista sist i boka over dei viktigaste prenta kjeldene eg har nytta.

Her, som i fyrste bandet, har eg sett det som ei svært viktig oppgåve å syna framvoksteren og samanhengen mellom bygdesoga og landssoga. I bokmeldinga si av fyrste bandet skreiv professor E. Bull m. a.: «En sammenhengende fremstilling av en hel landsdels — et «fylkes» — historie slik som den her er gitt, er sikkert i mange henseender verdifullere enn de rene bygdehistoriene. Den gir mening og oversikt og innhold, hvor bygdebøkene ofte er nødt til å nøye seg med i og for seg betydningsløse enkeltheter.» — Desse orda dekkjer heilt mitt eige syn på dette arbeidet. Boka skal ikkje vera ei oppslagsbok, men ei lesebok og gje meir ålmenn heimbygds-kunnskap. Og det var å vona at ho kunne skapa ei sterk og levande forståing av kva forfedrane våre i trufast slit og med små krav og sterk vilje har bori fram i Romsdalsbygdene gjennom tidene. Der-

med skulle ikkje berre vår heimekjensle og bygdekjensle bli større, men samhugen og samkjensla med heile folket vårt bli rik og sterk.

Trondheim i desember 1941.

Asbjørn Øverås.

NEDGANGSTIDA 1319—1537

INNLEIING

EIN dansk solegegranskar seier om Noreg på 1300-talet: «Eit velordna samfunn var Noreg i 1319 med landefred og fullt så god orden som i noko anna mellomalderssamfunn. Som eit symbol på landsens stordom og kraft stod Nidarosdømen der, som nett var ferdig no ved 1300-talet. Men alt i 1328 brann det dette herlegaste gotiske byggverket i alle Norderlanda, og det vart ikkje reist att før i våre dagar. — Og som det gjekk med domkyrkja, gjekk det med Noreg.» — Grunnane til nedgangen er mange og samanfløkte og ikkje lett å ettervisa.

Det sterkt sentraliserte styret til kongane av Sverreætta, endå det mykje tok frå bøndene det gamle sjølvstyret, gav landet ein trygg og god framvokster så lenge styringa var i faste hender. Her skjedde no eit viktig skifte. Alle dei 4 kongane i neste hundreåret — bortsett frå dronning Margrete — byrja som barnekongar med ei lang formynderstyring for kvar av dei. Ja, den unge Olav Håkonsson, som døydde før han var fullvaksen (1387), førde vel knapt noka sjølvstendig styring i det heile teki, også avdi at den maktkjære og sløge mora, Margrete, naudleg gav slepp på styret. Alle dei andre vart òg lite sjølvstendige styrarar og hadde liten sans for norske synsmåtar og krav. Den beste var naturleg nok Håkon 6. Dei to kongsmødrene Ingebjørg og Margrete fekk til kvar si tid svært mykje å seia i styringa, men båe vanta dei både syn og vilje til å føra nokon norsk politikk. Dei fylgde reint personlege mål — ved sida av at Margrete jamt hadde Danmarks stordom for augo.

Dei einskilde norske stormenn som fekk noko å seia under desse formynderstyringane, hadde lite vilje og kraft til å snu straumen. Kring 1350 var òg alt dei fremste av dei gamle norske ættene utdøydde (Giske—Bjarkøyætta t. d.). Dei som var att, vart jamt gifte

inn i svenske og danske storætter. Den nasjonale kjensla deira veikna, ja, dei vart endåtil meir beinveges interesserte i eit nordisk samstyre og tapte lett dei nasjonale krava av syne. Fleire innan høgpresteskapet såg òg gjerne eit kongedøme på fråstand, — det vart større råderom for dei sjølve då. Samkongedømet med Sverige og, frå 1380, med Danmark gjorde òg politikken mykje meir ugrei. Den minste, og snart òg den veikaste staten, Noreg, hadde lett for å liggja under i alle dei stridane og motsetnadene som etter kvart kom opp mellom rika. Knapt noko hundreår i Nordens historie er så fullt av krigar og usemjer mellom grannefolka som dette. Og det visste h a n s e a t a n e å nytta ut; dei skapte seg no ei maktstilling i alle tre landa.

Mykje til nedgangen gjorde det òg at l e i d a n g s f l å t e n — og l a n d e v e r n e t v å r t i d e t h e i l e — kom til nedfalls. Kongen ville heller ha leidangs skatt enn herskip. Dessutan fylgde vi ikkje med i dei tekniske framstega skipsbygginga gjorde i utlandet; dei tyske byane t. d. bygde no større og sterkare skip med dekk og betre utstyr (koggar). Verst var truleg likevel fylgjene av s v a r t e d a u d e n (og andre farsotter seinare), som herja verre i Noreg enn i grannelanda og reiv bort ein stor lut av folket (sjå nedanfor). Dette — ikkje minst tap av skattar og landskyld — a r m a u t r i k e t ø k o n o m i s k. I same lei verka Hansaveldet i Noreg; tyskarane vart no reint som ein stat i staten med alle sine serrettar. Og overskotet av samhandelen med Noreg kom ikkje riket til godes, men gjekk til Hansa-byane. At dei rådde over heile vår utanrikshandel, iser over korntilførsla, fekk dei farlegaste økonomisk-politiske fylgjer for landet. Det knekte m. a. det norske borgarstandet, — det er ikkje for ingenting at Veøykaupangen går til grunne no — og tvinga styringa til landsskadelege tiltak. At nordmenn slutta å fara på utlandet som før og tyskarane vart eit slag å n d e l e g e m e l l o m m e n n med, fekk alvorlege fylgjer både for vårt åndelege og nasjonale liv; endå ein skal ikkje her heller, liksom i det økonomiske, sjå bort frå det tyskarane gav. — På å seia alle omkverve er det attendegang: I jordbruk, handel, skipsfart, i litteratur og kunst og språk, i stat og kyrkje og i høvet til grannelanda og utlandet i det heile.

Handwritten text in Old Norse script, likely a letter or document. The text is written in a dense, cursive style on aged parchment. The content is largely illegible due to fading and the script's complexity. The text appears to be a letter from a queen to a man, as indicated by the caption below. The text is written in a dense, cursive style on aged parchment. The content is largely illegible due to fading and the script's complexity. The text appears to be a letter from a queen to a man, as indicated by the caption below.

Sida av eit brev frå dronning Margrete til mannen, Håkon Magnusson 6., skrivi på Akershus visstnok 18. okt. 1372. Oms. av det finn ein i Norges Historie III 1, s. 144.

SVARTEDAUDEN OG ANDRE PESTSJUKDOMAR HERJAR BYGDENE VÅRE.

Ei fæl påkjenning for folk og land vart ymse pestsjukdomar i det 14. hnd., svartedauden i 1349, ein barnedaude i 1359—60 og ein ny mannaudaude i 1370—71. Kor stor skade kvar av desse har gjort i bygdene våre, er det uråd å ettervisa, men sømt kan vi då finna ut om den samla verknaden av dei alle. Den verste drepssotta var den fyrste, og det er denne alle tenkjer på når det vert tala om «svartedauen», og hundrevis av segner knyter seg til denne — såleis også fleire frå Romsdal.¹⁾

Svartedauden kom i frå Kina og herja med uhygge heile Europa i åra kring 1350 og drap ned millionar av menneske. Stundom var sjukdomen ein lungepest og enda då omlag alltid med dauden, men oftast var han ein kjertelpest; den sjuke fekk då svarte verkfylte svullar i lyska, armholene eller på halsen. Folk levde sjeldan meir enn eit døger eller to etter dei vart sjuke. Sotta var svært smertefull, og på slutten braut folk seg berre så blodspya gauv or munnen. Liknande pestsjukdomar herja også landet fleire gonger seinare, minst 3 gonger på 1500-talet, og frå neste hundreåra var serleg peståra 1629—30 og 1654—55 harde mange stader, og ei mengd folk strauk med, kanskje $\frac{1}{3}$ i somme byar.

Men ingen gong var det slik som vinteren 1349—50. Islandske årbøker frå denne tida reknar med at $\frac{2}{3}$ av folket vårt gjekk med. Dette er kanskje eit noko høgt tal, men nyare granskingar²⁾ peikar likevel på eit større tal enn $\frac{1}{3}$, det E. Sars i si tid kom til ut frå sine granskingar.

Ved å røkja etter kva verknad svartedauden fekk på gardprisar og landskyld, kan ein så nokolunde få ein tanke om folkeminken på dei ulike stadene. Etter prof. Tarangers utrekningar av landskylda gjekk ho ned til $\frac{1}{2}$, $\frac{1}{3}$, ja somme stader til $\frac{1}{6}$ av det ho hadde vori før. Liknande resultat kjem prof. Hasund til med å granska gardprisane. I søre Gudbrandsdalen var det reint ille: i åra 1350—1400 var medeljordprisen berre 22,6 pst. av det han var føre svartedauden. Om tilhøva nordanfjells gjev erkebisp Aslak Bolts jordebok (rekneskapsbok) frå ca. 1430—1449 forvitnelege opplysningar. Der får vi vita landskylda på hundrevis av gardar, og Hasunds utrek-

1) O. Rekdal: Folkeminne frå Romsdal, s. 133 fg.

2) S. Hasund: «Ikring mannaudauden».



Frå den store mannedauden, slik teiknaren P. N. Arbo har tenkt seg det.

ningar på grunnlag av denne syner også korleis jordprisar og eigedomstilhøve må vera mykje skipla i Romsdal — det den reduserte landskylda provar. I Eresfjords åtting (sjå seinare om åttingane og kva bygder dei omfata) var ho gått ned til berre 28 pst. av det ho var føre 1350, i Lerheims åtting ned til 27 pst., i Vestnes åtting til 29 pst., i Sunds åtting til 38 pst., i Bolsøy åtting til 67 pst. og i Straums åtting til 81 pst. Dei to åttingane Nes og Stim er ikkje med i utrekningane hans. Den samla nedgang utjamna på alle 6 åttingane er 40 pst. av det landskylda var før.

Om resultatet av desse utrekningane sine for Romsdal og det nordanfjellske i det heile seier Hasund bl. a.: «Når ein etter tabellen jamfører den gamle gardskyld frå tida føre mannedauden med den nyare skyld frå 1430-åra, må ein verta reint fælen over nedgangen. Tek ein unna dei to åttingane Straum og Bolsøy i Romsdalen, så er den nye skylda mest ingen stad høgare enn 50 pst. av den gamle, men går i regelen ned i ei 30, og ofte ned i 25, 20, ja, like ned til 5,2 pst. av den gamle skylda (Oppdal i Sør-Trøndelag)». Dei fylka nordanfjells som brukte spannskyld (sjå nedanfor), kjem ut med det

lågaste medeltalet, 27 pst., pengeskylddistrikta (Romsdal og Nord-Trøndelag) står noko betre, 34 pst. Det har vori vanleg lære at Vestlandet vart herja verst — ein nedgang til 29 pst. Men etter Hasunds utrekningar — som det visstnok er grunn til å godkjenna som dei beste vi har — har det heller vori verre nordanfjells, såleis òg i dei fleste Romsdalsbygdar, enn på Vestlandet. Det er slett ikkje umogleg at nære $\frac{2}{3}$ av folket har gått med her. — Det er forvitneleg at mest alle dei segnene som går om svartedauden i Romsdal er frå dei to åttingane Eresfjord og Vestnes, som synest å ha vori hardast medfarne. Det skulle vera ein mann med ei rive og ei kone med ein soplime, fortel Røkdal, som for med svartedauden gjennom bygdene våre. Dei tok mykje godt inn i kvar manns hus. I somme hus raka mannen med riva over golvet — der tok ikkje sotta alle. Men i andre hus sopa kona etter med soplimen, og der strauk dei med kvart liv i huset. I Innfjord døydde alle så nær som på Beril, fortel segna. Og i Tresfjord var det att berre ei gjente på Rypdal, og då den einaste mannen som var att i Måndalen, oppdaga henne — «Rypa» kalla han henne sidan ho var så skyr då han fann ho — flytta dei saman på Rypdal, «og frå dei ættar då storparten av tresfjordingom». Måndalingane påstår at dei slo seg ned i Måndalen — og at det er dei som ættar frå desse to! I Eikesdalen rømte mange tilfjells og livnærte seg lenge av jakt og fiske. O. Olafsen (Veøy I, 67) fortel ei segn frå Veøy om at det vart laga ny kyrkjegard på garden Holm under svartedauden «og hvor man ennu kan påvise stedet hvor den skal ha ligget». Og han legg til: «Både dette sagn og den historiske kjensgjerning at der i den følgende tid var mange ødegrøder, taler for at dens herjinger var fryktelige. At kjøpstaden på Veøy forsvinner i den efterfølgende tid, vitner også om det samme.»

Det er rimeleg at pesten herja hardast der busetnaden var tettast, i byane og stroka rundt dei. Men ille var det i mang ei grisgrendt bygd òg. Dette heng truleg saman med ferdavegane. Aller verst synest pesten å ha fari fram i slike dalar som har gjennomgangsvegar, såleis i Valdres, i dei indre Romsdals- og Nordmørsbygdene, i Gudbrandsdalen, Oppdal, Surnadal. I Surnadal er t. d. landskylda gått ned til 11 pst. av den gamle. Vegane gjekk å seia innom alle tun oppetter dalen, så ferdafolk kunne føra sotta frå hus til hus. Når det gjeld Eresfjords åtting, må det hugsast at frå Finnset i Eikesdal går ein utgamal fjellveg over til Lesja og ein til

Romsdal. Fjellvegane hadde den gongen mykje meir å seia enn folk flest kan tenkja seg i dag — endå desse her framleies vert svært mykje nytta.

Dette synet kan vel òg kanskje forklåra kvifor dei ytre Romsdalsbygdene har greidd seg så mykje betre. Kvar rekande fant hadde ikkje så lett for å vitja øyfolket, — det kunne i minsto lettare isolera seg. I same lei peikar det at øyar som Hitra og Ytterøy i Trøndelag har greidd seg best. Elles må ein vera merksam på at den reint ålmenne nedgangen i dei næraste bygdene, ja, i landet i det heile, må t t e føra med seg ein større nedgang på skylda slike stader òg. At sjøbygdene våre har komi seg betre frå fylgjene av svartedauden, kan vel òg noko ha sin grunn i at den økonomiske nedgangen råka mykje sterkare og vart varigare i jordbruket enn i f i s k e t. Det er nemleg ei kjensgjerning at fisket alt i seinmellomalderen gjekk sterkt fram. Dette heng vel noko saman med nye fangstmåtar og driftsmåtar, men det er fyrst og fremst ei fylgje av at det er større etterspurnad etter fisken vår; det er nett på denne tida B u d f i s k e v æ r veks fram som ein midstad for dei ytre bygdene, det vi snart skal fortelja meir om.

I Aslak Bolts jordebok ser vi at 440 av dei 2870 bruksnummera beint ut vert kalla ø y d e g a r d a r, såleis òg fleire av dei vel 100 bruka erkesætet eig i Romsdal. I det 16. hnd. kryr det av slike øydegardar over heile landet. Hasund reknar med ei 4000—5000 ved 1500-talet. I ein brote bygselsbrev frå denne tida høyrer vi om nedfalne hus og marker som veks til med skog.

Svartedauden fekk også mange andre fylgjer. I 1370-åra alt melder erkebisen frå til paven at i Nidaros bispedøme er det då berre 40 prestar mot om lag 300 i fyrste halvta av hundreåret. Prestane døydde bort, og folket makta heller ikkje å halda vedlike kyrkjene og fø eit så talrikt og mektig presteskap. Det var om lag ein prest for kvart 150 menneske før svartedauden, etter utrekningar av Edv. Bull, medan det i vår tid er ein for kvart 3000 — til samanlikning. Var reduksjonen i Romsdal i samsvar med nedgangen for heile bispedømet — det ein visst ikkje treng tvila på, er det uvisst om det i det heile levde att nokon prest i fylket etter svartedauden. Og dei nærmaste tider etterpå kan det knapt ha vori meir enn ein prest i heile fylket (Veøy) sidan alt landet nordanfjells kring 1370 berre hadde 40 — heile Nord-Noreg høyrde òg inn under Nidaros erkebispedøme. Av dei 5 bispane i landet (erkebisen medrekna) døydde alle av pesten så

nær som Oslobispen. Og at det vart noko ugreitt i rettsstellet ei tid over heile landet, kan ein skjøna av at 11—12 av dei 14 lagmenene våre døydde. Like eins fekk adelsættene våre ei sterk pårøyning. Det gjekk ut med dei fleste, og storparten som vart att, greidde ikkje halda oppe adelskapen sin og gjekk over i bondesamfunnet — vart storbønder helst. Eit typisk døme på dette er Aspåætta på Nordmøre, ei ætt som har ei mengd renningar i Romsdal òg, iser i Nesset, Veøy og Bolsøy. Hovudmedlemer av denne ætta er erkebispene Olav Trondsson (1452—74) og brorsonen Gaute Ivarsson (1474—1510), den siste erkebisp som nytta norsk mål. Det ser ut til etter eit brev om ein gardhandel i Veøy i 1504 — det gjeld sal av indre og ytre Nesje — at dei to kvinnene Magnhild og Åsa Trondsdotter som er seljarar, er systrene til erkebisp Olav Trondsson og farsyster til Gaute. Ein brorson av dei, Jon Ivarsson, er òg nemnd som vitne ved denne handelen. Magnhild var gift med ein som heiter Engelbrekt Anfinsson på Veøy. Broren hennar, Ivar Trondsson, namngieten godsherre og erkesætet sin fehirde (finansstyrar) i Romsdal og Nordmøre er med som tingsvitne alt i 1480. Saman med 5 andre eidsvorne menn gjev han vitnemål om dei gardane Brynhild Simonsdotter eig i Veøy, indre og ytre Nesje, og Hoven i Sunndalen. At Magnhild og Åsa er av Aspåætta og må vera systrene til Olav og Ivar Trondsson, tyder òg dette på: I 1504 sel dei 10 øyresbol i Nesje og 2½ spann i Hoven til ein Jon Arneson. No veit vi frå eit kjøpebrev frå 1462 at Ivar Trondsson var vorten eigar av 2 spann i Hoven, og det er naturleg at det er desse som er komne i hendene på systrene. Dei må på den tida vera svært gamle, ei 80 år, noko som berre forklårar at dei sel jorda si.¹⁾

At svartedauden og dei andre farsottene ikkje berre var ei ulukke for bygdene våre, men ein landsfare, skjønar vi endå betre når vi hugsar at tida elles òg var merkt av stillstand og attendegang på å seia alle vis. Men for dei bøndene som levde att og for bøndene som samfunnsklasse, lyt ein seia det like vel finst lyssider. Ved 1319 var truleg oml. $\frac{3}{4}$ av bøndene vortne leiglendingar, under konge, adel og kyrkje. Landskylda — inntil 8 pst. av jordverdet — var hard, og ei mengd andre avgifter, jamnast ulovlege, som ombodsmenn og jordherrar la på dei, var mest verre. Etter drepsottene vart det lite tale om slike. Som vi har sett, måtte jordherrane ned

¹⁾ Sjå årsskr. til Nordmøre Sogelag 1926: T. Widt: Aspåætta. Jfr. O. Olafsen: Veøy, II, s. 52—53.

med landskylda også, så det lite og ingenting vart att ofte, dersom dei i det heile skulle få drivarar. Det vart meir ålbogerom for bonden. Kyrkja hadde fått ein grunnknekk, og adelsættene vart berre i tida frå svartedauden til 1370 reduserte frå ei 300 til mindre enn 60; som nemnt vart mange av desse att etter kvart vanlege bønder. I det heile går det for seg ei sterk utjamning innan folkesetnaden i bygdene — ovanfrå og ned og nedanfrå og opp. Dei store vert mindre og dei minste større.

VERDEMÅL OG VERDENEMNINGAR.

Vi har alt brukt — og kjem òg til å bruka — ymse verdenemningar som dei fleste som les dette arbeidet gjerne vil ha noko nærare greie på for å skjøna fullt ut det dei les. Det gjeld landskyld, jordprisar og skattar.

Ein leiglending — og det var storparten av Romsdalsbøndene -- laut betala ei viss avgift, landskyld, for å driva ein gard for ein jordherre. Dessutan hadde han plikt på seg til å yta jorddrotten eller ombodsmannen hans fritt opphald eller gjesting for eit visst folketal når han kom til gards for å nya oppatt bygselen og sjå etter garden og husa. Landskyldvarene laut dei òg kvart år levera på ein fastsett stad, helst hos godsherren sjølv eller tenestemannen hans. Alle slag varer vart nytta til betaling, serleg smør og korn. Elles kunne det ymsa mykje etter dei naturlege vilkåra i bygd og på gard. Kornbygder betalte med korn, malt og mjøl t. d. I gode beitebygder, der feholdet — og kanskje veiding med — spela hovudrolla, møtte leiglendingen fram med smør og talg, huder og skinn, eller det kunne vera eit husdyr eller fleire. Sjøbygdene betalte helst med fisk. Gammal sed og skikk i bygda avgjorde mykje vareslaget òg. Jorddrotten på si side ville sjølvsagt mest mogleg halda oppe krav på varer som han tykte mon i, iser slike som lett kunne avhendast ved sal eller gjerast om i reie pengar. Vareprisane svinga sjølvsagt den gongen òg mykje med år og åring; men når landskylda skulle betalast i ei viss varemengd, fekk denne ein normalpris, som alltid gav uttrykk for ei viss renteinnekomme av den kapital som låg i garden. Normalverdet kunne ein uttrykkja anten i ein pengepris eller i ei normalverdenorm, som var ålment kjend og nytta i vedkomande landslut: månadsmat, hud, spann, kyrslag. Om landskylda t. d. var normalisert til to huder, så var det ingenting i vegen for at vara —

etter avtale — kunne betalast med andre vareslag som tilsaman hadde eit verde av to huder. Like eins kunne ei landskyld på tre månadsmatar eller ei mark godt greiast med andre betalingsvarer enn smør, mjølk og pengar. Ei kuhud vart rekna lik ei spann (= ein laup) smør = 2 bukkesskinn = 4 geitskinn = 8 sauskinn = 12 kalvskinn.

Nordanfjells, frå og med Romsdal til Senjen, var smørspanna på 3 bismarpund (= oml. 18 kg.) den skyldnormen som var mest brukt. Men jamsides den vart forngild pengeskylde nytta. Desse to normene vart brukte mykje saman òg, som ei «blanda skyld» på gardane. Nordanfjells vart pengennorma nytta mest i Romsdal og i Nord-Trøndelag (s. 14). Verdesamhøvet mellom dei to skyldnemningane var 3 spann (54 kg) = 1 mark (mk.) eller 9 pund smør ($6 \times 9 = 54$) er lik 8 øre. Fram mot 1500-talet vart smørpundet auka slik at 1 pund smør (6 kg) vart lik 1 øre. Det gamle myntsystemet går ut i frå 1 mark sylv (215,8 g). Ei slik sylvmark svara til 3 fullgilde kyr i verde, så det var såleis ei heller høg verdeeining. Marka vart utmynta i 8 øre à 3 ørtugar à 10 penningar. Ei mark var såleis 8 øre = 24 ørtugar = 240 penningar.¹⁾ Meir velkjend er enno i Romsdal vektnemninga våg, som mykje vert nytta når landskyld eller tiend skal betalast i fisk. Ei våg er som smørspanna 3 bismarpund = 18 kg. I mål vart det rekna for $\frac{1}{6}$ tunne.

Eit kyrlag var mykje nytta dei fleste stader som verdemålar. Kua måtte ha full sals- og leigeverdi, ha hatt minst 2 kalvar og ikkje over 8, vera frisk og lytefri. 6—9 småfe, sauer og geiter, svara til eitt kyrlag, som atter var rekna lik 3 månadsmatar. Hasund har komi til at før svartedauden — om lag liknande vart det vel seinare òg — svara gardprisen til eit verde som var 15 gonger så stort som landskylda. Ein leigefør gard på 6 månadsmatar i årsbyggesel vart då verd 90 månadsmatar = 30 kyrlag.

I Romsdal ser vi ofte at omframskattar, såleis i 1520, vert betalte i lodd sylv = oml. 15 gr. 1 kvintin sylv = $\frac{1}{4}$ lodd = $\frac{1}{128}$ p. = oml. 3,7 gr. Vet og tveit er òg verdennemningar; tveit vert ofte brukt, iser i A. Bolts jordebok. Ho vert nytta med noko ulikt verde (om vekt og mål) i dei ymse bygdelaga. Olafsen (Veøy I, s. 127) fortel at ein vet var lik 12 tveitar og at ei tunne inneheldt 15 tveitar. Veten var såleis $\frac{4}{5}$ av ei tunne.

¹⁾ Den nye marka, som vi kjenner seinare, er frå kring 1500, og har eit langt ringare verde. Ei slik mark vart då rekna lik 15 skilling.

ROMSDALSBØNDENE OG KYRKJEGODSA.

Den mektigaste jordherren i landet var den katolske kyrkja — her medrekna dei 30 klostera vi hadde i høgmellomalderen. Vi har alt nemnt at berre erkesætet i Nidaros åtte nære 3000 gardar på 1400-talet; av desse ligg vel 100 i Romsdal, og det av dei beste gardane i alle bygder. Dessutan låg det ei mengd gardar til alle bygdekyrkjene. Hovudkyrkja i Veøy hadde såleis i 1648 88 gardar rundt i fylket. Også somme kloster, bl. a. Reinklosteret (skipa av Skule Bårdsson), hadde ein god del jord ut over Romsdalsbygdene. Ein slump krongods fanst det alltid òg. Endeleg hadde høge verdslege adelsmenn, serleg av Giske-Bjarkøyætta, mykje jord i bygdene våre — såleis var Giskegodset i Romsdal på 57 gardar i 1582. Vi har før fortalt (b. I, s. 188) om Bjarne Erlingssons testament til Peterskyrkja på Veøy. Då han døydde, vart brorsonen, Erling Vidkunsson, Noregs mektigste adelsmann, drottsete og formann i formyndarregjeringa for Magnus Eriksson kring 1330. Han vart seinare sysselmann på Sunnmøre og herre over Giskegodset og dreiv gardhandel i stor stil over heile Romsdal. Somme storbønder fanst det vel òg, slike som sjølv bygsla bort ein eller fleire gardar. Det er lett å skjønna av dette at Romsdalsbonden måtte vera ein leiglendingssbønde fyrst og fremst.

Best greie har vi på gardane til den fremste jordherren i bygdene våre — erkebisp. Storparten av desse gardane er vel komne i hendene på erkebispane ved gåver; det galdt om å få kyrkja til å lesa sjelemesser for seg når ein var død; «han gav for sjela si», som det gjerne heitte. Det er vel såleis Aslak Bolt t. d. har fått tak i helvta av Horne i Eresfjord. «Med råd og samtykke av si eiga kone Gyrid Torkellsdotter gav Niklas Jensson garden under erkebisp Aslak og staden i Nidaros.» — Ein brote jord fekk kyrkja (og andre med) ved at bøndene har vori i pengevanskar og såleis har hatt bruk for lån; garden var pantsett; og greidde så ikkje bonden lån og avdrag til rett tid, laut han gje frå seg garden. Mange — serleg eldre og barnlause folk — gav òg gardane sine til erkebisp, ein prest eller eit kloster mot at dei skulle bli vel forsytte den tida dei hadde att. Oftast gjekk det vel bra, men slike folk kunne òg bli retteleg snytte — og det av sjølve prestefaren: «Fyrste dagen sette presten meg over fat med seg, og andre dagen sette han meg ute ved bordet; så sette han meg ute ved drengbordet, deretter kom



Dette biletet er frå eit antemensale (framsida av altaret) i den gamle Tresfjord kyrkja. Det skal vera frå sist på 1200-talet og syner tre bønder som giæter sauer ute på marka. Alle har dei kapper med hetter og har vottar på hendene.² To av dei har stavar, den næraste dessutan hoser og eit lite horn. Det er ein detalj av biletet av bodskapen til hyrdane; engelen ser ein til venstre. Biletet fortel òg noko om korleis dei kledde seg kring 1200—1300.


eg til å sitja ute i eldhuset, og no har eg ikkje meir att for Brattvoll og alt eg åtte enn det du ser her,» fortalde gamle Åsa Brattvoll då ho gjekk gardimellom og tigga og hadde ikkje anna enn ein svart stakk og ein sekk med gamle klede. Dette er stadfest ved retten av sambygdingane hennar. Ikkje fullt året hadde ho vori på prestegarden — og dette var alt ho hadde att av Brattvoll med ein buskap på 8 kyr, 1 okse, 3 ungfæ, hest og føl og elles alt ho åtte! Hendinga er ikkje frå Romsdal, men frå Romedal i denne tida. Men ho gjev eit tidsbilete som visseleg høver på tilhøva i mang ei bygd. Dei hadde stor makt slike herrar og kunne mest skræma folk til kva dei ville. Ein rettargang mot dei var inga endefram sak. Det prestehatet som bryt laust seinare, serleg etter reformasjonen, har truleg ikkje så lite røter i liknande hendingar. Og ikkje var det minste luten kyrkja fekk tak i som bøter for ymse slag «brot». Kyrkja tylgde mennesket frå vogga til grava, og nåde den som ikkje retta seg nøye etter det ho sa føre. Ho straffa miskunnlaust — og meiningslaust ofte. A. Bolts jordebok fortel om ein sparbygg som måtte gje ein gard avdi han åt kjøt før han gjekk til altars, ein annan laut gje ein gardpart avdi han slost i jula («i jolagrid»). Jorunn Bjørnsdotter må bøta 1 markabols gard, dvs. ein gard til eit verde av o. 45 kyrlag — i dette høve Fuglset i Bolsøy — for «hordøme» (ekteskapsbrot). Stridt er det vel òg når Arnbjørn Sveinsson på Fanebostad — ògså i Bolsøy — lyt bøta 3 øresbol jord (o. 15 kyrlag) til erkebisp Olav Trondsson for «avbrot», dvs. ei mindre misgjerd. I Vestnes åtting fortelst det (A. Bolt) at Magnhild Arnbjørnsdotter laut betala herr Trond (venteleg presten) for avbrotet sitt heile Erlendsgarden.

Aslak Bolts jordebok (1432—1449) gjev oss òg samstundes god greie på den gamle skipreide- eller åttinginndelinga — i hovudsaka i samsvar med Magnus Lagabøters gåvebrev frå ½—1277 (b. I, s. 154 fg.), slik at dei einskilde bygdene og gardane her kan få rett bra opplysningar om kva administrasjonseining dei høyrde til. At det finst namnesamanblandingar her og kvar, er ikkje til å unngå — rekneskapsførarane har ikkje vori lokalkjende nok.

Rekneskapen over **R a u m s d a l l**¹⁾ byrjar med **Ørisfiordz attunge** = Eresfjord — Vistdal og Nettet herad — så nær som gardane mot Sunndalsfjorden. I Eikisdale ligg Hegg-eime, Bjørkeime (som Jon Gudleiksson selde erkebisp Eskil,

¹⁾ Eg nyttar namneformene i jordeboka når det gjeld stadnamna; gardsnamna har jamnast dativformer.

føremannen til A. Bolt), Nørdztog, Hoeime og Skodhinom. Av desse er berre Hoemgarden kjend i dag, korleis det no heng saman. Sidan det står om Heggeime at det «ligger til fiskeskaper», så kjem ein lett til å tenkja på Sæter i Eikesdal — eldste skriftform frå 1610 — om det kanskje her har vori eit namneskifte, såleis at Eikesdalssetra ei tid p. g. a. forfallet etter alle pestane t. d. kan ha vori sæter eller øydegard. Det er underleg at ingen av desse tre gamle heim- og vin-namna finst i heile fylket vårt, så ein lyt tru at her er gardnamn frå Nettet som er kvorvne for godt. Det nyttar lite å spekulera på kvar dei har legi, — Nordstog kan derimot lett



Frå Eresfjord (Naustegrenda). Den låge åsen i bakgrunnen er Øverås-morenen, som stengjer for Eikesdalsvatnet (Storvatnet).

vera ein av Oppigards-, Utigards- eller Austigardsgardane i Eikesdal.²⁾ — I denne åttungen er vidare nemnde Naustum, Solbergom ved Syren (= Solhjell ved Sira), Solbergom «ved Eidzvag» som «ligger til Riodha» (= Rød), Ofaase (= Øverås), Ytra Boggom, Breidvik, som «ligger under Nausta», Heimvikom, «som Gudlaug bonde i Veøy gav til Riodha», dvs. Rød kyrkja, Myklabolstad i V i s t e d a l, Ryodhom (= Rød), Thiolam (= Tjelle), «som fru Adils gav», det vil vel seia til erkebispesætet, Fostravatnom (= Føstervoll, nø i Øre herad), Rørdale i Wistedal i Nordlandæ (Nerland) sokn, «som Peder Arnbjørnsson betalte erkebisp Eskil», Goparøie (= Gauprør), Sporseim — «ligger oppå Gossen» (B. I, s. 154), Horner

²⁾ Asbjørn Øverås: Den eldste busetnaden i Eresfjord—Vistdal og Nettet, s. 131 fg.

og Meringasæter (= Meringdal), «som Brynjulf og Aslak Sigurds-søner selde herre Eskil under staden» (= Nidaros), «like eins andre halva i føreskrivne Hørne» (sjå ovanføre), Slædenes, Soljello(m) og Hello. Dei tre siste gardane er komne til under dei to neste erkebispane, Olav Trondsson og Gaute. Solhjell har mogleg alt då vori delt, sidan garden er med i jordegodset til Aslak Bolt.

I **Læreims** å t t u n g e låg Eid herad og Holm sokn. Erkebispejord: Holm, Indra Herjom, «der Bård i Herjom gav 1 øyrisbol for...» (resten uleseleg, men det gjeld vel ei eller anna misgjerd), Fridrikswelle (= Frisvoll), Mittia (= Mittet), «som det ligg mykje neverløyping til», Brekkom, Skorgo (dei to siste må vera i Vistdal), Eide, Mork, Norvik, Læreime, Klungunese (I) bortbygsla for 6 øresbol og Klungunese (II) for 1 øresbol. Denne siste «fekk herre Eskil av Peder Anbjørnsson» — den same som overlet erkebisen Rødal i Vistdal, uvisst kvifor.

I **Straums** a t t u n g e låg Vøll herad, Vågstranda sokn av Veøy og noko av Grytten. Erkebispejord: Våge, Eik i S e k k e n o m, Holtom, Øvra Reidarstadom, Nædra Reidarstadom, «som Sigurd Bratte betale»¹⁾, Sækkjasæter — «alt nytta til sætrar», av Grytene prestegard 1 øresbol, Wik i E y g n a f y r d e (= Innfj.), Sætanese, «6 øresbol som herre Finn selde» (sidan her står h e r r e Finn, er han helst prest), Kornasætre (= Kormset), «som Olav Kvite gav», Ytre Bø i «Ignafjorde» og Skjalgobolstadh. «Har desse gardane (dei to siste) fylgt prestane i Grytten med urette.»

I **Ness** a t t u n g e låg det meste av Grytten, Torvik i Eid og visstnok heile Hen. Erkebispejord: Dale, Nædra i Isfjorde «som Ragnvald gav», Sodgom, «bytt mot Westæstade (= Vestad) med presten i Grytene», Lyngeid (Lynghheim?), Staveime, Remeime, Halsage (= Hals) «som Solveig gav», Stokkom og Nese «som Bård gav», Flataa, Kyllingom, Ormeime, Skræn (= Skiri?, opphavleg Skirin), eller ein Skren øydegard nemnd ca. 1550, bortkomen. Det er då truleg same garden som Skreim, nemnd i eit brev frå 1347, der Erling Vidkunsson (s. 19) skuldar ombodsmannen sin for å ha tileigna seg denne garden med urette. Ein visstnok ukjend gard er Skrindo, «som sira (prest) Sæbjørn Validus gav». Vidare har Berdor

¹⁾ O. Olafsen seier i Veøy II, s. 357, at berre øvre Reistad er nemnd hos Aslak Bolt, men bae gardane er erkebispegods.

prest gjevi Indre Skorgo. Av Thorwikom er det 6 spann leige — «i Larknafirdi»(?)¹⁾ — og av Breidhowik 2 øresbol.

Etter rekneskapan for Nes åttung kjem det ei utgreiing om eit jordskifte frå erkebisp Olav Trondssons tid (1452—1474) som er mykje karakteristisk for alle gardbyta på denne tida: Erkebisp Olav Trondsson og sokneprest Nils Jonsson til Aukra (Okerøy) skifte jord med Hallvard Amundsson «slik at vi skulle ha av honom eit markabol jord, lagt og bøtt, som er kalla Strande og ligg i Bylingsøy (Bolsøy) sokn og årleg rentar eit kyrslag i landskyld, og skal føre-



Veblungsnes.

skrivne Strande leggja helvta til domkyrkja i Trondeime og andre helvta under prestegarden i Aukra. Skal førnemnde Hallvard hã av oss til vederlag for Strande 2 markabol i Yskerim (Eiskrem) innanføre elva, med «ollum lutum», slik som brevet som er sett opp om det, har utførlegare fråsegner om. Og er same brev lagt i Bakke kloster (Trondheim) til gøymse, for det vedkjem òg dette klosteret, då det òg har bytt nokre jordpartar med førnemnde Hallvard.» Brevet er utstedt i N i d a r o s 4. mai 1468 — så ein ser det er ei overgangstid når det gjeld dette bynamnet. A. Bolt nyttar jamt Nidaros.


Bylingsøy a t t u n g e (andre stader òg nytta Fanne åttunge) omfata det meste av Bolsøy herad og resten av Veøy. Erkebispjord:

¹⁾ Det må no vel her vera ei mistolking av P. A. Munch, som har gjevi ut A. B.'s jordebok — at det heller gjeld leige for laksefjord, firdi=fjord.

Soleimom (=Solemdal), Skorpo (bortkomen gard), Hjellasætre, Raudhamold, «som Øystein Brok betalte», Opdølo — «ligger til fiskehøl», Hunanese, Elgisaa, Berge, «som Peder Anbjørnsson gav herre Eskil» (jfr. Rødal og Klungnes), Bylingsøy, «som Tore Teiste åtte. Ei halv marks bygsel ligg til selveide. Like eins fekk vi eit markabol av Sakse Gunnarsson i same jord, bygsla for $7\frac{1}{2}$ øre og gav vi honom att for det 9 øresbol i Sætre i Vestnes for $\frac{1}{2}$ mark, og unnte vi han til leige under Sætre Bjarmaland (i Tresfjord) for ei halv tveit smør årleg». Vidare er nemnde Wiik ved Siliesnes (Sølsnes), Fuglasæthre og Fonnebostadom (sjå s. 21).

Westnæss a t t u n g e omfata Vestnes og Tresfjord herad og Berill i Voll. Erkesætejord: Av Westnæss $3\frac{1}{2}$ markabol og alt gods med som erkebisp Aslak bytte «under staden», dvs. Nidaros og erkestolen, for jordpartar i Bø, Rokneim og Manessaas (=Månsås). Vidare: Sætre (sjå Bolsøy), Hoeime, Bjarmalande, Rektale, Flatnom, Frodastadom, Sydra Aase, Skorgo, Øvra Aasyn, Nædra Aasyn, «all eign som Gyrid på Vestadom gav, bygsla for kyrlag», Stokkaland og Birioryode (= Berurjodr = Beril) og Nødraås, «alle tre som Pål Pålsson gav», Helasætre, Nerdheime, Kærseime, Riupadale. «Like eins kjøpte vi erkebiskop Bolt i det Herrens år 1448 $\frac{1}{2}$ markabol i Riupadall av Arne Bårdsson, bygsel $\frac{1}{2}$ kyrlag.» Om Erlendsgarden s. 21. Ein kan greitt sjå her at mange gardar alt er delte i fleire bruk — såleis når det gjeld Åse og Rypdal t. d. Når landskylda er så stor som på Vestnes, $3\frac{1}{2}$ markabol, er det tydeleg nok at her gjeld det heile garden. Likeeins når det ein hende gong er nytta forma «all eign», som t. d. om Rikisfjord (nedanfor). Elles òg kan ein slutta mykje — iser den som er lokalkjend — av storleiken på landskylda. Eit halvt markabol i Stokkeland kan ikkje gjelda heile garden, men Kjersem på 20 øresbol, $1\frac{1}{2}$ kyrlag og 2 skjepper korn er nok udelt t. d.

Sunds a t t u n g e omfatar Aukra (om Sporseime, sjå s. 22) og Sandøy herad og Bjørset i Bolsøy. Erkesætet si jord: Nødra Tautra, Iskareime (Eiskrem), Midjasunde, Heggdalom, Røysætre i Oterøy, Ugluvik i Oterøy, «som Bottolv gav, ligger til Raknes», landskyld 2 øresbol, 15 penningar og 13 skjepper korn; Bjorksætre (=Bjørset), 6 øresbol og 30 skjepper korn, Sandøy, Haukaam (Haukabø?), Rikisfjord, «all eign gav sira Sigurd Gauk», Hareime, Soleime, Nædra Heggdalom, «så mykje som Peder Anbjørnsson åtte og han måtte ut med til herre Eskil». Dette er 4. garden Peder gjev frå seg til erke-



Frå Gossa (Aukra). Dette er noko av eit framtidslan. Denne store øya ytst i Rømsdal har svære jordvidder som enno kan dyrkast.

bispen — det kunne ha vori interessant å vita grunnen til dette. Det er mogleg at Magnhild Anbjørnsdotter på Vestnes er syster hans og at det såleis er sams grunn til jordtytingane deira til kyrkja. Om henne er det tydeleg sagt frå at ho bøter garden for misferda si. — Bottolv i Raknese har mått gje 3 øresbol til erkebisp Aslak «i kyrkja si reking» og 2 øresbol i Uglavik. Harnes er bortbygsla for $1\frac{1}{2}$ kyrslag.

Styms a t t u n g h e omfatar herada Bud og Fræna; ofte vert han òg kalla Våge eller Fræna åtting. Erkebispegods: Rydsætre, 3 øresbol bygsel, 1 laup smør og 10 skjepper korn, Thørnese, 1 øresbol og 6 skjepper korn, Vallom i Wagøy, $\frac{1}{2}$ mark bygsel, 1 laup smør og 5 skjepper korn. Dessutan er nemnd Kambsvage «in af Stim». Denne garden må seinare ha vorti øydegard, og er kvorven or folks minne, som så mange gardar i denne tida.

Dersom lokalkjende folk tok opp arbeidet systematisk i dei ymse bygder, ville ein truleg kunna lokalisera ikkje så få kvorvne gardar irå svartedautida og seinare. Når t. d. i Eikesdal eit dyrka jordstykke i utmarka ber eit så karakteristisk namn som *L i n s e t*-gjerdet, kan det ikkje vera den ringaste tvil om at her har vori ein gamal gard *Linset* (det òg gravhaugar der peikar på). Eit anna slikt namn der og, som heller ikkje er med i Ryghs «Norske Gaardnavne», er *S k o s e t*, midt ute i hamnehagen, heilt utmark no. Når ein gran-skar slike ting, må ein berre ikkje gå for strengt ut i frå kva vi meiner med ein gard i d a g. Den dyrka jorda spela ikkje så stor rolla; med nokre få sledelass høy fødde dei like mange fe, stort og smått, som talet på høylassa var. Olafsen fortel at slik var det enno på 1700-talet. Vågsæter hadde t. d. i 1724 18 lass høy og fødde med det 5 kyr, 3 ungf, 9 sauer og 1 hest. Mange bruk var nok langt mindre, — litt høy klora dei alltid saman, og så gjekk det med beit, lyng og skav og svelteforing gjennom ein lang vinter. Eit slikt bruk kan eg tenkja meg Skoset har vori, — *Linset* derimot har vori eit godt bruk med større foring, korn- og ikkje minst: lin-dyrking, det namnet fortel. Skoset er vel eigenleg Skog-set.

Det undrar ein at folk herute med kysten betala landskylda så ofte i kornskjepper. Det er ingen stad at korn vert nemnt så ofte som i Sund og Stim åttingar. Ein lyt no vel helst tru at det vanleg har vorti omrekna i fisk. Bort i mot hundre år etter er i minsto fisk den vanlege skattebetalinga her.

Amund Helland nemner Aukra prestegard mellom erkesætegodset, men det kan ikkje vera rett etter jordeboka. Derimot er Aukrene

(Aukra) nemnd i ein annan samanheng. — Som lesaren alt har skjøna, var Aslak Bolt ein mann med velutvikla sans for denne verdsens godar — slik alle nye gardane han får tak på berre i våre bygder fortel. Og han var langtfra nøgd berre med dei ytingane som var vanlege då han vart erkebisp. Han grov fram «vitnemål» om at han skulle ha endå meir. Såleis dreiv han igjennom — ikkje utan motvilje frå bøndene si side — at kvar Mikkelsdag skulle det vera ei serleg kornyting frå alle gardar. Ein fullgard skulle gje ei skjepp, ein halvgard helvta av kornskjeppa. I fiskebygder vart Mikkelskornet betalt med fisk! Romsdalsbøndene i «allan Raumsdalen» skulle gje sitt Mikkelskorn til Primo Altare Sancte Crusis, d. e. fyrste altaret for Den heilage krossen i Nidarosdomen. Det er i jordeboka nemnt 13 andre altar i kyrkja, vigde til ymse heilagmenn, som andre bygdelag yter Mikkelskorn til. Kannikane ved desse altara skulle så til vederlag greia ei dagleg messe for alle kristne sjeler (dei avdøde) «til ro og nåde av deira pine». For det andre dreiv han i gjennom dei såkalla Olavspengane, ei ny avgift, som skulle leggjast på olsokdagen. Endeleg fekk han vedteki ei ny «gåve» til beste for erkestolen, «ein godvilje som almugen hadde gjort forfedrane våre og vart kalla gjof (=gåve).»

For å tryggja gjennomføringa av alt dette, så avtala han «med alle våre klerkar, både abbedar, kannikar og prestar at dei, som han sjølv, ikkje skulle bygsla bort jord til leiglending utan han lova at han ville og skulle årlig, vel og greidleg, yta sitt Mikkelskorn, Olavskorn, landskyld og gjof og dertil auka og rydja kvart år ein mæling ny jord, setja ti humfestenger årleg, syta for at jorda ikkje grodde til med skog, og dessutan gjera det som vit og skjøn tilsa trøngst på garden.» Det var såleis ikkje små byrder erkebisp Olav her dreiv i gjennom for leiglendingane til både erkebispjorda og gardane til kyrkje og kloster elles. — Han reiste sjølv rundt i erkebispedømet heilt frå nørdeste Hålogaland til Sunnmøre på «visitas» og veitsle for personleg å tinga med bøndene om desse nye tyngslene. Og han synest jamt å ha lukka med seg. Sumaren 1433 — i juni — er han på Nordmøre og i Romsdal og først i juli på Sunnmøre. Sokneprestane, som hadde kvar sin $\frac{1}{4}$ av den vanlege tienda i gjeldet sitt, hadde plikt på seg til å ta i mot erkebisp og fylgjet hans frå 2—6 døger når han var ute på slik «visitering» eller gjesting. Jordeboka reknar opp 34 hovudkyrkjer og fleire kloster som yter slike «nattlegor», som det karakteristisk nok heiter. I Romsdal ser

ein at han har rett til 13 slike nattleger; av dei fell 6 på *Widøy*, 4 på *Aukrene* og 3 på *Grytene*. Fleire prestegjeld var det ikkje i *Romsdal* den gongen. *Veøy* med fylkeskyrkja var såkalla kannikegjeld, dvs. at soknepresten der samstundes var rekna som kannik og medlem av domkapitlet i *Nidaros*, som dermed hadde retten til å tilsetja prestane — også kapellanane — i *Veøy*; det omfata å seia heile noverande *Bolsøy*, *Vestnes*, *Veøy* og *Neset* prestegjeld. Som vi har synt i førre bandet, s. 164 fg., har det vori oml. 20 kyrkjer i *Romsdal* føre svartedauden, eit tal som truleg er det same att



Utsyn over *Vågane*. *Røvik-gardane* til høgre. Sekken midt i fjorden.

på *Aslak Bolts* tid, eller i minsto før det 15. hundreåret er ute. Då var dei å seia reiste alle dei kyrkjene vi har i dag. *Grytten* gjeld t. d. hadde desse 5 soknene: *Flata*, *Grytinar*, *Heina*, *Valla* og *Eid* sokner. *Neset* kapellani under *Veøy* hadde også like mange kyrkjer som no, bortsett frå *Eikesdal* kapell.

Når ein veit kor smålåten ein bisp kjem til ein kyrkjelyd i våre dagar på visitasjon — vanleg heilt åleine, så det er vandt for folk no å skjønna kva ei slik erkebispe- eller bispegjesting i 3—6 dagar var i katolsk tid, og kva tyngsler dette måtte vera for sokneprestane. Men vi er så hegne å vita at då *Olav erkebisp* i 1432 var på visitasjon i *Hålogaland*, reiste han med 2 skip og tilsaman oml. 200 mann! Og noko liknande — det minste i alle høve 1 skip og 100 mann — har det vel vori på *Romsdalsferda* i 1433. Og då var det fest og

gilde i sju lange og sju breie hos alle sokneprestane. Hjelpeprestane rundt om i fylket laut då òg yta sitt til at «nattlegene» skulle bli vellukka; og bøndene slapp truleg heller ikkje unna. Om ei vitjing Bergensbispen kring 1320 gjorde i Sogn, han skulle vera 4 dagar på ein prestegard, veit vi at ein prest måtte ut med 7 tunner bjor (beste slag øl), 12 tunner munngåt (tynnare øl), 16 kg bakt brød, ein slump kveitemjøl, smør, kjøt og flesk og dessutan noko krydde; andre prestar laut ut med liknande forsyningar til gildet hos hovudpresten, — attåt 8 tunner bjor er òg nemnd ei halv tunne vin som ein skulle yta, visseleg til bispens eige bord. Drikkevarene ser ut til å ha spela ei hovudrolle, og vi kan vera visse på at så heitt blod som det var i Aslak Bolt, har det gått svært lystig for seg dei 6 dagane han t. d. låg i Veøy i 1433. Det er nemleg all grunn til å tru at kyrkjeherrane nytta ut alle dei nattleger dei hadde og vel så det rundt om i bispe- eller erkebispedømet. Det var einaste måten dei kunne greia å halda så stort fylgje på.¹⁾

Sjølvsagt var det ikkje berre eting og drikking og fest på slike fierder. Ei heil mengd med kyrkjelege forretningar av alle slag vart utførde av erkebisen. Det skulle vera gudstenester med dåp, konfirmasjon og nattverd. Det moralske livet både til prest og kyrkje-lyd skulle granskast, og ikkje minst viktig var kontrollen med erkesætet sitt jordegods i gjeldet. Folk fekk på mange vis oppleva ved slike vitjingar at dei måtte ha ein mektig Gud over seg — det måtte då eit slikt staseleg og talrikt tenarskap overtyda dei om.

På grunnlag av Aslak Bolts jordebok og verksemd har vi her freista gje ei orientering om korleis tilhøva var mellom kyrkja og kyrkjeherrane på den eine sida og bygdene og bøndene på den andre. Noko liknande var det gjennom heile den katolske tida fram til reformasjonen, endå langt frå alle erkebispar var like stride godsherrar som erkebisp Olav. Vi høyrer t. d. om ettermannen Olav Trondson (s. 16) at han gav attende til den opphavlege eigaren ein gard (Haraldstad i Gudbrandsdal) som erkebisp Olav hadde hatt, «før garden var med liten eller ingen rett komen under Olavs domkyrkje».

¹⁾ A. Bolt vart bisp i Bergen i 1408, frå 1428—50 erkebisp i Nidaros. Han må ha vori ein mann med uvanleg helse og mykje framtak, så lenge og iherdig han tener si kyrkje. I ungdomen var han visstnok ein svær villstyring. Han hadde såleis 2 lausborn før han vart bisp — som prest laut han sjølvsagt leva i sølibat. I Grytten prestegjelds kallsbok, utgjeven av M. Rogne i 1927, blir det s. 7 gjevi ei lita skildring av ei slik erkebispevitjing i Grytten i 1533.

STYRING OG STYRINGSMENN FRAM TIL 1537.

Som vi har nemnt, hadde erkebispnen serskilde ombodsmenn til å føra tilsyn med kyrkjegodset sitt rundt om i fylka, fehirdar heitte dei gjerne. I erkebisp Olav Trondssons tid og lenger var broren Ivar Trondsson fehirde i Romsdal. Det synest å ha legi svært gode evner i Aspåetta, og Ivar fekk òg god økonomisk makt til å hjelpa fram sønene sine. To av dei studerte i Tyskland og vart magistrar. Den eine av dei, Gaute, vart erkebisp etter farbroren, og den andre, Trond, vart den nestøvste prelaten i domkyrkjebyen,



Frå Sekken. Utsyn innover Romsdalsfjorden.

deca n u s (=formann) for domkapitlet. Heile landsens politiske og nasjonale — og sjølvstekt kyrkjelege — framvokster i det 15 hnd. er iser knytt til A. Bolt og dei to erkebispane av Aspåetta som fylgde etter honom. Serleg er hendingane frå Amund Sigurdsson Bolts oppreist i 1430-åra mot Erik av Pommerns herredømme og Aslak Bolts freistnad på å hindra oldenborgarstyret i Noreg i tida 1448—50 svært forvitnelege. Det lukkast verkeleg med den fyrste oppreisten å få driva ut or Noreg ei heil mengd med framande futar, lensherrar, prestar og bispar. Og då styret i hovudsaka vart overlati til det norske riksrådet no mest ein halv mannsalder, førde det ein rett kraftig politikk mot hanseatane. Sigurd Jønsson, drottseten,

vert det hermt etter at hanseatane skulle ut, jamvel om han skulle bli nøydd til å drikka vatn alle sine levedagar! — Det fekk gå som det ville med det gode tyske ølet! Ein annan stormann i riksrådet var Erlend Eindrison av Losna-ætta — han er elles den fyrste lensherren vi kjenner i Romsdal. Han «vyrde ikkje hanseatane meir enn den sand han stod på.» Det er ei nasjonal stemning mellom dei førande nordmenn no som ein knapt finn maken til før kring 1770-åra att. Hanseatane måtte fyrst og fremst få medtevlarrar i handelen på Noreg, og engelske kjøpmenn fekk i 1442 dei fyrste handelsrettane på Bergen «i samhøve med deira gamle rettar». Og året etter fekk kjøpmenn frå Amsterdam privilegium på å sigla på Noreg alle stader «hvor de hadde behov derfor». Dette førde etter kvart til framhjelp for folket på fleire vis. Iser var nederlendingane svært interesserte i skogen vår — noko som elles ikkje vart berre til det gode. For mang ein skog langsmed kysten vår, ikkje minst i dei ytre Romsdalsbygdene, vart snøydd i dei neste hundreåra (jfr. s. 43). Nye traktatar med England frå 1465 og 1490 gjorde også fjordhandelen med bøndene fri, slik det vart mykje beinveges handel mellom dei framande og bøndene; iser i tida 1500—1600 har trelastutførsle i Romsdalsbygdene gått rett fritt og ukontrollert for seg. Det har vori mange føremoner for bygdefolket med denne skipnaden — eller skort på skipnad! Dette skjønar ein best av den uviljen som snart synte seg frå byborgarane mot denne frie fjordhandelen. Innkomene har i det heile flote rikare for bøndene. Og svært viktig var det at nordmennene ofte tok teneste på hollandske skip og lærde seg på nytt både sjømannskap og skipsbygging og nye ferdavegar ut til framande land og hamner.

Denne framgangen var elles ikkje jamn. Ei stor atterslagstid var det under Kristian I (1450—81) for denne nye politikken. Trass i Aslak Bolts djerve freistnad på å halda oldenborgarane ute — med stønad frå Sverike — laut vi inn i den lange sambandstida med Danmark. Den danske adelsmannen Hartvig Krummedike gjorde mest til dette utfallet. Dette harma erkebisp Aslak umåteleg. I ei offisiell kunnngjering, stadfest av tre riksrådar, heiter det m. a. at erkebisp Aslak nytta dei djervaste orda, ja, endåtil dryge eidar, og han svor at han ville «rette ut over Herr Hartvig, så at man skulle se hvorledes en nordmann skal fare med en holstener og utlending». Like vel — det vart nederlag for politikken til erkebisp, men han døydde stutt tid før kroningsfesten for oldenborgarane i Nidarosdo-

men olsokdagen 1450, og slapp såleis frå den audmykinga å innsetja og velsigna dette dynastiet til å rydja ut norskdomen og riksviljen i folket vårt. Vi tenkjer ikkje minst på den målmedvitne språklege fordanskinga som tok til her i landet med Kristian 1. Det hadde alt vort unionar eit par mannsaldrar, men norsk mål var då enno herremålet i landet, også i det høgste styringsverket. Førre 1400 er alle kongebreva som vedkjem Noreg på vårt eige mål, i dei neste 50 åra er det nokre få brev på svensk, dansk eller svensk-dansk (8 tils.). Frå Kristians tid er det 4 på norsk mål og 2 på dansk, men etter kroningsfesten 29. juli 1450 — medrekna hovudavtalen mellom dei to landa i Bergen same året om samband «til evig tid» — er kvart einaste kongebrevet på dansk mål. Det er tydeleg at så snart Kristian er komen på trygg grunn heime i Kjøbenhavn, set han med eitt slag norsk mål utanom i det kongelege kanselliet. Men båd dei to bondegutane frå Nordmøre som var erkebisp i dei neste 60 åra (Olav og Gaute) nytta berre norsk, — det same gjorde det kongelege kapellpresteskapat ved Mariakyrkja i Oslo i sine skriv heilt til 1520.

Gamalnorsken går i denne tida over til dei bygdemålsformene vi kjenner i dag i fylket vårt — og landet vårt elles, og alt ligg framifrå tilrette for eit nynorsk skrift- og administrasjonsmål. Desse siste breva er skrivne på det ein vanleg kallar mellomnorsk, «og det på ein slik måte at det er lett å sjå at brevskrivaren er vel heime i det mål han skriv.» (Hægstad).

Dei fleste nordmenn stod kanskje utanfor og uforståande til denne avnorskinga, men vi har då dei mest tydelege opplysningar frå denne tida om at jamvel blant bøndene har det vori den djupaste uvilje både mot framandstyringa og framandmålet, som etter kvart la si kjøvande hand over vårt sernorske liv i si frie og naturlege utfalding. (Sjå A. Øverås: Norsk Reising s. 50 fg.). Tida under Kristian 1. er i det heile ei av våre verste nasjonale forfallstider; vi hugsar òg at det var han som overlet Orknøy og Hjaltland (i 1468) til skottekongen — som pant for medgifta til dotter si — eit pant som aldri vart innløyst. Lov og rett var det òg berre så som så med for oss nordmenn i hans tid; hanseatane drap såleis hovudsmannen i Bergen, Olav Nilsson, og biskop Torleiv med 60 av folka hans utan at kongen tok seg av sakene.

Det er nett i denne tida Olav Trondsson er erkebisp og jordherre til ei mengd Romsdalsbønder — men ingen urimeleg herre (s. 30)

Olav gjorde elles ikkje så mykje av seg som t. d. føremannen eller brorsonen, som kom etter. Ein stad er han kalla «ven av dei tyske kjøpmenn», noko som høyrest uventa ut. Men då erkebispnen meir og meir fekk si landskyld (byggleavgifter) og tiend i fisk, ikkje berre frå Romsdal og Nordmøre, men òg frå Nord-Noreg — og han dessutan òg vanleg hadde av sine eigne folk ute på fiskeværa til fangst —, så har han tvillaust hatt den største interessa av, for å få den beste avsetnaden på all denne fisken sin, at sambandet med hanseatane ikkje vart for mykje skipla. Elles har vi vitnemål om at tyskarane slett ikkje har kjent seg så trygge på Olav Trondssons velvilje. Ein tysk skrivekarl i Bergen seier såleis: «Han var tyskarane sin ven med måte». — Olav døydde på ei ferd til Rom. På gravsteinen hans står det: «Noreg gav honom med rette den heilage stolen».

Erkebispnen er dei siste hundreåra før reformasjonen den einaste som representerer ei fast sentralmakt i landet og er dessutan landens fremste mann, formann i riksrådet m. a. Difor var det svært viktig at ein her alltid fann den rette mannen på rette plassen. Ein slik ein var brorsonen til erkebisp Olav, G a u t e, som vart sitande på erkebispstolen i 36 år, lenger enn nokon annan erkebisp. Han er vel òg ein av dei aller fremste av dei høge prelatane våre attgjennom tida, ein stor personlegdom med fast norsk støyping i seg. Da Kristian 1. døydde, gjekk han i brodden for dei misnøgde nordmenn og fekk hindra i eit par år at sonen, Hans, vart vald til konge i Noreg; og etterpå måtte kongen gå med på ei mengd nasjonale krav, som skulle tryggja Noreg jamstelling innan sambandet. Det galdt skattespørsmål, iser at skattane gjekk til Danmark, pantsetjinga av dei norske øyane i 1468, hansaveldet, tyskarane si ferd mot Olav Nilsson og bisp Torleiv, om utlendingar i dei norske lena og embeta o. m. — i alt 16 klagepunkt la han fram for dei riksmøta han kalla saman av norske stormenn i denne tida.

Heller ikkje Hans gjennomførde så svært mykje av alt det han lova då han endeleg vart godkjend som norsk konge. Men det vart då likare enn under faren. Såleis vert det frå hans tid berre fylgt ein politikk mot hanseatane heilt til veldet deira i Noreg vert knekt omkring 1560. Vi ser det kanskje best av Absalon Pedersson Beyers «Noriges Riige» litt seinare at det er ålmenn meining hos nordmennene at ein politikk mot hansaveldet alltid er ein politikk for Noreg.

I tida kring 1500 er det mykje uro og gjæring i landet mellom bøndene. Tidene ser ut til å vera låke i det heile, men dessutan er styringa rundt i bygdene (lokalstyringa) heller ikkje som ho burde vera. Både lensherrane og futane deira, både dei innfødde og dei framande, er griske og harde karar, som nyttar ut almugen det dei kan. Med knep og skræmsler tvingar dei fram nye byrder på bøndene til kvar tid. Uro og oppreister har det vori dei fleste stader, tvillaust også i Romsdal, — det er berre så få meldingar ein har frå denne tida. Derimot veit vi at høgadelsmannen Arild Kane og nokre



Frå Langfjorden med Eresfjord. Eidsvåg til venstre. Skjorta i bakgrunnen.

av sveinane hans vart ihelslegne av Sunnmørsbøndene i 1496. Frå 1497 kan vi beint ut seia at heile Austlandet skjelv under uroa. På grunn av ymse motsetnader til kongen og dei danske styresmennene hans, serleg Henrik Krummedike på Båhus, riv lensmannen på Akershus, den norsk-svenske stormannen Knut Alvsson, alle bruer av og vert førar for bøndene. Spreidde reisingar held på og samlar seg til ei folkereising med det mål å sopa ut heile danskstyringa — nett slik svenskane gjorde samstundes og noko i samarbeid med Knut. Ei tid var vonene gode. Men medan Knut venta noko herhjelp frå Sverige, byrja han tingingar med Henrik Krummedike og fekk fri-brev til drøftingane på skipet hans. Likevel vart Knut Alvsson hoggen ned her (18. aug. 1502). «Hugget i Knut Alvssons panne, var et hugg i Norges hjerte», seier Ibsen i eit dikt («Akershus»). Liknande ord finn ein andre stader. «Med hans blodstraum Noregs fridom ut seg tømte» heiter det i ei svensk samtidskjelde. Det er verkeleg noko så storslege i Knut Alvssons måte å bryta alle bruer på bak

seg, ein slik vilje til å setja alt inn, at ein kan ikkje fri seg for tanken at den karen var tenkt til noko meir, at han kunne ha gjort eit jamverdige verk i Noreg med Sturane og Gustav Vasa i Sverige. Slik må òg samtida ha sett det. Endå hovdinglause reiste dei harmfylte bøndene seg fleire stader til hemn for dette nidingsverket, og øsinga tvinga Hans til å kalla Krummedike heimatt til Danmark.

At erkebisp Gaute har samhugen sin på Knuts side, skjønar ein òg av at han har hjelpt honom med større pengelån i denne vanskelege tida — mot pant i Knuts jordegods nordanfjells. Og då prins Kristian (2.) litt seinare kjem hit opp og skal slå ned uroa, som enno i fleire år heldt seg mange stader — verst på Hedmark — er Gaute avvisande og uvenleg mot prinsen, som bl. a. eit par gonger freistar få erkebispen til å krona seg. «Vi har nok med ein kront konge her i riket, Dykkar far» var det faste og verdige svaret. Eit svensk brev (til Svante Nilsson Sture) nemner beint fram at erkebisp Gaute jamvel må ha drivi med herbuingar omkring 1508 då det koka hardest på Hedmark, og bl. a. bisp Karl av Hamar vart sett fast: «Gaute let bu ut alle langskipa nordanfjells; kva dette tyder kan Dykkar Nåde sjølv skjøna». Og erkebispen skal ha sagt: «Hvi mon de svenske nå ei våkne opp til fulle? Nå er stor leilighet til å skille de danske heilt ut fra Norge, om hjelp kommer med hast».

Det var ein danske, prinsevenen Erik Valkendorf, som i 1510 avløyste denne nasjonale kyrkjehovdingen på erkebispestolen. Hans dygder stod ikkje høgre enn at han, etter eit svensk brev, freista tvinga den gifte systera til bisp Karl på Hamar «til å vise seg gunst» under hersetjinga av Hamar. Som dei andre erkebispene var han ikkje berre vår øvste faste kyrkjelege tilsynsmann i fylket, men stor godsherre som dei hine. Vi skal nedanfor — om omframskattane frå 1520 — koma attende til dei nye byrdene Romsdalsbøndene fekk å bera på hans tid.

Vi har diverre ikkje mange romsdøler som har fått sitt namn i saga i denne tida; no som før er det dei unemnde og ukjende som gjer dei største verka på gard og i bygd. Også dei ymse styresmennene kjenner ein lite til bortsett frå erkebispene. — Vi har nemnt (b. I, s. 179) at Romsdal frå Sverres tid var ei sysle for seg med sin sysselmann, ein kongeleg embetsmann. Denne skipnaden har truleg haldi seg til Olav Håkonssons død i 1387. Dronning Margrete styrer helst systemene med sine såkalla futar, ein skipnad som i minsto varer ved ut Erik av Pommerns tid (o. 1440). Futane måtte gjera rekne-

skap for henne personleg. Namna fylke og sysle vik såleis etterkvart i denne tida for nye nemningar, iser futedøme og len. På dei ymse slotta får vi hovudlensmenn. Desse vart oftast kalla lensmenn eller lensherrar (ein må ikkje her blanda saman med vanlege bondelensmenn, som det var fleire av i kvart fylke eller futedøme). Eit len er jamnast mange og store bygdelag. Romsdal, som no vert eit len for seg, er eit av dei mindre lena i landet. Ein lensherre hadde ofte mange slike mindre len under seg. Han budde då ikkje der sjølv, men hadde sine personlege futar i lenet som greidde



Frå Rødven.

styringa der for seg. Under dei stod då bondelensmennene utover bygdene.

Dei fleste lensherrane hadde i tida føre 1500-talet lena på avgift, dvs. at dei betalte ei viss avgift for dei til kongen, og så kunne dei — gjennom futane sine — driva den mest ansvarslause utsuging av bøndene, slik vi har ei mengd døme på frå alle kantar av landet. Stundom fekk dei lenet i p a n t for pengar kongen hadde lånt av lensherren eller på eikor anna vis var honom skuldig. Utsuginga av bøndene vart ikkje mindre etter dette systemet. Einast når lenet vart sett bort på r e k n e s k a p, slik lensherren berre hadde retten til ei fast innkome av det og resten gjekk i kongens kasse, kunne styringa bli meir rimeleg for bøndene; men det var heller sjeldan lena vart bortsette slik i denne tida.

Lensherren greidde både den sivile og militære styringa i lena sine. Kwart len var administrative einingar for seg, jamvel om fleire — såleis var det mest jamt med Romsdal — låg under same lensherren, t. d. på Nidaros kongsgard. Lensherren måtte alltid ha sin faste bustad (slotta) og ikkje fara ut or lena sine utan serskilt løyve frå kongen. Desse slotta får på denne tida svært mykje å seia reint militært: Den som er herre på slotta, er herre i landet. Slik ser ein det gong på gong. Aslak Bolt gav seg ikkje i kampen sin mot danskestyringa før han såg at han ikkje greidde ta Akershus.

Lena var ikkje arvelege. Det var kongens vilje og nåde som avgjorde kven som skulle ha dei til kvar tid. Like vel har han nok ikkje delt dei ut heilt fritt; det var så mange faktorar som spela inn støtt, iser det at kongen var så sterkt avhengig av stormennene.

Den fyrste lensmannen i Romsdal som vi veit namnet på, er Erlend Eindrideson (s. 32). Han var kring 1440 ein av dei stormennene som hadde mest å seia i landet. Ei tid hadde han Tunsberghus, fekk seinare Sogn, men budde visstnok i Bergen. Trass i hans sterke nasjonale innstilling har han mått gå med på avtalen i Bergen i 1450 og er blant underskrivarane av sambandsdokumentet. I tillegg til Sogn får han no, i 1450, Valdres og R o m s d a l som pantelen for ein del pengar han hadde lånt Kristian 1. Men han har — like lite som våre andre lensmenn — budd i fylket vårt. Erlend var gift med Gudrun, fosterdotter til Alv Knutsson, far til oppreisthovding Knut Alvsson. Ho vart seinare gift med den mektige drottseten J o n S m ø r, som bl. a. styrte landet under kongeløysa i 1481—83.

Kristoffer av Bayern vart vald til konge på eit stands møte i 1442 (Lødøse), og der møtte utsendingar frå bønder og borgarar ved sida av adel og presteskap. Frå Noreg møtte alt i alt 36 bønder, mellom dei H a l l v a r d A m u n d s s o n, truleg den same bonden som vi før har fortalt om (s. 24) hadde eit større jordskifte med erkebispem og soknepresten til Aukra. Hallvard må truleg ha butt utansunds ein stad, eller i Bolsøy. Han er den første namnkjende sambygdningen vår som vi veit om har representert folket i fylket, endå slik representasjon, serleg på Frostatinget, var vanleg i sogetida (B. I, s. 154). Men endå han såleis å seia er vår fyrste kjende «stortingsmann» — det er riksrepresentasjon han er med på —, veit vi ikkje noko meir om han enn at han godkjende den nye framandkongen saman med dei andre, eit vedtak vi nå gjerne hadde sett hadde gått i motsett lei.

Andre herrar som har spela ei større rolle i bygdene våre er eigarane av Giskegodset (s. 19). Samtidig med Erlend Eindrideson er den søkkrike drottseten Sigurd Jonsson eigar av Giskegodset og dermed jordherren til ei mengd Romsdalsbønder. Mange nordmenn hadde gjerne sett han som konge både ved kongeskiftet i 1442 og i 1448—50, men han vanta ærehug og vilje til det. I slutten av dette same hundreåret er far til Knut Alvsson (s. 38) herre til Giske «og underliggende gods i Romsdalen», som han hadde arva i 1490, då Sigurd Jonssons gods var skift mellom han og to andre ervingar. Alv Knutsson var nemleg ein systerdotterson av Sigurd. Vi har òg eit par kjøpebrev frå gardhandlane hans i Romsdal. I 1495 sel såleis Øystein Einarsson gardane Bolsøy og Eikrem til herr Alv og fru Magnhild Oddsdotter. Dei betalte kontant — med sylv og kopar. Denne same Øystein må ha vori noko av ein kakse. I eit kjøpebrev frå 1488 ser vi at han sel garden Kormeset «i Peders kyrkjesokn» på Vågstranda til Erlend Ivarsson for 6 kyrlag. Avtalen er gjord i Hjalmsvikom (Hjellvik?) og betalinga var: 1 kyrlag i korn, 1 utvald ku, 2 gryter (=2 kyrlag), 1 sylvskei (=2 kyrlag) og attpå handelen 3 alner ty. Vi tek med dette iser avdi det fortel ein så mykje om handelsmåten og pristilhøva den gongen. I våre augo må dette vera ein svært ring handel — når 4 kuverde skal dekkjast med 2 gryter og ei sylvskei! Men endå over 50 år seinare vart ein gamal bibel betalt med verdet av ein hest, og 4 små band av Luthers skrifter kosta 8 dalar, — dette i ei tid då eit heilt års opphelde i Kjøbenhavn for ein student kom på oml. 30 dalar.

Lensherre i Romsdal o. 1500 er den mektige Nils Henriks-son G y l d e n l ø v e på Austrått. Han har samstundes fleire andre len, såleis hovudlenet Trondheims kongsgard. Han var både rikaste og mektigaste verdslege stormannen i landet på denne tida. Då herr Nils døydde, fekk kona hans, den velkjende fru Inger (Ottesdotter Rømer) til Austrått i 1524 forleningsbrev på dei fleste av lena til mannen, såleis R o m s d a l, Sunnmøre, Nordmøre og Fosen len. Avgifta for desse til krona var 413 mark. Fru Inger er òg arving til $\frac{1}{3}$ av Sigurd Jonssons gods i 1490. Fru Inger veit vi kom til å spela ei sværande viktig rolle i fyrste mannsalderen på 1500-talet, noko som ikkje minst heng saman med at alle dei 5 døtrene hennar vart bortgifte til danske stormenn. Desse fekk ei tid utetter mykje å seia i landet, såleis Vincents Lunge, Nils Lykke og Jens Bjelke, ættfar til Bjelkane på Austrått seinare. — Fru Inger var mykje grisk

etter gods. Såleis fekk ho ved V. Lunges hjelp, beint i mot norsk lov, tak på Giskegodset — også alle gardane det hadde i Romsdal — ved å trengja tilside Karin Alvsdotter, syster til Knut. I 1529 skriv Nils Lykke frå Bergen til «alle ærlige, fornuftige og beskjedne dan-nemenn og menige almue som byggende og boende er udi Fosen, Edøy, Sunnmøre og R o m s d a l» at Fredrik 1. har unnt honom og fru vermor Inger desse såkalla «sjølena». Og vi veit at Nils Lykke var bl. a. på Veøy i 1534. — Lykke var på mange vis ikkje så verst ein kar, men då han tykte så altfor godt om syster til kona si hadde vori (ho døydde alt i 1532, så han var enkjemann) og også fekk ein son med henne — det var blodskam etter den katolske kyrkjeret-ten — så vart han dømd i hendene på erkebispem. Det enda med at Nils Lykke vart sett i eit utriveleg kjellarhol (fengsel) på Steinvik-holm festning, der han sjøve jolaftan 1535 vart røykt i hel! Det var ei mykje urimeleg straff, som visstnok mågen, V. Lunge, bør ha den største skulda for, då han skuva på erkebispem i von om å få tak i jordegods a til Nils Lykke. Det vart fru Inger som kom til å ha lena — heilt til ho døydde i 1555. Ho drukna på vitjing i lena sine, på Søvdefjorden på Sunnmøre, saman med dottera Lucie, ho som Nils Lykkes kjærleik hadde falli på. Ho hadde enda som Jens Bjel-kes frue og vart såleis ættmor til så mange av Noregs fremste søner i det neste hundreåret.

Futen til fru Inger og Nils Lykke synest i lang tid vera ein som heiter O l u f S k r i v a r og alt i 1519 bur på Hustad. 10 år seinare finn vi han saman med futen hennar på Sunnmøre, Rasmus Skrivar på Giske. Dei flokute tilhøva på reformasjonstida skal vi greia ut om seinare, i samband med riksmøtet i Bud i 1533.

KVA SKATTEMANTALET FRÅ 1520 FORTEL.

Romsdal har aldri vori bygder for herremenn. Bøndene sløit og streva den gongen på kvar sin gard slik dei alltid seinare har gjort det, og hadde si fulle hyre med å få endane til rekka i hop. Difor skulle ei Romsdals soge i serleg mon vera forteljinga om bøndene og deira liv. Men ein kan oftast ikkje koma fram til bondesam-funnet i eldre tid utan ein ser dei i høve til styring og styrarane — dei som tok mot eller brukte dei skattar og avgifter som bøndene laut ut med, utan at dei elles fekk noko vidare vederlag. Det vik-tigaste ein kan peika på av såvore var det som kyrkja bar fram av

kulturverde i kvar ei bygd. Så kyrkjetienda var ikkje det påleggjet som fall tyngst. Lov og rett var det ofte berre ringt med, folkeopplysning og hjelp til lysare tilvære økonomisk og åndeleg for den store mengda vart det lite tenkt på frå makthøgden. Vern for norsk liv på alle omkverve var det meir enn skralt med — ikkje eingong det militære vern var for andre enn dei framande makthavarane. Men staten — d. e. øldenborgarkongane etter 1450 — kravde dei faste skattane og avgiftane lagde til fastsett tid, og frå Kristian 2. si tid tek **omframskattane** til. Desse vart utskrivne helst når ufred (om lag alltid Noreg uvedkomande) stod på, til kongekryn-



Fiksdal.

ingar, kongebryllaup og liknande og laut jamnast reia ut i sylv. Attåt dette kom det så, sidan storparten av bøndene var leiglendingar, landskyld, som i normale tider var svært høg jamført med jordprisane. Men sjølve landskylda var ikkje nok. For å ha garden laut dei betala ein ekstra slump ved overtakinga, fyrsteårstaka. Kvart 3. år helst skulle bygselen nyast opp att. Vile ein då ikkje bli sett på dør — i normale tider var herren gjerne ein stram kar i krava sine — laut ein så ut med «tredjeårstaka», ein ny omframskilling. Dette var nok langt frå etter loven, heller ikkje ymse andre «jordmutter». Men som nemnt: bøndene kunne ikkje gjera rekning med så stort lovvern alltid, jamvel om dei var bra presise med utbetalingane sine. Så det vart som oftast berre å teia og bera byrdene.

I ein skatterekneskap for erkesætet frå 1520 — det gjeld ein omframskatt Kristian 2. krev til å greia krigane sine mot Sverige, altså til eit reint dynastisk eller personleg formål — er det namngjevi 323 skattepliktige Romsdalsbønder (Sunnmøre har 567 og Nordmøre 445, men nordmøringane betalar større skatt tilsaman enn sunnmør-

ingane). Då det visseleg har stor interesse for bøndene i mange bygder å få namna på desse — som regel er det dei fyrste bøndene ein finn nemnde på dei ymse gardane i bygdene våre — og ein dessutan også får andre forvitnelege opplysningar frå desse skatteliste- ne, skal vi gje att så mykje som mogleg av innhaldet. I samla omframskatt til krona betalte romsdalingane 130 mark, 1059 lodd sylv og 109 våger råskjer (=kløyvd torsk hengde på rær). Det er rekna ut (av J. Schneider: «Molde og Romsdalen», 1905) at 1 lodd sylv er lik $1\frac{1}{2}$ mark og verdet av 1 mark då svara til 10 kr. i norske pengar i 1905, det vil vel helst seia kring ei 30 kr. sidan verdenskrigen. Gjer vi lodda sylv om til mark, blir skatten på 1718,5 mark + dei 109 vågene med råskjer — ein samla sum i våre pengar på nære ei 60,000 kr. Ein tanke om kva verde dette har i samtida, kan ein og få ved å gå ut frå prisane i lensrekneskapane berre 50 år seinare (1570): Ei tunne korn, mjøl eller malt vert t. d. rekna for 2 mark. Deler ein så denne summen på dei 323 skattytarane får ein tydeleg tanke om kva utplyndring berre ein slik einskild omframskatt var.


Det er sjølv sagt stor skilnad på skattytarar då som no. Den største i heile fylket er Olav på Hjellset i Bolsøy; han betalar 37 lodd sylv. Det er såleis ikkje underleg at det måtte bli misnøye og uro over heile landet. Bøndene tek meir og meir til å ta seg til rette under det sterke økonomiske trykket. Det er visst så råkande sagt som det kan vera når H. Koht talar om h a r d æ v a på 1500-talet. Uroa her heime heng òg tvillaust saman med europeiske tilhøve, iser prisstiginga på grunn av alt gullet og sylvet frå Amerika, og større kapitalsamlingar. Større handel og meir byliv her heime gjer vel òg sitt. Bondereisingar er det i allfall i alle land på denne tida.

Talet på dei skattepliktige bøndene manntalet har, fell slik på dei ymse åttingar og Bud og Ona som er sette for seg sjølve: Vågøy 18, Bud 66, Straum 33, Nes 31, Vestnes 31, Eresfjord 28, Rødvénfjord (Lerheim) 28, Bolsøy 21, Sund 52 og Ona 16.

Vi vil med det same streka under eit par hovudting dette skatte- manntalet her fortel oss om: For det fyrste korleis dei ytre Roms- dalsbygdene dominerer både i økonomisk makt og — visseleg — i folketal. Serleg mykje seier det at fiskeværet Bud har så stort folketal. I same lei peikar det at den vesle øya Ona med sine 16 skatteborgarar tevlar sterkt med sjølve Bolsøy åtting, eit av dei gjævaste bygdelaga våre idag. Og nest etter Bud kjem Sund åt-

ting med tett på 3 gonger så mange skattyttarar som Bolsøy. Dette er noko underleg sett ut i frå tilhøva i Romsdal i dag. Samanhengen her er sjølvsagt den veldige framvoksteren som fisket gjer i denne tida, og truleg noko òg at stagnasjonen i jordbruksbygdene sidan pesttidene enno i nokon mon varer ved. Leiglendingane til kyrkja, som ikkje er med i dette skattemanntalet, var så nokolunde likt fordelte på heile fylket, så det skiplar lite det innbyrdes høve mellom bygdene.

Det er tydeleg god etterspurnad etter den norske fisken, noko som òg heng saman med at engelskmenn og hollendingar tevlar med han-



Frå Vike (Vikebukt), Vestnes.

seatane om fiskehandelen på Noreg (s. 32) og tvingar opp prisane. Ein annan ting vi vel også lyt rekna med, er at dei ytre bygdene har ein god del skog enno (ikke Ona!), og at dei har førespranget førebels når det gjeld trelastutførsla, som på denne tida held på og kjem i sving i bygdene våre. Når Olav på Hjellset er slik ein kakse, er det fullvisst avdi at vi på dei kantar kring indre Fanefjord har dei rikaste skogbygder i Romsdal. Kring 1500-talet får vi òg dei fyrste **vassdrivne sagene** i landet — biskop Olav frå Bergen vil ha slike «møllesager» drøfte på riksmøtet i Bud i 1533. Medan dei før måtte nytta øksa når bord og plankar skulle lagast, eller dei måtte utføra trelasten «rund», så tek dei no etterkvart til med ei viss foredling av tømmeret. Det veks fram ei mengd «flaumsager»

og «bekkesager» rundt i bygdene, dei fyrste skar bord berre for utførsle, slik vi seinare skal sjå.

Ein annan forvitneleg ting, som fell ein sterkt i augo, er Veøy si stilling. Heile Straums åtting — Veøy medrekna — har berre 33 skattepliktige, og det er greitt å sjå at av desse er berre ein, Truls Skrivar, og ei som heiter Kristina i Ripegard, som kan høyra til i den gamle kjøpstaden. Det må fyrst og fremst vera denne omlegginga i næringslivet som undergrev Veøykaupangen og skaper vilkår for det nye fylkessentrum som fiskeværer Bud ei tid ser ut til å verta. Bud må på denne tid jamvel vera på veg til å bli kjøpstad, det både det store talet på skattyttarar peikar på og den tingen at Bud vel 10 år etter vart vald til møtestad for det siste store riksmøtet i Noreg. Det må ha hatt eit folketal på fleire hundre menneske, det vil truleg seia fleire enn det nokon gong var i Veøykaupangen. Tilsaman har Vågøy, Bud, Sund og Ona omlag helvta (152) av alle skattepliktige i fylket, og betalar bortimot halve skatten også (o. 700 mark + dei 109 v. råskjer). Når ein ser på tilhøva i våre dagar, er det lett å skjønna at det atter har vori eit skifte i folkesetnad og økonomisk makt i fylket — til bate for dei indre eller meir sentrale bygdene. I 1901 hadde desse ytre bygdene knapt $\frac{1}{3}$ av det samla folketal i fylket, 8525 av 26 887. Dette viser at endå så gode tilhøva i dei seinare tider har vori for fiskenæringa mot i gamal tid, har likevel jordbruk og andre næringsvegar etter måten teki seg endå sterkare fram. Her kan det enno koma ein snunad så umåteleg mykje jord som enno ligg unytta nett i dei ytre Romsdalsbygdene, ja, dette skiftet har visseleg alt byrja.

Dei 18 skattyttarane i **Vågøy** åttung er: På **Fasta**de (Farstad): Hemingh 4 lodd sylv og 1 våg råskjer, Rasmus $1\frac{1}{2}$ lodd sylv og $1\frac{1}{2}$ våg råskjer, Lauriss 2 lodd sylv og $\frac{1}{2}$ våg råskjer, Dauit (David) $\frac{1}{2}$ lodd og $1\frac{1}{2}$ kvintin sylv (kvintin = $\frac{1}{4}$ lodd = $\frac{1}{128}$ pund = o. 3,7 gr sylv) 2 sk. og $\frac{1}{2}$ pund råskjer, Symon 1 lodd sylv og 1 pund råskjer. På **Nerland** betalar Oluff 1 lodd sylv og $\frac{1}{2}$ våg råskjer, Eldrit 2 lodd sylv og $\frac{1}{2}$ p. råskjer, Syord (=Sjur) 1 lodd sylv, Oluff Skriwer på **Hustad** 1 lodd sylv, 7 mark, 1 våg og 3 p. råskjer, Størkor på **Male** 1 lodd sylv, $3\frac{1}{2}$ mark og 1 l. og 1 kvintin sylv, 4 sk. «for barnepenning» og $2\frac{1}{2}$ våg råskjer, Ffyndh på **Male** 3 lodd sylv og $3\frac{1}{2}$ mark «for jordegods satt» 4 våg råskjer, Byrn i **Swnde** (= Bjørn i Sunde) $2\frac{1}{2}$ lodd, $\frac{1}{2}$ kvintin sylv, 6 sk. og 1 p. råskjer, Birgitte i **Swnde** 3 mark og 15 lodd sylv «for jordegods satt», Halsten på

Bersetter 1 lodd sylv og 1 p. råskjer, Bord (Bård) på M w s e (= Huse?) 5 lodd sylv og $1\frac{1}{2}$ våg og 1 p. råskjer, Torels M w s e 1 mark og 5 lodd sylv «for jordegods satt», Niels Laurisen på M w s e 1 lodd sylv og 1 våg råskjer. Niels på M w s e $\frac{1}{2}$ lodd sylv.

I **Bwde** (Bud) tek vi berre namna på kvar når dei ikkje er knytte til gardsnamn: Jon Trondsen, Kell Michilsen, Knwt Olsen, Broer Magensen, Oluff Olsen, Kolben Persen, Dorethe Eloffsdotter, Arne Engelbretsen, Maritte Iwersdotter, Østhen Eriksen, Oluff Torfyndsen (20 lodd sylv og 3 våg råskjer), Torfynd Amwndsen, Morthen Engelbretsen, Laurits Torkelsen, Arne Torstensen. Arne Siordsen, Jon Jonsen, Oluff Eloffsen, Jon Poelsen, Engelbret Asbjørnsen, Oluff Aslacsen (16 lodd sylv, 1 mark, 3 våg råskjer), Oluff Eriksen, Jens Torelsen, Halwordh Nielsen, Knwth Storkorsen, Trondh i C a l s w i g h 2 lodd sylv, 1 våg og 1 p. råskjer, Jon i G u l e 2 lodd sylv, $\frac{1}{2}$ våg råskjer, Mildrith i G u l e 3 lodd sylv og 1 p. råskjer, Magnhild på V e s t e 4 lodd sylv og 1 p. råskjer, Tore på V e s t e «med kone» 3 lodd sylv og $\frac{1}{2}$ våg råskjer, Oluff i S t o w i g h e n (=Stavik) 10 lodd sylv, $\frac{1}{2}$ mark og $\frac{1}{2}$ våg råskjer, Amwnd i K e r s w i g h e n $1\frac{1}{2}$ lodd sylv, Lauriss på T o r n e s s 11 lodd sylv, Staphen på T o r n e s s 3 lodd sylv, 1 p. råskjer, Jon på T o r n e s s 1 lodd sylv og 1 p. råskjer, Knwd på E d y m $2\frac{1}{2}$ lodd sylv, Askyld på E l l i n e s s 15 lodd sylv og $1\frac{1}{2}$ våg råskjer, Ellingh på S y l t h e 4 lodd sylv og 1 våg råskjer, Halkel på S y l t h e 2 lodd sylv og 1 p. råskjer, Oluff på R ø d s e t t e r $2\frac{1}{2}$ lodd og 1 kvintin sylv, 4 sk. og $\frac{1}{2}$ våg råskjer, Alff på V g l e b e r g h 1 lodd sylv, Anders på M a l m e 7 lodd sylv, $\frac{1}{2}$ våg råskjer, Magens på M a l m e 2 lodd sylv og 1 p. råskjer, Jon i B ø ø $2\frac{1}{2}$ lodd sylv, 1 p. råskjer, Oluff i S w i n ø 19 lodd sylv, $1\frac{1}{2}$ p. råskjer, Lauriss på T w r t t (?) 8 lodd sylv og $\frac{1}{2}$ p. råskjer, Magens på T w r t t $\frac{1}{2}$ lodd sylv, Guren på H a y m (=Hoem) 3 lodd sylv, 1 p. råskjer, Stener på H a y m $2\frac{1}{2}$ lodd sylv, 1 p. råskjer, Stener på H a y m $1\frac{1}{2}$ lodd sylv, $\frac{1}{2}$ p. råskjer (det er 2 Stener på Hoem), Knwth i V o g h e 2 lodd sylv, 1 p. råskjer, Røberth på H a y m $\frac{1}{2}$ lodd sylv, $\frac{1}{2}$ p. råskjer, Jon i R i g i s f f i o r d h 1 lodd og 1 kvintin sylv, 1 p. råskjer, Niels på E g r y m (=Eikrem) 3 lodd sylv og $\frac{1}{2}$ våg råskjer, Helli (=Helge) på E g r y m 1 lodd sylv, 1 p. råskjer, Tord på S e t t e r $2\frac{1}{2}$ lodd sylv og 1 våg råskjer, Ramuond på S p o r s y m 4 lodd sylv, $\frac{1}{2}$ p. råskjer, Engelbret på E g r y m $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Jon i L e w i g h e n (=Ljøvik) $9\frac{1}{2}$ l. sylv og $1\frac{1}{2}$ v. r., Oluff i L e w i g h e n 2 l. sylv, $1\frac{1}{2}$ v. r., Oluff Gundersen, h u s m a n d i L e w i g h e n «har

ingen ting», Ellingh Kran $\frac{1}{2}$ l. sylv, $\frac{1}{2}$ p. r., Bringerdh huskone $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Karna Siordzdotter $\frac{1}{2}$ l. sylv, Halkel husmand 4 sk.

I **Strøms** ottingh: Engelbret på Sikness (= Sekkjenes) 3 l. sylv, Ødhen på Sikness 4 sk., Erik på Egh $2\frac{1}{2}$ l. sylv, Knwdt på Vestestedh 12 sk., Pæder på Veste $\frac{1}{2}$ mark, Sebiørn i Hielwigh 5 l. sylv og 1 v. r., Matis på Restad $15\frac{1}{2}$ mark og 3 l. sylv, 4 v. r., Byrj (Byrge) i Strøm 4 l. sylv, Lauriss på Berke (=Bjørke) 1 l. og 1 kv. sylv, Gudeligh (=Gudleik) i Sebø $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Oluff i Sebø 10 l. sylv, Erland i Sebø 1 l. sylv, Jon på Vold



Den gamle og den nye kyrkja i Rødven (til høgre).

$2\frac{1}{2}$ l. sylv, Tordh på Vold $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Ingeborgh på Vold $3\frac{1}{2}$ l. sylv og 1 mark, Amwnd i Otterholm $\frac{1}{2}$ mark, Gertrvd i Otterholm $4\frac{1}{2}$ l. sylv, Gertrvd i Otterholm (2) $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Jon på Hoffde 1 mark, Birgitte huskone på Hoffde 4 sk., Jon på Nerehoffde 1 mark, Amwnd i Bøø $\frac{1}{2}$ l. sylv, Lauriss i Bøø 2 mark og 8 l. sylv, Bord i Ewerbøø $2\frac{1}{2}$ l. sylv og $6\frac{1}{2}$ mark, Engelbret i Vigh 3 l. sylv, Knwt på Grisetter 3 mark, Oluff på Setteness 1 l. sylv, Elingh på Setteness 1 l. sylv og « $\frac{1}{2}$ lodd sølff for syn vermodher», Ffyndh Setteness 9 sk., Oluff på Bakke $\frac{1}{2}$ mark, Ingeborgh på Sekeness huskone 4 sk., Troels Skriwer i Vedøn 2 mark, Cristina i Ripegars $3\frac{1}{2}$ l. sylv og $2\frac{1}{2}$ mark.

Ness ottynggh har desse skattytarane: Haffwordh i Tørwig 3 l. sylv, Lodhen i Brewigh $3\frac{1}{2}$ l. sylv. Erik i Brewigh $4\frac{1}{2}$ l. sylv og 5 sk., Ingeborgh huskone i Brewigh $\frac{1}{2}$ l. sylv, Arne

i T a k l o $8\frac{1}{2}$ l. sylv og 2 mark, Tomis i T a k l o $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Pæder i T a k l o $1\frac{1}{2}$ l. og 1 kvintin sylv, Swnniuva på H e n $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Syord på G r ø t t e $1\frac{1}{2}$ mark, 5 l. og 1 kv. sylv, 3 sk., Trond på C a w l i $8\frac{1}{2}$ l. sylv, Symon på C a w l i $2\frac{1}{2}$ l, 1 kv. sylv og 4 sk., Morthen på N e s s 1 mark, Kuwt på N e s s $\frac{1}{2}$ l. sylv, Syord på N e s s $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Gunnolf på N e s s «svært fattig», Albret på H e l n e e s 3 l. sylv, Amwndh på M e l w e n 2 l. sylv, Erland på D y n w o l d 1 mark, $5\frac{1}{2}$ l. og 1 kv. sylv, 3 sk., Andres på O g h 6 l. sylv, Habord på S ø d g e 1 l. sylv, Pædher husmand på S ø d g e 3 sk., Halvord på N o r d e (Nåra) $1\frac{1}{2}$ mark, Gunder på N o r d e 2 l. sylv, Jon i H a l s e $3\frac{1}{2}$ l. sylv, Engelbret på H o l e $\frac{1}{2}$ l. sylv Arne på H o r g y m 6 l. sylv og $\frac{1}{2}$ mark, Swendh på H o r g y m 3 sk., Gudeligh på A l n e s s $\frac{1}{2}$ l. og 1 kv. sylv, Symon på M a n g n e (Monge) 3 l. sylv, Gunder på F y w e n «har ingen ting», Anders på R e m m e n d h 1 l. sylv.

I **Vestnes** ottingh: Iwer på G e r m e n e s s $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Oluff i V i g h $\frac{1}{2}$ mark og 11 l. sylv, Torlak i V i g h $\frac{1}{2}$ l. sylv og $\frac{1}{2}$ mark, Helena i V i g h og sønene hennar 7 l. sylv, Amwund på H e l l e s e t e r $\frac{1}{2}$ l. sylv, Torloff på V i l l e $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Eirik på S k e f f s t a d «har ingenting», Oluff på D o g s t a d 3 l. sylv, Ffrerik på S e t t r e $2\frac{1}{2}$ l. sylv, Oluff på H o y m $2\frac{1}{2}$ l. sylv, Erland på S y l t h e 1 l. sylv, Oluff på S y l t h e 1 l. sylv, Knwdh på R y f f d a l l «med mor» 11 l. sylv, Niels på R y f f d a l l 2 l. sylv, Berdor på D a l l 1 l. sylv, Biørn på S k o r s i m $\frac{1}{2}$ l. sylv, Pædher på N e r d y m «med mor» 7 l. sylv, Arne på S y l t h e 1 l. sylv, Engelbret på S y l t h e 3 l. sylv, Arne i S k o r g h e «har ingenting», Oluff på H e l l i l a n d 2 l. sylv, Berdor på V e s t n e s s $2\frac{1}{2}$ l. sylv og 2 mark, Oluff på A s s , 6 l. sylv, Gunder på A s s 4 sk., Ffyndh på L y d h (=Lid) 1 l. sylv, Berdor i T o n d r e (=Tomren) 2 mark, Erik på G i e l l e s t a d h 1 l. sylv, Niels på R e t t e (=Rekdal?) $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Bord på E g h 1 l. sylv, Giordh på H e g s e t t e r $\frac{1}{2}$ l. sylv og 1 v. r. (Desse to siste gardane ligg no i Vatne herad, Sunnmøre), Oluff Persens barn 20 l. sylv.

Erikzffiordh otting (Eresfjord): Ellingh på O r m e s t t e r «har ingenting» (ein kvorven gard i Nettet?), Jon på T i e l l e 2 mark og 5 l. sylv, Knwd på R ø d e «har ingenting», Engelbret på R ø d e $1\frac{1}{2}$ l. sylv og $\frac{1}{2}$ mark, Oluff på R ø d e 1 l. sylv, Oluff i E d z w o g h 6 l. sylv, Iwer i E d z w o g h 1 l. sylv og 1 mark, Erik på N ø d e s e t t e r (=Nettet, prestegard seinare) 2 l. sylv, Tord på

Bygge (=Bogge) 15½ l. sylv, Oluff på Ffryswoldh ½ l. sylv og ½ mark, Symon på Ffryswoldh ½ mark, Brønel på Stenswol 1 l. sylv, Ødhen på Neraas 4½ l. sylv og 1½ mark, Aslak på Egdal (=Eikesdal) 8 l. sylv, Aslak (2) på Egdal 2 l. sylv, Biørn på Ewerass (=Øverås), ½ l. sylv, 2 sk., Lauriss Ewerass «har ingenting», Engelbret på Horne 2 l. og 1½ kv. sylv og 10 sk., Halkel på Biørness 2½ l. og ½ kv. sylv og 6 sk., Gunde på Syren (=Sira) 4 l. sylv, Hans på Syren 5 l. sylv, Lasse på Husby ½ mark, Østhen på Nøste (=Nauste) 1½ mark og 1 kv.



Vistdal.

sylv, Halord på Nerlandh 4½ l. sylv, Arne på Bersetter «med mor» 7 l. sylv og ½ mark, Engelbret på Helle ½ l. og 1 kv. sylv og 4 sk., Bord på Møglebostad 15 l. sylv, Jøren på Møglebostad 1 mark.

Reifwenfiørdz otting: Iwer på Sandnes ½ mark, Jacop i Metyth 6½ l. sylv, Niels på Holym 1 l. sylv, Niels på Hærj «har ingenting», Oluff Bole på Sandness 8 l. sylv, Knwd på Sandness 2 l. og 2 kv. sylv, Erik på Sandnes 5 l. sylv, Oluff på Rugerth (=Ryjord) ½ mark, Oluff på Frøsetter 2 l. sylv, Symon på Holmen 2 sk., Oluff på Holmen ½ l. sylv og ½ mark, Knwd på Gerdsetter 6½ l. sylv, Gunolff på Gerdsetter 4 l. sylv og ½ mark, Anders på Gerdsetter ½ l. sylv, Anders på Klongness 6 sk., Trond i Strøm 1½ l. sylv, Biørn på Ffrøes-

wold 1 l. sylv, Erik på Ffrøeswold 1 l. sylv, Rolff på Hogbergh (=Haukeberg) $\frac{1}{2}$ l. sylv, Aslak på Hogbergh $\frac{1}{2}$ l. sylv, Oluff i Hasle 5 l. sylv, Aslak på Edh (=Eide) 3 l. sylv, Liodh (=Ljot) på Edh $2\frac{1}{2}$ l. sylv, Lauriss på Hammerwold 2 l. sylv, Jon i Reffen 5 l. sylv og 1 mark, Asgudh på Ottstedh 2 l. sylv, Swnniua på Ottstedh 1 mark.

Bolisø (Bolsøy) ottingh: Alff på Kringstad 1 l. sylv, Swend på Regness (=Reknes) 2 mark, Gulbrand på Molle (byen no!) 4 l. og 1 kv. sylv, 4 sk., Barbara på Pfanebostad



Frå Mittetdalen.

$\frac{1}{2}$ l. sylv, Jens i Bake $\frac{1}{2}$ l. sylv, Oluff Arø 3 l. sylv, Iwer Arø 1 l. sylv, Pæder på Lonsetter $2\frac{1}{2}$ l. sylv, Anders på Melwen $10\frac{1}{2}$ l. sylv og $1\frac{1}{2}$ mark, Hannigh på Melwen $\frac{1}{2}$ l. sylv, Oluff på Hielsetter (Olav på Hjellset, s. 43) 37 l. sylv, Oluff på Ede $5\frac{1}{2}$ l. sylv, Oluff på Ness $1\frac{1}{2}$ l. sylv, Endrit på Klewe $5\frac{1}{2}$ l. og 1 kv. sylv, $2\frac{1}{2}$ mark og 4 sk., Erik i Rødwighen 6 l. sylv, Amwnd på Getness $\frac{1}{2}$ mark sylv, Erik på Nesse (=Nesje) $1\frac{1}{2}$ mark, Ingemor i Bergswigh $\frac{1}{2}$ l. sylv og 6 sk., Erik på Sølsniss $1\frac{1}{2}$ l. sylv $3\frac{1}{2}$ mark, Rasmus i Bølisø 18 l. sylv, Jon på Lillebostadh 2 l. sylv.

Swnds ottingh: Trond på Jondym (Gjendem) 23 l. sylv, $\frac{1}{2}$ v. r., Torkel på Hellesetter (=Helset) $14\frac{1}{2}$ l. sylv (av det $2\frac{1}{2}$ l. for mor si) og $\frac{1}{2}$ v. r., Jon på Andall 2 mark, Staphin på

Yskrym 9 l. sylv, Oluff på Yskrym 4 l. sylv, Ragnhild på Tuterø (=Tautra!) 7 l. sylv og $\frac{1}{2}$ v. r., Otther på Tuterø $\frac{1}{2}$ l. sylv og $\frac{1}{2}$ mark, Oluff på Hegdall 2 l. sylv, Østen på Opstad 10 sk., Tore på Egda 1 (=Heggdal?) 3 l. sylv, Syord på Klewesetter (=Klauset) 2 l. og $\frac{1}{2}$ kv. sylv, Oluff Teste i Meswndh (=Miusund) $2\frac{1}{2}$ l. sylv, Knwdh i Meswndh $\frac{1}{2}$ mark, Pædher på Rogeness (=Raknes) 9 l. sylv, Anbiørn på Rogeness 4 l. sylv, 1 mark og $\frac{1}{2}$ v. r., Erik i Rogewogh (Rakvåg) 12 l. sylv, Halsten i Rogewogh 1 l. sylv, Erland på Hoel $1\frac{1}{2}$ l. sylv og $\frac{1}{2}$ v. r., Bordh



Frå Ræstad-grenda på Otrøy.

på Restad 3 l. sylv, 2 mark og 1 våg r., Oluff på Restad 1 l. sylv, Pædher på Bensætter «har ingenting», Oluff i Ramswigh $\frac{1}{2}$ l. sylv, Bord i Bløe, 7 l. sylv, Niels på Biønerym $2\frac{1}{2}$ l. sylv, 3 mark og $\frac{1}{2}$ p. r., Pædher i Mawre (Magerøy?) $1\frac{1}{2}$ sylv, $\frac{1}{2}$ p. r., Jon i Orthen 2 l. sylv, $1\frac{1}{2}$ mark og $1\frac{1}{2}$ v. r., Lasse i Orthen 9 l. sylv og $1\frac{1}{2}$ v. r., Amwndh i Orthen «svært fattig», Halsten på Røsa ghe (Røsåk) 8 l. sylv og $1\frac{1}{2}$ v. og 1 p. r., Keel på Røsa ghe 4 l. sylv, $\frac{1}{2}$ mark, $\frac{1}{2}$ v. og 1 p. r., Oluff Størkorsen 5 l. sylv $\frac{1}{2}$ mark og 1 v. r., Knwd Røsa ghe «har ingenting», Torkel på Bronewold (Brunvoll) 9 l. sylv og 1 v. og 2 p. r., Oluff på Bronewoldh 2 sk., Bord på Herness (=Harnes) 12 l. sylv og $\frac{1}{2}$ v. r., Byrgitte på Herness og gutane hennar 6 l. sylv og $\frac{1}{2}$ p. r., Sten i Sandøen 5 l. og 1 kv. sylv, $2\frac{1}{2}$ mark, 4 sk., og $1\frac{1}{2}$ v. r., Jon

i Sandøen 6 l. sylv og 1 p. r., Tordh Sandøen «har ingenting», Biørn Trondsen i Sandøen 1 kv. sylv, 5 mark, 4 sk. og 3 v. r., Erik Helsingh 20 l. og $1\frac{1}{2}$ kv. sylv og 2 v. r., Engelbret i Sandøen «har ingenting», Niels i Husø 17 l. sylv og $2\frac{1}{2}$ våg r., Magens i Husø 18 l. sylv og 1 v. r. Jon i Husø 4 l. sylv og 1 p. r., Torald i Husø 5 sk., Seuren i Smoghøen 29 l. sylv og 1 v. r., (1 l. «for sin huskone»), Syord på Rød 15 l. sylv og $\frac{1}{2}$ p. r., Amwnd på Harry m (=Haram) $1\frac{1}{2}$ l. sylv, $\frac{1}{2}$ v. og 1 p. r., Torkel på Harry m $\frac{1}{2}$ l. sylv, Magens på Harry m $\frac{1}{2}$ l. og $1\frac{1}{2}$ kv. sylv, 1 sk. og $\frac{1}{2}$ p. r., Nerwe i Hierte wigh 1 l. sylv og 1 v. r.



Frå Ona.

Ingen stad i heile Romsdal er det så mykje velstandsfolk som i Sunds otting. Medeltalet i skatt blir langt høgre her for dei 52 skattytarane enn i andre åttingar. Det er greitt at det er ei god tid i fisket. Ymse framande namn som Helsingh t. d. vitnar òg om at her er komne innflyttarar utanfrå, også ikkje-nordmenn, truleg for å nytta ut konjunkturane.

I **Oen** (= Ona): Bord på Oen 3 l. sylv og 3 v. r., Jon Anbiørnsen, Anders Jonsen, Pædher Dieghen(?), Gwren på Ona, Tord på Ona, Oluff Eriksen, Bottolff på Ona, Jon på Ona, Erik på Ona, Asyld på Ona, Hans Kordsen, Eldrith på Ona, Anna på Ona, Anders Hegh og Syridh i Husø — mest alle desse 16 skattytarane på denne vesle øya har om lag frå 1 til 2 l. sylv med noko råskjer i skatt. 2 av dei «har ingenting».

Som ein har sett, er denne skatten i hovudsaka ein sylvskatt,

og mykje sylv måtte bøndene ut med så mang ein gong seinare — den siste store sylvskatten vart utlikna til grunnfond for Noregs Bank i 1816. Dette gjev då fullgod forklåring på at det finst svært lite att av gamle sylvsaker i Romsdal; frå Nesset veit eg om ei sylvskei frå o. 1600. Ervesylvet på gardane gjekk i smeltedigelen og vart utmynta til å finansiera så mykje meiningslaus dansk serpolitikk ut gjennom hundreåra.



Utsyn mot fjorden frå Bergsvik, Nesjestranda. Veøy og Sekken ute i fjorden.

FOLKETALET I BYGDENE VÅRE KRING 1520.

Ovanfor har vi nemnt dei bønder og andre som skulle vera skattepliktige til krona i Romsdal om lag 1520. Og så kjem leiglendingsbøndene til kyrkja. Men det er greitt at her må ha vori ei mengd andre «hovudpersonar» i alle bygder, fattige småbønder, husmenn — ei ny samfunnsklasse som no tek til å veksa fram og for fyrste gongen er nemnd i bygdene våre i dette skattemanntalet — handverkarar og lausarbeidarar. Dessutan er ingen fut, prest eller bondelensmann listeført, — dei har sjølv sagt betalt skatt til sine serlege herrar; erkebispnen skulle såleis betala 9000 mark eller stella 150 mann til oppgjerda med Sverike. I nokre få høve ser vi at fattigfolk er tekne med, slike som er stempla med «at dei ingen ting eig». Men dette må vera reine unnatak, slumpeførde fattigfolk av den eller dei som greidde med skatten i dei ymse bygder. Ein skulle med ein viss rett ha lov til å gå ut i frå, slik det òg vanleg vert gjort mellom sogegranskarane, at folketalet o. 1520 må ha nått opp att til det det var føre svartedauden, såleis at dei gardane som då var bygde stort sett òg hadde busetnad no. Då eg har gjort spesialetterrøknader om den eldste busetnaden i Eresfjord åtting,¹⁾ skal eg på grunnlag av det resultatet eg kom til

¹⁾ Asbjørn Øverås: Den eldsfe busetnaden i Eresfjord—Vistdal og Nesset, 1928.

der, gjera ei «stikkprøve» for Romsdalsbygdene og såleis sjå om vi kan nå fram til ein viss kunnskap om folketalet i denne tida i fylket.

Føre 1350 må ein med nokolunde visse rekna med busetnad på Finnset, Sæter, Linset, Skoset og truleg Mardal i Eikesdal forutan på sjølve hovudbruket Eikesdal, der 2 bønder er nemnde i 1520 (no 13 bruk). Vidare er korkje Vike, Hoem eller Meringdal ved Eikesdalsvatnet nemnde i skattemanntalet. I sjølve Eresfjord vantar Slenes, Solhjell, Torhus, Sylte (= Syltebø), Breivik, Hågbø, Sandvik — desse 2 siste (nemnde i 1362) og ein av Boggegardane (Bogge eller Ut-Bogge), som alle er kjende frå skriftlege kjelder frå tida før 1530. Dessutan tyder jordfunn, gravhaugar og lægje og lende på at ein med heller stor visse kan rekna med busetnad på Bjørbak, Ljørvoll, Ernes, Gransæter og Fagerslett, kjende frå brev tida i 1600—1630. I Vistdal sokn vantar Gauprør, Hanset, Mælan, Oppdal, Rødal, Haustenga (nemnd 1494), Lange, Elgenes, Skorgå (Sandnes er nemnd under Veøy). I sjølve Nesset (Eidsvåg) — alt på nørre side av Eidet høyrde til Tingvoll då — må desse gardane vera busette føre 1500 — alle så nær som eit par nemnde i skr. kjelder føre 1610: Buvik, Hæstad, Åram, Ranvik, Barstein, Gamsgrø, Åfløy, Gusjås, Skjørseter, Ljøstra, Kvernberg, Djupvik, Harholt, Høvik, Klokset, Otterbog, Solbjør, Hargåt, Hamarvoll, Flåghamar, Hagen, Åsen, Holen, Myrset, Teigset, Stubø, Langset, Grønfet, Vorpenes + ei 3—4 gardar til som ein finn hos A. Bolt, men som no er «kvorvne». Her er mange av dei likaste gardane i gjeldet. Berre eit 10-tal av desse er nemnt hos A. Bolt som kyrkjegods og må såleis ha skatta til erkebispem i 1520; dessutan finn ein i jordeboka nokre av dei som ein òg finn i skattemanntalet. Det gjeld visseleg ikkje dobbel skattelegging, men ein heilgard kan vera på fleire bruk, eller garden kan òg sjølvsgatt ha skift eigar sidan A. Bolts tid. Bortimot hundre år seinare — i erkebisp Olav Engelbrektssons jordebok, altså stutt etter dette manntalet — ser ein at mengda av kyrkjegods i Nesset er om lag like stort som før, endå nokre få gardar har gått ut og nokre nye er komne i staden. — Det er såleis omlag 60 gardar ovanfor som med rett stor visse må ha vori folkesette i Eresfjords åtting då skattlegginga i 1520 vart gjord; det er truleg heller eit forlite tal, då det er grunn til å tru at ikkje så få gardar til alt var rudde og folkesette den gongen. Men jamvel om ei 10—15 av desse var øydegardar — Slenes t. d. er kyrkjegods både kring 1430 og 1530, men er kalla

ø y d e g a r d siste gongen (hos Olav Engelbrectsson) — så må vi forutan dei 28 bruka i skattemanntalet rekna med minst 45 andre bruk (av dei ein god slump under erkestolen, sjå s. 21 fg.), tils. vel 70 bruk i Nesset som på eikor vis kom inn under skattekravet. Hovudpersonane på oml. 50 av desse har skatta til krona og erkebispem, slik vi har nemnt; dei andre 20 har visseleg heller ikkje sloppi fri — brorparten har truleg gått til eigarane av Giskegodset og eigaren av Reinklosteret og andre som hadde krav anten gjennom kloster eller hovudkyrkjer (s. 19). For like eins som erkebispem måtte bispar og andre prelatar, innfødde adelsmenn og lagmenn o. a. anten ställa mannskap til krigen eller kosta det naudsynte mannskap. Nils Henriksson Gyldenløve til Austrått (s. 39) måtte såleis ställa 30 mann, noko også Romsdalsbønder fekk vera med å bera. Reknar vi så med minst 10 andre ikkje-skattlagde hovudpersonar i Nesset (husmenn, handverkarar o. a. fattigfolk), skulle ein iminsto kunna rekna med oml. 80 hovudpersonar tilsaman. Reknar ein så eit medeltal av 8 menneske på kvart bruk eller i kvar heim, somme stader var det færre, men på dei fleste gardane var medeltalet truleg heller kring 10,¹⁾ så må det kring 1500 ha vori ei 6—700 menneske i Eresfjords åtting. Ein må òg hugsa at fleire av desse gardane som er oppførde med ein eller to hovudpersonar, idag er svære grender på opptil 15 gardar og såleis er eigne skulekrinsar: Bogge, Øverås, Eikesdal, Nerland, Tjelle t. d. Til samanlikning kan nemnast alt her at G. Schøning fortel at i 1773 er det om lag 70 tiendepliktige bønder i Rød sokn, 80 i Eresfjord og 47 i Vistdal, tilsaman 197 bruk bytte på 104 gardar; men 8 av desse er jamvel så seint kalla «øydegardar». Eit folketal på 6—700 høver òg godt til leidingskravet til skipreida — vi reknar altså oml. same folketalet kring 1520 som før svartedauden, 1350. Vanleg vert det rekna med at ei slik 20-sesse som Eresfjords åtting — og dei andre Romsdalsåttingane skulle skaffa — måtte ha eit mannskap på ei 80—100 mann, og det heitte i landsloven at kvar 7. mann (menneske) skulle møta til leidangsflåten. Men i tida nærast etter svartedauden har folketalet i Nesset knapt vori over 300 menneske.

Ser ein på dette folketalet kring 1520 og jamfører det med folke-

¹⁾ Venetianaren Qvirini fortel at det i 1432 var 12 huslydar på Røst og heile øya hadde tils. 120 sjeler, eit medeltal på 10. Det gamle bondebruket kravde stor arbeidsstyrke, så med gamalt og ungt, kvinner og born, tenarskap og husbondsfolk er ikkje 10 mange på ein gard.

talet som er i Eresfjords åtting etter den fyrste rettelege folketeljinga i 1769, 1507 menneske, finn ein at det er eit svært rimeleg samsvar: på 250 år har folketalet vel tviaska seg — det gjekk ikkje fortare den gongen. Held vi så saman Schönings opplysning om talet på bruk og gardar i Nesset 4 år etter denne folketeljinga, får vi ei anna verdfull opplysning for etterrøkingane våre: For kvar av dei bortimot 100 (96) fullgardane kjem mellom 15 og 16 menneske, for kvart bruk blir medeltalet heller nøye 8. Det er sjølv sagt rekna med ein del husmannsheimar i folketalet, men ikkje i talet på bruk. Slike heimar var det etter måten få av enno i kring 1500.


Korleis skulle så folketalet bli for heile Romsdal kring 1520 ut frå det resultat vi er komne til for Eresfjords åtting? Etter skattemanntalet så er åttingane Straum (33), Nes (31), Vestnes (31), Rødven (28) og Eresfjord (28) omlag jamstore og tilhøva har vel vori rett eins. Ein skulle her då kunne rekna med eit medetal på oml. 650 menneske i kvar, litt meir og litt mindre truleg i somme, tils. o. 3250 menneske, Bolsøy (21) kring 500, Vågøy (18) vel 400, Sund ei 800 (52), Ona 50 (16), Bud (66) 250 = tils. ei 5250 menneske, eit tal som knapt er for stort. Som ein lett ser, har eg ikkje rekna nett på same måten når det gjeld Sund, Bud og Ona. Når det gjeld dei to siste, er det heilt soleklårt at her er relativt fleire skattlagde enn i reine bondebygda, der kvart hushald visseleg ikkje er så lite større. Men også i Sund synest ein så stor del av dei skattepliktige å ha sjøen til leveveg, at ein knapt kan rekna så mange på huslyden som i dei indre bygder, som berre har jorda til levemåte. Ein kan t. d. ikkje slike stader som i Bud og Ona rekna med ei utfattig husmannsklasse — skattelistingene viser at innkomene der er rett like for dei fleste, for sjøen er i hovudsaka ein rettvis herre for dei alle, her er ikkje den sosiale og økonomiske ulikskapen som i det gamle bondesamfunnet. Og her er òg lettare å vera sin eigen herre, få seg heim og greia seg i kraft av eigen dugleik.

Folketalet etter pestherjingane har då knapt vori over 3000, heller noko lægre.

Til stønad for desse utrekningane, som sjølv sagt berre må sjåast som ein freistnad på å koma til eit så brukande resultat som mogleg i eit spørsmål som interesserer alle oss romsdalingar, skal vi sjå litt på det vi veit om folketalet i Romsdal mellom 1520 og den fyrste nokolunde forsvarlege folketeljinga i 1769.

Etter «Reformatsen for Trondhjems Stift» frå 1589 — berre 60

år etter dette skattemanntalet —, så hadde A u k r a prestegjeld 223 bønder, V e ø y 300 og G r y t t e n 150. I heile Romsdal blir det såleis 673 bønder. Etter det vi har synt ovanføre om Nettet kan vi ta dette talet 8 gonger = 5384 menneske. Til dette må ein rekna eit tillegg på minst 10 pst. for dei heimane av småfolk og andre som ikkje er tekne med blant «bønder»; dermed skulle det samla folketal bli kring 6000 (5922) — eit tal som også er i lægste laget for folketalet i fylket, det vi kan skjønna etter eit skatteutdrag for Trondheims len berre ei 20 år seinare (1611). Då har Romsdal 891 leig-



Frå Holmemstranda ved Langfjorden.

lendingar og sjølveigarbønder — altså over 200 fleire enn vel 20 år før, ein framgang som er altfor stor til å vera verkeleg. Då siste rekninga synest å vera meir utførleg, har ein grunn til å tru at det er dei fyrste oppgåvene som er galne. Ved side av dei 891 bøndene finn ein her også 171 «øydegardsmenn» og husmenn og dessutan 148 utrorskarar og tenestegutar, tils. 1210 vaksne menn. Her er ikkje medtekne vaksne born som er heime på garden hos foreldra, og det spørst om ikkje «tenestegutar» er noko det same som utrorskarar, knytt til fiske, for talet verkar for lite til å gjelda alle mannlege tenestefolk i fylket. Reknar ein talet på vaksne kvinner til noko det same — her gjeld det altså gifte kvinner og tenestegjenter, men ikkje vaksne døtrer som er heime —, får vi oml. 2400. Dessutan kjem alle borna som er heime, smått og stort, truleg og ein del teneste-

folk. Om ein berre reknar med ei 1000 heimar som har born i fylket, så skulle det iminsto bli ei 7000 menneske.

I tida frå 1645 til 1660 var det skrivi ut ein omframskatt («kopfskatt») for kvart menneske på over 15 år. I 1660 var det 4247 slike skattepliktige i Romsdal. Med borna og dei som av ymse grunnar likevel har komi seg unna skatten, viser dette på ei folkemengd på vel 7000 helst. — På grunn av krigane til Kristian 4 og dei tunge skattebyrdene desse førde med seg for folket + mange harde sveltår jamvel i dei beste jordbruksbygdene, er det liten grunn til å tru at folketalet auka noko vidare i Romsdal desse åra frå 1640—1660.

I manntalet over ein unionsskatt to år seinare (1662) finn vi at det er 1441 bønder, «oppsittere», bytte på 634 gardar i Romsdal, ein merkeleg stor auke på 300—400 bønder frå 1611. Ei påliteleg utrekning for Nesset (s. 54) synte at fullgarden gav oss om lag det rette folketalet etter fullstendig teljing 100 år seinare når vi ganga talet på gardane med 15 (her medrekna også husmenn o. l.). Folkemengda i 1662 skulle då vera 8510 i Romsdal, den pålitelegaste opplysning vi har om dette til den tid. Og dette er eit rimeleg tal og står i bra samsvar med utrekningane våre ovanfor. Eg reknar denne utrekninga for pålitelegare enn å ganga 1441 «oppsittere» med 7 eller 8, då det er så uvisst kva som ligg i «oppsittere», t. d. om husmenn er med. Talet er så stort at ein kan ikkje vera trygg for det. — Det skulle såleis vera ein framgang på vel 3000 menneske i Romsdal frå 1520 til 1660. Fram til 1769 aukar så folketalet til 10 295, ikkje fullt 2000.¹⁾

FORDANSKINGA AV NAMNEVERKET I BYGDENE VÅRE.

Skiftet frå gammelnorsk til nynorsk har gått for seg dei siste to hundreåra, og kring 1520 talar folket i Romsdalsbygdene om lag som dei gjer i dag — eller i minsto som dei gjorde for ein mannsalder sidan; for diverre er det med alle slags offentlege og kommunale institusjonar, med aviser og betre kommunikasjonar til byane komi språklege innslag også i Romsdalsmålet somme stader som er mindre gledelege. Like vel held vel bygdemåla seg jamt over betre i

¹⁾ O. Olafsen har mange gode ting om folketalet i Veøy i b. I, s. 63 fg., men han gjer ein del leie mistak ved å gå ut frå at dei 33 skattepliktige bøndene som er nemnde i skattemanntalet frå Veøy skulle vera alle då. Han er bl. a. ikkje merksam på at ein heil del skattar til kyrkja.

Romsdal enn i dei fleste andre landsluter, og dei skulle ha større voner til å halda seg heretter då dei ikkje berre får meir stønad i skule og opplæring, men også vert meir vyrdsla — i fullt medvit — av romsdalingane sjølve.

Men i skriftmålet vart det frå denne tida sett i gang systematisk herverk mot alt namneverket, personnamn og stadnamn, i Romsdal som i landet elles. Stort sett vedkom det ikkje bonden og bygdefolket, då dei ikkje skreiv noko sjølve og det i det heile kom lite til deira kunnskap det som vart skrivi òg. Anten fut eller prest skreiv



Frå Langfjorden (Skorga).

Gudeligh, Otther, Knwdh, Pædher, Syordh i staden for Gudleik, Ottar, Knut, Per, Sjur (Sigurd) inn i skattelista eller kyrkjeboka, spela mindre rolle for mannen då han knapt visste om det. Likevel — gjennom hundreåra i dansketida seiv trass i alt ikkje så lite av det framande inn, slik at ikkje så få leivningar etter dette herverket er synleg enno både i personnamn og stadnamn. Det verste er nok kvorvi att. Ingen skriv Bordh, Gwren eller Ffyndh lenger og meiner Bård, Guri og Finn. Eg trur heller ikkje nokon nyttar Vestestedht for Vestad, Ogh for Åk, Yglebergh for Ukkelberg, Rigisfiordh for Riksfjord, Kerswighen for Kjørsvik, Nødesetter for Nesset, Ewerass for Øverås, Ffryswoldh for Frisvoll, Metyht for Mittet, Røslaghe for Røsåk, Rogewogh for Rakvåg, Rogeness for Raknes, Ortthen for Orta, Bronewoldh for Brunnvoll, Oen for Ona, Meswndh for Misund,

Tuterøen for Tautra, Bensætter for Beinset, Melwen for Mjelva, Edzvogh for Eidsvåg, Lydh for Li, Fywen for Fiva, Dynwoldh for Devoll. Men eit og anna vart att: Oluf kom inn for Olav, Gunder for Gunnar, Halvor for Hallvard, Sven for Svein, Simon for Sæmund, Sivert for Sigurd og Sjur, Halsten og Stener for Hallstein og Steinar. Og det vart Nielsen, Jonsen, Aslaksen, Eriksen osv. heilt systematisk for Nilsson, Jonsson, Aslaksson, Eiriksson. Fleire stadnamn vart og svidmerkte for lange tider. Nøste for Nauste — sikkert nytta fyrste gong i skattemanntalet — var eineform i mine guteår, og fleire ber dette namnet den dag i dag. Næss med 2 s'ar er svært vanleg stas frå denne tida, Sylthe og Sæther og Hjelseth osv. med h òg. Eit av dei få namna i heile manntalet som ikkje er danemerkt då er Horne (i Eresfjord), men det kom ikkje unna sin lagnad: i 1669 tok dei til å skriva det Haande, ei meiningslaus form som den dag i dag er eine-rådande form i det skriftlege om Hornegardar og folket derifrå. Liknande ting har vi att ikkje så lite av. For dette nyskiftet i namneverket som vi kan fylgja rett tydeleg frå 1520 i Romsdal, det var haldi fram like systematisk i dansk lei gjennom heile dansketida, ja, i heile fyrste hundreåret etter 1814 òg — av di at vi hadde legi så lenge i dette mørkret at vi såg ikkje med fulle norske augo på lang tid etter at vi var komne ut or det.

Det som trass i all denne vanlagnaden berga oss, var at vi aldri skikkeleg fekk den norske t u n g a vår til å akseptera skiftet. Eg kjenner då jamvel sjølv så mang ein romsdalsk bygdemann som skreiv seg på prestemål med Gunder og Iver og Ole og Peder (Pædher) med penn i handa, men som ikkje ei sjel i huslyden eller i bygda kallar anna enn Gunna, Iva, Ola og Pe. Om skattefuten skreiv Asgudh Ottstedh hundre gonger, har det nok aldri vori den romsdalingen til som har sagt anna enn Asgaut Ottestad. Av den største interesse er det å sjå at sjølv e t v a l e t av namn — det gjeld sjølvsagt personnamna, som dei sjølv rådde fritt for — i det store og heile held seg norske, jamvel om ikkje få nye personnamn må ha komi inni bygdene våre sidan sogetida. Det namnet som er mest vanleg blant folket er Olav, som elles systematisk vert skrivi Oluff (= den danske forma, også for St. Oluff). 42 mann av dei 323 sambygdingane våre ber dette namnet, i alt 13 pst. Eit sterkare vitnemål om heilagkongen Olav Haraldssons plass i hug og tankeliv til bøndene i Romsdal ved slutten av den katolske tida kan vi knapt koma over. Eit namn som elles møter ein svært ofte er E n g e l-

bret (12 gonger). Ein kan ikkje fri seg for den tanken at dette må vera noko av eit «motenamn» som må ha breidd seg etter den svenske folkehelten Engelbrekt Engelbrektsson, som i 1430-åra gjorde opptaket til dei svenske bonde- og folkereisingane mot daneveldet, dei som ikkje gav opp før landet var fullfritt under Gustav Vasa, mest hundre år etter reisinga til Engelbret. Som vi har nemnt før (s. 31) stod dei norske reisingane i 1436—1450, iser knytt til Amund og Aslak Bolt, i nært samband med dei Engelbrekt Engelbrektsson og Karl Knutsson stod i brodden for samtidig i Sverige. Karl Knuts-



Frå Tresfjord.

son vart då jamvel krona i Nidarosdomen i 1449 av Aslak Bolt, som vart konge med. Er dette synet rett, skulle Engelbret-namnet i Romsdalsbygdene i denne tida vera eit vitnemål om korleis bøndene har stått i desse stridane, altså mot danskane og på same sida som erkebispene deira, noko som er rimeleg nok. Nye og framande namneinnslag, som ein helst leitar fåfengt etter i sogene som namn på nordmenn, er Stepfan, Mogens, Barbara, Birgitta (velkjend heilagkvinne i Sverige oml. 1350), Jens, Hans, Jakob, Lauris, Nils, Albrekt (svensk-tysk konge på 1400-talet), Rasmus, Søren, Anna. Dette er reint isolerte tilfelle, einast Nils møter ein litt oftare. Elles vil ein og kvar som går i gjennom personnamna, finna at så snart ein tek bort det danske utstyret på namna og let dei stiga fram i si reine norske folkemålsform, så er det her eit så godt og vakkert utval av norske namn og dei representerer ein så lang og fast namnetradisjon at det bør gleda alle romsdalingar. Ein ser det er god samanheng med namneverket i Romsdalsbygdene den dag i dag, endå vi framlei-

es dreg på ikkje så lite som må bort att. Tek ein namna i Eresfjord åtting t. d. utan framandstasen blir dei slik: Erling (Elling), Jon, Knut, Olav (3), Ivar, Eirik, Tore, Sæmund, Brynhild, Audun, Aslak, Bjørn, Hallkjell, Gunnar, Øystein, Hallvard, Arne, Bård og Jorunn. Andre gode namn, i Bolsøy t. d.: Alv, Svein, Gullbrand, Anders, Rannveig, Endre, Amund, Ingemor. I kvar bygd bør ein ut frå dette og ut frå norsk namnekjensle i det heile atterreisa snarast alt det som er komi på skeive i tunge lagnadstider. Norskare sinn og rakare rygge skal fylgja kunnskapen om heimbygdene.

POLITISKE OG RELIGIØSE BRYTINGAR.

DET FYRSTE LUTHERSKE INNSLAGET I FYLKET.

I 1523 er det både kongeskifte og erkebispeskifte. Kongen vert Fredrik 2, som er mykje Luthervenleg, kanskje fyrst og fremst avdi han i samsvar med Luthers statskyrkjeskipnad på fleire vis kan få auka si makt. Serleg set han pris på å få dra inn under krona kyrkje- og klosterjord og dermed styrkja kongen økonomisk. Erkebisp var Olav Engelbrektsson, visstnok bondegut frå Trondenes, evnerik, dugande og ikkje så lite maktkjær. Somme meiner han var i ætt med erkebispene av Aspåtta (L. Då og H. Kolt), noko som likevel er uvisst. Men han tok som dei magistergraden i Rostock (1507) og var visstnok ei tid dosent der, var såleis ein lærd mann. Som dei andre erkebispene var han formann i riksrådet, og under kongeløyse var han vikar for kongedømet, såleis sjølvskriven førar for folket. Hans stilling som den største jordherren i Romsdal var i hovudsaka den same som til føremennene, det jordeboka hans gjev god opplysning om. Dei samla «Sancte Oulffz jorder i Romsdal» var 79 gardar eller bruk. Av dei var 50 i Veøy prestegjeld: 16 i Vestnes, 12 i Bolsøy, 8 i Veøy, «Sancte Peders Kirkesogn» og 14 i Eresfjord (Neset). I Grytten prestegjeld var det 15 og i Aukra prestegjeld 14. Ved sida av den faste landskylda på gardane er det oppført eit visst tal «Ottungs fisk aff Romsdall»: Eresfjord 7 våger, Straum 7 våger, Rødven 7 våger, Nes 7 våger, Vestnes 7 våger, Bolsøy 5 våger, Vagøy 7 våger og Sund 7 våger = 54 våger tilsaman.

Det vart dei politisk-religiøse tilhøva Olav Engelbrektsson mest vart oppteken med, då den politiske framvoksteren gjekk beint i mot hans religiøse og kyrkjelege syn. Det som blir hans store tragedie — det vart elles òg landet si — er at han som katolikk av reinaste

slag, ikkje kan gå til semje med dei nye danske kongane, som er lutheranarar, og at han heller ikkje er mann for å atterreisa det norske riket som ei katolsk makt. Og verre vart det avdi at slike mektige og sløge menn som Vincents Lunge, den danske versonen til fru Inger til Austrått, tok til med open strid for danevelde og Lutherdom mot erkebispnen. At òg nasjonale tankar og kjensler brann sterkt i hugen hans, ser vi både av det han held fram på riksmøtet i Bud (sjå nedanfor) og kanskje endå tydelegare av det han har fortalt den tyske lærde Jak. Ziegler om Noreg, attgjjevi i Zieglers verk om Skandinavia. Her får vi høyra at Noreg hadde vori i si velmakt den tid det var eit arverike; valriket vart innført (1442 — Lødøse, s. 38) avdi dei mektige i landet skulle få styra som dei ville og riva til seg kongemakta. Men det førde til partistridar og dermed til at framande reiv til seg makta. «Difor står Noreg no under Danmarks herredøme. Danskane krev ikkje berre lovlege og tolelege avgifter, men fører til Danmark alt som duger noko, då dei meiner at deira herrevelde skal verta varigare når folket veikjest, slik som det no hender på fleire stader i kristenverda. Då dei dygder som sømer seg ein fyrste som skal vera landsfar, er kvorvne, står berre ovmodet til herskaren att, og dette gjev seg utslag i det reine slumpestyret, til skade for ibuarane. Herskarane, som ikkje kan rekna med noko vern i folket sin kjærleik, freistar tryggja stoda si med vald og urett og med å redusera landsens rikdom. Dette har vorti Noregs lag-
n a d.»

Desse orda skriv seg truleg frå Romaferda hans i 1524 og høver godt på det omsynslause styret til Kristian 2, noko som ikkje minst den førre erkebispnen, kongens gamle ven Valkendorf, fekk røyna både gjennom krigsskattane frå 1520 (s. 41 fg.) og på anna vis; tilslutt rømde han landet, til Roma, for å klaga. — Like vel var Olavs nasjonale hug knapt stridare enn at hadde kongane haldi seg til den gamle læra og ikkje byrja med overgrep mot kyrkja også i Noreg, så hadde han vel bøygt sin hovdinghug inn under framandstyret. Men dei politiske tilhøva fekk han snart inn på det synet at einaste utvegen for eit katolsk Noreg, var eit sjølvstendig Noreg. Etter Kristian 2 si røming i 1523 og Fredrik 1 var vorten konge, såg det flokutare ut enn nokongong. Og til slutt førde tilhøva den fortvila erkebispnen til eit ulukkeleg samband med Kristian 2 (no atter katolikk) i Nederland, og han kom endeleg med ein stor flåte — ein god del forliste elles utanfor Norskekysten — hit opp i 1531. Stønad

hadde han frå den mektige mågen sin, keisar Karl 5. Her heime stod erkebispemessen ferdig med menn og pengar. I eit brev dagsett 3/12 same året til folket i Fosen, Edøy, Romsdal og Sunnmøre freistar han setja von i det til eit godt utfall. Som vi snart skal sjå, hadde alt lutherdomen vekt den fyrste forarginga mot seg på desse kantane. Og dei har sikkert hyst liknande voner som erkebispemessen sjølv til meldinga om at Kristian var komen til Oslo med store herstyrkar og alt landet sunnanfjells gjekk honom til handar. Men Kristian var ikkje den mannen dei venta. Akershus t. d. stod godt mot ågangen frå ein tvilande og modlaus og landlyst konge, og endskapan vart at Kristian sjølv vart førd til Danmark som fange. Erkebispemessen kunne elles ha spart brevet sitt til folka i «sjølena». For ein kan sjå av eit brev V. Lunge sender til vermor Inger på Austrått to dagar før erkebispemessen er skrivi, om dette utfallet. I dette brevet seier òg Lunge nokre ord om tilhøva i Romsdal: «Kjære moder, råd min søster Eline (d. e. syster til kona hans) at hun skriver strengeligen til sine futer i Sunnmøre og Romsdal at de ikke må upliktig beskatte og plage mine undersåtter, de fattige Finnmarksfarere; de vil ha av hver mann en våg råskjer, for de må kjøpe seg maten, og 1 våg eller $\frac{1}{2}$ i leding og 1 våg for hvert skip eller jakt. De kan ikke skatte både til meg og andre, mot lov og sedvane.» Mannen til Eline, Nils Lykke, er lensherre i Romsdal no, og V. Lunge har Finnmark, så det er nok meir seg sjølv enn folket sitt vern dei tenkjer på når dei appellerer til lov og rett. Det synest elles ikkje vera så enkelt å fara etter vår lange kyst når futane fer fram som her i Romsdal og på Sunnmøre.

Og det er mangt anna som ikkje er bra. Det er ei overgangstid. Bøndene held nok på det gamle. Dei har i det heile ingen tanke om kva den nye læra ber i seg av åndeleg og moralsk reisingmakt. Men det synest heller ikkje å stå så rett bra til hos representantane for den gamle læra. Det er ålment forfall i kyrkja i Noreg som i andre katolske land. Dette kjem m. a. fram i stridane mellom erkebispemessen på den eine sida og V. Lunge og fru Inger på den andre. Det er maktmotsetnader, trumotsetnader, personlege motsetnader. Og alt dette er så ope at det jamvel må koma til bøndene sin kjennskap. Stundom er det reine krig og herjingar. Ein gong (1529) tok erkebispemessen med to skip og 350 mann fra Lunges fut Oluff Isaksen heile Finnmarks len med mykje gods. Dessutan hadde dei banka opp futen med 10 av mennene hans utan reideleg årsak eller «feides forkynning». Endå verre herja erkebispemessen sine folk på Fosen, Austrått

og Giske. Dei tok med seg frå silkedynner, kølnerputer og raude tallerkenar til vadmål, krøter, smør og fleisk. På Giske tok dei skjorta til futen (hadde han berre ei?), verkty, lakan, 100 gryter(!), vaskefat, ei tunne lysekroner, 12 tunner salt, 12 tunner laks, korn, byrser, ei tunne krut, 3 verar, 1 okse, 3 tunner smør, 3 tunner tjøre, 1 svart damaskkjole, 2 fløyelskjolar o. y. a. Dei brende òg eit skip og tok to jekter. — Dette fortel ikkje så rett lite både om dei materielle tilhøva mellom storfolket — og det religiøse og moralske livet deira! Jamvel kyrkja er lite nøyen på det, i minsto når det



Utsyn over Tomrefjorden mot Øverås og Nerås i Vestnes.

gjeld motmenn. At romsdalingar har spela med her, kan ein skjøna av at året etter (1530) slo futen som var oppbanka (Oluff Isaksen), i hel tenaren til erkebispem, Hans Persen, «på Åge Trondsens gård i Romsdal». Dette er naturleg nok ei hemnakt. Men frå dei vitneprova som vart førde for å koma til semje om vederlag mellom partane, ser ein at futen gjorde dråpet ikkje for å ska erkebispem, men «i Druckenschaiff oc Dorscaff».

Stridane heldt fram; Olav freista nye farlege vegar for å berga den gamle kyrkja og sjølvstendet, men det gjekk ikkje bra. Under dette «spelet» fekk han kvitta seg av med V. Lunge, som vart myrda i Trondheim i januar 1536 — etter tilskunding av erkebispem. At Kristian 3 vart dansk konge dette same året, gjorde ikkje tilhøva for erkebispem likare; for Kristian hadde alt sidan riksdagen i Worms, der han som ung prins var til stades, vori lutheranar. Om våren 1537 kom nokre hundre tyske knektar til Noreg for å greia opp her for kongen, og då serleg gjera opp med erkebispem. Han såg det heile no så vonlaust at han straks i førevegen rømde landet, til Nederland, der han døydde alt året etter (1538). Mellom dei mennene vi høyrer

var att på borga hans, Steinvikholmen, då han fôr, var òg ein som heitte O l a v R o m s d ø l.

Den ombodsmannen erkebispnen hadde til å greia med erkesætet si jord i Romsdal, heitte E s b e r n E r i c h s e n. Elles veit vi ingenting om han. Men Olav sjølv har lati etter seg eit minne i den gamle Veøy-kyrkja: Våpenmerket hans, som er skori ut på ein korstol. Dette er ei raud rose mellom tre kvite liljer. Det er mogleg at dette heng saman med at Olav har hatt inntekter av Veøy, t. d. Mikkelskornet, då han var formann for domkapitlet (før han vart erkebisp). I tilfelle har han nok lesi mang ei ekstra sjelemesse — ved altaret for Den heilage krossen (s. 28) for romsdølene sine sjelepinsler, d. e. dei døde sine.

*

Vi har også andre opplysningar om oppløysinga i den gamle kyrkja og korleis protestantiske krefter tek til å giera seg gjeldande på våre kantar — ei slik overgangstid skaper alltid ein viss skort på jamvekt i folks moralske omgrep. Det er «Lunge—Austrått-krinsen» som er sentrum for denne fyrste Luther-rørsla i bygdene våre. Men både fru Inger og V. Lunge har fyrst og fremst gått over til Luthers lære for å få tak på kyrkjegodset, t. d. etter kvart klostera vart sekulariserte, d. e. verdsleggjorde, og vart overlatne verdslege styresmenn eller jordherrar. «Lutherske» var òg dei to futane til fru Inger, O l u f S k r i v a r i Romsdal og Rasmus Skrivar på Sunnmøre. Oluf Skrivar må vera den same som er nemnd på Hustad i skattemanntalet frå 1520, og som også i 1529 er Nils Lykkes fut i Romsdal. Same karen held i slutten av 1528 hus på Giske saman med Rasmus Skrivar og der er så ihuga lutheran at prosten Nils Mogenssønn på Herøy 10. januar sender klage på han til erkebisp Olav. Dette klagebrevet er eit forvitneleg tidsbilete, og vi skal herma noko av det:

«Kjære Herre! Eders Nåde verdiges å vite at fru Ingers tjenerne begynner nå å kvede til å fra bordet på Giske og annetsteds herom kring, som herr Vincents pleier å gjøre i Bergen mot den gamle gode sedvane som før har vært. Og de orsaker seg dermed at de viser er utsatt og gjort etter Deus misereatur (d. e. Herre Gud forbarme deg over oss)¹ og

1) Truleg er meint ei dansk omsetjing av Luthers salme: «Nu er oss Gud miskunnelig» eller «Av dypsens nød roper jeg til deg», prenta i ei dansk messebok frå 1529.

andre salmer av Psalteret (Davidssalmane). Og besynnerlig den Oluff Skriver, som kom til Eders Nåde fra Oslo, Hans Jenssens broder, er som en principal (hovudmann) til å kvede og beskjemme prester etter Luthers dikt, som han også gjorde i Nils Tuesens bryllup i høst med mange forfengelige ord osv., så jeg gikk min ferd og til sengs, for det var ikke beleilig å straffe ham der på den tid. Likeså har han også vært til verks med herr Mats i Ørskog (soknepresten i Ø), og herr Mats irettesatte ham så lenge at Oluf Skriver kastet sin strishammer etter ham og traff ham like inn i




Frå Hjellset, Bolsøy.

munnen og ut i gjen om kinnbeinet, som han selv, når han kommer personlig, kan fortelle Eders Nåde og fremvise sitt forferdelige sår.» — Vi skjønar at denne futen vår må vera ein rett ihuga lutheranar! Og han har sikkert ikkje vori betre i si «forkynning» i Romsdalsbygdene; vi vantar her berre tilsvarande skildringar. — Vi høyrer elles vidare at Romsdalsfuten hadde fått lovnad på hjelp frå Rasmus Skrivar og dreiv fram som før. «Han gikk i kirke som sedvanlig når herr Jakob sa messe på Giske, den gode mann til stort fortrede.» Difor freista herr Thomas av Borgund (hovudpresten) å nekta honom å gå i kyrkje. Men da sa Oluf Skrivar «at han ville sitte oppe i et tre på kirkegården og kvede og synge så fast som de skulle gjøre, om han ikke måtte komme inn i kirken.» Då Herøypresten fekk greie på dette, freista han å lysa Oluff Skrivar i b a n n (truleg siste bannlysinga av nokon i fylket vårt) og forbaud Rasmus Skrivar å ha honom i lag med seg i fru Ingers teneste «før han var forlikt første med Gud og Eders Nåde, og dernest med Mats, som skade fikk.» Så held presten fram: «Jeg tror dessuten at Oluff Skriver aldri har f a s t e t, eller noen del retteligen gjort eller fullkommet etter hans

skriftebrev for det han gjorde før (det har såleis vori andre klager før))og ikke heller for dette, medmindre Eders Nåde underviser ham deri, men snarere er han redeton til mere ondt heretter.» Det vonde er sjølv sagt lutherdomen.

Den andre Lutherfuten til fru Inger, Rasmus Skrivar, er ikkje det grann betre. Presten seier i same brevet om honom: »— tre eller fire personer som jeg har lyst kirkens fred og vold over, har Rasmus siden grepet og ført til Giske og presset så meget av dem for deres liv som han ville. Likeså 2 eller 3 drenger, som var beryktet for horsynder; dem tok han straks udømte med seg til Giske.» Året før hadde han vori presten sin gjest, men «som han var drukken og vel forsynt, ville han kives og trette med meg og sa at jeg ville ta fra kongen.» — Slik fôr altså dei fyrste lutherske forkynnarane fram i bygdene. Og endå det er ein motmann som klagar, er det vel i hovudsaka rett. Men mange av dei gamle katolske bygdeprestane var ikkje betre karar, t. d. herr Mats i Ørskog, som Oluf Skrivar låg i tattane på. Han blir offentleg tjuvskulda. Ein gråbrør-bror frå Nidaros hadde på ei reis nett på denne same tida overlati presten 26 ostar og nokre reveskinn til å ta vare på for seg. Men det kom bort under prestehanda. Til slutt gjekk herr Mats med på at han hadde teki ein ost og eitt reveskinn! Han vart då likevel straffa med at han ikkje fekk halda noka messe før enn han kom til semje med munken. Eit års tid før hadde det gått endå verre for seg. Hans eigne soknefolk hadde kasta seg over han, dregi han i håret og slegi honom. Og for dette gav han dei sjølv absolusjon. Dette er ikkje nett innanfor Romsdalsgrensa, men Ørskog er grannegjeldet til Vestnes med gamalt veksamband dit — det Oluf Skrivar sikkert nytta seg av mang ein gong både på vitjingar hos herr Mats og kollega Rasmus på Giske.

Vi skjønar at ikkje berre bygdelivet, men like mykje — og meir — kyrkjelivet er merkt av oppløysing. Oluf Skrivars ferd heime i sitt eige futedøme, der han i minsto heldt til i heile den kritiske bolken i 1520-åra, har tvillaust ikkje vori betre enn når han var på gjesting i grannebygdene. Og ein slik kar kunne langt i frå gjera Luthers lære til noka levande makt i bondens hug; vi kan ikkje eingong sjå på dette som noka førebuing av reformasjonen i Romsdalsbygdene — utan såleis at det var med og reiv grunnen under alt det gamle bøndene til no hadde haldi seg til.



Frå Bud — med havet i bakgrunnen. Fleire av husa vitnar om den eldre busetnaden.

RIKSMØTET I BUD I 1533 — DET SISTE RIKSMØTET I NOREG.

Riksmøtet i Bud synest vi må ha sin eigen plass i ei Romsdals-søge, jamvel om vi dermed må skjera det litt ut av den ålmenne samanhengen. Om ikkje dette riksmøtet kom til å gripa så sterkt inn i vår politiske og kyrkjelege framvokster som mange hadde vona då, især erkebisp Olav, så er like vel dette siste riksmøtet i landet og under føresætet til den siste norske erkebisen noko av ei storhending. Det finst att ikkje så få opplysningar om Budmøtet, notatar og «program», slik at vi får eit rett tydeleg innsyn i samtida sitt Noreg, då serleg politisk og nasjonalt sett.

Grunnen til dette riksmøtet er at i 1533 døyrr kong Frødrick 1., og spørsmålet blir så kven som skal bli ettermannen hans — om vi i det heile skal halda på hopehavet med Danmark lenger. Danmark går ut i frå som sjølv sagt at det skal veljast konge saman med det. I eit brev frå det danske riksrådet alt 25. april til erkebisen fortel det om dødsfallet og oppmodar han samstundes til å kalla saman eit riksmøte for å drøfta tilhøva — det skulle nærast vera ei førebuing til ein sams herredag i Kjøbenhavn året etter. Brevet nådde erkebisen fyrst 3. juni, og han gjekk straks i gang med å ferda ut inn-

kallingar til riksmøtet, som skulle tre saman 15. august i Bud, «som der bekvemmeligste stande kan etter all leilighet som seg nå begir til sjøs og til lands». Det er noko uventa at Bud skulle vera så sentralt. Men her var det lett å møtast for alle som fôr leia nordfrå og sørfrå, og vegen over Gudbrandsdalen og Romsdalen var den beste farvegen den gongen for folket austfrå. Som det før er peika på, var Bud på denne tida ikkje så rett liten ein plass, vaksen fram av sjødrifta og vareomsetnaden med fisk og trelast, har såleis heilt teki plassen til Veøy som den økonomiske midstad for handelslivet i fylket. Der hadde dei òg det naudsynthe husvære til eit slikt større møte, eit rett stort gildehus, som synest å ha tilhøyrt frenden til erkebispem, Kristoffer Trondsson Rustung, som seinare vart den kjende riksadmiralen i den norsk-danske flåten. No var han den beste hjelpesmannen til erkebispem. Romsdalsbonden Mads Hukkelberg har gjort grundige etterrøkingar om denne gildestua som var i 2 høgder og stod på Fritzneset i Bud. Vi viser elles til bileta lenger nede. Tufta syner at det var oml. 30 alner langt og 20 alner breitt. Meldinga hans fortel om dette gamle huset:

«Hovudinngangen var i mot vest og hadde 6 dører inn til vestre svalgangen: 2 store varadører som gjekk ut og som oftast var slegne attpå veggem, og 4 halvdører som gjekk inn. Fyrste høgda var av stukkverk med svalgangar på baa langsider og mot vest. Andre høgda var også av stukkverk og med ei sulerad på kvar langside oml. 2 m frå veggem. I denne salen var det også nedlagt bjelkeloft som kvilde på sulene. Veggem i denne salen og likeeins loftet og bjelkane var dekorerte med rosemåling. Midt framfor nordre langveggem var det ein platting, truleg til høgsæte for møtestyraren.»

Hukkelberg har elles gjevi mange verdfulle opplysningar om huset; for bestemor hans budde i tingsalen, som han også var kalla, til ho var 13 eller kanskje 16 år.

Ho har såleis fortalt greitt om korleis huset såg ut, og det høver godt i hop med det som elles gamle folk i Bud kan minnast om gamlebryggja i Vika.

Huset stod oppe på Fritzneset til 1841, då Michael Henrik With flutte det ned til sjøen og brukte det til bryggje — (gamlebryggja).

Berre grua og skorsteinen stod endå i mange år att oppe på bakken. Han vart nedriven i 1858 eller 59.

Gamlebryggja vart så selt på auksjon etter konsul Jansen Bergen 1894, vart flutt til Farstad og Storholmen og oppattbygd i fleire løder, naust og stovebygningar.

Då der skulle ei ombygging til av fjøset i den eine løda, fekk skulestyrar Konrad Nerheim, som då var med i styret for Romsdalsmuseet, i nye plankar og fekk byte i dei gamle stokkane. Dei vart køyrde inn på Romsdalsmuseet og finst der. Det syner seg av år-ringane på desse stokkane at tømret har vaksi i Bud; for så tette år-ringar er det ikkje i skog som har vaksi lenger inne.

Etter byggjestylen på huset, som er bygd etter den gamle romerske rådhusstypen — Basilikaen — lyt ein sikkert gå ut frå at det har vori eit gildehus.

Klokketårnet oppe på øvste mønespissen vitnar også om at det har vori eit vyrdeleg hus, likeeins dei to bautasteinane som har stadi ved inngangstroppa. Dei står no som hageport i Vika.



To av troppestega vart funni i fjor under arbeidet med vegen som går frå Vika inn gjennom Budaværet, dei synte endå slit etter mannefot; men diverre vart desse knuste og brukte til mur i veggen, endå ordføraren i Bud hadde lagt ned forbod mot å bruka dei.

Eit vers av ei gamal vise som har gått på folkemunne om riksmøtet — lærarane Ivar Stavik og Arne Magerøy har æra for å ha berga det — fortel oss ikkje så lite både om førebuinga til riksmøtet og kven som åtte huset det vart haldi i. Ho lyder slik:


Herr Kristafar Ristung han rister sitt Svær(d)
 og sine Hårlokkes Brok (manke):
 Karl (bonde) Buamann børte oss tvei Mærk Smær
 fem fiskende fine Knok (spekeknok, spekelår).
 Og tvende ti Tomars Talgeljus!
 Halv Bismerpund sikta Mjøl
 til Marimesse til Rustungs Hus,
 Hellig (Herre?) Olav, Erkebispes sjøl
 og Dannemændene bolde sju —
 .,: Bolde sju, Bolde sju!
 Skal kome! Skal kome!
 til Riddarens Salar i Bu. .,:

Eg har her nytta ei mindre tillemping av visa slik ho fyrst vart nedskriven, jfr. dei to formene i «Riksmøtet i Bud», utgjevi på Molde i 1933, s. 28—30. Marimessa om våren er 25. mars, her er det meint 15. august, som er marimessedagen om hausten, altså rett tidfesting òg. Det kjem tydeleg nok fram av visa at gildehuset — og møtehuset i 1533 — var i eiga til Kristoffer Rustung. Dette kan òg ha sitt å seia for at erkebisen ville ha møtet i Bud; der kunne han ta inn hos frenden sin og elles få hjelp av han på fleire vis. Kva rolle Rustung elles har spela i Bud eller i Romsdal, er uvisst. V. Lunge kallar han i 1520-åra «den unge kjekker» (= vågehals), men også «et ondt opphav til all uredelighet» då han — på erkebisen sine skip elles — dreiv den reine sjørøving langsmed kysten mot skottar, holendingar og tyskarar, noko som skapte større vanskar både for Lunge og erkebisen, slik dei ei tid var redde for krig både med Holland og Skottland. Bud — så nær Hustadvika og med greitt oversyn over havet — kan såleis tenkjast å ha vori ein svært høveleg stasjon for honom som sjørøvar, og at det er såleis han har fått seg hus der. Fiskeværer Bud var òg eit viktig sentrum for fiskehandelen på denne tida. At Kristoffer Rustung seinare vart riksadmiral, viser at det har vori godt to i karen. Men det var truleg også han som mest har skulda for mordet på V. Lunge; Lunge hadde ein gong m. a. gjevi honom ein øyredask under ei samkome i Oslo — båe hadde dei drukki noko den gongen — ein ting som visseleg ikkje lett vart gløymd av Rustung, som elles var sterkt oppteken med å fremja erkebisen sin politikk i det heile.

Møtet i Bud var både eit riksmøte og eit standsting og varde om lag 3 veker, til 5. september. Oppmoding til å møte i Bud fekk fyrst og fremst alle geistlege og verdslege medlemmer av riksrådet, og dei danske slottsherrane som enno ikkje var opptekne i rådet. Hovudsmannen i Bergen, Esge Bilde, vart beden om å nemna opp dei visaste og forstandigaste menn i Bergen og Stavanger til utsendingar, og sameleis einskilde av dei Nordlandsfararane (almugefolk) som kunne vera på ferd i Bergen. Og dersom dei tyske kjøpmenn i Bergen hadde noko å klaga seg over, kunne òg dei få senda folk til Bud. Vidare skulle lagmannen og 4 rådmenn frå Bergen møte. Ein må rekna med at alle lagmennene har fått same oppmodinga, og at også rådmennene frå dei andre norske byane var innkalla. Til lensherren på Akershus, Erik Gyldenstjerne, sende erkebisen melding om at tre mann frå kvar skipreida sønnafjells skulle innkallast. Det har vori liknande oppmodin-



Gildehuset i Bud, som Kristoffer Trondsson Rustung åtte. Slik finn Mads Hukkelberg det har vori (sjå teksten s. 69).



Grunnrits av gildehuset i Bud (sjå s. 69). Øvst 2. høgda, der riksmøtet hadde drøftingane sine.

gar om utsendingar frå bøndene i andre landsluter. By og bygd, presteskap, adel, borgarar og bønder skulle her i lag med Noregs riksråd drøfta landsens lagnad.

Frå fyrsten møtte dette møtet liten velvilje frå fleire kantar. Det var så vanskeleg å koma heimanfrå både for den eine og den andre. Dei flest skulda på krigen, som nett var broten ut i Danmark («Grevestriden»), der Holland og Lübeck hadde gjevi seg med på kvar si side; ikkje minst ville krigen skapa vanskar i og for Noreg, ja, mange ottast åtak, serleg på Bergen. Der ville både Esge Bilde og bispen, Olav Torkjellsson, ha møtet utsett til neste år og då halda det i Bergen. Ja, bispen seier beint ut at Bud er ein ulagleg stad til møtet òg, «et sted meg tykkjes aldeles ubekvem å være». Og innan våren «kan også meget merkelig skje som vel kan gjøres behov å råde med» — slik tilhøva er i Noreg—Danmark. I det heile såg det så ymist ut for møtet utover sumaren. Rett nok lova V. Lunge frå Loppa i Finnmark at han skal koma. Men 23. juli skriv 6 lagrettemenn frå nordre Vestfold at almugen ikkje kan senda representantar då krig trugar og innhaustinga står føre; og i dei næraste dagane etter kjem det liknande forfallsmelding frå 12 lagrettemenn i Arendal, frå 6 lagrettemenn i søre Vestfold og frå ei mengd andre representantar for byane og bygdene. Gyldenstjerne skriv rett fram at bøndene på Austlandet nektar møta midt i høyonna og skurdonna. Dei ottast òg for den lange vegen i ufredstider; han sjølv torer heller ikkje reisa or lenet sitt. Den norske kanslaren i Oslo, Otto Krabbe, er biten av ein hoggorm og kjem ikkje av den grunn. Bisp Olav i Bergen er vorten sjuk, like eins Oslobispen, dansken Hans Rev, som har «svær augneverk». Jamvel i byrjinga av august strøymer forfallsmeldingar inn frå mange kantar, såleis frå Hamarbispen, Magnus, som skuldar på ufreden; nett då han stod ferdig og skulle fara, fortel han, kom det bod om at lübeckarane hadde teki 9 hollandske skip i Drammen, og dei låg no utanfor Akershus. Men han sender ein prest, og samtykkjer elles i førevegen i alle vedtaka som vert gjorde på møtet!

Går ein ut i frå utbodet av bønder på Austlandet, 3 frå kvar skipreida, måtte det bli mange hundre bygdefolk berre i Bud om dei hadde møtt. Men ser ein bort frå Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre — og kanskje Trøndelag, erkebispen sine eigne bygder, er det vel ikkje så mange bygdefolk som har møtt. Dei fleste sende vel ikkje atterbod ein gong. Men så mange kom då både av stormenn og

andre at det vart riksmøte av. Jamvel somme som hadde sagt frå at dei ikkje kom, møtte, såleis Oslo- og Hamarbispane. Og det må ha vori rett folkesamt i Bud dei tre vekene møtet stod på. Dei høge geistlege og verdslege herrane møtte med talrikt fylgje, og så få utsendingar frå byane og bygdene var det vel heller ikkje. Dessutan møtte mange i Bud for å få ymse saker avgjorde; for såvorne riksmøte fungerte samstundes som høgsterett i landet. Eit par domsavseiingar frå riksmøtet har namneunderskriftene på dei viktigaste faste utsendingane som var tilstades. Alle dei geistlege medlemene av riksrådet møtte så nær som Bergensbisen og den danskfødde kanslaren Otto Krabbe. Ved sida av erkebisp Olav, formannen, møtte såleis bisp Hoskold av Stavanger, bisp Magnus på Hamar — nordmenn alle tre — og Hans Rev (danske). Av dei verdslege rådane møtte mågane V. Lunge og Nils Lykke, lensherrane på Båhus og Bergenhus Claus og Esge Bilde, som var syskenborn, alle 4 danskar. Ved sida av desse møtte Johan Kruckow, opphavelg av tysk innflyttarætt, som i fleire generasjonar hadde hatt medlemmer i høgste embetsverket i Noreg. Eit par danske medlemmer til var sjukmelde, like eins den framskotne norske adelsmannen Gaute Galle. Av lagmennene var vel om lag halvparten tilstades. Berre Olav Vigfastsson frå Trondheim, Guttorm Nilsson i Bergen, Hans Bagge i Steigen (Nordland) og Nils Grønn i Stavanger er nemnde — dei tre fyrste var visstnok nordmenn. Av andre som var tilstades er berre nemnde Finn Hansson, Håkon på Egge og Aslak Engelbrektsson, den siste nemnd som rådmann i Trondheim. Det er mogleg at desse var norske lågadelmenn. Det var òg «mange fleire ærlege dønnemenn». Forutan desse og fylgjet deira har det dessutan sjølvsagt vori ei mengd folk frå alle kantar som har strøymt til Bud, i denne vakre



TIL MINDE OM RIKSMØTET I BUD, 1533

seinsumartida, ikkje minst forretningsfolk og mange som berre kom for å sjå stasen. Og det må ha vori sværande vanskeleg å få for-svarleg plass for alle. Dei fleste har kanskje butt ombord på skipa sine; det har sikkert legi ein heil flåte i heile møtetida på hamna. Men sjølve folket i Bud og på dei næraste gardane: Bergset, Fager-vik, Karlsnes, Karlsvik og øvre og nedre Gule har mått ta i mot så mange som mogleg i heimane sine. Det vesle fiskeværet har nok hatt eit liv som korkje før eller sidan.

Sjølve matspørsmålet vart kanskje ikkje så vanskeleg som erke-bispen tydeleg har vori redd for i fyrstninga då han meinte det kom mange fleire til møtet, og han difor oppmoda alle som kunne, å senda mat til Bud. Erkebispen hadde såleis bedi Esge Bilde syta for at borgarane i Bergen villê føra til Bud «øll, brød og annen proviant til kjøps, mest for de sønderlenske (sønnefjellske) herrers skyld, som forventendes ere over land.» Hamarbispen sende over land ned Romsdal mjøl, malt, humle «og annen fødevare oss kunne være be-hov». Og det kom inn ei mengd andre gåver til møtet. På ei liste «Skienck i Bud», over dei innkomne matvarene til riksmøtet (i Dipl. Norv. X, nr. 670) ser vi at soknepresten til Veøy, Nils Knuts-son, gav dette: 2 stutar, 4 bukkar, 2 verar, $\frac{1}{2}$ tunne og 1 spann smør, 11 høner, 3 store ostar og 6 små pluss 3 slakte-naut. Det var såleis ikkje småting presten laut ut med, men dette vart truleg rekna likt med dei 6 visitasdagane erkebispen hadde rett til på Veøy årleg. Herr Mats i Ørskog har ikkje teki i meir enn høgst naudsynt: 9 mer-ker smør og 50 egg. Tingvollpresten, herr Peder, er derimot ein raustare kar: 1 gjeldokse, 2 gjeldbukkar, 12 høner, 3 gjæser, 8 ostar og 100 egg. Herr Peder i Kvernes gav 1 ku, 5 tunner humleøl, 2 bukkar, $\frac{1}{2}$ tunne smør og 1 t. tyntøl. Frå Stangvikpresten Gudmund kom ein gjeldokse, 2 bukkar, 3 t. myse, 5 t. humleøl, 7 ostar, 11 høner og 3 gjæser. Av dei andre gjevarane tek vi erkebispen sin ombods-mann i fylket, Esbern Erichsen, som gav 1 t. salta torsk, 1 ver, 7 hø-ner, 6 skater, 1 p. smør og 40 egg. Alf på Heggdal gav ein bukk og bonden Larans på Årøy 16 merker smør. Torstein Eriksson på Aspå, dotterson til Ivar Trondsson, gav ei tunne øl. Elles er det mange fleire gjevarar. Einskilde av dei meir forneme herrane hadde sjølv med seg mykje, t. d. finare drikkesaker, både «mumme» (tysk øl) og vin.

Det var ei tung og alvorleg tid for land og folk, det kan vi sjå dei var klåre over av dei sakene dei drøfte. Like vel har det visse-

leg her, slik det var på Eidsvoll vårdagene 1814, vori mang ei lystig stund innimellom med god drykk, kraftig mat og mang ein dryg skjemt.

Frå papira i erkebispearkivet har vi god kjennskap til dei sakene som serleg har vori drøfte i Bud. Det fyrste dei gjorde, var å overdra til riksrådet å stå for landestyringa til ny konge var vald. Førsetnaden var at det skulle skje på den sams herredagen i Kjøbenhavn i juni 1534 — ein herredag som elles aldri vart halden på grunn av innbyrdeskrigen i Danmark dei neste tre åra. Det ser ut til å ha vori full semje om dette. «Formene for rikssambandet med Danmark» heiter denne posten (punkt 5) på programlista til erkebisp Olav; og han har visseleg tenkt det skulle koma noko meir ut av møtet på dette område enn det verkeleg gjorde. Elles nemner han 1) dei pantsette Orknøyaane frå 1468, 2) Borger og andre forsvarsråder, 3) Langskipa, som er selde, 4) Framande i brodden for landsens styre, og korleis dei riv til seg jordegods, 6) Bispar som er drivne or landet, 7) Luthers «regimente» — gjeld visseleg slike ting som uroa Oluf Skrivar o. a. innanfor Lunge- og Austrått-krinsen skapte, 8) Båhus, Akershus og Bergenhus len, 9) Dei klostera som er sekulariserte, d. e. lagde inn under verdslege stormenn el-



Ein veggstokk frå gildesalen i Rustungs hus i Bud (sjå s. 69). Det er eit framifrå godt arbeid Mads Hukkelberg har gjort når det gjeld møtehuset i 1533.

ler kongen, 10) Vi føder på ei mengd lause kvinnfolk og lausungar.

V. Lunge hadde også sine saker — han tek til såleis: «Disse etter-skrevne saker er de verv og ærinder som i dette herremøte udi Bud ståendes»: 1) Dei skotske avgiftene til Noreg for Sudrøyane og Man, som vart overlatne skottekongen mot ei fast årleg utreise ved semja i Perth i 1266. Berre ei stutt tid hadde avgiftene vorti betalte etter avtalen, 2) Norske slott og len, 3) Orknøyane og Hjaltland, 4) Færøyane, 5) Island, 6) Grønland, 7) Kongevalet. 8) Noregs fri-dom og rettar, 9) Dei tyske kjøpmenn i Bergen, 10) Pund, vekt og skjegger i riket, 11) M a r k n a d e n i R o m s d a l, 12) Herremæt-tet i Danmark (i 1534), 13) Reinkalvar, 14) Ei skulestove ved kvar domkyrkje, 15) Fru Inger, 16) E i n s a g m e i s t e r (jfr. s. 43).

Ei 3. liste har vi etter bisp Olav Torkjellsson i Bergen, endå han ikkje kunne møta for skuld sjukdom. Tilsaman har han 31 anke-postar om «de brøst, som Norges Rike har lidd og ennu daglig lider under». Vi skal òg ta med dei fleste av desse, så ein får sjå korleis dei same spørsmåla i hovudsaka er i tankane hos våre beste menn, og at det var meir skort på evne til å greia flokane enn skort på skjøn på kvar det bar av, som av-gjorde landsens lagnad i denne kritiske tida: 1) Avgifta skottekon-gen skuldar Noregs krone, 2) Orknøyane, 3) Slotta og lena som er komne på utanlandske hender. Difor forfell slotta, og almugen vert skattlagd på mange måtar og pengane kjem ut or landet, 4) Island i tyske hender, 5) Færøyane, 6) Tyskarane på Bryggja i Bergen råder og rikjer for nordfararane si velferd og krenkjer andre sine kjøpstadrettar og privileg, 7) Finnane i Nord-Noreg skattar til Sve-rike og Russland, 8) Heilagdaggar vert avlagde, og kjøt vert det eti om fredagane, i langfasta og i andre fastetider (jfr. s. 66), 9) Tienda blir ikkje rett lagd, 10) Messer vert haldne på norsk, i strid med den heilage kyrkja sine skikkar og bod, 11) Borna vert ikkje døypte eller «fermde» (= konfirmerte) som dei skal vera, 12) Ein skule ved kvar domkyrkje, 13) At almugen vert væpna, 14) Om reinkalvar, 15) Om bruer og vegar, 16) At kvar får bøn-dene sine til å så rug og kveite og dyrka humle, 17) At små gardar ikkje vert lagde inn under større, 18) Pund, bismar og mælekanner, 19) Om sylv og kva pris det skal stå i, 19) Grip (fiskeværet), 20) Om saltkjelar og skogleige.

Bisp Hoskuld av Stavanger har òg lagt fram sitt «program» i Bud — også skrivi på latin. Hovudposten hos honom er kyrkja si

stode, at lutherdomen vert stogga og erkebisen får ha det fulle rådeveldet over den norske kyrkja. Dersom folket finn seg utan motmæle i innsiget av den nye læra, vert alle klostera konfiskerte, alle lena overdregne til framande styresmenn, katedralkyrkjene — og sjølvsagt dei andre — plyndra, og til slutt vert det kverrsetjing av all eiga til dei innfødde nordmenn, og riket vert sett på som arvegods under den danske krona.

Det er sers forvitnelege og allsidige opplysningar om stoda i landet vi får her. Vi kan ikkje drøfta så mange punkta noko vidare, men lyt likevel hefta oss litt ved nokre.

Når det gjeld landsens styring, er programmet tydeleg både når det gjeld lena og Vesterhavsoyane, dei gamle norske skattlanda. Riksrådet held iminsto formelt på den gamle retten sin til å ta avgjersle om lena, og det set såleis av ein tysk fut på Island og set inn dei to bispane der til skattekrevjarar. Og Færøyan, som vart bortpakta til tyske kjøpmenn, vart innlema i Bergenhus len. Alle i riksrådet, jamvel dei inngifte danske rådane, synest enno her vera fullt samde i kor naudsynt det er å verna riksens sjølvstende mot Danmark og hindra det framande innsiget i dei fremste stillingane i landet, iser i bise- og lensherreembeta. Også danskane i Noreg har fått serinteresser å ta vare på — det gjeld i minsto å halda ute medtevljarar. Riksrådet tek stort sett fast og klårt standpunkt, noko som òg kjem fram i desse orda: «Ville vi nest Guds hjelp derudi oss etter dette rikets gamle friheters skikk og ordning vel vite å skikke og holde oss tilbørligen». Men samstundes godkjende det likevel forleningane av Båhus og Bergenhus til danske menn! Men baa dei to lensmennene, Claus og Esge Bilde, var tilstades i Bud og vart der opptekne som medlemmer av rådet. Sameleis ser vi korleis alle ber dei gamle norske skattlanda i sin hug — Island, Grønland, Orknøyan, Hjalmland, Færøyan, Sudrøyan og Man. Det gamle Noregsveldet har nok ikkje gått til grunne korkje nasjonalt, kulturelt eller politisk utan sorg og svidande sår i mang ein nordmanns hug. Få stader i soga møter vi det sterkare enn på Bud-møtet. Representantane der har òg tydeleg kjensle av årsakene: Herredømet til tyskarane har breitt seg og breier seg framleies — frå Oslo til Bergen og Nord-Noreg og jamvel til Island. Striden mellom dei og iser hollendingane viser vår største veikskap, det lagnadstunge forfallet av forsvaret, då som i vår tid: Langskipa er selde, flåten er ikkje halden vedlike! Her må rettast på



Bønder på den tida då riksmøtet i Bud vart haldi.

noko. Og endå verre: Folket er våpenlaust. Det «skal forhandles så menige mann får verge». Atterreising av leidang og landevern i det heile, til sjøs og til lands, er eit hovudkrav.

Mot hanseatane er vel òg noko kravet til Bergensbispenn retta om å fremja jordbruket, iser dyrka matkorn, rug og kveite, men òg humle. Einast såleis, ved sjølvforsyningspolitikk her, kan ein frigjera seg for korn- og ølimporten til hanseatane, dette som meir enn noko anna hadde skapt maktstillinga deira i landet vårt.

For oss romsdalingar er det av serskild interesse å sjå korleis V. Lunge vil ha Romsdalsmarknaden drøft, — det er fyrste gongen at han er nemnd i saga. Eit anna økonomisk spørsmål som òg alt er aktuelt for Romsdalsbygdene, er kravet om sagemestrar. Dette heng sjølv sagt saman med den veldige oppsvingen i trelastutførsla vår som fylgjer innføringa av vasssaga.

Serleg bisp Olav Torkjelsson har utforma «Norges brøst» til eit fullstendig politisk program; at det er så rikt og mangsidig, heng vel òg mykje saman med at han ikkje sjølv kunne vera tilstades. Han er ein mann med sterk sans for alle sider av norsk liv, men han

hadde ikkje helse til større hovdingskap ved gjennomføringa av det; vi veit han døydde berre eit par år etter. Men ein har kjensla av her å stå framfor ein mann med ope sinn og fullnorsk vilje, ein som «vil reisa det som velt er, og byggja og bøta med bot som duger».

Ved sida av tanken på vårt sjølvstende og vern om det gamle Noregsveldet, landevernet og næringslivet, kjem kravet om å reisa, det vil vel her seia *a t t e r r e i s a*, ein skule ved kvar domkyrkja, ein eigen skule til å utdana eit *n o r s k* presteskap, så vi kunne sleppa import av det slaget. Dei som skulle studera vidare, fekk så, no som hittil, fara til utanlandske universitet.

Så langt som hit må ein rekna med at riksrådet og møtet i det heile stod samde. Dei danskfødde herremennene, og då ikkje minst den sløge og lærde V. Lunge (rektor og professor ved Kjøpenhamns universitet før han kom til Noreg), skjøna vel at alle desse krava også berre kunne tena deira eigne maktmål i landet. Var dei ikkje med av reint nasjonalpolitiske grunnar, så gjekk dei iminsto med av egoistiske. Skort på samsyn og samhelde møter ein fyrst når ein kjem inn på dei religiøse tilhøva. Å seia alle klagemåla bispane og erkebispnen har her, er i ser retta mot V. Lunge og vermora fru Inger. Dei var baa, det vi før har vori inne på, dei iherdigaste i åtaka på den gamle kyrkja og var serleg om seg for å dra under seg jorda til fleire kloster, som alt i Fredrik 1. si tid vart nedlagde. Namn som Munkeliv, Nonneseter, Reinsklosteret, Tautra kloster (inni Trondheimsfjorden) frå oppteikningane til bispane er alle *k l a g e m å l* mot det to, sjølv sagt òg i mot det kongedømet som hadde gjevi dei fritt spel til såvore. Alt før riksmøtet har vi fråsegner om desse inngrepa mot den gamle kyrkja — at dei var alt anna enn bra. Året etter Budmøtet (1534) har ein islandsk bisp vitja Vest-Noreg, og han skriv til bisp Hoskuld i Stavanger om inntrykket sitt: «Den nye trua og dei nye sedene som kjem frå desse utlendingane, er ikkje anna enn den største sedløysa, verda og kjøtet og den ureine ånda til glede og vilje, beint i mot Gud og menneska si frelse, til stor sorg og ugagn, som vi bed den allmechtige Gud å rå bot på, han som har makt og miskunn over all verda».

Dette siste norske riksrådet fekk ikkje dei store fylgjene som mange vona på, og som ein skulle ha venta etter «programma». Men vi får i alle fall eit tydeleg bilete av tilhøva i Noreg no, korleis det heile låg til rette. Og vi ser klårt at dei leiande menn i landet var

på det reine med den fortvila stilling Noreg var komi i og har hatt dei beste ynske om å føra vårt folk inn på bergingsvegar. Men det var ingen mann i landet som var vaksen nok til å greia dei flokute tilhøva vi var komne inn i. Så mykje vandare vart det etter kvart dei personlege motsetnadene kveste seg til mellom V. Lunge og erkebisp, som alt hadde eit hav av motsetnader i seg når det galdt landsens politiske og kyrkjelege framtid. Vi anar at det ligg noko berre i Lunges notat, punkt 15, «fru Inger». Det vert visseleg sikta til ei stor rettsavgjersle som det same riksmøtet gjorde, og der frua til Austrått var den eine part i saka. Det galdt arveretten til Giskegodset, som fru Inger no laut gje frå seg til den rette ervingen, Karin Alvsdotter (s. 40). Fru Inger slapp — etter privat semje — å bøta for at ho hadde tilvendt seg dette, like eins slapp ho betala attende innkomene ho i mange år hadde hatt av dette godset mot at ho ikkje skapte nokon vanske ved overdraginga av det.

Erkebisp Olavs «kryssingspolitikk» av planane til dansk kongen i denne tida førde til at det norske riksrådet for framtida heilt var sett ut av spelet. Noreg skulle verta ein lut av Danmark, verta p r o v i n s. Og i namnet kunne nok «Norges Røige» kverve mellom nasjonane, strykast på lista over dei sjølvstendige folka. Men det norske f o l k e t kunne ikkje med eit pennestrok eller eit vedtak strykast ut som den levande realitet det var, heller ikkje norsk folkeånd og norsk folkekjensle, jamvel om det frie liv og den frie vokster for ei tid kunna kuast og kura. Men at vilkåra og vonene for norsk folkeframtid ofte måtte kjennast små og uvisse for mang ein mann utetter dei nærmaste tider, det kan det ikkje vera tvil om.

Tilhøva både i landet og i bygdene, det den nye tida baud på, er ingen stad skildra meir levande og med sterkare harme enn i det farvelbrevet erkebisp Olav sender Esge Bilde, då han påskedagen 1537 står ferdig på Nidarholm kloster og skal fara til Holland: «Må I vite, herr Esge, at vi har spurt og udi sannhet forfaret, at Eders krigsfolk har røvet alle våre kirker, prester og sætesvenner (= erkebispens godsforvaltar, her helst Esbern Erichsen når det gjeld Romsdal) på Sunnmøre og i Romsdal og brent prestegårder og andre St. Olavs domkirkes gårder, og har hårdelig beskattet fattig almue; derhos forkrenkende og voldtagede piker og dannekvinner, hvor de fremfaret har, med mange andre ukristelige handlinger, som langt var å skrive. Har menige mann, som der byggende og boende er, sånn straff og overvold fortjent, da er det

en sak for seg. Men dersom de har fått det for vår skyld, da gjenopprette dem Gud det, og oss gjør det ganske vondt. Og på det at våre kanniker, prester, lagmenn, rådmenn, Trondheims borgere, anhengendes venner og vårt stifts menige innbyggere ei skulle sånn jammer, nød, skade og forderv lide og overgå for vår skyld, ville vi udi den Hellige Trefoldighets navn oppsøke oss en annen og vennligere nabo enn I er.»

Som ein ser, er det nett folket i v å r e bygder og den framferda dei har vori utsette for av Kristian 3.s krigsknektar, som erkebispem hadde den siste tanken for: «Gjenopprette Gud dem skaden». — Det er mogleg det er som han seier, at han fôr fra landet for å berga undergjevne, fylgjesmenn og vener. Det er greitt at all von skulle ikkje vera ute for honom om det kom ei 200—300 herfolk hit opp. Men slik dei for fram, skapte dei sorg og jammer i tusen av heimar som han personleg hadde det største ansvar for. Kanskje har han òg — det er mykje truleg — hatt ei førekjensle av at helsa og livet ikkje rakk til å føra hans kyrkjeleg-politiske program for Noreg i gjennom; for han må alt ha vori ein merkt mann. Alt i februar året etter døydde han. Budmøtet vart liksom ein siste loge med det same ein grev eldsvarmen ned i oskehaugen. Det samlande rikssentrum var borte med riksrådet og erkebispem, og tragisk vart lagnaden til dei andre norske bispane òg på grunn av desse hendingane. Hoskuld i Stavanger vart avsett, Magnus av Hamar vart dansk statsfange resten av sitt liv, Olav i Bergen døydde. Av alle kyrkje-fyrstane på Budmøtet var det berre den elastiske danske bispen Hans Rev i Oslo som gjekk inn i «nytida» og reformasjonen. Det var heller inga plagsam nasjonalkjensle som skapte vanskar for han.



Frå Romsdalen.

FRÅ REFORMASJONEN OG FRAM TIL EINVELDET

DEN NYE TRUA OG DEN NYE POLITIKKEN.

Med hendingane i 1536—37 søkk landet vårt djupare ned i politisk og nasjonal vanmakt enn nokosinne. Det finst inga sentralmakt lenger til å ta vare på landet sine interesser, og vi har ingen mann lenger som kunne samla folket omkring seg slik kongen eller erkebispem gjorde det før. All sjølvskriven førarskap var avsett. Den danske kongen og det danske riksrådet greier òg med alle dei norske sakene. Også lokalstyringa er underlagd det danske herreveldet. Slott og len er no berre til for den framande adelen. Noreg er vorti «ledemot» av Danmark. Det er provins og vert utnytta som provins. Alle skattar og innkomer går beinveges frå kvar lensherre til kongens kasse i Kjøbenhavn. Ingen spør lenger om det finst norske krav som bør fremjast. — Religiøst sett er det heller langt frå bra. Religionsskiftet kom som påbod og forbod, ikkje

som ein trong til rikare liv. Reformasjonshundreåret vert difor truleg det svartaste i vår soge. Om det kanskje ikkje vart så gale som Peder Claussønn Friss († 1614) fortel frå Telemark, var det likevel ille nok over heile landet. Der er «innbyggerne onde, ugudelige, harde, ville, og opprøreriske folk. Det meste manndrap som gemenlig udi Norriges rike skjer, tildrar seg udi Tellemarken, nogle uforskammede djevens kroppe med hor, mord, manndrap, kjetteri, løslevnet, slagsmål og andre hoshengende laster.» Der har det vori «den største lyst» frå gamal tid å drepa bispar og prestar, futar og lensmenn. 7 prestar er avliva berre i eitt len, seier han. «Jeg har kjent en, som der var født, hvis fader hadde ihjelslaget 3 prester, og når denne var drukken, bad han Gud, at han ikke måtte dø før enn han og hadde slaget så mange prester ihjel.» Desse «djevens kroppe udi Tellemarken» er vel helst som folk flest: det er ein rasande prestemann som ser svart og skildrar tilhøve og menneske deretter; grunnen er vel at telebøndene ikkje vil bøya seg for den nye tiendeskipnaden, noko heller ikkje romsdalsbøndene ville, det vi straks skal sjå. Vi har berre ikkje noka skildring av desse motsetnadene i Romsdal. Peder Claussønn er ein av dei få som gjev seg av med noka skrivning på den tida. Men om skildringane hans er overdrivne, treng dei difor ikkje vera grunnlause.

Noka uro for skuld den nye læra veit vi ikkje om i Romsdal etter 1537. Overgangen har visseleg ikkje skjedd så fort i slike avsidesliggjande bygder. Soknepresten til Veøy, Nils Knutsson (s. 75), var visseleg like god katolikk etter påbodet i 1537 som før. Som så mange andre kallsbrør gjekk han, i namnet, over til den nye læra, gav opp latinske bøner og messer og preika på dansk eller Veøymål til sokneborna sine — om ei lære han helst lite kjende noko til. Det gjekk då som det ofte går i tvangssituasjonar: det gjeld å berga levebrødet. Få hadde nok innhald eller råd til å stå fast med ei overtyding. Ettermennene til Nils Knutsson lyt ein derimot tru var fullblods lutheranarar, fyrst *Steffen Olavsson* (1558—76) og deretter ut resten av hundreåret *Nils Lauritsson Arctander*. Herr *Hans*, som var sokneprest i Grytten på reformasjonstida, berga sikkert embetet sitt på same vis som Veøypresten. Ettermennene *Nils Jensson Jemte* (ca. 1550—1581) og *Morten Justsson Cimper* (1581—1606) må ein tru har fått opplæring i Lutherlæra. Medan den fyrste var ein rimeleg mann, hadde Morten Justsson eit anna lynde, synest det. Han låg i ein ustanslegg strid

med grannane sine på Setnes og Sogge om beiterettar og seterhamning o. a. (Sjå M. Rogne: Grytten prestegjelds kallsbok, s. 51 fg.). I det tredje prestegjeldet, Aukra, var truleg Olav Tordsson (1542—72) ein rett-truande lutheran, men om «meister Harald», som skulle vera føremannen hans (etter oppteikningar frå 1677, fortalt då etter ein mann på 74 år — sjå R. Sogelags årsskrift, s. 1924), er det sagt at han pla lesa på presteband, d. e. rosenkrans, slik skikken var i den katolske tida. Olav Tordsson vart elles avsett, då han kom i skade for å gjera den minst prestelege av alle gjerningar: å slå i hel sin eigen son. Det var vonleg eit uhende — det heiter at presten trudde det var ein fiende. Likevel var det ikkje bra. Det hende i hans eigen heim. Til ettermann fekk han P e d e r A n d e r s s o n (1572—1601), res. kap. i Bud før han kom til Aukra.

Det er full grunn til å tru at det har teki lang tid før romsdalingane fann seg så nokolunde heime i den nye trua. Dei har tvillaust likt skiftet dårleg og så lenge som mogleg haldi seg til Heilag Olav og Jomfru Maria. I fleire av bygdene våre går det segner om holer eller hellerar som vart nytta av bøndene til å driva katolsk gudsteneste i etter reformasjonen.

Vi hugsar at den katolske kyrkja hadde vori svært rik. Ved sida av jordegodsar gav iser ti enda svære innkomer. Før reformasjonen vart ho skift i 4 like luter. Den eine, bondeluten, skulle vera til dei fattige i sokna, og det var bøndene sjølve som styrde med denne. Det nye styret fastsette at tienda heretter berre skulle bytast i tre, til kongen, kyrkja og presten. Bondeluten fall altså bort. Det var naturleg at bøndene vart harme for dette, ikkje minst av di at det berre førde med seg nye byrder på dei, som i alle høve laut syta for dei fattige i bygda. Alt i 1538 tok dei til alle stader utover i landet å nekta å levera frå seg bondeluten. Det vart å seia ein ståande strid utetter hundreåret. For dei fleste bispedøma kom spørsmålet fram på herredagen i 1578. Herredagen var samansett av hitsende danske herremenn, helst riksrådsmedlemer, og stundom vart òg ymse lensmenn og lagmenn i Noreg tilkalla. Herredagen representerte no den høgste domsmakta og hadde òg ofte lovgjevingsmakt (gav recessar). Denne herredagen avgjorde, merkeleg nok, spørsmålet ulikt for dei ymse landsluter. Romsdalsbøndene vart dei fyrste som fekk sin vilje: tienda skulle heretter bytast i 4 luter som før. Ei liknande rettarbot fekk resten av Nidaros bispedøme nokre dagar etter. Men i Oslo og Hamar bispedøme kom herredagen til

det heilt motsette resultatet. I rettarbota for «Kongelige Majestets undersåtter udi Romsdalen» frå dette året heiter det: «De klager over at tienden må skiftes udi tre parter og ikke må skiftes udi fire, ettersom av arilds tid brukelig har vært. Om dette har vi for godt ansett, at tienden etter loven og gammel sedvane skal skiftes udi fire parter, og de tre parter til kongen, kirken og presten, og bonden den fjerde part (bondeluten) å oppberge etter Norgis lov». Det er unekteleg ei underleg innrøming Romsdalsbøndene her fekk, når det elles ikkje vart ålmenn regel. Men vedtaket vart visseleg motteki med stor glede, for mykje fattigdom har det nok vori i dei fleste bygdene våre. Vi hugsar at jamvel i skattelistene frå 1520 møter ein ikkje så sjeldan tilført mannen i manntalet «nihil habet» eller «pauper», d. e. «eig ingenting», «fattig». Og her var nok helst berre dei eigenlege skatteborgarane med, eignedomsfolka. Denne ordninga med bondeluten var såleis i røynda ein stor skattelette — så lenge det varde. Ein mannsalder etter kom kravet på nytt for heile landet om tredeling, og ho vart no i hovudsaka gjennomført.

Rettarbota frå 1578 fortel om eit anna viktig klagemål òg som Romsdalsbøndene hadde framme på herredagen — mot kyrkja, eller rettare: mot prestane sine: «Den 10. september år 1578 etter Guds byrd var skicket herudi Trondhjem på rådstuen noen av høgstbemelde Kong. Majestets undersåtter udi Romsdal, som på deris egne og menige manns vegner der sammesteds gav oss tilkjenne noen brøster og besværing, hvormed de beklage dennom å besvergis — --. Og som de for det første gir tilkjenne hvorledes, at når noen mann eller kvinne dør og avgår, må de give presten en ko, endog de ikke eige så møgit, og udi brudevigelse en halv daler eller en våg fisk, og sameledis udi kirkegang et halvt pund smør eller et pund fisk. Dessuten udi offerøre et pund fisk eller et halvt pund fisk.

Da har vi derpå på høgstbemelde Kong. Majestets nådigste behag gitt dennom sådant svar, at de udi alle måter med det, de således er presterne pliktige å utgi, skulle ha dennom å rette etter de recesser herr Trudt Gregersen, herr Claus Bilde og så herr Jørgen Løcke med flere Kongl. Majestets råd og tilforordnet derom gjort har, og dersom presten derover besverge bønderne, da skulle han stå dennom til

rette for stiftslensmannen og superintendenten (bispen) og det i gjen gi bønderne, som han der over tar, og tilmed straffes som det seg bør.» Her får bøndene grei hjelp av herredagen mot prestane, som synest ha drivi det i vidaste laget som «matprestar», tvillaust til det ulovlege. Dette heng vel atter noko saman med at det var jamnast ikkje serleg utvalde folk som kom fram til presteembeta i dette hundreåret; ein kan berre tenkja på ein slik ein som presten Graut-Mass. Kraftkarar trongst meir enn opplæring i mang ein kyrkjelyd, — Peder Claussønns ord stadfestar tydeleg nok det. Villskapen i folkelivet i denne tida då den gamle trua var fordømd og banna som kjettarskap og få hadde fått noko feste i det nye, er naturleg nok. Folk har lite å halda seg til kvar dei vender seg. Modige og myndige og sterke menn, som kan halda styr på ein bondehop, vinn i slike tider lettast både age og vyrdnad. Og dei greidde alltid å lesa ei preike etter ei av dei mange homiliebøker (preikensamlingar) som etter kvart kom ut. Når elles presten greip for djupt ned i matfatet åt bøndene, kjem det visseleg òg av at prestane hadde mykje ringare kår etter reformasjonen enn før. Ikkje betre vart det alltid at kyrkjelydane sjølve hadde rett til å kåra sin eigen prest — slik det vart frå truskiftet og fram til 1660. Det vart mange grunnar som vog for bøndene ved tilsetjinga; iser nytta dei kallsretten sin til å pruta ned presteavgiftene, altså: dei tok den dei fekk billegast. Ein annan vart tilsett for di han var så flink til å syngja kjempeviser, ein tredje på grunn av andre eigenskaper folk tykte om. Alt dette måtte veikja kyrkje og presteskap mykje. Kring 1600 synest det likevel å bli ein snunad til det betre, noko som fyrst og fremst heng saman med at kravet til opplæringa av prestane blir strama og at presteskulane ved domkyrkjene kjem i forsvarleg gang.

Rettarbota frå 1578 nemner ikkje nokon prest ved namn. Det skulle tyda på at bøndene si klage peika på ting som var heller ålmenne. Likevel er det uråd å tenkja seg prestekravet om å få ei ku når nokon døyr «endog de ikke eige så møgit», kan vera ålmengjeldande jamvel for tilhøva i reformasjonshundreåret. Ein må nok gå ut i frå at klaga er s a n n, at slikt var hendt, elles kunne bøndene umogleg ha komi fram på herredagen med henne. Dei har hatt sine prov i orden. Men det må vera serskilde tilfelle, unntak. At prestar ikkje var likare i den katolske tida, fortel saga om kona på Brattvoll (s. 21). Det orsakar likevel ingenting. Vi ser tydeleg

her at det religiøse og moralske livet i bygdene våre på denne tida må vera alt anna enn godt. Korleis skulle folket vera, når sjølv førarskapen synte seg hard og grådig jamvel mot dei som sat tyngst i det? Sjølv presten var skamlaus nok til å bryta lov og rett. Slikt skapte eit prestehat både i Romsdal og andre stader — det Peder Claussønn best tolkar (s. 85) — som sat i lenge etter at grunnen til det var borte. Vi veit om bygder som jamvel søkte kongen om å sleppa ha nokon prest i det heile. Bra folk likte lite å bli prestar. Det vart prestemangel òg, og i dette hundreåret vart fleire soknekall slegne saman til eitt.



Den gamle hovudkyrkja på Veøy og Veøy herregard (prestebustaden før).

KYRKJA VERT NYSKIPA I ROMSDAL. REFORMASEN FRÅ 1589.

I 1589 kom heile kyrkjekipnaden nordanfjells i støypeskeia — ved den såkalla «Trondhjems Reformats». Alt nokre år før (1586) hadde kongen, Fredrik 2., pålagt lensherren på Trondheim kongsgard, Christian Friis, og bispemogensen Hans Mogensson å reisa omkring i bispedømet, d. e. alt Noreg nordanfjells, og regulera dei kyrkjelege tilhøva. Gjennom Friis hadde kongen fått kjennskap til «at der udi stiftet fast uskikkelig og utilbørlig tilgåar med guds-

«tjeneste udi nogle av landskirkene.» Serleg ille var det der busetnaden var mest grisen «så de som var noe vidt bosittendes og bor udi anneksene, fanger sjelden prediken og Guds ord å høre, med-



Altertavla i den gamle Rødven kyrkja. (Sjå R. S. I., s. 166).

mindre de nogle miles vei ville reise til kirken, dennem ikke uten ringe besværing både udi deres salighets sak og for andre tilfældende leiligheter, uansett de såvel som de andre hos hovedkirken rikeligen utgi deres rette og tilbørlige presterente og rettighet.» Kongen vil ha ein snunad i dette, så «slik uleilighet kan bli avskaffet

og almuen ikke skal på deres salighet forsømmes.» Difor «bede vi Eder (bispen), befale og nå ved dette vårt åpne brev fullmakt gi at I med det første begi Eder udi stiftet, granske og forfare derom all leilighet og hvor seg uligelig handel og forsømmelse finnes, at I da forordne at ett gjeld gjøres til to, eller og, om den leilighet ikke kan være, at I da forholde, befaler og pålegger prestene flere kapellaner å holde — —». I det same brevet vert det òg haldi fram at dei samstundes må freista å avgrensa «betleriet», som breier seg slik i alle bygder, til stor skade.

Lensherren og bispen og deira hjelpesmenn (2 kannikar) gjekk så i gang med etterrøkingane sine i bispedømet, og dei fann at det stod ille til mange stader. Det fanst nok av dei som lite visste både «om Gud og sin salighets sak». Somme stader var det mest uråd for folk å koma fram til kyrkja, slike avstandar det var. Det vert såleis opplyst at det er 15 km i rett line frå Aukra kyrkja til kyrkja i Bud, men etter leia er det 23 km, mellom Bud og Hustad er det 10 km i luftline, men sjøleies, som folk helst fôr eller måtte fara, var det dobbelt så langt. Og folket på gardane i Eikesdal hadde både to og tre mils kyrkjeveg til Sira i Eresfjord før dalen i 1860-åra fekk si eiga kyrkje. For Finsetfolket t. d. var det såleis over 6 mil å fara fram og attende, fyrst 11 km ring bygdeveg eller rideveg, så var det å ro Storvatnet eit par mil, og så endeleg atter landvegen 4—5 km. Fram til kapellangarden på Nesset var det endå eit par mil; så skulle dei innom presten, vart det over 10 mils ferd å fara. Ein kan tenkja seg ei gravferd eller brudeferd under slike tilhøve! Folk måtte ha både tid og tolmod. — Andre stader hende det at det stod to kyrkjer rett nære kvarandre, noko som sjølvsagt var uturvande. Men kommisjonen opplyser at bøndene ville ha det slik, med gudsteneste i den eine berre eit par gonger om året. Og då heldt dei store gilde der — rettaste namnet på dei hadde vori ø l - k y r k j e r ! Granskingsnemnda tek oppgåva si samvetsfullt, og resultatet av arbeidet hennar har vi i »Reformatsen». Om Romsdal finn ein desse opplysningane:

Akkerøe gjeld (d. e. Aukra pg.). Derudi er 7 kirker og kapeller tilhope regnet:

- 1) A k k e r ø e n hovedkirke, bønder ungefær (om lag) 50.
- 2) V o g e (Vågøy) ligger fra hovedkirken i øster $\frac{1}{2}$ vegsjø (mil), 40 bønder. Disse kirker skulle betjenes av en prest, tre hellige

dager ved hovedkirken, den 4. i Voge. Men i de tre store høgtider skal skje tjeneste der den 3dje helligdag.

- 3) Bue (Bud), ligger fra hovedkirken 5 fjerdingvei i nordvest, 50 bønder.
- 4) Hustad kirke ligger fra hovedkirken udi nord $\frac{1}{2}$ vegsjø, 40 bønder. Disse to kirker skal betjenes av en kapellan, residerende udi Bue, to hellige dager i Bue og den tredje udi Hustad kapell.
- 5) Hareid (Harøy) kirke ligger fra hovedkirken 1 vegsjø udi syd, bønder 10.
- 6) Sandø kirke ligger fra hovedkirken 1 vegsjø i sydvest, 8 bønder.
- 7) Onen (Ona) kirke ligger fra hovedkirken $1\frac{1}{2}$ vegsjø i vester, 20 bønder. — Disse tre kirker skulle betjenes av en domestico kapellan (d. e. personell kapellan), udi Onen to hellige dager etter hverandre, udi Sandø og Hareid hver tredje helligdag per vices (skiftevis).

Årlig presterente ungefær: Ad mensam (til «prestebordet» av benifisert jordegods) 18 spann. Tiende ungefær: Korn 20 tønner, fisk 30 våger, ost 3 våger, laks 2 pund, spekk 1 eller 2 pund. Offertoll 1 pund korn av hver formuende mann. Pusefe, (d. e. pengar for brudevigsle, av det franske ordet for brur: e p o u s e), kirkegang, utferd (d. e. likferd) etter recessen. På prestegården kan såes 10 tønner, kan holdes melkekjør 13. Residens udi Bue (d. e. kapellanen som bur i Bud) skal ha av prestens rente av offertoll, pusefe, kirkegang og utferd udi Bue. Dessuten skal han ha hva Kong. Majestet ham gunstigen forunnt har og bøndene sammesteds ville forhjelpe til hans underholdning. Dommesticus, huskapellanen, skal ha fri kost og 12 daler udi lønn.

Vedøens gjeld:

Derudi er 9 kirker, som av tre prester skulle betjenes. Mantallet for hele gjeldet er over 300 mann.

- 1) Vedøe hovedkirke.
- 2) Bolsø ligger fra hovedkirken mot nord $\frac{1}{2}$ vegsjø.
- 3) Rotveien (= Rødven) kirke, ligger fra hovedkirken $\frac{1}{2}$ vegsjø udi sydost. — Disse tre kirker skulle betjenes av en prest tre hellige dager etter hverandre ved hovedkirken og den fjerde udi Bolsø og Rotveien per vices (skiftvis).

- 4) Kleive kirke, ligger fra hovedkirken udi nord $1\frac{1}{2}$ vegsjø.
- 5) Vestnes kirke, ligger fra hovedkirken udi syd 1 vegsjø.
- 6) Tresfjord kirke, ligger fra hovedkirken 2 vegsjø udi sydost.
— Disse tre kirker skulle betjenes av en prest to hellige dager udi Vestnes, den tredje udi Tresfjord, den fjerde udi Kleive.
- 7) Rye (Rød = Eidsvåg) kirke, ligger fra hovedkirken i nordøst 2 vegsjø.
- 8) Vistdal kirke, ligger fra hovedkirken udi øster 2 vegsjø.
- 9) Erichsfjord (Eresfjord = Sira) kirke, ligger fra hovedkirken 3 vegsjø udi øster. — Disse tre kirker skal betjenes av en residerende kapellan (kapellangarden blir snart Nesset) per vices (skiftevis).

Årlig presterente ungefær: Ad mensam (til «prestebordet») 30 spann. Tiende ungefær: Korn 80 tønner, ost 6 våger, fisk 20 våger. Offertoll: 2 pund korn av hver formuende mann. Pusefe (sjå Aukra), kirkegang og utferd etter recessen. Kan såes til prestegarden 3 tønner. Holdes melkekjør 6. Den residerende kapellan (i Rød, Vistdal og Eresfjord) skal ha en av prestens jorder beleilig beliggende udi et av anneksene han betjener. Dertil av offertoll, pusefe, utferd og påskeoffer udi samme anneks. Dømmesticus (huskapellanen, som serleg greier Vestnes, Tresfjord og Kleive kyrkjer?) skal ha fri kost og 10 daler i lønn.

Grytten gjeld:

Derudi er 5 kirker, som av en prest skulle betjenes. Udi Grytten hovedkirke skal skje tjeneste 2 hellige dager etter hverandre, den tredje i Vold, den fjerde i Eids kirke. Udi Isfjord skal skje tjeneste 4 ganger om året, udi Kors kirke 3 ganger. Bønder udi gjeldet 150.

Årlig presterente: Ad mensam 4 spann. Tiende ungefær: Korn 20 tønner, ost 5 våger. Offertoll: 2 pund korn av hver formuende mann. Pusefe, kirkegang og utferd etter recessen. Kan såes til prestegarden 10 tønner. Holdes melkekjør 12.

*

Som ein ser er det forvitnelege opplysningar granskingsnemnda gjev oss i «Reformatsen». Vi får grei rettleiing om sjølve kyrkjeskippnad og inndelingar av gjeld og anneks, vi får påliteleg opplysning om dei 21 kyrkjene og kapella i futedømet, og vi får verdfulle



Interiør frå den gamle Rødven kyrkja. (R. S. I., s. 166).

opplysningar om folketalet (det vi har nytta ut s. 52 fg.) og om skattar og avgifter. Kvar får her grunnlag til eigne verdsetjingar og fun-deringar over busetnaden den gongen og no, og om tilhøva mellom dei indre og ytre Romsdalsbygdene. At Ona har 20 «bønder», kan ein knapt ta etter bokstaven, det er nok fiskarheimar det gjeld. Ein kan kanskje gå ut i frå at folketalet er 5 gonger så stort — fattige finst vel iblant òg —, og då skulle øya ha berre litt lægre folketal enn i vår tid. I 1930 budde det 165 menneske der ute bytte på 29 heimar. Medan fisket var på det beste, var det sjølvsagt då, som seinare, mykje meir folkesamt der.

Ei hovudoppgåve for kommisjonen har det sjølvsagt vori å få ein forsvarleg og fast kyrkjeskippnad. Men dei opplysningane som kom fram på herredagen 1578, var visseleg slike at dei styrande òg såg det naudsynt så tydeleg som råd å slå fast dei krav og rettar bønder og prestar hadde andsynes kvarandre. Det var nett klagemåla over misbruket av «pusefe, kirkegang og utferd» som bøndene sterkast bar fram på herredagen. Reformasen er såleis tydeleg sett opp slik at «en part gjerrige og umettelige prester» ikkje skal ha høve til å forsyna seg meir på bøndene sin kostnad enn dei med rette skulle ha.

Av dei tre prestane ved hovudkyrkjene er det serleg Veøypresten som er ein mektig herre òg set romsleg i det — kvar kan gjera sine jamføringar på grunnlag av opplysningane ovanfor. Som vi har fortalt (s. 29), var Veøy like eins som Borgund og Tingvoll, kannikgjeld frå gamalt, slik at prestane her var med i domkyrkjerådet (domkapitlet). Ved truskiftet vart det slutt på denne skipnaden, men den gamle vyrdnaden fylgde med embetet, og like eins store økonomiske føremoner. Etter rekneskapen til Veøykyrkja i 1648 låg då desse gardane til kyrkja: Berg, Vågsæter, Hovdenakk, Torhus, Malo, Hungnes, Mek, Nesje, Eikrem, Nedre Årøy, Strande, Sølsnes, Berg, Fjellsæter, Kleive, Bergsvik, Indre Horsgard, Høvik, Ytre Horsgard, Tjelle, Sæter, Eikesdal, Ut-Bogge, Berset, Langset, Klokset, Arnesæter, Reiten, Ranvik, Stübøen, Gribbestad, Eidsskog, Nedre Hengnes, Slemmen, Slettfjerdings, Indre Mittet, Elgenes, Frøyset, Eidsvoll, Frisvoll, Ryjord, Norvik, Ytre Sandnes, Ora, Hammarvoll, Eide, Hunnes, Torvik, Månsås, Reistad, Marstein, Oksbåsen, Breivik, Kavli, Rømmem, Indre Kavli, Farkvam, Hjellvik, Vik, Kallset, Stoistrand, Vike, Øvstedal, Leirvåg, Hjellset, 2 Eidhamargardar («disse to er utlagt til klokkeren»), Krokstad, Tomren, Frostad, Fiksdal,

Gjermanes, Villa, Rødset, Stavik, Beinset, Misund, Blø, Uglevik, Småge, Elgenes, Voll, Kløvset, Rød, Sylte, Vikane.

Alt i alt har vi her ei gardsamling på 88 gardar, bytte utover alle bygdene i fylket. Det bør likevel merkast at mange av desse gardane er på fleire bruk, og at det ofte berre er det eine bruket som ligg til Veøykyrkja. Dessutan åtte kyrkja berre «laus landskyld» når det galdt somme av dei. Etter ei seinare oppgåve er dette kyrkjegodset på 63 våger, 23 merker + 8 merker smør. Og alt dette fylgde kyrkja heilt til jordegodset vart selt til bøndene i 1781. «Kirken var utvilsomt en av landets rikeste landskirker», seier O. Olafsen i Veøyboka (I, s. 413). Styringa nytta difor ofte makta si til å fremja andre mål med rikdomen til Veøykyrkja. Fleire kyrkjer, såleis domkyrkja, Røroskyrkja, Insetkyrkja o. a. fekk hjelp herifrå. Like eins Trondheim lærde skule, dvs. Katedralskulen.

BONDEN OG SAMFUNNET.

SKATTAR, LANDSKYLD OG FUTESTYRE.

DEN FYRSTE SAGBRUKSDRIFTA.

Av det vi nett fortalde om kyrkja, kan ein lett skjøna at ho — som på denne tida knapt er noka vidare kulturmakt i folket og såleis kunne gie det fulle vederlag for seg — med sine økonomiske krav og pålegg skapte mang ein krøkt bonderygg rundt i bygdene og ol fram ikkje så lite av misnøye og uvilje mot seg. Rettarbota frå 1578 fortel det tydeleg nok. Men denne rettarbota fortel meir. Ho fører oss også inn i dei stridane bøndene hadde med den verdslege styringa og overmakta. Samstundes får vi ikkje så få glyttar inn i næringslivet i bygdene. Skattar og avgifter i korn og smør og fisk fortel mykje, ja, mest. Men hand i hand med dette kan ein skjøna at det gamle veidelivet i skog og mark og i fjellet enno spelar ei reft stor rolle.

Rettarbota syner at bøndene i serleg grad er svært misnøgd med bygseltilhøva. No som før reformasjonen er dei fleste bøndene, minst $\frac{2}{3}$, leiglendingar. Dei som før var under erkebispestolen, er no, sidan kongen drog inn bispegodset, vortne «kronens» bønder. Og som vi nett har sett, var ein brote jord «mensal-gods», kyrkjejorda til Veøy t. d. Og vidare veit vi at nett på denne tida, i 1582, var det også ikkje mindre enn 57 gardar i Romsdal som høyrde til Giskegodset. Og endeleg var det òg i våre bygder eit mindre tal av

bønder, storbønder, som åtte fleire gardar, og såleis laut bygsla bort somme. Det ålmenne misnøyet blant alle bygselsmennene kjem tydeleg fram i rettarbota («recessen»). Romsdalsbøndene har haldi fram i Trondheim «at Kongl. Majestet's foged ville råde all bygsel og at de hvert tredje år må gi hanom av hver gard 6, 8 eller 10 daler, som den er til, hva heller det er kirkegårder (d. e. gardar som ligg til kyrkja) eller annen bondegårde, Gud gi hvor liten part han har derudi, så og når fogedskifte er, må de feste



Frå Harøy (Røsok-vika).

gården på ny.» — «På Kgl. Majestet's nådigste behag» har herredagen «givit dennom den beskjed, at om bygsel skal holdes etter Nørgis lov.» Atter får bøndene medhald. Inga sjølvtekt skal tolast av futane. Og det vert sett opp tydelege reglar om hopehave mellom futen og bygselmannen eller bonden. Det kan vera vandt nok, for eignedomstilhøva var blanda og ofte flokute. Men «når Kgl. Majestet har mest udi gården, skulle Kgl. Majestet's fogder på Hans Majestet's vegne råde bygselen, og hvor bonden har mest, da bør honom å råde bygselen, og hvor Kgl. M. og bonden har like mye, bør kongens foged råde for bygselen.» Og når det gjeld bortfestinga av gardar elles «så har vi på Kgl. Majestet's nådigste behag for godt ansett, at dermed skal holdes udi forannevnte Romsdal etter som udi Trøndelag så vidt seg kronens og det geistlige gods

belanger, så bonden ikke skal feste sin gård mere enn en gang udi sin tid, all den stund han ellers holder gården ved makt og utgiver derav hva honom bør årligen etter loven.» Og finst det nokon av dei kongelege futane som heretter «besverger noen kronens eller stiftets bønder med deres gårder å feste tiere enn en gang, som det foran står, da skulle de dette igjen gi bonden, og dertil med straffes, som det seg bør.»

Dette spørsmålet bøndene her har fått fram for herredagen, gjeld ein uting som var mykje ålmenn ut gjennom dansketida. Både futar og andre som sjølve var eller representerte eigedomsmenn, nytta dei mest utspekulerte måtar til å få inn på bøndene omframavgifter. Ei av dei verste var denne fornyinga av forpakinga kvart tredje år («tredjeårstaka»), som dei freista driva i gjennom, endå bøndene skulle ha garden på livstid når dei fylte avtalepliktene. Ein sterk auke i folketalet på denne tida (s. 56) og dermed mykje større etterspurnad etter jord gjorde det så mykje lettare for fut eller jordherre å driva i gjennom slike tillegg som «tredjeårstaka». Ho vart fyrst endeleg forboden med lov i 1684. Og etter dei prisane som var den gongen — jamfør årsløna på 10—12 dalar til personellkapellanaue på Aukra og i Veøy, var det tvillaust den mest hardsette utpressing å krevja av bøndene ein omframbygsel kvart tredje år på 6—10 dalar, slik rettarbota fortel. Så det var ikkje så underleg at herredagen gav dei medhald og sette futane på plass, endåtil med trugsmål om straff om det kneip. — Ein annan ting var det at kontrollen til den danske styringa jamnast var så veik at både dette og andre gode vedtak ikkje greidde å stogga ustanseleg oppatt-taking frå nye hækne futar eller jordherrar. Vår soge har rikelege vitnemål om det. Og dei «store» heldt også oftast så mykje saman at når liknande saker kom opp, smatt syndaren unna både attendebetaling og straff. Like vel vitnar då rettarbota for Romsdal om god vilje og sterk rettskjenning hos dei danske herredagsmenn.

Andre ankemål dei bar fram i 1578 i Trondheim, syner det same: Dei vil få betalt bygsel-, leidangs- og tiendeavgiftene sine i pengar. Det heiter såleis: «Derhos ere de begjærendis å måtte igjen bekomme tilkjøps den tiende og leding de utgi.» Og på kongens «nådigste behag» har herredagen «bevilget, at enhver som det vil, må beholde sin anpart av tienden, så vidt han er pliktig å utgi for et billig og alminnelig

kjøp, etter som prosten og kirkevergene det settendis og vurderendis vorder.» Det som då blir fastsett, skal til rett tid betalast til kyrkjeverjene; og kyrkja sin del (vi hugsar tienda vart delt i 3 luter, s. 87) skal han ta vare på og nytta berre «til kirkens bygning og beste og til intet annet.» Det er rett forvitneleg med denne freistnaden til bøndene på å få omgjort vare- eller natural-ytingane sine i pengar. Så sterk prisstiging det hadde vori på 1500-talet på alle vareslag, iser på korn, som no vart betalt med det 3—4-dobbelte mot eit hundre år før, måtte det vera ein stor føremon å betala med pengar i staden for med vare. Det er fyrst og fremst tilgangen på gull og sylv frå Amerika etter dei store oppdagingane som skaper denne sterke prisstiginga over heile Europa i det 16. hundreåret. Det kan òg tenkjast andre grunnar spelar inn. Det er mogleg at mange bønder avla så lite av dei tiendepliktige varene, at dei beint fram sjølve var nøydde til å kjøpa att av dei hos andre. Dei rekna då truleg med at dei kunne få betre kjøp på sine eigne varer. I praksis kjem det ut på eitt; i båe høve vil og lyt dei betala med pengar. Spørsmålet vart då berre at dei kunne bli samde om vareprisane, — ein pris som naturleg nok snart ville «stabilisera» seg og bli fast frå år til år på staden. Herredagen høyrest ikkje urimeleg ut, det skal vera eit «billig og alminnelig kjøp». Denne skipnaden var ikkje — eller vart ikkje — vanleg i landet. Det synest som om romsdalingane må ha hatt serleg gode talsmenn for seg i Trondheim slik dei får framgang i sak etter sak. Andre saker dei bar fram, peikar i same lei. Såleis klaga over *l e v e r i n g s s t a d e n* for leidang og landskyld. «Sameledis gir de (bøndene) tilkjenne, at de årligen må føre deris leding (no ein vareskatt) og landskyld til Bergen og dermed li stor besværing, hvilket de udi gammel tid ikke gjort har; da har vi derom så for godt ansett, at kronens og stiftets tjener heretter årligen skulle føre deris leding og landskyld-gjeld til de *s t a b o d e r*, som av arilds tid sedvanlig har vært, og der skal kongens foged pliktig være den å annamme (ta i mot), og ikke besvære bonden med å føre den *l e n g e r*.» Dette skjønar ein er ei svært viktig rettarbot for bøndene, då det måtte kjennast svært urimeleg at dei frå kvar kronen av bygdene våre skulle sjølve syta for å få leidang og landskyld til Bergen! Vi må hugsa på fargreiene då.

«Fremdeles beklager de at hvor de skal utgi to sauge mark, må de nå utgi en daler eller 4 mark. Da etter Kongl. Majestets brev

om slik møntens forandring til undersåttene i begge rikene Danmark og Norge (Noreg vart altså framleis sett på som eitt rike for seg, jfr. s. 81 fg.) er utgangene, skulle enhver ha seg deretter å rette til Kgl. Majestet det selver annerledis forandrer.» Dette siste siktar til det store pengefallet, som serleg gjekk for seg i midten av 1500-talet, sterkast under 7-årskrigen (1563—70), slik at det gjekk oml. 4 mark på 2 lodd sylv (= 1 dalar, sjå s. 18). For å auka skatteinnkomene vart det så i 1572 fastsett at marka og all mindre mynt skulle skrivast ned til helvta, dvs. at skattane i gjeldande mynt skulle doblast, — det galdt elles berre skattar som vart betalte med pengar. Herredagen i 1578 handsama ei mengd klager over dette frå mange kantar; alle vart avviste, men desse skattane vart i 1586 nedsette med oml. $\frac{1}{3}$ likevel — svarande til skattane før sjuårskrigen.

Eit nytt klagemål gjeld Mikkelskornet, som erkebisp Aslak Bolt fekk ført inn (s. 28). «Sameledis gir de (romsdalingane) tilkjenne, at de av lagmannen skulle besvergis med Sancte Mickels toll å utgi fast høgere og videre, enn som av gammel tid har vært brugelig, og at lagmannens folk, som fare omkring den å oppberge, skal stille dennom motviligen imot bøndene.» Herredagen gjer så vedtak om at bøndene skal gje den lagmannen som no er, «eller heretter komendis vorder udi Sancte Mickels toll lige som de har gitt den lagmann, nest for honom var, og med videre å utgi ikke besvergis.» Syner det seg at lagmannen atter tek meir enn han av kongen «bevilget og gammelt og funnet er, etter som foreskrevet står, og det klagis for Kongelige befalingsmann her på gården (d. e. Trondheim kongsgard = erkebispegarden, der retten sit saman), da skal lagmannen det gi bonden tilbake igjen, og dobbelt så møgit dertil, og skal lagmannens folk ikke udi noen måte overfalle bøndene eller ta selv hva dennom løster.» Men dersom nokon bygselmann eller bonde skulle vera vrangviljug og ikkje «vil udi samme toll utgi såvidt, de pliktig ere, da skal lagmannen derfor tiltale dennom udi retten og ta dom for seg. Og har vi derom talit med lagmannen, og da har han lovit, at han skal undervise sine folk, at de dennom tilbørligen mot bøndene skulle forholde. Findis og etter denne dag noen av dennom som seg annerledes skikker, da skulle de det gi Kongl. Majestets befalingsmann udi Trund-

hiem til kjenne, og han skal forhjelpe bøndene over dennom, hvis retter, og derover straffe dennom, som seg bør.»¹⁾

Dette spørsmålet ser ut til å vera rett omstendeleg drøft, og slik herredagen fleire gonger slår fast at bøndene skal få sin rett og blannar så sterkt inn både lagmannen og lensherren, lyt ein tru at her har legi føre serleg sterke klagemål frå bøndene. Dette kan ikkje gjelda ulovleg og «utilbørlig» framferd mot berre einskildmenn, det må vera reint systematiske misbruk klagarane vil til livs. Når dei 5 danske høgadelsmennene som dømmer tek bøndene sine «besværingar» så alvorleg og så sterkt går inn for å retta på mishøva, har nok utpressingane ikkje vori så rett små eller sjeldne. Medan det elles heiter at vedkomande skal «gi igjen bøndene hva han derover tar» og få ei forsvarleg straff, seier rettarbota i dette høve at bonden skal få att «dobbelt så møgit». Og lovnad etter lovnad om rett og skil for bøndene tyder tydeleg nok på dårleg samvit på høgste hald. Sjølve lagmannen er då klaga. Og domsmennene har endåtil tala med han personleg og teki den lovnad av han at han og hans ombodsmenn skal halda seg til loven — noko ein skulle tru måtte ha vori nokså sjølv sagt for ein lagmann! Ikkje minst seier det at herredagen her òg kjem med strenge trugsmål med tanke på oppkrevjinga av Mikkelskornet «etter denne dag». No skal det for alvor vera slutt med misbruka. «Og skal lagmannens folk ikke udi noen måte overfalle bøndene eller ta selv hva dennom løster» lenger. Desse orda i rettarbota skildrar vel tilhøva tydeleg nok.

Endå vart eit par saker til frå Romsdal handsama på denne herredagen — det er det reine storoppgjerdet bøndene held. Og vi får såleis ustanseleg nytt innsyn i liv og tilhøve i bygdene: «Almuen beklager og, at det for menis denom at jage og skyte dyr, og begjære at det må denom tillates.» Herredagsvedtaket går ut på: «Da skulle de denom med dyr å jage og skyte forholde etter den recess herr Jørgen Løcke (s. 87) med flere Kongl. Majestets råder tilforordnide gjort har og av Kgl. Majestet stadfestet er, og skulle de udi alle måter ha denom etter nevnte recess å rette, inntil Kgl.

¹⁾ Eg tenkte fyrst å setja om dette eg hermer frå rettarbota og andre dokument, då det ville ha vori noko lettare for dei fleste å lesa. Men eg fann at føremonen ved å få det heile attgjevi så nær grunnteksten som råd er, var verdfullare. Der ikkje stilen vert broten av det, har eg «modernisert» litt sjølve rettskrivinga, men har lati karakteristiske former stå. Dei er ikkje alltid så serleg konsekvente i språkføring, ordval, bøyning og rettskriving.



Mardalsfossane i Eikesdal,
fleire hundre meter høge.

Majestet derom annerledis tilsier. Finnis noen, som herimot dennom udi noen måte uforrette, skulle de det gi Kongl. Majestets embetsmann udi Trundhiem tilkjenne; og han skal forhjelpe dennom over den, som det gjør, så vidt som rett er.» — Ein skjønar av denne klaga at veidelivet enno spelar ei stor rolle i Romsdal; elles hadde vel ikkje spørsmålet i det heile ha komi opp; ein ser då òg at det er gjort vedtak om dette før, av Jørgen Løcke. Retten til nokolunde fritt å nytta ut skog og fjell er vel serleg viktig for dei indre Romsdalsbygdene, iser for slike som Eresfjord og Eikesdal, der reinjakt og rovdyrveiding har vori

eit verdfullt innslag i bondehushaldet fram mot vår tid. Førre 1600-talet stod nok òg skogen mykje tjukkare i dei ytre bygdene, som såleis hadde eit langt rikare dyreliv enn i dei siste hundreåra. Romsdalshalvøya har elles alltid med sitt uryddige og humpute lende vori noko av eit «eldorado» for bjørn og anna rovvilt.

Det siste klagemålet herredagen i 1578 har føre seg, gjeld vekt a — «at den skal være for stinn og svær enn den fra arilds tid har været. Det ville vi (herredagen) på det underdanigste give Kgl. Majestet tilkjenne. Og tviler ikke på at Hans Majestet jo med det første nådigst gjør derpå den forordning, at den vekt som for svær er, blir avskaffit, og udi hvert len forskaffis en kristelig og rettfærdig vekt etter det som det seg bør.» — Dette med gal vekt, overvekt, er òg ein av dei mest vanlege utpressingsmåtene. Kunne ein ombodsmann lura ein bonde på vekta, med overmålsvekt eller med beint fram å nytta urett vekt eller mål, så var det i full orden og så altfor vanleg. All styring i denne tida var innstilt på rovdrift. Dei som t. d. hadde Romsdal, hadde lenet på avgift eller i pant (s. 37). For lensherren galdt det såleis å få mest mogleg ut av det. Futen eller andre ombodsmenn gjekk etter

same systemet. Når lensherren fekk det han hadde krav eller hug på, så var det berre rett og rimeleg, tykte futen, at han kom med ei omframutpressing til eigen bate. Det låg så nære, slik tida var. Korleis det vart bøndene som fekk svi og li er rettarbota frå 1578 det beste vitnemål om. Og mange hundre rettarbøter og herredagsdomar fortel liknande ting frå andre landsluter gjennom dansketida, så ein til slutt får tilhøva rett klårt for seg. I Bergenhus len t. d. klaga dei til same herredagen over fyrsteårstaka, tredjeårstaka, på arbeidspliktene til slotta o. m. Futane tok overvekt både på landskylda og kongetienda. Dei tok eit pund smør attpå kvart 3 pund, og kornet mælte dei i fjerdingar og ikkje i tunner og med slikt toppmål at tre slike fjerdingar vart til ei tunne. Somme ombodsmenn ville sjølv avgjera kva varer landskylda skulle leggjast i, eller dei nøydde bøndene til å løysa landskylda med urimeleg høge pengar. Sårkornet laut bøndene titt kjøpa så dyrt at jordene vart liggjande usådde. Og når slaktenauta deira vart kjøpte til slotta, laut dei nøya seg med den betalinga dei fekk, gjerne 3 mark for ein okse til 3 dalar, og 12 skilling for ein bekre til 3 mark.

Den einaste trøysta var både i den eine og den andre landsluten at kongen jamnast heldt med bøndene i at dei skulle handsamast etter Noregs gamle lov. Dette gav dei kraft til å halda ut, ætt etter ætt. Rettskjensla har så langt attende vi veit om vori sterk — alt på Magnus den gode si tid åtvarar Sigvat skald kongen frå urettferd eller hastverksdomar. Og det er sermerkt for romsdalingane som for nordmennene i det heile å halda på retten sin; difor gjekk det alltid nye klager til kvar tid til herredagane; ofte kom det av den grunn også opp tretter og rettsstridar dei sjølv i mellom.

Som vi har sett, freistar den danske styringa å øva rett så godt det let seg gjera, i minsto i domane og vedtaka sine — endå det praktiske resultat titt kunne bli så som så berre. Det er utruleg at bøndene her fekk så mykje rett, ein må hugsa på at uretten i det danske samfunnet var langt større. Ingen stad i Norden vart bøndene utsogne og plaga som der, ingen stad var dei meir ufrie. Og dei hadde sitt eige innanlandske styre. Elles var det gjennom heile dette hundreåret uro og øsing i bondesamfunna i alle land (s. 35) på grunn av økonomisk trykk og ufridom og ulovleg press frå styrings- og ombodsmenn.

Alt i 1585 — berre 7 år etter — er Romsdalsbøndene på nytt ute med klagemåla sine. Denne gongen er

klagene ikkje sette opp kvar for seg i herredagsdombøkene, så vi får mindre greie på kva overgrepa gjeld. Men vi ser at herredagen sender brev til Romsdals lensherre då, Otto Brockenus. Han hadde lenet frå 1570 til 1594 for ei årleg avgift til kongen på 150 riksdalar. Han budde selvsagt ikkje meir i lenet enn nokon av dei andre lensherrane våre, dvs. at han kom der i det heile ikkje med sin fot. — Kлага gjeld futen hans, Hans Jenssen. Herredagen er svært vår når det gjeld slike storfolk, kan ein sjå. Han tek inga avgjersle eller avseier nokon dom, men kjem berre med ei elskverdigg oppmoding til den høge herren om å ta seg av både futen og saka elles: «Vår ganske vennlige hilsen til Eder nå og alltid forsendt(!) med vår herre. Kjære Otto Brockenus, besønderlig gode venn, nest en vennlig takksigelse for alt bevist gode, hvilket å forskylde vi stetse finnes villige, give Eder vennligen å vite, at nå siden vi udi nogen Kongl. Majestets verv og bestillinger ere kommen hit til Norge, er oss ikke alene forekommen den klage, som hosfølgendis suplikat (bønnskriv) om formelder over Eders fogd Hans Jenssen, som I atter av suplikatsen har å forfare, men og derforuten mange andre atskillige klager over Eders forannevnte fogd, og etterdi oss synes slik Eders fogds handling i mot almuen fast ubillig og ikke sømmelig eller tilbørlig at han slik overlaster og uforretning skulle vise Kongl. Majestets undersåtter, da har vi ikke villet unnlade Eder udi en god mening å tilkjennegi, bedendis Eder derfor gjerne å ville finne råd og middel til sådan uforretninger, så at samme fogd enten måtte bli avsatt med befalingen, og tilholde å stille de fattige folk tilfreds, som han har forurettet, eller og, dersom I blir tilsinns å ville lenger ha hannem udi bestillingen, at da hannem alvorligen og strengeligen pålegger og befaler, at han udi like måte stiller de fattige folk tilfreds, som han har gjort urett, og deretter seg med ingen ubillighet eller beskatning i mot Kongl. Majestets undersåtter i mot loven lader befinne, på det at Kongl. Majestets undersåtter ikke skulle ha udi behov oftere dennom å beklage å forurettis — —.» Korleis Otto Brockenus ordna det sidan med futen sin, veit vi ikkje. Klagemåla gjeld visseleg mykje det same som dei Romsdalsbøndene bar fram for herredagen i 1578, då Romsdal baa gongene hadde same lensherren, truleg òg den same futen.

Herredagen sluttar, som vi ser, med at det no må bli ordna slik at kongens undersåttar slepp klaga oftare — det må vera ord som viser til ein samanheng med klagene på førre herredagen, og at desse såleis ikkje har ført heilt fram.

Den neste herredagen i Noreg vart fyrst halden 12 år etter, i 1597. Og på denne herredagen har det vori framme endå fleire saker frå Romsdalsbøndene enn på hêfredagen i 1578 òg. Viktigast var ei rekkje klager mot **Bernt Schrøder**, futen til den nye lensherren vår, **Mads Sandberg** (1594—1597). Ein av dei tre danske riksrådane som **Kristian 4.**, den nye danske kongen, no sende hit opp til å greia opp i uføret, var den kjende sogeskrivaren **Arild Huitfeldt** — han var elles fødd i Bergen. Han hadde alt i eit par år vori rika sin rikskanslar. Og «Kongl. May.ts bønder aff Rumsdallen fick rettebøder, så ljudendis ut sequitur (som fylgjer): År 1597 den 5. juni her udi Trundhiemb for oss var skicket fullmektige av Romsdalen med atskillige klagemål og besværingar over **Bernt Schrøder**, **Mads Sandbergs** fogd sammesteds. Først for det de må føre deris landskyld til Bergen eller utgi førings lønn til Bergen 2 daler, begjærendis de måtte dermed forskånis og ikke føre deris landskyld videre enn til staburit. Da etterdi de har av arilds tid ført deris fisk til Bergen og bekommit føringstoll, og lensmannen heller ikke kan få sin fisk annetsteds forhandlet enn til Bergen, synes oss på Kongl. May.ts nådigste behag, at de føre deris fisk til Bergen såvel som de av andre sjølen (s. 40) her udi Trøndelag og få derfor til lønn som annetsteds er vanlig.» Ein ser av dette at bøndene hadde plikt til å føra fisken til Bergen, men dei skulle ha betaling for det — noko futen òg vil snyta dei for. Herredagen i 1578 hadde komi til det motsette resultatet då same spørsmålet var framme då (s. 99). 2 mann skulle takast ut for kvar 60 våger til å fara med fiskelastane til Bergen. Desse skulle ha 2 våger i fortæring og løn. Ein skjønar at avgjersla frå 1578 ikkje har vorti respektert, sidan klaga kom fram att no. Dei mektige fekk det på ei vis som dei ville.:

«For det annet besværer de dennom over at de må gjøre fogden et dagsverk eller gi honnom 1 pund fisk derfore. Sådan besværing har vi befalit avskaffis; han må ha deris minne, om de skal gjøre hanom noe arbeide.» Liknande pålegg veit vi futane freista få bøndene til å gå med på andre stader òg. Det er berre sin gamle rett Romsdalsbøndene heldt på.

«For det tredje, som de ere begjærendis deris tiende og leding tilkjøps, da står det udi deres lensmanns gode behag, hvis de ellers vil gi, som fremmede for kjøpet.» Ein ser det er same spørsmålet som var framme i 1578 som enno ikkje er løyst.

Vi høyrer at tidene er dårlege; næraste åra kring 1600 er svære hardår over heile landet. Ved sida av den sterke prisstiging kjem det svære uår attåt. Det er då naturleg at det er mykje om å gjera for bonden å freista få ha i fred det han kan skrapa saman på garden og heller greia avgiftene med pengar, dvs. få kjøpt att eiga tiend og landskyld. Året 1591 hadde slegi så feil alle stader nordanfjells at m. a. Romsdalsbøndene klaga til kongen «over deris store nød og trang.» For å greia seg, laut dei ty til borkerbød, noko som elles ikkje var noko uvanleg ut gjennom dansketida. Dette året fekk namnet svartåret sidan. Torva skulle ikkje ha vorti grøn nordanfor Dovre det året — noko som vel må vera overdriving, og i fjellbygdene låg isen på vatna slik at dei kunne køyra han jamvel i august månad. Sameleis var åra frå 1595—1603 fæle uår. Vinteren 1599—1600 fraus alle fjordar til, likeeins Østersjøen og dei danske sunda. Endå verre vart 1601, som sidan heitte det store dyråret. Då vart ei skjeppe korn til slutt betalt med 4 riksdalar. I Oppdal i Sør-Trøndelag døydde det året 80 menneske av svolt. Og i mange bygder nordanfjells kan det ikkje ha vori stort likare. I Romsdal hadde dei til all lukke fisken å ty til i slike trengselstider. I Øvre Gudbrandsdal, då serleg på Lesja, var det reint gale. No — som alltid seinare — var det reine utflyttingar derifrå; helst gjekk dei ned gjennom Raumadalen mot Romsdal, der næringslivet var allsidigare og folk difor alltid måtte greia seg betre under slike tilhøve. Frå denne tida av vert folkesetnaden i Romsdal utruleg mykje blanda med gudbrandsdøler.¹⁾

Men her var fleire klagemål: «For det fjerde at fogden ikke vil gi dennom uten $\frac{1}{2}$ daler for et mårskin og 5 daler for et los (gaupe). Han skal da gi dem derfor, som rett og skillig kan være og som de kan få av fremmede.» — Dette heng saman med ein forkjøpsrett futane og andre

¹⁾ Som døme kan forf. berre nemna si eiga slekt, som både på far- og morsida har sterke innslag frå øvre Gudbrandsdal. Dei eldste eg veit om på morsida, kom frå Lesja til Bolsøy (foreldre og eitt barn) under naudåra 1740—1743, (sjå seinare).

ombodsmenn freista få til dei ymse varer. Vile ikkje bonden selja for det dei baud, så freista dei berre med knep å skattleggja bøndene hardare. Mykje slakt vart òg t. d. kvart år kjøpt opp av futane — i kongens namn gjerne. Og då laut bøndene selja for spottpris, for halvt verde t. d. Koht råkar sjølve systemet i blinken når han seier om dette (Norsk Bondereising, 94): «Så mange ulike ting desse klagene gjeld, så er det eitt drag som bind dei alle i hop: Grunnsetningen er tydeleg at alt som bonden skal ut med, av arbeid, varer og pengar, det er pålagt, og alt han skal ha, det er



Utsyn frå Remmem, Vestnes, mot Gjermanes (futegården) på andre sida av fjorden.

n e d s l e g i.» Det måtte i lengda verta ein underleg økonomi: Selja til spottpris og tvangspris og kjøpa til høgstepris!

«For det femte, etter som de til lands bøendis (iser folk i dei indre bygder) besværes med, når de ikke har fisk, å må gi 2 pund smør for 1 våg fisk, begjærendis å må nyte på $\frac{1}{2}$ våg smør for hver våg fisk. På denne deris begjæring kan ingen forandring skje. Men når han utgir sin rette landskyld, nyter han det derpå, ellers får han å gi som varene årligen gjelder.» — Dette er berre den andre klaga som Romsdalsbøndene får avvist på desse tre herredagane (jfr. s. 105), så ein skjønar at dei ber ikkje fram klagene sine i utrengsmål. Men det at det gjekk så godt, i ser i 1578, har

sjølvsagt vori ei sterk tilskunding til å ta opp nye saker, jamvel om dei ikkje nett leid nokon urett.

Den neste klaga, den sjette, gjeld overvektsspørsmålet, som bøndene ikkje fekk endeleg svar på i 1578, berre melding om at ho skulle leggjast fram for kongen, og det vart, slik vi har sett (s. 103) gjort ei slik form at herredagen tydeleg gjekk inn for krava til bøndene. Vi ser her at vektspørsmålet på ei vis er ordna, men bøndene er ikkje heilt nøgde med utfallet. «For det sjette beklage de at fogden bruker for stiv vekt, og at de må først utgi en stiv våg og siden 10 mark derpå. Da skal fogden ikke besvære dennom med noen overvekt, men de skal bli ved Trunlhiembs vekt, som av Kongl. Majestets fullmektige en gang er samtøkt og av landet vedtagen.»¹⁾

«For det siste, som de beklager å besværis 2 daler udi skatt av hver flomsag og hvert tredje bord. Da skal de heretter gi hvert tiende bord og ikke hvert tredje, ettersom og annesteds holdis her udi riket; heretter vite seg fogdene fremdeles å forholde.»

Det ein fyrst og fremst merkar seg her, er at

sagbruksverksemda

har vaksi så langt fram i Romsdalsbygdene at det alt knyter seg serskilde skattespørsmål til henne; vi hugsar vass-saga («sagmester») fyrste gongen var nemnd på riksmøtet i Bud.

Dei fyrste opplysningane om sagbruksdrifta i Romsdal får vi frå skattemantalet 1597 — same året som herredagen er samla. Det er nemnt to slag sager, flau ms a g e r, som skar tømmeret til utskipping, og b e k k e s a g e r, som skar bord til bondens eige bruk. Ein måtte ha offentleg løyve for å driva flaumsager, og dei var alt no skattlagde. Talet på flaumsager i Romsdal er 26, — i 1603 er det 36 — truleg det største talet det nokongong var, då trelastutførsla frå fylket vårt til Skottland—England og Nederland nett hadde si stortid kring 1600. Talet på bekkesager var sjølvsagt mykje større, i 1656 48 i alt. Manntalet har 17 flaumsager i F a n n e åtting, 1 i Eresfjord åtting, 1 i Voll åtting, 5 i Rødven åtting, 1 i Romsdal åtting (Gryften) og 1 i Vestnes åtting.

¹⁾ Dei kongelege fullmektar er visseleg dei som hadde formynderstyret for Kristian 4. frå 1588—96. Det har såleis minst teki 10 år å få ei ordning på dette spørsmålet. Jfr. s. 78 om drøftinga av pund, bismar og mælekanner i Bud. Dette gjeld vel òg overvektsspørsmålet.

Det synest i det store og heile berre å vera embetsfolk og forretningsfolk som får driva flaumsagene, — bøndene skjer det dei treng til husbruk på bekkesagene sine. — Dermed skulle ikkje klaga på herredagen over skattlegginga av sagene nett vera eit bondespørsmål, endå det visseleg fanst bønder blant eigarane òg. Dette syner då at det er samarbeid når det gjeld å fremja klagemåla for herredagen. Det er mogleg at det er embetsmenn som ber fram bondekrava òg, i minsto er hjelpesmenn. Den samla dalar-skatten ser vi blir som før, kring 50 for alle sagene, men så mange



Reistad, Vågstranda.

tusen bord det gjeld, så ligg det ein større skattelette i å sleppa med kvart tiende bord i staden for kvart tredje.

Ved 1600-talet held òg Norden på og kjem inn i ringen av den økonomiske politikken vi vanleg kallar merkantilismen (sjå i ein leksikon). Det gjeld om å selja mest mogleg og kjøpa minst mogleg og dermed tryggja landa større handelsoverskot i reie penigar. Eit serkje for denne politikken er vernetoll og i det heile ei kraftig statsregulering med ustanslege inngrep på alle omkverve innanfor næringslivet. Dette gjeld ikkje minst tømmerhandelen. Ofte kunne påbod og forbod skifta med heller stutte mellomrom. Sidan vass-saga vart vanleg, var det oftast ikkje løyve

til å utføra rundtømmer, slik òg brev om det for Romsdal syner. Dei skulle berre selja sagdelar, då skogane elles lett vart uthogne og krona dessutan då vart snytt for tollen. Rundtømmer kunne då utlendingane ukontrollerte henta kvar som helst rundt i fjordane — det dei nok også svært ofte gjorde. Bøndene som ikkje hadde flaumsager, sette sjølvsagt pris på skotteskipa og andre når dei kom; — her var det ikkje berre høve til nokre omfram kontantskillingar, men dei framande hadde jamt med seg velkomne varer av mange slag, som dei så dreiv tusk- og bytehandel med. I løynd vart det nok òg



Utsyn over Romsdalsfjord frå Moldelia.

skori ein god slump kjøpmannsbord på bekkesagene og smugla ut beint framfor nasen på futane og tollstasjonen på Molde.

Sjølve systemet laut her vika for livsens krav og dei naturlege føremoner denne handelen baud både seljar og kjøpar.

*

På denne herredagen i 1597 var det òg ei anna sak framme, som gjev forvitnelege innsyn i tilhøva i Romsdal på denne tida. Det var ei klage mot futen Bernt Schrøder, som var ein stor sageigar inne i Osen. Det var ein annan sageigar der inne, futen over Giskegodset, Jakob Peder ssønn, som budde på Vestnes, som møtte fram i Trondheim og bar fram klagemåla for dei bøndene det

galdt — mogleg har han vori deira hjelpesmann elles òg. Det var bøndene Jon Jørgensson på Nes, som òg var tilstades på herredagen, og Bjørn Åndal (Ouffnedall), som reiste klaga mot futen Schrøder. Han hadde m. a. «uten all billighet og lovlig årsak utilbørligen overfallit og slagit Jon Jørgenssen og hans hustru.» Den nærare samanheng var at desse to grannane på Nes og Åndal «hadde veidet en los (gaupe) på deris leidemål, som Giske hadde lodd og part udi skog og mark». Dette vil då seia at i minsto ein lut av desse gardane har høyrte til Giskegodset (no krongods), som Jakob Pederssønn styrde. Giskefuten hadde så på sin «husbondis vegne kjøpt og betalt samme gaupeskin.» Han hadde òg teki på seg ansvaret for kjøpet og gjevi bonden på Nes brev på det. Då Schrøder gjekk laus på Jon Nes for dette salet, tykte Giskefuten, fortel han, at han hadde plikt på seg til å hjelpa bonden. Han la så fram eit brev i retten, der den velkjende soknepresten og trelastgrossisten i Hemne Michel Christensen og futen i Fosen len Jens Kempe og endeleg ein Peder Jørgensson Moldvær hadde skrivi under; der fortel dei at dei hadde vori på Giske og hadde høyrte Jon Jørgensson «boendis på Nes udi Gridde (Grytten!) prestegjeld i Romsdal len, berette hvorleidis han var overfallen og slagen» av Schrøder for det gaupeskinnet han hadde selt til Jakob Pederssønn. Schrøder hadde fyrst falli over Jon Nes i stua til Sigurd på Devoll «og truit hannom å ville føre hannom fangen med seg til Våge (futegården på Vågstranda)». Og då han kom til Nes, garden til Jon,, «skal han ha ladet sin bøsse med hagel og spent den òg sagt til Jon: «Det har jeg aktet deg». — Det med skytinga var berre eit trugsmål. Men sidan hadde han «tagit et spjud og slagit hannom, så at han lå halv død på marken, og slagit hannom 2 eller 3 slag over livet og skjelt hannom for en tjuv og skjuvit hannom for seg til båten med mange foraktlige ord, uansett han (Jon) hadde vist hannom forannevnte Jakob Pederssønns brev, ljudendis at han ville være Jons hjemmel for nevnte gaupeskin. Tilmed skal han ha slagit hans fattige (stakkars) hustru udi hans egen gård, med meget mere samme brev inneholder.»

Futen laut tilstå at mykje av klaga var rett; såleis hadde han nok nytta byrsa til å skræma bonden. Han fortalde elles at han hadde forbodi Jon å selja gaupeskinnet «han hadde bekommit på Nes's veide, hvilket han dog mot forbud gjort hadde». Og då Schrøder bad honom skaffa seg skinnet, sprang Jon opp «med en økse til hannom i den ene hand, og med den annen hand tagit hannom i kraven og

bannet hannom, fordi han talde på sin sak, dog de straks var blitt skilt fra hverandre uskadde.» Etter endå fullstendigare forklåring frå baa partar og Giskefuten hadde lagt fram brev på at han ved ein «6 mannsdom var tildømt samme gaupeskinns på Kongl. Majestets og sin hosbonds vegne», så fann retten «at etter di forannevnte Jon Jørgensen på Nes og hans hustru av Bernt Schrøder, fogit, udi så måte var slagin på deris egen gård og ikke talt seg til rette, da bør nevnte Bernt Schrøder å bøte til Kongen etter Norgis lov udi mannhelgbolken udi 19 kapitel 8 ørtuger (s. 18) og 13 mark og dessuten 4 mark sølv for nevehugg etter loven og stande bonden til rette etter 6 manns sigelse for sin skade. Og belangendis det gaupeskinns, etter di at det Jakob Pederssønn tildømt av 6 menn og han også på Kongl. Majestets vegne er en fellis eiger til det sted, som nevnte gaupe er veidet på, ei heller Kongl. Maj.ts. udi Mads Sandbrg (lensherren) forlenings brev seg har forbeholdit gaupe og mårskinn alene å oppkjøpe, da bør det bli ved det kjøp som gjort er.»¹⁾

Det er eit rett tydeleg samfunnsbilete vi her får når det gjeld tilhøva fram mot 1600; det gjev mykje meir enn sjølve dragkampen mellom bøndene og herrane deira og styringa sin freistnad på å gje kvar mann rett. Vi lærer ikkje så lite om sjølve menneska på baa sider, deira brutalitet og gir òg omsynslause ferd når dei trur seg til. Vi møter ein mentalitet både hos bonde og fut som ikkje nett har nokon romantisk mellomalderdåm over seg. Det er nakne grådige kampen for å grava til seg mest mogleg. Men vi ser då like vel tydeleg her at det er bøndene som har rett og som også får rett — slik no som så mange gonger elles når dei fyrst fekk sakene fram for herredagen. Ei god hjelp hadde bonden på Nes denne gongen i ein annan fut. Men oftast er det vel førarar frå bøndene sine eigne rekkjer som går i brodden i Romsdal som så mange andre stader. Men vi skjønar òg at det kanskje ikkje alltid var så lett å vera fut. Bøndene vart iallfall stride på sitt når dei trudde dei leid urett, og dei var vel knapt så skuldlause heller alltid.

Serskild interesse har det for oss å sjå kor stor rolle **veidelivet** spelar, — tre av sakene på desse herredagane gjeld det. I den fyrste

¹⁾ Det var ingen ringare enn historieskrivaren Arild Huitfeldt som var formannen på den herredagen som i 1597 dømde B. Schrøder, ein dom til ære for Huitfeldt.

var det misnøye mellom bøndene avdi dei ikkje fekk «jage og skyte dyr» så fritt som dei ville; den andre var klagemålet mot futane for underbetaling av mår- og gaupeskin, som berre vart betalte med $\frac{1}{2}$ dalar det fyrste og 5 dalar det siste, og så har vi endeleg denne tredje og siste domen, der heile striden er eit gaupeskin. Prisen låg truleg kring 1 og 10 dalar for desse skinna (s. 107). Ein lyt ha greie på pris- og levetilhøva i det heile for å skjøna kva verde i røynda det låg i denne veidinga for bøndene. Vi har høyrte at ei kapellangasje for året var 10 dalar + kosten. Eit års opphald for ein student i Kjøbenhavn vart rekna for 30 dalar i det 16. hnd. Ein gild okse vart sett til 3 dalar, ein vaksen ver til 3 mark. Dei ymse skinnvarene er såleis svært dyre. Dette heng vel i hovudsaka saman med at alle samfunn ute i Europa er sterkt skilde i «herremenn» og «småfolk». Dei fyrste er etter måten svært talsterke, sit romsleg i det og har såleis råd til å kjøpa dyre skinnvarer til kvinnene sine. Det var òg til sin «hosbonde» at Giskefuten kjøpte dette omstridde gaupeskinnet, og husbonden skulle då her seia den danske herremannen Johan Svave i Sorø.

For dei fleste har avkastinga på garden gått med til det daglege hushald. Dei kontantinnkomene bonden trong, har han så skaffa seg serleg med veiding, sal av trelast og i dei ytre bygder med fiske. Og pengane han fekk inn såleis, var det han så ville nytta til å få avløyst dei ymse naturalytingane med: tiend, leidang, landskyld og mange andre. Framgangsmåten synest å vera, slik ein har sett, retta mot å få kjøpa att si eiga yting, noko som til slutt måtte tvinga fram faste pengeskattar. Men dette hadde ikkje alltid makthavarane interesse av, iser i ei tid då alle vareprisane steig.

Det var òg andre saker som vedkom bygdene våre, framme på herredagen i 1597. Den eine gjeld Vest-



Futen Jakob Pederssønn, ein klok og vitug fut, som til slutt vart lagmann i Trondheim.

nes gard, og ho syner at det er gamal uvenskap mellom Giskefuten Jakob Pederssønn og Bernt Schröder, lensfuten. Saka hadde før vori framme på ein herredag i Oslo, der Jakob Pederssønn hadde vunni og Schröder hadde vorti dømd til å betala honom den «kost og tæring» som «han lovligen var til dømt å gi», men han hadde lati vera å betala. Schröder tapte no på nytt og vart dømd til å greia saka i samsvar med fyrste domen. Jakob Pederssøn fekk ha Vestnes, som han hadde livsbrev på (sjå Vestnesgodset s. 150). Det ser ut til at Bernt Schröder ei tid må ha vorti avsett som fut i Romsdal på grunn av framferda si mot bøndene, eller kanskje han har vori overflutt til eit anna len, for i ein herredagsdom frå 1604 er han atter nemnd som fut i fylket, men med dei ord at han var fut der «for nokre år attende». Rett nok står her P e d e r Schröder, men det må berre vera ei mis-skriving for Bernt. Giskefuten Jakob Pederssønn (ofte skrivi Per-sen) er framleies fut og får her heiderleg omtale som »Kongl. Maje-stets fogit, erlig och velacht mann» i Romsdal.

Herredagen handsamar òg ein strid om eit hus i Bud mellom bonde Anders Knutsson på Sande og Hans Finsen, futen til fru Helvig Hardenberg, enkja etter Erik Rosenkrantz, som ved arv og på anna vis hadde fått lagt under seg ei mengd jordegods i Noreg, såleis dei veldige jordegodsa til høg-adelsmannen Arild Kane (s. 35), som sunnmøringane slo i hel i 1494. Dermed hadde Erik Rosenkrantz fått ikkje så lite jordegods rundt omkring i Møre og Romsdal. Han er elles best kjend som dugande lensherre på Bergenhus kring 1560, iser fordi han med fast hand tvinga hanseatane til å bøya seg for norsk lov. Striden om dette huset hadde òg gått på i årevis — det tok si tid å få greidd ei sak den gongen. I 1594 hadde saka vori føre på herads- eller skipreide-tinget for V å g e å t t i n g, som vart styrt av bygde- eller bondelensmannen, som då var T ø l l ø v K j ø r s v i k.

Ein annan dom frå 1597 og som òg gjev ein forvitneleg glytt inn i dette samfunnet, gjeld Oluf Christenssønn på M i s u n d i Romsdal og Aslak på Østrid (Austrått?). Det er ei ekteskapssak. Oluf hadde nemleg «troloffuit sig it qvindfolk med naffn Birgithe Aslacksdotter i Guds ords tjeneres och andre erlige folks nærværelse och loffuid med hende at leffue och døe.» Men dette hadde han altså ikkje nokon hug på lenger, og fekk no bøta for det ved dom.

I tillegg til dei vanlege skattane fekk bøndene alt i eitt omframskattar å bera siden 1520 (s. 41). Til kvar tid var det hardt nok å greia seg. I 1553 vart omframskatten sett til 2 våger fisk for kvar mann i Romsdal (jfr. klaga s. 106). I 1563 skulle bøndene ute ved kysten betala 2 våger fisk og dei andre inne i fjordane 1 dalar. Verdet av ei våg fisk skulle såleis vera $\frac{1}{2}$ dalar. 3 år etter var det atter 2 våger på alle, slik som i 1553. I 1570 skreiv kongen ut ein omframskatt fordi svenskekongen skulle ha broti fredsemja, som nett var slutta etter sjuårskrigen (1563—70)! Kvar odelsbonde skulle no



Frå Reitan i Eikesdal. Søre enden av Storvatnet med Aura-elva.
I denne naturen har det alltid vori eit rikt veideliv.

betala 4 mark, leiglendingar og bønder på gardane til krona 2 mark, kvar årgangssag 2 dalar og kvar flaumsag 1 dalar. I 1576 vart ein ny omframskatt utskriven til å betala den gjelda rika var komne i til utlandet etter den siste krigen. I 1580 skulle Romsdal betala all omframskatten med fisk, tils. 250 våger, då denne var så naudsynleg for matforsyninga til flåten. I 1582 vart ein ny skatt pålagd til å betala resten av krigsgjelda; lensherre Hans Lindenow i Bergen greidde med innkrevjinga i Romsdal. 6 år etter vart det skrivi ut 15 orlogsmatrosar frå bygdene våre. Samstundes fekk folket oppmoding om å vera med å skaffa den turvande utreisla, gjer d,

til klede, skor og anna dei trong. Same pålegget galdt Nordmøre og Sunnmøre. Då Anna, syster til Kristian 4. i 1589 gifte seg i Oslo med skottekongen Jakob 4., vart det utskreven ein «prinsesseskatt». Kvar odelsbonde skulle betala $\frac{1}{4}$ av renteverdet på garden eller gardane sine, leiglendingen 1 dalar, husmenn $\frac{1}{2}$ d., fiskarar $1\frac{1}{2}$ d., utrorskarar 1 d., nordfararskiperar og styrmenn 2 d., kvar årgangssag 3 d., kvar flaumsag 2 d. og kvart tridje bord eller sagdel (jfr. s. 103). Ein ser det er systematisk utnytting av skattytarane.

Alle desse skattane var sjølvsagt harde å greia — jamfør med det som før er sagt om prisane. Og når omframskattane og uåra kom ilag, som det ofte hende, iser kring 1600 og seinare, då vart kvart mjølgrann dyre «gudskornet», og borkebrødet vart vanleg i heim etter heim. Men så gale som i siste styretida til Kristian 4, i 1640-åra, var det då ikkje enno.

LENSHERRE- OG FUTESTYRING I ROMSDAL FØRE 1600. SJUÅRSKRIGEN.

Vi har alt nemnt dei fleste futar og lensherrar i denne tida i samanheng med dei ymse spørsmåla. Vi skal her gje litt nærare opplysningar om dei etter som dei kjem i tidsrekkeja.

Fyrst i hundreåret var Nils Henriksson Gyldenløve lensherre i Romsdal (s. 39). Då han døydde, fekk kona hans, fru Inger til Austrått (s. 39—40) lenet og hadde det til ho døydde i 1555, bortsett frå nokre år versonen hennar, Nils Lykke, hadde det, og så i åra 1536—1541, då det vart styrt av lensherrane Esge Bilde og Tord Rod i Bergen. Fru Inger hadde òg eigedomane til Reinsklosteret, som vart «verdsleggjorde» alt før reformasjonen. Dette klosteret hadde òg fleire gardar i Romsdal. Olav Skrivar (s. 40) hugsar vi var futen il fru Inger og Nils Lykke.

Futar spelar i denne tida ei større rolle enn noka anna tid. Det er ikkje berre kongen som har futar, men lensherrane og dei store godseigarane styrde òg lena eller gardane sine med futar. Då lensmennene var kongens hjelpesmenn i styringa og hadde si makt frå han, vart òg futane deira ofte kalla «Kongl. Majestets fogder». Det er difor ikkje alltid så lett å halda futane ut frå kvarandre. Eit større privatgods som hadde eigen fut, var Giskegodset, før det i 1582 gjekk over til krona og dermed vart ei serskild kongeleg forlening det òg. — Etter Karine Alvsdotters tid (s. 40) kom det i hendene

på den søkkrike svenske frua Gjørvell Fadersdotter Sparre, Knut Alvssons dotter-dotter, som tils. åtte om lag 550 gardar. Av overdragingsbrevet til krona i 1582 ser ein at 57 av desse gardane låg i Romsdal og 124 på Sunnmøre. Andre mannen hennar var Truid Ulfstand, høgadelsmann og riksråd, som hadde vori førar for danskane då dei i 1537, saman med lensherren Esge Bilde i Bergen, dreiv erkebisp Olav or landet og gjorde Noreg til «provins». Herr Truid døydde alt i 1544, medan fru Gjørvell, som vart gift endå ein gong, levde til 1605. Ho var då 95 år og hadde ikkje ein gong sett alle desse hundre gardane sine i Romsdal og på Sunnmøre. — I Truid Ulfstands tid styrte futen Jens Jyde Giskegodset — namnet fortel om nasjonaliteten. Det er i røynda slike futar som er herrar både i Romsdal og i alle andre mindre len ut gjennom dette og neste hundreåret, fram til einveldet i 1660 — dersom dei då ikkje, som ein Bernt Schröder, gjer seg reint umoglege og vert nådde av lovens hand. Det er grunn til å sjå eit grann nærare på stillinga deira i bygdene.

Noko av det viktigaste futen hadde å gjera, var å krevja inn skattar og avgifter av alle slag og så gjera greie for desse for herren sin. Like eins hadde dei å syta for at alt til kvar tid gjekk etter loven i lenet, gripa fark og fant og syta for høveleg straff når det trongst. Så lenge som leidangen spela noka rolle, stod dei òg for det militære oppbødet. Dette skifte ikkje lite frå Kristian 4. si tid, då det vart freista å skipa eit fast nosjonalt herstell. Men heilt fram til det 19. hnd. hadde futen ein viss førarskap for landstormen eller landevernet, som nærast var eit slag framhald av leidangen.

Så svært høge løner hadde ikkje alltid ein slik fut, frå ei 50 dalar + futegard til kring 100 dalar utan gard. Dette hadde vel greidd seg godt, hadde dei ikkje på eigen kostnad mått halda stor hjelp for å greia ombodet, anten det no galdt politistellet eller skatteinndringane og framføringa til dei fastsette leveringsstadene (opplagsstadene til lensherren), som regel Bergen eller Trondheim (s. 105). At dei skulle halda lensherren og fylgjet hans med kost og hus når han var på reise i lenet, hadde mindre å seia i Romsdal, då lensherren mesta aldri kom dit. I 1589 var det om lag 40 lensmenn i Noreg — 15 av desse budde støtt i Danmark, og 4 andre budde heller ikkje i lena sine. Dette gjorde at det måtte bli bøndene sjølve, — gjennom klagemåla sine, som heldt kontroll med futen, som høvet — stundom nauda med — gjorde til stortjuven, endå han var

sjølve retten sin representant! Så var det for bøndene å få saka inn for herredagen når han ein hende gong kom saman i landet. Ein slik innstemnd fut spurde ein gong domarane sine om korleis dei ville ha greidd med hans løn å halda den naudsynte hjelp, føra skattane dit dei skulle, gjera veitsler for lensherren og endå fø kone og 8 born!

Frå 1555—1558 vart ein systerson av erkebisop Olav Engelbrekts-son, Gaute Toraldson eller Gude Norveger, som han òg ofte vart kalla, lensherre i Romsdal. Han fekk det som tenestelen. Gaute hadde ei tid jamvel vori erkebisp sin kanslar (stod for sekretariatet hans) og rømde med honom i 1537 til Nederland saman med den andre slektningen sin, Kristoffer Trondsson Rustung (s. 70). Då erkebispen døydde, vende dei baa attende til rika og kom snart i stor nåde og høge stillingar — den siste vart jamvel riksadmiral. Frå 1558—1570 hadde Knut Stensønn lenet, også som tenestelen, avgiftsfritt. I hans tid får vi

sjuårskrigen,

som òg romsdølene fekk merka, og det ikkje berre i omframskattane (s. 115). Årsaka til krigen var iser dei herredraumane danskekongen gjekk med om atter å lema inn Sverike i den danske staten, slik Kristian 2. og fleire andre danske kongar før hadde gjort freistnader på. Den franske herføraren Claude Collart med sine leigetroppe i svensk teneste og ein del svenske tropper gjorde eit vellukka innfall i Trøndelag, og ein flokk hersette òg Møre og Romsdal, og alle stader for dei hardt fram. Det er ein av dei få gongene romsdølene har fått ein verkeleg tanke om kva framandherredøme og valdspolitikk var for noko, korleis ein framand konge på grunn av lettlynde og tankelaus æregir dreiv ikkje berre sitt folk, men også vårt folk inn i ein krig som berre måtte bli til ulukke for alle folka. Svenskekongen var elles ikkje noko betre og hadde ikkje mindre draumar om stordom i sitt forunderleg ugreie hovud — sinnsjuk som han nærast var. (Erik 14., son til Gustav Vasa).

I Romsdal lukkast det svenskane i 1564 å få drepa futen, Hans Skrivar; samstundes som dei fekk skræmt bøndene til å sverja svenskane truskap, vart dei pålagde ein veldig krigs- og straffeskatt på 4000 dalar — ein heilt urimeleg sum etter pengeverdet då. Til ny fut sette dei inn Arne Guteson, som i minsto var full svenske etter si innstilling, om han knapt var det av ætt. Noka lang

styretid i bygdene våre fekk han ikkje. Føraren for svenskane i desse herjingane i Romsdal og på Møre var ein dei kalla *Mats Dalkarl*, og han dreiv den mest iherdige jakt etter «jutane» på desse kantane; dei fleste vart utan vidare drepne. *Claude Collart* let sjølv skriva — noko skrytande — til Sverige: «At jeg ikke flere jutar herfra og til Sverige har forskikket, er årsaken, at jeg dennem ikke vil bemøde den lange vei over fjellene, men lar dennem her en part gå til *Hængeby* og en annen part til *Bøddelsverd*, og ellers gjør lodd og krutt sitt beste.» — *Enno Brannrøk*, ein son til riksadmiralen *Kristoffer Rustung*, hadde vorti misnøgd med tilhøva i Danmark og var faren til Sverige, der han freista innbilla den sjuke kongen at nett no var rette tida til å riva Noreg laus frå Danmark. Svenskane ville gjerne vera til vens med nordmennene, noko plyndrehugen stundom hindra vel mykje, men «jutane» skulle ha det. I eit kjent dikt frå den tida, «*Svenske klager*» møter ein den sterkaste uvilje mot Danmark, til bate for Noreg. Det svenske synet på sambandet kjem fram i liknande ord som dette: «Å, ynkværdige syster, etter at Danmark med sitt lokkande samband har fått deg (Noreg) under fot, så sukker du, — men for seint. For seint tek du skjoldet etter såra. For seint kjenner du sorga over åket, over den harde taumkøyringa. Ja, no merkar du endeleg, du ufukkelege, at det har vori svart galde under den søte honning.» — Og danskestyret fekk også nordmennene kjenna no, i tillegg til det svenske. Lensherren i Bergen, *Erik Rosenkrantz*, med sine mange eigedomar i Romsdal (s. 114), som også hadde vori styrde av futen *Hans Skrivar*, fekk no reint diktatorisk makt frå styringa i *Kjøbenhavn* til å leggja på alt folket nordanfjells alle dei skattane som trongst til å greia krigsutlegga. I ein fart fekk han såleis i stand ein hjelpeher, som vart send nordover under *Erik Munk*. Gode hjelpesmenn var lensherren *Knut Stensønn* og den gamle *Kristoffer Rustung*, som no atter fekk tumla seg på kjende stader (s. 71). I Bud var det nære på at det skulle lukkast *Munk* å fanga *Mats Dalkarl*, men han vart berga av «en forbannet kjerring» som hjalp han til å sleppa unna, fortel han i ei melding. *Mats* vart likevel snart etter drepen av nordmennene oppe i *Soknedal* i *Sør-Trøndelag*. Då var elles alt svenskane jaga ut av *Trondheim* att, der *Claude Collart* ei tid hadde ført det reine susarliv.

I fyrstninga av 1565 fekk *Romsdalsbøndene* påbod om å halda seg budde att, for svenskane var ventande attende kva tid som helst.

Dei greidde òg eit nytt innfall i Trøndelag, men drog seg snart attende for godt. — Alt i mai 1564 vart romsdalingane, saman med folket i dei andre lena nordanfjells, innkalla til Trondheim av Munk. Det «skulle underhandles om den ed og det løfte som de hadde gitt kong Erik av Sverige». For den «Kongl. Majestets admiral, ærlige og velbyrdige mann Erik Munk» kalla dei så alle attende den eiden dei hadde svori; «og alle og hver synderligen for seg med to opprakte fingrer» gjorde no eiden sin på «at heretter udi alle sine livs dager å holde og bekjenne Fredrik 2. for sin rette lovlige arveherre og konge.» — At det danske riksstyret hadde fått ei redsle i livet når det galdt Noreg, var tydeleg nok. Det var fleire enn romsdalingane «som hadde gjort svenskar av seg» — dette ordlaget har vel sitt naturlege opphav i slike hendingar. Men styremaktene for fram med milde. Dei ville korkje eggja eller irritera, slik situasjonen var, men heller vinna folket med lempe. Tvillaust var det ein god lærdom for styremaktene. — Men skattane kom likevel til å auka jamt. Det vart berre i 1570-åra skrivi ut landehjelp 5 gonger til å betala gjelda etter sjuårskrigen (jfr. s. 115). Når rett skal vera rett, var likevel ikkje skattetrykket større i Noreg i denne tida enn i Danmark. Under Fredrik den 2. (1559—88) vart det der likna ut 44 ulike bondeskattar, medan det i Noreg på den same tida berre vart utskrivne ei 12—15. Talet er like vel uhyggeleg nok.

Etter Knut Stensson vart Otto Brockenhuss lensherren vår. Han høyrde til høgadelen og hadde alt seti inne med dei høgste riksembeta, hadde såleis vori rentemeister (finansminister) i Kjøbenhavn. Han fekk no Romsdal avgiftsfritt, visstnok som løn for godt arbeid. Men alt i 1575 er lenet overlati til lensherren på Bergenhus, Hans Pedersson Basse, dotterson til fru Inger og herr Nils til Austrått. Basse har hatt det i tre år. Det er litt ugrent kven som hadde lenet i tiårsbolken 1578—88. Det er truleg lensherren i Bergen, Hans Lindelow, noko som òg svarar til at det var han som let krevja opp omframskatten i 1582. Men det er òg dei som meiner at Otto Brockenus hadde lenet i samanheng frå 1570—1594, då han døydde, bortsett frå dei tre åra Hans Basse hadde det. I desse åra etter sjuårskrigen var det mykje vanskeleg for folket i bygdene våre. Det var omframskattar og uår, jamvel fisket var ofte klent. Verste uåret var i 1589. Dessutan var dei plaga med ein fut som Bernt Schrøder. — Andre futar i Romsdalen

i siste halvta av 1500-talet er Hans Finnsønn (over Rosenkrantzgodset), Hans Jenssønn og Henrik Jørgenssønn Staur. Den siste fekk lagmannsstillinga i Trondheim i 1591. Som vi har sett, var Jakob Pederssønn fut over Giskegodset i Romsdal og på Sunnmøre; han er òg kalla kongens fut i 1597. Jakob Pederssønn busette seg i 1588 på Vestnes, som han då fekk brev på av lensherren Otto Brockenhus. I eit brev om ein grenseoppgang mellom Lerem og Holmem frå 1599 er L. Jesperssønn nemnd som fut i Romsdal. Peder Schrøder = Bernt Schrøder (s. 114) er på nytt fut i lenet i 1604. Som vi seinare skal sjå, ligg han i strid med Jakob Pederssønn om Vestnesgarden. Også lensherre Mads Sandberg (1594—97) låg i trette med Giskefuten om Vestnesgarden. Mest kjend er elles Jakob Pederssønn for striden sin med bondehovdingen Jo Jamt i Norddalen på Sunnmøre. Køht fortel om dette i Norsk Bondereising (s. 105): «Då futen var og heldt våpening på Stranda om våren 1599, hende det at to bønder hadde så låke spjot å syna fram, så han ville ikkje ta dei for gode. Futen tok og braut sund spjota og heldt ei refsingstale til bøndene. Då steig Jo Jamt fram og sa: «Kvi bryt du såleis verjene våre i sund?» Og dermed reiste almugen så stort eit bulder at futen vart livredd og ville røma frå tinget. Då sa Jo Jamt: «No skal du få sjå sju tusen djevlar!» og hogg i det same etter futen med ei øks, så han rispa sund kleda hans i ryggen. Jo «ropte med noen flere av bøndene og bad slå ihjel, og dermed tok fogden flukten og løp ned mot vannet, hvor han visste båtene lå; og i det han løp, falt han over et tre, og da ble det skutt noen skjøt etter hannum, dog kom han snarligen opp og gav seg i en båt og kom hasteligen fra landet; da forfulgte de fluks etter hannum og sloge med sten, og noen skjøde etter hannum, så han dog sønderligen av Guds forsjun kom levende fra dennum.» — Såleis har futen sjølv skildra tilgangen; og det skal vera synd å seia at han skrepper av seg sjølv.»

Striden mellom dei vart gåande i lengre tid; men det enda med at Jo vart fanga og ført til Bergen-hus, der han på herredagen i 1604 — kong Kristian 4. sjølv førde forsætet — vart dømd til «å straffes som opprørere», dvs. han vart dømd frå livet, og han vart avretta 16. juli same året på Nordnes og liket hans lagt på steglar og hjul. «Kong Kristian (4.) red selv der ut og ble der så lenge inntil hans hode var avhøgd», heiter det i oppteikningar frå Bergen på denne tida. Men dei andre bøndene som hadde vori i mot futen og hjelpt Jo Jamt, fekk «av synderligen gunst og nåde» sleppa på frifot.

Jakob Pederssønn budde på Vestnes til han i 1609 vart sett til lagmann i Trondheim og Jamteland. Og han sat i dette embetet til 1623; då var han «gammel og skrøbelig» heiter det. Alt tyder på at han har vori ein av dei futane det var mest tak i, og han må vel òg ha hatt gode kunnskapar for si tid sidan han vart sett i eit så viktig embete som lagmannen hadde.

FUTAR OG LENSHERRAR 1600—1660.

SKOTTEFERDA OG ANDRE KRIGAR.

Mads Sandberg hadde lenet på dei same vilkår som Brockenhus, for 150 riksdalar; men kongen skulle ha toll, aksise (innanlandsk toll på matvarer, spela knapt noka rolle i Noreg) og v r a k. Den nye lensherren, dansken N i l s S t y g g e (1597—1604), laut betala 200 rd. årleg, så kongen visste betre og betre å nytta ut Romsdalsbygdene. Framgangen i trelastutførsle og fisket gjorde vel elles at folket bår slike byrder betre enn før. Frå 1604—1613 hadde lensmannen på Trondheims kongsgard, dansken S t e n B i l l e, Romsdals len. Futane hans var fyrst Jakob Jenssønn og deretter Knut Jenssønn. Denne siste er nemnd på ein gravstein i Veøykyrkja frå 1612: «Denne sten tilkommer Kongl. Majestets fogid i Romsdalen Knut Jenssønn». Steinen låg elles over Sten Knutssønn, truleg sønnen hans.


På denne tida har vi den fyrste krigen til Kristian 4., — K a l m a r k r i g e n vert han gjerne kalla (1611—13). — Men i Romsdal talar vi helst om

Skotteferda.

Årsaka til krigen var fyrst og fremst at danskekongen og svenskekongen var usamde om kven som skulle vera herrar i Finnmark. På denne tida var det vanleg å nytta leigeherar i krigane. Med det norske herstellet var det reint ille, — det syner iser ferdene gjennom Noreg av dei to leigeherane svenskane hadde fått seg. Den fyrste var under førarskap av Jan van M o n k h o v e n frå Flanderen. Om sumaren 1612 landa skipa hans ved Stad ein stad med ein herflokk på vel 1000 mann. Deretter plyndra dei grundig på Sunnmøre, i Romsdal og på Nordmøre. Sidan for dei inn i Trondheimsfjorden og gjennom Stjørdalsbygdene til Sverige utan at nordmennene, dvs. lensherren Sten Bille, greidde å stogga dei. Han

skjemde seg reint ut med dette, og vart sitjande hjelpelaus og forkomen på Trondheim kongsgard under heile krigen, medan Jens Bjelke og Hans Basse laut ta over kommandoen over dei 4 kompania som vart sette opp i ei snøggvende frå Namdal, Fosen, Romsdal og Sunnmøre og serleg fekk «jobben» å reinsa Jamtlands-traktene for svenskar. Men dette var alt anna enn lett gjort, då bøndene var uvande og uviljuge til å gjera herteneste og slo seg vrange og rømde sin veg i flokkevis. Alt under sjuårskrigen hadde nordmennene somme stader teki til å nekta å gå mot svenskane, som dei sa dei ikkje hadde noko ubytt med. I somme bygder nekta dei å gje skatt og mannskap til krigen.

I 1567, då den svenske hermakta fall inn over Austlandet, gjorde t. d. valdrisane formeleg serfred med svenskane og batt sêg til å sitja i ro så lenge krigen varde. Det nytta ikkje å tala dei til rette. Endå verre vart det i Kalmarkrigen. Stathaldaren gav bøndene handpenningar av si eiga kasse, og



Skottane landa på Klunngnes, på denne sida av fjorjen som biletet er teki i frå. Så har dei traska rundt heile Isfjorden (til venstre) og attende til Åndalsnes (midt på biletet).

dei ymse lensherrar freista med det same. Listingane fekk såleis 5 dalar kvar på handa, men to dagar etter rømde 94 mann av dei heim! Frå Bratsberg len drog 145 mann utan vidare heim att på ein gong, og av 300 bymenn i Tønsberg strauk jamvel 227 heim att. Soldatane frå Bergenhus gjorde det like eins, og sunnmøringane var serleg huga på å koma heim att. Elles var romsdalingane mellom dei verste nordanfjells. Då det ein gong vart kjent at stathaldaren tenkte seg over grensa med ein større herstyrke, rømde i alt 1425 mann samstundes, ikkje så få romsdøler var mellom dei. Bøndene var så uhuga på krigen at dei truga med å slå i hel eller «spekke med kuler» både underoffiserar og offiserar, ja, liketil sjølve stathaldaren. Lensherane klagar til kongen over «slik et stort antall onde, opprøriske og menediske folk å omgåes». Og heller ikkje var det noka hyggeleg oppgåve for dei offiserane som fôr rundt i bygdene og skulle ta ut og eksera opp mannskap. Ofte gjekk det reint gali med dei. Men ville dei norske bøndene ugjerne over grensa til Sverike, så var ikkje dei svenske bøndene meir huga på å falla inn i Noreg. «Bunde vil ikke gå mod bunde», skriv Hannibal Sehested litt seinare. Dei var då like vel ikkje verre enn at når det fyrst var komi eit fiendeinnfall i landet, slik krigen vart ein forsvarskrig, då kunne dei samla seg friviljug og jamvel gjera karsverk. Det ser vi best når det gjeld Skotteferda.

I 1612, om lag samstundes som Monkhoven drog gjennom Trøndelag, kom ein annan leigeher frå Skottland svenskane til hjelp. Og

«Ved Romsdals kyster han styred til land
erklærende seg for en fiende»,

som Sinklarvisa seier. Føraren her var oberstløytnant Ramsay. Heile ferda har her heime fått namn etter Sinclair, ein av kapteinane til Ramsay. I august 1612 fôr denne heren, i høgda på 300 mann, ut frå Skottland. Den 20. august kom dei siglande inn Romsdalsfjorden. Ute i leia og i dei ytre fjordstroka har dei greitt seg bra utan los, då ei mengd skotske skip hadde fari her jamt etter trelast i dei siste åra. Men lenger inne, der fjorden kløyver seg i mange mindre fjordgreiner, her ville det ha vori noko utryggare for dei utan lokalkjende folk til rettleiing. Då dei utanfôr Vestnes såg ein fiskarbåt, styrde dei bort til han. I båten sat det ein bonde som heitte Ivar Helland og dotter hans, som hjelpte til å andøyva. Skottane haka båten til seg og baud dei baa å koma ombord til seg. Dottera vart redd dei framande krigsfolka

og tok til gråten. Men dei skotske soldatane var ikkje så låke karar som ho trudde. Dei blidka fort gjenta med å gje henne gode gåver. Ho fekk både saks med sylvhandtak og sylvfingerbjørg. Desse sakene fanst lenge på Helland, men er no, som så mykje anna gamalt, selt ut or bygdene. Skottane var til slutt så snille at dei sette gjenta i land; men faren laut bli med vidare innover fjorden som los. Dei tenkte seg inn til Nes (Åndalsnes), og derifrå ville dei ta vegen oppetter til Lesja og Gudbrandsdal og vidare over til



Sverige. Så elendig stod det altså no til i landet at ein framand leiger på 300 mann fann det rådeleg å fara landet endelangt når han skulle til Sverige og hjelpa svenskane til å slåst mot nordmennene!

Det fortelst at då skipa var komne utanfor Klungnes-odden, der det no heiter Skotthamaren eller Skottekleiva, så sa Ivar Helland at han ikkje våga å losa dei lenger inn sidan han var ukjend her og fjorden var full av undervass-skjer! Då skottane no var så hepne — eller uhepne — å få tak i bonden Per Klungnes, så let dei Ivar fara og betalte honom jamvel for strevet. Det fortelst at då Per om dagen fekk sjå dei to skipa koma inn fjorden, trudde han det var kornskip (jfr. seinare om tuskhandelen) og tok 3 dalar i lumma, gjekk ned til båten sin og rodde ut til dei. Han fekk snart vita noko anna. No vart han teken til kjendmann for dei. Segna fortel så at då Per var vorten klår over at skottane kom med ufred til landet, sette han seg føre å seinka fienden så godt det let seg gjera. Det galdt om i tide å få vitra folk i dei bygdene der dei tenkte seg å fara fram, så dei kunne få gøyma unna det viktigaste, og kanskje bu seg til å ta mot fienden med. Det galdt såleis å narra skottane, og det ser verkeleg ut til at han fekk innbilt dei at det ikkje let seg gjera å segla lenger innetter fjorden. Det høyrest ikkje så lite utruleg for oss, som veit at fjorden innetter til Nes var både rein og djup, at skottane gjekk i land på Klungnes, på den



Sinclair, måla på ei dør på Toftemoen.
Gudbrandsdal.

motsette sida av Åndalsnes, og laut kroka seg fram i veglaust lende over 2 gamle norske mil — rundt Isfjorden og attende til Nes! Denne kroken hefte så skottane ein heil dag, ein dag som skulle bli dei mykje dyr. Er segna rett om Per Klungnes, var det ingenting mindre enn eit storverk han fekk gjort her. Og ikkje kunne han ha tenkt på eigen bate når han let dei stiga i land på sin eigen gard i staden for å visa dei over til Nes. Det var då òg mykje rimeleg at romsdølene tidleg, alt i 1881, reiste honom ein minnestein.

Det går ei mengd segner om Per og om skotteferda i det heile. Ikkje så lite er atgjevi i oberst Angells bok om skotteferda, og endå meir er samla av andre, av presten Krohg, skulelærer Hans Prillarviken og no sist av Olav Røkdal i Folkeminne frå Romsdal, der han i alt har 13 Sinclair-segner frå bygdene våre (s. 163 fg.). Det er tydeleg hendinga har sett djupe merke i folkehugen.¹⁾

Truleg vart vardane tende, såleis på Vetingsskollen, då skottane var komne på mars mot Isfjorden. Derifrå kunne dei både på Åndalsnes og Veblungsnes og jamvel eit godt stykke oppe i Romsdalen sjå den lysande logen. Då dei endeleg kom fram til Romsdalen (Nes) om kvelden, har nok mange undra seg over at skottane ior så fint fram — i det store og heile går òg dette att i segnene, endå det er krasse unnatak. Ei offisiel norsk melding, som er skriven berre nokre få veker etter ferda deira gjennom dalen, stadfester dette: «De hadde aldeles intet brent, myrdet eller ødelagt hverken udi Romsdalen eller udi Gudbrandsdalen, uten alene en dansk mann, som bor på Romsdalen, ved navn Søren Setnes.» Det

¹⁾ Serleg til desse stadene knyter segnene seg om hendingar irå skotteferda gjennom Romsdal: Klungnes, Skothammaren, Torvik, Bjørga, Nes, Setnes, Åkesreiten, Fiva, Eidet, Monge, Skiri, Kyllingkleiva, Raustølen og Bjørnekleiva.

vert vidare fortalt at det frå honom vart teki «et skrin fullt med atskil- lige sølv, både kannar, belter og annet mer slikt gjort sølv».

Hadde elles romsdalingane vori såpass karar som gudbrandsdølene den gongen, hadde visseleg skottane funni sitt «Kringen» før dei kom austanfjells, der futen L a r s G r a m, saman med L a r s H a g a og bondelensmannen i Ringebu, R a u d k l e i v, samla 500 bønder og sette ein stoppar for ferda for godt. Vidgjeten vart bonden B e r d o n S e i e l s t a d, som gjorde det av med sjølve Sinclair.

Heile hendinga syner i minsto at det stod enno ikkje verre til i landet enn at vart fienden for nær- søkjen og bøndene ikkje fekk sitja i fred i bygdene sine, hadde dei både mot og mannskap til å slå til. Etter hovudvegen Romsdalen-Gudbrandsdalen fôr det jamt mykje folk, og snart gjekk det veldige ord om storvarpet til bøndene. Vel 50 år etter var talet på skottekrigarane 5-dobla, frå 300 til 1500! Nordmennene hadde

atter gjort noko, — det hadde vori lenge mellom slike hendingar dei siste hundreåra. Ein historikar har jamvel sagt — ikkje ut frå sjølve hendinga, men ut frå fylgjene av henne — «at Sinclairtoget foranlediget fedrelandssinnets gjennombrudd hos de norske bønder». Det hadde vori lite av slikt i det siste. Dette er visseleg noko sterkt sagt, men det er like vel eit førevarsel om noko som skulle bli ei makt i hugane att i tidene frametter: fedrelandet.

Fleire av førarane fekk, naturleg nok, kongeleg påskjøning av Kristian 4. Dette var noko også Danmark



Skotsk børsje og sverd frå ferda 1612.





Tidemand og Müllers kjende bilete av landgangen til skottane i Romsdal (frå 1876). Her er 5 skip i staden for 2. Dei landar her på Veblungsnes (uhistorisk). Klungnes med Skotthamaren og Vetingskollen i bakgrunnen.

skjøna å verdsetja. Dei neste 50 åra er av dei mest spanande og lagnadstunge i vår historie, noko som serleg har sin grunn i

krigane i 1643—45 og 1657—60.

Den fyrste halve mannsalderen etter Kalmarkrigen er gode år, dei beste i styringstida til Kristian. I denne tida (1613—1627) har dei to høgadelege lensherrane Claus Daae og Tage Thott lenet. Daae var riksadmiral og hadde lenet som tillegg til si løn, det elles òg Thott hadde. Eit minne om Thott, som det berre er lite godt å seia om, finst i Veøykyrkja, der altartavla ber våpenmerket og namnet både til han og frua hans, Klara Sparre. Tavla er truleg ei gåve frå dei. — Eit års tid har kongeleg rentemeister i Kjøbenhavn, Ove Høeg, Romsdal til len. Ettermannen hans vart rentemeister og riksadmiral Jørgen Vind (1628—34). O. Olafsen fortel at før var våpenmerket og namnet hans på ei glasrute i Veøykyrkja, men denne er ved eit eller anna vølingsarbeidet i kyrkja vorten knust. Lensherren vår dei neste 5 åra var den danske riksråden Oluf Parsberg, deretter kom rikskanslar Ditlev Reventlow, som var rikskanslar og budde heile tida han var lensherre (1639—46) i Danmark. Sivert Brockenhus hadde det så i 10 år, — han budde òg i Danmark og let lenet styra av lensherren i Trondheim, Fredrik Urne, mot 800 rd. årleg. Ein ser her at

avgifta var auka til det 4-dobbelte sidan 1600, ein ting som er i samsvar med det auka skattetrykket i det heile teki. I 1656 vart lenet overlati til den dugande lensherren i Trondheim Peder Vibe; han styrde det berre til 1. mai 1658, då Roskildefreden også gjorde Romsdal til svensk land.¹⁾

Så lenge svenskestyret varde, ei 4—5 månader, var svensken Claes Stiernsköld guvernør, med sæte i Trondheim, over Trøndelag, Nordmøre og Romsdal. Den siste som hadde lenet før lensskipnaden vart avteken ved innføringa av einveldet, var lagmannen i Bergen, Hans Hanssønn Smidt, adla med namnet Lillien skjold. Han var ein sers dugande mann og hadde det til 1661, då det med innføringa av einveldet kom ein ny administrativ skipnad som snart gjorde ende på lensherrestyringa.

Dei futane som er kjende frå denne tida er Morten Parchmann, som visstnok fylgde etter Knut Jenssønn i 1612. Han er nemnd i 1620. Alt året etter er Peder Jakøbssønn kongeleg fut i Romsdal, truleg er han son til Giskefuten Jakob Pederssønn på Vestnes. I 1627 er den velkjende Anders Iverssønn (sjå om Vestnes) kongeleg fut i bygdene våre. Han sjølv — og kanskje far hans Iver Anderssønn føre honom — hadde vori fut over Giskegodset etter Jakob Pederssønn. Iver Anderssønn hadde alt i 1608 fått livsbrev på Gjermans (fylkesjordbruksskulen no). I 1620-åra har han visstnok òg hatt Vestnes i forlening av Tage Thott. Frå 1624 har vi eit brev der Lisbet Bille, enkja etter ein Sigvard Beck, som hadde forleninga av Giskegodset, kallar til seg Anders Iverssønn, futen sin, for at han skal gjera greie for rekneskapane sine. Dette kan ikkje ha vori så alvorleg, for i 1627 er han, som nemnt, vorten kongens fut i Romsdal. Det same året får han livsbrev på Vestnes. Han var gift med Inger, dotter til den førre futen (Peder Jakøbssønn). Snart etter flutte dei frå Vestnes til Gjermanes, farsgarden til futen. Det er kona hans som i 1632 får livsbrev på denne garden. — I eit brev frå 1636 skriv kongen til lensherren Oluf Parsberg at futen Anders Iverssønn har klaga til honom over at han ikkje greidde dei store avgiftene av lenet som no var sette, og kongen finn at avgifta

¹⁾ Sjå nedanfor om denne krigen og om Vestnes gard, som Vibe vart så sterkt knytt til. Ei dotterdotter av Vibe, Isabella Dorthea, vart gift med amtmanden i Romsdal, H. Nobel. Ho budde ei tid på Moldegård, der ho døydde i 1727, 103 år gamal. Ho hadde vorti førd til altaret då ho gifte seg, av sjølv kong Fredrik 3., tvillaust ei noko sjeldan ære for ei Romsdalsdame, som O. Olafsen seier det.

må minkast til 1100 riksdalar årleg, altså like vel ein svær auke på stutt tid, — nestemann fekk det for 800 d. (s. 128). Av brevet kan ein skjønna at når futen betalte dette, hadde han frie hender -- innanfor den ramma loven sette — til å driva inn så mykje han kunne. Samstundes søkte han om å få selja ein slump bord til framande skip, ei 100—200 st. til kvart skip, etter som desse var store til. Han fekk lov til dette, som rimeleg kunne vera; for elles kunne han i denne tida då også sagbord var skattevarer bøndene betalte med, bli sitjande inne med borda. I eit nytt brev litt seinare ser vi kongen trur at futen driv og sel ulovleg trelast, men han fekk ikkje prov på honom for dette. — Anders Iverssønn var fut i fylket til i midten av 1640-åra, såleis under siste krigen til Kristian 4. — I 1650-åra var Hans Evertssønn, Nils Mortenssønn og Iver Jenssønn B anspill futar i Romsdal. Den siste hadde gift seg med enkja etter Anders Iverssønn og hadde truleg såleis komi til ombodet sitt.

Med einveldet kjem òg futane i ei ny stode, vert embetsmenn på fast løn.

Det er lett å skjønna at heile dette styringssystemet med futar og lensherrar var ein svært uheppen skipnad for bøndene. Ingen lensherre hadde t. d. nokon personleg kjennskap til bygdene våre; fleire kom ikkje til Noreg eingong. Med større kunnskap til bøndene sine små kår og fattige livstilhøve var det mogleg at utpressingane hadde vorti mindre, — endå det slett ikkje er visst (jamfør om Danmark s. 120). For hovudinteressa galdt jamt kor mykje pengar ein kunne få ut av lenet sitt. Det heitte rett nok gjerne i forleningsbrevet at lensherren skulle «frede skogene og verge bøndene» — karakteristisk nok kjem interessa for trelasten fyrst! — men det hadde dei fleste knapt vilje til, og langt frå høve til det så lenge utnyttinga av lenet gjekk for seg med mykje godt ukontrollerte tenestemenn. Den einaste kongen som sette noko vidare inn på denne kontrollen av futane, var Kristian 4. Det hadde komi inn så rikeleg med klager frå heile landet — også frå Romsdal — i 1620-åra, då vi både hadde ein duglaus stathaldar (Jens Juel) og ein slapp lensherre, at det enda med ein løynleg instruks frå kongen til lensherrane, dagsett 29. juli 1632. Her fekk lensherrane det strengaste påbødet om å kontrollera all styring, iser futane, ved personleg å gjera reiser og etterrøknader. Også futesveinane, dei faste hjelpesmennene til futane i dei ymse bygder, skulle han ha eit vake

auga med. Ja, kongen vil ha gjennomført den reine speiing. Lensherren burde ha pålitande menn i kvart futedøme som kvart halvår sende inn meldingar «uformerkt» om korleis futane dreiv det. Og han sette opp strenge reglar som skulle verna bøndene mot utsuging. Han sende endåtil ut opne kunngjeringar til bøndene om dette, så dei fullt ut skulle vita sin rett. Men samstundes fekk dei åtvaring om ikkje å syna «motvillighet» og «oppsetsighet». Opphavet til denne «storreingjeringa» i 1632 er futane. Straks over jul hadde kongen fått sett saman ein serleg kommisjon som skulle setja i gang dei grundigaste etterrøknader om futestyringa. Den søkkrike og forneme Jens Bjelke til Austrått (les i eit leksikon om han), norsk adelsmann og Noregs kanslar frå 1614 til han døydde i 1659, var formann i kommisjonen. I kvart einaste len hadde dei møte med bøndene og høyrde på kva klagemål dei kunne ha å bera fram. Sunnmøringane vart innkalla til Borgund, romsdalingane til Veøy og nordmøringane på Kanestraum i Tingvoll, som var ein av hovudgardane til Jens Bjelke. Det er midsumars i 1632, visstnok i juli, at Veøy atter er samlingsplass for ei av dei viktigaste hendingane for Romsdalsbøndene. Det galdt ikkje noko av desse «store» spørsmåla, som gjerne soga mest hefter seg med, men alle dei mange små og vanlege ting som til kvar tid er knytte til sjølve bondens og småfolks eksistensgrunnlag. Og det kom fram mange saker på desse møta, som kommisjonen eigenleg ikkje hadde rekna med då dei byrja, t. d. Romsdalsbøndene si klage over det «øltapperi» Molde-borgarane dreiv, «til stor skade for almuen», ein ting som kommisjonen førebels fekk sett ein stoppar for. Det var i det heile noko underleg dette at sjølve kongens sendemenn, dei høgste i landet, kom til dei og spurde dei om dei lei nokon urett av styringa, kom og spurde dei som alltid før hadde kjent det som den største vågnad å bera fram klagemål mot overmektige futar og andre. Kong Kristian 4. var kjend for si sterke rettferdskjensle, alt Holberg rosar han for dette. Og ingen stad kjem ho vakrare fram enn i desse etterrøkingane om korleis folket verkeleg har det. Dette hindra ikkje at han var ein streng herre, og i nauda kom til å skruva ennå ein gong rundt skatte-skruen. I alle høve er det noko nytt som bryt inn i det gamle dan-sketidssamfunnet.

Det var òg eit anna spørsmål som denne kommisjonen tok seg av: Korleis skulle ein på beste måten tryggja bøndene rettviss med-

ferd på heradstinga? Alt i 1591 fekk vi dei fyrste sorenskrivarar (eidsvorne skrivarar), som mot ei rimeleg betaling skulle hjelpa bøndene på heradstinga. Stoda til desse skrivarane var frå fyrsten ikkje sterk, då dei var mykje avhengige av futane, som dei visstnok òg til å byrja med budde hos. Dei økonomiske vilkåra deira var òg slette. Difor var dei fleste heller duglause folk med ring utdanning. Jens Bjelke ville ha slutt på dette. Han meinte — det han nok òg fekk ordna på papiret i det minste — at skrivarane skulle bli faste domarar på heradstinga, i underretten. Men skulle det verta slik, var det naudsynt at ikkje «h v e r l ø s u k y n d i g d r e n g», som hadde nokon til å hjelpa seg i Danmark, vart send til Noreg for å vera sorenskrivar, og det «u t e n å k j e n n e l a n d s e n s v i s e l l e r l ø v e n». Det som trongst var «d y k t i g e, f o r f a r n e, l a n d k y n d i g e o g o p p r i k t i g e p e r s o n e r». Men skulle det bli slik, laut «dennem heller noe mere til lønn bevilges». Jens Bjelke — og kongen — er her inne på rette vegen: Fast løn til å hindra utpressing, god løn til å få rett-tenkjande og vel opplærde embetsmenn, og endeleg naudsynt kontroll. Bort med misbruka, utpressingane og dugløysene. Lenge nok hadde kammertenarane til konge og høge adelsherrar, sjølvsagt utan dei ringaste vilkår til å fylla stillingane, til løn for trufast oppvarting fått viktige stillingar og embete («lakeiismen»). Slutt med dette vart det elles ikkje før etter ein fekk juridisk embetseksamen i 1736, slik at ingen kunne bli skrivar utan denne utdanninga. Så seint som frå 1679 til 1729 var ein slik «lakei» skrivar i Orkdal (bustad Follo, der landsgymnaset ligg). Då han overtok stillinga, fortel han i dagboka si, visste han i det heile ikkje kva ein sorenskrivar var for noko! Stort likare var det ikkje t. d. med Rømsdalsfuten Børge Eeg, det vi seinare skal sjå.

I åra 1625—1629 var Kristian 4. så tankelaus å blanda seg inn i 30-årskrigen. Det heittest vera ein krig til vern for Luther-læra, men det var alt anna enn religiøs eldhug som dreiv kongen til krigen, ein krig som elles òg heile riksrådet hans rådde honom i frå. Men denne kongen var ingen statsmann når det galdt utanrikspolitik. Han var for stuttsynt, såg for mykje einskildtinga og for lite samanhangen i hendingane. Resultatet vart så nederlag, skam og skade og skattar og økonomisk samanbrot. Frå no av vert finansspørsmålet ein kronisk kreftskade i statslekamen, noko folka i båe landa tydeleg får røyna. Den

fyrste og næraste utvegen vart ein freistnad alt i 1628 på å få pantsetja kongsjorda, krongodset i Noreg. Men samstundes laut skattane opp. Den vanlege skatten vart no som før betalt slik at eigarar av o d e l s j ø r d, som dei ikkje sjølve dreiv, betalte ein viss lut av inkomene av dette. Andre bønder betalte kvar ein fastsett sum for kvar medlem av huslyden, — ein lite «familievenleg» politikk, skjønar vi. — Skattebrevet frå 1628 påla kvar odelsmann å betala to tredjepartar av innkoma si, såleis $66\frac{2}{3}$ prosent! Kvar leiglending fekk ein skatt på 3— $4\frac{1}{2}$ riksdalar, om lag 3—4 gonger så mykje som dei hadde betalt nokon gong før. Styringa skilde elles mellom leiglendingar «ved sjøen», som måtte betala høgstesum ($4\frac{1}{2}$) og leiglendingar «til lands» (3 d.). Skipperar og styrmenn fekk 6 dalar (å 6 mark!). Husmenn «ved sjøen» 9 ort og husmenn «til lands» 6 ort, utrorskarar 9 ort, tenestegutar «ved sjøen» 6 ort, tenestegutar «til lands» 3 ort, årgangssager 9 rd., flaumsager 6 rd. Forvitneleg er det å sjå korleis dei skil mellom folk i sjøbygder og fjord- og fjellbygder. Det er sjølvsagt f i s k e t som gjer dei fyrste økonomisk sterkare, noko òg trelasthandelen. — Så mykje hardare verka denne omframskatten av di at det berre 4 år før hadde vori eit svært drygt skattepålegg «til betaling av rikets gjeld»; kvar odelsbonde laut då ut med $\frac{1}{3}$ av si jordrente, og ingen av dei mindre enn 5 riksdalar.

Sidan pålegget i 1628 var så mykje større enn før, vart det fastsett to innbetalingsterminar, til påske og til 1. juli! Men styringa tykte ikkje dette var nok. Medan all denne skatten skulle gå i «rikenes felleskasse» i Kjøbenhavn, såleis ut av landet, slik som òg lensavgiftene og tollene osb. gjorde det, så laut folket sjølv bera dei serlege utloger som k r i g e n kunne koma til å føra med seg for Noreg.

Det viktigaste for oss ved denne krigen var elles at han førde til den fyrste freistnaden på å atterreisa ein norsk her og ein norsk flåte. Men då krigen enda i 1629, let kongen den nye herskipnaden forfarast, endå det norske folket sjølv hadde ytt dei pengane som trongst til det nye landevernet.

Tida mellom 1640 og 1660 er kanskje den stridaste folket vårt har hatt, endå vi i denne tidbolken lenge hadde den dugande statthaldaren Hannibal S e h e s t e d til styrar i landet.¹⁾ Han freista

¹⁾ Vi skal seinare høyra om han som stor godsherre i Romsdal, sjå Vestnesgodset.

på fleire vis å fremja viktige tiltak for landet, men dei uhepne krigane til kongen førde med seg slike skattetyngsler på folket at det mest ikkje var til å halda ut lenger.

SVENSKEKRIGEN. — NYE SKATTEBYRDER OG UÅR.

i 1643—45 hadde nærast sin grunn i ovundsjuke til Kristian på svenskane, som på denne tida, mot enden av 30-årskrigen, stod med sigerskransen i hendene nede i Tyskland og i det heile hadde skapt seg ei stormaktsstilling i Europa, den Kristian nett hadde drøymt om for seg og Danmark. Då han så i 1645 skreiv ut dei svidande omframskattane att, var det av di at «vi og våres lande ere av de svenske påført en uformodentlig og offentlig krig og feide!» Saka var altså her, som så ofte elles i liknande høve, snudd opp ned. Før Danmark-Noreg vart krigen det syrgjelegaste nederlaget, endå om nordmennene i den såkalla «Hannibalsfeiden» greidde seg bra. Vårt land laut betala heile «gildet» mest: Ved Brømsebrofreden i 1645 laut vi fyrst avstå Jamtland og Herjedalen til Sverige + grensebygdene Idre og Særna, og dessutan kom nye uhyggelege omframskattar. Ein mektig forretningsmann i Oslo, Selio Marselius frå Amsterdam, hadde lagt ut for kongen dei pengane som trongst til å bu ut flåten. For å betala han påla kongen bl. a. at halvparten av all trelast skulle gå til dette. Skatten på kvar flaumsag vart no (1647) 25 rd.; i dei neste åra vart han minka noko, til 16—20 rd. Bekkesagene fekk ein skatt frå 1 til 10 rd. På dei ca. 80 flaum- og bekkesagene (s. 109) som var i Romsdal på denne tida, vart dette ikkje småsummar. Elles er det jamt dryge skattar i alle desse åra. I 1654 var skatten på kvar fullgard 4 rd., og dei gardane som t. d. var større, betalte deretter. Kvar fiskar fekk 3 rd. dersom fisket slo til, men han slapp med det halve dersom det slo feil! Husmenn og strandsitjarar (d. e. husmenn utan jord, slike som iser levde av å fiska og veida osb.) fekk 1 rd. Dessutan skulle kvar fullgard betala 1 dalar til å setja i stand festningane med. I 1659 er omframskatten på kvar fullgard jamvel nådd opp til 12 rd. Ein ser såleis ein jamn auke utgjennom Kristian 4. si styretid og i dei fyrste åra til ettermannen — frå om lag 1 d. for kvar fullgard til 12! Når vi hugsar på at kuverdet då låg kring 3—4 rd., skjønar vi fullt ut kva byrder dette var, som tillegg til dei obligatoriske og ordinære skattane.



Kristian 4. til hest.

Men utanom desse bad kongen om mange andre «ytelser», frivilljuge, heitte det. Eller han la på ymse andre avgifter, t. d. skysspengar, utskrivingspengar, «fornøds»-pengar. Trass i alt dette har vel ingen ting like vel verka sterkare på romsdalingane enn då det i 1641 vart utskrivi «knekte» derifrå til å arbeida ved gruvene til det nyskipa Røros koparverk. Dessutan skulle dei betala ei ort for kvar lest kol som trongst til å driva verket! Denne skulle alle ut med som slapp gjera arbeid for verket. Etter ei samla klage frå

Romsdals- og Nordmørsbøndene i 1649 fekk dei noko lette her. Og så var det skyssplikta, som serleg bøndene i Grytten pg. (Raumadalen) kjende som ei urimeleg tyngsle. Det hende at ein einskild adelsmann eller embetsmann gjorde krav på både 8 og 10 og fleire liestar når dei kom med stort fylgje og lassevis med bagasje. Vi har bl. a. ei klage frå bøndene i Kors-sokna frå 1633, der dei søker om skattelette, då dei måtte gjera 9 mils skyssferd over Bjørnekleiva og Taterkleiva. Kongen imøtekom søknaden denne gongen, slik han hadde gjort det nokre år før då det galdt bøndene på Lesja og Dovre.

Alt i 1604 hadde Kristian 4. i Bergen påbodi bøndene å byggja «skjærbåde», galeiar til å tryggja sjøforsvaret. Romsdal skulle skaffa ein. Påbodet vart seinare teki oppatt fleire gonger, så det er greitt å skjønna at det har valda vanskar å få det gjennomført. Ein gong heiter det jamvel at dei får få seg byggmeistrar frå Holland, ein annan gong at dei får lata dei byggja der! Desse båtane skulle ha eit 60 manns mannskap. Vidare skulle det skaffast naust til dei, og ein styrmann og to båtsmenn skulle dei løna til å føra tilsyn med skipa. Fyrst i 1653 kan ein sjå det er skrivi ut ein særskild skatt i Romsdal til å realisera skipsbygginga, 12 skilling av kvar fullgard, 8 av halvgarden og 4 av øydegardane. I den neste krigen (1657—60) spela desse skipa ikkje så lita rolle som førleskuter nordanfjells, — det eine ber namnet «Romsdalen», så ein kan skjønna bøndene har mått fullføra «skipsbyggingsprogrammet» til kongen.

Det er greitt at desse utlogene jamnast gjekk langt ut over den normale yte- og bereevna til bøndene. Så barst det til å driva inn skattane med militær og omsynslaus utpanting, der jamvel ikkje dei mest naudsynte ting vart unnatekne, gryta på omnen, kleda på kroppen.

Kristian 4. døydde i 1648, og då ettermannen Frederik 3. kom til Oslo same året til kongehyllinga, var det komi ein heil brote klager over skattane, og det endå Kristian på det strengaste hadde forbodi såvore. Det førde bl. a. til at ein heil flokk austlandsbønder vart dømde til 3 års straff-arbeid i bergverka for klagemåla eller søknadene sine. Men då dei bad om tilgjeving «for sådan dumdristig forseelse» og sa dei hadde handla «i uforstand», slapp dei med bøter. — I tillegg til alt slikt kom så uåra. Det finst klager over tilhøva frå dei fleste kantar av landet. I storbygda Strinda er det

tungt «å gå på den harde og bedske furubark å ete». Liknande ord lyder jamvel frå rike kornbygda Toten. Frå Namdalen heiter det: «Nogle mennesker er funnet døde i skogen ved treet, som de har sittet og løvet bark av til brød til deris føde og underholdning, og på mange steder er ikke bark å bekomme.» Bøndene i Stadsbygd, ved sjøen, og ei av dei finaste Trøndelagsbygdene, melder «at mange formedelst de ikke har klær til å skjule deres legeme med, må sitte hjemme fra kirken og Guds hus.» — Eit uår på den tida verka så mykje kraftigare av den grunn at sveltning av krøtera var så systematisk gjennomført alle stader. Når først eit uår kom på, med sein vår jamnast, så stupte tusenvis av dyr på båsen, og hestar ofte for ploegen. Livskrafta var så hardt utsett i førevegen at omfram påkjenningar i ei vårknipe ikkje var til å greia for dyra. Når Romsdal no som før — påkjenningane var sikkert elles store nok — greidde seg betre enn folk dei fleste stader, var det atter fisket å takka, dessutan reinsjakt o. a. veidn i fjordbygdene. Einast når uåret fall inn saman med ringt fiske, kunne tilhøva bli kritiske i våre bygder. Men ofte var det ille nok, og armod- og fattigmannslivet levde sikkert det store fleirtalet av folket å seia til kvar tid.

Men dei romsdalingane som var så hepe å få vera med på kongehyllingsfestane i Oslo i 1648, dei fekk noko ein tanke om kva den bøygde bonderyggen træla for. I hyllingsgildet var det med over 1000 gjester. Ein historikar skildrar det slik: «Bevertingen var kongelig, med kalkuner, lam, hummer, tiur, høns, engelsk oksekjøtt, fine utenlandske oster, rosiner, dadler og fiken. Innkjøpt var bl. a. 78 okser, 1387 kyllinger. Der ble drukket de fineste viner som a loco, frontignac, alicante, malvasier, rinskvin, canarisec, muskatel osv. Av øl drakk man flere sorter, sterkt norsk øl, rostockerøl, zerbsterøl, bottelbier og engelsk øl. Kongen hadde bl. a. to franske kokker med seg som assistertes av 5 norske, flere slaktere og en posteibaker. — Av vinglass tiltrengtes i de dager en mengde, da det var skikk, når de høgtidelige skåler ble drukket, å støte glassene mot hverandre så de knustes! I gjestebudet ble det ødelagt 1647 vinglass. Om aftenen var det store fyrverkerier, som var arrangert av en tysk ildkunstner.» — Ei meir strålande fest hadde knapt til denne tid vori i Noreg — om dei slett ikkje var så sjeldne i kongens Kjøbenhavn. Festar måtte desse krinsane ha om nauda var aldri så stor i baa rika. I Noreg åleine var det på denne tida, etter det oversyn ein kan få, iser av skattelistene, om lag 14000 sjølv-

eigarbønder, 40 000 leiglendingar og ei 10 000 husmannshuslydar som frå år til år dro gullkverna for desse danekongane, som trass i alt støtt vart fattigare og fattigare.

For heile riket reknar ein med at berre 25 pst. av jorda vart dyrka av sjølveigande bønder, ei 45 pst. dreiv leiglendingar for krone og kyrkje, og dei siste 30 pst. var i hovudsaka bygseljord under adel, rike bønder og einskilde storborgarar, som frå no av meir og meir tok til å setja kapital i bondejord.

KRIGEN 1657—60. ROMSDAL UNDER SVERIKE.

Det er greitt at i Brømsebrosemja frå 1645 låg kimen til ny ufred mellom Sverige og Danmark—Noreg. Det er denne uhepne utanrikspolitikken til Kristian 4. som såleis dreg nye fylgjer etter seg. Denne krigen var jamvel ikkje så få nordmenn lystne på, serleg Jørgen Bjelke, som fann det meningslaust at Sverige skulle bli sitjande med Jamtland og Herjedal. I 1657 braut så krigen ut att. Han vart berre stutt. Danskane leid usiger på usiger. Men endå nordmennene tok att Jamtland, fastsette Roskildefreden i 1658 at Sverige ikkje berre skulle få ha det dei hadde vunni under førre krigen, men Noreg skulle òg gjeva frå seg Båhuslen, Trøndelagsfylka og Nordmøre og Romsdalslen «til Hs.

Kjærlighet Kongen av Sverige». Frå fyrsten av galdt avtalen berre Trondheim hovudlen av landet nordanfjells, men den svenske kongen arbeidde hardt i Kjøbenhavn gjennom tingsmennene sine for å få med heile Nord-Noreg til og med Romsdal. Det er knapt nokon tvil om at Romsdalslen ikkje skulle vera med etter fyrste avtalen, men svenskane prosederte med at det hørde til «p r a e f e c t u r a N i d r o s i e n s i s», dvs. at den siste lensherren i Trondheim, Peder Vibe, hadde òg hatt Romsdal som tilleggslen. Det hadde alltid vori greitt at Romsdal var eit serskilt administrasjonsområde for seg og var



Lensherren Peder Vibe.

det så lenge lensskipnaden varde. Men svenskane heldt fast på sitt. Lensherren Peder Vibe, som sjølv var så nær knytt til Romsdal som eigar av Vestnesgarden, protesterte det han kunne mot at bygdene våre skulle bli svensk land. Men det nytta lite. Han måtte sjølv vera med og gå opp grensene, endå han ikkje var heilt frisk. Han slapp i minsto «å ri opp på de høgste fjellene, da han var tung og over 60 år», som han seier sjølv. — Under desse hendingane braut Vibe til slutt heilt saman og levde berre stutt tid. Enkja hans, fødd Budde, budde visstnok på Vestnes til i 1662, då ho selde garden. — Vibe var tvillaust ein av dei meir sjeldne mellom lensherrane våre: evnerik, rettvís og interessert i styringa på alle vis.¹⁾

Den endelege fastsetjinga av grensa mot Sunnmøre og Oppland vart ordna av lensherren i Nordland *P r e b e n v. A h n e n*, *R e i n h o l d v. H o v e n*, som frå 1662 vart ny eigar av Vestnes, og den svenske guvernøren *L o r e n t z C r e u t z*. Dokumenta om desse er dagsette på Vestnes 27. april 1658 og på Bjorli 28. juni. 40 romsdalingar var med som tingsvitne, 7 frå Nesset, 1 frå Veøy, 2 frå Voll, 4 frå Bolsøy, 3 frå Bud, 2 frå Aukra og 21 frå Vestnes og Tresfjord. Svenskane hadde fått sin «korridor» til Norskehavet.

Danskestyringa hadde i den siste tida vori så urimeleg hard, at ein skulle tru at folket både i Romsdal og Trøndelag tok i mot det nye styret utan serleg uvilje, endå det under Reinhold von Hoven og Jørgen Bjelke hadde slegest godt mot svenskane. Det hadde jamvel teki att Jamtland. Her var sikkert ei mengd romsdøler med; endå vi veit at 66 mann av det «Romsdalske Kompani» var sende til Danmark for å hjelpa til der. Romsdalsfuten *H a n s E v e r t s s ø n n* er med i Jamtland, og futen hadde oppbodet av landevernet (s. 117). Etter at svenskane vart bortdrivne, vart Romsdalsfuten sett til å greia styringa i dette utsette grenselandet. Han må såleis ha vori halden for ein dugande kar. Men denne framgangen her heime hadde lite å seia mot usigrane i Danmark, som avgjorde krigen slik vi har sett.

Det synte seg heller snart at svenskestyret ikkje villø bli noko betre enn danestyret. Fleire stader vart det spreidde svenske troppestyrker, som skulle ha underhald. Så gjekk det nye styret i gang

¹⁾ Noko meir om grenseoppgangen i Romsdal finn ein i Romsdal Sogelags årsskrift 1922, der sorenskrivar N. Hertzberg gjer greie for «Grensen mellom Romsdal og Oppland».

med skattepålegg. Fyrst var det freista med 2 rd. på kvar fullgarå. I eit brev til kongen fortel Lorentz Creutz at dei andre stader fann seg i denne skatten og betalte så godt dei kunne, men romsdalingane sa tvert nei til skatten. Difor hadde han sendt eit kompani frontsoldatar og 50 ryttarar avstad for å tvinga dei til lydnad. — Det vart òg gjort ei tvangsutskrivning av over 2000 soldatar til ein krig i Livland av svenskane. Ein flokk av desse lukkast det for å røma, men storhopen laut av garde, såleis mange romsdalingar med.

Etter svenskane, dvs. Creutz, hadde fått eit slag orden i styret, kom det påbod til bygdene om å senda folk til Trondheim til hylling av svenskekongen. Bøndene skulle ha serskilde utsendingar, elles møtte embetsmenn som prestar, sorenskrivarar og futar, — dei som kunne. Clas Stiernsköld vart lensherre, og Creutz skulle venda attende til Sverige. Men på eikor vis vart han fanga og sett i forvaring på Akershus førebels.

Ingen av partane var nøgde med Roskildefreden. I ser trege svenskane på at dei ikkje likså godt med det same hadde teki heile Noreg. Og dei gjorde alt det dei kunne til å eggja og øsa opp den norske almugen til hat og ei frigjeringsreising mot danskane. Men etter som skattebyrdene til dei nye herrane voks og folk fekk tenkja seg om eit grann, byrja harmen ta dei over denæ sundleminga av landet som svenskane hadde gjort den siste halve mannsalderen. Det var ikkje berre Trøndelag, Nordmøre og Romsdal, men også Jamtland, Herjedal og Båhuslen var opne sår i mang ein nordmanns hug. I ser for ein mann som Jørgen Bjelke var dette hardt. Han var son til Jens Bjelke (s. 131) som atter var dotterson til fru Inger til Austrått. Bøndene reiste seg òg mange stader. Dei tok no etterkvart, serleg sidan herskipnaden frå 1641 var komen i orden, til å få ein viss militær disiplin. I ser er reisinga til gudbrandsdølene kjend. Dei hadde enno skotteferda i friskt minne. Fedrelandshugen, tanken på eit heile, heldt på å vakna att. Så samla dei seg då 516 mann under dei ymse bygdefanene sine, og med futen i brodden drog dei over Dovre inn i Trøndelag og ville driva svensken ut både derifrå og Noreg elles. Åtaket skulle fyrst og fremst gjelda sjølve byen Trondheim, der Stiernsköld, ein djerv og frisk kar, residerte. Jørgen Bjelke var no sett til kommanderande general over all krigsmakta i landet, og låg i det med krigsførebuingar alt han vann. Alt ved kongehyllinga i Trondheim hadde Romsdals-

futen Iver Jenssønn Bandspill — av segna omlaga til Bondespillar¹⁾ — vist dei svenske herrane eit av dei breva Jørgen Bjelke hadde sendt bøndene, der han eggjar dei til å riva seg laus att frå svenskeveldet.

To korps, eit frå Bergen og eit frå Austlandet, vart så samstundes sende nordetter for å møtast i Trondheim. Reinhold von Hoven var førar for bergeningane. Under seg hadde han m. a. kaptein Kristen Holberg, far til Ludvig Holberg. I Romsdal heldt svenskane nett sesjon på Vestnes (16. sept. 1658), då fortroppa under førarskap til major Eiler Viborg brått kom over dei og sprengde sesjonen.

Frå Romsdal dro herflokken frå Bergen vidare til Trøndelag. Endå Stiernsköld med stor dugleik forsvara Trondheim utover hausten 1658, vart då svenskane drivne vekk før året var ute. I Danmark gjekk det òg no betre enn sist. Ved den endelege fredssemja i Kjøbenhavn i 1660, laut Sverige gjeva frå seg att alt landet nordanfjells, dvs. Trøndelag, Nordmøre og Romsdal. Derimot vart Jamtland og Herjedal og Båhuslen innlema i Sverige for godt, då Danmark—Noreg heller ikkje seinare greidde å ta att desse landslutene. Samstundes miste Danmark Skåne.

Romsdalingane var alt anna enn svenskvenlege i denne tida. Dei tunge skattane gjorde sitt, men mykje gjorde det òg at fisket hadde slegi feil og kornavlinga for det året var øydelagt av eit fælt haglver. Det nye styret var ikkje «årsælt» og fekk lett skulda for all motgangen. Uro og misnøye breidde seg alle stader. Og denne voks seg sterkare ved

agitasjonen til Store-Rasmus

på Myklebost på Harøya, den luten av henne som ligg på Sunnmørssida av grensa mellom futedøma. Store-Rasmus vart bondeførar, ein av dei merkelegaste i denne tida, både for romsdalingane og sunnmøringane. Garden hans låg så lagleg til såleis (rett ute i mynnet av Romsdalsfjorden). Namnet fortel at han måtte vera ein svær kar. Han hadde visstnok vori utanlands, truleg i orlogsteneste — og hadde arbeidd seg fram til ein velstandsmann. Etter han var heimkomen, sette han gong på gong opp almugen mot øverheita, serleg mot Romsdalsfuten, «sylvfuten» Iver Anderssønn på Gjermanes, som han beint fram størde almugen til å slå i hel i 1659. Alt

¹⁾ Koht seier i Norsk Bondereising (s. 177) at det er futen Iver Anderssønn på Gjermanes, fut frå 1659—83, som bar dette namnet. Han var òg så rik at han til sist fekk namnet «sylvfuten».



Futen Iver Andersson, «Sylvfuten», med huslyd. Guten til venstre er sonen Anders, den lærde rektoren ved Trondheim Katedralskule seinare. (Sjå om han lenger nede).

i 1656 var han stemnd for retten av di han «adskillige løgn og store ord i blant almuen spargeret har, samt til klager og urolighet opphisset». Lensherren i Bergen v å g a ikkje å lata han døma heime, slik han hadde bøndene med seg, men fekk kongeleg løyve til å setja rett over honom i Bergen, der han vart dømd til fengsel. Vi hører av ei «granskingsnemnd» som skal røkja etter om tilhøva for Trondheim lagdøme i 1661, at ho òg har fått greie på Store-Rasmus — «hvilken Rasmus med hans parti beskyldes for å være årsaken til budstikken ble oppskåren i Romsdalen med instigation (oppstøring) hos almuen, at de hverken ville lyde offiserer eller utskrivelser, ei

heller holde skatte- eller sageting med fogden og skriveren til å oppebære kongens rettighet eller administrere retten, før vi ved våres ditkomst brakte dem i annen mening, så de erkjente deres uforstand, men ikke deres instigatoris. Og etter som det ikke er den første eller eneste gang denne Mikkelbusta tilforne har vært befunnen i slike saker, som lensherren og commisarierne (etterrøkingmennene) der i lenet samt andre best erfaret og bekjent, så er det for ondt eksempel og farlig consequentier (fylgjer) skyld billigen verdt eksemplariter å straffes.»¹⁾ No vart då Rasmus Myklebost — etter segna — «ved et lumskelig overfall» fanga på nytt, send til Bergen, dømd frå livet og avretta. Dette er ikkje heilt rett. Heile tilgangen kom nemleg føre på ein herredag i Oslo 1661, og der vart han «lovligen overbevist at han hadde seg groveligen forsett» både på det eine og andre omkverve, såleis òg «understått seg som en voldsman for en sittende rett fra dommeren av tingbordet brev og dokumenter å bortrive». Til straff vart han dømd «i jern og arbeid hans livstid» på Akershus, og der vart han verande til han døydde, visstnok i 1666. Sidan Store-Rasmus vart dømd no — etter krigen var slutt — skjønar ein at oppegginga hans på langt nær berre har vori retta mot svenskane. Det var ein kar som synest å ha hatt mange jarn i elden, dei fleste galdt visstnok alt som hadde med herremann å gjera. Men heile storbråket omkring han er i desse åra krigen med svenskane stod på, endå han alt var velkjend, som vi har sett, med styresmennene alt i førevegen. — Minnet om han har haldi seg både i ytre Romsdal og på nørdre Sunnmøre gjennom hundreåra sidan. Om han var rette hovdingemnet for bøndene, er uvisst; men tilhøva var iallfall slike at dei trong til førarar frå sin eigen krins, og då var han velkomen når ingen betre baud seg. Helst er det vel skatteutpressingane, kvar dei så kom i frå, som kvesser motstandsviljen. Nett no, i 1657, kom det ein ny ein, ein «kvægtiendeskatt»; alt stort og smått fe skulle skattleggjast. Og vi fekk ei krøtertiljing så omstendeleg at det er synd det ikkje var ei folketiljing! Her er det verdfullt stoff når gardsoge og einskilde bygdesoger skal skrivast.

Tradisjonen har haldi seg heilt til vår tid om denne «svensketida». Rekdal fortel såleis (i Folkeminne frå R., s. 165) ei saga om Bud-

¹⁾ Denne klaga over honom og romsdølene var boren fram ved arvehyllinga i 1661 av Hans Hansen Smith, Bergenslagmannen, som eigenleg styrde lenet for den danske rikskanslaren Peder Reedtz i 1659—62.

presten Ivar, som fekk seg tilnamnet H e l t hos samtid og ettertid for sitt mod. «Ein flok svenskar kom og skulle ta Bud,» heiter det. «Då Ivar prest hørde dette, tok han med seg dugeleg med skjenk og drog til møtes med dei. Her skjenkte han dei fulle, og fekk dei til å tru at Buaværet var eit fillehol, der det berre budde fattige fiskarar. Så snudde svenskane, og bygda var berga. Dette karsstykket gjorde han til Ivar H e l t. Og bilete hans vart hengd opp i Budkyrkja og heng der den dag i dag. Staden der herr Ivar møtte svenskane, har sidan vori kalla Herskaret.»

FRÅ LENSHERRAR TIL AMTMENN.

Ei kongeleg forordning frå 19. februar 1662 gjorde ende på lenskipnaden i baae rika. Amtmenn og stiftamtmenn løyste av lensherrane. Dei vart faste embetsmenn på fast løn. Sorenskrivarar og futar vart òg fastlønnte embetsmenn. Romsdals len vart no slegi saman med Nordmøre og Sunnmøre til R o m s d a l s a m t. Militært sett var grensa mellom Romsdal og Sunnmøre heile denne tida og langt fram i det 19. hundreåret det faste skilje mellom dei gamle «Trondhjemske» og dei «Bergenusiske» regimentsdistrikta. Dei 4 Romsdals-kompania: det V e s t n e s i s k e, R o m s d a l s k e, F a n n å t i n g s k e og E r i s f j o r d s k e, hørde til det 2. Trondhjemske regiment, velkjent frå mange bragder.

Dei nye amtmenn fekk berre sivil makt, medan lensherrane òg hadde hatt den øvste militære styring.

NYTTIGE TILTAK FOR FOLKET UNDER KRISTIAN 4.

Det er om lag berre skuggesidene ved politikken og styringa i tida 1600—60 som har komi fram i skildringa vår ovanføre, og det er nok òg dei som har hatt mest å seia for folket i bygdene våre; det fekk aldri vera med «å skuma fløyten». Jamvel når kongen, slik som ved kontrollen av futane i 1630-åra, gjer ting som bøndene har tydeleg bate av, så har ein ei sterk kjensle av at det fyrst og fremst er for di at dei ikkje skal bli for mykje utsogne av a n d r e, slik at dei vert ringare skatteobjekt for sjølve krona. Men det er ingen tvil om at ein konge som Kristian 4. har hatt aktiv vilje til å betra tilhøva for folka sine på fleire vis. Såleis når han sende ut skriv om fremjing av næringslivet, t. d. av handelen. Det var då som alltid vandt å semja alle motstridande interessene; byane, iser Bergen og Trondheim, låg i sterk tevling med kvarandre; byg-

deinteressene gjekk jamnast mot byen; tyskarar, nederlendingar, skottar og norske borgarar såg alle skeivt til kvarandre; iser valda det strid at dei framande skipa både kom med varer og tok med seg last som Bergen- og Trondheimsborgarane hadd serrett til å handla med. I eit brev frå 1622 freistar kongen stogga dette: «Ettersom oss underdanigst berettes, hvorledes fremmede seg skulle understå udi sjølenene (m. a. Romsdal) udi Trondhjems len og ellers ut med sjøsiden brennevin, speseri, pepperkaker og atskillige unyttige og gamle og fordervete varer å heden føre og selge og dermed bøndene deres vare betaler, som de ellers med rede penger burde kjøpe, da ville vi sådant hermed inntil så lenge vi annerledes derom tilsigendes vorder, ha forbudt og avskaffet.» Å narra inn på bøndene dårlege varer var ille nok. Men endå verre var det at på denne tida tok brennevinsimporten til å bli ein viss faktor i handelen med bygdefolka. Det var å seia ei heilt ny vare, og ein velsigna ting for alt vondt, trudde folk. Så brennevinssejaren fekk lett avsetnad. I det same brevet grip kongen inn i dette. «Samleedis fortelles det at borgernes tjenere som ligge udi fiskerierne, til overflødighet selge brennevin og deslige sterk og het drikk, hvorutover de, som utsendis udi fiskendi, skal gives årsak til å ligge i fiskerierne og både forsømme fiskeriet, så og hvis de fisket har, skal de i så måte med drikken og slemmen fortære, deris husbonde til største skade og avbrekk, hvilken overflødighet vi udi like måte ville forbudt og avskaffet ha; fordriste seg noen derimot, da tilbørligen å tiltales og straffes.»

Dette er tvillaust det fyrste brennevinsforbodet som har vori oppe i bygdene våre! I eit litt eldre brev gjev kongen bergensarane det påbod å føra inn til Romsdal «hvilken vare bønder og menige almue der sammesteds kunne behøve, og seg igjen tilforhandle hvilken vare hos dennem falle kan, så de derover ikke platt forderves og ødelegges.» Lensherren i Bergen får strengt påbod om å sjå til at bergenskjøpmennene selde sine varer «billig og for tilbørlig betaling».

Då det i åra kring 1600 var leie uår, som jamvel skapte kritiske tilhøve for folket i Romsdal og andre sjøbygder, fekk borgarmeisteren i Kjøpenhamn (Claus Bagger) i 1602 kongeleg løyve til å fara til Romsdal med 2 kornskip på tilsaman 50 lester (= 600 tunner) og skaffa bøndene såkorn «for en billig penge». Tilhøva var då like låke som i 1589, då folk flest måtte ty til borkebrød, og romsdal-

ingane hadde mått søkja til sjølve kongen om hjelp. — I denne tida veks ladeplassen Molde fram og får snart eit heller breitt rom i næringslivet i fylket (s. 170 fg.). Eit viktig kongebrev frå 1625 løyser litt på dei strenge kongelege banda på næringslivet i bygdene for ei tid: «På alle havnene udi vårt rike Norge, hvor ingen kjøpstæder er funderte eller henlagte (såleis i Romsdal), må heretter fri og ubehindret innføres, opplegges, fastholdes og forhandles til bønder og andre som kunne det behøve, alle slags korn til sæd og annen nødtørft, malt, mel, erter, gryn, fisk og annen fødevarer og ædelsvarer,» som kjem til landet frå riket eller «underliggende land».

Nederlendingane var svært interesserte i handelen på Nordvest-Noreg på denne tida; det er jamvel ting som tyder på at dei tenkte å få tak på Romsdal og Nordmøre i 1660, som sin lut av det svenske laut gje frå seg att då, — berre ein liten takk for den hjelpa dei hadde ytt danskane under krigen. Ein brote nordmenn hadde ned gjennom det siste hundreåret teki teneste på den nederlandske handelsflåten; og trelasthandelen på Noreg blømde framleies rikt, så nederlendingane kjende vel både til naturrikdomane i landet og til folk og tilhøve i dei luter av Noreg der dei pla fara mest. Men England la seg i mellom og hindra at bygdene våre på nytt kom på framande hender. Det var ei veldig tevling mellom desse sjømakterne nett no, ei tevling som nådde sitt høgdepunkt då England dreiv i gjennom Navigasjonsakta i 1651, som avviste nederlandsk sjøfart på England og engelske koloniar og såleis førde til at Noreg måtte nytta eigne skip til utførsle av trelasten og fisken sin til engelske marknader. Før gjekk denne i hovudsaka på nederlandske skip; England stod heller ikkje med det same ferdig til å ta over all lasten vår. Dette fekk etter kvart svært mykje å seia for framvoksteren av ein ny norsk handelsflåte; vår skipsferdsle hadde legi sterkt nede sidan på 1300-talet, då ho vart knekt av Hansaveldet. Romsdal kjem no og med verdfullt tilskot til denne framvoksteren. Såleis kan ein sjå at bygdene våre alt i 1632 har 10 skip, dei fleste på Molde og i Bud.

I året 1633 fekk ein nederlending, Levin Levinssønn frå Alcmaar, løyve til i 20 år å hogge tømmer «i kronens skog» i Romsdal. Vidare fekk han rett til å setja opp «sagmøller i Romsdals elv», der han kosta på ikkje så lite for å få bort bergknauser og anna som kunne hindra tømmerfløytinga. Om korleis styringa i det heile var, vitnar det merkelege pålegget, sett ut frå vår tid, at embetsmen-

nene skulle hjelpa nederlendingen til billeg arbeidshjelp. Det heiter at han var komen til ein lut av fylket, «der hitinntil ingen fremmed handlet har.» Merkeleg nok gjeld denne retten hans til å utføra tømmer og mastetre sjølve Raumadalen, som etter måten er heller skogfattig. Furuskogen må ha stått tettare der den gongen enn no på moane og i liene. — Om ikkje så lang tid tek Levin Levinssønn, i strid med løyvet, til å hogga tømmer i skogane til andre enn krona òg, «i adels- og odelsbønders skog». Lensherren får så påbod om å få stogga dette. Og då gav nederlendingen snart opp det heile. Å gjera Rauma om til ei lugom elv til tømmerfløyting var ikkje lett, og det enda med at sagbruket vart avhenda til sylvfuten Iver Anderssonn og soknepresten i Grytten, J ø r g e n M a r s t r a n d. — Det er òg grunn til å tru at J. A. Schneider har rett i (i «Romsdalen og Molde») at J o h n M u m m e, som i åra 1649—53 åtte «Over-Åsens (Osens) bruk i Fanne åtting» var ein nederlending.

DET KYRKJELEGE OG MORALSKE LIVET I BYGDENE

ville òg Kristian 4. ha ein viss kontroll med. Veøy soknekall var enno knytt til domkapitlet i Trondheim (s. 28 fg.), dvs. at dette enno nytta sin gamle rett til å vera med og avgjera kven som skulle vera prest der, trass i at bøndene sjølve skulle ha kallsretten sidan reformasjonen (s. 88). Det freista då tvinga den tilsette presten å betala ei heller strid avgift for embetet. Eit pålegg frå kongen i 1609 seier at Veøypresten skal ikkje betala meir enn «som fra Arilds tid har vært.» Dette galdt presten Z a k a r i a s H o l c k, som bøndene sjølv hadde valt seg, etter råd frå prosten. Endå Holck sjølv berre skulle «en lidelig og billig avgift årligen utgi», så ser det ut til at han kravde sitt av andre. I 1632 får han pålegg frå kongen om å løna kapellanen sin i Nettet, Mogens Matssønn, såleis at han kunne leva! Resultatet vart at han (M. M.) året etter fekk brev på N e s s e t (prestegarden sidan) og to sagbruk. Eit anna år ser ein at kongen — i all si pengenaud — set all korntianda i lenet, som før prestane hadde hatt mot ei lita avgift, til auksjons. Sylvfuten Anders på Gjermanes fekk tilslaget for 20 rd.! I 1620 kan ein sjå at den vidgjetne diktarbispnen A n d e r s A r r e b o e (sjå eit leksikon), som elles sjølv snart vart avsett fordi han var ein for lystig selle til prestekragen, har fått til oppgåve å røkja etter tilhøva med A u k r a p r e s t e n, som hadde fått barn med kjærasten sin! Det

enda med at presten vart dømd frå embetet, men fekk straks etter konge­brev på eit nytt kall. Det ser elles ut til at Romsdals-prestane har likt Arreboe, då dei gjev honom eit godt skotsmål.

Merkeleg nok finn vi òg ein *lensherre* (Parsberg) som meiner at han må ta seg eit grann av folks moral rundt i bygdene våre og i dei andre bygdene ut mot havet, «i sildefjordene», som han skriv. Det kunne visseleg trengast: «Etter som jeg forfaret har den meget store uskikkelighet og misbruk som seg hittil i Sildefjordene har tildraget, hvorved Gud fortørnes og forårsakes fiskeris velsignelse å forrykke», så må det gripast inn; han kjem med alt i alt 32 påbod og forbod til bøndene. Såleis får dei påtale fordi dei ikkje går til kyrkje, fordi dei fiskar om sundagane o. l. — Kongen sjølv let oftast «nåde gå for rett». I 1641 hadde han fått greie på at eit sjukt barn i Romsdal var «draget under jorden». For dette dømde ein rett samansett av 24 mann dei 5 som hadde hatt med dette å gjera, frå livet. Det var mor til barnet, Guri Otterbog, og vidare Marte Jensdotter, Ingebret Steinsvoll, Eldar Huseby og Ingebjerg Torhus, alle frå Nesset. Kongen gjorde heile domen om siik at dei slapp med «å stå åpen skrifte» og betala mindre bøter.

På *Hustad* hende det ein gong på denne tida at 5 bønder tok eit *trebilet* ut av kyrkja og kørde omkring på markene sine med det i den trua at då skulle ikkje *ulven* gjera dei skade. Desse bøndene slapp berre med bøter trass si ugudelege avgudsdyrking. Det er uvanleg forvitneleg det vi høyrer her om trebiletet dei kører rundt med. Det er all grunn til å tru at det er den gamle *grøde-guddomsdyrkinga*, som vi veit germanane dreiv med på Kristi tid¹⁾, dei trass i alle truskifta sidan heldt fram med der ute. Noko liknande veit vi om frå ei Telemarksbygd jamvel eit par hundre år seinare. Med det same kan ein òg minna om at ei mengd andre truer og skikkar som heilt til det siste har levd i bygdene våre, heng saman med liknande dyrking av guddomen for grøderikdom og avlekraft.²⁾

Rimeleg var kongen i 1625 mot Ola Andersson Kolflåt, som hadde komi «i skade for å ihjelslå» Hjalte Sogge. Fyrst var han «sagt fra sin fred», men søkte så kongen om nåde, den han fekk mot å betala 300 dalar i bot og syta for utsoning

1) Sjå Romsdals Soga I, s. 74 fg.

2) Sjå «Joleband og vegetasjonsguddom» av Nils Lid.

med skyldfolket til Soggemannen. Sidan skulle han «være og blive her udi riket fri, felig og sikker, stå og gå udi laug og taug og søke laug og gildehus med gilde menn og gjæve, og ei være mann dess verre for den sak udi noen måter.» Det var eit visst vederlag for bota, om ho var utruleg dryg. Når vi kjem ein mannsalder eller meir nærare mot vår tid, vil vi jamt finna at «rettferda» er utruleg mykje hardare enn her, oftast reint meiningslaus.

På hausttinget for Eresfjord åtting i 1697 hadde futen stemnt inn Johannes Ivarsson Berset fordi han hadde støypt falske åtteskillingar av tinn. Guten, som berre var 18 år, hadde sjølv laga seg støypeformer etter avtrykk av ekte åtteskillingar og synest å ha drivi det heile nærast for moro skuld. Han visste ikkje om det strenge forbodet mot å støypa pengar. Men han vart dømd til å missa livet.

Serleg var domen hard mot kvinner, som fødde i løynd og gjorde ende på borna sine. Det vart ofte ikkje gjort dei mest naudsynlege etterrøknader for å klårleggja rette tilgangen eingong. Til døme kan ein nemna at i 1697 vart Randi Olsdotter frå Eresfjord, som då tente på prestegarden, dømd til å halshoggast — og vart halshoggen, endå dei hadde ikkje noko anna å halda seg til enn det ho sjølv sa, at barnet var dødfødd. I 1731 vart det avsagt dom over Kirsti Andersdotter i Kleive. Ho hadde fødd for tidleg og gravi fostret ned på kyrkjegarden der. Ho hadde sjølv fortalt alt og i røynda ikkje noko gale gjort. Likevel, domen lydde på halshogging, og hovudet skulle setjast på stake. 6 år etter ser vi at ein bonde Hans Pedersson Tomren og Gjertrud Olsdotter Tomren vart dømde til å missa livet «ved sverdet» for di dei hadde «avlet barn sammen» då Gjertrud var systerdotter til kona hans. Dette er rett nok ekteskapsbrot, men det er ikkje det same som brotsverk. Ser ein gjennom gamle rettsprotokollar, kan ein finna ei mengd liknande meiningsløyser berre frå våre bygder gjennom einvaldstida.¹⁾

Slagsmål og overfall var heller ikkje så reint sjeldne ting i bygdene, og at det ikkje var berre bønder som greip til hardmakta når hugane vart for heite, fortel dette: I Grytten var dei to prestesonene Kristoffer og Nils Lem svære slåstkjemper. På tinget på Monsås 22. oktober 1703 hadde Just Andersson Setnes innstemnt dei to brørne for retten skulda for overfall. Just vitna at dei kom ridande til

¹⁾ O. Olafsen har ikkje så få døme berre frå Veøy i Veøy I, s. 392—99.

gards og reid like inn i stua til honom, hogg med ein kårde i bord og bjelkar, slo ut alle vindaugo, kalla honom ein tjuv og ein hund og truga med å drepa han dersom dei fann honom.

Men så er det no òg bygdelivet frå den svartaste sida ein finn til alle tider i rettsprotokollane.

VESTNES GARD OG GODS. HANNIBAL SEHESTED.

Vestnes er i dag fyrst og fremst bygde-, herads- og prestegjelds-namn, men opphavet til desse er garden Vestnes, heilt til i dag hovudgarden i heradet. Garden har nedgjennom tidene haldi seg udelte. Etter I. Brovolds opplysningar om Vestnes skal garden vera på om lag 6000 mål; av dette er om lag 1000 mål innmark. *Krafft* fortel òg om «denne betydelige gård, der har en behagelig beliggenhet», i arbeidet sitt om Romsdal frå 1831. Garden er då på 7 våger. Heilt fram til vår tid har garden haldi seg som den største i fylket. Etter matrikkelen frå 1907 var han på 34,89 skyldmark. Garden hadde då 11 husmannsplassar, som tils. hadde 232,3 mål dyrka jord og 342 mål naturleg engmark.

Vestnes har nok heilt frå førhistorisk tid vori eit storbøle. Det kan ein skjønna av lægje og lende til garden, og det vitnar òg alle gravhaugane på garden om (R. S., I, s. 90). I fyrste bandet av R. S. har vi òg fortalt om *Nikolaus* frå *Vestnes*, som omkring 1200 var ein viktig mann hjå kong Sverre. Dersom *Nikolaus* var kongeleg lendmann, var det mogleg at garden då var i kongens eige. Men *Vestnes* kan òg ha vori hans ætte- og odelsgard.

Det har vori vanleg meining at *Vestnesgarden* høyrde til *Giskegodset* ut gjennom mellomalderen og fram til 1640-åra, men *O. Olafsen*¹⁾ freistar syna at garden i denne tida har høyrte kongen til. Såleis høyrer garden på 1500-talet til den jorda som fru *Inger* til *Austrått* hadde i forlening av kongen. *Tilhøva* er ikkje heilt klåre, heller ikkje kva som i *røynda* er grunnlaget for striden mellom dei to futane *Jakob Pederssønn* og *Bernt Schrøder* om *Vestnesgarden* i 1597 (s. 114). Som vi har sett, enda det med at *Giskefuten* (*J. P.*) fekk ha garden, då han hadde fått livsbrev på han.²⁾

¹⁾ Sjå Årsskriftet til R. Sogelag, 1925.

²⁾ I ei sak frå denne tida (*N. H. D.* s. 79) ser ein at bondelensmannen i *Vestnes* heiter *Lars Brostedt*, tvillaust ei fordansking av gardsnamnet *Brastad* i *Vestnes*.

Vi såg (s. 121) at lensherren Mats Sandberg òg gjorde ein freistnad på å få Jakob Pederssønn bort frå Vestnes; det kunne kanskje tyda på at garden no har vori sett på som kongsjord, det ein òg helst må slutta av at garden i 1595 beint ut er kalla «fogedgården i lenet». Lensherren, Sandberg, er svært misnøgd med at Giskefuten har sett seg fast på Vestnes, då han sjølv meinte han hadde rett til «å nyte» garden. Jakob Pederssønn må ikkje berre ha vori ein maun som visste å snu seg, men må òg ha hatt mektige vener, sidan han baa gongene greidde å berga garden for seg. Som kongens fut i



Vestnesgarden med kyrkja.

Romsdal (s. 121) vart han sitjande endå tryggare på garden. I 1608 er Anders Iverssønn vorten fut over Giskegodset, med bustad på Gjermanes, på andre sida Tresfjorden. Han vart mågen til grannen på Vestnes og vart kongens fut i Romsdal etter verfahren (sjå elles s. 110 fg.). Tilhøva fram til 1640-åra er ikkje rett klåre. Det ser òg ut til at *Sekkenes* er futegard ei tid (1608—1632).

Hannibal Sehested, verson til sjølv kong Kristian 4., vart i 1642 stathaldar i Noreg. Han var ein kraftkar, ung og nygift, hadde rike evner, var klok og klår og hadde alt samla seg store røynsler. Dette gjorde at han hadde dei beste føresetnader til å greia med landsens styr og stell. Han var på mange vis ein storslegen mann,

men samstundes var han hækjen etter gods og makt. På dei 9 åra han var stathaldar, lukkast det han å slå under seg om lag 1/16 av all jorda i landet — og slett ikkje berre på uærleg vis; han var uvanleg flink til å nytta ut høvet når det var der. Og det var der jamt i denne tida, då kong verbror støtt var i pengeknipe og måtte pantsetja eller avhenda krongods til fyrste og beste kjøpar, noko Sehested især nytta ut. Reint ille var det såleis for kongen etter krigen 1643—45. Giskegodset, som Frederik 2. hadde fått tak på i 1582, vart 16. desember i 1648 overdregi til Hannibal Sehested av den nye kongen, Frederik 3. «til Norges rikes gjeld å avlegge». Av dette var 111 gardar og 18 strandsitjarar på Sunnmøre og 80 gardar i Romsdal, ein auke her på 23 gardar sidan 1582. I juni 1649 fekk han dessutan overlati Vestnes med ei mengd andre gardar i bygdene våre, desse som frå no av kjem til å gå under namnet Vestnesgodset. I boka si om «Hannibal Sehesteds Statholderskap» fortel Osc. Alb. Johnsen at til Vestnes høyrde to avlsgardar Leirvåg og Bøli (Barli?), dessutan 21 gardar i Vestnes hovudsokn, 15 i Sylte anneks, 30 i Bolsøy sokn og ein del andre i Romsdalsbygdene elles. «Ved makeskifte økte Sehested ukedagsgodset (sjå seinare) således at han allerede det følgende år hadde 33 gårder i hovedsognet og 25 i anneks, samtidig var også strøgodset vokset betydelig. Det nytt tilkomne var vesentlig krongods og geistlig gods; en del var lagt til fra Giske.»

Føremålet er for Sehested å gjera Vestnes til ein adeleg hovudgard med ein heil flokk arbeidspliktige og landskyldytande «ukedagsbønder» på gardane rundt hovudbølet og i dei næraste bygdene, alt etter dansk mønster. Og han fekk òg snart slegi fast at Vestnes skulle vera «fri adelig setegård», som det heitte, d. e. at garden skal vera fast sæte for ein adelsmann, som nyt visse serrettar. Desse fall bort utan vidare om garden gjekk over i «ufri manns eige», dvs. vart seld til uadeleg kjøpar.

Nokon mild herremann vart ikkje Sehested for Romsdalsbøndene. Avgifter og arbeidsplikter vart straks dobla, og med dei ymse «makeskifta» gjekk det visseleg så ymist til. Det var heller ikkje berre bøndene som laut finna seg i desse makeskifta hans eller omflytingane. Jamvel høge adelsherrar, t. d. Jens Bjelke, torde ikkje setja seg imot den mektige og myndige stathaldaren. Bjelke seier om dette — det er ikkje nett broddfrie ord — at han «gjerne nøyes» med det gods Sehested «erbjuder» i vederlag «om Kongl. Majestet

finner det tilstrekkelig». — I 1646 hadde den norske (danske) adelen fått godkjent den såkalla »hals- og handsrett» over bøndene sine i hovudsokna og i dei næraste annekksa. Dette visste òg Sehested å nytta ut; men ved sida av denne retten til å påtala brotsverka til



Hannibal Sehested og fru Kristiane.

bøndene sine låg det òg til adelsmannen å fullføra domen, og det jamvel i ulivssaker. Vidare fekk Sehested fleire andre rettar òg, som ikkje adelsmenn elles hadde før honom i Noreg. Såleis fekk han birkerett, ei serskild utviding av domsretten, slik at han no hadde den høgste domsretten over bøndene sine, dessutan retten til å tilsetja eigne sorenskrivarar i dei prestegjelda der godsa

hans låg. Attåt alt det andre fekk han endeleg av mågen sin, Frederik 3. (bror til fru Kristiane) jus patronatus, dvs. retten til å tilsetja prestar i bygdene der godssamlinga var. 13 hovudkyrkjer og alle annekskyrkjene til desse fekk Sehested kallsretten til, mellom dei Veøy hovudkyrkje og annekskyrkjene (s. 92). All annan adel i Noreg derimot var bunden av norsk lov. Ved privilegiebrevane sine vart såleis Sehested sett over eller utanom landsens lov. Fritt spel og fritt rådevelde skulle han ha, «uten noen exception (rettsleg avgrensing) eller limitation udi noen måter», som det lydde.

Ein lyt seia at dette såg ikkje bra ut for ei mengd Romsdalsbønder, serleg då for dei frå Vestnes og dei næraste bygdene. Dei er på veg til å hamna i den reine liveigenskapen, slik det ofte gjekk med bøndene i Danmark og i så mange andre europeiske land. Snart ville det visseleg òg her som der ha komi pålegg om bustadband og annan ufridom som hørde liveigenskapen til. Vanleg lov og rett fanst det ikkje for slike bønder. — Men lukka var, trass i all dugleiken til Sehested, at hans herredøme i Romsdal vart berre stuttvarig. Fyrst og fremst tolde ikkje den andre høgadelen all denne framgangen hans og tok til med baktaling og undergravingsarbeid hos kongen med det mål å få han avsett, helst fastsett med. Hovudmenn i denne aksjonen var jamvel folk som hørde til næraste slekta til Sehested og fru Kristiane. Endå han gjorde mykje for landet, vart han likevel alt anna enn elska av folket. Dei låke tidene, skattane, dei ymse reformene hans i Noreg, såleis også arbeidet med nyskiping av herstelltet, og ikkje minst: den omsynslause utnyttinga av adelsrettane sine og den store jordsamlinga hans, alt dette skapte berre tyngsler og hat hos bøndene. Alt i 1649 er ein mann frå Bragerne, Henrik Rog, nede i Kjøbenhavn med klager over styringa til Sehested i Noreg. Han vart skulda for overgrep og urettferd i si embetsgjærning, og at han eigenmektig rådde for tollene og avgjorde skattar og avgifter. Truleg hadde Rog også med klagemål frå almugen, som skulle styrkja åtaket på den mektige landsstyraren. Rog er tvillaust berre ein reiskap for mektigare undergravingsmenn. Då Sehested fekk greie på denne klaga, heldt han til på Vestnes, der han dreiv og ordna med godsskipinga si.¹⁾ I eit brev derifrå i 1649

¹⁾ Det er såleis ikkje rett det O. Olafsen seier i R. Sogelags årsskr. 1925 «at Sehested neppe noensinne har sett Vestnes». Fast opphelde der i lengre tid, slik I. Brovold meiner, er knapt heller rett. Men det er ikkje urimeleg at han hadde tankar om å ta bustad der, ordna seg noko liknande som Bjelkane på Austrått.

til Otto Krog, ein av dei leiande innan den danske adelen, seier Sehested at klagemåla er «uforskammet», og han legg til at han er ein ærleg mann som aldri har gjort noko menneske urett mot loven. «Dersom annerledes befinnes, da dømme meg Gud og straffe meg laugen (loven) til største forakt for verden.»

Det gjekk over denne gongen. Sehested fekk enno i to år høve til å rida sin høge hest i Noreg. Ein kan sjå det er Otto Krog som har hjulpet honom så han vart «uten all mistanke», det Sehested takkar honom for i eit brev stutt tid etter; dette brevet er skrivi på Akershus. — Men i 1651 fall han for godt som norsk stathaldar, truleg ikkje så mykje for det gale han hadde gjort, som for det at han må ha kjendest å vera ein for mektig mann for den sjølvrådige herr kongemågen sin, som ingen storadel ville vita av. Det faktiske var at det var berre lite dei kunne få innpå Sehested av alle skuldingane. Etter 1660 forlikte han seg med kongen att — han hadde i mellomtida vori på mangt eit eventyr i utlandet — og fekk pånytt mykje å seia i styringa, men no nede i Danmark. — Johnsen seier at her heime «betegner hans statholderskap gjennombruddet av de krefter som med eneveldet (1660) skaper en ny epoke i vår historie.»

Futen til Sehested i Romsdal i desse åra er Hans Evertsson (s. 139) — «forvalter over Vestnes gård og gods».

Den 5. april i 1652 fekk dansken Nils Banner på Sjælland brev på 900 rd. årleg av krongodset i Romsdal — det har altså enno vori ein god slump av dette att — medan lensherren i Trondheim fekk leidangen og andre avgifter frå lenet, t. d. tienda. Eit par år etter ser ein at ein lut av innkomene i Romsdal vert nytta til å løna den kongelege historieskrivaren Vitus Bering, — slett ikkje det ringaste som pengane til Romsdalsbøndene gjekk til i dansketida!

I den fyrste tida etter Sehesteds styre spela brørne Marselius (jfr. s. 134) ei veldig rolle i Noreg, serleg nordanfjells. Dei fekk òg tak på ei mengd jordegods i Romsdal til pant for alle pengane dei hadde lånt kongen eller lagt ut for han under krigane. Men snart kom Vestnesgodset i hendene på Reinhold v. Hoven (s. 139). Hoven var opphavleg tyskar, komen frå Øsel, der òg Sehesteds ætt var frå. Han kom til Noreg i 1649 og vart major ved det Trondheimske regiment og steig snøgt i gradane under siste krigen. Kraft, Schneider o. a. har haldi fram at von Hoven kjøpte Vestnesgodset alt før 1654, men det ser ut til, — det òg O. Olafsen meiner — at han berre har hatt det til pant, til han vart verkeleg eigar av det i 1662.



Reinhold von Hoven.

la han kjøpte både garden og godset av enkja til Peder Vibe, Anne Katrine Budde. Generalmajor von Hoven var gift med Helle Budde, visseleg i ætt med frua til Vibe. Ho døydde på Vestnes i 1684. Mannen var død eit par år før. Den einaste sonen deira døydde før baa foreldra og er gravlagd på Veøy kyrkjegard.

Frå von Hoven gjekk Vestnesgodset til versonen, generalløytnant Georg v. Schultz, også ein tyskar. Han hadde i si tid gjort ei romantisk bortføring av Sofie von Hoven og gift seg med henne mot foreldra sin vilje, noko som ei lang tid skapte

ymis strid. Foreldra hennar kravde jamvel ei tid at versonen skulle arresterast! Georg v. Schultz ser ut til å ha vori ein slett økonom. Han laut såleis pantsetja noko av godset, i 1708, til amtmann Nobel, som òg vart kjøparen av det i 1721. Resten kom, fyrst ved pantsetjing og seinare ved kjøp, i hendene på kjøpmann Lorentz Holst i Trondheim, som òg slo under seg fleire av kyrkjene i Romsdal. Armøda etter den store nordiske krigen i fyrsten av 1700-talet tvinga kongen meir og meir til å selja jordeigedomane sine, såleis også kyrkjegodsa, til private. — Etter Holst vart sonen Hans den største jordeigaren i Romsdal; han åtte òg Moldegård. Det meste av gardane til amtmann Nobel kom over i hendene på ettermannen hans i stillinga, Erik Must. I 1757 selde Hans Holst «det adelige» Vestnes gods og kyrkjene Veøy, Vestnes, Sylte, Rødven, Bolsøy og Kleive med dei gardane som høyrde til desse + ein del einskildgardar til Sunnmørsfuten Ole Alsing for 38000 rd. Han flytte då til Vestnes, der han budde til han døydde i 1780. Med Alsing gjekk det nord og ned økonomisk, så han laut selja unna både kyrkjene, som bøndene sjølv i dei ymse bygde-

ne kjøpte, og einskildgardane. Etter kvart kom så det store Vestnesgodset i hendene på sjølveigande bønder att. Vestnesgarden greidde derimot enkja etter Alsing å halda på.¹⁾

Når vi har teki med så mykje om Vestnes og Vestnesgodset, er det fordi at det har spela så stor ei rolle i bygdene våre at det jamvel kan seiast å ha si eige soge. Men det er òg mykje av di at saga om gods og gard illustrerer så sværande godt heile den framvoksteren vi kjenner så vel frå landet elles òg. Vi ser korleis samfunns-tilhøva frå fyrsten ligg til rette for storgodsdrift og leiglendingsliv, noko som tilslutt kunne ha enda med stor ufridom på alle vis for bøndene våre, nett som i Danmark. Dei vanskelege tidene i slutten av tidbolken tvingar til all lukke meir og meir jordherrane til å selja jorda si, så leiglendingen kan bli full-bonde og frimann att, slik det går i fut Alsing si tid.

BUD.

Dei opplysningane vi har gjevi i samband med skattemanntalet frå 1520 og riksmøtet i Bud i 1533 syner at Veøy hadde mått vika plassen for Bud som sentrum for det økonomiske livet i fylket. Hit søkte kjøpmenn frå Bergen og Trondheim, og fleire ting tyder på at nederlendingar og skottar og andre framande handelsfolk jamvel hadde byrja ferdsla på Bud alt på reformasjonstida. Bud var berre eit fiskevær, men fisken og fisket spela i det heile teki no ei svært stor rolle i handelsomsetnaden vår. I det neste hundreåret, framover til 1660, kjem trelastomsetnaden meir i framgrunnen i Romsdal, noko som etter kvart fører til framvokster av den nye handelsplassen på *M o l d e* og «*R o m s d a l s m a r k n a d e n*» inne i Grytten. Dei midtre og indre bygder får atter meir å seia. — Men endå så seint som i 1632 eig Bud 3 av dei 10 jektene som fanst i lenet, såleis den største som var på 11 lester, eigaren var Mads Skrivar. Men elles kan det ikkje ha vore nokon serleg rikdom der, då budværingane det same året søkjer kongen om å få betala skatt etter reglane for husmenn. Dei held fram som grunn «dennem å sitte på de bare havskjær, tilmed ingen annen næring å ha enn hva de med en liten fiskekrok kan fortjene». Dei tek visseleg i i sterkaste laget, men då lensherren fekk påbod om å røkja etter korleis tilhøva i røynda var, fekk dei verkeleg stetta søknaden sin.

¹⁾ Brovold fortel utførleg om dette i si skildring av Vestnes.

Bud hadde fått synt seg så mykje ved riksmøtet at det gjekk heller snart for det, i 1542, å få eigen prest, ein residerande kapellan under Aukrapresten. Han skulle òg greia kyrkjeforretningane i Hustad. I 1591 fekk presten i Bud brev på å få ha korntiendane frå Aukra av den grunn at «Bu fiskeleie er vidt fra hånden og ubeleilig liggende for den rette sogneprest, og på det at de kunne ha en skikkelig og lærd mann til sjelesørger hos dem bosittendes.» — I 1639 fekk almugen i Romsdal påbod om å hjelpe Bud-presten til eit høveleg husvære. Men han skulle sjølv halda det vedlike i framtida. I 1648 er det i futerekneskapane oppført 35 «wergemenn og strandsittere» i Bud, men «de ere ganske utarmede og har gitt av ytterste formue etter tingsvitnes formelding». I 1650—51 betalte likevel 75 personar «leding og landvare» der. Mellom desse er det i minsto to som må vera skottar: Robert Robertson og Stephen Stephenson. Den siste møter vi att i Molde òg. I 1653—54 var det 19 menneske som betalte 1 dalar i skatt og 55 som betalte leidang i Bud. 10 år etter hadde fiskeværet berre 41 borgarar, husmenn og strandsittjarar. I 1700 er det berre 38 personar som betalar leidang der, i fisk, sjølvsagt. Det er tydeleg at det går attende med Bud.

ROMSDALSMARKNADEN PÅ DEVOLL I GRYTEN, FRÅ 1820 PÅ VEBLUNGSNES.

I skriftlege kjelder er Romsdalsmarknaden, så vidt vi kan finna, nemnd fyrste gongen under drøftingane på riksmøtet i Bud i 1533. Men han er tvillaust ein utgamal handelsplass, der ein kan rekna med at folk frå mange kantar møttest heilt attende frå førhistorisk tid. Men fyrst mot slutten av mellomalderen fekk han truleg det omfang som vi kjenner til frå 1700- og 1800-talet, som elles har vori stortida for alt marknadsliv over heile landet. Det gamalnorske ordet *m a r k n a d r* er det same som det nynorske marknad (tysk Markt, engelsk market, fransk marché, italiensk mercato — alle har dei si rot i det latinske ordet *m e r k a r e*, som tyder å handla). Marknad vil stutt og godt seia ei kjøpestemne. Han er såleis ingen fast handelsplass, der varebuer og vareslag er å finna til kvar tid. Folk møttest der berre ei stutt tid kvart år og kjøper det dei treng og sel det dei kan ha til avsetnad.

Det er svært rimeleg at alt tidleg har opplandsbu og fjellbu funni fram her etter den utgamle ferdavegen ned gjennom Raumadalen



Sentrum i Grytten gjeld, Åndalsnes til venstre og Veblungnes til høgre.
Rauma-elva kjem midt etter dalen og renn ut i fjorden her.
Marknadsplassen, Devoll, ligg oppmed fyrste kroken i elva.

til kjøpstemne med øybu og fjordbu. Minst like gamal skal ein marknad på Nordfjord-fjellet på ein stad som heiter *H a n d e l s b y t n a n*, nord for Billingsdal, vera. Til møtes med vestlendingane her kom ikkje berre gudbrandsdøler, men òg ei mengd romsdalingar. Marknaden her var visstnok ved jonsok-tider. Sjølve namnet Handelsbytnan fortel ikkje så lite om denne eldste omsetnaden, som var eit gjennomført *v a r e b y t t e*. Folk frå dei ymse bygder bytte frå seg det som dei serleg produserte, og kjøpte att (også med pengar) varer dei sjølve vanta. Døler og lesjingar og folk frå dei indre fjordbygdene kom då serleg med smør, ost, kjøt og skinn av husdyr og vilt som rein, elg, hjort (også vanlege villdyrskinn), nøtter, tjøre, trevarer, jarn o. l. Og visseleg hadde dei òg alltid med seg ei mengd levande dyr, iser hestar og andre husdyr. Det kunne ikkje vera ein lugomare plass å få til dette varebyte på enn her ved utfallsosen av Rauma. Til kjøpstemna her var det lett å koma for folket på øyane og dei ytre kystbygdene aldri så langt unna med fisken og silda si og andre ting dei hadde, tran, salt og korn t. d. Det er som O. Olafsen har sagt det, sjølve livet og naturen som har avgjort møtestaden. For slike plassar nyttar det ikkje å tala om noka fast skipingstid eller om noko visst påbod, som kunne liggja til grunn for fram-

voksteren av marknaden. Han har å seia «gjort seg sjølv» — slik bygdene trong han. Også møtetida, ut på haustparten når alt onnearbeid og all innhausting var unnagjort, sa seg mest sjølv. Frå fyrsten av var marknadstida dei fyrste 8 dagane etter 6. okt., men seinare skulle marknaden vara ved i 7 dagar etter fyrste tysdagen etter Mikkelsmess, 29. september.

Det var Vincents Lunge som ville ha Romsdalsmarknaden drøft i Bud. Det kjem ikkje fram kvifor han ville ha dette spørsmålet fram der. Men ein kan vel tolleg trygt gå ut i frå at for honom, lensherre i Bergen, gjeld det i minsto ikkje å fremja den frie marknadshandelen derinne ved Raumaosen. Tvert imot. Det er vel helst ei handehjelp han gjev bergenskjøpmennene, som visseleg ser denne marknadshandelen som eit inngrep i handelsrettane sine. Bonde- og borgarinteresser hadde då som så ofte elles vanskeleg for å semjast.

I siste helvta av same hundreåret som Budmøtet var, levde den merkelege presten P e d e r C l a u s s ø n n (død 1614). I boka hans «Noriges Beskriffuelse» finn ein m. a. dette om Romsdalsmarknaden: «De som boe i Gudbrandsdalen kommer hvert år neder i Romsdalen til marked å kjøpe fisk og salt og annet sådant, stundom drage de også ut til Sunnmøre og Nordmøre til marked, og de Rumsdøler drage også opp på fjellet i mot Gudbrandsdalen med fisk og annen kjøpmannskap til visse tider om året, så at man der oppe i landet kan kjøpe Bergensfisk bedre enn i Bergen.» — Om lag samstundes, i 1578, hadde Romsdalsmarknaden vori føre på eit herredagsmøte i Bergen. Det er sunnmøringane som klagar over at bergensborgarar dreg inn i alle fjordane og driv oppkjøp hos bøndene året rundt. Ein skulle tru bøndene hadde føremoner av å koma i beinveges samband med bergenskjøpmennene, så klagemåla høyrest noko forunderlege ut. Det er vel helst grunn til å tru at det er Sunnmørs-kjøpmenn, «utliggere», som dei gjerne vart kalla dei fyrste handelsmenn utover bygdene, som står bak — med tanke på å kvitta seg av med dei mykje brysame Bergenskjøpmennene, sikkert dei farlegaste medtevarane om bondevarene. Resultatet av klaga vart at byborgarane sin rett til i det heile å liggja rundt i fjordane som «utliggere», vart avgrensa til berre å gjelda fastsette tider av året. Det kan ha si interesse for oss å sjå litt nærare på kva dei har å bera fram: «De beklager at der skal være et armt bondemarked udi Romsdalen,

til hvilket marked forannevnte Bergensborgere også oppdrager og kjøper og selger imot Kgl. Majestets og deres egne privilegier, og er begjærendes at slikt måtte avskaffes og det samme marked fri og frelst etter som de tilforn frelsligen nytt har. Er således bevilget og samtykt, at etterdi det skal være et fritt marked, da bør det være fritt for hver mann unntatt der finnes noen privilegier hos bøndene. Dersom de finnes, da skulle alle mann rette seg deretter» — til kongen, «vår allernådigste herre», finn han vil ha det annleis. Kлага lyder òg på «at forannevnte Bergens borgere desligeste bøndene dithen fører alt, hvis vragsfisk og utskudd, som ikke er kjøpmannsvare.» — «Og da har vi befalt og pålagt fogden, som nå er eller heretter kommandes vorder, at han skal ta 6 av de beste bofaste villige menn til seg og bese slik fisk som ditføres, og siden den sette med forannevnte menn for et billig og lidelig kjøp, etter som fisken er god for, så alt utskudd selges for vragsfisk og god kjøpmannsvare for sitt verd. Hvem herimot gjør, straffes derfor som vidt bør». — Det er noko omstendeleg for oss dette, men det gjev innsyn i tid og tilhøve. Klagaren synest visstnok å vera av den mein-ning, at berre den marknaden er fri som stengjer ute Bergenskjøpmennene! Det er grunn til å rosa dei danske herredagsmennene for den forsvarlege kontrollen dei gjennomfører for fiskeomsetnaden på Romsdalsmarknaden. Det er mest som ein heil kongeleg kommisjon — med sjølve futen i brodden — som skal skilja kjøpmannsvare og avfallsfisk frå kvarandre!

Ved det same herredagsbrevet får bøndene løyve til å kjøpa seg såkorn og brødkorn i Trøndelagsbygdene, noko Trondheimsborgarane hadde freista hindra dei i. Dei ville, slik det var vanleg i tida, tvinga all handelen innom byane. Men bøndene måtte ikkje gjera korninnkjøpa sine «for grovt», dvs. kjøpa korn i større parti. Også når det gjeld kornhandelen — som når det gjeld freistnaden på å selja skadd fisk — går det ikkje alltid rett for seg. Litt fark og fianteskap i forretningane synest å ha blømt rett friskt hos både den eine og den andre, høg og låg. I ei klage frå gudbrandsdølene frå 1642 kan ein sjå at bøndene ute frå kystbygdene møtte på marknaden med $\frac{3}{4}$ tunner i staden for fulle tunner. Dette er ikkje nett til ære for dei, anten dei no meir var romsdalingar eller andre.

Som vi har sett, var Romsdalsmarknaden ein «arm bondemarknad» omkr. 1600. Bortimot eit par hundre år seinare talar Trondheimsrektoren G. S c h ø n i n g i sine reiseskildringar frå 1773—75

om «det store Romsdals marked». Dette provar berre det ein måtte venta. Heile denne tidbolken er ei sterk framgangstid for heile landet på det materielle området, ei utvikling som naturleg måtte merkja handel og varebyte i våre bygder med. Garden Devoll, seier han, «er merkverdig derav, at der er en markeds plass, hvor et stort marked årlig holdes, kallet R o m s d a l s m a r k e d, hvorhen kommer sammen en anseelig del handlende, borgere, bønder og andre, fra Trondhjem, Bergen, Christiansund, Molde, også fra Sunnmør, fra Gudbrandsdalen, Hedemarken og andre Oplandske steder. Her står derfor en anseelig del huse, kramlader og andre slags boder, en del for de handlende borgere, andre for bønder, som gir stedet anseelse som **en liten by eller stad**. Til foromtalte Romsdals marked føres fra kjøpstederne alle slags kram og klær, samt endel speserie- og galanterie-varer, og så en del korn og drikkevarer, deriblant av det skadelige brennevin mere enn vel burde skje, så at drikk derover, under markedet, går meget i svang. Fra staden Trondhjem kom dit tilforn årlig kun 2 à 3 jakter med varer; nå kommer 7 eller flere. Av almuen eller bønderne selges der en temmelig del feitevarer, smør, møssebrøm, talg, oster, dessuten fiskevarer, stort kveg til å slakte; slaktede bukker og får; nyrøkt bukkekjøtt, som føres dit endog øverst fra Romsdalen og fra Innfjorden, sjelden fra Hens sogn; reinsdyrhuder; bukke- og geiteskinn; en del bjørne-, ulve-, reve-, gaupe-, eller lose-, oter-, mår- og hermelinskinn; en del never og trekar, mest fra Lesja; nøtter, især fra Eikesdal; samt bandstaker og garnkavler. Neper eller roer bringes hit, blant andre varer, fra Trondhjem, epler fra Nordfjord i Bergens stift; en del skjønn bygg-gryn fra Lom i Gudbrandsdalen, stangjern og smidde jernvarer fra Lesja jernverk; norsk brennevin, humle osv. fra Fåberg og Hedemarken; en mengde hester fra Opplandene; samt litt mel og malt, som den romsdalske almue bringer dithen.»

Ein får her eit rett tydeleg bilete av vareslag og omsetnad på marknaden. Ikkje minst forvitneleg er opplysningane hans om skinn-omsetnaden, noko som viser at v e i d e l i v e t framleies spelar ikkje så lita rolle i bygdene.

Schøning held så fram vidare: «En stor del av bemeldte huse blev år 1707 (andre sier 1710) ødelagte, da her ved markedstiden kom ild løs, der fortærte mange boder og kjøpmannsvarer. For noen år siden ble markedet forfløttet herfra til Veblungsnæs, hvor det et par år etter hinannen ble holdt, men siden fløttet til Devoll igjen.»



Frå Romsdalsmarknaden, ca. 1750. (Etter måleri av Franz Philip von Langen).

Vel 20 år seinare (1796) handsamar også sorenskrivar L. H. Bing Romsdalsmarknaden i sin «Beskrivelse over kongeriket Norge». Han har om lag ordrett teki det Schøning skriv, inn i arbeidet sitt, men fortel så vidare: Garden Devoll, som marknaden vert halden på «hører under Grytten mensalgods (= kyrkje- og prestegods), hvorfor sognepresten hever bøxel og årlig grunnleie av markeds-plassen. Til dette marked føres fra kjøpstederne alle slags kram og klær, samt en del speseri og galanteri(!), item (= likeeins) korn og drikkevarer, kveg, saltet kjøtt, skinnvarer, nøtter, never, trekar, bandstaker, bygg-gryn, mjøl, malt og humle samt en stor del hester fra Opplandene m. m. Fra Lesja jernverk blir og brakt hertil stang-jern og andre jernvarer, som fornemmelig om vinteren nedkjøres og selges på et markeds-plassen nærliggende sted, kallet Veblungsnæs, hvor Lesja-verkets eiere etter kongl. privilegium holde gjestgiveri. Dette marked holdes årlig 8 dager fra 6te oktober.» Ein får gjennom desse opplysningane frå Bing og Schøning eit rett tydeleg inntrykk av kva rolle marknaden måtte spela den gongen.

Dessutan sette tvillaust ikkje så lite lasskøyringa med jarn frå Lesja (Lesja verk skipa 1660) merke på livet i dalen. Også tilførsla si utanfrå fekk verket i hovudsaka frå marknaden og innførsla over Veblungsnes.

Som vi har sett, vart marknaden føre 1820 halden på Devoll, gn. Digrvollr, dvs. den store garden. Devoll ligg attmed Rauma, om lag 3 km ovanfor sjølve elveosen. Den som fer der no, vil visseleg undra seg over at marknaden vart halden her, men i gamle dagar, då marknaden vaks fram og hadde si stortid, var tilhøva ved Devoll ikkje så lite annleis enn dei i minsto har vori dette siste hundreåret. Rauma rann då så still og logn ut i fjorden at ein knapt merka overgangen mellom elv og fjord, iser ved flo sjø. Skip og båtar kunne såleis, anten ein rodde eller sigla, lett koma heilt fram til marknadsplassen. No er dette uråd, både av di at elva har teki nytt far og dessutan har lagt opp svære sandøyrar til hinder for framkoma. Andre ting spela òg ei viktig rolle til at marknadsplassen vart liggjande på Devoll. I gamle dagar gjekk ikkje vegen fram til Nes (Åndalsnes) som no, og på Veblungsnes var det alt anna enn god hamn. Vinden, serleg «Raumaskjellå» tek hardt her. Såvore gjorde at Devoll òg lenge vart verande marknadsplass etter at det p. g. a. tilhøva i elva tok til å bli vanskeleg for større skuter å koma fram til garden. Sitt gjorde vane og tradisjon, og ikkje minst hadde det å seia at Grytten-presten jamt var i mot når spørsmålet om flytting kom fram, sidan garden låg til «prestebordet» og presten såleis hadde store innkomer av marknaden. Farleg for den gamle marknadsplassen vart det like vel då elva kring midten av 1700-talet tok til å bryta ned elvemelane på Devoll og laga nakne sandbakkar langs elva. Og så mykje vind det jamt var i denne dalen, vart det eit ustanselig sandflog inn over jordene, noko som sjølv sagt snart gjorde stor skade. Dette tilsaman førde så til at i 1752 kom det ein kongeleg resolusjon om at marknaden skulle flyttast til Veblungsnes, der det i det siste hadde vaksi opp ein ikkje så liten strandplass på grunn av jarnkøyringa og jarnutførsla frå Lesja verk. Her budde også no einskilte militære embetsmenn, som gjerne såg prestemakta borte på Grytten (hi sida elva) redusert noko, og difor var sterkt interesserte i flyttinga av marknaden. Men den som til sist dreiv i gjennom flyttinga, var den store jordherren Hans Holst (s. 156), som òg åtte Veblungsnes og sjølv sagt var ute for eiga vinning, iser etter han frå 1751 var konstituert amtmann i Romsdals

amt. Men flyttinga synest ikkje å ha vunni folk noko serleg for seg, og ved eit nytt skriv alt i 1754 fekk Devoll marknaden attende. Her stod framleies dei gamle husa og buene frå før, så det likna reint ein liten by. Presten åtte og leigde ut fleire av desse.

Frå 1777 vart det atter ein stendig strid om kvar marknaden skulle vera. Kjøpmenn i Molde og i Trondheim klaga over kor vanskeleg det var å koma opp elva til marknadsstaden. Og dei gjorde no framlegg om å leggja marknaden på Nes (Åndalsnes). Her var både god plass og fin hamn. Den nye amtmannen Even Hammer (sjå seinare) var ein rettviss og upartisk mann og fann framlegget så klokt at han stodde det, samstundes som han då heldt fram at det måtte byggjast veg til Nes. Men det enda med å bli som det var. Presten og hans vener på den eine sida og Veblungnesfolk på den andre førde den beiskaste striden om dette i lang tid. Fyrst etter at ein kongl. kommisjon hadde granska spørsmålet, kom den endelege resolusjonen om flytting 19. mai 1820.

Det undrar visseleg mange romsdalingar no at Trondheims-kjøpmennene — Holstfamilien var òg derifrå — la seg så svært fram i denne striden som dei verkeleg gjorde. Men det understrekar berre kor mykje denne marknaden hadde å seia. Kring 1770 veit vi at det kunne koma berre frå Trondheim ei 8—10 skip samstundes til marknaden. Landhandlarar fanst det lite eller ikkje av på bygdene; skreppekarar og «utliggere» og borgarar frå byane som dreiv meir eller mindre ulovleg tuskhandel med folket til kvar tid av året, førde då likevel ein slump varer til bøndene. Men dei viktigaste innkjøp i alle bygder skjedde på Romsdalsmarknaden. I Romsdal gjekk elles no etter kvart ein god del av omsetnaden for seg på Molde òg, slik vi snart skal sjå.

Som nemnt var stortida til marknaden utetter 1700-talet, — det hende då at det kunne koma opp til ei 40—50 skip til Devoll, kvar kjøpmann kom vanleg med sitt eige.

I 1740 kom det 30 skip til marknaden. Mellom varene er nemnde 3 kister medikament frå Otto Sommer i Trondheim og 2 kister bøker fra bokhandlar og bokbindar Kråsbye i same byen. Vi merkar og desse tinga, då det er nye kulturgodar som tek til koma ut i bygdene våre.

Ned gjennom 1800-talet har det vori jamn attendegang. Amtmann Thesen fortel i sin «Beskrivelse av Romsdals Amt» frå kring 1850 at no er det berre halvta så mange kjøpmenn som årleg kjem til

marknaden, kring 20. Tre futar etter kvarandre har i dei seinare åra sett den årlege omsetnaden på sjølve marknaden til mellom 25000 og 35000 spesidalar, «hvorav kolonial- og manufakturvarer opptar den største del.» I ei tid då kuprisen var 3—4 dalar, er ikkje dette så rett lite. Og futane tenkjer vel nærast på butikkhandelen, all vareomsetnaden bøndene imellom, oftast beinveges bytehandel, er knapt rekna med i verdsetjinga til futane. Så verdet av omsetnaden har tvillaust legi langt høgre. Thesen nemner «tusking» av ei 150 hestar, never («hvorav især Hanedalens er best ansett»), vadmål og anna ty, smør, ost, talg, tørrfisk, tjøre og pottaske, «alt mellom gudbrandsdøler, sunnmøringer, romsdølinger og til dels nordmøringer innbyrdes, eller mellom dem og et snes markedssøkende handlende, hvorav de fleste er fra Molde, og et par fra hver av byene Ålesund, Kristiansund og Trondheim.»

Thesen opplyser elles at den største omsetnaden helst går for seg før og etter marknaden derinne i Romsdalen, «ved Commissionærer», slik at ein på ingen måte må døma verdet av marknaden berre ut frå omsetnaden dei 8 faste marknadsdagane. Han held difor på — og det er mang si meining, legg han til — at det rettaste ville ha vori å leggja ein kjøpstad derinne, og peikar på at gardane Åndal og Nes (jfr. Åndalsnes no!) ville gje den høvelegaste grunn til byen, òg avdi at her er det god hamn, noko som ikkje kan seiast om Veblungssnes. Kjøpstaden ville verta «til stort gagn for Gudbrandsdalen og for de romsdalske distrikter, som omsetningsplass for deres gjensidige produkter» — og det utan å skada Molde eller dei andre byane i amtet.

I Romsdal Sogelags årsskrift for 1924 har O. Olafsen (f. 1843) ei levande skildring frå marknadslivet på Devoll frå hans gutedagar i 1850-åra. Livet var vel mykje det same då der inne som eit hundreår før. Vi skal gje att somt:

Kjøpmennene kom alltid på eigne farty — dampskip var enno ikkje komne i bruk. Talet på farty og byhandlarar var før mykje større enn då; eg har sett oppgåver som syner det stundom har vori 50—60 skip i eldre tid. Bøndene kom sjølv sagt sjøvegen på båtane sine utanfrå kysten, det også helst fjordbuane gjorde; frå Nesset og dei indre Nordmørsdalane kom dei helst fjellveggar til Isfjorden eller langsmed Langfjorden. Sunnmøringane og øybuane hadde gjerne større båtar, stundom havbåtar. Dei fleste nytta småbåtar. Dei kvelvde båtane på land i marknadstida og nytta dei til herberge og

nattelægje; for det var alltid vandt om å få tak over hovudet på anna vis. Dei fleste hus på staden vart nytta til marknadsbuer for handel og liknande. — Mange av dei som kom til marknaden, hadde ikkje så store forretningar å gjera; dei for dit for moro skuld. Det var så reint sjølvsgat at folk måtte på «martnan»; og det gledde dei seg til lenge i førevegen. Det var så mangt både for auga og øyra der. Moroa var ikkje nett så stor og skiftande etter vår tids krav. Der var buer der ein kunne få seg mat og drikk, og brennevin var det å få i rikelege mengder, noko folk òg nytta seg av. Der var eit par dansesalar, fæle rom, låge og stinkande og så skitne at ein såg seg vel for når ein steig inn. Her stod gleder «under taket». Det var skrik og skrål. Eit par spelemenn spela så sveitten rann av dei. Stundom hadde dei ei lirekasse å sveiva på, — det var svært så grust. Med spelet fylgde tramping, di meir, di betre. Dette var den høgste glede. — Andre fann stor hugnad i å laga til slagsmål. Det var alltid nok av slike. Dei fleste var av det vanlege slaget, som ein finn der nordmenn møtest i festleg lag og som visseleg er arv frå gamletida: Dei drakk seg fulle, og så slost dei. Men det kunne vera alvorlegare tilfelle; dei hadde heime komi i trette om ein handel, om ei gjente o. l. Slikt vart ofte utsett til oppgjerd «på martnan». Ofte søkte dei hjelp hos ætt og vener. Det var utspela mang ei tragedie på denne måten der inne, og mang ein strid vart avgjord utan det offentlege fekk nokon kjensskap til dei. Så avstengd Romsdalsmarknaden låg, møtte ein lite av den jøglarmoro og det marknadsjugl som alt var vanleg på meir sentrale marknader på den tida, på Grundsetmarknaden t. d. Dei måtte oftast nøya seg med det bygdene sjølve hadde å by på. Ein og annan «kunstnaren» fann då like vel vegen dit ender og då: taskenspelarar, tjukke kvinner, dverggar og liknande. Men det hende ikkje ofte. Ein hende gong hadde nokon frå bygdene eitkvart å syna fram for betaling, t. d. ein merkeleg bukk. Det mest merkelege var elles, slik O. Olafsen hugsar det, at dei som såg bukken, fekk ein dram! Det heile kosta berre to skilling (7 øre), så moroa var billeg.

I ei veke varde herlegdomen, og det vart strengt ettersett at dei byrja og slutta til rett tid. Det finst døme på at handelsmenn var mulkterte av di dei kunne ha selt noko før tida var inne. Så gjekk ein der og stampa i lort og i søyle; det var då om hausten, då regn og storm var vanleg. Det var ei heller mager glede ofte, men folk var ikkje forvende og tok med takk i mot det som baud seg.


Det er klårt at det livet som vart ført på marknaden, var vilt og rått. Det kunne ikkje vera annleis slik moral og kultur var den gongen og når tilhøva låg så godt til rette for fyll og lausslept fri-dom til mest kva som helst gjennom lange stupmørke haustnetter. Det var så mangt som skydde dagsens lys. Men like vel — ser ein alt under eitt, iser korleis marknaden ofte var møtestad for det verste utskott frå mange bygder og byar og det gode høvet som her baudst for brotsverk o. l., då må ein heller undra seg over at det ikkje gjekk verre enn det jamnast gjorde. Det var gjerne etter kvar marknad eit tilfelle eller to som kom under påtale, det kunne vera eit overall, eit slagsmål av grovare slag, oftast tjuving. I røynda viser det at den moralske krafta i folket var likare enn ein skulle ha venta i slike tilhøve.

Kor sterkt Romsdalsmarknaden greip inn i bygdelivet, syner den tingen at marknaden sette merkedagar inn i tidsrekninga i alle bygder. Liksom dei rekna etter vinternatt, jul, kyndelsmess, rekna dei også etter marknaden; så og så mange veker eller dagar føre og etter. Skulle ein handel eller kontrakt gjerast, var det vanleg at betalinga, oppgjerdet eller kva det no var, skulle skje på marknaden eller ved marknadstid. Eller dei skulle møtast på marknaden å avgjera handlar, avtalar og semjer. Marknaden vart noko det same som vi kjenner om tingmøta i gamal tid, t. d. Alltinget på Island. Eit døme frå livet om friing og ekteskap:

Det var ei gjente frå Eikesdal, dotter til ein av dei rikaste og mest vyrde mennene i dalen, av god ætt og ei staut og vakker gjente var det òg. Ein mann i Veøy pg. fridde til henne. Han hadde gard og grunn og synest ha stått seg godt. Han for heim til gjenta, og vart godt motteken der. Faren var nøgd, men gjenta sa ikkje stort. Det står at ho utan innvendingar tok mot festegåvene hans, og Veøybonden meinte dermed saka var opp og avgjord. Gjenta var ikkje heilt med på det. Ho ville gjerne vita meir om festarmannen, og røkte etter og fekk såleis greie på ting som ikkje var til bate for honom. Han vart noko ottefull og sende to mann til Eikesdalen for å spyrja far og dotter om dei ikkje ville stå ved truøvinga. Faren svara noko vikande at han ville koma utover og tala nærare med mannen. Gjenta har ikkje vori vidare nøgd med det. Ho ville nok helst sjølv rå i denne saka og svara så: «Hels honom og seg at i haust på Romsdalsmarknaden skal han få svaret.» Det kom med fynd og klem. — Vi kan sjå henne, seier Olafsen, stå der høgrest

og kraftig, omgjeven av ætt og vener, og svara friaren: «Nei, eg veit kva du gjorde med fyrste kona di, at du kasta henne ut. Du må aldri tru at eg gifter meg med ein mann som har gjort såvore.»

Ein kan skjønna av dette at marknaden gjennom hundreåret løyste mang ei oppgåve i bygdelivet. Ved å blada gjennom rettsprotokollane finn ein mangt som har sitt opphav der. I årsskriftet til søgelaget frå 1924 nemner Olafsen fleire saker, alle berre frå fyrste tiåra på 1700-talet.



Garnfiske i Norskehavet omkring 1700.
(Etter eit kart av nederlendingen F. de Wit).

Endå inn i dette hundreåret har Romsdalsmarknaden spela ei viss rolle. Men då vegar og fargreier både på land og sjø vart mykje betre og det etter kvart, frå 1860-åra, vaks fram fullt av handelsmenn i alle bygder, gjekk han ut som vanleg kjøpestemne. Vi yngre veit berre om «hestmartnan», som det jamvel i vår tid fylgde mykje liv og spaning med om haustane.

MOLDE LADESTAD

TRELASTHANDELEN HAR EI STORTID.

I tidbolken frå 1537—1660 er det òg at *M o l d e* veks fram til å verta ein midstad og økonomisk maktfaktor i fylket vårt. På reformasjonstida er Molde berre ein gard (når det gjeld dette gardsnamnet, viser vi til Romsdals Soge, I, s. 145). — Fyrste mannen her er Gullbrand på Molde, nemnd i skattemanntalet frå 1520. Han var ein vanleg velstandsmann, som betalte $4\frac{1}{2}$ lodd sylv i omframskatt til Kristian 2. Det er ingen ting som tyder på, det vi kan sjå, at før hundreåret var ute, skulle Molde spela ei større rolle enn både Veøy, Bud og Romsdalsmarknaden på Devoll.

At framvoksteren av Molde kom så brått, heng fyrst og fremst saman med *t r e l a s t h a n d e l e n*, som på 1500-talet tek seg slik opp i bygdene våre (s. 109). Skottar og nederlendingar kappspring reint om å få tak på skogen rundt i futedømet. Rikast stod han på Romsdalshalvøya, nord for Fanefjorden og Langfjorden iser, men også lenger ute. Det er ikkje så vandt å skjønna den bråe framvoksteren til Molde når vi hugsar på at garden så snart vass-saga vart innført, fekk eit av dei største sagbruka i fylket, i Moldeelva. Etter kvart vart det så fast stapelplass her for all trelastutførsla til utlandet. Det var ingen stad som betre gav oversyn over fjorden og dermed høvde for kontrollen av trelastskutene når dei gjekk ut og inn mot Fanefjorden eller Veøy.

I 1590-åra ser det ut til å vera bergensarane som råder over trelasthandelen i Romsdal. Ved kongehyllinga av Kristian 4. i Oslo i 1591, der — etter kongeleg ordre — m. a. «embetsmannen» med to lagrettemenn frå kvart prestegjeld skulle møta, nytta romsdalingane høvet til å klaga over fylgjene av dei serrettane som stutt tid før var gjevne Bergens-kjøpmennene på trelasthandelen i Bergens len nordanføre Mosterhamn — vi hugsar at Romsdal nett i desse åra vart styrd frå Bergen (s. 105). endå sjølve innehavaren av lenet vårt budde i Kjøpenhamn. Denne avgrensinga i den frie trelasthandelen på Romsdal må etter denne klaga vera teken bort, sidan lensrekneskapane frå åra nærast etter 1600 syner at det har vori eit heller stort hopehav med ymse slag utlendingar, serleg med nederlendingar, skottar, engelskmenn og danskar. Einskilde franske og tyske skip fann òg vegen til bygdene våre.

I rekneskapsåret 7. april 1604 til 8. april 1605 finn vi *M o l d e*

I a d e s t a d nemnd for fyrste gongen. Det året vart tilsaman 25 skip utekspederte frå Molde. Dette er ikkje så lite, serleg då vi veit at både skottar og nederlendingar, trass i dei ymse forboda frå styremaktene, for omkring i alle fjordar og kjøpte trelast. Dei dreiv utan skilnad beinveges handel med prestar, futar, borgarar og bønder så snart høvet baud seg. Riksstyret kunne sjølv sagt ikkje sjå med opne augo på dette, for det førde til svære tap i tollen for det. Men både kjøparar og seljarar var mykje nøgde med denne frie fjordhandelen. Det var å seia uråd for styringa å stogga dette eller føra handelen inn under fulltrygg kontroll, då ofte dei fremste styringsmennene utover bygdene var mest interesserte i denne ulovlege handelen. Alle dei mange forboda som kom utetter åra mot fjordhandelen, såleis i 1552, 1570, 1607, 1614, 1662, 1670 o. fl., fortel betre enn noko anna kor lite dei nytta. Ikkje ein gong etter at styringa hadde fått skipa faste tollstader, såleis på Molde, slutta skutene å gå beinveges til dei gamle lasteplassane sine inne i fjordane, og dei for ut att utan å bry seg det minste om tollavgifta.¹⁾ Eller skipa lurde tollstasjonane med at dei gav opp at dei var t. d. på 40 lester når dei var nære på det dobbelte! Det kunne endåtil henda at dei full-lasta med tømmer og bord forlet sjølve tollplassen utan å bry seg det minste om kravet på toll. Det var alt anna enn greitt for riksstyret å koma denne kjeltringskapen til livs. I ei tid med så ringe fargreier og klent samband i eit så vidt rike måtte sentralstyringa lett kjenna seg makteslaus. Det er tal som talar når vi les i eit brev frå 1638 at året før, berre på eitt år, hadde tils. 30 hollandske skip ikkje greitt rett toll på Nordmøre. Noko slikt har det òg vori i Romsdal. Men likevel lyt ein vel tru at storparten til slutt gjekk dei lovlege vegar, slik kongens kasse fekk sitt. I minsto gjev dei gamle rekneskapane tydelege vitnemål om framgangen i Molde, og fortel dermed òg ikkje så lite om kva trelasthandelen må ha hatt å seia for futedømet i det heile.

Alle fartya i 1604—05 t. d. kom i ballast (så nær som eitt, som hadde 50 tunner havre med og eit anna ein vinlast) og gjekk att med trelast. Dei hadde frå 36 til 258 tylfter bord kvart. Somme kjøpte òg ved som dei betalte med 1 mark for famna! Berre eit dansk skip kan vi sjå førde med seg fisk, 40 våger, ved sida av trelasten. Ein statistikk (etter Schneider og A. Helland) gjev det beste biletet av tilhøva i Romsdal no — i denne store trelastperioden til bygdene våre:

1) Sjå t. d. Norske Herredags-Dombøker 1652—1664 s. 65 og 186.

År	Talet på skipa som vart ekspederte	Bereevne i lester	Talet på sagbord og delar i tylfter som vart utførde
1604 - 05	25	768	2233
1606 - 07	21	698	3077
1609 - 10	38	1415	5743
1611 - 12	54	1697	6709
1612 - 13	55	1862	8406 ^{1/2}
1614 - 15	58	2058	8991 ^{1/2}
1616 - 17	64	2214	9705
1627 - 28	67	—	—
1630 - 31	89 (77 ²)	1511 (?)	11000
1631 - 32	75	—	—

Noko fulltrygg er ikkje statistikken (til A. Helland) for 1630—31. Schneider seier at trafikken på Molde kulminerte dette året med 77 skip, altså ikkje 89. Talet på lester kan heller ikkje vera rett, jamført med talet for 1616—17 må det vera 1000 lester for lite minst. Men samla ser vi tydeleg framvoksteren av trelastutførsla i Romsdal den fyrste mannsalderen av 1600-talet. Det er ei jamn stiging. Jamvel i krigsåret 1612 (Skotteferda) er det stor framgang. 6 skotske skuter henta jamvel det året trelast i Romsdal; hermakta frå Skottland for såleis ikkje ukjende vegar nett.

Ein liknande statistikk for Nordmøre i desse åra syner at føre 1615 har Romsdal større trelastutførsle enn Nordmøre, om lag dobbelt så stor, endå bygdene våre var skogfattigare. Men i 1630—31 hadde Nordmøre 19980 tylfter mot Romsdal 11000. Dette heng saman med at både nederlendingar og skottar reint snøydde skogen der dei for fram. Dei bygdene som låg nærast, gjekk fyrst, og etter kvart tøygde dei seg lenger inn i fjordane eller drog lenger nord til nye strok. Frå fyrsten av synest nederlendingane å ha hatt overtaket på handelen i Romsdal. Av dei 21 skipa frå 1606—07 var 11 frå Nederland. Seinare kjem skottane meir i framgrunnen; av dei 55 skipa som kom til Molde i 1647, var 21 frå Skottland og berre 15 frå Nederland. Dei andre var frå England, Danmark og Tyskland (Hamburg). — Endå stoda var slik for kongen at han jamvel i 1640¹ skreiv «at daglig forfarenhet gir tilkjenne hvorledes vi merkelig på trelasttollen udi vårt rike Norge besvikes», så hadde han

¹) Då hadde Romsdal og Nordmøre hatt tollstasjonar i om lag ein mannsalder, Nordmøre frå 1611.

då like vel gode innkomer til kvar tid av trelastomsetnaden. Berre frå Romsdal er denne tollen på eitt år, i 1627—28, bytt på 67 skip, 957½ dalar, dessutan 270 dalar i «småtoll» av andre ting. Som vi har vori inne på (s. 145 fg.), var den lovlege handelen til dei framande (= alle utlendingar så nær som danskane) avgrensa til utførselen av trelast. Den naudsynte importen av korn, mjøl, malt og salt t. d. greidde jamnast danskane med. Dei var det òg som sytte for utførsel av dei ymse bondevarene. Såleis ser ein at ein dansk båt i 1607 lasta på Molde 2½ t. tjøre, 150 stampar sild, 4½ deger (4½.10) bukkeskinn og 49 våger ost. Det er rett forvitneleg å sjå at Romsdalsbøndene har drivi så stor osteproduksjon som dette tyder på. Elles er det helst fisk dei danske skutene hentar. Som Schneider seier det, får vi gjennom desse rekneskapane ikkje så lite innsyn i «det unge ladesteds handelsverden». Vi får jamvel greie på ein del av dei eldste handelsborgarane på Molde. I juli i 1626 «ankom Jorjes Noon udi Romsdalen, hans bysse drektig 20 lester. Igjen utløpen og udi toll for borde og brensel given i fortolning 10 d.» Berre 6 år seinare er J. Noon fastbuande på Molde. Då kom ei nederlendsk skute «De junge Greve» på 40 lester frå Friisland (april 1632) med 28 t. salt, klede, spansk og fransk vin til Jorjes Noon, «borgar i Trondheim og residerande på Molde». Noon må ha vori ein svært drivande kar, ein heil storkjøpmann, då vi kan sjå at berre i dette eine året kjem det fleire skip med varer til honom, korn og malt frå Dundee i august, klede frå London i oktober og november, siste gongen for 200 dalar. J. Noon har vel helst vori nederlendar eller skotte. Ein annan forretningsmann, «innvåner her i Romsdalen og residerende på Molde», er Kort Hansen. Han er mogleg nordmann, kanskje helst danske. Han er eigar av eit skip som ber namnet «St. Olav». Det er på 15 lester og gjekk i 1632 på Skottland med sagbord og bandstakar; det siste var òg ei vare Romsdal kunne skaffa rett mykje av. Schneider har haldi fram at det gjekk ut med Kort Hansen; for i eit skattemanntal frå 1645 er han nemnd saman med kona si som strandstjtar, jordlaus hús-mann, som «har aldeles ingen annen næring enn fiskeri» og betalar berre 8 skilling omframskatt, det same som for tenarar. Og to år etter er Kort Hansen nemnd mellom «husmennene» i Molde og har ein skatt på 1 dalar. Det er grunn til å tru at dette er ein annan mann med same namnet. Den fyrste Kort Hansen er vel helst den same som i 1644 vert kalla Kort Molde og er nemnd som ein av

medeigarane i sagbruka der. Det var ein rett vanleg namneskikk i tida dette å kalla seg opp etter byen eller bygda ein var ifrå. (Johannes Nideros er seinare ein annan byborgar vi finn i Molde). Kanskje har Kort Hansen òg slegi under seg sjølve Moldegarden.

Eit skattemanntal frå 1645 nemner opp ei 100 personar i Molde, av baa kjøn, og det ser ut til av namna at folkesetnaden i ladestaden er mykje blanda, t. d. Lauritz Franskmann, Joris Skot, Jakob Rey, Robert Hugh, Skotte-Margrete osv. — alt eit typisk uttrykk for framandinvasjonen i det heile ut gjennom dansketida til alle byane våre rundt i landet.

Denne framgangen til Molde ladestad mislikte Bergens- og Trondheims-kjøpmennene mykje, då dei var redde for at ladeplassen snart skulle få kjøpstadrettar. Dei klagar i 1655 over handelstilhøva i dei 4 sjølena (m. a. Romsdal), og i brev frå 7. okt. 1660 vert det ordna såleis at byane Bergen og Trondheim skal ha like rett til handelen i desse lena. Alle varene frå bygdene skal verta førde til kjøpstadene og «handelen inntil vidare for alle de omtvistede steder, være seg borgere, utliggerer (landhandelsmenn), futer, prester eller andre, fri skal være.» Det synest med det same som vedtaket freistar gjera rett mot alle partar. Men dette å tvinga all handelen inn til kjøpstadene måtte sjølvsgagt i stor mon skada både Molde ladestad og Fosna ladestad («Lille-Fosen») på Nordmøre, som nett i desse åra legg grunnvollen til den byen som eit hundreår seinare fekk namnet Kristiansund. — Det seier òg seg sjølv at det var uråd å gjennomføra eit så urimeleg vedtak; likevel skadde det ladestadene. Det er i det heile synd å seia at Molde høyrer til dei byane som veks seg fram til livsens rett gjennom kongelege serrettar eller vern av noko slag. Tvert i mot er staden overlata til seg sjølv. Han har seg sjølv og dei naturlege tilhøva i fylket å takka for at han har greitt seg gjennom hundreåra fram til i dag. Sjølve statsmaktene la fleire gonger sine steinar i vegen for framvoksteren, ja, hadde fleire gonger alvorlege planar om å flytja ladestaden eller byen! Dette kjem fyrst fram i den skildringa av Romsdal den svenske styresmannen Lorentz Creutz (s. 139) gav i si melding om tilhøva på desse kantane i 1658, straks etter sven-skane hadde gjort seg til herrar i lenet («Relation om Trondhjems tilstand år 1659»). Her står det m. a.: «Således er Romsdalens havner og tollsteder beliggende at fra havet inn i den store Romsdalsfjord, omkring hvilken hele Romsdal for det meste ligger og dit

skipene kan gå inn, er ikke mere enn 2 innløp foruten Bjørnsund, som stikker inn fra havet. Det ene heter *Hiske sund*, $\frac{1}{2}$ fjerding breitt, det andre *Breisund*, 1 fjerding breitt. Ved omtalte fjord ligger et lite sted, *Moldø* (dvs. Molde), hvor en hop trondhjemske borgere og andre «strykande» har nedsatt seg og driver handel både med landsfolket i Romsdal og en stor del av Nordmøre og Tingvoll(!), og med de fremmede, utskipende bord eller planker, tjære, fisk, tran, skinn og annet mere, hvilken handel er til ikke ringe skade for Trondhjem, likeledes andre utliggere, hvorav hele landet på alle kanter er fullt. For å hindre dette, da de varer som kommer fra Romsdal, har for lang vei til Trondhjem med 27 miles slem og farlig reise, hvorunder de ofte blir liggende værfast i lang tid på klipperne med sine små båter (andre fartøyer har de ikke) og forsømmer og fortærer mere enn deres varer er verd, eller det de skulle hente, synes det tjenlig å opprette et sted, enten på *Wädø* (*Veøy*), en øy midt i Romsdalsfjorden, hvor de engelske forðum hadde sin stapel, og levningene av deres kirker og hus ennå kan sees, eller på fastlandet ved *Grytten*, hvor det årlig holdes marked av folk fra Bergen, Sunnmøre og andre steder, en by, dog uten privilegier som stapelplass.»

Denne skildringa fortel oss mykje, og det er til ære for Creutz at han har sett seg så godt inn i tilhøva som han her syner han har gjort det. At han ikkje har rett skilnaden på Nordmøre og Tingvoll, er ein småting i denne samanhengen. Her får vi grei opplysning om dei vanskelege handelstilhøva for Romsdalsbøndene. Vareomsetnaden skulle knytast til ein kjøpstad. Det var 27 mil til den næraste av dei! Og vanskelege farveggar og ringe farkostar! Difor har han ope auga for at det trengst ein ny by. Men han vil merkeleg nok ikkje vita av Molde, endå der «alt en hop trondhjemske borgere har nedsatt seg» og driv ein rik handel både med bygdefolket i Romsdal og langt vidare. Han fortel om Moldehandelen, men vil slett ikkje gjera Molde til by! Årsaka må vel liggja i dei orda han har om at handelen i Molde skader Trondheim. Ein må rekna med at Creutz har vori under påreknad av mektige Trondheimsborgarar og embetsmenn der nord. Elles kunne ikkje eit såvore framlegg om *Veøy* eller *Grytten* som byplass ha komi fram alt no, og av ein svenske. Ved å leggja byen så langt inn, laut ein rekna med at staden kom meir ut or vegen og berre vart midstad for mindre omkverve, iser for fjordhandelen. Opp-

lysningane vi får i denne samanhengen om den rolle Romsdalsmarknaden alt spela så tidleg som kring 1660, er òg forvitnelege. Det Creutz seier om Veøy, syner at tradisjonen ennå er levande om kaupangen der inne, men at han no ligg i grus. Tradisjonen om Veøykaupangen som engelsk stapelplass er interessant, fortel elles det ein kunne venta seg om hopehav med England. Veøy hadde nett si stortid frå om lag 1150—1350, dvs. i den tida då Noreg iser hadde handelssamband med England, noko vi tydeleg nok får stadfest av engelske toll-lister frå næraste tida kring 1300.

Vi har vori inne på vanskaner for riksstyret med å få inn den lovfesta tolla på trelast. Dette heldt på å bli noko av ein katastrofe for Molde ladestad kring 1660. Alt i 1653 skreiv Frederik 3. til lensherrane Fredrik Urne i Trondheim og Ove Bjelke i Bergen såleis om tilhøva i Romsdal: «Vit, at ettersom vi kommer udi erfaring, store underslep og tollsvik titt og ofte skal forårsakes, idet de udi vårt rike Norge på R o m s d a l e n i Trondhjems len seilende skip og farkoster uinkvirerte (ikke undersøkt), straks de av sjøen innkommer, i fjordene skal innseile og, etter de av fjordene utkommer, i like måte straks å gå i sjøen» utan kontroll av tollfolka på Molde, noko som ikkje kan halda fram. Difor «ber vi deg og nådigst vil at du styrmennene (d. e. losene) i Romsdal i bemeldte Trondhjems len boende, tilholder, at de være tiltenkt (påpasselig) med alle hvis skip og farkoster, som av dem enten inn eller ut av bemeldte Romsdal piloteres (loses), først innkommende og sist utgående, for de rette ladested i førskrevne Romsdal, M o l d e kallet, å ankre, inntil om skipenes inn- og utførende, såvidt tollordinantsen og traktatene forklarar, kan vorde inkvirert (undersøkt).» Her er grei opplysning om at det vert drivi fusk og fanteskap for å sleppa unna tolla.

Då dei norske borgarane hadde sendemenn i Kjøbenhavn i 1662, og dei fekk sett fram for seg det spørsmålet om «små tollsteder for undersleps skyld kunne avskaffes», førde desse tilhøva på Molde og i Romsdal til at den norske bydeputasjonen m. a. gjorde framlegg om å leggja ned Molde som fortollingsplass: «Romsdals tollsted synes fornøden å avskaffes etter borgerskapets egen andragelse, samt menige almues store klagemål over skogenes ganske uthogst.» Dette med skogsnøydinga er visseleg rett nok; 60 års rovdrift laut setjå alvorlege merke etter seg. Men det borgarskapet det er tale om som vil ha tollstaden nedlagd, det kan ikkje vera andre enn borgarar i Trondheim og Bergen, som her på nytt lag er ute for å



Moldegård, bygd oml. 1700 av amtmann Nobel.

kverka Molde. Endå så usamde dei er om handelen i sjølena, er dei i minsto samde om at nokon tredje medtevlar vil dei ikkje ha. At styringa skulle få betre kontroll med trelastutførsla og annan omsetnad når også denne kontrollplassen kom bort, det var elles ein underleg logikk. Og det var difor naturleg at det vart verande som før. Men det kom nye vanskar for ladestaden; det vart jamvel gjort ein alvorleg freistnad både på å utsletta ikkje berre Molde, men òg Romsdal fylke i det heile.

På grunn av dei pinaktige tidene etter alle krigane 1640—60 gjorde stathaldaren Ulrik Fredrik Gyldenløve og Jørgen Bjelke, som skulle røkja etter kva som kunne gjerast til å få ein billegare administrasjon og samstundes få nytt liv i næringsvegane, framlegg om i 1670 at Romsdals amt (sjå seinare) skulle delast i to futedøme: Nordmøre og Sunnmøre, med Bergen til kjøpstad. Romsdal skulle dermed gå ut som eige administrasjonsområde — for å spara ei embetsgasje! Amtmannen skulle bu i midten, på Romsdalsøyane. Det gjekk ikkje nett slik. I 1675 vart amtet delt slik at Sunnmøre vart slegi saman med Nordfjord, og Romsdal og Nordmøre vart eit amt saman, ein skipnad som heldt seg ein halv mannsalder, til 1689, då dei tre gamle futedøma atter vart slegne saman til eitt amt.

Det handelsherredømet som i 1670 var tiltenkt Bergen i bygdene

våre, vart heller ikkje gjennomført. Det vart Trondheim som gjekk av med sigeren når det galdt Romsdal og Nordmøre, noko som var naturleg nok. I åra 1676 og 1682 fekk Trondheim stadfest si makt over handelen i bygdene våre med nye «kongl. forordninger». Desse gjekk jamvel så vidt at borgarane på Molde og i Fosna («LilleFosen») vart pålagde «å oppbygge innen år og dag i Trondhjem så godt et hus, som deres er, de nå bebør, eller og å flytte til byen.» Like eins skulle alle feitevarer førast til Trondheim og bli omsette der. Og all utlossing av korn, salt og fleire andre viktige og naudsynte varer skulle vera forbodne ved tollplassane i Romsdal og Nordmøre. Det er greitt at dette i lengda måtte føra til undergang for Molde ladeplass. Og for Romsdalsbygdene ville det òg bli til tap og skade. — Det var difor naturleg at klagemåla frå Romsdal ikkje lenge let venta på seg. Og alt i 1691 kom dei fyrste lempingane når det galdt vareomsetnaden. Eit av dei vandaste spørsmåla var handelen med salt, som var så naudsynleg til «gjemme og konservasjon» av fisk og sild. I ser for dei ytre Romsdalsbygdene var dette eit livsspørsmål. Fyrst fekk eit handelslag einretten på saltomsetnaden, men det gjekk ikkje bra. Ei tid freista dei sjølve med saltutvinning. Namn som Salthamar i Vestnes og Saltkjelen på garden Grytten, Saltkjelvik på Sunnmøre og Nordmøre minner vel helst om slik saltlaging. Under krigen 1807—1814 vart det saltkoking fleire stader i Romsdal, såleis på Vistdalsholmen og i Veøy. I Hardanger t. d. dreiv mange det lenge som den reine næringsvegen. Men dette saltet vart ikkje så godt som det dei førde inn. Og dessutan førde saltkokinga til den reine skogsnøydinga mange stader. Ut gjennom 1670-åra vart saltet tollfritt når det vart ført heim på eige skip, men einast på det vilkåret at handelsborgaren til vederlag bygde handelskipa sine slik at dei kunne væpnast og nyttast i krigstilfelle. Rimelege lempingar vart gjorde etter kvart for fleire vareslag.

Ein skulle tru at dei strenge påboda som vart lagde på Moldeborgarane førde til den reine utflytting til Trondheim, men det er ingen ting som tyder på det. Molde kan ikkje nett ha vori så ring ein plass for dei som dreiv handel og skipsfart. Dei tok vel heller ikkje alltid desse forboda og påboda som til kvar tid kom frå den landsfaderlege kongestyringa, så svært høgtideleg, og gjekk utanom dei så snart det lønte seg. Det vanlege syn var at dei var jamt bra



Molde omkring 1800 med gamlekyrkja frå 1656.
Haugen ho ligg på kjem her tydeleg fram. Få merkar seg denne no.
Reknesgarden lengst ute.

og heiderlege folk like vel om dei stelte seg litt fritt når det høvde seg.

Fleire av desse borgarane ordna seg då med borgarskap i Trondheim samstundes som dei var «residerande» eller «wohnhäftig» på Molde. På tinget på Molde i 1694 fekk desse kontrollerte borgarbrev sine: Jon Jonson Schot (Skotte?), Mads Claussen, Iver Jenssen, Willum Robertsson og Mads Nilssen. Dessutan er nemnde Jon Bendixen i Vikane og Otto Jenssen i Bud med såvore borgarskap i Trondheim. Skipnaden med to borgarbrev er frå 1614, då Kristian 4. fastsette at Molde og Lille-Fosen skulle vera ladestader under Trondheim.

Eit godt vitnemål om framvoksteren til Molde i denne tidbolken er at ladestadbuarane alt i 1650-åra, trass i dei mange og tunge skattane, har vorti såpass til folk at dei vil ha si eiga kyrkje og ikkje lenger finna seg i å fara til kyrkja på Bolsøya. I eit skriv dagsett 8. juni 1656 sender dei ein søknad til bispem Bredal om «å være oss befordelig våres kristelige foretagende verk om en kirke her på Molde på egen bekostning å oppbygge og holde ved makt». — — «Vi fattige undertegnede på egne og fattige mednaboers vegne» er Oden Ågesen, Lauge Nielsen, Hans Rasmussen, Rasmus Mortensen,

Henrik Jansen, Oluf Pedersen. Desse, så nær som den siste, saman med Gierdt Davidsen, Willem Joensen og Robert Cotting, byd seg dessutan til å byggja kyrkja på eigen kostnad. Dette med «fattige» treng ein ikkje nett ta bokstaveleg! Det høyrde med til tida sin stil å gjera seg liten på den måten. — Eit brev frå året før, frå kong Fredrik 3. til lensherren Fredrik Urne (d. 24. aug. 1655), syner at moldingane har hatt saka inne for kongen fyrst. Der heiter det: «Hva på almuens vegne på Molde i Romsdalen hos oss underdanigst anholdes og begjæres, kan du av hosføyede deres underdanigste supplikasjon videre se og erfare. Ti ber vi deg og nådigst vil at du deg om dess beskaffenhet med flid erkyndiger, og, dersom du erakter den begjærte trekirke bekvemmeligen og uten nogens prejudise tap å kunne bevilges, ere vi nådigst tilfreds at de etter deres egen erbydelse den på deres egen omkostning og av hvis godtfolk dertil vil gives, må la oppbygge, og den siden forsvarligen vedlikeholde, hvorom du deg med forderligste til videre etterretning i mot oss underdanigst har å erklære.» — Fredrik Urnes svar, som førde til at kyrkja vart bygd, er dagsett på *V e s t n e s* 4. april 1656. Om sumaren same året var det så moldingane søkte godkjenning hos bispen. Denne kyrkja stod til ho vart ombygd i 1840 (og 1886). Og korleis det så gjekk 100 år etter dette att, veit vi alle. Ymse ting som vart gjevne til kyrkja av desse som let henne byggja, har fylgt henne sidan, såleis ein kalk som Robert Cotton og enkja hans, Mariette Noon, — dotter av den fyrste store handelsherren vi veit noko om på Molde.

I 1656 kan ein sjå at soknepresten i Veøy, Henrik Zakarias *H o l c h* (s. 147) får lovnad på naudsynte pengar til prestearbeidet på Molde.

Når det gjeld folketalet på Molde i slutten av denne tidbolken, kan folketeljingslistene frå 1664 rettleia oss noko, endå så ufullstendige dei er. Denne teljinga galdt berre menn, og av dei var det i Molde (på gardane Molde og Reknes) 178 over 12 år og 95 under, tilsaman 273. Det er vanleg å rekna at talet på kvinner ikkje er *m i n d r e*, så ein kan med visse seia at folketalet på ladestaden kring 1660 er rundt 600.

Den mannen som ser ut til å ha mest å seia i Molde på denne tida, er *L a u g e N i e l s e n*, som m. a. åtte den nedste saga i Moldeelva og hadde ei hand med i det viktigaste som gjekk for seg der. Elles er det andre borgarar som må sitja godt i det. *H e n r i k J a n s e n* (Suers) bur i Bud, men eig gard taksert til 330 rd. på Molde. Gierdt

Davidsen var medeigar til Johan Mummé (s. 147) i Nedre Osens sagbruk inne i Fanefjorden. Av kongelege tenestemenn finn ein tre, sorenskrivaren og to tollmenn. Seinare kom embetsmennene til å spela ei langt større rolle her.

I 1657 vart det utskriven ein «kvegskatt» som omframskatt for heile landet. For kvar hest eller ku skulle det betalast 8 skilling, 2 sk. for kvar geit og 1 sk. for kvar sau eller gris. Dette førde til oppteljing av alt stort og smått fe i bygdene våre med. I heile Romsdal var det 2051 hestar, 14701 «stort hornkveg», 8043 geiter, 8432 sauer og 147 griser. Denne oppteljinga syner at «på Molde fjære» var det òg 37 «kvegeiere», men dei fleste av desse hadde berre ein gris. Det var husmenn og strandsitjarar i Molde som freista hjelpa på levemåten med eit grann grisehald. Dette fortel då òg at det var ikkje så «store tilhøve» på Molde.¹⁾ Noko det same vitnar òg den tingen at ladestaden i 1655 får sin fyrste gjestgjevar, Frants Svendsen. Vonene om å skulle kunne livberga seg av denne fyrste hotelldrifta på Molde var så små at lensherren får kongeleg skriv om å hjelpa han til rette.

Kjøpstaden Molde skal vi sjå nærare på i neste tidbolken.

NASJONAL OG ÅNDELEG VANMAKT.

Nasjonalt og åndeleg sett var det like skralt i Romsdal som i landet elles i denne tida (jfr. s. 85). Ikkje ein gong den lutherske læra førde til noka nemnande vekking her som i andre land, såleis også i Danmark. Frå heile tidbolken er det ikkje stort meir å minnst enn Absalon Pederssønn Beyers og Peder Claussønns Friis arbeid («Om Norgis Rige» og Snorre-omsetjinga). Kring 1600-talet har vi ikkje så få latinlærde menn, serleg blant teologane, men deira ånd

¹⁾ Det kan vera verdt å giera ein liten merknad for heile fylket (Romsdal) ut frå desse tala på husdyra. Underleg er det å sjå at grisehaldet er så lite, berre 147 mot 3000 i 1907. Like forvitneleg er opplysninga om det uvanleg store geitehaldet, 8043, mot berre 2024 i 1907 — og endå færre truleg no. Eit så stort geitehald må ha ført til rein øydelegging av skogen i fylket gjennom hundreåra. Talet på hestar er berre 504 fleire 250 år seinare. Storfeet har auka med bortimot 4000 i same tida til 18357. Men iser har sauehaldet teki seg sterkt opp; det løyste av geita; det har nære på tre-dobla seg, frå 8432 til 29710. Ein skjønar — det er berre å rekna ut — at denne «kvegskatten» vart ein svær skatt han òg berre for bygdene våre. Dei ymse embetsmennene hadde dei største gardane. Futen Jens Iverssønn hadde 8 hestar, 80 kyr, 40 geiter, 50 sauer og 12 griser. Sorenskrivar Nils Michelsen hadde 2 hestar, 36 kyr, 12 geiter og 20 sauer. Prestegardane hadde 20—36 kyr og 2—7 hestar.

fostra ikkje i sin daude latinham stort anna enn daudmerkte ting. — Verst var det for oss at heile den nye trua og den opplæringa og forkynninga ho førde med seg, kom på dansk. Og då å seia alt åndsliv enno var knytt til kyrkja og prestane, vart det dansken som ved sida av latinen vart berar av alt den vesle bokheimen vår hadde å gje. Dermed kom det eit skilje inn i folket vårt, som sette bondesamfunnet mykje godt utanfor det organiserte åndslivet, det som ofte vert kalla «høgare åndsliv». Og alle desse som nytta framandmåla og representerte styr og stell og stordom i riket, det vart «fine folk» eller «kondisjonerte» (= folk som høyrer til overklassa). Såleis hender det utrulege at reformasjonen, som i så mange land gav folka ein nasjonal kvêik, her heime skapte nye vanskar og motsetnader og vart eit hinder for fri vokster på eigen grunn gjennom alle samfunnslag. Dermed fekk vi ved sida av den politiske dansketidsunionen også ein kulturunion, som vart mykje verre for folket vårt. Alt i 1814 greidde vi å gjera oss ferdige med den fyrste, men kultursambandet — iser i målvegen — merkte oss så djupt at vi enno på langt nær har greitt å gjera opp det vi skulle her.

Elles gjekk det òg berre smått med å reisa dette dansk-lutherske åndslivet. Den kongen som gjorde så flott eit nedrivingsarbeid (Kristian 3.) i kyrkja, var berre ein klen kar til å byggja opp det nye. Endå så seint som i 1556, 20 år etter reformasjonen, hadde heile landet berre fått 96 av dei nye biblane hit opp! Noreg vart lenge verande bibellaust. Meir enn eit par stykke fanst det knapt i Romsdal føre 1589, då det kom ut ei ny revidert utgåve, som elles fyrst kom i handelen i Noreg i 1593. Ikkje likare var det med salmane. I mange år vart dei gamle katolske salmane nytta. Fyrst då Haus Thomessønns danske salmebok kom ut i 1569, vart det noko betre. I over eit hundreår vart denne boka både i Noreg og Danmark grunnlaget for all kyrkjesongen, og diverre etter kvart for songen i heimane òg. At styringa var så slapp — vi ser det same når det gjeld tilsetjing av prestar og bispar i Noreg — førde til at folket vart overlati mykje godt til seg sjølv. Dette gjorde at det ikkje berre heldt mykje på det gamle i tru og sed — bøndene heldt såleis i lang tid laurdagen som heilagdag, til ære for Maria Møy (jfr. s. 148) —, men det berga òg mykje av det sernorske livet for framtida, ikkje minst i målvegen. Om framandmålet rådde i riks- og styringsverket, i kyrkje og det vesle som fanst av skule, heldt bonden trufast på sitt eige og førde det såleis gjennom alle påkjenningar fram til vår tid.

Som vi har sett, var å seia all førarskap i den norske kyrkja samla på gode nordmenns hender før reformasjonen (med få unntak). Ingen ting fortel betre om vår nasjonale vanmakt enn at av dei 29 bispene vi hadde i tida 1537—1660 er 23 reine danskar og 3 søner av desse. Berre dei tre fyrste bispene i Stavanger, Bergen og Trondheim etter truskiftet er nordmenn (Jon Guttormsson, Geble Pedersson og Torbjørn Olavsson Bratt). Gjennom heile hundreåret etter dei er såleis alle danskar. I den katolske tida frå A. Bolts dagar hadde ikkje så få ungdomar fått hjelp av domkapitla til å studera utanlands, noko det no vart slutt på. Dei som ville fram, laut greia seg sjølve, og det ikkje berre økonomisk. Dei hadde heller ikkje som før gode menns stønad med råd og rettleingar og den velvilje som så ofte gjev eit ungt menneske den sterkaste framskuven. Den evnerike norske ungdom vart dermed sitjande heime og laut nøya seg med å høyra til «det skjulte Norge» gjennom mange hundreår. Med slike embetsmenn og slik framand førarskap kom sjølv-sagt snøgt alt som var unorsk sterkt i velten. Og mange «kondisjonerte» nordmenn vart smitta etter kvart. For somme var snart Danmark og dansk kongen den store Guds lukka for Noreg; ein høyrer liknande hyllingstonar no til Danmark som ein kjenner frå det 19. hundreåret når det galdt Sverike. Eit døme. Då Fredrik 2. døydde (1588), finn ein slike ord i syrgjetalen ein Oslo rektor heldt over denne ordinære oldenborgaren: «Men jeg kan ikke her forbigå å kalle i din erindring, o Norge, din lykke, ja din lykke, du som lyder de danske konger.»

Ja, det var noko til lukke!

Men det fanst då einskilde, slike som Absalon Pederssønn Beyer, som drøymde store draumar enno om det Noreg som hadde vori, og somtid ser vi òg ein glimt av ei lita von om det Noreg som atter skulle stiga til ny makt og fridom. Sterkast antidansk er Snorre-omsetjaren Peder Claussønn. Han skriv t. d. om lag 1600 dette: «Der har alltid i fordums tid vært i mellom norske og danske et medfødt hat og vond forlikelse, hvilket var inntil denne dag udi norske folks hjerter og natur; ti de ennu bedre lider tyske, svenske, skotter og andre nasjoner og landskaps folk, som hit komme til landet å bo, enn de kan lide danske. Og besynderlig har de et medfødt hat til jyderne.»

Ein merkeleg mann med ei forunderleg nasjonal innstilling har vi i denne tida i Sunnfjordspresten Christen Jenssønn, som

I 1645 gav ut den fyrste norske ordboka (på vel 1000 ord). For å klårleggja korleis dei ymse orda vert nytta, har han fletta inn ei mengd setningar på Sunnfjordsdialekt. Dette arbeidet er vigd til «alle gode Nordbagger, som er mine kjære landsmenn». Han har gjort arbeidet «alle forbemeldte gode Nordbagger til tjeneste — og på det våres gode og gamle norske språk dess klarligen kunne komme for dagen, og fra det andre skilles.» — Ein ser at nordmannskjensla ikkje er utdøydd, endå ho er så veik at vi — slik som her — må fara landet rundt for å syna at det lever tankar som lyfter seg over grautfatet og bygdegrensa og halvfritt leiglendingsliv hos framande herrar.

Endå tydelegare kan vi etter kvart merka at nordmannskjensla er levande hos dei norske studentane som meir og meir tok til å søkja universitetet i Kjøbenhavn. Lengten etter heimlandet og trongen til å møta landsmenn dreiv dei saman til eit nordmannslag der nede, «Det norske kollegium». Og under krigane 1658—60 skipa dei sitt eige studentregiment i hovudstaden. «Nordbaggerne» skal jamvel ha laga løyndelag i Kjøbenhavn og vist seg ikkje så lite stride og opposisjonelle.

Få eller ingen av studentane har elles vori frå Romsdal og bygdene i det heile, endå det innimellom slong ein og annan preste- og sorenskrivarsonen derifrå òg. Dei fleste studentane kom frå byane.

Berre lite av slike kjensler og tankar om folk og land har truleg nått fram til eller fått noko rom blant bygdefolk flest. Derimot har vi bra greie på at når det gjeld det mest sermerkte utslaget på den åndelege avmakta i tida: heksetru, djevletru og ovtru i det heile, så har vi i minsto ikkje stått utanfor i Romsdal heller. Slikt fylte på ein uhyggeleg måte ikkje berre folkehugen her i landet, men gjekk som den reine farsott i hugane over heile Europa. Omkring 1600 rekna ein professor i Basel ut at det alt i alt var 2 665 886 746 664 store og små djevlar til! Det vart i dei heile ein større flokk på kvart menneske! Alle stader var det ålmenn forfylgjing i mot dei menneska som folk trudde hadde hopehav med djevelen — eller djevlane — og dreiv med trolskap på eikor vis. Djevelen rådde like godt både med menn og kvinner, men heldt seg helst til dei siste. «Historia om den menneskelege forvilling kan aldri finna eit rikare stoff enn nett i dette hundreåret som har fått namn etter reformasjonen», seier ein av historikarane våre. «Menneska var hallucinerte og suggestionerte i ein grad som dei elles

aldri har vori det. Ikkje berre dei heksejagande inkvisitorane var overtydde om at klagemåla mot heksene var rette.» Nei, denne trua råde i alle lag. Det er reint utruleg, men vi har hundretal av prov på det; kvinne etter kvinne har vitna at ho har vori i gilde hos hennemannen, eti og drukki ved hans bord, dansa med honom og hatt den heitaste elsk saman med han. Mange har tilstått det friviljug. Dei som nekta, brukte dei pinslereiskapar på, og så gjekk det gjerne til bålet. Jamvel den gode kona til Absalon Pederssønn Beyer vart, endå ho var prestenkje, brend som heks (i 1590). — Serleg



Ei heks vert henta av djevelen.

gjekk det lystig for seg om jonsoknettene. Medan heksene i Tyskland reid på kosterkaft til Bloksberg, så spela Dovrefjellet hovudrolla som møtestad for hekselivet i Noreg. Elles har nok mange fjell både i Romsdal og andre stader vori møtestader. «Ballets løve» var sjølvsgagt den vonde sjølv; han synt seg no som ein uvanleg triveleg fyr. Det var vill dans, og heksene hylla honom med å kyssa honom på enden. Det fyrste kravet til dei som ville ha omgang med djevelen, var at dei avsvor dåpen. «Svarteboka» vert ei svært nyttig bok i denne tida.

Eit døme på korleis slik øvtru råde i bygdene våre, gjev ein rettsprotokoll frå siste tiåret av 1600-talet (Romsdals tingbok II, s. 37). Det er noko så forvitneleg som ei bergtaking som her vert lagd fram i vitnefast form:

Anno 1695 18. mai etter høyedle og velbårne herr amtmann Iver

von Ahnens foregående befaling med etterskrevne lagrettesmenn av Fanne åtting, nemlig Anders H. Bjørset, Peder Skjevik, Hans Solemdal, Knut I. Geitnes, Ola O. Kleive, Ola N. Bjørset, Ingebret Knudsen, Indre Årøy, og Baltzer Kringstad ble retten satt på Molde ladeplass i velbårne herr amtmannens hus, betjent, til hvilken tid **Marte Olsdatter Strand** av Rødven åtting var varslet til å møte og forklare hennes borteværen i om lag 7/4 år; hun til-likemed sin far Ola K. Strand møtte og sin borteværelse og tilbake-komst forklarte som følger: At år 1693 på en onsdag mellem påske og pinsedag ble hun av sin stemor Berte Larsdatter henvist å se etter deres fe. Og da hun kom opp til grindgarden, ble hun av en sterk søvn overfallen og på stedet sovnet, og da hun igjen våknet, var hun inne i fjellet i en stue og satt ved en jernkakkellovn, hvorudi det brente og var varmt. Udi samme stue bodde en lensmann, som hadde de andre i fjellet boende å befale, såsom en bondelensmann **bøndene her kan gjøre**. Alle folk som bodde derinne og var full-voksne, men meget større enn folk her er, **var** også grimme og hes-lige av ansikt, så og hadde kvinnfolkene **allesammen** en lang rumpe under deres skjørt, som de slepte etter **seg** på marken og var lik en reverumpe. Hennes matmor i fjellet fødte et drengbarn mens hun var der, av størrelse som et halv voksent menneske hos oss, som kunne straks både gå og snakke. Hva de innbyrdes talte, kunne hun ikke forstå. Men når de talte til henne, brukte de våres mål. Hennes husbond reiste trende gange hver uke til Bergen med en jakt lastet med fisk og smør, og hver reise frem og tilbake udi en dag frembrakte. Alle de i fjellet boende brukte sjøen liksom bøndene her til havs gjøre og finge mangfoldige fisk av alle slag. De tar korn fra bønderne, og når de sådant utrettet, forskapte de seg i alle hån-de liknelser, som bjørne, ulver, rever osv. De hadde også deres kirke og prest i fjellet, og bodde samme prest etter hennes skjønn om-trent to mil derfra som hun tjente. Hun var og med 4 ganger til deres kirke, og når de kjørte til kirkerne, var ikkun en hest for sleden, hvorpå satt gemenlig 16 a 18 folk, og hesten all vei gikk i fullt renn. Presten i fjellet var av samme skapning som de andre mannfolkene, men hadde en stor hette neddragen over hodet, så hun ikke kunne **se** hans ansikt. Folkene derinne ginge også til alters. Men når presten meddelte dem sakramentet, gikk han alltid mot solen. Samme prest begjærte at hun skulle lese for seg, og da hun begynte, bad han henne ti stille. Han ville ikke høre tale om den store mann, og

dermed gikk han bort. Hennes arbeid var gemenligen å veve og spinne. Deres fe vocket hun i to dager, og udi den ene dag ble sett av Anne Olsdotter Holm, hvilket skulle være neste høst etter, som om hun om våren ble borte. Deres tallerken, fat, bord og benker var alle av stein. Deres spise var liksom hos bønderne her av kjøtt, flesk, smør og ost osv., unntagen at de brukte ikke grøt eller suppe. Anlangende hennes tilbakekomst foregav hun å være årsaken at hun ikke ville ha sin husbonds sønn, hvorover såvelsom òg for hun leste. Matmoren handlet ille i mot henne, og da hun ikke med hogg og slag kunne tvinges til sønnen å ekte, blev hun av fjellet ganske naken utkastet. Men hvor det skjedde, vet hun ikke. Er så siden hjemkommet til sin far, og etter hans og andres beretning nå ved sin fulle fornuft.»

Ja, kva skulle folk tru? Her låg føre ei vitnefast skildring så utførleg og omstendeleg som ein kunne ynskja det av livet inne i fjellet. Vitnefast var det òg at Marte Strand hadde vori bort i frå heimen i mest to år. Ho er ved sitt fulle vit, vitnar dei. Og retten synest å tru på alt ho fortel. Det heile er utruleg og forunderleg for oss. Men for menneska i mellomalderen og på denne tida er alt dette rett naturleg. Liv og diktning synest å renna heilt saman for dei; ein kan tenkja på ei slik bergtakingsfolkeviser som Margit Hjukse. Men medan vi i folkevisa møter bergkongar og ein viss romantikk, er det sjølv kvardagslivet å seia vi møter hos bergfolket i denne rettsprotokollen. Det heile verkar så endeframt. Det kan ikkje vera tvil om at mellomaldermennesket har kjent dette som vori det livsens fulle røyndom. Dei trudde så sterkt på såvore at det verkeleg vart *r e a l i t e t a r* i deira liv — korleis no vi med våre sansar og vår psykologi vil forklåra dette.

FUTESTYRINGA I FOLKEHUGEN.

Over heile landet finn ein viser og forteljingar som vitnar om at iser futane ikkje har hatt nokon høg plass i tanken til bonden — han var helst bror til hinmannen, slik det står i visa:

«Å fanden og futen dei våro tvo brø'a,
og fanden tok futen og steikt han på glø'a.»

Og snytinga hans og hans ureideleg ferd i det heile førde han dit

bøndene aller heitast ynskte han; — ei vise frå Hitra fortel det med desse orda (dei to siste versa):

«Og fauten han kraup seg i helvite inn
— lat han krypa —
og etter kom lensmann med holl og med skinn.
Men sjå da stod det ilt til med fauten.

Og fauten kan kraup seg litt lengere inn
— lat han krypa —
og alle små djevlan dei plukka hans skinn.
Men sjå da stod det ilt til med fauten!»

På denne måten visste bøndene å hemna seg. Dei kjende seg trygge på at det kom ein oppgiersdag for svik og galne vekter og forfuska rekneskap.

I Romsdal går det soger i den lei om fleire futar, men ingen får slik dom og straff som «Halsingjin» = Ole Alsing, som var den store herren i Romsdal frå midten av 1700-talet (sjå kapitlet om han nedanfor). Vi tek med her det mest kjende folkeminne om han, så kan ein nedanføre jamføra med dei historiske opplysningane. Vi tek det etter O. Rekdals bok «Folkeminne i Romsdal»; forteljaren er bonden Knut O. Ytterhaug frå Osen i Kleive, fødd 1841, såleis berre eit par mannsaldrar etter futen døydde (1780) og just i den bygda der futen, Alsing, serleg «grasserte». Bøndene sitt bilete av han er såleis:¹⁾

«Det var ein fut her dei kalla «Halsingjinn». Han hadde redda ein finn ein gong oppi Nordlandet, og te betaling for di gjorde finnen det slik at han aldri skulle tapa ei sak. — Så kom kongen i Danmark i trette, og så fekk han Halsingjinn te å føre saka for seg. Og han vann saka. Og såleis var det han fekk dette landsgodset (Vestnesgodset, 1757—80) te løn, med fullt herredøme over romsdalingom her. Vestnes bygde han opp te hovudgard. I Osen i Fannefjorden hadde han malmverk, og ei lån. Han sette opp ein dam i Osen, og så grov han veite då, så han fekk vatnet te å renne på nøråsida; elva renn på søråsida. Og her hadde han smelteomnen sin, og ei seks sju store belgar, som gjekk med vatn. Det skulle vera slikt eit liv og slik ei banking når alt dette var i gang at det høyrdest milevidt. Det var som ein by inni Osen då. Det visest etter tøftom endå, og etter bærtreom — solbæra veks vilt der den dag i dag. — På Hol-

men innpå Nesjestranda hadde han eit koparverk. Dei hev kalla det Koparholmen der sidan.

Så tvinga han folket her omkring te å hogge ned tolla si og brenne ho te kol åt seg. Dei laut hogge ho og reise ho i hop om vinteren. Og i hovolla, når det var på det turraste, laut dei brenne kol tå 'na. Og så skulle dei føre kolet fram åt verket for seksten skilling tunna — det var fin forretning! Dei gorpa mykje på di, gamlekarane. Men så blei det ein pest for folk, detta her, og dei ville ikkje finne seg ti alt som Halsingjinn kravde. — Det var ein mann på Tollåsen, det var ei kjempe te ein kar, og han brydde seg ikkje om å føye Halsingja så mykje. Så kom Halsingjinn ut på Tollåsen og var galen for di mannen ikkje skaffa 'nå kol. Tollåsmannen sat og mol, han, då Halsingjinn kom, og han sat og hørde på han ei rid. Men te slutt så bykste han opp åt Halsingja inni kvernhuset:

«Ha de ut!» sa'n.

Då blei han verre, Halsingjinn, og meinte han skulle skræme etter 'nå. Men då tok Tollåsmannen og hadde nedi demma. Og så treiv han oppåsteinen og heldt han ut mot Halsingja. Og hadde han ikkje kome seg ut då, så hadde han fått den han hadde tronge den gongen. Men då blei'n redd.

Han var ein ugudeleg mann, og forferdeleg hastig. Og så skulle han vera låk med bornom sine. Han skulle kaste tå ungom sine på elva. Han var no berre som ein hedning då, ser du — han skulle vere dansk. Dei var så redde han at når dei hørde hunden gøydde, så skunda dei seg å sopa golvet — for var det ikkje i orden allting, så fekk dei utkastingsdom og blei jaga frå gardom sine.

Han skulle drepa ein mann bort med svenskegrensa. Det var lå han fekk ti pengane. Der var utlovt ein stor sum åt den som kunne regulere grensa. Og så var det innpå ein sjapp at Halsingjinn kom te å lyde på to som snakka om di, og dei visste merka. Så skjenkte han ein tå dei full, og narra han med seg og fekk han te å vise seg merka. Men den mannen kom ikkje att.


Han daua no Halsingjinn au då, og var gravlagd på kyrkjegarden på Vestnes. Men så blei det aldri fred på kyrkjegarden meir. Og

1) Det er greitt at Knut Ytterhaug, som ikkje berre er frå garden Haugen, der smelteverket låg, men som òg var fødd så tidleg at det enno i hans gute- og ungdomsår levde mange 60—70-åringar frå Alsings tid, har hatt godt historisk grunnlag for si futesegn, det den historiske Alsing nedanfor syner tydeleg nok.

det vart så gale at dei laut skrive te kongen om lov te å ta han opp att. Og det fekk dei. Så tok dei han og rodde han bort på Kalsøyfjorden og søkkte han ned der. Sidan blei det fred på kyrkjegarden på Vestnes. Men der dei søkkte han ned, der er det ikkje ro i sjøen — det elmar ti 'nå der alltid.

Han Pål-Ola-Mass på Rø (inni Langfjorden) blei så glad då'n fekk høyre at Halsingjinn var dau, at han reiste seg i senga og la føtene frampå sengastokken. Det hadde han ikkje gjort på åtte år.»

Når ein les dette, må ein minnst dei gamle orda: «Eitt eg veit som aldri døyr, domen om daudan mann». — Det gjeld om at han vert god.



Gamal husmannsplass i Romsdal.

FRAMGANGSTIDA 1660—1814

LITT OM DEN ÅLMENNE FRAMGANGEN.

Tida 1660—1814 er ei stor framgangstid, for endå det kan vera så ymse av vanskar og motbør folket vårt må stri seg i gjennom i denne tida òg, så går likevel den store stemna i rett lei. Vokstere er tydeleg nok på alle omkverve. Det åndelege livet kviknar til, det nasjonale synet vinn fram att, og endeleg er det ei rik utvikling i det økonomiske, som skaper den naudsynlege sjølvkjensla — og makta med — til å bera fram 1814-verket. Nordmannsnamnet, som ofte hadde vori utsett både for hæding og vanvyrndad, held på og vinn fram att til ein heidersplass. Alt i 1704 sette Fredrik 4. på ei mynt, til minne om Noregsferda si, desse flotte orda:

«Mod, Troskab, Tapperhed og hvad der giver Ære
den hele Verden kan blandt norske Klipper lære».

Og eit krigsskip i flåten bar namnet «Den Norske Bonde», eit tidarteikn. Eit namn som «Den Danske Bonde» var utenkjeleg.

Vi skjønner at dette smaker ikkje ille for norsk sjølvkjensle. Men tydelegast syner denne framgangen seg i det økonomiske livet. Vi kan sjå det på det at folketalet i landet doblar seg, frå ei 450 000 til om lag 900 000, i denne perioden.

Fullt så stor er ikkje auken for Romsdals amt, frå ei 30—36 000 i 1660-åra til 53 670 i 1815. Ser vi på våre bygder berre, finn vi stort sett det same: eit folketal på om lag 7000 i 1660-åra og ikkje så langt frå det dobbelte i 1815: 12 854. Utrekningane til Sars av folketalet i Romsdal 1665: 6561, er noko for lite, men Aschehoug sine må vera reint r a v g a l n e. Han finn her var 11 980 menneske då, over halvtanna tusen meir enn vel 100 år seinare, i 1769, då den fyrste rettelege folketeljinga var! Då var folketalet berre 10 295. Det er ikkje underleg at Osc. Albert Johnsen finn at det er liten framgang i Romsdal i denne tidbolken!¹⁾

Eit anna vitnemål om denne voksteren: Straks føre 1660 var det i heile Noreg tilsaman ei 13—14 000 odelsbønder berre i mot ei 40 000 leigendingar og truleg ei 8—10 000 husmenn. I mange bygder fanst det i det heile teki den gongen i n g e n s j ø l v e i g a r. Etter folketeljinga i 1825 var det 59 000 sjølveigarar i mot ei 31 000 leigendingar. Det er greitt at dette førde til mykje styrking av sjølvkjensla hjå bøndene òg, — og ikkje mindre at dei fekk ei mektig underklasse på nære 49 000 husmanns-huslydar under seg før tidbolken var ute. Men d e s s e har vi kanskje mest å takka for alle dei nye bøar og bol som no vart rudde rundt länd og strand. I kvart bygdelag i landet vårt vil ein kunna peika på ei uhorveleg mengd gardar som det har vorti lagt grunnen til i denne tida av husmannshender. Men elles vart mang ein plass reine armodsheimar òg — «Steinrøys, Steinrøys sveltihel», som det heiter i visa.²⁾

Det er òg ein rivande framgang i b y a n e. Verdskonjunkturene var gode, og etterspurnaden nett etter våre varer, trelast og fisk serleg, var stor. Og folk er òg mykje meir e n e r g i s k e til å nytta ut rikdomskjeldene enn i førre tidbolken. Noregs h a n-

¹⁾ Sjå N. H., b. V 1, s. 265.

²⁾ Etter teljing i 1723 var det 11814 husmenn med jord i Noreg; i 1825 var talet 48706, ein vokster på ei 37000 husmanns-huslydar på hundre år. Heile det 18. hundreåret arbeidde styringa systematisk med å få «sett ned» husmenn. Det skulle m. a. gje bøndene ein trygg og fast arbeidsstyrke. Men ynsket om å dyrka opp meir jord og skaffa plass til folkeoverskotet vog mest. Vilkåra vart ikkje lovieste for husmenn før i 1750. Frå den tida skulle husmannen ha feste på plassen så lenge han eller kona levde, noko bøndene murra til, så det lite vart ut av loven. Men frå 1792 hadde dei rett til skriftlege kontraktar.

delsflåte auka sterkt etter 1651, då England kom med Navigasjonsakta; alt under Fredrik 4. hadde vi likså stor handelsflåte som Danmark, og ved 1800-talet var vi komne langt framom det: Noregs flåte var på 120 000 tonn, medan Danmark berre hadde 75 000 tonn. I det heile kan ein vel òg seia at kulturelt sett så heldt folket vårt på å veksa seg or og over almu gesynet; det held på og vert ein medviten nasjon. Bondekulturen, slik som sambygdingen vår Anders Sandvig best syner oss honom på Maihaugen, er det sterkaste vitnemålet om folkeframmarsjen mot målet: eit fritt kulturfolk.



Ein annan gamal husmannsplass i Romsdal.

STYRING OG STYRESMENN FRAM TIL 1720.

Det var ikkje greitt å vera konge heller etter alle krigane føre 1660 med den økonomiske utarminga som fylgde på. Fredrik den 3. såg ingen annan utveg enn å knekkja adelen og lata dei som før berre hadde spela herremenn og hadde vori skattfrie og hatt andre serrettar, bli sette på like fot med folket elles. Vegem gjekk i gjennom einveldet og heil nyskiping av administrasjonen. Den gamle lensstyringa i Noreg hadde gjevi for lite av seg. No vart det faste embetsmenn alle stader og på fast løn. Kongen skulle såleis få sitt, og bøndene sleppa frå dei verste utsugingane. Landet

vart skipa i a m t, og amtmennene hadde, slik som lensherrane før, skrivarar og futar og bondelensmenn att under seg. Denne skipnaden med amtsnemning i staden for len er frå 1662, men han vart ikkje alle stader sett ut i livet like fort. Dei fleste amta fekk likevel i dei åra som kom, nye styresmenn på fast løn, slik dei laut gjera rekneskap for innkomer og utloger. Men det hende då at somme av dei som hadde styringa i landsluten ei tid, vart sitjande som før på dei gamle vilkåra; ja, det hende jamvel at nye menn fekk «len» utover heilt fram mot 1680-åra. Ein slik ein var Claus Ahlefeldt, verson til Kristian 4.; i storparten av 1660-åra var han lensherre i Romsdal. Sjølve den endelege amtsskipnaden vart òg fyrst fastsett ved lov i 1671, året etter at Kristian 5. var vorten konge. Landet vart bytt i 4 stiftamt, som kvart skulle vera på eit hovudamt og to eller tre «underliggende» amt. «Trondhjems hovedamt» fekk Vardøyhus og Romsdals amt under seg. Dette siste omfata Sunnmøre, Nordmøre og Romsdal. I 1671 fekk amtet så den fyrste amtmannen, Christian Lindenow, av gamal god dansk ætt. Han tok bustad på M o l d e. Men alt i 1675, ved kgl. resolusjon den 13. juni, vart det fastsett at Sunnmøre skulle gå saman med Nordfjord til eit nytt amt, som Lindenow no fekk. Romsdals amt omfata så utover til 1689, då Sunnmøre atter vart lagt til det (s. 144), berre Nordmøre ved sida av vårt eige fylke.¹⁾ Amtmenn i denne tida var Fredrik v. Offen berg (1675—77), som levde og døydde i «Litle-Fosen», Daniel Knoff, som vi veit mest ingen ting om, og frå 1680 til 1691 Jonas Lilienskjold. Om alle desse tre er det lite å seia. Den neste amtmannen var Iver von Ahnen (1691—1700). Vi hugsar denne frå bergtakingssaka i 1695. Far hans hadde vori amtmann i Nordland og hadde elles synt stor dugleik i striden med svenskane i 1658—59. Dessutan seiast det at han er den fyrste som laga tran av torskelever i landet. I 1700 vart han stiftamtmann i Trondheim — dessutan hadde han fine og høge titlar: «Konferentseråd», «etatsråd» og endeleg var han riddar av Dannebrog. Han døydde i 1722. Ein stiftamtmann hadde dobbel så høg løn som ein amtmann, 1000 rd. Frå 1702—03 var Hans Hansen Lillien skjold, bror til Jonas, amtmann i fylket. Han vart overflytt frå Troms, men fekk visstnok ingen ting med styringa av bygdene våre å gjera, då han var sjukleg og døydde alt i 1703. Men for Finnmark, der han var i bortimot

¹⁾ Sidan 1689 har så dei tre fylka alltid hatt amtmann, og sidan 1918 fylkesmann, saman.



Moldegård, slik amtmann Nobel bygde garden.

20 år, var han ein god mann. Han var ikkje lite av ein litterat og har m. a. gjevi ei verdfull skildring av Finnmark. Johan Peder Testmand var visstnok viseamtmann i Romsdal for Lillien skjold. I 1703 vart Hans Nobel amtmann i Romsdal, og han er ein av dei mest dugande vi i det heile hadde føre 1814. Han var opphavleg skåning og tok namnet sitt etter fødebyen Kristianopel, som i dagleg tale visstnok vart kalla «Nopelen» eller Nobel en». Nobel hadde studert ei tid ved universitetet i Kjøbenhavn, men dette studiet (truleg jus) var det berre få som tok noko alvorleg. Medan krav om teologisk embetseksamen og påbod om å studera ved universitetet i Kjøbenhavn hadde komi alt i 1629 for prestane, så vart juridisk embetseksamen for dei verdslege embetsmenn fyrst innført over 100 år seinare. Så snart Nobel slo seg ned på Molde, fekk han hug på Moldegård, som då var på fleire manns hender, men som han til slutt fekk slå under seg. Då han vart eigar, såg det såleis ut på Moldegård (det ser vi av eit arveskifte frå 1703): »Nystuen, dagligstuen, borgestuen, matstuen, hvorudi finnes 3 kakelovner samt bord, benker og sengesteder, et stort og et lite stabbur, en spisebod, en sjå (tørkehus eller skur), en kjøln e (tørkehus for korn), et gammelt naust, en sag, et brukelig kvernh us, et øde do. ved sagen, et

hus som Christen bebor, en bårstue, en hølade, en kornlade, en hestestall, tvende gamle føllstaller, en gammel hakkelsbod, 4 små gamle fehus, et smalehus.» Dette fortel oss ikkje så lite om korleis det såg ut i det heile på ein litt større gard på den tida, ei veldig samling — i alt 26 — av dei mest ulike slag hus.

Nobel gjekk truleg med ein gong i gang med å få ein annan skikk på Moldegård. Det var han som gjorde han om til den herregarden vi kjenner til.

Å få tak i Moldegård kosta honom 531 rd., men det lukkast honom òg snart å få kjøpt halvparten av R e k n e s med alle husa på garden.

Det skal serleg nemnast eit par ting Nobel stod i brodden for: Han skipa R e k n e s h o s p i t a l og gjorde opptaket til å få e i n s m a t r i k k e l i landet; det siste var ein heller flokut ting då det i heile landet var 73 ulike «skyldspecies»; og det lukkast då heller ikkje å få han gjennomført no trass i amtmann Nobels og bisp Deichmanns strev med det.

Det gjekk over 100 år før arbeidet heldt fram og skapte ei nokolunde fast og påliteleg skyldsetjing (1836 og 1863). Om Reknes kan ein lesa dette i Thaarups «Archiv for statistik»: «Etter kammerråd og amtmann Nobels forslag, approbert ved rescript av 16. august 1713, er dette sykehospital stiftet». S c h ø n i n g fortel i sine reise-skildringar frå fylket i 1773 at Nobel fekk sunnmørsprosten M a n n, som åtte H u s t a d g o d s e t (53 våger), til å gjeva det til hospitalet. Sjølv gav han garden Gauset i Sunds åtting. Å få eit søvøre hospital var sers naudsynt, då spillsjuka (spedalskhet) på denne tida, på grunn av dårleg stell og kosthald og skort på kunnskap om sykja, herja fælt mange stader. Dei sjuke leid svært mykje vondt på mange vis, så lite hjelp dei fekk. St. Jørgens hospital i Bergen rakk slett ikkje til.

Amtmann Nobel var ein mann som gjerne ville ha eit godt ord på seg og stå på gode føter med folket; det var ærehug i karen — han ville f r a m. Og fram kom han òg; han var absolutt ein av dei leiande menn i landet i desse åra. I 1713 vart han såleis medlem av den regjeringskommisjonen, som Fredrik 4. (1699—1730) hadde skipa til å stå for styringa i desse kritiske krigsåra (den store nordiske krigen eller «11-årskrigen»). Vi høyrer at han alt i 1705 let futen Æg spyrja folket på tinget i B u d o m «velbårne amtmann Nobel hadde tatt av noen blant dem skjenk eller gaver, eller òg om han sjøl eller ved sine tjenerne hadde vært dem til besvær med skyss-



Amtmann Nobel og frue.

ferd eller annen umake uten betaling. Så òg om han udi handels drivelse har vært noen til fornærmelse eller skade, i hva måte det være kunne. Hvortil de alle enstemmig svarte nei.» På tinget i Rødven åtting 29. mai 1706 spurte Nobel sjølv bøndene om futen eller sveinane hans betalte dei skysspengane dei skulle når dei fór i tiendetekt, i tingferd eller i andre ærend. Dei svarta at futen baud dei betaling på såvorne reiser, men at dei ingen pengar hadde teki imot «formedelst han har vært dem behjelpelig både med skatters etterståelse og så òg i mange andre måter.» Han spurde òg vidare etter kor mange mann laut vera med futen i skyssferd, og fekk vita at det var frå 5—8—10. mann, etter som veret var til. Det ser ut til at futen står seg godt med bøndene no, men så er då ògså futen, Børge Eeg, ein dugande mann. Han fekk òg som nemnt i gang ei gardsdrift på futegarden Gjerma nes, slik at han vart eit mønsterbruk i Romsdal for lange tider. I 1728 hadde garden 8 hestar, 37 kyr, 2 oksar og 6 kalvar. Dessutan åtte Eeg 14 andre gardar òg, og ei mengd fine gull- og sylvsaker.¹⁾

Det kan ikkje vera meir enn ei meining om Nobels styring i bygdene våre. Han ville ha orden i alt. Så når han grev og spør bøu-

¹⁾ Siå Olaisen, Veøy I, s. 565 fg.

dene om både det eine og det andre, t r e n g det ikkje berre vera «streberi», som somme meiner.¹⁾

Nobel var ein framifrå finansmann, det synte han tidleg. Han tok til som tollforpaktar nordanfjells og dreiv tollinnkomene opp frå



Futen Børge Eeg.

30 000 rd. til bortimot det dobbelte. Og då han i 1717 gjekk av som amtmann, seier han sjølv at det ikkje var ein skilling i skatterestansar. Han var gift minst 3 gonger, og serleg den siste gongen var det «forretning». Med ei kjøpmannsenkje frå Breivik fekk han då ei medgift på 184 000 rd. — sers mange pengar i ei tid då Moldegård kosta berre vel 500 dalar. Han enda som stor gods-eigar i Danmark, der han døyddde i 1732. Ein av sønene hans vart amtmann i Stavanger; dottera Marte Margrete vart gift med Erik M u s t, som vart amtmann i Romsdal etter Nobel; dei budde òg på Moldegård, så garden vart i ætta. Must drukna i 1729, men kona hans levde på Moldegård til i

1774. Ein son, som fyrst vart fødd etter faren var død, flutte seinare til Trøndelag, der han vart ein veldig jordherre og døyddde som kanselliråd i 1798.

11-ÅRSKRIGEN 1709—1720.

Under desse to siste amtmennene fell 11-årskrigen. Om lag det einaste som direkte vedkjem Noreg, er dei freistnadene Karl 12.

¹⁾ Me er samde med O. Olafsen i det han held fram om Nobel i Veøy I, s. 550, og serleg i dette: «Prof. Ludvig Daae finner endog et vitnesbyrd om hans (Nobels) moralske brøst deri, at han kom i strid med presten Thomas v. Westen om en forbryter. Men det burde Daae ikke ha nevnt. Ti det er amtmannen som her representerer humaniteten og mildheten, mens presten representerer hårdheten, råheten og ufornuften». Sjå seinare om Thomas v. Westen.

gjer i åra 1716—18, på å ta landet vårt til vederlag for tapa etter nederlaget ved Poltava i 1709. I desse stridane var då òg romsdølene med. Det kan òg nemnast at *Anna Colbjørnsdatter*, som er så vidgjeten frå desse åra, var gift med ein romsdøl, *Jonas Ramus* (sjå nedanfor).

Før vi fortel meir om denne krigen, kan det vera av interesse å sjå litt på militærstellet i våre bygder den gongen, slik vi møter det gjennom skildringa til den unge generalløytnant *Christian Gyldenløwe*, som fer på inspeksjonsreise og mønstrar eit kompani av romsdøler i Molde i 1695. Det heiter i reisemeldinga hans frå 21. juli: «Kom siden til Misundfjorden i Romsdal. Her begynner Trondhjems distrikt, og kalles den første gård derudi Egedal (Heggdal!). Over fjorden rodde vi til Maale (Molde!), hvor amtmann Ahnen bor. 2 mile. Her ble kap. *Rønnes*¹⁾ kompani av det Trondhjemske regiment med trebajonetter på siden presentert. Disse folk befantes langt slettere både udi gevær, mundering og i deres eksersis enn noen av det Bergenhuisiske. Årsaken ble ikke kapteinen tilregnet; ti han for sin person noksom utrettet sin funksjon. Fogden samme steds visste å berette og ville bevise med sine kvitteringer at han 11 år etter hinannen de ordinerede legdspenger til munderingen for sitt fogderi betalt hadde — — — De beste folk ble annotert å erholde deres dimissjon formedelst deres lange tjeneste. — En del av dette distrikts marine (sjøtropper) ble mønstret, og befantes meget slette liksom de øvrige.»

Så fort som *Gyldenløwe* fôr — han brukte berre ein dag frå Borgund til Molde, der han heldt mønstring same dagen, og fôr så den neste morgonen kl. 2 over Battenfjordseidet til Nordmøre — så har han visseleg ikkje fått sett seg så serleg grundig inn i tilhøva. Berre 21 år var han òg. Men så mykje kan vi då skjøna av dette at det er ikkje rare greiene med forsvarsmakta vår. Endå futen har betalt dei vanlege munderingspengane, vantar dei alt det naudsynlege utstyr. Her møter vi danskestyret i si slettaste form: Det var tusen andre ting dei kunne utnytta Romsdalsbøndene sitt tilskot til herstellt på i kongens festsjuke *Kjøbenhavn* enn til klede, skor og våpen til soldatane.

¹⁾ Skal visstnok vera *Rønnow*, som seinare vart major. Han vart, då han døydde, gravsett i kyrkja i Molde. *Kyrkjerekneskapane* fortel at han utstyrte skriftestolen med «blå gardiner og jernstenger».

Amtmann Nobel, som var med i regjeringskommisjonen, hadde sjølv sagt mykje med hendingane å gjera i 11-årskrigen. Såleis måtte han saman med dei andre styresmennene, då svenskane i 1716 tok Oslo, dra seg attende til Drammen, og seinare jamvel til Skien. Der opplevde han noko reint omfram: Telebøndene møtte opp i hundrevis, provianterte på eigen kostnad og kravde våpen og førarskap så dei kunne gå mot svenskane. Dei heldt mest på å øydeleggja både amtmannen og futen sin, fordi dei ikkje ville taka førarskapen for dei i krigen. Ro vart det fyrst etter at Nobel la seg i selen og hjelpte dei tilrette og i veg. I ei melding til kongen roser Nobel bøndene mykje for deira pågangsmot. Ei ikkje så lita rolle spela òg kaptein Chistian T ø n d e r på Reknes i krigane sønnanfiells i 1716. Han hadde førarskapen over galeien «Lovise» og var med i dei vidgjetne hendingane i Dynekilen, der Tordenskjold gjorde det så grundig av med den svenske flåten. Han døydde same året, utan at vi kjenner korleis det gjekk til. Stesonen hans, løytnant Fredrik M e s s e l, var med Tordenskjold i åtakket hans på S t r ø m s t a d, der han fall. Enkja til Tønder budde på Molde, der ho fekk pensjon av «Postkassen». Den halvparten ho åtte av Reknes, selde ho til oberst S t o r m, som alt før var vorten eigar av andre helvta.

Elles fekk folket på Molde på ei serskild vis kjennskap til krigen: 7 svenske «Ober-Officerer» vart sende dit til forvaring; det var krigsfangar. Det vart ei heil historie om korleis det best kunne ordnast med kost og husvære og stell til dei; det var ingen som ville ha dei, og til slutt laut dei leiga eit serskilt hus åt dei. I amtsprotokollen frå 1716 står det m. a. om dette: «Etter at jeg ved skrivelse fra den Høykongl. Statslov (regjeringskommisjon) av 15/12 1716 var til meldet, at de fangne svenske oberoffiserer som var i Trondhjem (hvilke etter herr stiftamtman v. Ahnens skrivelse er 7 personer udi tallet) skulle hitsendes til Molde ladested og der nytte fri kvarter sålenge krigen continuerer (varer), har jeg først konferert med samtlige bemeldte steds innvånere på hva måte de beleiligst kunne bli innlosjert. Men som de fleste unnskyldte seg ikke å ha leilighet til å motta noen, erbød de seg heller å ville leie et aparte hus til disse svenske officerer, hvilket de samtlige måtte betale når det rigtig ble lignet dem imellom, hvorudi de òg til slutning ble enige og formådde mr. Johan Joensen til å bortleie et ham tilhørende hus på Molde, som disse svenske officerer skulle tilholde udi, for hvilket de akkorderte å gi ham ukentlig 2 rd. når han imens forsy-

ner de ovenmeldte fangne offiserer med fornødne senger og sengklær, lys og ildebrann(!), likeledes forskaffer et kvinnemenneske, der alltid kan holde huset renlig —.»

Så kjem ei lang liste på Moldeborgarane, der vi får sjå korleis dei deler dei økonomiske børenе krigsfangane fører med seg. Protokol-len er datert Moldegård 8. januar 1717 og underskriven av Must.

I 1718 ser vi at det vert sendt i veg 5 farty frå Romsdal med høy og proviant til heren i Trøndelag. Det var sjølv sagt utkommandert ein del romsdøler til å vera med å forsvara Trøndelag mot den vidgjetne svenske general Armfeldt i 1718. Men det vart ikkje så mykje med krigen. Derimot herja pesten båe herane; dei rekna med at om lag 1500 døydde i den norske heren, og kanskje bort imot 3000 i den svenske, som iser leid mykje avdi svenskane vanta all slags proviant.

Det var sunnanfjells det gjekk heitast til; men der enda krigen òg fortare enn dei venta, då Karl 12. fall, og svenskane drog seg attende i 1718.

Desse krigsåra var i det heile teki syrgjelege år for Noreg, serleg fekk byane og handelen ein alvorleg knekk. Fleire hundre skip gjekk med, og det nett i ei tid det kunne ha vori dei beste tilhøva for vår skipsferdsle. Handelsmaktene England, Holland og Frankrike var nett no opptekne med den spanske ervefylgjekrigen.

NYE HARDÅR OG OMFRAMSKATTAR.

Hardast vart det likevel å greia dei tunge skattane styringa såg seg nøydd til å leggja på folket vårt i denne krigen, — ein krig som dei fleste andre krigar i dansketida frå fyrsten av var oss reint uvedkomande: Det var Danmark som byrja han mot Sverige; gamle motsetnader og hemntankar heldt seg.

I hungeråret 1709, eit uår over heile Europa, våga dei rettnok ikkje å skriva ut nokon omframskatt, og i 1710 vart det berre oppkravt nokre mindre pålegg til skjerbåtar og båtsmenn.

Endå i 1711 var tidene så armodslege at den einaste utvegen dei fann til nye skatteinnkomer, var ei stempelavgift på nye skor og ein luksusskatt på køyredoningar, parykkar, hårpynt og tenestefolk!

Det vart så altfor lite ut av desse skattane, og difor gjekk riksstyringa i 1712 til dei vanlege omframskattane att, som varde ved sålange som krigen heldt på og vel så det. Denne fekk namnet

d a g s k a t t e n fordi han vart utlikna med ein viss sum for dagen for kvar by og kvart stift i landet. Denne førde i 1712 til ei innkome på 138 0000 rd.; to år etter, i 1715, var han nådd opp til 156 500 rd. Dei neste 6—7 åra heldt han seg på ei 180 000 rd. årleg.

Frå 1720 kom dessutan endå nye omframskattar, ein på alle «skårne bord», ein høyskatt, og endeleg ein på alle «karakteriserede personer», dvs. ein ekstraskatt på alle militære og sivile embetsmenn. Men dette var ikkje nok. Attåt kom soldatutskrivninga, skyssplikt, ymse arbeidsplikter, innkvarteringar slik som på Molde t. d., og endeleg somme stader plundringar og brannskatting frå dei svenske troppe. Førre 1718 skulle annankvar fullgard skaffa 1 soldat, sidan vart det ein på k v a r fullgard, så vi skjønar det var ikkje småting.

Det er fleire ting som peikar mot at skattebørene fall tyngst nordanfjells. Merkeleg nok fann folket seg utruleg roleg i dette skattepresset, som må ha kjendest heilt utoleg, slik skattane òg vart inn-drivne, ved hjelp av militær. Dette var ein farleg utveg, som lett kunne føra til større folkeøsing, slik ein har vitnemål frå einskilde stader. Dei danske styresmennene før ikkje lite uklokt fram mot bøndene heller. Dei dreiv det endåtil så vidt at dei som synte «ringeste vegring eller motvillighet» skulle inn på Akershus. I 1714 dreiv jamvel visestathaldaren baron Krag i gjennom at den fyrste som synte «opprør eller stempling» skulle ein kunna hengja eller straffa på annan måte utan lov og dom. Amtmann N o b e l freista å gjera han klår over at dette var uklokt, og at det burde takast visse omsyn til dei norske bøndene, men på dette skal Krag ha svara at han meinte at det var «landsens forrædere som rådde kongen til annet, enn at en amtmann j o u t e n a n s v a r k u n n e p i s k e e n b o n d e, n å r h a n f a n t d e t f o r g o d t». — Det var sanneleg ikkje så greitt å vera bønder, nei, korkje på den eine eller andre måten.

SAL AV KYRKJER OG KYRKJEJORDA.

Men skattane skaffa ikkje kongen nok innkomer. Og så laut han ty til k y r k j e g o d s a. Sidan reformasjonen var det kongen som hadde omsuta for kyrkjene; han var det som rådde for eigedomane hennar og for innkomene elles. Endå tanken opphavleg hadde vori at dei berre skulle nyttast til bate for kyrkja, så tok dei ymse kongane, serleg sidan 1660, til å bruke kyrkjeieiga til krigane sine. Dette

gjorde òg at kyrkjene forfall. For så å sleppa utlogene til atterreising og vedlikehald, men fyrst og fremst for å få pengar til å greia krigsgjelda, tok Fredrik 4. i dei fyrste åra etter 1720 til å selja kyrkjene ved offentleg auksjon; dei som baud høgast, fekk sjølvsagt tilslaget, utan tanke på kven dei nye eigarane vart.

I åra 1722—23 vart såleis om lag 620 kyrkjer avhenda. Ein mindre lut, om lag 100, kjøpte bygdene sjølve, men resten kom i privatfolks hender og vart no ei tid fast salsvare. Kjøparane hadde elles å syta for at kyrkjene vart haldne så nokolunde istand. Men retten til å setja til prestane, slik som andre embetsmenn, tok kongen til seg etter 1660.

Om kyrkjesalet i Romsdal ser vi av kgl. skøyter frå åra 1725—1726. På ein offentleg auksjon i Trondheim vart Veøy hovudkyrkje og dei 5 annekskyrkjene Bolsøy, Kleive, Vestnes, Sylte og Rødven pluss alt det jordegodset dei åtte og kyrkjetienda selde til rådmann *L o r e n t z H o l s t* (s. 156), som no vart ein veldig jordherre, men òg ein rettvis og rimeleg mann mot bøndene i Romsdal. Kjøpesummen, 1510 riksdalar, var sjølvsagt berre ein spottpris. Det kgl. skøytebrevet er frå 8. mai 1726.

Etter *L. H o l s t* vart sonen *H a n s H o l s t* (sjå s. 156) eigar av kyrkjene og Vestnesgodset. Alt dette kjøpte futen *O l e A l s i n g* i 1757 for 38 000 rd. Omfram kyrkjejorda var dette godset no på 169 gardar i fylket vårt, så Romsdal har nok aldri nokosinne hatt ein slik jorddrott som Alsing (sjå om honom seinare). Då det til slutt gjekk ut med honom, kjøpte bøndene kyrkjene av buet hans i 1780—82.

Kyrkjene i *G r y t t e n* prestegjeld, Grytten hovudkyrkje, Kors kyrkje, Eid-, Voll- og Hen-kyrkjene vart 28. september 1725 selde til stiftsskrivar *M o r t e n W i u m s* arvingar for 562 rd. Då *W i u m s* bu var fallitt og det ikkje greidde å halda kyrkjene vedlike, kom dei etter kvart i bondeei: Voll kyrkje i 1744 (innkjøpt av kyrkjelyden 1902), Hen kyrkje vart kyrkjelyden si eige ved skøyte frå 23. april 1788, og om lag 1780 har òg Kors- og Grytten-kyrkjene komi i hendene på kyrkjelydane.

Dei tre kyrkjene i *N e s s e t* prestegjeld: Rød, Sira og Vistdal, vart ved kongeskøyte frå 26. februar 1725 selde til amtmann og bergråd *E r i k M u s t* for berre 225 rd. Hovudkyrkja vart snart bondeei, og dei to bøndene som åtte henne, gav ho til kyrkjelyden

i 1857. Dei to andre kyrkjene kom i hendene på kyrkjelyden i 1860-åra.

Dei 4 kyrkjene i Aukra pr.gjeld: Aukra, Vågøy, Bud og Hustad, kom ved kongeskøyte frå 26. februar 1726 i hendene på amtmann Eirk Must for 615 rd. Alt i juni same året avhenda Must dei 2 siste kyrkjene til kyrkjelydane.

Dei tre kapella på Sandøy, Harøy og Ona vart nedrivne, Ona før 1800 og dei 2 andre etter vedtak frå 1809. Sandøy fekk no vanleg kyrkje. Bud og Hustad vart skilde ut frå Aukra prestegjeld og vart eige kall ved kgl. reskript frå 4. april 1755. Ved reskript frå 18. nov. 1740 vart Bolsøy og Kleive sleagne saman til eitt kall, og Nettet (Rød), Eresfjord og Vistdal til eit anna, baa skilde ut frå Veøy.

Vi veit at dei fleste Romsdalskyrkjene omkring 1650 er stavkyrkjer.

TRE KONGEVITJINGAR I ROMSDAL AV OLDENBORGARANE.

Fredrik 4. døydde i 1730, og under ettermannen hans, Kristian 6. (1730—46) råder pietismen sterkt både i Danmark og Noreg. Holberg lyt jamvel i denne tida lata vera skriva komediar, då desse ikkje var til Herrens ære. Denne stemna skal vi skildra nærare i bolken «Sjustjerna», der Thomas v. Westen, sokneprest til Veøy, er hovudmannen. Elles innførde denne kongen konfirmasjonen i 1737 og freista, med skuleordningar frå 1739 og 1741, å skapa eit slag skulestell i landet.

Etterfylgjaren til Must, amtmann Kristian Solgård¹⁾ (1629—42), som budde på Moldvær i Borgund, fekk høve til å syna si evneløyse då den nye skulen skulle gjennomførast. Dette førde han òg i stor strid med futen Børge Egg (s. 197).

Dei tre siste kongane, Kristian 5., Fredrik 4. og Kristian 6., skal hugsast fordi dei, i motsetnad til fleirtalet av Oldenborgarkongane, ikkje berre vitja landet vårt, men jamvel var innom Romsdalsbygdene. Ferda til Kristian 5. var i 1685. Han kom frå Trondheim over Orkdal, Surnadal og Tingvoll til Tiltareidet i Nettet, der «Hans Kongelige Majestet fant det annet kompani av de trondhjemske marineerer under kaptein Budde, som Hans Majestet lot for seg eksersere og salve give, hvilket de til Hans Kongelige Majestets allernådigste

¹⁾ Frå 1729—31 var Worm viseamtmann i Romsdal.

fornøyelse vel og tilbørligen forrettet». Vi ser Kongen er betre nøgd med militæret i fylket enn Gyldenløwe var 10 år seinare. Dei reid over Tiltareidet og fôr med båt over til Nesset, prestegarden, der kongen etter avtale skulle overnatta. Sokneprest i gjeldet på den tid var Christen Augustinussønn. Han budde elles på Gjerdet, Vorpenesgarden, der han også døydde året etter. På sjølve Nesset prestegard budde då den residerande kapellanen hans, Nils Jenssønn P a r e l i u s, som hadde vorti tilsett i 1681 og fylgde etter Augustinussønn som sokneprest i 1686; alt året etter gifte han seg, som skikk var, mer p r e s t e n k j a — den vanlege «pensjons-skipnaden» for slike den gongen. Enkja fylgde embetet, — når ikkje presten som fekk det, var gift i førevegen. Parelus er den fyrste soknepresten som bur på Nesset. Dei to gardane Nesset og Gjerdet ligg elles side om side (Gjerdet har opphavleg høyrte til Nesset). Båe prestane har vel helst saman stått for vertsskapet. Bror til Christen Augustinussønn, som var ikkje så lite av ein forfattar og var prest i Meldal, seier om han: «Han (Christen) var lærd og ein dugande filolog, og han var «from» og stod i det heile over si tid». — Det vart ikkje så lang stansen som tanken var på Nesset, for då «veyerliget var meget godt og bequem til at reyse», heldt reisa snart fram med båt til Gjermanes, «hvortil var 5 mile». Vidare for dei derifrå om natta med båtar til Gjelstein på Vestnes. Det var 1½ mil.

Det var høgsumar, den 28. juni, og fint ver då kongeferda fôr gjennom Romsdal, så det kunne ha vori eit syn for slettelandsbuane, men n a t u r s a n s e n var sers lite utvikla på den tid. Meldinga om denne ferda er prenta i «Vidar» i 1889 (ved Y. Nielsen). Forfattaren er ikkje imponert. Det skjønar vi best av desse orda: «Denne ganske reyse tilvands var ey synderlig remarquabel at see.»

Det var ikkje smått stell å greia med skyss og mat og herberge. 7 dagar brukte fylgjet frå Trondheim til Bergen. Og det var ikkje småkårsfolk som var ute; 30—40 båtar og 150 mann var ved dei ymse skyss-skifta tilsagde å møta, og embetsmennene hadde nok sytt for det beste utval til rorskarar; alle var «dyktige, brave og sterke sjøfolk».

I 1704 fôr Fredrik 4. den same vegen, men han kom frå Bergen og skulle til Trondheim. Visseleg med tanke på den strevsame reise-måten i tida skriv G y l d e n l ø w e (bror til inspeksjonsgeneralen frå 1695) som motto for ferda: «Per varior casus, per tot discrimina tendimus», dvs.: «Vi stemmer fram gjennom mange omskiftningar

og farar». Dei kom over Vatneeidet til hest, og fôr så 4 mil med båt til Gjermanes, til futen Morten Schultz, der dei låg om natta 23.—24. juli. I dagboka står det:¹⁾ «Reiste vi (deretter) 4 mile tilvanns for om middagen å spise hos en prest». Denne presten er sikkert Nils Engelhardt, som var sokneprest i Nesset frå 1700—1716, då han flutte til Veøy etter Thomas v. Westen. Engelhardt hørde òg til pietistkrinsen «Sjustjerna». Så barst det over Tiltar eidet til Nordmøre: «Kongen lå på Surendalsøren i et hus, hvor der neppe var plass til ham alene». Gyldenløwe har noko meir sans for den vakre Romsdalsnaturen, endå det ser ut til at han har ikkje funni seg heilt godt tilrette: «Vi drog den ganske dag igjennom et land, der i skjønnhet skulle overgå Italia, dersom solen der hadde hatt samme virkning, men den var til ulykke så langt borte derfra, så jeg frøs sterkt midt i juli måned, uaktet min med mår forete pels.» Så vidt vi finn, er Ulrich Christian Gyldenløwe den fyrste i litteraturen som hefter seg ved den vidunderlege naturvenleiken i Romsdalsbygdene.

Den neste lange kongereisa, i 1733, var uvanleg staseleg. Omfram kongen, Kristian 6., kan nemnast dronninga Sofia Magdalena og vermor hans, markgreivinna Sofia. Berre talet på hoff-folka var 143, og dessutan var det ymse andre med i fylgjet, skrivarkarar og soldatar. Den 29. juli låg dei i Fosna. Derifrå for dei berre i båtar og mindre farty den indre Hustadvik-leia. På Smørholmen vart dei liggjande verfaste i 2 døger; «da vinden begynte å bli sterkere, blev resolvert for den farlige passasje av Husadvik fjorden bedre værlig å avvente». Da dei for framom Bud 1. aug., var det sterk rulling på fjorden, «som forårsakte de ei dessmere sjøvante ikke ringe incommodation (uhugnad)». Ei mengd folk var utbodne til skyss; ikkje alle møtte. Såleis fortel O. Olafsen at 7 mann frå Veøy sat heime, og dei heldt på å få stor skade av det; men dei slapp tilsist med ei bot på 4 riksdalar kvar — og visseleg ei kraftig formaning.

At det er noka interesse for folk og tilhøve eller naturen som dreg desse folka opp til bygdene våre, er det vel helst liten grunn til å tru. Slike Noregsferder er vel helst å rekne berre for eit «curiosum» i tilværet til kongane og hoff-folka. Det kan vera noko for

1) Denne er prenta i Oslo alt i 1770 hjå Samuel Conrad Schwach, omsett frå fransk, som dagboka opphavleg er skriven på.



Frå kongeferda til Kristian 6. 1733.
Etter eit måleri frå samtida (ved Stadlandet).

nyfikna deira, noko omframt å sjå og oppleva. At tre kongar slik på rad vitjar Noreg, vitnar elles om at Noreg er «på moten».

Med Kristian 6. er det ute med pietiststyret. Ved hoffet til dei to neste kongane, Fredrik 5. (1746—66) og Kristian 7. (1766—1808) går det heller vilt for seg med festar og fyll. Den fyrste drikk seg helst i hel, og den siste lever storparten av sitt liv som ein vitlaus stak-

kar, som må lida for mange ætters lastefulle liv. Ein del dugande styresmenn finst det likevel stundom i staten, såleis den eldre og den yngre Bernstorff og Struensee. Velkjend her heime er Guldberg òg (rådde i riket frå 1772—84), men ikkje fordi han var dugande og gjorde noko for Noreg, tvertimot, men for strevet sitt med å samarbeida dei ulike delane av riket til ein verkeleg heil-stat. «Der gis ingen nordmann, alle er vi borgere av den danske stat», er dei vidgjetne orda hans, — såleis ein protest mot Johan Nordahl Bruns revolusjonssong og dei norske studentane sin programsong frå same åra:

«Dog vaagne vi vel op en Gang
og bryde Lænker, Baand og Tvang.»

Denne tida veit vi, er den store nasjonale gjærings- eller mogningstida her heime, som gjer oss føre til 1814-verket.

DEI SISTE STYRESMENNENE I ROMSDALSBYGDENE I DANSKETIDA. — BONDEN OG EMBETSMANNEN.

Den fremste styringsmannen her heime i bygdene no som før var amtmannen. Etter Solgård kom Christian Ulrik Tønder frå 1742—1751. Han hadde som dei fleste slike karar i tida, sytt for å få seg (eller kjøpa seg) ein skikkeleg titel: «Kanselliråd». Men Tønder var ikkje nokon dårleg amtmann, og vi har vitnemål frå honom om at det var dugande folk som budde rundt om i bygdene våre den gongen.

Tønder var, som vi seinare skal sjå, med og gjennomførde det fyrste skulestellet i Romsdal, og han sjølv var ein mykje bokinteressert mann, åtte såleis fleire bøker enn sine standsbrør på den tida. Nokon finansmann var han ikkje; såleis veit vi at han vart avsett som «stiftsamtsskrivar» i Trondheim i 1741, då han var komen i eit kasseunderskot på 10 000 rd. Då kausjonistane hjelpte honom utor dette, fekk han likevel amtmannsembetet i Romsdal i 1742.

Ein fylkesmann ser i våre dagar ut som folk flest, men korleis Tønder og hans jamlikar synte seg for Romsdalsbøndene, fortel dette frå registreringa over buet hans i 1751: «1 rød kledeskledning, 1 askegrå do. med rødt fôr, 1 grønn do., 1 rød do. med sorte knapper, 1 fandorsvest, 1 hjortelæders do., 1 rødfôret reisekjole, 1 rød reisekappe, 1 par otterskinshansker, 1 ny hatt, 1 gammel do., 1

sort fløyels skyggelue, 1 allongeparykk, 2 pungparykker og 3 piskeparykker». Det var ikkje rart at folk hadde age for ein slik oppkledd og staseleg kar; ein slik herre måtte nok òg ha rett til å slå og piske den kuftekledde vadmålsbonden om han hadde hug (s. 202). Om lag like staseleg såg dei andre embetsmennene ut, så ein kan ikkje undra seg noko serleg over at det vart eit lite «ginnungagap» mellom bonde og embetsmann, eit gap vi ikkje heilt er komne over enno. Ein tenkjer på den gamle embetsmannen sine ord då han kom til byen t. d. og kom saman med vener og kjende der: «Det er så hyggeleg å råka på folk i mellom!» Serleg den staselege allongeparykken (langlokka parykk), velkjend frå Ludvig 14. og Holberg og hans tid, måtte gjera ein stakkars bonde både redd og krypande. Jamvel amtmann Nobel, som så gjerne vilde vera folkeleg, visste nøye å halda på sin vyrdnad; såleis fekk han ein gong avsett ein tollmann Thue i Molde fordi han i fullskap hadde vori litt uhøvisk mot amtmannen. Men mange av dei var like vel dugande og samvitsfulle i si embetsgjerning.

Frå 1751—1760, så nær som i åra 1754—55, var Andreas Fjeldsted amtmann i fylket. I 1754 vart han nemleg suspendert frå embetet sitt avdi han vart skulda for å ha teki i mot 300 rd. ved tilsetjinga av ein forstandar ved Røksnes hospital. Endå han ikkje kunne nekta dette, fekk han att embetet sitt og hadde det til han i 1760 vart amtmann i Buskerud. Både dette og det vi før har fortalt om underskotet til Tønder, syner at styringa i Kjøbenhavn korkje førde den kontroll eller var så streng i krava til sine embetsmenn som ho burde ha vori.

Den neste amtmannen, Nils Collin (1760—1773), er det lite å seia om. Då han ville bu i og styre embetet sitt frå Trondheim, trass i at han vart nekta det, vart han avsett. Han vart seinare viseborgarmeister i Trondheim. Om den uroa som var i bygdene våre i desse åra omkring ekstra skatten, skal vi fortelja seinare. Etter honom var den framifrå dugande og lærde Even Hammer amtmann. Han styrde Romsdalt amt i 27 år, til 1800, og gjorde såpass gagnsverk både for bygdene og landet at han skal få si særskilde drøfting i bolken «Romsdal i opplysningstida». Hammer budde og døydde på Årøynes i Bolsøy. Både Hammer og dei to ettermennene hans, Ole Hannibal Sommerfelt (1800—1811) og Hilmar Meincke Krohg (1811—1840, døydde på «Nøysomhet» ved Molde i 1851), var nordmenn, embetsmanns-

born. Før Sommerfelt kom til Romsdal, hadde han vori fut og amtmann i Finnmark og Troms, og han gav ut ei ikkje lite verdfull skildring av Finnmark i 1799. Han var visstnok både ein energisk og dugande amtmann. Han døydde i 1821 som amtmann i Oppland, der broren hadde hatt embetet før honom.

Ved sida av Hammer er Krohg, m. a. Eidsvollsmann frå Romsdal i 1814, den amtmannen som har sett dei djupaste merke etter seg i Romsdal; men så var han då amtmannen vår i 29 år òg. Soga om han og det mangsidige arbeidet hans fell innom den neste tidbolken.

Amtmannen hadde ikkje så stor makt som lensherren. All militær makt vart såleis skild ut frå dette embetet; men òg på det sivile området vart makta hans noko meir avgrensa. Like vel så hadde han nok å stå i. Han skulle sjå til i amtet sitt at kongen fekk det som tilkom honom, «våge over hans Høyhet». Vidare hadde han å føra tilsyn med at alle lovar og tilskipingar vart fylgde, og ikkje minst passa på at dei underordna embetsmenn og tenestemenn gjorde det dei skulle, såleis futar, skrivarar, lensmenn og tolletatsfolk. Amtmannen hadde òg tilsyn med all offentleg eigedom, med kyrkjer, hospital o. a. Vidare skulle han ha sine augo med næringslivet i amtet, og i det heile på alle vis vera på statens og kongens beste. Dette førde til at han måtte ferdast mykje kring i fylket, og han kom ikkje så lite i beinveges samband med folket, slik vi peika på når det galdt Nobel og slik det kjem endå tydelegare fram når det gjeld Hammer. Bustaden deira var jamnast Molde, og der var det no heller ikkje nett noko høve til å koma bort i folkemengda. Som mellommenn mellom seg og folket hadde amtmannen futane, slik lensherrane hadde det før. Dei hadde stort sett det same å greia med no som føre 1660. Men dei òg var vortne faste embetsmenn.

Den fyrste futen i Romsdal etter nyskipinga i 1660 var Iver Andersson, son av Anders Iverssønn (s. 129). Han var fut frå 1659—83 og budde på Gjermanes, som han truleg hadde i arv etter faren. Han hadde vore fut i Sogn ei stutt tid fyrst, og der lærde han å kjenna bispedottera Anna Munthe, som vart kona hans. Mor til Holberg var dotter til syster hennar. Iver Anderssønn sat sers godt i det; han åtte fleire gardar i bygdene våre og hadde så mange sylvsaker, at det var dei som kalla honom sylvfuten (s. 141). Av borna deira skal vi sidan fortelja litt om den lærde Anders

Iverssønn Borch. Her skal vi berre ta med at den eine dottera, Iverisse, vart gift med ettermannen hans i futeembetet, Morten Schultz. Dei budde fyrst i Hjellvik, men fekk seinare Gjermanes av vermora. Han døydde i 1706. Den eine dotter deira vart gift med den neste futen, Børge Eeg, ein dugande mann. Sonen, Jakob Schultz, vart forretningsmann på Molde. Han hadde ei dotter Hilleborg, som vart gift med handelsmann Peder Jakob Sverdrup (1728—95) på Lauga i Namdalen og vart såleis mor til Eidsvollsmannen, professor Georg Sver-



Futen Morten Schultz og frue, Iverisse Munthe, besteforeldre til Eidsvollsmannen Georg Sverdrup og oldeforeldre til Johan Sverdrup.
(Etter oljemåleri).

drup og den fyrste jordbruksskulestyraren her i landet, Jakob Liv Borch Sverdrup, som atter var far til politikaren Johan Sverdrup. Det kan vera verdt å minnst at mor og bestemor til desse evnerike og gjæve Sverdrupmennene, er romsdaling, oppvaksen på Molde. Ho er òg ættmor til ei mengd andre framskotne menn. Koht fortel at gjennom henne kjem det vesle vi kjenner til av norsk blod inn i Johan Sverdrups årar. Far hennar, proprietær J. Schultz, er ein trimenning av Ludvig Holberg. Det er mangt som tyder på at Holberg og Sverdrup bae mykje har sine evner frå same opphavet, bergensbispen Munthe.

Futen Børge Eeg, som altså vart gift med systera til J. Schultz, var danske, og skal etter tradisjonen ha komi seg fram lakeivegen (s. 198). Føre 1736 kravdest ikkje juridisk embetseksamen til slike embete; dei gjekk etter det gamle ord at «den Gud gav eit

embete, gav han òg forstand!» Eeg var elles godt nok utstyrd både lekamleg og åndeleg, og då han kom på friarferd på Gjermanes, hadde han lukka med seg, og fekk attåt både grunn og gard --- og i tillegg visstnok også embetet. I 1705 overlet vermora honom Gjermanes, som han gjorde om til mønsterbruk og herregard (s. 197). Dessutan åtte han ymse andre gardar og eit staseleg innbu, alt taksert til 6813 rd. då han døydde i 1764, 83 år gamal. Han hadde vori både ein rettvis og dugande embetsmann og åtte stor vyrdnad hjå høg og låg. Den vakre eikealléen som enno finst på Gjermanes, planta døtrene hans, for å gle faren, fortelst det. I åra etter 1748 var det i røynda sonen hans, Jakob Andreas Eeg, som greidde embetsyrket. Han vart ettermannen hans òg (1764—87).

Jakob Eeg er serleg kjent frå striden i Romsdal omkring ekstrasakatten i 1760-åra (s. 219), då han synte seg viljefast og roleg midt i forvirringa og uroa. Saman med skotten Johan Ramsay skal han òg ha æra for å ha teki til med kleppfisklagjing på Vestlandet, og dermed skapt nye voner både for fiskedistrikta i Romsdal og andre stader, ikkje minst for Ålesund, Molde og Fosna. Dei tre neste futane, Kaspar Kahr s (1788—1802), Ludvig Georg Cølln (1802—10) og Johan Nikolai Klingenberg (1810—18) er det berre lite å seia om. Den siste var rein romsdøl, kapteinsson frå Aarøygarden, og gift med Hedvig Lossius frå Vestad, ei dotter-dotter av Børge Eeg. Alle desse tre futane budde visstnok på Gjermanes, men ingen av dei åtte garden, som etter Jakob Eeg var komen på bondehender, fyrst til Hans Vikås og så til Erik Hjellvik. Klingenberg kjøpte til seg att halvparten og åtte dessuten truleg hovudbygningen, den kanskje òg dei andre 2 futane hadde ått.

*

Det var embetsmennene som greidde styr og stell i bygdene heilt fram til formannskapsloven og skiping av heradsstyre gjorde brigde i dette i 1837. — Vi har høyrst at bygdefolket miste retten sin med einveldet til å kalla prest til gjeldet. Like eins giekk det i dei verdslege sakene. Folket sin gamle rett og pliktene det hadde til å møta på tinge for å ta avgjersler hadde i lang tid vori oversedde, og Kristian 5. si «Norske Lov» frå 1687 tok dette bort for godt. Berre når dei fekk serlege påbod om det, for å høyra skattebrevva eller få greie på ymse kongelege bød eller meldingar t. d., hadde bøndene å møta. Lagrettemennene, som nærast hadde vori bøndene sine fø-

rarer og talsmenn og som hadde vori med i domsavseiingane på heradstinga, dei vart no helst berre vitne, unnantekne i einskilde tilfelle då dei kunne nyttast til meddomsmenn. Sorenskriveren vart einedomar i dei fleste sakene i underretten. Hans dom kunne appellerast til lagmennene, som stort sett hadde det same arbeidsomkvervet som i førre tidbolken, heilt til lagmannsskipnaden vart avteken i 1797. Amtmannen, skrivaren, presten og futen — der har vi dei som styrde bygdene våre i tidbolken. Berre ender og gong, når kongen vantar pengar, kjem bøndene i nærare samband med den øvste styringa i Kjøbenhavn, han «far sjølv», som det hende han vart kalla.

Prestane kom i det store og heile godt ut av det med bøndene, og det er ikkje så sjeldan nokon av alle borna deira — dei hadde jamnast mange — gjekk over i bondestandet, serleg av døtrene. Dessutan skulle presten mykje leva av offer, og fann det såleis klokt å vera fin gut. Knutar på tråden kom det då stundom, slik t. d. Schönning fortel det var mellom folket i Nettet-gjeldet og soknepresten der, Elias Heltberg i 1773. Det hadde vori ei langdryg trette, fortel han, «hvilken biskopen (den lærde Gunnerus) under sin visitas, gjorde seg megen umake for å dempe, men nesten forgjeves.» Det galdt alt for svære klagemål og så mange stridsemne at dei ikkje kunne «tala seg til rette» lenger. — Vi kan sjå litt nærare på tilhøva i Nettet når det gjeld prest og kyrkjelyd i siste halvta av dette hundreåret. Det fører ein rett godt inn i tilhøva og korleis det kunne utvikla seg når presten var myndig og strid nok i sine krav — eller udugande —, og folk flest også helst ville fara fram som dei sjølve fann det for godt. Nettet-gjeldingane kunne vera flokute nok for ein embetsmann, jamvel om folketypen i det heile er heller beinkløyvd og rett-tenkjande i gjeldet. Biskop Nannestad skriv såleis i si visitasmelding til kongen 17. jan. 1756 om si inspeksjonsreis i Nettet året før: «I Romsdals prosti er Nettet menighet den uskikkeligste og vankundigste, som ikke annet kunne være, da en gammel, uduelig, egensindig og fortredelig mann har vært prest der i mangfoldige år, men Gud har forløst menigheten fra denne forhindring. — Aldri så presten menigheten og menigheten ikke heller presten uten når han kom på predikestolen og holdt en meget slett prediken for den. Til katekisasjon var han ikke til å formå, og skolemestrene gjorde hva de ville, det er slett intet.» Det er sokneprest Johan Morsing (1680—1755), som får

denne bispeattesten. Far hans var kjøpmann Christen Paulsen i Trondheim. Men han hadde flytta til Bud og vorti borgar der, det Christensengarden i Bud enno fortel om. Om dei to ettermennene til Morsing er det lite å seia (Lorents Schnitler og Ole Høyer, 10 år tilsaman).

Men så kan det vera så mykje meir å fortelja om Elias Heltberg (1766—75), som G. Schøning freista å forsona med bøndene. Dei tre kyrkjelydane i Rød, Vistdal og Eresfjord går til slutt til sak mot presten sin i 1770. Klagene deira har ikkje mindre enn 40 punkt tilsaman. Dei er «i seg selv både mange og en prest uanstendige» står det i den domen — som frikjenner presten! Dei 5 fyrste klagemåla gjeld kor ille han steller seg mot born og ungdom, og korleis han forsømer å undervisa og rettleia dei. «Ved hard tiltale skremmer han barna, så de ei tør tale» (3). «Han har brukt hogg og slag mot ungdommen» (4). Elles er presten umogleg på alle vis, tykkjer nassetgjeldingane. Dei fleste som no les i gjennom denne saka, vil visseleg undra seg eit grann over at retten greidde å frifinna Heltberg fullt ut og samstundes leggja på bøndene i gjeldet 244 riksdalar i bøter og prosessomkostnader. Dersom bøndene ville gje Heltberg «offentlig avbigt for deres rette tarv eller verneting», skulle dei elles sleppa bota. Domen er frå 1771, to år før Gunnerus kjem til Nettet. Bispenn finn striden i full gang att, og ser tydeleg at båe partar har skuld, endå retten la til ved frifinninga at Heltberg «har søkt å ville ha ungdommen tilbørlig opplyst, vankundighet både hos unge og gamle av menigheten fordrevet, mange skammelige uskikke hemmet og avskaffet». Difor er «den største del av almuen bleven ham fiendsk og grov og ved disse beskyldninger søkt at han kunne svertes og takseres såvel for lasteverdig embetsførsel som usømmelig og prest uanstendig levnet og oppførsel». — Alle autoritetar heldt nærast med Heltberg, — likevel er det vandt å tru at alle dei 40 klagemåla var grunnlause. Gunnerus sin dom om folket i Nettetbygdene (sjå seinare) skulle heller ikkje tyda på at folk var så umoglege, endå han seier dei er noko harde og stive i desse bygdene. Det er då naturleg at striden med presten varde ved trass i domen heilt til Heltberg i 1775 fekk seg nytt embete (Edøy). Heltberg fortel sjølv at saka gjekk heilt til «Ober-Hoff-Retten» og fall ut «til min gevinst» i mars 1774, såleis året etter Gunnerus hadde vori der og mekla, noko òg presten fortel om i kyrkjebøkene for Nettet. Der protesterer han elles mot at bispenn skulle ha fått til sem-

je mellom han og kyrkjelydane, slik visitasboka til Gunnerus syner. Bispen si meining om Heltberg kjem tydeleg fram i desse sluttorda i visitasmeldinga: «Herr Heltberg er ikke synderlig vel begavet, prediket dog ganske oppbyggelig, er fra Overhalla (der han kom frå til Nesset) vant til å disiplinere sterkt, som hans nærværende menighet ikke så vel vil finne seg i.»

Slik prestestridd møter vi i andre bygder òg, i Grytten og i Aukra t. d. (sjå nedanfor). Prestane er lite elastiske, og bygdefolket er rett sjølvrådig ofte. Difor var det ikkje å venta at denne embetsstyringa gjekk utan friksjon. Likevel gjekk det no fint mellom prest og folk i Nesset i fleire mannsaldrar, heilt til kring 1850, då Peder Bjørnson vart ein mykje omstridd mann. Ein skjønar såleis at det var ikkje berre folket som hadde skulda for ufred og tretter.

HARDTIDER FOR ROMSDALS BØNDENE, SERLEG OMKRING 1740.

Skattane var alltid tunge for folket, men når det òg slo til med uår attåt, vart det ravgale. Ofte fylgde så ei eller anna sotta uåra, og då var det ikkje til å halda ut. I midten av det attande hundreåret er det ei heil rekkje uår. Dei hardaste var i åra 1739—43. Gale hadde det òg vori fleire gonger i siste halvta av førre hundreåret 1673—75, 1685—87 og i 1691—97 så nær som i 1694. Det gjekk endå på ei vis når fisket, iser sildefisket, ikkje samstundes vart mislukka. Men vart det også «uår på sjøen», slik som i 1691—93, kunne den reine sveltedauden råka bygdene våre. Men det vert òg nemnt mange gode år, såleis i 1670—72, 1676—78, 1688—1690 og 1698—1700. Den framifrå dugande stathaldaren i Noreg i tida 1664—1699, Ulrich Fredrik G y l d e n l ø v e, gjorde kongen merksam på vanskaner i naudåra, og heldt fram at det var naudsynt å betra kåra til bøndene. «Bøndens velstand er hovedsaken, roten og fundamentet til det ganske rike Norges konservasjon». Og med stor varme og samhug seier han om uordmennene: «Hvor finnes sådant et folk, som skatter og skylder av ytterste evne, underholder og derhos går sjøl for soldater, fremgir til kongens tjeneste og landsens defensjon (forsvar) både til lands og til vanns deres kjøtt og blod, deres sønner, brødre, slekt og venner uten å nyte derfor det aller ringeste?» Han held deretter sterkt fram at det lyt eit systematisk arbeid til å betre bonde-

kåra og få sett ned tollen på framandt korn. Ymse inngrep frå kongen si side lyt òg til mot dei store jordherrane og futane. Endeleg ville han ha ned alle skattane og få vekk den militære inndrivninga av dei. Han vart sjølv sett som formann i ein kommisjon til å ta seg av saka. Han fekk då òg gjort noko, og kongen gjekk med på ein skattelette, men ikkje så mykje som Gyldenløve meinte. Då så uåra kom på i 1695, steig nauda til det uhyggelege. Futen i Hardanger melder såleis frå i april dette året at 400 menneske berre i hans futedøme hadde lidi sveltedauden. Det såg reint gale



Frå sydenden av Eikesdalsvatnet. Biletet er teki frå Horne (Osen). I denne fjellheimen kring vatnet har det jamt vori det rikaste veideliv; iser har reinsjaktå spela ei stor rolle for folket her.

ut i 1696. Då fastsette kongen at det skulle kjøpast inn 13 000 tunner havre, bygg og rug. Noko skulle lagrast og nyttast til såkorn, då dei var redde for at markene skulle verta liggjande usådde så ille også året før hadde vori; resten av kornet skulle delast ut til dei som sat verst i det. Om sumaren er stathaldaren på inspeksjonsreis. Han fôr over Filefjell—Lærdal til Bergen, og så nordover til Romsdal og attende over Gudbrandsdalen. I breva sine til kongen seier han at tilhøva er sers mørke. I Trøndelag og vestanfjellis er det mange stader den reine hungernaud, og dessutan herjar sott og pest blant folket. Ungdomen forlet landet flokkevis, seier han, så det er mest uråd å finna mannskap nok til å fylla landkompania. Denne siste opplysninga er mykje forvitneleg då ho fortel oss at militære førebuingar er eit hovudmål i denne tida for styringa. Interessant er det òg å høyra om korleis norsk ungdom fer til sjøs att; han går helst i utanlandsk tenest, serleg inn i den hollandske han-

delsflåten.¹⁾ Noko Amerika å fara til fanst nok ikkje den tid. Gyl-denløve finn at det einaste som kan råda bot på utvandringa, er å få ned skattane. I byane er ikkje vilkåra så låke i desse åra, då handelstilhøva var gode, noko som ein stundom kunne merka på bygdene òg.

Om vanskane under 11-års krigen (1709—20) har vi alt fortalt (s. 198 fg.). I slutten av 1730-åra tok den reine hardæva til, som òg varer ved utover 1740-åra; av eldre romsdøler vert desse åra rett og slett kalla h u n g e r å r a. Gale var det òg fleire stader ute i Europa. Etter ein kald sumar med ei måteleg avling for bøndene i 1739 kom ein ovende hard vinter; våren etter var mild og våt med veldige flaumar, men sumaren kald og hausten reint mislukka. Den velkjende grunnleggjaren av vår P o n t o p p i d a n - religion, Bergens-bispen den gongen, skriv såleis: «Det var liksom solens glans, varme og vederkvegende kraft hadde tapt noe mærkelig, og at jordens avgrøde stod og kvinet uten å komme rett avsted; skogene fikk knapt sin sedvanlige grønnet; det var lite eller intet skudd på grenene.» Liknande var det dei to neste åra. I 1742 såg det ikkje så verst ut til å byrja med, men nattfrost alt i august somme stader, og åt og ormar i andre landsluter, øydela om lag heilt avlinga for det året òg. Høyavlinga slo òg feil, og ei mengd husdyr svalt i hel, endå det vart freista på alle vis å livberga bølgingane. I dei ymse bygdene tok så sveltedauden til å herja mellom folk.

Somme freista livberga seg med å draga til byane i von om arbeid, men vart gåande der gjerandlause og svelta. Mange andre utvegjar til å berga seg på vart nytta: Furubork, røter, selje- og ospeblad og anna mask vart samla saman, tørka og mali til matmjøl. Likevel døydde mange den reine hungerdauden. Skort på mat og ring levemåte førde til at ymse smitteførande og farlege sjukdomar tok til å fengja i bygd etter bygd. Hungertyfus (flekkefeber) og blodsott (dysenteri) herja fælast; lækjarhjelp vanta dei heilt. Alt i 1740 døydde det fleire i landet enn som vart fødde. I dei 2 åra 1741 og 1742 skal nokre og tretti tusen fleire menneske

¹⁾ Av slike utvandrara som slo seg fram der ute, var Cort Adelaer, som berre som 15 års gut kom frå Breivik til Horn i Holland. Som kjent enda han som admiral over den dansk-norske flåten. Ein annan ein var Cornelius Creutz, opphavleg Nils Olsen, frå ein fattigheim i Stavanger. Han fekk ein fin plass til slutt i admiralitet i Amsterdam og vart i 1697 kjend med Peter den store, russekeisaren, gjekk i hans teneste og vart viseadmiral i Russland.

ha døydd enn dei som vart fødde.¹ Etter tala frå Sunnmøre, som vi har greie på, kan vi slutta oss til tilhøva i Romsdal. I 1741 føddest berre 318, men døydde 430, i 1742 var det noko likare, 504 mot 541. Olafsen har undersøkt tilhøva i det noverande Veøy herad. I 1741 døydde 60 menneske, i 1742 65 menneske og i 1743 39, tils. på 3 år 164 dødsfall, elles var talet av døde frå 5—12 om året, eit medeltal kring 9—10. På desse 3 åra døyr såleis om lag det 5- eller 6-dobbelte av det vanlege. Det er sjølvsagt ingen svartedaude, det er så, men det er ein hard stogg eller attendegang midt i ein tidbolk då folkeauken i det heile er sterk. K r s t i a n 6. skal ærast for at då det vart alvor, gjorde han det han kunne for å lindra og råda bot på dei verste fylgjene. Den meiningslause kornloven frå 1735, at Noreg, dvs. landet sønnanfjells, skulle ta alt kornet sitt frå Danmark, vart sett ut av vørk for ei tid (avteken for godt fyrst i 1788), og han forbaud utførsle av korn til andre land enn til Noreg frå D a n m a r k. B r e n n e v i n s - b r e n n i n g a, som hadde auka reint til det uhyggelege, sette styringa òg ein stoppar for; fleire tusen brennevinskjellar vart kversette. Danskane freista hjelpa med å ta opp kollekt i kyrkjene og samla pengar andre stader. Det vart ikkje så mykje, berre 14000 rd., men kongen sytte for at ei mengd korn vart innkjøpt og sendt til Noreg. Romsdal fekk såleis 3000 tunner av dette kornet, 500 tunner bygg og 2500 tunner havre. Dette var ikkje så lite når ein tenkjer på det folketal fylket hadde då. Ein kan difor skjøna at stoda var svært kritisk også i våre bygder.

Når det likevel ikkje vart verre i Romsdal enn det vart, så hadde det mest sin grunn i at fisket jamnast slo overlag godt til no, serleg torskefisket og vårsild-fisket. I 1736 høyrer vi om at vårsilda søkte inn mot Romsdalskysten i store mengder. Sunnmørspresten S t r ø m fortel om dette: «En ubeskrivelig mengde kval og vårsild så man komme inn fra havet og opfylle alle fjorder og havbukter; det var ganske nytt og usedvanlig å se silda i så stor overflødighet og i følgeskap med så mange kvaler, hvorfor også noen av ðe første år gikk bort, innen man lærte rett å fange den og å tilvirke den til kjøpmannsgods. Dog tjente den mangfoldige mennesker både her og annet steds til føde og underholdning, så at Gud rett å p n e t e t s p i s e k a m m e r i h a v e t, m e n s h a n t i l l u k k e t

¹) Prof. Johnsen reknar noko mindre i N. H., B. V., s. 243, 9000 i «dødsover-skot» i 1741 og 16 000 i 1742.

et annet på landet.»¹ Fisken og silda har berga mangt eit menneskeliv i Romsdal gjennom tidene. Trass i alle vanskaner for folket i Romsdal var det såleis mange stader mykje verre, slik som på Lesja og i andre innlandsbygder t. d.

Ei anna fylgje av alle desse råde åra med regnsumrar var ei mengd stygge jordskred som gjekk mange stader, både i Romsdal og elles i landet. Såleis gjekk det den 5. desember 1743 store skred på Mittet, slik gardane Dale, Staurset og Indre Mittet leid så stor skade at dei måtte få ein større skatte-lette. Etter denne utida kring 1740 vart så åringane gode lenge utover, heilt til 1770, endå ein somtid kan høyra klagemål. Mange stader vestanfjells er det ikkje bra på grunn av at kornimporten frå Danmark var for liten. Det hende òg at det vart for lite fôr, serleg når våren vart noko i seinaste lagët; men folk visste då som seinare å nytta skav og beit, eller brøt, som det helst heitte i Romsdal (å dra på brøtskogen gjer dei endå somme stader i Romsdal, knip det om vårane). Einast i året 1760 ser det ut til å ha vori beint fram eit elendig kornår, for Strøm fortel at dei då på Sunnmøte kjøpte korn for ei 40—50 000 rd.

Likare var vel heller ikkje stoda i Romsdal. Til vanleg greidde dei der å avla om lag det kornet dei trong på gardane. Men det var noko anna som kom på i 1760-åra, som var mest likså ille som uår — det var elles i denne tida så opp og ned med fisket òg — og det er dei vidgjetne omframskattane.

OMFRAMSKATTEN 1762—72.

Romsdalingar på herferd i Holstein.

I 1762 gjorde styringa vedtak om å leggja på folket ein ny tung omframskatt. Det var låkt stell med den dansk-norske statskassa i desse åra. Riksskulda hadde i 1746 då Fredrik 5. vart konge, berre vori på 3 mill. riksdalar; 17 år etter, i 1763, hadde ho meir enn 6-dobla seg, til 20 mill. rd. Det var mykje det meinings-

¹) Strøm fortel om veret i desse åra — eller om «den uorden som på den tid hersket i luften»: «Den bestod deri at kulden tidlig ved foråret tiltok, når den ellers pleier avlade. Hele sommeren lå landet bedekt med tåke, som kom av havet. Denne hindret solens varme og førte kalde nordenvinder med seg til hinder for fruktbarheten, hvorimot man hele vinteren igjennom hadde milde sønnenvinder og stormende vær av vesten.»

laust øydslesame hoffhaldet til denne kongen som gjorde det. Men endå meir kravdest det til dei store herbuvingane som laut til medan den prøyssiske sjuårskrigen stod på (1756—63). Serleg då hertugen av Holstein-Gottorp i 1762 vart keisar i Russland og gjorde krav på Holstein av danekongen, såg det speleg ut. Denne krigen, som så mange andre som vart førde i dansketida, var oss nordmenn uvedkomande; at vi likevel fekk vera med å bera børenne, skal vi straks sjå. I dei 4 åra 1758 til 1762 låg det ei herdeild der sør ved Holstein-grensa på 13 500 mann berre frå Noreg. Attåt utskrivningane kom så skattane. Av desse «holsteinkarane», som dei vanleg seinare har vorti kalla i Noreg, også i Romsdal, har nok ikkje så få vori frå våre bygder. Det går segner om desse i fleire av bygdene våre, slik A. Skeidsvoll fortel om frå Tresfjorden (i R. Sogelags årskr. for 1924, s. 61). Skeidsvoll skriv m. a.: «Dei fortel om han Torkjell på Dala (Øvstedal) at han lærde å sjå dei som bur under jorda medan han var dernede. Og han hadde med seg heim eit rosa blekkhus, som endå finst etter han. Ein som heitte Nils Sætre var òg i Holstein. Dei kalla han Holsteintamburen. Desse Holsteinkarane var stridshuga menn. Ingen torde bera opp mot dei etter dei kom heim. «Me hev sett det raude runne,» bruka dei seia. Det var òg dei (han Torkjell har det vori sagt), som kom med dei fyrste potetene til bygda.»¹⁾

Eit par kostelege folkeminne fortel mykje både om karane, tida og tilhøva og korleis dei tok seg ut for folk heime og ute. Alt lærar I. Brovold (f. 1823) skreiv ned denne om han Nils, Holsteintamburen (Rekdal, s. 182):

«Han Nils Setre (Tresfjord) var utkommandert til Holstein med Holsteinkrigen var. Men på tilbaketuren låg han lenge i Kjøbenhavn som vaktmann. Han var tambur, og ein groveleg sterk kar. — Ein gong hadde han funne på å lage skinn på tromma si tå hundeskinn — det skal vere fårleg sterkt til trommeskinn. Men då slo han så sterkt på tromma når dei marsjerte gjennom gatene i Kjøbenhavn, at glasrutene røste der han for forbi. So blei det klaga på han då, og tromma hans blei visitert. Men då hadde han Nils bytt om att trommeskinn, og han slapp med di. Men sidan gjekk han der nede under namnet «Den kjempsterke norske trommeslager».

Sidan han var heimkomen og hadde slege seg til som gardbrukar

¹⁾ Sjå seinare om potetdyrkinga. Det er ei sers forvitneleg melding dette frå Tresfjorden om Holstein- (eller Holste-)karane. Er det nokon som kjenner til såvorne segner frå andre bygder, så send melding om det til meg, om det er aldri så lite ein veit.

på Setre, gjekk han ein julaftan på vegom oppfor Setre og slo på tromma — og då hørde dei tromma hans over Villafjellet og heilt til Reistad på Vågstranda.

Han var morsk mann når han blei sint, men elles snill, og hjelpsam med grannom sine. Han hadde såleis utan vederlag overlata eit stykke oppå råket til hamnehage åt ei gamal fattig grannekone. Dette lasta sonen hans han for ein gong dei var i lag og slo der oppe. Men då svinga gamlekaren stutturvet og sette ti:

«Tei du de ikkje no, ska haue gå!»

Reint festleg er denne forteljinga, nedskreven av Ola Hola, om han Romsdals-Bersvein og generaldottera (Rekdal, s. 29):

«Han gofa tala om etter far sin, honom Gamle-Bersvein, frå den tida karane var nedi Holstein og skulle hjelpe gamlekongen jage utu landa hans noko russ, som begynte gjere seg oppstansig åt 'nå. —

So var det ein søndagskveld, dei hadde 'kje noko vidare å gjere. Og då skull karann få leike seg ei stund. Kongen sjølv og eit par herrar med 'nå gjekk rundt der og såg på dei. Elles var der vonns meir fornemme, både kar og kvinnfolk, som var huga sjå på leikane.

Romsdalingane heldt seg for seg sjølv, dei. Først tok dei tak, og somme gjorde kast eller dansa halling, akkurat som dei bruka heime. So fann dei på dei skull marsere, og tok so'n Bersvein te kondere (kommandere). Han skull vere ein sløykkjar te di, sa dei. Sidan ha'n no fullkomeleg sopass bein i nasen og kvast oppsyn han som generalen sjølv og mykje greimæltar var'n, sa dei — so danskane tordest ikkje klå seg attpå honom.

Ja, han Bersvein konderte, og Romsdalingane marserte fram og tebakars på plassen, stramme og rette, som dei ha' vore trødd på ei snor. Takta høyrdest langan leid, og dei forneme tordest ikkje anna enn dra seg utu veia for dei. So kom kongen sjølv bortåt dei — han hadde heile tida stått fylgt med dei — og so spurde han 'en Bersvein kva karar dette var.

«Dettan e Romsdalsgutann de» — svara'n Bersvein.

«Ja de va de I kunn sjøne» — sa kongen. Og han tala med dei ei lang stund og let vel.

Det var grøteleg mykje kar der den gonga, og Romsdalingane vart mykje omtala attpå detta.

Når dei hadde dans på plassen, vilde dei fornemste tausene besleg (endeleg) danse med Romsdalsgutom. Dei mest slost om dei ender og gong. Detta lika 'kje danskane, kan du vite. Men so nytta det no ikkje danskom å setje seg opp i visinn (bartane) på desse karom — va-de-lik! —

Ein kveld seinare dansa'n Bersvein med dotter åt generalen. So var der ein dansk offiser som vikka åt 'nå. Han Bersvein forstod vel kva'n ville. Men han våtta ikkje dansken ei dumme, berre dansa

med tausa so det kost etter. Men då det leid på ei stund, var 'kje dansken god te halde seg, han, anna han kom og tok ti handa på tausa. Men håkede! då vart ho viskja (ivrig) lel:

«Veit du kvann du he før de? — spurde ho — Veit du at'n Bersvein e Romsdaling, å at I e døtter åt jenerala?»

Han tok kuten då, dansken.

Sidan den kvelden var det utruleg tyskap millom 'nå Bersvein og generaldottera, heile tida med han var der. Ho var brennande hogga på'n, og vilde besleg at'n skulde slå seg til der i Holstein. Men 'en Bersvein vilde heim, han, når'n vart ferdig, og vilde ikkje sleppe ho for mykje innpå seg hell — for han' tvilte på ho kunde bli nærå stortørtau (stortørtig, som treng mykje) om han tok ho med seg heim te kjerring.»

Riksstyringa såg ingen annan utveg enn ein omframskatt til å greia alle utlogene i denne vande tida. Og det vart ein skatt som kom til å svi. Han skulle vera eins for alle, både rike og fattige. K v a r t m e n n e s k e o v e r t o l v å r, skulde leggja 8 skilling månaden, dvs. 1 riksdalar om året, ved sida av dei faste skattane. Husbonden skulde stå til ansvar for kona, borna, og tenestefolka. Og var nokon for fattig til å betala, skulde skatten hans liknast ut på dei andre i same sokna. Berre Finnmark, Island og Færøyane slapp fri denne omframskatten. At denne skatten måtte tyngja hardt, er greitt å skjøna, serleg når vi hugsar at den årlege løna t. d. for ei tenestgjente på denne tida var berre frå 4 mark til 1 dalar (6 mark), og for ein dreng var det i høgda $1\frac{1}{2}$ dalar. Eit kuverde var endå berre om lag 3 rd., og verdien av ein hest berre ei 4—5 rd. Tenkjer vi oss så til at ein mann hadde kone og t. d. 5 born over 12 år (ein må hugsa at bøndene jamnast hadde mange born i denne tida), så skulde han ut med 7 dalar. Hadde han så dreng og taus ved sida av, er han med ein gong oppe i 9 — såleis om lag 3 kuverde å betala årleg i skatt utanom den faste og ordinære. Dessutan laut han vera med å bera det som dei fattige i sokna ikkje makta. Det er greitt at dette måtte føra til øsing og oppreist frå landsende til landsende. Denne omframskatten var då større enn alle andre skattane tilsaman. Skatten måtte ikkje berre vera utoleg, men umogleg å greia. Ingen ting fekk dei heller att for skattane, slik som vi: t. d. gode vegar, skular, eit velskipa helsestell, eit trygt retts-stell o. a.

Dei fyrste par åra gjekk det utruleg roleg for seg, helst fordi dei vona og trudde at dei skulde sleppa fri skatten, eller i minsto få han

nedslegen, ved bønsskriv og sendeferder til kongen. Og det enda då òg med nokon lette. Alt i januar i 1764 vart det vedteki at leigendingar, husmenn og busetar («inderster») skulle sleppa å leggja skatt for born under 16 år. Og om hausten same året vart det fastsett at sjølveigarane skulle vera frie for å betala skatten både for dei fattige som var på gardane deira og for tenestefolk og born som ikkje hadde så mykje som 10 rd. i årsløn. At letten no vart så pass stor, og at skatten i det heile teki vart så høg i 1762, må ha sin grunn i at dei danske og tyske styresmennene i Kjøbenhavn ikkje hadde den ringaste tanke om kva slike folk verkeleg tente i Noreg. No vart då beint fram alle slike skattefrie. Men merkeleg nok: No vart øsinga beint fram til opppreist, såleis serleg i Hordalandsbygdene («Strilekrigen»), i Rogaland, i Sunnfjord, på Sunnmøre, i Romsdal og på Nordmøre. Det var noko flokut med alle desse skattereglane. Jamvel for dei ymse embetsmennene tok det til å gå litt rundt. Forskriftene var slett ikkje så tydelege. Bøndene, som lite kunne lesa, dei tok reint i miss når dei hørde brevet om skatteletten i 1764, der det m. a. heiter: «Alle festebønder, husmenn og inderster på landet skal fra 1. april 1764 av være aldeles fri for å svare denne ekstraskatt for deres og andre deslige hos dem værende børn, hvilke ikke bør erlegge samme, føreenn de har fullendt deres alders 16de år.» Det er greitt at dette var ikkje så lite uheldig forma. Det er difor ikkje så underleg at bøndene, som berre fekk det opplesi, her helst kom til å hefta seg ved fyrste luten, og at dei hadde vandt for, så hjelpelause dei stod framfor denne flokute embetsdansen, å skjøna at — etter siste luten — berre borna under 16 år fekk skattefridom. Dei fann ut at husmenn, busetar og leigendingar skulle vera skattefrie, og det fanst agitatorar som fór rundt i bygdene og styrkte denne trua hos bøndene og såleis sette dei opp. Serleg spela nordmørgardisten Bjerkeli¹⁾ ei stor rolle i agitasjonen på Vestlandet. Når bøndene dessutan såg eller hørde om korleis futane fór fram ulikt i dei ymse bygdene — det var nemleg òg somt som embetsmennene ikkje var samde om — så auka det berre mistrua. Ein stad tok dei skatt av 12-års born, ein annan stad slapp dei; ein stad laut tenestdrenge ut med skatt, ein annan stad vart han ikkje kravd osv. Bøndene kunne såleis lett tenkja

¹⁾ Det er Koht i Norsk Bondereising som seier Bjerkeli er frå Nordmøre. Etter Rygh finst ikkje dette gardsnamnet på Nordmøre, men derimot to stader i Romsdal, i Isfjorden og i Bolsøy, ikkje så langt frå Nordmørgrensa.

at embetsmennene fôr reint vilkårleg fram, og helst stakk pengane i sine egne lommer. Det har alltid vori vanskeleg å skaffa kontante pengar for dei norske bøndene, og vi skjønar at dei lett måtte bli ståande til rest med skatten, så dryg han var. Så sende futen lensmennene ut på panting. Dei fôr òg så ymse fram. Somme av dei tok større pantepengar enn dei hadde lov til, og dei ribba jamvel fattigstakkarar for alt dei hadde å livnæra seg med, «den siste kua på båsen og einaste dyna i senga, båten og jorlbruksreiskapane, gryter og skjerdingsar, gangklede og anna slikt», som Koht seier det. Ingen stad får ein eit vissare syn på korleis alt var enn i ei dagbok ein Voldabonde, R a s m u s V a s s b o t n, førde. Han fortel dette om innkrevjinga av ekstraskattane i grannebygdene våre: «Når lensmannen med 2 menn hadde eksekvert og utpantet, så lenge de kunne få noe, ble en underoffiser med 2 soldater sendt ut for å inndrive de utpressede panter; men folk var så utarmet at ingen kunne innløse hverken sine egne eller andres pantegods. Da de i Ulstein sogn ikke kunne få mere, hverken pant eller penger, bestiltes der til tinget 20 soldater med skarpe skudd for å tvinge folk med makt til å betale ekstraskatten. — Da soldatene var kommet til Ulsteinvik til tinget, ble de oppstilt i gevær og fyrte noen skudd for å forskrekke almuen, hvilket var lett, da mange ikke hadde sett en bevæpnet soldat. De ble da så forskrekte at de tok av seg hatten for en soldat, som for en offiser, især da de hørte den tale som amtmann C o l l i n holdt til soldatene, da han sa at når de ble kommandert til å skyte, skulle de sikte så at de kunne treffe folkene ved knærne.» — Dette var såleis måten å driva inn skattane på. Det er ord av vår eigen amtmann C o l l i n. Frå Sunnmøre vart endå så seint som i 1773 5 menn frå Vannylven sende til 5 års slaveri i Trondheim for desse skattesakene. Då dei kom dit, fekk dei klaga saka si for generalen og slapp fri etter ½ år, men då var alt 2 døde av den medferda dei hadde fått. Futen deira, Alsing på Vestnes, berga berre så vidt livet i striden med dei oppøste Sunnmørsbøndene på tinga.¹⁾

¹⁾ V a s s b o t n fortel òg ymse anna i dagboka si, såleis: «1762 påkom ekstraskatten, en utålelig byrde for landet, ja, sværere enn mange var i stand til å bære, besynderligen de første år og siden også, da landet ble alltid mere og mere utarmet formedelst den usedvanlige lengde den stod på, som var i 10 samfulle år. Dog var det første år det sværeste, da alle mennesker, som var 12 år og derover, måtte legge 1 rd. hver, enten han var fattig eller rik, men siden ble de fattigste forskånet, og de som noe mere formådde, måtte betale for dem, hvortil ble innsatt rotemenn i hvert sogn, som

Uro og øsing var det sjølvsagt òg i alle bygdene våre, men det ser ut til at tilhøva på Nordmøre og folk derifrå i nokon mon har vori med og kvest og kveikt stridsviljen. På tinga for Nordmøre i 1764 klaga bøndene over dei tunge skattane og sa frå at dei ikkje greidde å betala dei, og bad i minsto om utsetjing ei tid. Om sumaren 1765 var det komi så vidt at dei freista å døyva uroa med eit kongeleg forbod mot å halda offentlege møte. Dette hjelpte mindre enn tenkt. I Fosna var det serleg ein skomakar, Arnt Olsen, som eggja almugen. I Tingvoll var føraren Nils Ranem. Han sende ut bodstikka til samling av bøndene, men futen tok seg av honom, og han fekk 1 års arbeid i «jarn», «andre til atvarsel og skrekk».

På hausttinget for Vågeåttting den 23. okt. 1764 steig bonden Nils Hol fram og sa frå at det var komi ei kunngjering om at omframskatten ikkje skulle betalast. Då futen Jakob Andreas Eeg spurde kva meininga var med dette, svara bøndene honom, «at dei hadde mann for seg». Den autoriteten bøndene viste til, var ein svenske, Henrik Werling, som på denne tida budde i Fosna. Han var fødd i Stockholm i 1714, faren var generalmajor, men guten var tidleg komen på videvank. Han hadde m. a. vori sjømann, deretter ei tid lakei hjå ein general i Bergen. Så styrde han ein skule der ei tid, kom seinare til Trondheim, der han gifte seg, og hadde så endeleg hamna i Fosna. Der dreiv han òg som skulelærer. Under forhøyret om honom seinare fortel han at det kom 6 mann til honom for å spyrja korleis i røynda samanhengen var med dette skattepålegget. Han gjekk så med dei til byfuten og fekk av honom utlånt eit eksemplar av skatteforordninga frå januar i 1764. Han sa at han tok ei avskrift av henne, og etter denne skulle bøndene på landet og dei fattige vera fritekne for skatten. Seinare kom det endå fleire bønder til honom for å få greie på skattekravet. Ein kan òg sjå at han hadde reist rundt i ymse Nordmørsbygder og visseleg vori med og skapt røret der. Bøndene trudde fullt og fast på Werling. — Førre hausttinget på Vågøy hadde jamvel 4 mann vori nordover til Fosna og henta både Werling og kona hans til tinginget. Og i samsvar med hans syn på saka nekta dei såleis å betala

skulle påkjenne og taksere hva enhver formådde å legge — — og den som ikke var i stand til å betale det ham påkjent til bestemt tid, hvilket var altfor mange, han måtte sraks vente eksklusjon for døren.»

skatten, som dei meinte kongen no hadde friteki dei for. Ja, det gjekk endåtil ord om at futen fekk 50 rd. av omframskatten, skrivaren 50 rd., medan amtmannen og stiftamtmanden bytte resten seg i mellom. Futen såg seg ingen annan utveg enn å fengsla Werling og baud lensmannen ta han. Men då greidde ikkje bøndene styra seg lenger; dei tok Werling med makt or hendene på lensmannen og sette så inn på futen og truga honom på livet så han laut røma tinget.

Det heiter jamvel at ein forgreip seg på futen. Men futen tenkte ikkje gjeva seg med dette. I ei snarvending fekk han ein del av folka sine til Molde etter militærhjelp. Då tinget vart sett på E i s k r e m 2 dagar etter, var løytnant Jung-Hans komen med ein flokk soldatar, som vart stelte opp ved ting-stova. Både Werling og kona hans vart snart fanga og førde til fengsel i Molde. Bøndene stod att hjelpelause utan føraren sin. Men futen var klok og tala roleg og alvorsamt til almugen; han lova endåtil bøndene at han personleg skulle innestå for dei med all si eige for dei tap dei leid ved omframskatten, dersom han ikkje var pålagd med rette. Dette roa dei ikkje så lite.

Men saka var dermed ikkje ute or verda. Året etter, den 16. april 1765, vart det haldi eit omframting på Moldegård til endeleg å greia opp i oppstyret. Her var desse 4 bøndene frå uroa på Vågøy innkalla til å gjera greie for seg: Elling E l g e n e s, Elling R ø s o k, Lars H a r n e s og Hans N a k k e n. Desse skulle vera hovudmennene i «det opprør som bøndene i Våge og Sunds åttinger sist avvikte høstting» hadde gjort mot futen. Men det var òg innestemt mange andre bønder. Endskapan vart, ved lagtingsdom, at 3 av hovudmennene vart dømde «på slaveriet» i 4 år, og 15 av deira medskuldige fekk 6 månader. Domen over dei 3 fyrste vart stadfest av kongen, men dei 15 fekk ettergjevi straffa, då dei møtte til utsoning av henne, «av hensyn til den nød og elendighet deres familie ville komme i». Det faktiske var at regjeringa i Kjøbenhavn hadde vorti fælende oppskræmd ved desse hendingane i Noreg, og ho sende ein kommisjon til å røkja etter tilhøva — og samstundes 2 krigsskip og 5 kompani soldatar. Ingen stad gjekk «retten» så hardt tilverks som i Bergen, mot dei som hadde vori førarar i Strilekrigen, og i Romsdal. Til «atvarsel og skrekk» slo styringa berre ned på nokre få og orsaka almugen fordi det var handla «av misforståelse og ikke i opprørske ånd». Det fanst endå så my-

kje sjølvvræde og sjølvstyreånd — og sjølvkjensle med — i den norske bonden, at danekongen fann det klokast å bøya av istaden for å terga dei meir. I røynda var ikkje desse oppreistane berre resultat av det økonomiske presset; det var likså mykje gamal rettskjensle som dreiv; det er lett å sjå at bøndene her trudde på sin rett. — Sjølv sagt var det òg misnøye i dei indre Romsdalsbygdene, endå om det ikkje gjekk så hardt til som utansunds. På hausttinget for Rø d v e n åtting 6. nov. 1764, oppmoda futen folket å greia skatten. Bøndene svara at det makta dei ikkje. I tingboka er det ført inn at berre enkjefru Friis på Frisvoll hadde betalt det ho skulle. Den rolege og verdige måten futen før fram på, gjorde visstnok mest til at det gjekk såpass stillsleg for seg. Bæ partane hadde lært seg større varsemnd ette uroa månaden før i Våge åtting. Og her kom det då til ei rimeleg ordning utan nemnande bråk.

Mange stader i Noreg heldt uroa seg òg åra etter 1764—65, serleg vestanfjells. Hovudgrunnane til dette var at det fanst lite pengar mellom folk, og det var dårleg fiske og uår, serleg i 1770, og stigande kornprisar. Dessutan gjorde det sitt at i desse to stridsåra var det komi opp ikkje så liten motsetnad mellom bøndene på den eine sida og embetsmennene og rike borgarar på den andre. Klager kom inn til riksstyret i Kjøbenhavn frå alle kantar, og galdt nett desse samfunnssklassane. Offiserane kravde fri skyss i mot loven og let seg samstundes muta ved soldatutskrivingane, slik at mange av dei som sat best i det, slapp militærtjenesta:

«I striden husmannssoenen laut
og fekk kje vera lat.

Men gardemannen gav eit naut,
og son hans heime sat.»

(Vinje).

Dette har vi òg døme på i Romsdal diverre. Og prestane vart skulda for at dei tok for høg betaling for sine kyrkjelege handlingar, sorenskrivarane kravde inn for høge sportlar, futane fekk skulda for alle slag overgrip. Denne vesle saga om «S j u d a l s f u t e n» fortel ikkje så litje (Rekdal, s. 179):

«Gjermanes var herresete det før, og det hev budd fleire embetsmenn der. Dei hadde ein høg skigard omkring tunet, so det var ikkje lett å kome inn.

So var det ein tå 'sa futom der som hadde ordna det slik at når



Ein bondegard i Romsdal frå 1700-talet. (Hamarvollstua).

det var nokon som gjorde noko gale, so fekk dei bøte seg opp att med ei ku. Dei kom oftaste med kyrne om natta, for å dylje at dei hadde fått straff. Og so batt dei dei utfor porten. Der kunne dei då stå i 'kva ver som var og slite ilt — og raute.

Men te slutt so blei det so gale at det rauta kyr utfor porten der både dag og natt, om det meir stod kyr der eller ei.

Då laut futen forandre det slik at'n sidan tok sju dalar i bot i staden for ei ku. Og såleis blei'n heitande Sjudalsfuten».

Og alle var dei partiske, «lyttet mest til hva de store sa», som det heitte. Styringa freista råda bot på dei verste klagemåla med forordningar frå 1767 og 1769. Ho forbaud såleis å nytta militær ved inndringane av skattane og fastsette at gards- og fiskereiskapar, kyr og hestar, omnar, sengklede, gangklede og kjøkensaker ikkje kunne takast om nokon stod til atters med skatten. Desse vedtaka gjorde mykje til å roa bondehugane att. Samstundes, noko som er mykje forvitneleg, fekk dei ymse embetsmennene ei skrape fordi dei så dårleg hadde sett bøndene inn i dei verkelege tilhøva når det galdt omframskatten. Denne vart fyrst avteken av Struensee i 1772.

FUTEN OLE ALSING OG BØNDENE.

Sunnmørsfuten Ole Alsing har vi alt nemnt eit par gonger. Vi hugsa «Halsingjinn» og like eins bondeuroa på Sunnmøre, der han fôr hardt fram og heldt sjølv på å bli reint ille medfaren av almu-

gen (s. 187). Det som gjorde at han fekk noko å seia i Romsdal, var at han tok bustad der, på Vestnes, og vart ein veldig godseigar i bygdene våre; så søkkende rik som han var, fekk han umåteleg mykje å seia. Vestnesgodset, som han gav 38 000 rd. for i 1757, var på 169 gardar. Dertil kom eiga til kyrkjene i Veøy, Vestnes, Sylte, Bolsøy og Kleive. Romsdal har knapt hatt ein slik rikekakse; fleire hundre bønder sat som leiglendingane hans utover alle bygdene. Og han var såmenn ingen nådig herre; hans ettmæle vart deretter. O. O l a f s e n seier med rette at han var den verste tyrannen Romsdalsbøndene nokon gong har hatt over seg. Han er ikkje berre ein streng og hard mann, miskunnlaus og utan hjartelag; han er beint fram ein v o n d mann, som synest å finna glede i å pina og plåga andre. Jamvel om han ingen føremøn har av det sjølv, heller tap, så freistar han å setja seg i mot alle rette og rimelege krav og held fram med å plåga dei ulukkelege bøndene han har under seg — og andre med.¹⁾

Han tok til straks han flutte til Vestnes, å forby Sunnmørsbøndene å reisa til Romsdal å kjøpa seg trevyrke. Kom dei, så jaga han dei heim att og tok frå dei trelasten. Dette var sjølvsaugt lovlaus ferd, den reine valdsferd. Men han fekk bøndene straffa; dei fekk opp til 15 års festningsarbeid, medan han sjølv gjekk fri. Han skulda dei for at dei ville stela trevarene frå honom, og at dei oppmoda Romsdalsbøndene til å nekta å brenna kol til honom og ymse anna. Dette ol berre fram harme og uvilje.

Kolet trong han til O s e n jarnverk inne i Fanefjorden; dette grunnla han i 1757. Malmen tok han fyrst frå Fiskå gruver på Sunnmøre; sidan frå Norvik og Straume i Eid, ein stad som heiter Oksen. Ein del fekk han òg frå garden Nesje i Veøy. Kring smeltehytta i Osen var det ingen malmgruver. All denne malmen var berre av ring kvalitet.

Dette verket kom elles til å øydeleggja honom økonomisk til slutt, og det førde òg til den aller heitaste fiendskapen med bøndene. Han bygde ein masomn, ein stangjarnhamar, dammar o. y. a. som trongst til eit såvore verk; alt i alt kosta det 63 000 rd. Osen låg framifrå til såleis at det var gildt med skog der omkring på alle kantar.

I 1763 fekk Alsing c i r c u m f e r e n s e i Romsdal, dvs. rett til

¹⁾ Ein kan finna det rikaste stoffet om han i Sunnmøre historielags tidskrift, 5. årgang.

i 4 mils fråstand frå verket å hogga ut skogen og nytta ut bøndene så å seia som han lysta, fyrst og fremst til kolbrenning og anna naudsynt arbeid for verket. Med ein slik arbeidsherre som Alsing laut dette verta det reine trælearbeid for folk. Dei tok difor snart til å syna seg uviljuge og vrange. Mange nekta såleis å brenna kol til honom; dei skulda på at dei kjende ikkje framgangsmåten. Av dette voks det fram mykje vondt, strid og prosessar og klager til riksstyringa. Men Alsing var ikkje den mannen at han gav seg. Han fekk òg medhald i at bøndene skulle levera kol. Då dei ikkje greidde dette slik han ville, la han på dei det tvidobbelte og kravde attåt 40 rd. av kvar mann for det tapet dei påførde honom med å slå seg så range. Vi har ei liste over kor mykje kol kvar einskild bonde skulle skaffa, serleg frå Bolsøy- og Veøy-bygdene, som låg nærast kring jarnverket og såleis var mest utsette for jarnhanda hans. To bønder på *S o t n a k k e n* skulle levera mest 60 lester kvar, dvs. 720 tunner! Det er greitt at dette var det *u m o g l e g* å greia for dei. Elles var det for dei fleste kring 15—20 lester, noko som òg var urimeleg mykje. Og for all denne tvangsbrenninga av kol fekk dei berre 16 skilling (1 mark) for lesten, levert ved verket. O. Olafsen nemner at jamvel bøndene så langt inne i fjorden som på *S ø l s n e s* skulle levera 6 lester kvar. Det måtte då vera reint umogleg for desse å få kolet fram til Osen, så veglaust som her var. Tjørebrenning av spikrøter og stubbar, som hadde vori heller vanleg i dei ymse bygder, forbaud han; for det hindra kolbrenninga. Den bergverkskommisjonen som hadde gjevi Alsing rett til å fara fram slik, visste tvillaust lite om korleis tilhøva verkeleg var. Og jamvel om embetsmennene, serleg amtmannen, tok til å hjelpa bøndene til slutt, så var Alsing ein farleg motmann med alle sine pengar. Med desse visste han både den eine og andre gongen å få «retten» på si side. Den siste utvegen var at bøndene valde to mann til å fara til sjølve kongens Kjøpenhamn for dei; og dei hadde med brev frå sjølve amtmannen. Heile endskapen vart at det kom kongeleg påbod om å leggja ned jarnverket, og seinare, i 1783, vart det i det heile teki forbodi å skipa jarnverk i Romsdal. Då var alt Alsing død (1780); enkja sat att i stor gjeld.

Alt i 1772 hadde Alsing mått selja mesteparten av Vestnes-godset (til Meinckes arvingar), og kyrkjene vart selde til bøndene i 1780—1782.

HUNGERÅR OG SJUKDOM I SISTE HELVTA AV 1700-TALET OG FRAM TIL 1814.

Ole Alsings tid var såleis ei stor trengsle-tid for store luter av Romsdalsbøndene. Men det var andre ulukker òg — og som råka alle: uåra — og med dei fylgde sjukdomar av alle slag.

Mot slutten av denne tida får vi framifrå kunnskap om tilhøva i Romsdal, om sjukdom og åringar og klima (hos I. Brovold i hans «Vestnes beskrivelse»). Der får vi vita korleis kvart einaste år var heilt frå 1772 og fram til 1900. Serleg var åra 1772 og 1773 store uår og folk måtte ty til borkebrødet att. Også dei neste åra var låke, somme reine grønår. Mange døydde av farsotter, og ikkje så få lei sveltedauden. Serleg var det ille for slike som kom frå Lesja og Dovre, der tilhøva var endå verre. Fisket slo heller ikkje rett godt til i desse åra, men likevel så hadde då bygdene våre der ei trygg hjelp til kvar tid. I 1775 var det kanskje verst. Frå 1780 er åra nokså skiftande, med tørrår, våtår og frostår. Dei 4 åra 1789—92 er gode år, som retta på mykje. 1793 og 94 var lemenår, og avlingane var små. 1795 var det reine grønåret att. Resten av åra omkring 1800 var ikkje så verst, så nær som 1802 og 1807, som var frostår i Romsdal. I 1811 og 1812 har vi eit par av dei hardaste uåra att, frostår. Åra 1808 og 1809, som òg er rekna mellom grønåra i landet elles, ser ikkje ut til å ha vori så verst i Romsdal. Det var elles då verst på Sørlandet og Austlandet, som medan Napoleonskrigane og fastlandsstenginga i 1807—1809 stod på, ikkje fekk den vanlege kornimporten frå Danmark. Nord-Noreg greidde seg best, då dei der hadde bra fiske og fekk korn frå Russland over Arkangelsk.

At det stundom var reint uhyggeleg harde tider, ser vi truleg best av dette: På tinget i Eidsvågen 27. juni i 1816 var det av soknepresten i Bolsøy, *Steenbuch*, ved futen, reist tiltale mot ein bonde på garden *Steinløysa* fordi han i åra 1813—14 hadde hoggi ned ei mengd småtoller i skogen og flådd av dei borken for å bruka han til mat. Det same var òg gjort på fleire andre gardar, kom det fram under forhøyret. Kven det var som hadde gjort det, vart det ikkje opplyst om. Men dette syner betre enn mange ord at folket i bygdene våre har hatt mang ein tung gang å gå ned i gjennom tidene. Ser ein igjennom rettsprotokollane frå tida, finn ein nemleg at dette er ikkje einaste gongen at fattigfolk, og ofte

andre med, har mått greia seg såleis. Ein må elles rekna med at det er sers sjeldan at slike ting vert dregne fram for retten. Då må det ha vori ravgale. Dei fleste sat då på eigen grunn og gard og spurde ingen om dei flekte borken av ei småtolle.

Som vi har nemnt, fylgde det jamnast mykje sjukdom med slike uår. At reine svartedaudpestar òg har herja i Romsdal etter digerdauden 1349—50, er rimeleg; men vi har ikkje noka opplysning om det; for folk kalla alle sjukdomar sott og kjøld, og var det ikkje nokon av desse sjukdomane, ja, då var det dauden som var ute. Seinare tok dei meir til å skilja mellom dei ymse sjukdomane. Dei skjøna at spillsykja, koppane, tyfus- eller nervefeber, som det heiter den dag i dag — og kanskje òg difteri — var ulike sjukdomar. Tæring derimot er ein ukjend sjukdom, korleis det no har seg. Spillsykja har tvillaust ikkje vori så lite spreidd i bygdene, sidan vi alt i 1713 fekk Reknes hospital for spillsjuke. At det ikkje var verre med denne sjukdomen, heng kanskje saman med at dei stakkarne som fekk denne sjukdomen, var folk svært redde, noko som ikkje var vanleg når det galdt dei fleste andre. Og Reknes hospitalet gjorde snart mykje til å betra tilhøva.

Koppane er nemnde i kyrkjebøkene i dei ymse bygder frå omkring 1770. Det var ei stygg og smittsam drepsott, som serleg for hardt fram med born og ungdom. Dei eldre slapp jamnast frå dei. Olafsen fortel at barnekoppane serleg herja fælt i hungeråra utover frå 1772—1780 i Romsdal. Dei slo ned for fote. Og dei som slapp frå dei med livet, vart skjemde for alltid med dei stygge ara i andletet. Det ser òg ut til at difteri gjorde store innhogg somtid, men denne sykja hadde dei mindre greie på. Lækjar var det sjølvsagt ikkje å sjå i bygdene. Var sjukdomen der — ja, då var det ikkje noko å gjera med det. Det var så laga. Med reinsemnda var det truleg òg berre så som så dei fleste stader; det kan jamvel ha vori ille nok med henne heilt fram mot vår tid på sine plassar.

TJELLEFONNA, ULUKKA I LANGFJORDEN I 1756.

Eit hende av eit serskilt slag, som òg fell inn i denne hardæva for Romsdalsbygdene kring midten av det 18. hundreåret, er det veldige fjellraset på Tjelle, Tjellefonna, som gjekk 22. mars 1756. Det er det sværaste raset vi veit om frå bygdene våre. Det var ein veldig fjell-hamar som gleid ut. Og det som ikkje ligg att i

Tjelleurda til syn for alle som reiser Langfjorden, det gjekk på sjøen og sette fjorden i ein slik ofseleg bylgjegang at flodbylgjene gjekk langt inn over land og øyde- la både hus og gardar; 32 menneske måtte òg lata livet. Rektor Schøning, som reiste i Romsdalen berre 17 år seinare og tala med mange om hendinga og sjølv studerte «på åstaden», veit å fortelja mest om denne ulukka. Før har vi teki dette for noko overdrivi, men Lo-enulukkene og Tafjordulukka — dette var nett ei av same slaget — har lært oss at det mest utrulege kan henda ved ein slik tilgang. Og dessutan må ein hugsa at Schøning er ein svært nøktern og påliteleg mann. Difor vil vi ta med det meste ordrett etter han:

«Fallets høyde skal være $\frac{1}{8}$ mil, men bredden av fallet $1\frac{1}{2}$ mil. Bemeldte fall rakte like opp til den øverste kant av fjellsida, der en stor flat, men moradsig markstrekning lå, på hvilken gården Tjelles beboere ei alene hadde deres høyslætte, men også deres sæter, og derfor her en del sæterhus stående, hvilke ved fallet, for den største del, ble bortrevne. Man beretter, at her oven fjellet skal i noen år være merket en sprekke i jorden, som årlig tiltok. Og førenn fallet skjedde, regnet det bestandig i 8 dager og netter etter hinannen. Vannet må da, ved underjordiske renner, ved å bortskylle etterhånden den sand, mold og leir, på hvilken de her sammendyngede steiner hvilte, ha forårsaket fallet, der skjedde med en nesten utrolig heftighet, hvorved den hele fjord, som fra det innerste av Eidsvågen til det ytterste er $2\frac{3}{4}$ mil eller vel 3 norske mil lang, og der



Tjellefonna. (Foto frå 1941).

fallet skjedde, omtrent $\frac{1}{2}$ mil brei, ble satt i den heftigste bevegelse.

Fjorden skal i alminnelighet være 100 favner dyp, på mange steder er bunn ei å finne, og utenfor det sted hvor fallet skjedde, et dyp av 60 favner. Men dog ble denne store og dype fjord derved således opprørt fra bunnen av, at vannet i den neste dag dertetter så ut som det tykkest sammenrørte leirvann. Vannet skal på sine steder være drevet 50 skritt i høyden over dets sedvanlige overflate. Det bortrev ei alene jordskorpen av klippene med påstående trær langs strandkanten på begge sider av Langfjorden og Eresfjorden til noen favners høyde, men borttok også en mengde fartøyer, båter og hus, enn også dem, som stod på bakker og temmelig høye steder, henved 200 skritt fra stranden. Atskillige slags fisker, som holder seg på bunnen av havet, så-som langer, kveiter eller helleflyndre, torsk osv, fantes oppkastede 100 til 200 skritt høyt opp på landet, og på gården Sandnes, beliggende nesten like overfor fallet, på hin side fjorden, ble sild kastet inn igjennom husenes vinduer, skjønt disse stå henimot 200 skritt fra vannet på et temmelig høyt beliggende sted, og fjorden er en halv mill over.

Uten for landet sammesteds lå den tid en jakt eller en stor båt, en så kalt bomseiler, for anker, hvilken ble så sønderknust, at ikke det minste derav var til overs. Men til alle lykke var ingen av folkene som førte den, da om borde, så de alle ble i behold. På stranden ved Nettet prestegård, som ligger $\frac{1}{2}$ mil fra fallet, ble av havet en stor stein oppkastet, så stor som et lite hus. Og et tiendestabbur eller stolpebu presten tilhørende, som da var *Lorentz von Schnitler*, en temmelig stor og høy bygning, ble oppløftet fra sitt sted og kastet 150 skritt høyere opp på landet. Enn også på Veøy, beliggende $2\frac{1}{2}$ mil omtrent fra fallet, gikk vannet 20 skritt høyere opp på land enn sedvanlig ved høyeste flod, nedrev der et gjerde og oppkastet en hop sand, tang og skjell. Og ved gården Gjermanes, som ligger $1\frac{1}{4}$ mil fra Veøy, lenger hen mot vest, var floden usedvanlig stor.

Foruten den skade, som ellers skjedde ved bemeldte fall og oversvømmelse, på båter, sjø-, fe- og husmannshus især, på jorde og marker, måtte derved 32 mennesker tilsette livet. Men tvende ble på en besynderlig måte reddet. Ved følelsen av den heftige rystelse som bergfallet forårsakte, grep de til i en hast og holdt seg fast ved veggene i huset hvori de var. Ved den første sjøstyrting, som iallet forårsakte i fjorden, ble huset eller stuen tillike med dem,

bortført og kastet ut på sjøen. Men de ble, ved den annen, kort etter påfølgende sjøstyrting kastet opp på land igjen. Her grep de, igjennom vinduet eller døra på stua, fatt på en del hosstående busker. Ved dem holdt de seg fast, da ved den 3. sjøstyrting huset på nytt ble kastet ut på sjøen og ei mere funnet. Og på den måte reddet de livet.»

Endå så omstendelig denne skildringa er, har nok ikkje Schøning fått med på langt nær alle opplysningane om den skaden som vart gjort; såleis nemner han ikkje ein gong *Gauprør*, som kanskje var den garden som leid største tapet. Denne garden ligg òg på andre sida av Langfjorden, berre eit par km frå Nettet prestegard. Etter ein avfellingsprotokoll («avfelling» er offentlig takseringsforretning på staden) kan vi sjå at sorenskrivar, fut (J. Eeg) og lagrettemenn var til stades på *Gauprør* 23. okt. 1756 for å taksera skaden og setja ned matrikkelen. Vi får her vita at garden «der forhen fødte 7 kyr, 16 sauer og somme år en hest og noen år ingen, etter som det kunne treffe til, samt årlig til utsæd 6½ tunne havre, nå derimot før 3 kyr, 6 får og ingen hest. Udi gårdens åker kan nå såes 2 tønner havre.»

At det var ei hending som gjorde sterkt inntrykk på folk, er lett å skjønna, og forteljingane om Tjellefonna går den dag i dag mellom folket i Nettet og andre Langfjordbygder. Det er elles mange plassar i Nettet, der ein heller skulle ha venta ei slik ulukke. I det heile har det gjennom tidene vori mang ei ulukke og mang ei pårøyning for folket i Romsdal i denne ville og veldige naturen som dei fleste bygdene har. Og ute i kystbygdene har havet ikkje berre vori ein god tenar, men ofte òg ein nådelaus herre. «Kastevindsfjordene har farvet sitt folk», seier Bjørnson. Og det er ingen tvil om at natur og livsvilkår har sett sine djupaste merke i folkekarakteren i alle Romsdalsbygdene.

NÆRINGSLIVET I BYGDENE VÅRE 1660—1814

JORDBRUKET.

Jordbruket har sjølvsagt gjennom alle tider vori hovudnæringsvegen i fylket, men det er fyrst i denne tidbolken at vi tek til å få så mange opplysningar om dette, at vi kan ta til å giera oss opp ei meining om det. Det er serleg G. Schønings skildring frå ferda hans i Romsdal i 1773 og P r a m s melding om si reis frå 1804 og Kraft: «Romsdalt Amt», frå 1831, som har dei likaste opplysningane om dette. Men òg fortel t. d. storleiken på korntienda og krøterteljingane frå dei ymse bygder til dei ulike tider ikkje så lite.

Både i skildringa av «Opplysningstida i Romsdal» og i bolkanen nedanfor om rektor Schønings og Christian Prams reiser i bygdene våre finn ein ei mengd opplysningar om jordbruket og anna næringsliv i Romsdal den tida, som vi såleis ikkje kan ta med her. Vi nemner no berre at det var ei rad med embetsmenn og andre «kondisjonerte», som gjekk i brodden for nye tiltak og framsteg. Fremst av alle står dei to futane på G j e r m a n e s, Børge og Jakob Andreas Eeg (far og son), som i den lange futetida deira, tils. frå 1707—1787, dreiv fram Gjermanesgarden til den fremste i futedømet og gjorde han til det reine m ø n s t e r b r u k e t (s. 197). Dessutan var det i og omkring Molde, iser innover F a n e s t r a n d a, mange menn som med skiftande hell sette i gang nye jordbruks-tiltak. Vi har nemnt amtmann N ø b e l, som i 1705 vart eigar av M ø l d e g å r d, bygde nye hus og dyrka mykje ny jord der. Dei neste eigarane av garden, amtmann Erik M u s t, kanselliråd H o l s t, løytnant M ø l l e r, Abraham S c h i e l d e r u p og frå 1789 H a n s T h i i s M ø l l e r freista føra vidare dei gode tradisjonane frå Nobels dagar. Andre gardar på Fanestranda, som er kjende frå den tida og seinare er: E i n e n, som vart rudd og bygd av byfut Ø w r e; N ø y s o m h e t, oppbygd av dr. G o l d t; L u b b e n e s, som kjøpmann T å r v i k åtte og L e i r g r o v i k, som hørde til kjøpmann S t e p h a n s o n. På A a r ø y budde kaptein K l i n g e n b e r g og på Å r ø y n e s skapte amtmann E v e n H a m m e r sin vakre heim og velstelte gard. R e k n e s g a r d e n kom i 1775 i hendene på generalauditør P. F. K o r e n, som vart ein svært drivande jord-



Amtmann Erik Must og frue, f. Nobel (sjå s. 198).

brukar. Alt i 1778 fekk han Det kgl. danske landshush.selskaps store sylvmedalje for at han hadde «latt i vannfulle egne oppta 1476 favner grøfter, av dem 203 favner hullveiter, foruten mange andre rosverdige forbedringer.»

Og medan vi er inne på påskjøningar og dette framstegs-aristokratiet i og om kring Molde, skal vi òg med det same ta med: «Schieldrup, madame til Moldegård i Romsdalens amt, som av selv tillaget engelske fårs ull har spunnet, farget og vevd et smukt stykke brunt stoff, samt opplært og undervist mange fruentimmer i spinning, veving og farging, og dessuten er bekjent for besynderlig husflit og hagedyrking, tillegges for sin berømmelige vinnskipelighet selskapets (Det kgl. danske) 1ste sølvmedalje.» Dette er forvitnelege ord ikkje berre om dugleik, men òg om god samfunnsånd, om nye husdyrslag («engelske får»), om hagedyrking og om heimeorke. Denne frua på Moldegård kan gjerne minnast.

Av same selskapet har bonden Ola Elgenes, Vistdal, og husmann Peter Schierp under Indre Årøy, Bolsøy, i 1779, fått påskjøningar for nyrudningsarbeid, bygging av stengjerde o. a.

Både jordslaget og klimaet i Romsdal må vel seiast å vera rett høveleg til bygg og havre, som var dei vanlege kornslaga dei dyrka frå gamal tid. Fyrst i tidbolken, i 1665, hadde havren heilt overtaket, slik at det berre vart avla 1 hl bygg for kvar 30 hl havre. I 1723, 58 år seinare, har bygget fått ein breiare plass: det vert berre avla 16 hl havre for kvar hl bygg. Meddi jorda er så mykje tørrare i dei fleste fjordbygder og sumarvarmen der gjer seg sterkare gjeldande, så treng dei ymse kornslaga ikkje så lang tid til å mognas her som ute ved kysten, der den råare havlufta har så mykje betre tak. Serleg er Eikesdalen vidgjeten for den stutte mogningstida dei ymse jordbruksplantane treng der. Bygget greier seg såleis med 8—9 veker. I 1894 vert det såleis fortalt at folket på ein av gardane i bygda åt graut den 17. juli av årsens byggavling.

Kraft seier elles at Eid-sokna (i midtre Romsdal) er den bygda som er best kjend for å ha dei likaste kornavlingane. Elles er Eresfjord—Eikesdal og andre fjordbygder med si fine tørre sandmoldjord framifrå kornbygder. Schøning rosar serleg jordbruket i T r e s f j o r d e n i 1770-åra (sjå nedanfor). 60 år seinare gjev også Kraft tresfjordingane lovord for jordbruket sitt.

Det var gjerne dei same plassane som vart nytta til åkrar år etter år, og med sine mykje uvande ardar og plogar (jarnslegne treplogar) og trehorver, (horva er nemnd fyrste gongen i landsloven 1276), så vart no jorda berre så måteleg gjennomarbeidd. Like vel ser det ikkje ut til at Romsdalsbøndene i det attande hundreåret fekk så verst avlingar. Til vanleg brødfødde dei seg sjølve. Dette heng visst mest saman med at dei var gilde til å gjødsia jorda og arbeidde bra med å halda ugraset ute. På mange stader dreiv dei reint rasjonell gjødselproduksjon, slik vi kjenner det frå vår tid. Verst var det å få nytta skikkeleg ut gjødsla etter ku og hest, då dei ikkje hadde gjødselkjellarar, men greidde seg med dyngjer, som låg ute, utsette for ver og vind. Derimot brukte dei mykje tørr torvblanding under sau, geit, gris og kalvar, desse som gjekk i gardar eller serskilde hus og laga «talle». Såleis les vi om h j å S t r ø m korleis dei let torva liggja ei tid for å tørkast og bli «mere bekvem» til å syga i seg gjødsla; «siden førtes den inn i fårestien og lagdes i tynne lag; når den av fårenes og gjetenes urin og møkk er vel gjennomtrukken, tas den ut igjen, og et nytt lag bringes; hermed fortsettes til våren, da den kjøres ut på åkrene.» K r a f t seier, og det gjeld visseleg tida føre 1814 òg: «Gjød-

selen formeres meget ved en betydelig mengde myrjord, der innkjøres om sommeren, hvilken gjødsel-formerelse synes fortrinlig å passe til den her, for en stor del av sand bestående jordbunn.» Der jorda var skarpast, slik som i Eresfjord t. d., kunne det lett bli tørke. då som no; dessutan kunne frosten vera lei i dei bygdene som var mest myrlendte, i Nesset og i Fræna t. d. Frosten kunne òg vera plagsam på gardar som låg nære elvane inne i fjordbygdene. Det var vanleg å så bygget i åker som var godt gjødsla; året etter tok dei så denne til havreåker, utan gjødsling. Etter at det var gått nokre år, ei 3—4, så skifte dei såkorn, dvs. at dei fekk seg korn frå ein annan gard, då dei heldt på at kornet snart vart ringt ved å bruka det oppatt og oppatt på same garden.

Schøning seier (1773) at bygget i Romsdal gav frå 6—12 foll og havren 5—7. På denne tida sådde dei mindre med bygg enn før att, fordi bygget kravde så mykje gjødsel, og bygghalmen var ringare til krøterfôr enn havrehalmen.¹⁾ Elles er det fortalt at det var ikkje alle stader dei skjønna kor viktig det var med gjødslinga; såleis skulle dei på Smøla kasta gjødsla på sjøen! Strøm, som budde på Sunnmøre, men hadde foreldre som ein kan rekna for romsdøler (Budpresten Strøm, sjå «Sjustjerna») og hadde god kjennskap til tilhøva, seier at folket på hans tid (om lag i 1750—60-åra) dreiv si åkerdyrking «med flid og forstand». Det var store framsteg, berre i hans tid. Så lenge som skogen rokk til, dreiv bøndene med skogshogster og let jorda liggja. Då det var ute med skogen, gjekk dei laus på røtene og brente tjøre, men med dei dårlege tjøreprisane kunne tjørebreninga ikkje bera utgiftene til kornkjøp hos framande. Med røtene minka det òg. Så tok dei då til å dyrka jorda og lærde at ho gav det tryggaste grunnlaget, seier han, slik ei mengd andre føregangsmenn også forkynner på denne tida. Elles var sameiga og teigblandinga — utskiftning var ikkje vanleg enno — ein fiende av all framgang i jordbruket. Reiskapane var jamt over heller ikkje rare. Plogen og arden var mest like eins som i vikingtida.

Som ein hugsar, betalte bøndene tiend av jorda si. Somtid finn vi lister over all denne tienda, somtid har vi berre prestetienda, som var ein tredjedel av den heile. Olafsen har (i Veøy I, s. 127 fg.) gått i gjennom ymse tiendelister. Vi skulle tru at dei utrekningane

¹⁾ Det er ein utruleg morosam ting den gamle trua at havren somtid vart til bygg i åkeren.

han gjer, er noko låge, då det ikkje var så få, såleis husmennene, som slapp tienda; og like eins lyt ein gå ut frå at bøndene ikkje betalte tiend for såkornet, slik òg Olafsen nemner. Han finn at kornavlinga for det noverande Veøy herad i 1610 berre var 1400 tunner; det er visseleg for lite. I 1664 kjem han til at kornavlinga var 2600 tunner. Dette er òg i minste laget, skulle vi tru; men her har ein noko sikrare å halda seg til. — I samband med dette fortel han at den samla korntienda på Veøypresten var om lag 230 tunner, som etter verdetilhøva då skulle svara til ei 6—7000 kr. før fyrste verdskrigen. Det var mann som sat godt i det, Veøypresten, for han hadde mange innkomer utanom korntienda, sjølvsagt. I 1723 ser vi at kornavlinga for Veøy er rundt ei 3000 tunner havre og vel 300 tunner blanda-korn og litt bygg og rug. Desse tala for Veøy illustrerer godt utviklinga i det heile i Romsdalsbygdene. Framgangen i dei andre bygdene har vori nokolunde parallell.

Øg framgang ser vi at det er. Dette heng òg mykje saman med at ei mengd nye gardar vart rudd i denne tidbolken, serleg av desse som har gardsnamn som endar på bunden form (sjå Romsdals Soga, I s. 129). I dette rudningsarbeidet spela husmennene ei hovudrolle. Talet på husmannsheimar auka veldig i denne tida, då utvandring og bysamfunn ikkje noko nemnande drøg til seg folket frå bygdene. Men endå større framgang fekk kornavlen i det neste hundreåret.

I tiende-lista frå 1664 finn vi òg ein annan nytteplante, som ikkje var så lite dyrka i gamal tid i Romsdal, men som det har vori ringt med i dei seinare tider: *linplante*n. Vi har fleire vitnemål alt attende i førhistorisk tid (Linset-namna t. d., eller omtalen av linty av ymse slag i historiske kjelder) om korleis lin, og hamp med, vart dyrka i sogetida rundt om i bygdene.¹⁾ Folk brukte nemleg sers mykje linty før, og dei likaste linbygdene hadde ei god avsetnadsvare til byar og bygder, der linet ikkje rett ville til. I Romsdal dreiv serleg folk i Sira-sokna (fyrst og fremst i Eikesdal, der òg ein gard bar namnet *Linset*) og i Grytten-sokna linavl. Båe desse soknene betalar i 1664 1 våg lin i tiend, altså den samla tiend-avlinga har vori på om lag 10 våger kvar stad. Der nest kjem Voll-sokna med vel 5 våger, og Hen-sokna med 3 våger, Eid, Rødven, Veøy, Rød og Bolsøy med om lag 2 våger kvar. Vist-

¹⁾ I Olav den heilage si soge, kap. 253, er det nemnt at kvar husfrue skulle gjeva kongen til julegåve ein tott hekla lin.

dal har berre 1, og Vestnes og Tresfjord er ikkje oppførde med tiend for lin og hamp, så lindyrrkinga har nok vori lita der. Og det er vel grunn til å tru at ute i Bud og Fræna og på Aukra har det vori endå mindre, då sjøbygdene sjeldan avla lin nokon stad i landet. Vi har ingen oppgaver derifrå heller. At det har vori eit stort tap for bygdene våre at det gjekk ut med lindyrrkinga i denne tida, er greitt å skjøna. Det er å vona at no då interessa for heimeorka held på og veks fram att, må det òg koma nytt liv i linavlenn.

POTETDYRNINGA.

I midten av dette hundreåret, vi skulle tru i 1750-åra, kjem dei fyrste poteter til Romsdal. For oss i vår tid, som meir ein nokon veit kor viktig poteta er og kor viljug denne planten er til å veksa, er det reint uskjønleg korleis ættene har greitt seg ned i gjennom tidene utan denne næringsrike og billege maten som poteta er. Det er ofte potetavlinga slår til om det vert ringt år elles, så vi kan skjøna at hardåra og naudåra før dei fekk poteta, måtte falla endå tyngre enn vi vanleg tenkjer oss.

Kven som i røynda fyrst har ført denne velsigna planten heim til bygdene våre — ho er opphaveleg komen frå Sør-Amerika (Peru), der ho voks vill — det er det ikkje så godt å seia for visst. Den fyrste gongen poteta er nemnd i Romsdal, er i tollrekneskapane, ifrå 1760. Ein Molde-skipper hadde med 6 tunner frå Newcastle. Det går ymse segner rundt i bygdene våre om kven som fyrst dyrka poteter i bygda. Men vi skulle tru at det er noko rett i det Skeidsvoll (s. 220) fortel om Holsteinkaren Torkjell på Dala i Tresfjorden, at han hadde med seg poteter heim frå vakthaldet sitt ved Holsteingrensa.¹⁾ Det er haldi fram av fleire at potetdyrkinga ikkje var kjend nordanfjells i det heile før «Holsteinkarane» kom heim att. Men i 1770-åra høyrer vi om større potetimport til byane Molde og Kristiansund frå engelske og skotske handelsmenn, og Schøning nemner alt i 1773 fleire embetsmenn på Nordmøre som dyrka poteter og selde til Kristiansund. Då er alt romsdølene komne med. Ein ser såleis at Det kgl. danske landhushaldningsselskap, skipa i 1769, alt ved premieutdelinga si i 1774 gjøv den «mindre»

¹⁾ Hans Strøm, som gav ut si skildring av Sunnmøre fyrst i 1760-åra, fortel om potetåkrar hjå eit par mann i Norddalen på Sunnmøre. Poteta vart kjend i Europa kring 1600, men fyrst dyrka i åkrar etter 1700 — somme seier fyrst i 1728. Det var ei hageplante før den tida.

sylvmedaljen til Søren Fietzentz på Reknes for «20 tønners kartoffelavl». Og i 1776 får ein bonde, John Brandt på Hustad, arveprins Fredriks medalje for «Vindskibelihood», det vil i dette høve seia fordi han var en framifrå jorddyrkar, og serleg fordi han var den fyrste som hadde «plantet og avlet en anselig mengde potetes i den neeg». (Sjå seinare om amtmann Hammer). Alt i 1774 var det oppsett ein premi på 5 rd. for den som avla mest poteter i fylket. Det er greitt at når denne bonden hadde drivi det så langt som til å vinna slik ålmenn påskjøning, så hadde han nok alt dyrka poteter i fleire år, og vori heppen med potetdyrkinga si, det mange langt frå var frå fyrsten. I indre Romsdal er bonden Knut Solhjell i Eresfjord ein føregangsmann. Han får i 1777 5 rd. av Det kgl. danske landhush.selskap for å ha dyrka 10½ t. poteter. Folk visste ikkje rett korleis dei skulle stella poteta for å få skikkeleg avling, og dei visste heller ikkje korleis dei på beste måten skulle gøyma på ho og hindra ho frå røt om vinteren. Det var dårleg med kjellarar på gardane på denne tida; mange stader var det ingen. Etter kvart lærde dei då å byggja serlege jordkjellarar til poteta.

Også i Romsdal har ymse «kondisjonerte», prestar, futar, offiserar og byborgarar, gått i brodden når det gjeld potetdyrkinga. Futen Jak. Eeg på Gjermanes og presten Erik Røring på Veøy, bae 10 karar som dreiv gardane sine med interesse, høyrer såleis til desse.¹⁾ Like vel er det ei kjensgjerning at bøndene flest lenge såg med mistru på denne nye planten; sogene om potetepla og kor beiske dei var, er velkjende. Det ser ut til at i dei fleste bygdene tek ikkje potetdyrkinga noka fart før etter 1800, mange stader fyrst etter 1814. Kraft rosar såleis mykje sokneprest Jonas Frost i Nesset (frå 1804—25) fordi han «gjorde seg meget fortjent av potetes-avlingens utbredelse» i sitt gjeld. Og i 1830-åra «drives den overalt (dvs. i hans prestegjeld) med hell». Frost kom til Nesset frå Orkdal, der jordbruket, såleis òg potetdyrkinga, truleg stod noko lenger framme då, så mange framskotne «kondisjonerte» — dei gjekk jamt i brodden — som då budde i dette dalføret. Denne presten var i det heile teki ein interessert og dugande jordbrukar. At potetdyrkinga ikkje var komen serleg langt på Vestlandet endå ved 1800-talet, ser vi òg av at det i åra 1798—1802 vert innført over Bergen om lag 8000 tunner poteter årleg. Men serleg etter at loven i 1816 gav fri brennevinsbrenninga, tok potetdyrkinga fart over heile

¹⁾ Schøning fortel i 1773 at Røring dyrka poteter i Veøy.

landet. Det var reint utruleg kor fort kunsten å laga brennevin av potetene spreidde seg. I 1827 var det 11000 brennevinskjelar berre på landsbygdene. Så denne nye matplanten vart ikkje berre av det gode for folket vårt. Romsdal var slett ikkje noko unnatak. Det er serleg i 1820-åra brenninga breier seg. I 1829 var det 541 brennevinskjelar i futedømet. Dei tok tilsaman $36\,584\frac{7}{8}$ potte. Brennevinsavgifta for dei var då 853 spd. og 47 skilling. Serleg var folk i Grytten, Veøy og Nettet ihuga brennevinsbrennarar. Dei brende ikkje så lite til sal. Fremst stod sjølve Romsdalen i Grytten gjeld. Der hadde dei 131 kjelar på tils. 10124 potter i 1829, og dei betale åleine $274\frac{1}{2}$ spd. i brennevinsavgift. Brennevinsbrenninga er den viktigaste «industrien» i landet vårt på denne tida! Ein rekner med ein produksjon på 12 l. for kvart menneske, stort og smått. Gjennom brennevinsbrenninga heldt såleis potetdyrkinga på å bli til ein rein folkefare. Til jamføring kan nemnast at forbruket no (1941) er 2 l. for kvart menneske.

FEHALD.

Det bør seiast med ein gong at fehalddet har frå gammalt spela ei mykje større rolle i bygdene våre enn åkerbruket. Dette heng atter saman med dei framifrå fjellbeita som finst i dei fleste Romsdalsbygdene, og det at det i alle bygder fanst ei mengd utslåttar, markaslåttar og fjellslåttar, eller kva ein vil kalla dei. Desse hadde ovende mykje å seia for husdyrhaldet på gardane. Kultureng i vår tyding fanst ikkje då. Høyavlingane var alle stader sers små etter den store buskapen bøndene i alle bygder sette på; og i denne tida var svelteføring eit hovudprinsipp i gardsdrifta. Det skjønar vi best når vi ser at t. d. garden Vågsæter i Veøy i 1724 fødde 5 kyr, 3 ungrøter, 9 sauer og 1 hest og avla berre 18 lass høy! Sekkenes fødde 12 kyr, 6 ungrøter, 30 sauer og 2 hestar med 50 lass høy. Og ein må her rekna med sledelass. Slik kan ein gå igjennom matrikkelen frå 1724 og sjå det er i bygd etter bygd. At ein laut finna ymse anna til buskapen, er greitt: lyng, lauv, beit (brøt) og skav av så ymse treslag. I Eikesdal spela serleg almen ei stor rolle. Dessutan var sjølvsagt halmen ein viktig fôrplante. Det var berre eit einaste hovudføremål gjennom vinteren: å halda liv i buskapen til dei kunne fara til støls med bølingen om summerane og feita han opp på dei gode fjellbeita, og så om hausten selja

det ein ville av med, til slakt. Sæterhaldet eller stølsbruket har alt frå førhistorisk tid hatt mykje å seia, og er i dei fleste Romsdalsbygdene også i vår tid av stort verde. Det finst enno store dalføre, fjelldalar, der det ligg støl i støl, og såleis har det og vori attende i tidene. I heile Romsdal var det i 1907 1368 sætrar. Nasset prestegjeld t. d. hadde åleine 265 sætrar, alle visseleg utgamle. Men trass i denne gode og frie sumartida med rikeleg mat til alle husdyra så dei om hausten kunne setjast på bås glinsande feite, måtte den fælslege utpininga



Sætrar i Mittetdalen.

og svelteforinga om vintrane arma ut og i det heile teki føra til eit tuslut og ringt krøterslag i alle bygder. Vi las i eit blad for ei 12—15 år sidan om ei svelteforingssak frå bygdene våre då, om ein mann som fekk ei 1000 kroner-bot for framferda si i mot bølingen sin. Vi fann alle at det var rett og tykte at dyrlækjaren si skildring av buskapen var fælsleg; vi gleder oss mykje no over at det er sjeldan såvoren dyrplåging vert driven i Romsdal. Men om lag så gale som det vi las om då, var det visst jamt over på denne tida. Forfedrane våre har mang ei synd på samvitet når det gjeld handsaminga av husdyra ned gjennom hundre-åra. Det einaste dyret som kom seg nokolunde frå det, var geita. Ho er småturftig. Ein kunne jaga ljo ut jamvel ved midtvinterstid, eller køyra heim ymse matfang frå skogen til henne, t. d. kvist og bar. Ho kunne eta mest kva som helst,

så henne stod det ikkje så mykje på. — At grisehaldet auka på denne tida, har vi peika på før.

Om prisane i dette hundreåret på det bonden hadde å selja, fortel Olafsen (i Veøy I, s. 154). Ein hest vart vanleg betalt med 3—4 rd., ei god ku med kring 3 rd., ein vaksen sau kosta 24 skilling, eit lam om hausten 16 skilling. Kornet var sers dyrt. Ei tunne bygg stod jamnast kring 2 rd., ei tunne rug 3 rd. og ei tunne havre kosta kring 1 rd.

SKOGSDRIFT OG TJØREBRENNING.

Skogbruket har vi vori enne på fleire gonger (s. 108 fg.). Her skal vi gje eit meir samla oversyn. Noko kjem vi òg attende til dette i bolken om Molde som kjøpstad, i samband med vareomsetnaden i fylket.

Tida 1600—1700 er i røynda den likaste tida for utførsla av trelast i frå bygdene våre, men det er ei hard tid for skogen. Alt i 1597 hadde fylket 26 flaumsager, som skar bord til utskiping. Dessutan var det ei mengd bekkesager, som skar det som trongst av trevarer i bygdene. Det kan vera på sin plass her å nemna dei fyrste flaumsager; for stort sett er det vel desse same som står for trelastskurden både i det 17. og 18. hundreåret.

Dei gjev oss òg den beste greia på i kva bygder skogsdrifta både då og seinare spela noka nemnande rolle. Minst 17 av desse sagene er knytte til Romsdalshalvøya, serleg til bygdene kring Fanefjorden, slik ein kan venta det etter som skogen står no òg (tala etterpå gjeld kor mange tylfter bord kvar hadde rett å skjera årleg): Reknes 38, Molde 60, Fuglset 40, Lønset 49, Brokstad 27½, Mjelva 4½, Hjellset 24, Hjellset 30, Eide 20, Skalle 50, Kleive 20, Årøy 20, Tollås 27, Solemdal 42, Røvik 15, Gusjås 12. Dessutan hadde futane Jakob Pederssønn på Vestnes og Bernt Schrøder på Våge kvar si sag der, den fyrste truleg inne i Oselva og den andre på Fanestranda. Desse to sagene var dei største og hadde rett til å skjera 150 tylfter bord kvar. Storparten av Osmarkane var ved denne tida visstnok sedd på som kongeleg ålmenningsskog, og dei to futane har visseleg visst å nytta ut denne. Etter desse kom altså Moldesaga med 60 tylfter bord. Dei rekna med at desse tala kunne ymsa noko frå tid til tid for dei ulike flaumsagene. I Rødven åtting var det i 1597 flaum-

sager på Slemma 37, Straume 50, Frisvoll 56, Haukeberg 37 og Tveit 36. Til Eresfjords åtting hørde berre Gussås-saga (no i Bolsøy). I Romsdals åtting var det flaumsag på Mansås 40, i Voll åtting på Bø i Innfjorden 52. I Vestnes åtting skjer saga på Sæter 40 t., 6 år etter er det nemnt 36 sager i alt i alt i lenet. Då trelastutførsla er på det likaste, kring 1630, kan ein sjå at Veøy åleine har 12 sagbruk, fleire enn både før og seinare. Liknande vokster har det visseleg vori i dei andre skogbygdene, sidan utførsla auka så sterkt (sjå tabellen s. 172). Det var alt anna enn greitt å kontrollera at kvar sag berre skar det dei skulle, eller om ikkje også bekkesagene skar til utførsle. Det var som regel embetsmennene, ikkje minst prestane, som åtte desse sagene, og jamvel dei heldt seg ikkje for gode til å gå over det fastsette kvantum når hugen var der. Eller dei fekk smugla ut ein og annan lasten tollfritt og i det heile ukontrollert (s. 109). Alt i 1661 ser det ut til at den likaste tida er ute for skogen i Romsdal. I «en betenkning» i dette året frå ein serskild kommisjon ser vi at skogane i Romsdal skulle vera heilt uthogne «som deres bord av en håndsbredde utviser, og mange allerede klager for mangel av bygnings-tømmer til deres gårder å holde vedlike». Dette er kanskje nok o sterkt iteki, men at ein skadehogster for alle tider var gjord på skogen, er visst.

På 1700-talet har trelastutførsla såleis vori mykje mindre enn i hundreåret før, og det har vori færre sager.

Vi ser av ei skjøns- og takstforretning frå 1757 at Veøy har befere 4 flaumsager i gang då: Hørsgård, Herje, Vestad og Reistad. Denne siste åtte futen Alsing. Herjesaga er størst og er sett til 2000 bord, av dei er berre 300 til utskiping. Og at det fylgde ein større attendegang for sagbruka kring Fanefjorden, heng saman både med skogsnøydinga frå før og den siste harde hand futen Alsing la på skogen for å skaffa kol til jarnverket sitt. Om skogbruket i den siste luten av tidbolken tek vi dette etter Kraft: «De produkter, skogene leverte til salg, er bord og planker, som fornemmelig fra Bolsøy prestegjeld, men til dels også fra Gryttens, Veøy og Nettet prestegjeld avhendes til Molde og i den senere tid også til Kristiansund, såvelsom bygningstømmer til de ved sjøkanten liggende sogne. Av sager var her i året 1815 34, hvorav de 13 hadde bevilling til å skjære utskipningsbord. For nærværende tid (1831) er her 37 sager, som er skattlagt til en skjørsel av 368

tylfter tømmer. Av disse er 11 i B o l s ø y og 9 i N e s s e t prestegjeld. Av fururøtter brennes en del tjære, mest i Bolsøy, Aukra (sjå seinare) og Veøy prestegjeld, dog langt fra ikke nå i den mengde, som i fortiden, da tjærebrenning var en meget utbreidd og tillike meget innbringende næringsvei, og da der fra Molde i den nord-amerikanske revolusjonskrigs periodes senere år (om lag 1780) utførtes enkelte år inntil 3000 tønner tjære, og i året 1800, 2618 tønner.» — Desse opplysningane er sers forvitnelege, og ikkje minst det at Nettet no har så mange sager (i 1597 berre 1). Då Schøning fôr i Nettet i 1773, var der 8 sager, så der er berre ei meir 50—60 år seinare. Det er òg visseleg nytt for dei fleste at t j æ r e b r e n n i n g reint har vori ein næringsveg i Romsdal. Dei hadde nok mange utvegar til å greia seg på då òg. «Av løvskogen gjør man seg mangestedt god fordel», held Kraft fram, «derav leveres tønneband, bandstaker m. m. — — Tønnestaver og tønner avsettes fra Grytens og Nettet prestegjeld».

Dei båtane som trengst i fylket til fiske og ferdsel, er oftast bygde av romsdalingane sjølve og av eige vyrke. Serleg på Vågøy driv dei båtbygging, «især de større eller åttringer ,der brukes til havfiskeriet». I Veøy driv òg somme båtbygging. Desse båtane gjekk for å vera betre enn dei som kom frå Volda og Tingvoll, der dei òg dreiv mykje med båtbygging. Elles hadde dei i dei fleste bygder nok tømmer til det vedlikehaldet gardane til kvar tid kravde.

JAKT.

At jakt enno hadde mykje å seia, er greitt nok. Ein veit om bjørnejegarar i Romsdal i det 19. hundreåret, som har lagt ned 30—50 bjørnar, så vi kan gå ut i frå at det i dei fleste bygder var bra med vilt av dei ymse dyreslaga. Rein, rev, hare, gaupe, mår, røyskatt, hjort, ulv og bjørn kan ein ofte finna nemnde i dei ymse kjeldene frå hundreåret (1700—1800). Serleg bjørn, gaupe, ulv og rev var ei stor plage og drap ned kvart år ei mengd husdyr, jamvel om gjetarar jamt laut fylgja bølingane. Av ø r n var det òg store mengder, serleg ute ved kysten. Den som fekk drepi dei fleste bjørnar og ulvar i Romsdal vart jamt premierte av det nyskipa Romsdals praktiske landhush.selskap frå 1776. Ei mengde fekk slike premiar. Ola E. Barstein i Nettet fekk t. d. i 1791 av Romsdals pr. landhush.selskap ein premi på 10 rd. for å ha skoti 5 vaksne bjørnar

same året i utmarka på Barstein. I 1794 skaut han 5 til, men fekk då berre 4 rd. Same året fekk Rasmus Hjellen i Voll 6 rd. for 5 vaksne bjørnar, 3 år etter, i 1797, 8½ rd. for 5 bjørnar til, 2 vaksne og 3 ungar. I tingbøkene finn ein òg ofte nemnde menn frå dei ymse herada, serleg frå fjordbygdene og Romsdalshalvøya, som har vori og synt fram ein bjørnepels for å få skotpremien for han «far sjølv» i skogen. Såleis Torstein Holm i 1753, Tore E. Nesje i 1793, Ola Eriksson Barstein (Neset) 1791, Peder Morken i 1797. Inkje noko villdyr har sett folkehugen slik i sving i Romsdal som bjørnen, og tallause er sogene og segnene som er knytte til bjørneveidinga. Denne veidinga gjekk lenge for seg med dei gamle flintbyrsene, og det var ikkje alltid utan fare å koma i kast med bjørnen, jamvel om ein hadde børsa i orden. I mange bygder går det segner om nærkamp, på tomannshand, der labb og tenner, neve og kniv gjorde utslaget, og mang ein veidar kunne få flekt av skinnnet på store iuter av kroppen eller få sliti håret av hovudet, slik det er fortalt i Eresfjord t. d. om han Per Meringdal, ein av storskyttarane i dei indre bygdene. Endå så seint som i 1849 vart det kravt minst 4 bjørnar eller 8 ulvar for å få premi, 10 spd., frå Romsdals pr. landhus.selskap. Vitskapselskapet i Trondheim¹⁾ gav òg premiar til mange.


Elles er det grunn til å tru at veidinga av rein på høgjellet hadde mest å seia for Nesset og Grytten prestegjeld. Ute i fjordane var det ikkje så lite av hjort i dette hundreåret, så folk nytta sjølvsgatt høvet til å få seg eit dyr innimellom. Elg var heller sjeldan i Romsdal.

FISKET. — NYE FANGSTMÅTAR.

Det vart drivi mykje fiske no som i førre tidbolken, serleg torske- og sildefiske utansunds, sild- og seifiske inne i fjordane og laksfiske i elvane: i Rauma, Isfjordselva, Mittetelva, Vistdalselva, Eira-Aura (og i Eikesdalsvatnet), Gusjåselva, Tresfjordselva, Måna, Igna, Fårstadelva og truleg i fleire andre. I mange vatn var det ikkje så lite av aure og røyr, og av desse fiskeslaga vart det teki mykje meir i gamle dagar enn i vår tid. Når det galdt fisket i sjøen, så hadde reiskapane i det store og heile vori dei same gjennom lange tider.

¹⁾ Ingen ting fortel vel meir om villdyr- og veideliv på denne tida enn at Surn-dalsbonden Tølløv Pedersson Folldal i 1772 fekk 30 rd. av Vitskapselskapet i Trondheim for å ha drepi 103 bjørnar og 11 ulvar. Det var mykje på ein mann.

Her vart det ein stor snunad ved 1700-talet. På den tid skal både torskegarn, sildegarn og torskefiske med line ha komi i bruk. Om desse var vanlege i Romsdal føre om lag 1750, er no uvisst. Den fyrste som fiska torsk med line, skal (etter Strøm), vera bonden Rasmus Moldnes på Vigra, som levde omkr. 1700-talet. Denne fiskemåten vart visstnok snart vanleg, då han førde med seg mange føremoner. — Så lett gjekk det ikkje med innføringa av torske- og sildegarna. Den fyrste i amtet, seier Strøm, som nytta torskegarn, var handelsmann Claus Nielsen på Slin-



Jekt, fjøringsfar og åttring frå ca. 1750. (Etter Strøm).

ninga i Borgund, ein gong i 1680-åra. Andre handelsmenn fylgde etter, men bøndene sterra i mot og sa at det var eit skadeleg påfunn, som berre ville skræma bort fisken. Det var ikkje berre dei som såg det slik. I byvedtektene for Stavanger frå 1641 er det forbodi å nytta torskegarn, «fordi de forårsaker megen vantro og Guds fortørnelse».

Sildegarn er nemnde fyrste gongen i Romsdal i året 1709 under sildefisket i Osen i Fanefjorden. Den 15. okt. det året vart det haldi ein ekstrarett på Mjelva, samankalla av amtmannen, for å døma i ein strid som var komen opp om sildefisket mellom noteigarane kring fjorden (frå Molde, Hjellset, Kleive o. a. stader), og nokre garnfiskarar frå Nordmøre. Dei fyrste hadde sendt inn søknad til amtmannen om vern for si lovlege næring mot nordmøringane, som la seg i vegen for dei med garna sine. Det heiter at desse var komne til Osen med sildegarn og hadde brukt og ville bruka desse «denem og den ganske åttings almue til stor præjudice (skade), skjønt

så dant noe aldri tilforn hadde vært i bruk her.» Dei saksøkte laut gjera greie for seg. Dei var komne dit med 18 sildegarn og hadde fått 3 tunner sild. Men romsdalingane, som nå gamal vis freista stengja silda inne i Osen med nøtene sine, vart harme og tok garna og silda frå dei. Og dei fekk retten på si side. Garnfisket av sild skulle vera forbodi, då det var til skade for not-eigarane og ibuarane i Fane åtting. Amtmannen lova å skriva til kongen og landsstyringa og freista få lovfest forbodet mot garnfisket og såleis skapa fred og ro. Men nordmøringane ville ikkje gje seg og kom att året etter. På nytt lag stemnde noteigarane dei for retten og heldt fram at garnfisket var til «fordervelse for den almannelige mann» og «til fortørnelse både for Gud og kongen»; for desse garnfiskarane heldt «hverken sabbaten eller bededagen hellig og berøvde både kongen, kirkene og prestene deres tiende. Det var å befrykte at garnfisket ville aldeles ødelegge hele åttingen.» — Noko liknande finn ein er framme i Eresfjords åtting i 1711. Striden om å nytta sildegarn ser ut til å fengja i alle Romsdalsbygdene, for dei fleste stader var det gode sildevågar eller fangstplassar. På dette møtet var òg ei heil mengd folk møtte fram, både notfiskarar og garnfiskarar. Mange vitne, som vart førde fram, fortalde kor skadeleg garnfisket var. Det var beint fram øydeleggjande for notfisket; ja, sidan garnfisket tok til, var fisken komen heilt bort, ingen fekk nokon! Garnfiskarane heldt fram at det var ingenting i loven som forbaud dei å fiska; sjøen var fri for alle. Kor stor øsinga var på dette møtet, kan ein skjønna av det at almugen truga sorenskrivaren (domaren) med at vart ikkje garnfisket forbodi, ville dei bruka «klubba» på honom. — Ein ser såleis at her, som så ofte elles, har ei framgangssak mått vinna seg veg gjennom fordomar og miskjenning.

Når det gjeld å nytta ut fisken, er det òg ei viktig framgangstid. Alt ved 1660-åra tok dei til å nytta fiskerogna og torskelevra. Eksport av rogn er nemnd fyrste gongen i 1577—78; denne sendinga går frå Bergen til Tyskland. Men det er fyrst vel eit halvhundreår seinare at rogn vert ei verkeleg handelsvare. Å laga lyse av lever er kjend nok frå sogetida, men dei nytta ikkje torskelevra, som dei berre kasta bort. Det var av spekket av kval og sel og av levra til brugde og hå dei laga lyse. Det var amtmannen i Nordland, Preben von Ahnen, far til amtmann Iver von Ahnen i Romsdal (1691—1700), som skal vera opphavsmannen til å laga

tran av torskelevra. Tran vart etter kvart ei viktig handelsvare. I 1664 fekk eit serskilt selskap einerett på tran- og rogn-handelen og kvalfangsten i dei 4 sjølena, m. a. i Romsdal. Endå viktigare var det at dei lærde å nytta ut fisken på ein betre måte. Det vart laga kleppfisk av han. Før hadde dei helst laga tørrfisk eller rundfisk av han, eller han vart nedsalta tunnevis og eksportert. Men straks føre år 1700 ser vi at kleppfisk er kjend. Ein liten last vert då utførd frå Bergen. Men dei som fyrst tok til å handsama fisken på denne måten i større mengder, var engelske og skotske kjøpmenn, som dreiv handel på Molde og Litle-Fosna. Den som skal ha gjort mest til å fremja kleppfisktilverknaden, er ein av dei fyrste borgarane i Fosna på denne tida, *John Ramsay*;¹⁾ etter namnet å døma må han opphaveleg ha vori skotte. Futen *Jak. Eeg* var ein føregangsmann for kleppfisktilverknaden i Romsdal.

Kleppfisktilverknaden skaper nye og større innkomer for fiskarane i futedømet vårt, som helst får avsetnad på denne vara på Molde.

Etter *Strøm* var fisket så ringt i åra 1714—15 at bøndene selde reiskapane sine og slutta med fisket. Men frå 1718—33 slo fisket rikt til i Romsdal, serleg i 1731; åra 1733—35 var ikkje gode på Sunnmøre; men dei òg var visstnok bra for Romsdalsfiskarane. I 1736 tek det til ei heilt uvanleg god tid for fiskarane, og ho varde ved i heile amtet fram til 1770. Det skal vera dei rikaste fiskeåra som er kjende i Romsdals soge. Serleg i åra frå 1740—1757 var det mektige sildeinnseg i alle fjordane våre, og det kom serleg godt med i naudåra 1740—43. Vi har fleire vitnemål om dette. Vi kan berre nemna at sildeutførsla i Fosna i 1750-åra var ei 60 000—70 000 tunner årleg, medan ho i 1757 dumpa ned i 15 000 tunner. Noko liknande var det i Romsdal. Då bøndene fôr heim frå kyrkja nyårsdagen 1743 ute på Aukra, stod *Rakvågen* full av kval og springarar, som jaga silda inn gjennom eit trongt sund, som knapt var 20 alner breitt og inn i ein trong våg, $\frac{1}{4}$ mil i rundmål. Der samla fiskarane seg, og frå nyår til påske vart det fiska her av mange hundre, ja, av tusen båtar. Torsk og sei gjekk i mengdevis inn i alle vikar, og fisken vart ståande uvanleg lenge i fjordane. Ser-

¹⁾ Då fisket no fekk meir å seia, freista dei ymse kjøpmenn å slå under seg fiskeværa. Såleis var *John Ramsay* eigar av *Grip*, det likaste av dei alle kring 1750.

leg godt fiskeår var òg 1745. Frå 1770 vert det klaga over at fisket tek av, serleg frå fjordane høyrer vi dette. Folk sa no òg at det var garnbruket som hadde skulda. Inngangen til sunna vart sperra av desse, så fisken fekk ikkje koma inn på dei gamle gyteplassane, heitte det. Kom det så storm, sokk ofte garna med heile fengda som rotna opp og øydela sjøbotnen, slik fisken ikkje kom att seinare, meinte dei. Då garna òg var dyre, gjorde det mykje til at mange var i mot dei. Alle åra etter 1770 er ikkje like låke, men dei siste åra av hundreåret, frå 1795 var sers ringe. Både på Nordmøre og i Romsdal la dei då skulda på tangoskebrenninga, ein ny næringsveg, som no var komen opp (sjå seinare om Pramsferd i Romsdal i 1804).

Så lite greie vi personleg har på fisket og så stor rolle det har spela i næringslivet i Romsdal, finn vi det tryggast å lata ein utansunding sjølv, *Mads Hukkclberg*, fortelja oss litt om dette:¹⁾

«Torskefisket, her kalt vårfiske etterdi dette fiskeri foregår i tiden mellom kyndelsmess og sommermål, eller i tidligere tider mellom 20de-helg og vårfrumesse, har vært drevet av befolkningen herute med forskjellige slags redskaper fra uminnelige tider tilbake. Siden torskegarnet ble oppfunnet og kom i bruk omkring år 1640,²⁾ har dette hovedsakelig vært benyttet her utenfor Romsdalskysten. Dog har torskefisket også foregått med line og røkk, især av folk inne fra fjordene, der lå til huse ute i fiskeværerne Ona, Bjørnsund og Bud. Men line- og rykkefiske begynte ikke før i slutten av februar eller i begynnelsen av mars, da fisken var kommet til Onadypet. Derimot begynte garnfisket ute på Lanmébakken i midten av januar. Man laget selv sine redskaper; de kjøpte hamp og spant sjøl tråden og bandt garna, og spant sitt taug (å spinne taug kaltes «å lugge taug»). Tråden i et torskegarn veide ca. 8 mark. Garnets lengde var 20 favner, dybde 20—24 masker, maskens størrelse 7 à 7½ omfar pr. alen. Til en garnlõt regnet en fra 16 til 20 garn.

En garnlenke bestod som regel så lenge fiskeriet foregikk på Lanmébakken av 12 garn; men senere på vinteren, når fiskeriet begynte ute på dypet, kunne de bruke inntil 14—15 garn i lenken.

1) Sjå årsskr. til R. Sogelag 1925, s. 64: «Om torskefisket i gamle dager på Gossen».

2) Etter det som er opplyst før, er torskegarn kjende på denne tida i landet, men knapt vori nytta i Romsdal før i tida 1700—1750.



Hans Thiis Møller på Moldegård med frue og born.

Hver båt brukte 2 sådanne lenker. Istedenfor som nå å bruke glasskuler på garna, brukte man før i tiden trekavler (trestykker ca. en halv alen lang og $1\frac{1}{2}$ tomme i tverrmål, av selje) festet til garnets overkant med ca. en alens mellomrom. Til hver lenke benyttedes kun en ile, og istedenfor som nå å bruke store glasskuler brukte man før vakere (treler) av seljetre. Garna og trelene var merkt med bumerke, hvorav hver gård hadde sitt.

Fiskerbåten var sunnmøringsåttringen, hvilke ble bygd i Volða på Sunnmøre samt i Fræna. De båter som ble bygd i Fræna, ble holdt for å være sterkere samt bedre seilere enn de fra Sunnmøre. Båten var ca. 20 à 21 alner lang, 5 alner brei, med 5 rom foruten forskott og bakskott. I forskotten var en tofte som kaltes sagtofte, og rommet kaltes sagrommet, men i dette rom er ingen keiper; man benyttet dette rom til å trekke garna i. Det forreste bemannede rom

er kjemperommet, dernest rommet (andøverrommet), så storseglen og littseglen og hamlen. — Mannskapet bestod i regelen av 8 mann, hvorav 2 i kjemperommet, 2 i rommet, 2 i storseglen, 1 i littseglen og styrmannen i hamlen. Båten ble bemannet når man reiste til vinterfisket (vårfisket) og hver plass besatt med sin mann, hvilken plass vedkommende beholdt til fiskets slutt. Hver mann hadde sitt visse arbeid å utføre både under seilas og fiskeri. Mennene i kjemperommet kaltes kjempemenn og var som regel de kraftigste og beste på båten, da deres arbeid også var det tyngste; de måtte under seilas peinte seilet samt passe både storblokken og littblokken, hvilket var et arbeid som både krevde oppmerksomhet og kraft, da den minste uaktsomhet fra deres side kunne forårsake en ulykke. Mennene i rommet hadde hver sin dag andoven; den dag han ikke andøvte, hadde han å stoppe (å holde igjen slik at ikke det som ble innhalt, gikk ut igjen av garna og ilen). Under seilas hadde den ene å ause (å pøse ut den sjø som seiltes inn i båten, hvilket ofte var et hårdt arbeid), mens den andre hadde med å legge opp og regulere seglsteinen. Mennene i storseglen hadde under fiskeriet å hjelpe til å trekke garna og under seilas den ene å passe draget, og den andre å hjelpe til å holde båten lens (å ause). Mannen i littseglen hadde å andøve, om det behøvdes, sammen med rommannen, men i motsatt tilfelle å hjelpe til å trekke garna og ta ut fisken (å tine), under seilas å passe skjøtet.

Hamlen var styrmannens plass. Han hadde å hjelpe til å trekke garna, men under seilas å styre båten og føre den hele ordning og kommando. På ham berodde det hele. Det minste feilgrep fra hans side kunne volde alles død. Hans kommandoordre ble øyeblikkelig etterkommet, liksom der under seilas alles oppmerksomhet var henvendt på ham. Der måtte under ingen omstendighet foretas det minste ved seilregulering o. l. uten hans ordre. Å beskrive åttningen i enkelthetene vil her ta for stor plass. — Jeg skal istedet i korte trekk fortelle litt om fiskemerkene og havleierne her utenfor Gossa:

Landmébakken er en havstrekning, de innerste fiskeplasser, hvor torsken trekker til først på vinteren. Den er som man kaller her en breidd (=bakke), der omtrent er sammenhengende fra Harøy til Stemmet på få unntagelser nær. Den kalles lengst sør utenfor Harøy, Harøylandméen, lengere nord Onalandméen, så Gossalandméen, Øyalandméen (=Bjørnsundlandméen) osv. Denne havstrek-

ning er som det fremgår av navnene, omtrent fordelt mellom de forskjellige steder etter navnet. Gossalandméen tar sin begynnelse noenlunde rett ut for havfallet Finnen, dog er det 2 fiskemé lenger nord, som tidligere har vært benyttet av folk fra Gossa, men disse er nå regnet å tilhøre Bjørnsund. Disse fiskemé (eller rora, som de kalles) er Skredukjinj og Siruphålet.

Landmébakjinj var igjen fordelt mellom de forskjellige gårder og folk. Denne fordeling ble respektert fullt ut i tidligere tider; og om noen enkelt kunne forgripe seg og komme på en annen ror enn den han tidligere hadde brukt, ansåes det for en skam, og ble denne mann lite aktet; dog hendte det ofte at garna ved strøm o. l. kunne komme isammen på de nærmeste hinnannen liggende rora, og hvor der da under trekningene kunne vanke ukvemsord imellom styrmennene, men disse stakk aldri så dypt at de ikke glemtes straks en kom på landjorda.

Disse som tidligere hadde bruk på rora, anså seg omtrent som eiere av samme, da det forekommer flere ganger at det ble påført bygselsetlene til husmannen at disse ikke hadde lov å bruke på den og den ror — altså der hvor oppsitteren brukte. Den vestreste ror, som tilhører Gossalandméen, heter Grønhaurn. Merkene for denne ror er Julneset på Kråka og Skorå på Heia (Husøyheia); på denne ror brukte en båt frå Småge. Dernest kommer Horremsmarka, merke Skorå i Kalven og Sægga på Åmunj. Her brukte Horremsbåtene og noen av Småge. Så kommer Grynjsætå, merke Sæggen på Saltsteinen, Harøybure på Fyren (Onafyren). Her brukte Røabuktinger, buktinger og en fra Oterøy, der lå til hus i Rinderøy. Så Klaksegga, merke Sægga på Langskjeret og Horleggen på fyrhuset (Onafyren). Her brukte Røabuktinger, Rinderøyinger og Oterøyinger, som lå til hus (losjerte) i Rinderøy. Hammarn, merke Nogvamulinj på Heia, Julnesset på Kråka. Sammen med denne ror går en ror der heter Langskjerrorn, med samme merke vest, men i syd Julnesset på Langskjeret. Her brukte Røabuktinger, Gjertvikinger og Tanginger. Kråkeroren, merke Kråka i Båsen, Nogvamulinj på Rambjøra. Her brukte Løvikan. Så er det Finsonganj, som er nordre roren på Gossalandméen, merke Julnesset på Finjå, Nogvamulinj på Oterholmen. Her brukte Sporsemene, Sætrene og Eikremene.

Fiskeriet på Landmébakken foregikk som regel fra midten av januar til først i mars. Fisken som ble fisket på Landmébakken, var større og feitere enn den fisk som ble fisket ute på dypet (Ona-

dypet) senere på vinteren. Landmébakkfiskeriet var hovedsakelig rognefisk, mot den som fiskedes senere og som hovedsakelig var isilfisk (=hanfisk, isill=mjølke).

Når fiskeriet foregikk ute på dypet, ble der ikke benyttet hver sine bestemte plasser, men de valte sin plass når garna skulle settes ettersom en sjøl fant for godt, dog påså en nøye at en så vidt mulig unngikk å komme isammen med andres redskaper og hindre andres fangst. Dog var der som alminneligst en grense for hvor langt øst og vest en kunne komme for ikke å komme inn på de plasser hvor Bjørnsundfolk og Onafolk fisket; man hadde stor respekt for ikke å hindre hverandre, helst gjorde man sitt til at de fleste fikk mest mulig fisk.

Leiene, som man seilte ut og inn her fra Gossa, var den vestreste Kråkåundet, som Horresbåter og Smågebåter seilte. Merke for leia er Søgga på Åmunden. Dernest Saltsteinleia, som Røabuktinger seilte. Merke Søgga på Saltsteinen. Langskjerleia, som Rinderøy- og Rødbuktbåtene seilte. Merke Julneset på Langskjerhaue, — men her kan ikke styres etter merke; for når en kommer inn fra havet etter dette merke, vil en først treffe Gossaklakjini og Tølkjini, så Langfluin, Håflua og Kvitingsfalla, og så har en på styrbord Oiddan og Oiddeflua. Ertnesskjerleia, der Løvik, Sporsemer og Sætringer seilte. Merke Julneset på Ertnesskjeret, eller Storetnesskjeret midt i Leigda, (Leigda er en fjellfortoning der danner seg derute fra imellom Gjendemstoppen og Eiskrem-ramfloget). Her treffer en flere store undervannsbåer; en passerer imellom Finja og Tølkja, imellom Jøla og Langfluene, imellom Stortaren og Håfallene, holder da bare øst til en passerer Store Ertnesskjer om styrbord.»

Det er eit heilt sjeldan kulturbilete av det gamle fisket i dei ytre Romsdalsbygdene Mads Hukkelberg her gjev ettertida.

Ikkje så lite om dei ymse slag fiska, i elv og vatn, på fjorden og ute i havgarden, får vi greie på hjå Schønning i 1773 og hjå Kraft i 1831. Den fyrste fortel såleis om folket i det gamle Grytten prestegjeld (sjølve Romsdal, Isfj., Innfj., Måndal og Eid): «På fiskeriet i den legges man her ennu temmelig vinn, især på sildefiskeriet. Sild fiskes her med not i Isfjord, i Innfjord på Nordvik-bukten og i Rødvenfjord, hvorhen kommer jekter endog fra Bergen, for å la almuen her fiske for seg, og siden bringe den nedsaltede sild til Bergen. Almuen i Grøttens gjeld farer òg med sine sildegarn


til Nesset, Bolsøens og Agerøens gjelde for å fiske. Den fiskede og nedsaltede sild selges for det meste til de Opplandske, noe også til Molde kjøpstad, og dette gir bøndene, især i Grøttens sogn, anledning til en handel å drive med de Opplandske, som visst er altfor vidløftig, og burde drives ved kjøpmenn. Ti for det første reiser endel like ut til fiskeværene, til Bud især, 5 til 6 mil fra deres hjem, for å oppkjøpe fiskevarer, og disse bringer de siden på vinterføret, dels til Lesja i Gudbrandsdalen, dels også til Hedemarken, til Biri og Vardal (Gjøvikbygdene), hvilken reise frem og tilbake, utgjør ei mindre enn 60 til 70 norske mil. Om dette kan være vår Romsdalske bonde nyttig, må andre dømme, men det tror jeg at for å fremme den innenlandske handel, ville det være meget tjenlig at et lille handelssted ble anlagt på Veblungsnes, eller på Devoll, hvor visse handlende kunne feste bopel for å drive bemeldte og annen desslige handtering.»

Desse tankane til Schøning om fiskehandelen til romsdalingane og hans plan om ein ny by i Romsdal, — ein slik ein som nett no i våre dagar held på og veks fram på Åndalsnes i samband med Raumabana —, er på mange vis forvitneleg. Det fortel oss iser om Schønings store interesse for land og folk, men det fortel oss òg at han ser nokså teoretisk på tilhøva, som livet og naturen sjølv hadde skapt. Slik som han her fortel at det var, det var nok den høvelegaste form for og den mest praktiske måten å greia den tids varebyte på.

Dei viktigaste fiska som vart drivne i denne tida, var v å r t o r s k e f i s k e t, som i dei likaste åra kunne bli drivi jamvel inne i fjordane, såleis i Veøy-gjeldet. Men det var, sjølvsagt, fyrst og fremst knytt til havgarden og øyane, i Aukra og Bud prestegjeld, der Ona, Orta, Bjørnsund, Bud, Drågen, Husøy og Vikane var dei likaste fiskeværa. Dit drog jamt i fisketida bønder frå alle prestegjelda i Romsdal, så nær som frå Nesset, såleis frå Grytten, Bolsøy og Veøy, slik både Schøning og Kraft fortel. Frå fyrsten av vart torsken helst laga til saltfisk, seinare vart tørrfisk og kleppfisk meir vanleg. Sei i fisket vart drivi noko inne i fjordane, men serleg utansunds. Seien vart helst nytta til tørrfisk, og dessutan gav han mykje tran. Kveite- og lungefisket vart drivi om sumaren i åtringsbåtar på Storegga. Til dette fisket nytta dei snøre og måtte gjerne ut på 150 famner djupt vatn. Kveita vart nedsalta og nytta innanlands, «den sel-

ges eller borttuskes på Romsdals marked til Opplendingerne.» (Kraft). Longa vart helst laga til kleppfisk. Bruge fisket tok fyrst til kring 1800 (s. 295), og vart serleg drivi på seinsumaren ute på Storingga. Dei måtte nytta harpunar ved veidinga av brugda. Det var iser for tranlaginga si skuld dei dreiv etter henne. Makrell vart det òg til sine tider fiska mykje av; såleis vart det utført frå Romsdal (Molde) i 1759 489½ tunner, og året etter jamvel 740 tunner makrell. Etter 1800 tok makrellfiskinga ikkje så lite av. Hummar vart det ikkje fiska noko vidare av. Derimot vart det fiska ein god del laks både i fjordane og elvane. I sjøen tok dei laksen med garn om sumaren og om hausten med not. Desse reiskapane, saman med lyster, teiner og sløder, vart òg brukte i elvane og i dei vatna der laksen gjekk, såleis i Eikesdalsvatnet. Rauma og Eira var dei rikaste lakseelvane. I Eira var det vanskeleg å få nokon laks før ut på haustkanten, frå august av, då ho gjerne i juni og juli var for vassrik, slik ho enno er det. Av ferskvassfisk vart des dessutan teki ikkje så lite aure, røyre og ål (serleg i Ora og Gjersetvatnet i Eid). I nokre vatn i Aukra og Bud fiska dei òg gjedde. Vi har greie på at i 1736 sette eigarane av Nedre Frisvoll ut 27 småaurar på ei fingerlengd i Ora vatnet, der det ikkje var aure før. 7 år etter tok dei aurar der som var kring ei aln lange. Dette nemner Schøning som døme på godt og gagnleg samfunnsarbeid. Og slik nyttig gjerning har vori gjord gjennom alle tider. Ein bautastein i Gausdal fortel at bonden Eiliv Alk bar fisk i Raudsjøen omkring år 1000. — Ora-vatnet vart seinare tomt att for aure. Samanhengen skulle vera at i ein storflaum drog auren til havs. Dette treng ikkje vera forklåringa. Likevel hadde sildefisket mest å seia. Vi har før nemnt vårsildfisket, som serleg var rikt i 1750-åra; men òg sumarsildfisket i juli og august kunne slå uvanleg godt til i dei ymse fjordar og vågar i alle prestegjelda, ikkje minst i Fanefjorden. Denne sumar- eller haustsilda var serleg feit og fin. Schøning nemner at folket inne i fjordane fiska nok til husbruk av brisling, makrell, sei, lyr, småtorske, gullfisk, longg, brosm, hyse, bleike, kveite, flundre, skate, svinryt, smelt, ur, aure, strandkarussar o. a.

Vi skjønar såleis at bonden hadde ein god ven i sjøen om åring og avling slo feil, slik det så ofte hende.



«Moldegaards Prøve», på 29. kommercelester (etter akvarell frå 1794). Denne briggen vart bygd på Moldegård i 1794 av H. Thiis Møller. Alle materiala i den er hogne i Moldegård-skogen. Byen hadde då 5 briggar til, størst var «Admiral Tordenskjold» på 70 kommercelester. (1 kommercelest = 2500 kg som skipsmål).

NOKO OM KVA SCHØNING OG ANDRE FORTEL OM FOLK OG TILHØVE I ROMSDAL.

NESSET PRESTEGJELD.

Når ein har greie på sjølve livsgrunnlaget, næringslivet i bygdene, så veit ein òg mykje om folket. Di betre det nyttar ut dei naturlege rikdomane i bygdene sine, di høgre kan ein skjøna det står på alle vis. Og romsdalingane kan ikkje ha vori så verst såleis, etter det vi har sett. Tiltaksevne har det vori, men òg strids-hug når nokon ville freista kua dei. Dette er òg rektor Schönings dom om romsdalingane frå si forvitnelege reis i 1773: «Innbyggerne i Nasset-gjeldet, såvelsom i Romsdal i alminnelighet, er hurtige, driftige, ferme, men tillike gemenligen noe harde og stive. Det forekom meg, som forskjell mellom ansikter, oppførsel, drift og hurtighet på den vestre og østreside av Tiltereidet (dvs. på Nordmøre og i Romsdal) var temmelig kjennelige.» — Denne domen er etter vårt skjøn reit

råkande om romsdalingane jamvel i dag; og nett fordi Schøning har studert folk og tilhøve så godt i Romsdalsbygdene, vil vi, no vi har eit større oversyn, fylgja hans ferd noko nøgnare frå den eine Romsdalsbygda til den andre, for ingen orienterer oss så godt som han. Saman med bispenn G u n n e r u s, som fer på visitasreise i Romsdal, kjem han over Tiltareidet frå Nordmøre, og «jeg så meg alle vegne om etter hva merkverdig her kunne være å forefinne».¹⁾ Det fyrste han merka seg er «en tilforn temmelig smukk og vel innrettet» hage på prestegarden, Nettet. Her var «en hob frukttrær, såsom kirsebær-, plomme- og epletrær, foruten rips- og stikkelsbær». — No han fer der, er diverre hagen mykje forfallen, og han kjem med sterke lastord over dei prestane som har lati forfarast det føremenn i embetet har grunnlagt så godt. «For sådanne burde straff være, liksom belønninger er for de flittige og duelige.» Langsmed hagegjerdet fann han villhumle, og utanfor det «en skjønn furuskog». Han nemner òg at på eit par plassar, på Ranvik og Tjelle, veks gran, noko som er uvanleg i Romsdal og på Nordmøre. Han skjønna ho må helst vera planta der ein gong. Elles nemner han at furuskogane i gjeldet «nå er meget tynne og uthogde». Ved prestegarden stod òg «en del anseelig store piletrær, som ellers her tillands ere meget rare, samt selje-trær».

Dessutan nemner han dei treslaga som veks vilt der, t. d. ask og alm. Om almen heiter det: «Dette slags trær vokser overalt her i gjeldet, og er innbyggerne til stor nytte. Dets bark er, såvel ellers ofte, som især i sist innfallende dyre tider, år 1770—72, blitt meget brukt til brød, især til å blande blant furumelet, for å gjøre den derav eltede deig sammenhengende, hvortil almetreets grener òg kunne brukes, når de blir søndermalte. For resten er melet av alme-bark og alme-kvister meget tjenlig til fôr for hester og kjør; de første blir derved i en hast feite, og de siste melker overflødig deretter» .— Mykje forvitneleg er desse opplysningane om alm- og furumjølet dei laut nytta i naudåra. Endå dei fleste gardane i Nettet-gjeldet er små, finst det då alle stader «skjønne gressganger til fjells, og derved leilighet, til en hop kreaturer å holde, og til feite-varer å avle. Innbyggerne er også gode husholdere, at de, framfor andre i Romsdalen, av deres avling kunne selge, såvel en temmelig del av bemeldte

¹⁾ Vi går ut i frå at dei fleste som les Romsdals Soga, er såpass kjende med dei naturlege tilhøva i Romsdal at vi hefter oss ikkje så mykje med det som er «naturens» verk.

feite-varer, som slakte-kveg, fornemmelig til *M o l d e k j ø p s t a d*.» Jorda ber bra grøde, havren gjev 7—8 foll, bygg både 12 og 14 foll. Bøndene avlar òg litt av eit kornslag han kallar «*h i m m e l - k o r n*», dessutan eit grann rug. «På noen steder i dette gjeldet har man endog begynt med *h v e t e - a v l i n g*, ei uten framgang, hvortil jordarten ei synes ubekvem.» Elles nemner han at jorda er oftast mager, slik at gjødsla berre sit i eitt år. Men ein kan retta på dette med å køyra myrjord utover sandjorda, «tynnere på den hvite, tykkere på den røde sand (aur).» Så skal ein lata ho liggja over vintere minst, deretter slår ein ho godt sund, gjødslar bra ovanpå og sår så i dette. Slik åker skal ha gjevi 18—20 foll bygg og 9—12 foll havre. Om det gamle jordbruket finn ein vidare: «Myrer, etter å være *g r ø f t e t*, og har henligget et par år, kunne behandles på samme måte, og siden med fordel brukes, dog med større fordel til engbunn enn til åker. Myrjord kan også med fordel føres på mose-grodde enger om foråret, og om høsten besåes med *v i n t e r - r u g*, da bunnen derved renses og bærer siden overflødig gress.» I gjeldet avlar bøndene elles «*h a m p*, *h u m l e* og *l i n* til hus-fornødenhet». Dei som er av «fornemmere stand», legg mykje vinn på å dyrka hagevokstrar, såleis «*skjønn blø m - s o m h v i t h o - v e d k å l*.» Dette synest han er gildt, «et godt eksempel for den gemene almue, som vil finne en stor fordel ved samme handtering, især ved kål og røtter». Somme stader veks det ville eple, som er framifrå til mat når dei vert koka, og «dessuten overalt en stor hop hassel-trær, der gir en sådan mengde hassel-nøtter, at dermed en liten handel blir drevet.»

På *N a u s t e* i Eresfjord «ligger en smukk og anselig stor jordstrekning, hvor derfor det 2. trondhjemske regiment til fots holder generalmønstring». Som ein ser, har det vori ein gamal ekserplass her. I *E i k e s d a l* voks det serleg mykje alm og hassel. Ingen stad i fylket før dei etter måten så mange *g r i s e r* som i denne bygda, og bøndene har der den føremonen at dei treng ikkje å gjøda dei, då dei feiter seg i netskogane om hausten. «Det eikesdalske flesk er derfor særdeles godt og velsmakende». Kraft nemner òg dette om det store grisehaldet der, som let seg gjennomføra på grunn av all hasselskogen. Han fortel òg og neteksporten derifrå i denne tida hadde mykje å seia. Det var einskildmenn som i gode år kunne selja over 30 tunner neter. Avsetnaden var god, då «de eikesdalske nøtter er bekjente overalt i det nordenfjelske, som de



Eira-elva, Eresfjord.

fortrinligste av alle». Schøning slår fast det vi før har nemnt om krøterhaldet: Med lauv, skav og kvister av alm, bjørk og rogn «underholdes her også kveget for det meste vinteren over, hvorimot høyet fornemmelig brukes til fôr for hester hvorav hver bonde

gemenlig før 4 eller 5 på sin stall, hvilke selges til fremmede, især til opplendingene». At dette er rett, slår Kraft fast 60 år seinare: «I Eikesdalen er hesteavlentemmelig betydelig, men fra Tresfjorden skal de beste hester i fogderiet fåes. Hestebruket er for øvrig i de fleste egner ubetydelig, og hestene selv små og ringe». — Geitehaldet er òg stort i Eresfjord—Eikesdal, «endog for det meste om vinteren nærer de seg godt i fjellene uten å fores inne». Når det gjeld sauehaldet, ser ein at somme stader, t. d. på Vestnes gard og hjå sokneprest Frost på Nettet, tek dei til med nye rasar, serleg engelsk smale (jfr. 237). Disse gjekk gjerne ute både sumar og vinter. (Kraft). I Eikesdal «er ypperlige gressganger, man holder derfor en mengde kreaturer, hvorfor herfra også selges såvel en god del derav, som av feitevarer. Dessuten drives kornavlingen ei uten fordel. — — Det meste, som her såes, er bygg».

Det er fleire vatn i Nettet-gjeldet, og av desse er somme fiske-rike. Det «største og fornemste» er Eikesdalsvatnet, «hvori fiskes vår og etterhøst, såvel med kaste-net som med garn, laks, ørret, rør og annen små fisk».


Schøning gjev oss òg god greie på folketalet der i 1773. I Rød-sokna var det om lag 70 bønder, i Eresfjordsokna 80 (av dei 12 i Eikesdal) og i Vistdal 47, tilsaman 197, bytt på 104 gardar, «blant dem 8 øde». Samla skyld var 235 våger, 2 pund og 22 merker fisk.

Korntienda i gjeldet var på 330 tunner, altså ein samla produksjon på vel 3000 t., kanskje bort imot 4000 når ein tek med såkornet og det av avlen, som ikkje var tiendepliktig. Når ein veit at

folketalet i 1769 var 1507, kan vi rekna oss til at det i 1773 har vori ei 1600. Såleis har det vori ei avling på om lag $2\frac{1}{2}$ tunne korn på kvart menneske. Om folketalet i 1801 og 1815 kan vi sjå av denne tabellen:

Soknene	Folketalet 1801	Folketalet 1815	Talet på matr-gardar	Oppsitjarar	Sjølveigarar	Leig- lendingar	Husmenn med jord	Takst- summen på gardane i 1802 og 1812
Rød hovudsokn..	745	799	47	79	58	21	63	11,230 spd.
Vistdal	380	424	21	45	40	5	27	6,770 „
Eresfjord	746	803	36	74	60	14	46	13,125 „
Heile gjeldet ...	1871	2026	104	198	158	40	136	31,125 spd.

Fordelinga av sjølveigarar, leiglendingar og husmenn er etter folketeljinga frå 1825, då det samla folketalet i gjeldet var vaksi til 2275, så ein lyt ut frå desse tala slutta ei grann attende til 1815, men skilnaden kan ikkje bli så serleg stor. Talet på husmennene kring 1800 er, slik vi ser det her, svært stort. Det bør seiast at dei i denne tida gjer eit storarbeid til å rydja landet, skapa nye gardar og heimar — eller utvida dei gamle. Det arbeidet som denne samfunnsklassa i det heile har sett inn i vårt lands utvikling, er det vel få som i det heile har tenkt seg eller skjøna på. Elles er det mest forvitneleg å sjå korleis utviklinga her i bygdene våre fylgjer framvoksteren i landet elles når det gjeld bøndene sin overgang frå leiglendingsskap og ufridom til sjølvstyre på eigen gard. Ved 1660 var det om lag 3 gonger så mange leiglendingar (40 000) i landet som sjølveigande bønder (13—14 000). Husmannstalet var då ca. 10 000. I 1825 var det i heile landet om lag dobbelt så mange bønder på eigen gard (59 000) som leiglendingar (31 000). Talet på husmenn hadde om lag 5-dobla seg (jfr. s. 192). Det har visseleg det tilsvarande talet gjort i 1825 i Romsdal òg, men talet på sjølveigarar er i Nesset 4 gonger så stort som talet på leiglendingar (158 mot 40), og det er mest 3 gonger så stort for heile fylket, 1025 mot 377, så det er full grunn ut frå dette til å slutta at folket sat i betre i det økonomisk og var nått lenger i Romsdal enn dei fleste stader i landet elles. Vi kan berre sjå på tilhøva på Sunn-



Stabbur frå Eidsbygda, bygd oml. 1770. No på Romsdalsmuseet i Molde.

møre og Nordmøre for å verta klåre over dette. På same tid hadde det fyrste fylket berre 1116 sjølveigarar mot 2186 leiglendingar, altså reint omsnudd av tilhøva i Romsdal.

Derimot hadde heile Sunnmøre berre 553 husmenn med jord mot 851 i Romsdal. Dette heng vel saman med all leiglendingsjorda på Sunnmøre. På Nordmøre svara tilhøva meir til medeltalet for heile landet; der er det 1147 sjølveigarar mot 677 leiglendingar, men talet på husmenn med jord er her uvanleg stort, — 1193. Korleis dette heng saman, kan vi dessverre ikkje svara nærare på, men denne statistikken syner då at dei sosiale og økonomiske tilhøva må jamt over vera betre i Romsdal — så sant det då er nokon føremon for bonden å sitja på eigen gard. Og det er det då grunn til å gå ut i frå. I «Norsk Bondereising» kan ein sjå Koht mæler bonden si økonomiske evne mykje etter om han er kar til å kjøpa att den jorda

i bygdene, som gjennom så mange hundreår hadde vori ute av hans hender.

Den samla matrikkelskulda for Romsdal var i 1814 1751 våger, 1 pund og 13 merker. Av dette var vel 4 våger kongens jord, utan bygsel, vel 157 våger kyrkjejord, 140 våger låg til presteborda (mensaljord), vel 52 våger høyrde til Reknes hospital, om lag 380 våger er proprietærjord, og vel 1023 våger er sjølveigarjord. Sjølveigarjorda i Nettet-gjeldet er på 159 våger og 9 merker og av benifisert jord (embetsjord) er det 48 våger og 2 merker, så det kan ikkje vera noko vidare proprietærjord der.

VEØY PRESTEGJELD.

På Veøy, på sjølve øya, fortel Schøning at det var ein større skogbrand i 1766, som òg heldt på og skulle gjera det av med kyrkja og prestegardshusa. Her er ikkje meir dyrka jord enn den som Veøykaupangen stod på før (sjå R. S., I, s. 186) og som no utgjer prestegardsbøane. Denne jorda var «tilforn» så slett dyrka at dei berre kunne så ei 2—3 tunner korn der, og dei hadde ikkje fleire enn 6 mjølkekyr; «men stedets nåværende sokneprest, herr prost R ø r i n g (prest der frå 1741—1789, visstnok i lenger tid enn nokon annan Veøyprest) har således forbedret eng og åker, at her nå kunne såes 12 til 14 tønner, holdes 20 melke-kyr, foruten smått kveg og tvende hester». Han finn at her er fyrsteklasses jord, og serleg «himmelbygg» gjev rikeleg grøde, 14—15 foll. Men endå meir mon finn han i h a g e s t e l l e t på Veøy: «Her er tvende hager, en rar ting her til lands, i det minste hva forrige tider angår. Den ene er en frukt-, den annen en kjøkken- og blomsterhage». Forutan kirsebærtre og epletre er det òg p l o m e t r e i prestehagen. To av epletrea hadde stundom gjevi 12—14 tunner eple. «Av røtter og maturter så jeg her skjønne, store pepperrot å vokse, asparges, rødbeter og andre gjengse hageurter». Av blommar var det nellikar, roser og y. a. Vidare fanst her stikkelsbær, raud og kvit rips m. m. «samt hyldeetrær, som her til lands ei er meget gjengse og sjelden bære modne bær, hvilket dog skjedde, i året 1773 især, såvel her som i Trondheim. Brombær-busker vokser her på Veøy likeledes ville, men bærer sjelden modne bær, dessuten en mengde av nyper eller ville roser, hvis bær er særdeles skjønne

og store. — — De med potatos her gjorde forsøk er skjedd med fordel, og foruten dem vokser her et slags ville jord-nøtter.» Dette er vel fyrste gongen vi med visse veit om potetdyrking i Romsdal (jfr. s. 241 fg.). Av andre vokstrar eller tre nemner han kaprifolium, som veks vill, hagtorn og lønn. På Sekkenes har òg «tilforn en smukk hage vært anlagt, og denne besatt med atskillige frukttrær. Av dem er ennå en del epletrær tilovers, som bærer en mengde epler, samt valnøtt-trær, som ofte bærer modne nøtter». Denne hagen er frå den tida Sekkenes var futegard (s. 151). På Vestad, som også ligg på øya Sekken, var det òg i det 18. hundreåret ein gamal hage. Vestad var i lang tid embetsgard. Her budde såleis sorenskrivar J. Thue, som døydde i 1711. Seinare åtte Ludvig Iverssønn Munthe, tollar i Romsdal, og løytnant Meldal garden. Det var jamnast slike kondisjonerte som førde hagebruket inn i dei ymse bygdene våre.

På øya Sekken «oppholder seg ennå en temmelig del hjorte, samt en mengde harer». Schøning nemner òg Hangholmen nær Veøy, «søm skal være brukt til rettersted for tyve».

I 1589 var den korntienda som fall på presten 80 tunner i Veøy-gjeldet (det omfata då òg Nettet og Bolsøy). Den samla korntiend var altså då 240 tunner (80×3), mogleg 320 (80×4) og heile kornproduksjonen truleg kring 3000—4000 t. Om kornavlén i 1724 kan ein sjå s. 240. I 1773 er korntienda (samla) berre frå Veøy-gjeldet (Bolsøy og Nettet frårekna) 600 tunner, heile kornavlinga truleg kring 7000 tunner, så ein kan rekna med ein fin framgang for korn dyrkinga i desse bygdene i det 18. hundreåret. «De beste jordbrukere er innbyggerne av Tresfjorden, hvilke såvelsom de i Vestnes sogn, også drive heste-prangeriet temmelig sterkt, med hester som de dels selv oppföder, dels kjøper fra Sunnmøre». Om folk og busetnad får vi vita at i året 1773 var det 63 gardar (av dei 3 øydegardar) med 117 bønder i Veøysokna. I Rødvensokna var det 24 gardar og 51 bønder, i Vestnes sokn 46 gardar (2 øydegardar) og 100 bønder, i Tresfjord sokn 33 gardar (1 øydegard) og 86 bønder, tilsaman 166 gardar og 354 bønder. Dessutan var det 48 husmenn med jord og 29 strandsitjarar eller busetar («inderster»), tils. 77. Saman med dei 354 gardmennene vert det samla tal 431 huslydar i Veøy prestegjeld. Etter folketeljinga frå 1701 (berre hankjønn) er det 18 husmenn i Veøy sokn og 11 i Rødven. I 1825

er det 68 i Veøy sokn, 53 i Vestnes, 36 i Tresfjord og 10 i Rødven, tilsaman 167. Av dette kan vi sjå at i heile denne tidbolken er husmannsklassa i Veøy (og Romsdal), som i landet elles, i sterk stiging. Dette heng saman med, slik vi før har nemnt, den ålmenne økonomiske framgangen og at folket må finna seg rom på bygdene og i heimlandet. «Amerika-utflytting» er det ikkje enno, og byane dreg òg etter måten berre få til seg. Dessutan vert høvet mellom husbonde og husmann greitt og tydeleg lovfest med forordningar frå 1750 og 1752 og ei anna frå 1792, så husmennene



Erik Røring, sokneprest i Veøy 1741—89.

i det heile kan sitja så nokolunde trygge på plassane sine. Alt i 1750-åra vart det slegi fast at dei husmennene, som sjølve åtte husa på plassane, skulle få betaling for desse etter lovleg takst når dei flytte frå plassen eller døydde. Vidare heiter det at plassar som vart rudde i utmark eller av «stenhauger, tørre rabber og myrslette» skulle vera sikra husmannen og enkja hans slik at dei ikkje kunne seiast opp når dei elles fylte sine plikter. Slike plassar skulle òg vera fritekne for skatt, noko som vart medteki fordi styremaktene alt då skjøna på det arbeid husmennene landet rundt hadde sett inn — og sette inn — når det galdt nyrudningsarbeidet. I forordninga frå 1792 står det m. a.: «På det at de norske husmenn, hvis flid så meget har bidradd til å oppdyrke landet, kan beskyrmes mot undertrykkelser — — blir herved alvorligen innskjerpet, ikke alene de bud (eldre vedtak) — — men det befales ennvidere at uaktet det heretter som hittil skal være overlatt til vedkommende jordrotter ved frivillige foreninger med sine husmenn, der nedsetter seg innen gårdens innhegninger, å fastsette sådanne vilkår, som på begge sider finnes tjenligst,

så skal dog husbonden være villig til under sin hånd å meddele enhver av disse husmenn en s e d d e l, hvori de vilkår, ved hvilken plassen er ham overdragen, nøyaktigen fastsettes — —. Forsømmer noen jordeier å etterkomme dette, da skal han i tilfelle av rettergangs trette skulle reise seg mellom dem angående dennes besittelsesrett, ansees å ha leid husmannen plassen på hans og enkens levetid». Dette påbodet var naudsynt; for husmennene hadde gjennom tidene jamt over lidi mykje urett og vori utsette for så ymse overgrep av jordherren eller bonden.

Vi kan ikkje i dette arbeidet gå noko vidare inn på husmennene si stode i bygdene våre, men når soga om dei vert skriven, som ho verkeleg bør bli, så vil mang ei lidingssoge møta oss frå folk i denne samfunnssklassa ned gjennom tidene; samstundes vil vi då rett kunna få skjøn for kva nett denne klassa har gjort av samfunnsgagnleg arbeid gjennom hundreåra både i Romsdal og i landet elles.

Eit oversyn over folketalet o. a. på denne tida i desse bygdene får ein av denne tabellen:

Soknene	Folketalet 1769	Folketalet 1801	Folketalet 1815	Matrikulerte gardar	Oppsittjarar	Sjølveigarar	Leig- lendingar	Husmenn ¹⁾	Takst- summen på gardene i 1802 og 1812
Veøy h.sokn.	1177	1079	1090	62	120	85	35	68	19,320 spd.
Rødven anneks		374	388	24	47	29	18	10	7,740 „
Tresfj. (Sylte) an- neks	1239	750	791	33	89	85	4	36	15,840 „
Vestnes anneks		709	847	45	97	89	8	53	15,340 „
Heile gamle Veøy- gjeldet	2416	2912	3116	164	353	288	65	167	58,240 spd.

¹⁾ Talet på jordbrukarar og husmenn er frå folketeljinga 1825.

GRYTTE PRESTEGJELD.

Frå Veøy fer Schøning til Grytten «et av de største og vidløftigste prestegjeld i Norge». Noko av det fyrste han merkar seg, er flygesandplaga, «som få steder nordenfjells finnes i mengde eller gjør skade, men just på dette sted, her i Romsdalen, har tatt sitt

sete». Og han gjev «de østlige og sydlige vinde, som man her kal-
ler Raumevind», skulda. Serleg var sjølve prestegarden utsett.
Likevel «så man også her en smukk have», som presten I. I.
S c h a n k e, som var prest der i 1740-åra (sjå seinare), hadde arbeidt
mykje med. I denne fanst det «foruten de sedvanlige kjøkkenurter,
og foruten en temmelig del frukttrær», såleis eple-, plome- og kirse-
bærtre, og ei mengd bærbuskar, og ymse meire sjeldne treslag,
m. a. «en temmelig del smukke asketrær, her plantet av velbemeldte
Hr. Schanke». Furuskogen er uthoggen i dalen (s. 147), elles
er det berre øvst i bygda at det har vori noko vidare av honom òg.
På garden Sletta veks òg nokre få graner. Då det i det heile er lite
skog i denne dalen, «så setter man ei her kornet på de ellers bru-
kelige kornstaur, men i små traver (trevar=24 kornband) på åk-
rene for å tørres». Schønings interessante opplysningar om Roms-
dalsmarknaden har vi fortalt om s. 162 fg.

Den 24. sept. dreg Schønning frå Grytten og utover til futen J. E e g
på Gjermanes. På attendeferda fortel han m. a. frå Innfjorden at der
oppe i dalen straks etter 1600 gjekk eit veldig steinras, ein heil ha-
mar gleid ut «og fylte således den hele dal med stene og sten-
urer, at nå er veien derover nesten ei å passere». Raset øydela ein heil
gard; av folket berga berre kona seg og eit lite barn. Vi nemner
dette, utan vi har hatt høve til å kontrollera om tid og tilgang er
rett. Folket i M å n d a l e n har gjort eit rett godt inntrykk på
honom: «Innbyggerne i dette sogn fortjener megen ros for deres
flittighet og arbeidsomhet og ei mindre for deres
skikkelige oppførsel og redelighet.» Så snart som
våronna er over, reiser den største flokken av mennene i bygda
«bort til Trondhjem (dvs. Trøndelag) og andre steder, hvor de lar
seg leie til arbeid, især til å utskjære grøfter, diker,
vannledninger og dammer, hvori de til dels er ei mindre
behendig enn hurtige; de blir borte fra deres hjem inntil
høyslåttan skal gå for seg.» Måndal er siste bygda som høyrer
til Grytten prestegjeld.

Schønning finn at «åkerdyrkinga og kornavlinga i gjeldet anselig
har tiltatt, tillike med folkemengda,» sidan 1589; for då var pre-
stetienda av korn berre 20 tunner, men i 1773 var ho «etter en med
almuen sluttet accord» på 150 tunner. Den gamle korntienda vart
såleis $150 \text{ t.} \times 3 = 450$ tunner, og heile avlinga noko over 10 gonger
så mykje, om lag 5000 tunner. Jorda finn han var «temmelig frukt-

bar, så at bygget gir 6, 8, 10 til 12 foll, havren 5—6 til 7 foll. Men novert det sått mindre med bygg enn før av den grunn «at denne sæd utfordrer mere gjødsel enn havren, og at dens halm er ei så god til fôr for creaturene som havrens, ei heller den møkk, der etter den faller, så god som etter havrehalm. Hertil legger man ennå en annen årsak, nemlig at hvor kun 1 tønne bygg kan såes, kunne 2 til 3 tønner havre såes, hvilken årsak synes å være temmelig på steder, hvor kun lite åkerland gis. På rød mold bruker man å gjødsle med t a n g, men hvormed må bestandig fortfares; på sandjord og rød aur med m y r, som er vel tørret og blandet med litt møkk.» I gjeldet har dei elles drivi det så vidt med korndyrkinga at i nokolunde gode år har bøndene kunna selja litt korn til andre bygder. «Men åkerdyrkingens fremgang hindres her, som på en del andre steder, meget ved den frykt eller innbillig at med gårdens forbedring deres s k y l d skulle forhøyes.» Dette er ein mykje forvitneleg merknad; folk var då som no livredde skattane; dei vart fastsette etter skylda på gardane — og bøndene let såleis vera å driva og dyrka dei som dei burde.

Gardane i Grytten-gjeldet er jamt over små. Den største er N e d r e - F r i s v o l l i Eid,¹⁾ der det kan avlast 80 tunner korn, han har 3—4 hestar, «henved 24 klavebundne eller store kveghoveder», 20 geiter og om lag 30 sauer. Dei fleste bøndene er odels- eller sjølveigarbønder. Jordgodset i heile gjeldet er på 413 våger og 10 merker. På somme stader, såleis i Isfjorden og Eid, har almugen ingen ting anna å driva med enn jordbruk, og dei driv det såpass at dei kan selja så ymse, somtid òg korn. «Av hver gård i gjeldet selges gemenlig hvert år 1 par b u k k e r og 1 par f å r, 1 til 2 fjerdingar s m ø r, noe t a l g, men av o s t nesten intet, hvilken bonden selv fortærer; få selge et slakte-naut, noen et svin, som slaktes og bringes til M o l d e, R ø r o s og F o l l d a l s v e r k e t.» Ein skjønner at det var berre så som så med avsetnadsvilkåra for romsdalingane når dei skulle heilt til Røros og Folldalen med grise-slakta sine!

«Tilforn har man her lagt megen vinn på lin- eller h ø r- og h u m l e-avlinger. Men nå er linsæden ganske nedlagt, dels for fare, som man foregir av ildebrann, hvilken dog lett kunne forebygges, dels og fornemmelig, fordi man nå synes å kunne, med mindre umake og arbeid, få så vel det fornødne lin på Romsdalsmar-

¹⁾ Han er på 6 våger eller 3 spann.



Abraham Schielderup, eigar av Moldegård frå 1767 til han døydde 1788. Sjå om fru Karen Schielderup s. 237. Dei var barnlause, men ei adoptivdotter vart gift med Hans Thiis Møller, som fekk Moldegård i arv.

ked, som hampen, hvis avling derover også for det meste er nedlagt. Likeså skjer med humlen, som her med fordel kunne frembringes, men innkjøpes nå,» serleg frå Hedmark. Og så kjem desse hjartelege sanningsorda frå den store fedrelandsvenen, ord som kling aktuelle som dei skulle ha vori sende ut i dag: «En slett husholdning av bonden å gi penger ut for det, som han selv med fordel kunne avle, og tilforn har avlet.»

Som ålt nemnt var «skogbruket i Grytten gjeld nå av ingen betydelighet». Den søm er att «behandles med sparsomhet». På garden Skorga har likevel til det siste vori 2 sager «hvorhen tilforn er brakt tømmer også fra Lesja, 6 til 7 mil nedad Romsdals elv (Rauma)». Desse var visstnok nedlagde no, for «den siste som drev derpå, var Nils Pedersen, kjøpmann i Molde». I Korssokna er Kleivesaga, i Henssokna er Henssaga og Kolflåttsaga, og i Eidsokna ei sag i Hamreelva. Ved sida av tölle veks det i Eid òg ei mengd alm og bjørk. Bjørka vert helst nytta til ved, «som føres herfra, liksom også fra Rødven-fjord, fornemmelig til Molde. Dit hen bringes også en del tønner. Halvtønner og fjerdingar fra Romsdals-

gjeld, og her virkes tillike lerreter, dreiler (tjukt mønstra liny), vadmél, strømpér, vanter, rødt ullent tøy, det meste alene til husfornødenheter, når man unntar vadmél, hvorav en del selges til andre». Heimeorka ser såleis ut til å hatt ein heller brei plass i bygdene, inkje minst når det gjeld kvinnfolkarbeid. Heilt slutt med linlaginga kan det då heller ikkje ha vori enno.

Som vi veit, er det lite av jarnmalmar i Romsdalsfjella. Då Alsing dreiv Osen jarnverk, fekk han malmen til dette frå Sunnmøre. Men Schøning fortel oss at på Mjønaset på garden Straume i Eid, vart det broti ut «en temmelig del jernerts og nogle jakteladninger derfra førte til Osen jernverk, hvor samme ble smeltet, men denne erts befantes å være ringe, og derfor ble intet mere derav opparbeidd.» Schøning fortel òg ymse om fiske i elv og vatn, fjordfiske og havfiske (s. 258).

Ein annan ferdamann (Sneedorf, s. 276), som reiser i Romsdal stutt tid etter, er i røynda den verkelege oppdagaren av den herlege Romsdalsnaturen (jfr. s. 206). Endå han ingen elsker var av sjøen, var honom turen inn til Grytten «så behagelig og egnen omkring så smukk, så majestetisk, at det forsonet meg med oceanet. For en reisende kan intet herligere og mere majestetisk prospekt tenkes enn denne dal — rundt omkring de himmelhøge fjell, belagt med evig snø».

Om folketalet og busetnad i gjeldet får ein vita dette: Heile gjeldet er på 5 sokner. Folkemengda har her, som i dei andre bygdene, auka mykje i dei siste hundreåra. I 1589 var det berre 150 bønder i heile gjeldet (sjå s. 56). Men no er det i Eidsokna 17 gardar (ein øydegard) og 28 bønder, i Isfjorden er 27 gardar (4 øydegardar) og 44 bønder, i hovudsokna Grytten er 35 gardar (3 øydegardar) og 50 bønder, i Kørssokna er det 25 gardar (3 øydegardar) og 33 bønder og i Vollsokna 31 gardar (ingen øydegard) og 80 bønder, tilsaman 135 gardar, 11 utan folkesetnad, og 235 bønder. Schøning undrar seg over alle øydegardane, noko som «synes besynderlig»; men den næraste årsak til det «ligger vel fornemmelig i den, såvel her som på en del andre steder, vedtagne skikk at formuende bønder tilkjøpe seg flere gårder en de selv påbor, hvilke de bruke som avlsgårder, eller med tiden forandre til ødegårder, hvorved liksom disses tall tiltar, så må bønderne i samme forhold avta. Sjele-antallet i det hele gjeld er nå omtrent 2000, visst et ringe og alt for ringe antall i så vidløftig en strekning». Ein tabell orienterer noko nærare om folketalet o. a. i slutten av tidbolken:

Soknene	Folketalet 1769	Folketalet 1801	Folketalet 1815	Matrikulerte gardar	Oppsitjarar	Sjølveigarar	Leig- lendingar	Husmenn	Takst- summen på gardane i 1802 og 1812
Grytten h.sokn ¹⁾ . . .		630	615	33	51	42	9	45	12,815 spd.
Voll anneks	556	644	589	32	71	65	6	41	11,510 „
Eid „	260	305	296	17	29	25	4	24	6,560 „
Hen „	1158	498	493	27	61	54	7	60	9,300 „
Kors „		352	453	27	41	41	0	39	6,775 „
Tils.	1974	2429	2446	136	253	227	26	209	46,960 spd.

¹⁾ Grytten er med i talet for Hen og Kors sokn. Her har vi eit godt høve til å kontrollera Schøning. Han seier at folketalet i 1773 er om lag 2000. Det må høva godt når talet 4 år før, etter folkerekninga, er 1974.

Det er fleire ting som undrar ein her, fyrst og fremst at folketalet har gått ikkje så lite attende i alle soknene frå 1801—1815, så nær som i Korssokna, der det er ein forunderleg framgang — på 101 menneske. Vi skal snart sjå at det er endå verre i Aukra prestegjeld, der det samla er ein attendegang på 71 menneske i desse 10-åra. I Grytten er det då ein framgang alt til samanlagt, men berre på 17 menneske. Det må vel helst vera dei låke naudåra frå og med 1802, verst i 1807, 1811 og 1812, som har vori årsak til dette. Dessutan kom så krigen 1807—1814. Påkjeninga er tydeleg å sjå av folketalet i bygdene. Mykje underleg, ja, reint uskjonleg, er folkevoksteren i Korssokna. Andre forvitnelege ting tabellen syner, er at det er så mange sjølveigarar og husmenn og så få leiglendingar. I Korssokna er jamvel alle bønder sjølveigarar. I somme bygder, såleis i Isfjorden og i Korssokna, er talet på husmennene berre 1 og 2 færre enn på oppsitjarar. Når vi ser dette, kan vi setja oss lettare inn i kva husmannsskipnaden i det heile har vori i landet vårt. Elles må vi som nemnt, hugsa at talet på husmenn og gardbrukarar er frå folketiljinga 1825. — Den samla skyld i gjeldet er 396 våger; 303 våger er sjølveigarjord, 57 våger er benefisert jord, og resten er proprietærjord.

Gjermanes, der no futen J. Eeg budde, har både som sæte for futane og som storgard og føregangsgard i fylket når det gjeld jordbruket, hatt så mykje å seia at vi vil òg ta med noko av det Schøning fortel om denne garden: «Den er ennå en av de største

og beste gårder i Romsdal, på hvis dyrkelse nysnevnte fogd (J. Eeg, jfr. s. 197 fg., det som er fortalt om faren, Børge Eeg) har anvendt megen flid og bekostning. Der er nå en frukt-, en blomster- og en kjøkken-hage. Her vokser aprikoser, men som sjelden blir rett modne — det skjedde dog i 1773, da de ble temmelig modne —, keiserinner, pergemutter og andre slags pærer, her vokser likeledes kaviller og en hop andre epler, dessuten pund-kirschen, mai-kirschen, hvite og spanske kirsebær osv. En skjønn høy hekk så jeg her av hassel-trær. Lystkvarterene i blomster-hagen var omsatt med buksbom, og navnetrekk derav gjorde; der stod òg tvende store runde kuler, og andre små trær av samme. Man har her frembrakt meloner, som har veid 8 mark. Fogden Eeg har holdt gartnere og derved brakt det her så vidt; nå bruker han dertil en bondekarl, som han av hine har latt opplære. Fogden har ellers i andre måter meget forbedret sin gård. Han kan på den nå holde 10 a 12 hester, 50 melkekjør og derover, så 30 tønner og høste deretter 200 og 250 tønner (korn). Under gården er en holme, på hvilken en mengde måker legger egg og unger; derved gjødes holmen, som nå bærer noen lass høy. — Fra gården ned til sjøhusene, et temmelig langt stykke, er her en allé, av ask, bjørk og piletrær.»


Dette er ei sers forvitneleg skildring av hagebruk i Romsdal for snart 200 år sidan.

Frå Gjermanes går ferda til Vestnes, «som tilforn har vært tollsted, også en tidlang etterat Molde var blitt ladested». Vi har alt synt at Molde alt frå om lag 1600 var tollplassen i Romsdal, så det er i minsto ikkje rimeleg at Vestnes har vori det etter denne tida. Det er mogleg at det har vori det ei tid før. To tollplassar kan vel òg tenkjast for ei tid. Forutan det som er nemnt før om Vestnes (under Veøyggjeldet), skal vi her berre ta med dette om Tomrefjorden: « $\frac{1}{2}$ mil lang, er dyp, smukk og har vel bebygde gårder. Her fanges en mengde østers».

BOLSØY PRESTEGJELD.

Det meste av det Schøning fortel om Moldegård og Osen jarnverk har vi alt fortalt om s. 195 og s. 228. Her skal berre nemnast hagen på Moldegård: «— en temmelig smukk, skjønt nå noe

forfallen hage, hvor at skil-
lige frukttrær, især
kirsebærtrær av 7 sorter.
Ingensteds har jeg sett
større kirsebærtrær enn
her, blant dem ett især, hvis
nederste stamme var vel 1
alen i diameter. Her stod
også eple- og pæretrær. Her
vokste også skjønn kål,
hode-, blom-, savoy-
og rotkål, den siste av
usedvanlig størrelse». Ym-
se opplysningar Schøning
gjev om Molde, skal vi koma
attende til i bolken «Molde
kjøpstad». Om folketa-
let får vi vita at i Bolsøy
hovudsokn, som òg Molde
by fell inn under, er det 57
gardar og 96 bønder eller
tiendepliktige. Byen har ei
800 «sjeler» bytt på 200 hus.



Frå Fanestrandvegen (Angvik—Molde).

I 1796 hadde byen 896 menneske, i 1807 803, i 1825 berre 750, ein
ikkje liten attendegang. Kleive anneks har 52 gardar og 75 bøn-
der, tils. 109 gardar og 171 bønder omfram husmenn og strandsit-
jarar. Av øydegardar var det i 1773 6 i Bolsøy og 1 i Kleive.
Denne tabellen gjev eit oversyn over folketal og tilhøve i gjeldet
kring 1800-talet:

Soknene	Folketalet 1769	Folketalet 1801	Folketalet 1815	Matrikulerte gardar	Oppsittjarar	Sjølveigarar	Leig- lendingar	Husmenn	Takst- summen på gardane i 1802 og 1812
Bolsøy h.sokn ¹⁾ . . .	1384	892	922	57	101	79	22	83	20,990 spd.
Kleive anneks . . .		712	750	52	82	60	22	63	9,315 „
Tils.	1384	1604	1672	109	183	139	44	146	30,305 spd.

¹⁾ Molde er ikkje medteken her.

Her må ein òg hugsa at talet på oppsitjarar (gardbrukarar) og husmenn er frå folkerekninga i 1825. Talet på husmenn er her som i Grytten etter måten mykje større enn i noko anna gjeld i Romsdal. Den samla matrikkelskylda er på 182 våger. 94 av desse fell på sjølveigarane, heller lite etter talet på dei, 46 våger er benefisert jord, resten er proprietærjord.

Fredrik S n e e d o r f, professor i historie og statistikk ved universitetet i Kjøbenhavn, gjev frå ei reis gjennom Bolsøy til Molde i 1790 ein liten gløtt inn i tilhøva i dette gjeldet; han kjem frå Nordmøre over Angvika, det er i juni, men reine griseveret. 4 mann hadde rott han over fjorden: «Fra Angvik til Molde er 5 mil og 5 skyss-skifter. Veien går meget like uten kroker, noe som er sjelden i Norge. Men den er særdeles steinet, noe som er dobbelt hardt for en som reiser med vogn og har ennå hundre mil å reise på denne måte. Hvert puff angrep både sjel og legeme. Meget gjestfrie og godlidende folk. Overalt røykstuer.

På Heggem kom vi inn og bad om noe å spise. Skorsteinen (gruva) var midt i stua. Omkring den noen raske, reine, voksne og rød-mussete drenger og piker. Kona i huset løp ut, kom inn med en korg og en serviett, brakte flatbrød og kaker, smør, ost og melk. Men jeg må rent ut tilstå, at så gjerne jeg de fleste steder kunne leve med de norske bønder, så var dog dette flatbrød og denne kake her meg ganske uspiselig, og en dansk skofte (det grøvste brød av rug eller blandingskorn, som serleg vert nytta til hestane) ville ha smakt meg bedre enn denne kake».

Ein ser at dette er ein heller fin dom om folk og tilhøve. At han ikkje likte brødet, treng ikkje seia så mykje. Fyrste gongen ein et annan mat, enn den ein er van med, fører ein ofte til å fella domar ein sidan finn urette. På Molde vart Sneedorf motteken av dr. Goldt, som var hospitallækjar og gamal studiekamerat frå Kjøbenhavn, og dei hadde eit par gode dagar saman der før Sneedorf dro vidare til Grytten og opp gjennom Romsdal. I Grytten var han gjest hjå soknepresten Wilse, var med i eit bryllaup der og likte seg framifrå. På Molde vitja han bl. a. Reknes hospital, der det då låg 32 sjuke, dei fleste hadde spillesykja (var spedalske).

Vi får vita av Sneedorf at Romsdal no hadde eit par vegar, der ein kunne koma fram med v o g n: opp Romsdalen og mellom Molde og Angvik. Den siste var iallfall nylaga, og var truleg den beste i Romsdals amt. P o s t r u t a mellom Bergen og Trondheim gjekk

no her og vidare gjennom Surnadal nordetter; søretter gjekk ho frå Molde med båt til Vestnes. Det var Hannibal Sehested som freista organisera det fyrste poststellet i landet, i 1640-åra. Men ruta over Osmarkane er ny. — Frå 1665 hadde det vori to vegmeisterar i Noreg, den eine for landet nordan Dovre. Generalvegmeisteren nordanfjells seier i ei melding frå så seint som 1740 at den rette kongevegen (jamfør om kongevitjingane) førde frå Orkdal over Surnadal, Stangvik, Tingvoll og til Romsdal over Tiltareidet, og frå Nesset med båt til Vestnes. Gjennom Sunnmøre fór dei så skiftevis med båt og vogn eller ridehestar — over Vatneidet, Syvdeidet og Mannseidet. Over dette siste eidet var det i minsto ikkje køyreveg i 1733 då kong Kristian 6. fór der. For det heiter at det vart laga «en maskine som en bærebår» for dronninga og vermor hennar, «og de ble ved bøndene frembrakte». Biletet s. 207 skal vera frå Mannseidet. Kongen sette seg til hest, men måtte ofte stiga av og nytta føtene.

AUKRA PRESTEGJELD.

Frå dei ytre distrikta har òg Schøning ei mengd å fortelja; det meste av det som vedkjem næringslivet, gjeld fisket og om uåra i tidbolken, og om dette kan ein sjå ovanfor.

Om jordbruket får vi då også vita litt — og her er prestane føregangsmenn, som i dei fleste bygder. I 1589 kunne dei på prestegarden berre så 10 tunner og hadde ikkje fleire enn 12 mjølkekyr, i 1773 sådde presten 20—22 tunner og hadde 45—50 mjølkekyr, noko ein lyt seia er ein fin framgang. Dessutan var det på Aukra prestegard ikkje så få hagevokstrar av ymse slag. Eit interessant døme på korleis dei òg i denne tida kunne nytta ut ein mager natur, er dette: På ein holme nord for prestegarden var det «tilforn nesten blotte stenklipper, men en av Akerøens forrige prester, Herr Breyer, lokket dithen måker og andre sjøfugler ved å frede holmen og skaffe dem der rolighet til å utklekke deres unger. Den rolighet betalte de med deres skarn, hvormed de således har gjødet holmen, der er av måtelig strekning at den gir 50 lass høy og derover, samt når høyet er avslått, et fett beite for kveget om høsten». — Da Daniel Ramus, far til Jonas og Melchior Ramus (sjå nedanfor) døydde i 1654, vart enkja hans året etter gift med den nye soknepresten, Hans Breyer. Han var fødd i 1625 «på en

nordfarerjakt» og døydde i 1704, etter å ha vori prest i over 50 år og prost i 43 år. Han vart personell-kapellan i Aukra i 1652, sokneprest der i 1654 og prost i Romsdals prosti i 1656. For si tid var han, slik vi alt har fortalt noko om, ein interessert og svært drivande jordbrukar, truleg den som har størst æra for den store framgangen i gardsdrifta på Aukra prestegard. Og han fekk bøndene til å ta etter. I samtida vart han kalla for «Romsdalens Columella» — etter Lucius Columella, ein kjend romersk jordbruksforfattar, som levde i fyrste hundreåret etter Kristus. Breyer skal òg ha vori ein dugande sjømann. Når han skulle ut i annexsa, styrde han gjerne sjølv båten. Embetet sitt styrde han òg med sjeldan dugleik, og det går ord om han endå kor snill og gjev mild han var mot dei fattige. Han skulle såleis jamt ha ståande mat i borgstova for folk som kom til prestgarden. Lenge hekk det portrett både av han og kona i Aukra kyrkje, men dei er no bortkomne. Han var då ein eldre mann «med snøhvitt hår og skjegg». Under stod ei latinsk innskrift, som — etter Parelius — lydde: «I 1688 tre og seksti år gammel. Den som setter sin lit til Gud, beskjemmes aldri». Under biletet av fru Ramus-Breyer stod m. a.: «Tvende ganger lykkelig reddet av ilden». — Kapellan Jens Christenssøn i Aukra (1669—1706) «var i stort utrop for sin kunnskap og ferdighet i å m a n e djevelen».

Schøning fortel vidare at det har vori mykje skog på Aukra før, det syner furustokkane og spikrøtene nede i myra. Det vert sagt, held han fram, «at skogen der er avbrent, fordi sjørøvere der hadde deres tilhold». Dette er ikkje berr laus segn, — vi viser til R. S., I, s. 34 fg. — «På prestegårdens mark så jeg 3 store furutrær, og hos dem en del små å opprinne». Ein skjønar at der var ikkje rart med skog der no i allfall. «Røykstuer har tilforn vært over alt i bruk, men avlegges nå meget», i ser på Harøya. Bøndene i Aukra «pleide tilforn å regne deres alder fra Skotte-året, 1612, noen fra den tid da de svenske hadde Trondheim».

Aukra-sokna har etter matrikkelen i 1773 71 gardar, 1 øydegard og 168 bønder; i Vågøy 65 gardar, 5 øydegardar og 145 bønder, tils. 136 gardar og 313 bønder. Vi får vita at på Ona var det attendegang i folketal i denne tidbolken (det hadde i 1589 20 bønder, medan Sandøy då berre hadde 8) slik at kapellet i 1708 vart flutt til Sandøy, der det i lang tid inga kyrkje hadde vori, endå folketallet hadde auka så sterkt der. Til nærare orientering nyttar vi atter ein tabell:

Soknene	Folketalet 1769	Folketalet 1801	Folketalet 1815	Matrikulerte gardar	Oppsitjarar	Sjølveigarar	Leig- lendingar	Husmenn ¹⁾	Takst- summen på gardane i 1802 og 1812
Aukra hovudsokn.	} 2104	1545	1044	58	140	62	78	65	16,300 spd,
Sandøy anneks .		} 1189	411	10	41	29	12	9	3,730 „
Vågøy — .			1208	67	154	98	56	53	18,950 „
Tils. .	2104	2734	2663	135	335	189	146	127	38,980 spd.

1) Talet på gardbrukarar og husmenn er frå folkerekninga i 1825.

På gardar som no høyrer til Sunnmøre, var det då 42 menneske i 1801 og 41 i 1815, bytt på 3 matrikulerte gardar.

Som ein ser, så dominerer leiglendingar og husmenn mykje herute; tilhøva er såleis ikkje så gode som i dei indre bygdene. Det skjønar ein òg av at den samla matrikkelskylda er på 405 våger. Av denne er berre 171 våger sjølveigarjord og 64 våger benefisert jord. Resten er proprietærjord.

Om kornproduksjonen her i normal-år og om framvoksteren i jordbruket kan ein slutta ikkje så lite av storleiken på preste-tienda. I 1589 var ho berre på 20 tunner. I 1773 var ho på 170 tunner. Den samla kornavlinga var såleis minst $170 \times 3 \times 10 = 5100$ tunner. Dessutan kjem noko på husmennene og noko til såkorn, så ein kan visst setja heile avlinga til om lag 6000 tunner no — mot ei 600—700 i 1589. Korndyrkinga må såleis på ei 200 år ha 10-dobla seg, medan folketalet visstnok berre har 3-dobla seg. Ein skulle såleis tru at folk jamt over hadde det betre no. (Sjå elles Høyems skildring av tilhøva i Aukra nedanfor). Forvitneleg er den svære folkeauken i tida 1769—1801, i alt 630 menneske.

BUD PRESTEGJELD.

«Fra Akerøens prestegård ligger Bud kirke og fiskevær omtrent $1\frac{1}{4}$ mil mot nord. På fiskeværret bor en gjestgiver, som har kongl. privilegium. Bemeldte kirke tillike med H u s t a d anneks — utgjør nå siden 1754 et pastorat for seg sjøl, men har tilforn vært Akerøens gjeld annekteret, hvorover Akerøens prest har ennå preste-tienden av B u d, presten i B u d derimot konge-tienden av Akerøens gjeld. Tienden av Bud er kun 30 tønner, men av Akerøen 170 tønner. Bud har tilforn vært et av de største fiskevær i Norge,

hvor 400 til 500 båter har ligget for å fiske», (jfr. s. 157). Bud hadde ein liten prestegard; dei sådde der berre eit par tunner korn og fødde 6—7 kyr. Den største garden i gjeldet var Hustad, den gamle kongsgarden (sjå R. S., I, s. 172 fg.). Omkring 1600—1664 var Hustad adeleg sætegard (jfr. s. 196). I den fyrste tida var Jakob Rosenkrands eigar, til han døydde i 1618. Den holsteinske adelsmannen Claus von Thienen hadde så garden til 1624. Etter honom kom Hustad gard og gods i hendene på stathaldar Kristoffer Urne, som døydde i 1664. Sonen Kristian Urne selde året etter eignedomen til Johan Frimann, forvaltar over Halsnøy kloster i Sunnhordland. Frimann dødde i 1706, og gard og gods vart spreidde. Sjølv Hustad og ymse gardar (20) i Vågøy tinglag (56 våger tils.) vart seldé til Johan Testmann, som hadde dei i åra 1707—10. Deretter fekk stefaren hans, amtmann Hans Nobel, ei tid tak på Hustadgodset, men selde det alt i 1711 til soknepresten i Borgund, Knud Mann (s. 195), som i 1713 overlet det heile til Reknes hospital (s. 196). Ennå den rauste gjevaren «lyser sin forbannelse, dersom noen av skjødsløshet lar dette de spedalskes gods forminskes», fann styret for Reknes hospital at det etter kvart laut avhenda all denne jorda. Sjølv Hustad gard hadde det til 1846, då garden vart bondeeeige, bytt på 26 småbruk. Det heitte at Mann tok tømret i den gamle Hustad kongsgard og nytta det til å byggja hovudbygningane til hospitalet på Molde. Det skulle vera så sværande digert tømmer i denne. Vi har diverre ikkje vori så hepne å få nærare greie på den gamle kongsgarden — slik som vi fekk det med gildehuset i Bud.

Alt i fyrste bandet av R. S. fortalte vi ikkje så lite frå Bud og Hustad, etter Schøning, (såleis om bygdeborga Aslakssteinen). Frå Bud og Hustad gjev han oss òg ein interessant glytt inn i reise- og vegtilhøva i tida: — «Jeg tok veien dit hen (til Hustad) til hest, skjønt man berettet meg at den var meget slem. Beretningen herom befant jeg å være ganske riktig. Veien var overalt stenet, myret og moradsig; den lå over større og mindre bergknoller, imellom hvilke ligger mange myrer, dype moradser og jevne planer, dels av myr, dels av stenet mark, nesten overalt igjennomskårne av små bekker og grøfter, over hvilke hesten måtte springe». — Slik som ein finn det var her, kan ein vel om lag gå ut frå det var så mange stader i bygdene våre. Einskilde stader heitte det vegane var bra ved 1800-talet, såleis opp gjennom sjølv Romsdal;

men så snart ein kom over til Lesja var dei ringare. Såleis fortel Fredrik Sneedorf (s. 276) i 1790: «Brude er den siste gården i Romsdal eller i det nordenfjelske på denne side. Straks i det sørn en fjelske forandres veiene og blir så slette, at vi måtte ta 4 karle med oss, da det uten deres hjelp var umulig å komme fram».

Etter kvart som Molde meir og meir vart det sjølvsagde sentrum for det økonomiske livet i bygdene, gjekk det attende med Bud fiskevær både i folketal og i økonomisk makt, noko som kjem tydeleg fram når Schøning fortel korleis det var «tilforn». Og «hva som nå fiskes i Bud, virkes for det meste ei av bøndene selv, men selges straks til kjøpmenn og andre, som lar fisken virke». Elles får vi vita at i «Bud såvel som i Akerø gjeld fanges en temmelig god del østers».

3 år etter Schøning var i Bud, vitja ein tysk naturgranskar, professor i Kiel, J. Fabricius, Romsdalskysten, og han fortel m. a. dette: Bud er ein liten fiskarlandsby ytst ute i Romsdal. Med vårfisket dette året var folk lite nøgde, og alle stader høyrde ein klager over at silda ikkje hadde sigi inn mot land. Likevel såg vi der mykje fisk opphengd til tørkings, serleg longe og torsk — —. Landskapet kring Bud er visstnok berglendt, men likevel grøderikare enn vi elles har sett det på kysten.

Dei hadde berre små jordlappar både til åker og eng. Kornet stod alle stader kring Bud svært dårleg. Dette kjem ikkje så mykje av veret som av det dårlege såkornet. Året før var nemleg sers kaldt. Vinteren kom tidlegare enn elles, slik at kornet vart ikkje moge, men for det meste skori grønt. Hjø dei som hadde visst å få seg skikkeleg såkorn, stod åkeren rett fin. Dei andre leid dobbelt tap. Åkrane deira var elendige, så dei fleste får ikkje att det dei sådde ein gong. — Av sjøplantar finst det utruleg mykje ute ved desse bergfulle kystane, og det undrar meg at folk ikkje nyttar desse meir enn dei gjer. Det er nok så at dei bruker noko til krøterfôr, men dette er ein småting når ein ser på rikdomen av desse plantane. For stutt tid attende tok dei til å brenna eit grann pottaske av taren, slik dei gjer det i Skottland, men det er enno sers lite. Mange plantar kunne visst òg nyttast til menneskeføde. I eit iand der det finst så lite matgrønt, burde ein sjå til å nytta desse noko meir. Mange, serleg ulval, kan ein gode eta.»

Om fiske og åring herute fortel Schøning dette: «Fra 1731 begynte vår-fiskeriet her å bli meget overflødig. Tilforn måtte man

søke skreien (torsken) mange mil ute i havet, men nå kom den tett under landet, endog inn i Julsundet. Årene 1739—41 var dette fiskeri så overflødig at dertil ei kunne fås fartøyer nok. I 1741 drev en mengde hval heile sildeberg mot land, så en kunne fange den på tørt, likeledes sei ufsen. 1742 ennå større fiskeri. I Bjørnsund tok man så meget en ville; men 1743 var det største, især i Rakvågen (s. 251). Silda stod så tykk ved Berset, nordenfor Bud, at dens braken forårsakte hundenes gjøen. I 1744 og 45 også stort fiskeri. Da begynte man dermed òg på Molde. År 1745 og 46 så man hvite hvaler på Hustadvika». Men på land var det uår samstundes i 3 år på rad (1740—42). Folk vanta fôr og folk korn. «I 1741 var sommeren nesten som en vinter. I august hadde havren ei skutt aks. — År 1742 likså hardt.» 10—11 ort for ei tunne havre. Kongen sende eit skip med kornvarer til Romsdal, «men kornet ble underveis fordervet, så det var til liten nytte.» (Jfr. s. 218).

I Bud sokna er det etter matrikkelen 12 gardar, 3 øydegardar og 16 bønder, i Hustad sokn 19 gardar, ein øydegard og 53 bønder, tilsaman 31 gardar og 69 bønder. Dessutan kjem husmenn (16) og strandsitjarar. Sjå elles tabellen nedanfor om folketalet og andre tilhøve kring 1800:

Soknene	Folketalet 1769	Folketalet 1801	Folketalet 1815	Matrikulerte garder	Oppsitjarar	Sjølveigarar	Leig- lendingar	Husmenn ¹⁾	Takst- summen på gardane i 1802
Bud hovudsokn. . .	910	416	387	11	13	8	10	39	2,470 spd.
Hustad anneks. . .		517	509	19	53	15	38	27	5,310 „
Tlls. . .	910	933	896	30	71	23	48	66	7,780 spd.

¹⁾ Gardbrukarar og husmenn er her tekne frå folketeljinga 1825.

Her ser vi òg at talet på leiglendingar og husmenn etter måten er svært stort. Vidare finn vi at folketalet i gjeldet er mindre i 1815 enn både i 1769 og 1801. Det fortel oss at Bud og Hustad slapp like lite fri den låke 10-årsbolken før 1814 som dei andre Romsdalsbygdene. Etter nedgangen i folketalet skulle ein tru at påkjenninga heller har vori hardare enn andre stader her ute i havgarden.

OPPLYSNINGSTIDA I ROMSDAL.

AMTMANN EVEN HAMMER.

Det er kan henda somme som vil undra seg ved ei slik overskrift: Opplysningstida i Romsdal. Folk flest har lesi om opplysningstida i Preussen og Austerrike og Russland, og er såleis velkjende med opplysningsfyrstar som Fredrik den store, Josef den andre og Katarina den andre. Kanskje hugsar dei òg den dansk-norske statsmannen Struensee som ein av same slaget. Men å føra ein norsk amtmann Even Hammer med opplysningsarbeidet hans i Romsdal og heile Møre inn i eit såvore selskap — det må vel lite høva.

Det får våga seg.

I røynda skulle ein viktig historisk tidbolc som ikkje berre grip inn i staten sine ytre styreformer, men trengjer djupt ned i folks tenkjemåte og tilvære i alle landsens bygder, ha større interesse for oss nordmenn enn kva som samstundes går for seg i sudrussiske bygder t. d. Men merkeleg nok: Den fint dana og ferdrelands-huga norske embetsmannen Even Hammer, som i slutten av det 18. hundreåret «regjerte Romsdals Amt», han kjenner knapt nokon namnet på, medan ein Potemkin t. d., vidgjeten som politisk ukjøre og elsker til Katarina den andre, han må i minsto kvar norsk student kjenna noko til! Potemkin hadde alltid opplysningsmannes fasade i orden og var med i ymse av dei arbeid som tida og ånda då kravde det. Men vi kjenner sogene om fusket og fanteskaperen hans — såleis ved kolonisasjonen i Sør-Russland. Han var som ein kunne venta det av ein halvkultivert barbar, av ein sivilisert rus-sar, av ein omsynslaus politkar og brutal elsker. Ein Even Hammer derimot var ærleg og ekte, ein opplysningsmann større enn dei fleste store, ein mann med høg europeisk kunnskap og kultur. Han skjøna jamvel det store sosial lyftet for bondesamfunnet som fysiokratismen, det nye økonomiske synet, bar i seg. (Sjå i ein leksikon om fysiokratismen). Difor hans usløkkjande brennhug for bonden og jorda, difor hans fulle skjøn av samfunnsrett og menneskeverde — det som så mykje berre var talemåtar for mange. — Hammer har òg sitt vesle kjærleikseventyr, men utan ein Potemkins nytjesjue. Han syner ei sjølvtyømying så stor at visste ein det ikkje betre, laut ein stempla det for uverkeleg romantikk reint.

Det er to ting eg gjerne skulle ynskja kom ut av denne vesle skildringa av Hammer og opplysningstida. For det fyrste: å få

auka kunnskapen om den såkalla opplysningstida, syna at ho òg i vårt land var ein veldig realitet, som greip mykje djupare og vidare ned i folkelivet vårt enn vår grunne og spreidde historielesnad har lært oss. For det andre ved å læra slike personlegdomar å kjenna som ein Even Hammer t. d. vil vår ungdom og vårt folk i det heile få mykje rikare og verdfullare kunnskap enn når fantasien skal tvingast inn i Katarinas og Potemkins forunderlege budoarluff.

Som dei fleste veit, blir dei siste 50 åra av det 18. hundreåret vanleg kalla opplysningstida, ikkje berre i europeisk, men òg i norsk historie. Voltaire, den store franske diktaren, er den eldfulle profeten for denne tida. Slagordet var kunnskap, opplysning. Når folka vart opplyste nok, skulle det bli samfunnsrettferd, ålmenn velstand og folkelukke. Dette med opplysning vart reine religionen for mange, for åndsmenn av dei ymse slag, for fyrstar og statsmenn — vi har alt nemnt nokre av dei — og ikkje minst: for dei ymse embetsmenn, verdslege og geistlege.

Denne stemmeleia gjev seg fyrst og fremst praktiske utslag. Dette ser vi tydeleg nok når vi hugsar Struensees to tusen reformer på vel eit års tid. Men fyrst når vi tek til å sjå korleis dei lægre og høgre embetsmenn utover alt riket tek til å kappast om å vera noko og gjera noko for folket, fyrst då fyllest vi av den forunderlege kjensla at opplysningstida var noko uvanleg stort og verdfullt i frammarsjen åt menneskeætta mot betre livshøve og større herrevelde over både seg sjølv og naturen. Berre ein kjenner soga til vår vesle avkrok av verda, Romsdal, vil ein skjønna både noko av ånda og arbeidet. Berre i dette vesle distriktet er det mange, både prestar og verdslege styresmenn, som har sett seg varige minne. Dei lever lukkeleg i den store idéen sin at dei er kalla til føregangsmenn for folket. Og når ein lærer deira arbeid nærare å kjenna, skjønar ein fyrst kor urettvis han er den domen som haugianarar og misjonsfolk av ymse slag i ettertida har velt or seg over «rasjonalistprestane» og «potetprestane» eller kva utnemne dei no fekk. Det verkelege er: Dei var store og gode menn ofte, det vitnar deira gjerningar best om.

Frå Romsdal kan vi namna ein sokneprest Jonas Frost i Nettet, sokneprest Erik Røring i Veøy og sokneprest Wille i Grytten. Kva gjorde ikkje desse t. d. til å hjelpa fram jordbruket — anten det galdt nydyrking, åkerbruk, driftsmåtar, reiskapar,

nye husdyrslag, nye kulturvokstrar, ikkje minst framhjelpa av potetdyrkinga? Korleis vitnar ikkje gamle hageanlegg den dag i dag i Romsdalsbygdene om deira interesse for frukt- og grønsakdyrking? Og kva kan ein ikkje finna av vitnemål — på så ymis vis — om korleis dei arbeidde for skulestellet og folkeopplysninga i det heile? Serleg Erik Røring var skuleinteressert, men òg den lærde presten Wille, som budde i Trondheim dei siste leveåra, der han òg var sekretær i Vitskapselskapet. Og korleis levde ikkje same ånd og tankar i slike verdslege styresmenn som futane Eeg (far og son) eller tollkasseraren og bygdemålsdiktaren Ole Christian Bull? Eller i byfut hadde vori Peter Fredrik Koren på Reknes? Koren hadde kjøpt Reknes i 1774. Han hadde slutta som byfut i Kristiansund i 1769, embetet hans der hadde systersonen Johan Koren Christie fått, far til Eidsvollsmannen. P. F. Koren dyrka mykje ny jord på Reknes, bygde hus og planta alléar og hage, så gården vart reint herskapeleg, noko han òg fekk Det Kgl. danske landhusholdningsselskaps sylvmedalje for. Same ånda finn vi hos den noko yngre Fredrik Motzfeldt, byfut og soreskrivar og i 1814 Eidsvollsmann frå Molde.

Men ingen av dei har så mykje å seia i denne tida som Even Hammer, amtmann i Romsdals amt frå 1773—1800, i 27 år i det heile. Han var fylt av ein usløkkjande eld for alle framgangssaker i tida. Han var òg mellom dei mest ihuga når det galdt å få reisa eit norskt universitet. Det fylgde ikkje bråk med Even Hammer. Stillferdig, men iherdig var han i alt sitt yrke og arbeid.

Even Hammer var fødd på Nes på Hedmark i 1732. Faren var prest. 20 år gamal vart han student frå Oslo katedralskule, der han 4 år etter òg vart lærar i nokre år. I 1758 tok han magistergraden, og snart sa han opp posten sin og for utanlands og studerte ved ymse universitet: Oxford, Cambridge, Leyden, Göttingen og Paris, dei mest vidgjetne vitskapsinstitusjonane i Europa på den tida. Boksamlinga hans vitnar om at han var godt inne i dei viktugaste åndsgreiner i samtida, iser filosofi, naturvitskapar og matematikk. Det er såleis grunn til å tru at Romsdalsbygdene korkje før eller sidan har hatt så lærd ein fylkesmann. Det viktugaste for bygdene vart elles ikkje denne lærdomen hans, men den intime personlege oppleving av alt det nye og innleving i alt det nye som no fata og fengde rundt i Europa. I 1771 gav Hammer ut «Velmente tanker til tenkende borgere». Han kalla seg for Philonorvagus, Noregsven, og

«tolk for mitt kjære fedreland, det arme Norge, der i så lang tid synes å ha vært stedbarn.» Her bar han fram mange norske krav. Dette skriftet skal ha gjort at Struensee fekk augo på honom, så han kom inn i statstenesta og alt i 1773 fekk eit av dei høgare embeta, då han vart amtmann i Romsdal og no retteleg fekk høve til å leggja seg i selen for både det eine og det andre norske kravet,



Årøynes på Fanestranda.

både utetter, mot Danmark, og innerter, i sitt arbeid for bygdene. Han budde fyrst i Molde, men kjøpte snart garden Å r ø y n e s på den vakre F a n e s t r a n d a, der han seinare budde, serleg om sumaren. Her tok han til som drivande jordbrukar og fylgde såleis både «sin personlige smak og tidsalderens svermeri for landvesen, rydning og planting,» som ein historikar seier om han (J. A. Schneider). Lensmann og bonde Sivert Årflot i Volda vart så oppglødd for dette arbeidet hans på Årøynes at han sende amtmanden eit hyllingsdikt hausten 1798.

Diktet var i alt på 14 vers; vi tek med desse 4:

En dag da himlen blank og blid
tillot Auroram¹⁾ å forgylle,
og med sitt smil Romsdalen fylle,
bak fruktrik høst (som årets tid)
jeg med min lille båt henstevner
som første gang til Molde by —
et yndig sted, hvor mange havner,
men jeg litt reisende på ny. — — —

Nevn Å r ø y n e s, det mønster her
hvor Norden kan foredlet blive
og opp mot danske-sletter skrive.
Det sted hvor slik en landmann er
som freder, dyrker og omdanner —
av ørken får et Kanaan.
Hvor lokkende er slike planer.
Herr, landmann, se! Se, hva I kan!

¹⁾ Gudinna for morgonroden = Eos.

Nest at jordbunnen jevnet er
 så at man fritt kan låen svinge,
 har man med flid søkt å bortbringe
 det kalde vann som skadet her.
 For jorlens sumpighet å tørre
 på skrå dens dype veiter går.
 Dess fetere og meget større
 enn før liver sommer engen står.

Romsdalske høvding, sku din lyst.
 Hell ønskes deg av tvende Møre!
 I søndre egner av det søre
 seg hever dette varme bryst
 med hjertets språk på andakts vinger:
 Smil himmel til Herr Etats-råd.
 Alt vel ham skje — og ekko klinger:
 Alt vel skal skje Herr Etats-råd.

I svaret sitt på dette held han fram at jordbruket er det tryggaste økonomiske grunnlaget for ein stat, og det er «en hederlig syssel og en velgjørende kilde til mangfoldige fornødne og nyttige håndteringar».

Det fyrste vi elles veit Hammer fekk gjennomført, var at forbodet mot «tilvirkning av rundfisk», som var komi i 1753 for Romsdal og Sunnmøre, vart avteki. Utførsla av fisken hadde før denne tida hatt mykje å seia for fylket; han gjekk serleg til Holland. Ved forbodet hadde denne marknaden vorti øydelagd for dei, og dei vanta kapital til å handla på andre land. For å fremja denne saka hjå riksstyret ser vi at i 1775 hadde Hammer jamvel fått vitnemål frå 12 større Amsterdamfirma om at Romsdalsrundfisken endå til stod over Nordlandsfisken i kvalitet. Og same året vart det gjevi «Kgl. Commissorium» (fullmakt) til amtmann Hammer, futen Jakob Eeg og sorenskrivar M. Falck til saman med 2 mann frå Molde og 2 mann frå Bergen å gie ei utgreiing og tilråding om saka. Og dei gjorde så godt eit arbeid at det alt straks (1775) kom lempingar i forbodet; men heilt bortteki vart det ikkje før i 1781. Under drøftingane om dette kom det fram korleis dette forbodet var komi opp — ved fusk og fanteskap frå konkurrerande bergenskjøpmenn; i eit brev får vi såleis vita at ein som var førar av ein båt med fisk til Bergen, ved eit slumphøve hadde vorti vitne til korleis bergensarane hadde fari åt for å få stathaldaren Benzons til å tru at Romsdalsfisken var så ring. Dei hadde hoggi over ein fisk som var teken av utskotsfisken og bedi den vyrde stathaldaren å lukta på. Til samanlikning hadde dei så synt fram Nordlandsfisk frå eit parti som var godt.

Frå den fyrste embetstida til Hammer har vi òg skipinga av «Det romsdalske praktiske landhusholdningsselskap». Innbydinga til å skipa dette er frå 1. november 1775, underskriven av Hammer.

I innbydingsskrivet sitt seier Hammer m. a. desse typiske orda

for den store idealitet og sterke samfunnsånd som rådde ikkje berre hos han sjølv, men hos alle dei førande menn i opplysningstida: «Som medlemmer av staten må vi være bekymret og følende over andres viderverdigheter, etterdi samme i en viss grad anrører oss selv. Vår egen sanne lykksalighets befordring bør ha nesten i følge med seg. Uten hin kan denne ikke være til eller bestå.» — Iser gjeld det om «å bestrebe oss for å sette såvel en del blant oss ørkesløse og dovne, dog arbeidsføre hender i virksomhet» som å «undervise, understøtte og oppmuntre de strevsomme å ile til fullkommenhets mål». Fyrst og fremst må ein få sving i j o r d b r u k e t, «da nu jorddyrkinga er den viktigste kunst eller rettere vitenskap som den menneskelige fornuft har utfunnet.» Det skaffar oss ikkje berre det daglege brød til livsens opphelde, men er hovudgrunnlaget for at ein kan få alt det «som utfordres til å gjøre livet bekvemt og lykksalig». Det er òg det tryggaste økonomiske underlag for staten. Velstand blant bøndene «gir liv og styrke til handelen såvel som til studeringer. Hvor åkerdyrkinga ei blomstrer, der visner både kunster og vitenskaper, levnettsmidlene blir dyre, strevsomhet taper seg og vinnskipelighet faller i avmakt.» Fylgja må då sjølvsagt bli «at vi etter evne og med felles nidkjærhet» gjer alt det vi kan for «å opphjelpe en for staten så fornøden, fordelaktig, uskyldig og edel vitenskap som åkerdyrkinga er. »

Dette er hovudmålet til dette laget som verkeleg kom til i gjerning å svara til namn og oppgaver, det vi skal sjå i neste bandet. Men om jordbruket slik «blir selskapets fornemste gjensstand», så skal det heller ikkje forsøma andre næringar eller oppgaver. Det skal såleis «befordre fiskerienes bedre drift, skogenes oppelskning og skadelige rovdyrs utryddelse, liksom det òg er blitt samtykt at hva nyttige og på egen erfaring grunnete oppdagelser i landvesenet, som en eller annén av selskapets medlemmer måtte utfinne, blir med oppfinnerens gitte tillatelse trykt på selskapets bekostning og gratis utdelt til den romsdalske bonde.» — «I øvrig vil selskapet gjøre det til hellig plikt ei alene å strebe ved menneskevennlighet og beskjedenhet, som forskaffer kjærlighet og yndest, og ved tydelige og grundige forestillinger, som forskaffer overbevisning og tillit, å utrydde de hos de fleste romsdalske bønder inngrodde skadelige fordommer, vaner og vedtekter, hvorved deres eget beste øyensynlig lider og landets økono-

miske forbedringer hindres.» Det er så mangt som kan gjerast til å betra vilkåra til bøndene «og gjøre bondestanden aktbar og lykksalig.» Hammer er optimist, slik opplysningsmennene var det, og slik alle må vera det som vil tena framgangen. Det finst då somt godt hos bøndene som laget kan byggja på òg: «Da det innenfor Romsdals grenser finnes tillike i blant bøndene gledende eksempler på dyd, vinnskipelighet og vittighet (sans for åndlege ting), så har man vidare besluttet at når noen bonde heretter utmerker seg ved edelmodighet og vittighets gjerninger: såsom å overlata på visse år og på billige vilkår et uoppdyrket stykke jord til en husmann eller annen bonde, som samme vil dyrke og hevde, eller som rekker sin velgjørende hånd til en fattig og strevsom mann for å sette ham i næringsvei, eller som utfinner lettvinte plog- og sæderedskaper og deslige maskiner, å belønne en sånn veltenkende mann med en sølvmedalje, forsynt med passende avbildninger og denne inskripsjon: Til den velfortjente, og istedet for korresponderende medlem, å gjøre ham til selskapets konsulent.»

Elles er det mange ting laget skal ta seg av. Det samla mål som selskapet «helligen har forbundet seg til, er å utbre Kongens ære, befordre landets oppkomst og bære en pliktmessig omsorg for medborgeres vel.»

Desse 43 fylgde kallinga til Hammer — i fyrste omgang er alle embetsmenn og andre kondisjonerte, då årspengane, 2 rd., var alt for mykje for folk flest:

Generalauditør P. F. Koren på Reknes, prost A. Meyer, apotekar C. de Resch, kaptein Hauch, hospitalstyrar Øvre, tollmann Aschenberg, kontrollør Lyche, monsieur Abr. Schielderup, postmeister P. Omsen, hospitalskirurg G. F. Lange, skipper Paust, E. Hind, Ø. Iversen, kjøpmann W. O. Allan, byfut P. Jalles, kjøpmann P. Møller, vegar og målar B. Friis, I. T. Bomberg, Peder Leth Øvre, kjøpmann Nils Bang, kjøpmann S. Bugge-Harboe, Heinrich Lyche, A. Nordløff, prost Erik Røring, major N. Lossius, J. Grach, futen J. Eeg, Lars Barhau Eeg, kammerråd Alsing, J. C. Klüver, Jens von Hadelen, H. P. Schnitler, Johan Myhlenport, A. B. Wessel. L. M. Lesse, kjøpmann John Ord, kaptein Klingenberg, Chr. L. Lossius, kjøpmann Wingård, Claus L. Stephensen, Ørgens, Fr. Vogt Schielderup, sokneprest I. D. Fyrstenberg. Storparten av desse medlemene er Moldeborgarar, resten embetsmenn utover bygdene.

Sjølve namna gjev oss eit kraftig bilete av korleis det er innflyttarætter som dominerer i Romsdal på denne tida. Men dei fleste er ætter som kjenner seg norske, har slegi rot i folket og er fylt av patriotisme. Etter namna å døma er einast formannen, Hammer opphaveleg av fullnorsk ætt. Mor hans ber òg eit norsk gardsel eller bygdenamn, Meldal. Den fremste hjelpesmannen til Hammer i det nye laget var P. F. K o r e n på Reknes; han vart sekretær.

29. januar 1776 er sjølve skipingsdagen, fødedagen til kongen. Laget har i dei vel 150 åra som er gått sidan, på så ymis vis vori med og bori fram næringslivet i fylket. Alt i 1773 hadde Sunnmøre fått skipa sitt lag, det fyrste av dette slaget i heile landet. Amtmann Hammer gjekk inn i dette ifrå han kom til amtet. Dei leiande menn ved skipinga av det var prosten P e d e r N e r e m og presten og forfattaren H a n s S t r ø m. Peder Nerem, bondegut frå Nerheim i Tresfjorden, såleis romsdøl, var fyrste formannen eller preses i laget, såleis òg den fyrste formann i det heile i noko norsk jordbrukslag. Det kan nemnast at kona hans var Anna, fødd Engelhart, dotter av Nessel- og Veøypresten Nikolai Engelhart, ein av sjustjernerprestane. (Sjå seinare om Nerem). Sunnmørslaget kom elles ikkje til å gå så godt som Romsdalslaget. Det tok si fyrste kvild alt frå 1779—1805. Så gjekk det til 1816 att, då det slutta for godt. Romsdalslaget med den drivande formannen Hammer heldt seg betre. I 1795 hadde det 56 medlemmer, som kvar framleis betalte ein årleg kontingent på 2 rd., så vi skjønner laget berre måtte vera for storkarar. Hovudføremålet var framleies, etter § 1 i loven, å byta ut premiar til dugande romsdalsbønder for «Åkerdyrking, skoges oppelskning, fiskerienes forbedring, skadelige rovdvyr og fugles ødeleggelse, berømmelige og vittighetsgjerninger» (åndsbragder). Desse premieutdelingane gjekk for seg kvar 29. januar, skipingsdagen, og enda alltid med selskapeleg samvære hjå formannen.

Ei handling som er nære knytt til dette arbeidet til Hammer, skal vi her fortelja noko nærare om, då ho fører oss så levande inn i tilhøva i opplysningstida: Den 27. mai, andre pinsedag 1776, gjekk det føre seg i Hustadkyrkja reint sjeldsynte ting. Det var amtmann Hammer som overgav arveprins Fredriks nye medalje, etter oppdrag av Vitskapsselskapet i Trondheim, til bonden J o h a n B r a n d t på Breivik (innflyttar i bygda) for det dugande arbeidet han hadde lagt ned som jordbrukar, og serleg fordi han var den

fyrste der ute sôm hadde dyrka poteter i noko større mengd. At Hammer hadde valt ein slik høgtidsdag til denne handlinga og dessutan gjorde det i kyrkja, viser best med kva alvor han og interesserte menn elles i tida tok dette opplysningsarbeidet sitt. Av den talen som amtmannen heldt ved dette høvet — han er prenta i Kjøpenhamn og har til titel: «Vinnskipelighets høye fornødenhet og ærefulle lønn» — skal vi her berre ta nokre utdrag. J. A. Schneider har (i «Molde og Romsdalen») gjevi denne karakteristiske skildringa av talen, serleg fyrste halvta, som vi spring over : «Et praktstykket av veltalenhet i datidens ånd: Religion og moral, arveundersåttlig lojalitet og fedrelandskjærlighet, svermeri for nyttig virksomhet og særlig for landbruket sammenspinneres til et hele der er likså karakteristisk for tiden som for taleren, hvis åndelige billede ingensteds trer så klart fram for oss som i denne hjerteutgytelse, der uten tvil har gjort sin virkning, om enn de former hvori talerens klassiske lærdom undertiden beveger seg, må ha forekommet tilhørerne litt dunkle.» Med rette kunne ein samtidig (professor Jacob Baden, den store latinaren) i si melding av den prenta talen seia «at Romsdals almue visst har gjort store øyne da den hørte om Cæsar, den første romerske keiser, der oppofret en million mennesker i 50 feltslag; en Sokrates der måtte ta forgift, en Abdalonimus og Alexander» — men han legg òg til at «talen tross dette må ha gjort en ypperlig virkning hos en ikke aldeles fordervet almue». Elles kan ein skjønna av talen at Brandt har som så mange føregangsmenn, vorti møtt både med mistru og hæding den fyrste tida — til folk sjølv fekk sjå resultatata av gardsdrifta hans. John Brandt er òg nemnd i Mallings «Store og gode Handlinger» som ein av dei likaste jordbruket i landet.

Heile talen til amtmannen er ein veldig apell til forsamlinga samstundes som det er ei hylling til Brandt, slik ein vil sjå av desse hermingane frå siste luten:

«En ordentlig og vel avpasset arbeidsomhet er og en legedom både for sjel og legeme, en oppmuntring for hin og en bestyrkelse for dette. — Ved arbeidssomhet vennes den flittige og edruelige bonde til hårdhet og manndom, uten å få smak på kjelenskap, vellyst og overdådighet, som svekker både sinns og legems krefter. Og I min gode og aktbare John Brandt! er herpå et overtydende eksempel. — Hva er det ikke Eder en ære og meg

en glede at jeg med fullkommen visshet og overbevisning kan vitne for denne tallrike forsamling at I har forvandlet Breviks nedråtnede og falleferdige hus til nette og ordentlige, ja, zirlige bygninger, og ei alene forandret dens stenrike marker, mange og vidløftige myrer til fruktbringende åkrer og enger, men endog innhegnet disse med smukke og sterke gjerder? — Hvilken ære for Eder og hvilken bebreidelse for Eders naboer (vel fritalande?) at forsynet just har måttet bruke Eder, som fremmed i soknet, til å lære dem hva man kan utrette med flid og vinnskipelighet. — Min gode og ærverdige John Brandt! Vedbli fremdeles som hittil og iaktta en god borgers plikter, lev lenge og vær velsignet».

Så vender Hammer seg i talen til forsamlinga elles:

«I har hørt og sett, mine venner! med hva ære og anseelse denne eders medborger er blitt utmerket endog fra de høyeste steder i rikene. Veien til ære og belønning står åpen for eder alle. — — Kan ikke kjærlighet til eders fødestavn, som dere dog er så uendelig forbundne, kan ikke eders egen trang og de mange udyrkete marker her i soknet, der liksom roper på eders hjelp og strevsomme hender, for å omdannes til fruktbare åkrer, oppmuntre eder til en alvorlig flid og arbeidssomhet, så vær ikke så troløse mot fedrelandet, det fattige og kjære Norge — — —. Begynner derfor fra nå av med et muntert sinn å utøve gode borgeres plikter ved å ta inn det forsømte, og ved å utrydde de hos eder inngrodde skadelige fordommer og vaner, der til denne tid har kvalt den fremvekst, hvori åkerdyrkinga her i landet for lengst burde ha vært. — —

La derfor jordens og skogens forbedring, den sikreste velstands kjelde, være og bli eders hovedsak! La ikke havet alltid være eders kjæreste element, hvortil dere, mine venner, uten forskjell og uten hensikt til deres bopels nær eller langt fraliggende, alt for ofte og alt for ubetenksomt i tide og utide betro eders liv og velferd. Jordbruket er ikke så bekostelig og mindre usikkert. Jorden er takknemlig, og en veldyrket åker og eng innbringer visse renter.

Og når dere arbeider på jordens utbedring, arbeider dere for kommende slekter, og de skulle velsigne eders minne. Streber derfor å danne deres sønner til gode jordbrukere, og lærer dem især å kjenne de derav flytende fordeler. På denne måte skulle dere uformert

innprente dem kjærlighet til deres fødestavn i særdeleshet og til fedrelandet i alminnelighet.» — Kyrkje og skule har til fyrste plikt å lære både unge og gamle «at ingen titel, rang eller ære kan liknes med den:

å være og kalles en rettskaffen patriot. Kjærlighet til fedrelandet føder menneskekjærlighet av seg. Men-neskekjærlighet redelighet, redelighet lykke i handel og vandell! Den fornyer den eldgamle troskap og tapperhet og gjør at vi og våre seneste etterkommere må alltid tenke og handle, leve og dø som rettskafne patrioter og trofaste nordmenn!» — Det er ein fedre-landskjærleik så sterk at vi kanskje fyrst i vår tid har vilkår til å skjøna han.

At det har vori ei stor stund ute i Hustad kyrkje for dei roms-dalsbøndene som var til stades der den dagen, såleis ikkje berre for Brandt, er visst nok; men ein har òg all grunn til å tru at det var dei mellom bøndene som hadde sine eigne tankar om Hammers syn på jordbruk og fiske. At tida no er komen dit at ein lyt samla seg sterkare om det eine, skal det verta til noko, er ei sak for seg; men at tilhøva då kravde at Romsdalsbonden nytta ut alle dei naturlege vilkåra som låg for handa, skulle han greia det daglege tilværet berre, det er òg visst. I det meir primitive samfunnet hadde det meir å seia kva naturen baud folket av livsens godar enn kva ein-skildmannen kunne driva det til — på trass av naturen, kan ein mest seia når ein tenkjer på Hammers ord til folket der ute i havgar-den. Mange hundre års røynsle hadde lært bonden og fiskaren korleis livsvilkåra best låg til rette for dei, og vi ser då ikkje hel-ler at det vert noko brigde — slik at folket der ute dreiv mindre sjøbruk sidan.

Vi har ei liste frå 1809, der det er oppsett alt i alt 28 gjerningar Romsdals praktiske landhusholdningsselskap gjev premiar for, frå 4 til 15 rd.: For bygging av steinfjøs og låve, for eldhus med mura skorstein og steingolv, for nyrydjing og jorddyrking, for stein-gardar, for humledyrking, for funn av mineral, for sjeldne dyr og plantar, for innsamling av dun og freding av ærfugl, for sildefangst med størsildgarn, for hagedyrking, for å overlata til husmann eller bonde billeg jord til nyrydjing og oppfinning av lettvinde jordbruks-reiskapar, for lang og tru tenest, for treskjearbeid, for avskaf-ning av geiter og innføring av engelsk smale, for funn av nye fiske-bankar, for oppløysing av sameige utan rettens hjelp, for treplan-

ting, for dugleik ved eldsvåde, for bygging av dekksbåtar til Storgegg-fisket, for fisketilførsle til Molde by, for tilråding av humar-teiner, for utrydning av kråker (4 sk. for st.), for forsvarleg foring og røkt av 6—8 kyr, for heimeorke og opplæring av borna til å driva ho, for tilverking av ullty, for saltlaging (av sjøvattn eller tang).¹⁾

Når ein les igjennom dette, ser ein at det er mange framifrå gode føremål laget har sett seg. Det er elles nye folk som no styrer, amtmann Sommerfelt og byfut og sorenskrivar Motzfeldt, men i same ånd som før. At det minkar så sterkt som det gjer med geitehaldet i denne tida til bate for sauehaldet («engelske får»), kan vi skjønna godt når det beint fram høyrer med til programmet for jordbrukslaget i fylket å få bort geita, ja, dei får endå til premiar dei som ikkje lenger vil driva geitehald! Forvitneleg er òg det arbeidet laget tek opp for å kvitta folket med den gamle sameigedrifta. Der har vel knapt vori noka einskild reform som har hatt meir å seia for bøndene både her heime og andre stader enn det å få ei grei utskifting av jorda, som etterkvart gjorde kvar bonde til full herre på sitt eige bruk. (Jfr. dei store bondeombøtene i Danmark på denne tida).

Denne lista av saker til framhjelp av næringslivet i bygdene er både så rik og grei at ho talar best for seg sjølv. Fleire av oppgåvene som laget hadde for 130 år sidan, har diverre, — lyt ein vel seia — full aktualitet i dag, ikkje minst arbeidet for heimeorke, hagebruk og skogplanting. Fyrst i vår tid er det vel òg at forsvarleg røkting av krøtera har vorti ein verkeleg realitet i bondehushaldet.

Svelteforing var den tid ingen ting mindre enn eit økonomisk prinsipp på gardane.

Eit par år etter Hammer døydde, i 1802, er det prenta ei oversynsmelding i Trondhjemske Tidender om det arbeidet laget har utført sidan det vart skipa — ei slags 25-års melding. Her får ein m. a. vita at det i Romsdal sidan 1776 var oppmura 122 steinfjøsar og 64 skorsteinar i eldhus — det siste viktig mot brannfaren. Dei gamle husa med åreelden midt på golvet, som enno var nytta i dei fleste Romsdalsbygder, vart sterkt utsette for eldsfare. Det var sett opp 19 000 alner torvgjerde og 27 000 alner steingardar. Nydyrkinga hadde og gått jamt fram. Det var nydyrka 2 076 561½

¹⁾ Fleire hundre bønder fekk påskjøningar gjennom åra (sjå siste bandet).

kvadrataln jord til åker. 55 000 steinlass var bortkøyrde, og det var gravi og steinsett over 8 000 alner veiter. 290 000 kvadratalner gamal åker var atlagde til eng. Det var serleg i Aukra, Bolsøy og Nettet nydyrkinga vart driven. Potetdyrkinga var komen i full sving, og ein del bønder hadde fått premi for urte- og humlehagar. I året 1797 bygde selskapet ei stampemylne. Utrydding av rovdyr var og ein viktig post, har vi sett. Her er det opplyst at det var drepi 62 bjørnar, 5 ulvar, over 500 ørnar, vel 250 ramnar og ca. 4 000 kråker, som det var gjevi premie for. I 1799—1801 var det fanga 15 brugder.

Dette er eit imponerande vitnemål om det arbeidet Hammer sette i gang i dette laget, der han sjølv heile tida hadde vori formann.

Eit anna interessant verk av Hammer er den «Unnsetningskassen for etterlatte nølidende av forulykkede fiskere i Romsdals fogderi» som han fekk skipa ved kongebrev fra 12 januar 1783. Dette er vel ei av dei fyrste «pensjonskassene», om ein kan kalla det så, i landet vårt. 10—12 fiskar-enkjer fekk årleg hjelp av denne «kassa» utgjennom det 19. hundreåret. Dersom inntektene tillet det, skulle direksjonen — amtmannen skulle styra kassa som «permanent ulønnet direktør» — ha høve til å dela ut premiar til den som berga andre i havsnaud. — Dette vart òg eit varig verk. Ein innsendar i Romsdals Budstikke i 1853 skriv om Hammer og nemner dette, «den edle hedengangnes milde verk» — «det vedblir den dag i dag å utbre sine velsignelser til mange, hvem livets gleder ellers bli få». — «Kjærlige hender har siden fredet og pleiet den edle spire, der nå er vokset til et tre under hvilket mange mødige og trette, i livets strid prøvede, finne skygge og ly, og det ennskjønt mange av dem ikke en gang vite at en amtmann Even Hammer har levd.»

Om den sosiale lovgjevinga i dei siste åra med så ymse slag trygging — for ulukker og sjukdom serleg — har gjort henne uturvande, veit vi ikkje, men ho står no enno ved lag.

I «Heimen» (tidskrift for bygde- og byhistorie) for 1939 har magister Arne Odd Johnsen ei sympatisk skildring av amtmann Hammer (s. 177—197). Her fortel han bl. a. om ein oppreist fiskarane i Bud og næraste bygder gjer i 1799 mot Moldeborgarane. Eg kjenner ikkje til dette andre stader frå og gjev att det Johnsen skriv om dette:

«I sitt virke støtte nok Hammer ikke sjelden på overtro, skadelige fordommer og vaner hos befolkningen i sitt distrikt. Som den opp-

lysningsmann han var, bød alt av denne art ham hjertelig imot. I hans amtmannstid brøt det blant almuen engang ut en hel oppstand som for en stor del hadde sin årsak i overtro.

Først på året 1799 gikk ca. 100 mann av kystens fiskerbefolkning igang med å samle de styrmenne som førte båter på havfiskeri for Molde-borgerne, i Ole Dales hus på Bud fiskevær. De ble samlet både med lempe og vold, noen ble mot sin vilje ført dit ut lang vei i båt. Under trusler på livet forbød fiskerne her borgernes styrmenn å styre eller seile noen havbåt for kjøpmenn i Molde. Det ble også delt ut forbudssedler til styrmennene. Denne seddelens tekst forteller oss at det var en ren almueoppstand og at sinnene var alvorlig i kok. Seddelens litt ubehjelpelige tekst lyder: «Var Idag d. 16. Februari I Bue for Samlet til at forbyde at Engen maatte Holde baad ude til nogen Kjøbmand paa Molde, Skulde Nogen fordreste sig at gjøre lmod dene vor Giorte for Eneg Saa Er Vi hær samlet væl 100 Mand. Men da skal vi blive samlet 3 hundre Ja 4 hundre Mænd, Og da faar den Skyldige Paatage det som Paabæres. Om Nogen Vil Eske Mands hænder under dette skrift Skal de finde Os Naar dem Vil Giøre det som Vi har forbydet.»

Dette var det rene opprør og en ytterst alvorlig affære både for almuen og myndighetene. Av bestemte grunner hadde nå den vanlige friksjonen mellom den fattige fiskerbefolkningen og byborgerne slått ut i lys lue, og fiskerne hadde i sin ukyndighet og i øyeblikkets hete våget seg langt lenger enn de med rette og rimelighet kunne og burde. For havet var jo fritt, der hadde fisker og borger like rett til å hente sin næring. Moldes eligerte menn Henrich Øvre og Jacob Schultz Møller henvendte seg derfor øyeblikkelig til amtmann Hammer og innberettet almuens ulovlige oppstand. Amtmannen grep inn med fornuftig måtehold, refset og rettledet almuen som en på samme tid snill og streng far. I sin ordre til fogden Kahrs skrev Hammer bl. a.: «Men da hverken i loven ei heller ved amtet finnes noen anordning der forbyr, enten de handlende i Molde, eller noen annen utenfor bondestanden, å drive havfiske, så kan dette almuens forhold ikke annerledes anses enn aldeles lovstridig. Herr foged ville derfor uoppholdelig foranstalte plakater utferdiget, som av lensmennene bør offentlig oppslåes og oppleses i samtlige fiskevær i Romsdals fogderi. I disse plakater vil herr foged betyde almuen at de hørsommeligst etterkommer lovens bydende uti 1. B. 1. kap. 3. art. at ingen må ta seg selv rett, men enhver skal tale og dele

seg til rette, samt advare dem om, at de allerunderdanigst holder seg forordningen av 5. juli 1765 etterrettelig, der forbyr på det alvorligste all utillatelig forsamling av almuen i Norge o. s. v. Skulle denne velmente advarsel ikke ha den forønskede virkning på den romsdalske almue, som jeg i min lange betjeningstid stedse har elsket og ansett for et veltenkende og fredelig folk, så nødsages jeg å føye sådanne foranstaltninger til den offentlige rolighets vedlikeholdelse, som ville bli meg meget ubehagelige og mine hittil så kjære romsdalinger høyst skadelige».

Amtmannens ordrer ble etterkommet, og foged Kahrs holdt råd med almuen i de forskjellige åttinger for å berolige sinnene og for å komme nærmere på det rene med årsakene til oppstanden. I sin innberetning til amtmannen om disse møtene skriver Kahrs bl. a.: «Jeg har erfart tydelig, at almuen var ytterlig forbitret på Molde bys borgere, og ved å etterforske årsaken dertil, merket jeg at samme bestod fornemmelig deri, at bøndene på ingen måte kan få ut av deres hoder, den dem fra barnelærdommen innprentede fordom, at det er synd mot det 3dje bud, at fisken foruroliges på sabbatsdagene ved å gå i fiskernes garn. Da nå undertiden noen av Moldes borgere har utsatt sine garn om lørdagene, for å oppta dem om mandagene, så tenker bøndene at disse menn er årsak til at fiskeriene slår feil, da Gud må la fisken forføye seg til andre steder, dels for å avverge denne synds gjentagelse, dels for å hevne seg for det som er begått. Derfor er det bøndenes ivrigste ønske at kjøpstædsborgerne må utelukkes fra fiskeriet. Man kan ikke uten medlidenhet tenke på den store mangel på opplysning blant bøndene, da de aldri er vant til selv å bruke ettertanke for å finne ut hva som er sant og falskt, så var det forgjeves at jeg nå forsøkte å forestille dem hvor uverdige og u-edelte begrep de gjorde seg om det høyeste vesen; som religionslærer ville de ikke anta meg, som foged var jeg derimot heldigere, ti ved å betyde dem de farlige følger av sådan deres ubesindighet fikk jeg dem brakt til rolighet, døg bad de meg innstendig om å overtale Molde bys borgere til å opphøre med å ha sine garn stående i sjøen noen helligdag. Jeg tror at borgerne har i denne post lempet seg etter almuens enfoldighet, og at derfor allting for nærværende tid er stille og rolig».

Slik ebbet denne alvorlige historie ut i den rene komedie. Men hadde ikke amtmannen gått fore med et godt eksempel på forståelse



Hovudbygninga på Reknes gard, bygd ca. 1780 av P. F. Koren (s. 285).

og måtehold, kunne det hele ha tatt en lei vending.

En må ikke tro at almuens forklaring på de mislykte fiskerier i dette tilfelle var noe enestående. Fiskerne hadde fra alders tid levd i den forestilling at det var Herren som ga eller Herren som tok når det gjaldt fisk som alt annet. Og uteble fisken, trodde de som regel at de selv hadde skylden, at Gud straffet dem for synder de hadde begått og bud de hadde brutt. I Hammers siste amtmannstid fant fiskerne en ny årsak til at fiskeriene slo feil. De skyldte på tangbrenningen. I de siste årtiene av 1700-tallet hadde det i Romsdal og på Nordmøre oppstått en stor og ny eksportnæring. Først og fremst ved general-auditør Korens initiativ ble det satt igang tangbrenning i større stil, og tangasken ble i store mengder solt både innen- og utenlands, særlig til England». ¹⁾

Det ein veit om privatmannen Hammer, fyller så godt ut det biletet ein får av honom frå hans offentlege verksemd. Han levde all sin dag som ungkar. Han fridde ein gong, det vi veit, til dotter til byfuten Jalles i Molde; men ho hadde alt huglagt Peder Leth Øvre. Så heilstøypt var Hammer at han likevel hjelpte denne medtevlaren sin, fyrst til å verta byfut i Molde og seinare til å bli sorenskri-

¹⁾ Sjå om striden kring tangbrenninga seinare.

var i Romsdal. Og i testamentet sitt gjev han kvar av borna deira 100 rd. Det finst òg enno att ei sukkerause av sylv med innskrift: «Vennskapsminne til fru sorenskriver Øwre fra E. Hammer». Den trufaste tenaren hans gjennom mange år fekk garden Årøynes, taksert til 878 rd. då, så det kunne ikkje vera så klen ein gard. Ei stor sylvkanne til ein verdi av 102 rd., som Molde borgarskap hadde gjevi honom for hans dugande arbeid til framhjelp både for byen og bygdene, gav han til brorson sin «at han av den på sølvkannen stående inskripsjon kan se at rettskaffenhet blir påskjønt og belønnet og derav lære at den sanne aktelse ene og alene kan erhøldes ved dydens utøvelse». Ein lyt sanna at han var ein forunderleg mann, fylt av den høgaste fedrelandshug til det siste. Til Vitskaps-selskapet i Trondheim gav han 30 rd. «til nyttige bøkens innkjøp». At han òg var vyrd utetter, syner den lista over førande menn i landet som Gustav 3. i Sverike hadde sett opp då han på det hardaste dreiv med å få nordmennene til å gjera svenskar av seg i 1770-åra. Hammer er «väl känd för ädel själ och stora kunskapar.»

Hammer døydde i Molde i 1800 og vart gravlagd i Molde kyrkja; men då ho vart ombygd i 1840, vart kista flutt ut og jordsett utan merke, og gravstaden hans er såleis bortkomen, noko som er både skammeleg og ille, for til heider for den mannen burde Romsdals-ungdomen ha reist ein bautastein. «Hvo av oss var ikke vidne til denne sjels blidhet, den ungdoms ild innenfor et nesten uttæret legeme, når denne vårt romsdalske Erechteus øynet nye prøver på åkerdyrkingens tilvekst og bondestandens forbedring i denne dalstrekning?» seier prost Stenbuch m. a. i si minnetale over Hammer. Desse få orda berre og samanlikninga med den greske segnhelten Erechteus, vilgjeten for si store rettferdskjensle, gjev ein lysande blenk inn i kva Hammer i det heile teki var og ville for bygdene våre.

Når ein les Keilhaus band av «Det norske folks liv og historie» om denne tida, så får ein den kjensla at det er mykje svart og ufyse i Noreg utover bygdene ved 1800-talet. Serleg er det ille langs med kysten. Det er mogleg at det er nokon nedgang somme stader i tida 1810—20 mellom bøndene, men det resultatet eg har komi til ved ymse etterrøkingar om Romsdalbygdene, er at tilhøva er utruleg mykje likare enn det Keilhau held fram som normalt for sjøbygdene. Dette kjem fram mange stader i dette arbeidet, og det kan understrekast at jamvel ein som har lesi eit grann norsk

soge, kan få uventa glede mang ein gong ved å finna at næringsliv og økonomi kring 1800 og folkeliv og folkedaning var såpass som ein finn det. Almugen er på god veg bort frå mykje av den ufysa ein les om i vedkomande band — på god veg til å stiga fram som kulturfolk. Ein kan berre tenkja på det Schøning skriv om Romsdal frå ferda si 1770-åra eller meldinga til Christen Pram frå 1804 t. d. Det er jamt over vellæte over folk og tilhøve. Det er opplysningsmennene si gjerning som ber rik grøde. Korleis måtte ikkje føredøme og rettleidinga til desse hjelpa? Når bøndene t. d. i Vestnes og Tresfjord-bygdene kom innom futegarden til Eeg, til Gjermanes, og såg denne, måtte dei få nyttig lærdom (s. 273 fg).

Det er forunderleg å lesa om såvoren gardsdrift for ei 170 år sidan. Og Prams ord om hans ferd over Fanestranda til Molde seier ikkje mindre: «— en ordentlig og meget foreffelig landevei». Og «kulturens makt til å forvandle ørkenen til fruktbart land er her ganske synderlig». Og då han nærmar seg Molde: «Jo hyppigere blir synet av oppdyrkede og i skjønn vekst stående åkrer, smukke egner, nette bondegårder og noen landhuse». Her ser han «de smukkeste åkrer, de fruktbarste hager, hvor en mengde kjelne trær og vekster når fullkommenhet». Og vi hugsar at han her såg «selv større kartoffelåkrer enn jeg så noensteds — og mange av dem».

Ein må spyrja seg sjølv: Høyrest det ikkje reint forunderleg ut med slike ord om jordbruk og stell i Romsdalsbygdene kring 1750

—1800? Det er eit svar: Opplysningsstida har vori ein realitet i Romsdal òg. Dei siste orda om «nette bondegårder» og store og mange potetåkrar er då frå bygda kring amtmann Hammers eigen gard, Årøynes. Og kva skriv ikkje opplysningsmannen Ole Chr. Bull i eit brudlaupsdikt til Moldegårdsmannen i 1811: «Men ein slik ein plass som mor åt brura he, me kje husmannsplass kan kalla. Ho he hest på stallen derte møkkje fe, so ein dyktig skokk med



Futen og bygdemålsdiktaren
Ole Chr. Bull.

smala. Der veks korn og gras, potates og rotkål, kispær, gulrot, sokkererter mangt eit mål. Gjære e tå stein. Huse bygd med grein. Om løssøre me kje tala».

Eller diktet hans til generalvegmeister Krohg frå 1812, der han seier m. a.:

Så gjorde han vegje frå fjell å te strand.
Han vassmyran utgrov, med grus dei planera,
han bergkollan utskaut å jamna med sand
so dei kan no køyrast med hest kor ikj nokon
førut kunne gå — mindre åka seg fram.

Romsdalen hadde såleis også si opplysningstid. Bygdene våre var berre ein liten krok i eit stort Europa og hadde ingen Fredrik den store. Men dei hadde sin Even Hammer m. a. Han som jamvel studerte i Paris den tida striden stod på det heitaste kring Voltaire og Rousseau. Og dei hadde ein slik norsk embetsmann som Ole Bull — or den same ætta som den namngjetne musikaren seinare. Han skreiv ikkje så lite. Men berre bygdemålsdikta hans lever att.¹⁾ Embetsmennene si interesse for bonden på andre vis førde òg til interesse for målet hans, noko som elles er velkjent frå andre landsluter enn frå Romsdal.

Opplysningstida i det heile var ei stor tid for Noreg òg. Ei tid som atter vil bli dømd for det ho verkeleg var.

STRIDEN OM TANGBRENNINGA.

CHRISTEN PRAMS FERD I ROMSDAL I 1804.

Christen Pram, «Medlem af det Kgl. General-Landøkonomi- og Commerce-Collegium»²⁾ i Kjøbenhavn, vart i 1804 sendt til Noreg for å studera dei økonomiske tilhøva her. Pram er presteson frå Lesja, men kom til å leva storluten av si tid i Danmark, der han spela ei heller stor rolle, ikkje minst som diktar, endå han av fag nærast var statsøkonom. Han var uvanleg glad i Noreg, og han skreiv verdfulle, stoffrike dagbøker om korleis han såg tilhøva på reisene sine her i åra 1804—06. Eit hovudspørsmål han fekk å greia i Romsdal og Nordmøre var om t a n g o s k e b r e n -

¹⁾ Sjå om Ole Bull og bygdemålsdikta hans i «Syn og Segn» 1902. s. 97.

²⁾ Commerce-Collegium = handelsdepartement nærast.

ninga, som no hadde vorti ein heil næringsveg i desse distrikta (jfr. s. 298). Men røyken frå tanggruvene var så fæl at då fisket reint slo feil i desse åra, fekk tarebrenninga skulda. Klimaet var også låkt, og noko anna enn tarebrenninga og den fælslege lukta som fylgde med, kunne det ikkje vera som var årsaka både til det dårlege veret og fisket, meinte folk flest. Jamvel ein så klok og kunnig mann som sokneprest Andreas Høyem kunne skriva om dette i skildringa si av Aukra prestegjeld (sjå om H. nedanfor) så seint som i 1818:

«De dødes antall var langt over de fødtes i de år tangbrenninga, som overalt her i gjeldet var i bruk, var tillatt og de neste år deretter.» Han har lenge meint, noko som hans «sanser og erfaring bekrefter», når det gjeld tangrøyken, «at lufta ved den ble forder- vet, som da måtte ha en skadelig virkning både på seden og frukt- trærne. Den vemmelige stank som røken medfører, skadelig både for mennesker og fe, tilkjennegir dens usunnhet og fordervelige natur, som må skade både jordens og trærnes vekster. Stetse har den tykke skodde, som om sommeren ligger ute på havet, vært av tangrøken dradd til landet, hvilke derpå sammenblandede har ut- gytt en kold regn på jorden, hva våre sanser i behørlig tilstand enstemmig stadfester. — Tangbrenneriet er endog skadelig for van- nets innvånere, ikke alene fordi røkens stank er ufordragelig for alle levende, men især for den små fiskeyngel, som oppholder seg i vannets overflate og hvis fine sanseorganer ennå mindre kan tåle røkens motbydelighet og derfor dør. Men også fordi tangen, fiskeyngelens hjem og bolig og forråds-kammer, beskjæres. At de små fisker har deres opphold i tangen, det har naturiaktakere be- kreftet i fra gamle tider av». — Etter han så har greidd ut dette grundig og omstendeleg, sluttar han med desse orda: «Den sterke knitren som tangbrenninga avgir, jager også de små fisker fra stranden, ti ved stranden blir tanggruvene alltid anlagt. I de år i hvilke tangbrenneriet var fritt og uinnskrenket tillatt, så man store dynger av død fiskeyngel, som her også kalles røåt, liggende i rader ved stranden».

Når slike menn tok eit såvore standpunkt til tangbrenninga, var det ikke underleg at det kom til øsing og uro blant bønder og fiskarar. Det reiste seg snart ein hardsett og heit strid mellom fiskarane og tarebrennarane, som førebels enda med, i 1804, at amtmannen forbaud tarebrenning i Romsdal, men ikkje på Nord-

møre. Pram tok saka alvorleg og hørde både på den eine og andre parten. Han fór fyrst over Dovre til Trondheim. På heile vegen alt frå Gudbrandsdalen fekk han høyra lovord over regjeringa som hadde sendt honom for å få bort tarebrenninga, slik dei vona, og som førebels hadde stogga brenninga i ymse strok og såleis «gjengitt landet det i noen år i den beste årstid savnede gode vær og håp om en velsignet høst». Og dei bed honom ikkje festa tru til utsegnene til dei «som midt i den alminnelige nød beriket seg ved tarebrenning». Ho var «en ufeilbarlig medvirkende årsak til, at himmelen i de sildigere åringer sommeren over var uopphørlig dekt med skyer». I Trondheim trudde jamvel prestane og andre embetsmennene og kjøpmennene, alle, «at erfaringen nok som hadde bevist at fiskeriet ikke bestod med tarebrenningen». — Den 13. september 1804 var Pram komen til Molde, der ein deputasjon på fem mann frå O n a, under førarskapen til 80-åringen O l e K n u d s e n, «anmeldte som deres første og viktigste ærende, at de hadde i eget og samtlige landsmenns navn å pålegge meg (Pram) å frembringe deres takksigelse til regjeringen for å ha for det første for inneværende år reddet dem for hunger og nød, som i siste avvikte år, ved å sette dem etter de mange forløpne år igjen i stand til å fiske, da deres fiskeri i sommer var mange ganger større og mere velsignet enn forhen i mange år, og påla meg på grunn derav å anrope med dem om at dog den nå således stanste ødeleggelse for framtida aldeles måtte være hemmet».

Etter samråd med ymse embetsmenn, såleis amtmann Sommerfelt, kom han til at han ville tilråda at tarebrenning førebels berre vart driven i månadene oktober—februar, og i dei i n d r e fjordbygder kanskje noko sumarstider òg. Det kom ein kongeleg resolusjon i samsvar med dette for dei fyrste åra framover. Men det var mange som kritiserte Pram for at han — utan han sjølv trudde på det — gjekk med på denne «overtrua» til folket. Ein tyskar (von Buch), som på denne tid reiste i landet, seier såleis at «tarebrenninga vart forboden fordi ein diktar let seg innbilla av fiskarane at røyken dreiv fisken bort frå kystane»!

Elles har vi mange verdfulle opplysningar om Romsdal frå Pram. Han kom frå Nordmøre over Osmarkane til Molde: «Her er òg straks en ordentlig og meget fortreffelig landevei». Når han får sjå Romsdalsfjella, talar han om «Nordsiden av de klipper som tilhope utgjør Dovrefjell og som her fremstår i deres fryktelige

skikkelser». Det er såleis ikkje rart med natursynet hans; men slik såg om lag mest alle det i tida: Berre det nyttige, det grøderike landet og den fiskerike sjøen t. d. var vakker. At amtmann Hammers og andre gode menns arbeid for næringslivet hadde bori rike frukter, kan vi sjå av dette: «Jorden på nordre side (av Fanefjorden) sees meget fruktbar og stod nå i full grøde», men like ved sida av «skjønne kornåkrer og engstykker» låg det mykje vassfull, udyrka jord. «Kulturens makt til å forvandle ørkenen til fruktbart land, er her ganske synderlig fremlysende». At ikkje meir av ùenne jorda er dyrka, må ha sin grunn i «at her er en fjord, som ofte gir rikt sildefiskeri, og dertil har stor bekvemhet, der avdrager dens bredders beboere fra markarbeidet, for å passe det så ofte rikere og straks lønnende fiskeri, hvorved dog disse, når de slår feil, som det dog så ofte gjør, har intet, men mangler siden kraft og evne, som også jordarbeidet krever». Vi kan merka korleis synet hans her fell saman med det Hammer heldt fram i Hustad-talen sin i 1776 om jordbruk og fiske. Etter kvart som han nærmar seg Molde, «dess hyppigere blir synet av oppdyrkede og i skjønn vekst stående åkrer, smukke egne, netto bondegårder og noen landhus (sumarbustader for byfolket!)». Like til tett ved Molde by «ser man ved siden av de smukkeste åkrer, de fruktbaraste hager, hvor pærer, Reine-Clauder og en mengde andre kjelne trær og vekster når fullkommenhet — —. Adgangen til Molde fra landsiden er meget skjønn». Han fortel så litt om Moldegård, som han finn liknar ein av dei gamle danske herregardane med sine lundar av høge lindar og kastanjetre og den store vyrdelege alléen som fører ned til byen. — Om tilhøva elles i bygdene fortel han m. a. at åkerdyrkinga er i verkeleg framgang, endå dei låke åra i det siste har vori til mykje skade. Havren er hovudsædet, men i somme bygder sår dei ikkje så lite bygg. Rug er det mindre med.

«Kartoffel-(potet-)avlen har i de sildigere tider også her — man tror her endog framfor noe annet sted i Norge — meget utbredd seg. Jeg så selv her større kartoffelåkrer enn jeg så noen steds, og mange av dem». Han fortel at det er vanleg i Romsdal ei tid før poteta har fått sin fulle vokster, «men deres topp er utvokset og blomstringen er forbi» at dei så skjer av graset og tørkar det til «høy» på kornhesjer og brukar det til fôr, som er sers nærande for krøtera. Avskjeringa må gjerast «med behørig forsiktighet» skal ein ikkje skada den fulle mogning

av potetplanten. «Man anser denne gressets benyttelse for en av hovedfordelene ved kartoffelavl». — At amtmann Hammer og Romsdals jordbrukslag frå 1776 har stor ære for at romsdølene var komne så langt her, er greitt.

Pram synest det er ille at folket har slutta å dyrka lin og h a m p. — «K v e g holder man av alminnelig rase — —. Man forsyner seg selv med kjøttvarer, men utfører intet; tvertimot forsynes vel sjøbygdene for en del med kjøtt fra Gudbrandsdalen. Hudene forbrukes for det meste heime. H e s t e r avler man ei alene dem man behøver, men også går der en mengde av dem til så vel det sønnen- som det nordenfjelske innland, hvor man heller føder kveg med det høy man møysomligen samler. F å r holder man til avlen av den ull husfliden behøver. Man har mest av den grovullete alminnelige norske art, som bærer kun 2—3 pund ull og veier til slakt kun 20—40 pund. Man bespiser dem med det slettete fôr og vedlikeholder sunnheten for dem noenlunde ved beit av furu- eller bjørkekvister, da de ellers vinteren over innesluttet i tette, varme og sjelden rensede hus. Dog has også i disse egner hist og her de bedre får av engelsk blanding, men deres ull synes bonden ei om. Ville- eller utgangerfår har man noen steder også her på utøyene, men også her er sjøbonden sine s y s l e r (fisket!) så hengiven, at den gode leilighet til å holde disse dyr for det meste forsømmes. Alminnelig klipper man de ikke ville får 3 ganger om året. Ullproduksjonen gir intet til utførsel. Man holder g e i t e r og har dette dyr kjær, fordi det, når man ikke bryr seg om skøgen, koster meget lite å fø. Geiteavlens har i de senere år fått megen oppmuntring ved skinnenens høye pris. De betales med 72—84 skilling pr. stykke. Av hårene, blandet med fåreull, gjør man her som annetsteds sjøvanter; man strikker av dem raggsokker å reise med, dog brukes ikke disse av almuen. S v i n e avlen drives her som i de før nevnte sjøbygder. Man overfører på hver gård et par. Kartoffelgresset og tørret alm og ore lauv er deres fornemste vinterføde. Med påhelt kokt vann er dette fôr rett godt også for kyrne». Når det gjeld h a g e d y r k i n g a finn han at h o » t i d l i g e r e her enn noe annetsteds nordenfjells, ja sønnenfjells med, å v æ r e d r e v e n t i l e n a l d e l e s u v e n t e t h ø y d i ». Mykje ille synest han det er at G j e r m a n e s h a g e n, «hvor der frembraktes i mengde alt hva det nordlige Europas hagekun på denne side Rhinen kan få frem», no er øydelagd, «da gården er

kommen i en bondes eie». Alle gardane kring Molde har hagar, «hvis produkt synes å motsi klimaet under 63° bredde. Denne hagedyrking viser kun hva der kan gjøres i disse egner. Almen mann nyter ingen grønnsaker».

Men skogen vert ille medfaren: «Skogkultur har man intet begrep om. — — Mange familier bruker her årlig én til to hundre favner brenne; dessuten til hus av runde stokker, og de bruker millioner gjerdestaver, og utallige unge trær avhogges til beit! En favn bjørkebrenne kjøpes ennå for 72 sk. Transporten er 24 sk., altså i Molde 1 rdlr. favnen.»

Ymse om hus og heimeorke veit òg Pram å fortelja. «Husfliden sysselsetter seg her som overalt med å forferdige alt hva man kjenner av fornødenheter i henseender til drakt og kledning på ganske lite pynt nær. Så her er ingen som lever av en tilfulle lært kunst eller handverk». Ikkje berre lintyet dei bruker, lagar dei sjølve, men også alt ulltyet «på hvilket det da, mens enkelte især hendige fruentimmer saktens gjør det rett vakkert, spilles av den ikke hendige mengde en stor del materialer på å frembringe et slett fabrikat». Men verre er det for Pram at «denne industri» er i vegen for «en god og rettskaffen produksjon», dvs. verkeleg fagleg handverksarbeid. Ein må hugsa Pram er statsøkonom og teoretikar som dei fleste slike. Såleis skjønar han ikkje korleis dette «sjølvforsyningshushaldet» er tvingande naudsynt i eit fattig bondesamfunn. Men når bøndene driv det slik, så finn dei «den sletteste ull god nok til de tøyer, man derav kan gjøre; man elsker derfor de små grå ullne får, skjønt i alle henseender slettere og mindre svarende regning enn de bedre, som kan bære bedre ull. Dog dette angår likså fullt de fleste andre bygder som denne. En forandring heri vil ved stigende kultur komme en gang, men krever tid. Nå manufakturert fruentimmene, og mannfolkene tømmer, smir, snekrer og garver og syr skor og seletøy og alt. Men alt dette arbeid gjøres deretter (alså ikkje handverksfagleg; meir kan ein vel ikkje leggja i denne domen). — Blant de mange som fusker, er der vel noen, som får leilighet å vise hendighet og utvikle en art av talent, men i det hele er denne vinnskipelighet nok ingenlunde hva der skulle ønskes. Landmannen blir visst aldri landmann, og ingen det han skulle være, til gagns, føre enn han blir det ganske». — Det er dei fyrste krav om verkeleg fagleg spesialisering vi møter her hos Pram; og framtida gav honom på

mange vis rett. Endå heimeorka no er i velten att som ingen gong før. — Om mat og drykk fortel Pram dette: «Kveg holder man av alminnelig rase, og dets produkter, især av melk, ost og smør er hovedsaken av hva her spises, da fiskespiser, unntatt sild, her som allevegne ikke er hva almuen uten ugjerne nyter. Ostval-len (myse eller syre) er den alminnelige drikk; øl brukes kun til høytid. Man forsyner seg sjøl med kjøttvarer, men utfører ikke noe.» Tvertimot kjem det ein del kjøt frå Gudbrandsdal til sjøbygdene. Han kjem òg inn på brennevinsdrikkinga. Han finn at det stort sett er bra i bygdene; Molde har berre liten avsetnad. «Drikkfeldig beskyldes ei heller Romsdalen for å være. Imidlertid er de ca. 100 td. i Molde innført brennevin nok meget langt fra, hva der i Romsdalen herav forbrukes. Foruten hva også her innføres, men ei gjennom Molde, fabrikeres derav her, som de fleste steder oppe i landet, kun ei av fjellbøndene, en mengde av almuen selv, forbudet uaktet.» Pram held fram at det har synt seg at det nyttar lite med brennevinsforbod i Noreg, og tilråder å ta bort forbudet, noko som fyrst vart gjort i 1816. Det heimbrente norske brennevinet er betre og sterkare enn det kraftlause og vanvyrde Flensborg-brennevinet, seier han.

Den tyske naturgranskaren Johan Christian Fabricius, som fór i Bud i 1770-åra (tre år etter Schøning), kjem òg inn på romsdalin-gane og brennevinet: «Brennevinsdrikken er på den-ne kyst mindre alminnelig enn jeg hadde formo-det. Sjelden har en fisker noe med seg på sjøen, og ennå sjeldnere drikker han noe heime.» Ettér hans syn er dette underleg, då det «dog i disse egner virkelig er mere nødvendig enn i alle andre. Ikke alene den bestandige fuk-tighet og kulde, hvori de oppholder seg på sjøen, men også næringen av utelukkende feite fisker eller iallfall med lite brød, krever sterk drikk for ikke å forårsake sykdommer. Her ville måskje det ellers skadelige brennevin være et nyttig middel til å vedlikeholde innvånernes sunnhet»(!).

Vi høyrer av Pram at røykstøver er vanleg enno alle sta-der, endå dei var forbodne ved kgl. reskript frå 16. sept. 1776, som fyrst vart avteki att 28. mai 1802. Dei var usunne og elds-farlege, og Pram meiner det var den reinaste villfaring at forbudet vart avteki att. Ein burde heller setja opp premiar (jfr. s. 293) til dei som «utfeier røkgrua og i stedet innfører en klokere, renligere,

bedre varme- og kokeovn». Både dette og elles premieringa frå jordbrukslaget Hammer fekk skipa, hjelpte lite. Folk heldt trufast på røykstovene både ein og to mannsaldrar enno.

Pram fann elles at folk brukte lite luksusvarer, og v e l s t a n d e n var i det heile bra, endå uåra straks før hadde sett sine merke. Eit vitnemål om ein reint ålmenn velstand såg han i det at ei mengd gamal sylvmynt var komen for dagen under uåra, slike som før hadde vori gøynde vel på kistebotnen. Tilhøva då tvinga dei til å nytta pengane til kornkjøp. Han vil at det skal gjevast melding om fiske og prisar til Bergens- og Trondheimsavisene, slik folk ikkje skulle vera uvitande om vareprisane til dei ymse tider. Pram har tankane med seg og studerer tilhøva godt. Vi ser at det han fortel i det heile høver med det vi elles veit frå tida. Trass i amtmann Hammers premiering for at folk skulle slutta å halda geiter og i staden innføra engelsk smale, ser vi at geitehaldet held seg; d e t l ø n e r s e g f ø r b ø n d e n e. Slik er livet så ofte sterkare enn teoriane. Grisehaldet ser vi har auka mykje mot før. Det Pram seier om stellet av skogen, er tvillaust rett, endå det er vandt å tru for oss at folk brukte så mykje ved som han fortel. Men vi lyt hugsa at dette vedforbruket i heimane galdt i ei tid då røykstovene endå rådde i bygdene. Dei slukte veldige vedmengder og høvde mindre godt i skogfattige bygder.

Pram fôr attende same vegen som han kom — innover Fanefjorden, der han såg mannskapet til Moldekjøpmennene med sine silde- nøter «ennå engsteligen vente på den sild man i mange uker hadde sett på havet utenfor, og hvorav der lengere sydpå var gjort betydelige notkast». I samband med si ferd over Osmarkane fortel han om at b j ø r n e n var så ofte ute her, men ein jamtlending hadde for 10 år attende lært romsdalingane å fanga ubeistet med snare! — Og dette hadde ført til at det vart mindre av honom. Dette minner oss om noko S t r ø m fortel: U l v a r var ukjende på Sunnmøre til i 1715, men då kom dei flokkevis og i store mengder nordanfrå, og dei gjorde på stutt tid av med ei mengd krøter, og fleire fjellgardar, der folk stort sett levde av fehald, laut leggjast ned. Dette prakket med ulvebeista heldt ved i nokre år, men så fekk dei høyra at i Romsdalen drap dei ulven med u l v e m o s e (lichen vulpinus); eit par romsdøler kom og baud seg til å reinsa Sunnmøre for ulv mot ei betaling av 8 skilling frå kvar mann. På nordre Sunnmøre, der ulveplåga var verst, gjekk dei med på dette, og utryd-

jingsarbeidet til dei to romsdølene lukkast så godt at sidan har Sunnmøre vori lite plåga av ulv.

Vi nemnde ovanfor den store kjærleik Pram hadde til Noreg. Då sambandet rakna i 1814, baud Pram seg til å gå i norsk tenest, og han kjende seg mykje krenkt og såra over at nordmennene ikkje sette så mykje pris på honom at dei møtte honom med opne hender. Han døydde i 1821 — som dansk tollinspektør i Vest-India.

MOLDE VERT KJØPSTAD I 1742. DRAG AV BYSOGA TIL 1814.

Det er ei arm tid på mange vis for Molde ladestad dei nærmaste åra føre og kring 1700. Alle dei banda som bergensarar og Trondheimsborgarar la på handelen og næringslivet til denne nye økonomiske midstaden i fylket vårt, heldt heilt på å gjera det av med honom. Ein skjønar det best når ein hugsar at folketalet i 1660-åra var kring 600 i Molde, medan folketeljinga i 1701 syner at i heile «byen» var det berre 133 personar av mannkjønn. I høgda kunne då det samla folketal vera 300, ein reduksjon til det halve på ei 45 år.¹⁾ Det er sjølv sagt nedgangen i trelasthandelen som gjer dette. Men i Fredrik 4. si tid (1699—1730) vart det noko betre for ladestaden. Som vi hugsar, hadde denne kongen sjølv fari gjennom Romsdalsbygdene og sett korleis det stod til; dessutan var då sjøelve amtmann N o b e l med i landstyringa. Ein skulle tru det var dette, som førde til at Molde, slik som også Fosna, vart gjeven ymis handelslette. I 1704 fekk såleis bae ladestadene rett til å føra inn korn beinveges frå utlandet, og ikkje berre frå Danmark som før; dessutan fekk dei rett til utførsle av distrikta sine eigne produkt utan at omsetnaden skulle gå over Bergen eller Trondheim, slik Kristian 5. hadde tvinga fram. Framgangen ser vi best av tollinntektene: I 1708 var tollen berre 119 rd., i 1716 var han 688 rd., i 1720 1146 rd. og i 1722 var han nådd opp til 2023 rd. Men så gjekk det noko ned att — til 1591 rd. i 1730; og utover i 1730-åra vart det ein stor nedgang. Dette heng mykje saman med at den nye kongen, Kristian 6., i samråd med stiftamtmanden B e n t z o n, som stridde for Trondheims-interessene alt det han kunne, gjennomførde dei meiningslause forboda att frå 1670—1690-åra. Rett nok skulle t. d. kjøpmennene få lov til å bu i Molde, mèn dei vart nøydde

¹⁾ I Aschehougs Norsk konversationsleksikon — kvar det no er frå — står det at byen i 1702 hadde 500 ibuarar, noko eg har vandt for å tru.

til å få seg borgarbrev att i Trondheim og betala skatt der! Molde ladestad måtte ikkje lossa korn anna enn frå sjølve Danmark, ikkje frå Slesvik og Holstein ein gong! Og borgarane kunne berre føra ut trelast og tjøre. Feitevarer, skinn, fisk og sild skulle no som føre 1700 førast til Trondheim og skipast ut derifrå. Og kor mykje verre dette måtte verka no enn før, skjønar vi av det at det hadde minka sers mykje med trelastutførsla, medan fisket hadde teki seg mykje opp. Serrettane til Trondheims-borgarane vart ståande, endå borgarane i Fosna — det galdt jamnast dei same reglar for desse to ladestadene — på kongeferda i 1733 (sjå s. 206) freista på det beste å hylla og helsa kong Kristian 6., m. a. med eit dikt, som tek til såleis:

«En Dag for andre, da Kong Christian den siette
Til Nordske Klipper kom og Romsdals Amt indtrædte,
Indprentes skal i Steen og læses udaf Stii,
Mens Nordmørs Fyrtræ groer og Romsdalshorn er til.»

Dette er kongegjøling som seier seks, endå det er berre småting mot anna som kjem seinare i diktet! Like lite nytta det, då Trondheims-kjøpmennene hadde flinke folk til å bera fram sine ynske for dei kongelege øyro støtt. Einast den nye stiftamtmanden, Nissen, freista i 1736 med eit innlegg for desse to ladestadene. Fyrst fortel han at på Molde og i Fosna (Fosund!) «har innsatt seg en del kjøpmenn, hvis handel er bleven, ved Tronhiems bys konfirmerede privilegier av anno 1731, restringert (avgrensa) til alene å utføre trelast og tjære, som de kunne tilhandle seg fra Romsdalen og Nordmøre, så og å handle med danske kornvarer». Målet er slett,¹⁾ men amtmannen får då fram det han vil. Han imøtegår sterkt det «Magistraten i Thrunhiem i sin erklæring har anført», dvs. eit klagemål over stor tollsvik på ladestadene — noko som sjølvsagt heng saman med uviljen frå Trondheims-kjøpmennene. Elles finn Nissen det er ikkje så underleg om det kunne gå litt ulovleg for seg der: «Moldes handling (handel) er temmelig nok innskrenket, siden at Trondhiems-bys innvånere ervervet deres seneste privilegier i 1731». Og han finn det ikkje mindre gagnleg at handelen på «Fosund (Fosna) og Molde steder vorder i akt tagen og vedlikeholdt, som i Tron-

1) Legg såleis merke til tre ulike former på Trondheim i same skrivet!



Frå Molde.

hiem og på andre steder; ti å nedlegge handel og næring på ett sted for mange innvånere og innbyggere, samt omliggende mangfoldige bønder, for å hjelpe og understøtte et annet sted, som allikevel og dessforuten kan ernære seg, det ser jeg ikke i allerunderdanigst betraktning det alminnelig beste enten å være Hans Majest. eller undersåttene gagnlig». Dette er så menn ikkje noko ringt innlegg, men etter han hadde budd i Trondheim ei stund, Nissen òg, såg han alt med Trondheims-borgarane sine augo. Det ser vi av ei ny «betenkning» året etter. Det var fyrst naudåra 1741 og 1742 som nøydde kongen til å gje handelen fri og gjer la destadene til kjøpstader; serleg tilførsla av korn utanfrå kravde det. Då kongen endeleg kom til dette resultatet, bad det danske kanselliet stiftamtman Nissen om ymse opplysningar om ladestaden, og han skulle koma med framlegg til byvåpen o. a. Vi får der høyra at det er berre «omtrent» 5 mann i Molde som har teki borgarskap i Trondheim, og «ganske få er i stand til å drive noen betydelig handel. Resten er mestendelen fattige forarmede folk og strandsittere». — Til byvåpen for Molde gjer Nissen framlegg om «en vannsprutendes hvalfisk, som driver en tønne foran seg, etterdi samme innjager sild og annen

fisk, hvorav deres største næring består, eller òg en havfru». Vi veit det vart kvalen med tunna framfor seg som vart byvåpenet for Molde, og er det enno. — Men elles har ikkje Nissen hug til å gå med på kjøpstadrettane for desse to ladestadene (Molde—Fosna). Han finn at dersom dei får «Større (merkeleg nok med stor S!—) handelsfriheter enn hitinntil, man da må befrykte at derved så vel Trundhjem som Bergen heretter ville finne stor avbrekk uti deres hitinntil hadde negotie (handel)». Han kan ikkje ha vori så liten lell denne handelen, sidan stiftamtmanden, visseleg etter påtrykk frå Trondheim, snakkar om det «store avbrekk» i Trondheims-handelen som kjøpstadretten ville føra med seg.

Kjøpstadbrevet er både for Molde og heile Romsdal eit så verdfullt dokument at vi skal ta det med i heilo — og ordrett no til 200 årsjubileet Molde har 29. juni 1942: «Vi Christian den Sjette, af Guds Naade Konge til Danmark og Norge, de Venders og Gothers, Hertug udi Slesvig, Holsten, Stormarn og Ditmarsken, Greve udi Oldenborg og Delmenhorst, gjøre Alle vitterligt: at Vi efter herom allerunderdanigst gjorde Ansøgning og Begiering, allernaadigst have forundt og givet, saa og herved forunde og give Indvaanerne paa Molde i Trondhjems Stift udi vort Rige Norge, Kjøbsteds Frihed, saa at de følgelig maa losse og lade alle Slags Være samt med Indenlandske og Fremmede handle og negociere, som de bedst og tjenligst finde, hvorimod Indvaanerne skal være pligtige, Told og Consumption (forbruksskatt), lige med andre Kjøbsteder, af alle ind- og udgaaende Varer, efter vores Told-Rulle og andre allernaadigste Anordninger, at betale; og skal dette Sted, Molde, føre et Vaaben, udi hvilket forestilles en vandsprudende Hvalfisk, som driver en Tønde for sig, ligesom Vi ogsaa aller naadigst ville at den Sorenskriver, under hvilken bemeldte Molde sorterer, skal der paa Stedet, baade som Dommer og Skriver, afhandle de der forefaldende Processer imellem sine Tingreiser, hvortil 5 a 6 Gange Byting om Aaret paa den første Dag i Ugen skal holdes, da det ellers med Processernes Indstævning og Paakjendelse efter Loven skal forholdes; forbydende Alle og Enhver herimod, eftersom foreskrevet staar, at hindre eller udi nogen Maade Forfang at gjøre, under Vor Hyldest og Naade.

Givet paa Hirschholms Slot den 29 Juni 1742.

Under vor Kongelige Haand og Signet

Christian R.

I. Holstein.



Leia frå havet innover Romsdalsfjorden mot Molde.

Moldeborgarane har vel knapt nokosinne hatt ein større dag enn då dei fekk denne meldinga om kjøpstadrett, d. v. altså seia full handelsfridom, for nett 200 år sidan. Det hadde vori ein lang og låk kamp med Bergen og sist med Trondheim om i det heile å få lov til å eksistera. At desse to byane framleies gjorde freistnader på å meinka Moldeborgarane i deira handel, er greitt, men mest verre var det at det kom opp strid mellom bøndene i fylket og bymennene i Molde; serleg såg dei siste med skeive augo på Lesjahandelen til bøndene inne i Romsdalen (Grytten); sjølv marknadslivet på Devoll lærde opp mang ein mann der til større tiltak. Såleis er serleg Andreas Monsås og Ole Ellingsson Aandal nemnde i striden med Moldeborgarane, som ville hindra dei i å kjøpa sild, fisk, tjøre, tran og bord o. a. av bøndene i fylket og selja til Lesja og Gudbrandsdal. Men desse to, som var såpass karar at dei henta korn frå Bergen på egne jekter, fekk stønad for handelen sin både av lesjaværingane, bøndene i Grytten og stiftamtmannen. Det kongelege skriv om dette frå 1743 seier: «Bøndene av Grøtens og Læssø prestegjeld må fremdeles beholde deres imellom hinannen hitinntil hadde bondehandel ubehindret av Molde borgere, samt ha frihet å selge den såkalte bondesild (sild kjøpt i fjordane) som ikke til kjøpmannsgods blir virket. Og hva O. E. Aandal angår, da må han heretter liksom i foregående åringer, ubehindret av Molde kjøpstads borgere, om sommeren med sin jekt hente provisjon av kornvarer fra Bergen eller Trondhjem, hvor prisen kan falle billigst, og om vinteren innkjøpe og til opplendingene selge bon-

desild —». — Endå så seint som i 1748 freista Trondheims-borgarane med ei klage til styresmaktene om å få den gamle skipnad i stand att, det er ei reint hysterisk klage. Ein får høyra om dei to nye byane at dei «ligger i gapet for de fremmede skipene» — altså i vegen for Trondheims-handelen. Ein får òg vita «at der av disse ved havbredden på klipper og øyer langt ute fra det faste land liggende samt hist og her atspredte våninger, hvorav deres byer består, aldri blir noen ordentlige kjøpstæder enten til defensjon, tilflukt, nytte eller prydelse for riket i alminnelighet eller for dette stift i særdeleshet!» Og borgarane i Molde og Fosna får vita at «deres forfedre alene er opprunnet av Trondhjems derholdte tjenere og kjøpmenns svenner.» — Johannes Nideros, som i 1716 var konstituert sorenskrivar i Romsdal og i 1740—50-åra er nemnd som «veier og måler» på Molde, høyrer kan hende til slike!

Med kjøpstadrettane kom det ei rik oppgangstid for Molde by, som sjølv sagt òg kom Romsdals-bygdene til gode. Elles heng denne framgangen mykje saman med ein ålmenn vokster på alle omkverve i heile landet, ein vokster som både har sin grunn i at dei ymse varene Noreg (og Romsdal) har til utførsle, stig i pris ute i Europa (konjunkturoppgang) og at folket har fått ein sterkare arbeids- og tiltakskveik i seg.

Tollinnkomene ved Romsdals tollstad (det var det vanligaste namnet gjennom heile denne tidbolken på Molde når det galdt tollstellet) fortel tydelegare enn noko anna om denne framgangen. Vi hugsar at i 1730 var tollen 1591 rd. Under den nye kongen vart det reint ille til byen fekk kjøpstadrett. Denne tolltabellen for 20-åra 1734—1753 syner skiftet:

1734: 602 rd.	1739: 600 rd.	1744: 1408 rd.	1749: 6604 rd.
1735: 659 «	1740: 804 «	1745: 2471 «	1750: 4795 «
1736: 671 «	1741: 1086 «	1746: 3648 «	1751: 7593 «
1737: 612 «	1742: 1726 «	1747: 3903 «	1752: 5531 «
1738: 656 «	1743: 2429 «	1748: 3022 «	1753: 6708 «

Trelasthandelen har ikkje så mykje å seia for Romsdal no, så det er nok det rike fiske t desse åra (s. 251) og fiske utførsel som gjert mest til aukinga. Dessutan var då dei ymse jordbruksvarene også frigjevne til utskiping; det har òg gjort sitt til auken. Alt i 1736 ser vi at det har vorti utført 210 tunner neter, visseleg frå Eikesdalen, til Irland. Det var imot dei kongelege forboda

å føre ut neter. Difor hadde Moldetollaren Behrentz, som visseleg ville hjelpa fram eksporten av denne vara, lata henne fortolla som trelast! Han orsaka seg med då det vart revisjonsmerknad til dette: «Nøtter er uti mine ringe tanker også en sort og dependant (noko som heng ned) av tre, og dersom disse kjøpmenn (på Molde) ei hadde resolvert å betinge samme av bøndene på Romsdals Marked, var de aldri engang blitt avplukket og var så kommen ingen til nytte».

Det var alltid utveg til å finna eit brukande forsvar!

At byen enno ikkje har skip til utanriksfart, ser vi av det at borgarane i 1743 søkjer om å kunna få seg salt «på annen hånd»: «Mens som dette sted Molde, som en fattig ny kjøpstad, ikke selv har skip å la hitføre saltet av alle slags fra første hånd, ei heller er her ingen innenriks skip å få på frakt», til å henta saltet beinveges frå utlandet, slik ein kjøpstad etter loven skulle, så bed dei om å få nytta mellommenn, det vil fyrst og fremst seia: å kjøpa dette frå framande skip, noko som stort sett vart tillati etter 1745; «for landet måtte krepere, siden de fleste folk og borgere her lever av fiskeriene og dertil uomgjengelig behøver saltet». Alt i 1744 kjøpte eit par Moldeborgarar (H. Holst og J. A. Eeg) det fyrste skipet som gjekk i utanriks fart.


Korleis det var med kommunikasjonar og postgonga i tida, kan vi skjønna av at futerekneskapane frå Gjermanes i 1743 vart avsende derifrå 11. februar, men kom fyrst fram — over Trondheim — til rentekammeret i Kjøbenhavn 30. mai, altså over $3\frac{1}{2}$ mdr. trong dei! Dette var ei høvespostsending, slik som det var vanleg å senda offentlege brev og skriv i det heile. Alt var avhengig av om det var nokon som før — og at ein kunne lita på denne eller desse. Rentekammeret tykte nok at rekneskapane tok vel lang tid før dei kom fram, og gjorde denne merknaden: «Det er bekjent at brev til og fra Romsdalen og Kristiansund ikke blir så betidelig befordret som for de øvrige kjøp-steder». Postruta som no var fast mellom Molde og Bergen, tok 8 dagar. Av tollrekneskapane ser vi òg kven Molde har samband med i utlandet. Det er skottar, engelskmenn og irar fyrst og fremst. Dei kjem jamnast med korn og lastar trelast og fisk. Trelasten går helst til Skottland og fisken til England. Så er det nederlendingar som kjem med kolonialvarer «og ellers alle til et sivilisert livs fornødenheter» og fører ut fisk og sild, noko til Nederland, men meir til Mellomhavslanda. Danskar og flensborgarar

kom jamnast med korn og henta fisk og sild. Også svenske skip var stundom innom Molde.

Det kan vera av litt større interesse å sjå noko nærare på dei varer som serleg går inn og ut i fylket med Molde som midstad for import og eksport — som nemnt før var det elles ymse handelsmenn i Grytten som tok varer direkte frå Bergen —: I året 1743 var det serleg stor kornimport, sjølv sagt, som fylgje av dei harde uåra då, såleis 8574 tunner bygg, 1142 t. havre, 258 t. havremjøl, 48 t. kveite og kveitemjøl og 504 t. rug. Dessutan vart det innført det året 1778 t. malt. Berre av dette skjønar vi at romsdølene måtte ha ikkje så lite eller få varer til utførsle, elles laut fylket sin økonomi snart bli ille. J. A. Schneider har rekna ut medeltalet for 10 åra 1753—1762 for nokre av dei viktigste utførsleproduktane våre. Vi skal ta med dette, då det meir enn noko fortel om næringslivet i by og bygd — vi tek òg med høgstetalet for varene og kva år det fell på:

	Medeltalet	Høgstetalet	År
Sagbord	28239	56463	1759
Kleppfisk	1162 skpd.	3022 skpd.	1759
Råskjer	577 «	1251 «	1754
Rundfisk	560 «	1337 «	1755
Longe	116 «	365 «	1762
Tørrfisk	2316 «	5418 «	1761
Seiufs	23 «	111 «	1753
Sild	3981 tunner	14082 tunner	1755
Salta torsk	1321 «	4772 «	1757
Rogn	1106 «	1580 «	1755
Tjøre	882 «	1655 «	1760
Tran	456 «	1020 «	1755

Vi ser at serleg året 1755 må ha vori svært godt, då 4 av maksimumstala fell på dette året. Det året har det gjennomsnittleg kvar yrkedag vori utekspederte 60 tunner med fisk, sild, rogn og tran på Molde, og det må seiast å vera bra. Etter Strøm skal det vera «Commerceråd» H. Holtermann som fekk kleppfiskhandelen i gang. Han budde på Molde til 1750. Av andre utførslevarer kan nemnast: B a n d s t a k a r — berre i 1746 gjekk det 18 000 stk. til Trondheim, j a r n (frå Osen og Lesja), b u k k e s k i n n, 111 deger (111 × 10) i 1763, salta og røykt l a k s, a n s j o s, ø s t e r s (fiska på Moldefjorden), såleis 62 små fat til Danmark i 1762, n e t e r (ofte ei 200



Molde gamle rådhus, bygd 1748—50 etter tiltak av futen J. A. Eeg, som då var ein av dei to elegerte borgarar i Molde. Eigar i 1940 Solemdal.

—300 tunner), bjørkeved (120 famner i 1761), rekling, nakkar, flundre, røykt torsk, røykt bukkekjøt, ost, tytebær — ja, endå til flatbrød. Ein av dei som i midten av hundreåret spela ei hovudrolle i handelslivet på Molde, var Hans Holst på Moldegård, nemnd av oss ymse gonger før. Han fekk seg det største handelsskipet i Molde, «Moldegård», på 24 lester. Det var bygt i England. Ein annan solid storhandlar var Holtermann, som vi nett nemnde. Men han flutte til Sunnmøre alt i 1750, då han kjøpte Giskegodset. Vidare bør nemnast J. A. Eeg (Eeg og Ord), som var forretningsmann til han vart fut, skotten William Allan og Petter Møller frå Sør-Jylland. Elles viser kjøpmannsnamn som Jacob Dargatz, Carsten Arentz die Boer, Jørgen Rennie, Adam de Chezeaux, Daniel Stephensen og ei mengd andre at det er ikkje romsdøler— men visstnok bra nok folk for det — som fører det store ord i handels- og borgarlivet i Molde. I det heile er det òg i dette hundreåret, likså vel som i det førre, eit svært tilsig av folk utanfrå til dei ymse norske byane. At dette jamt over var dugande folk i det praktiske livet, har vi mange døme på. Men dei var i høg

grad med og sette nye kulturgjerde mellom by og land, slik vi kjenner det den dag i dag. Ved sida av borgarane kom embetsmenn og «funksjonærar» til å få ein brei plass i det vesle bysamfunnet. Alt ved 1740-åra bur her amtmann, skrivar og byfut, 2 oberstar, 1 kaptein, 2 løytnantar, ein tollar, ein tollkontrollør, hospitalsforstandar, ein hospittalkirurg og frå 1764 ein fast apotekar. Då Bolsøy og Molde i 1740 vart utskilde frå Veøy som eige prestegjeld, tok òg Bolsøypresten fast bustad i Molde (frå 1743). Dessutan budde den lærde Hans Hagerup, ei tid konrektor ved katedral-skulen i Trondheim, generalkrigskommissær og amtmann seinare, i Molde. Hagerup var Holbergelskar og den fyrste som sette om Nils Klim frå latin til dansk. Frå 1743—1767 var han amtmann i Nordland med rett til å bu på Molde, då Bodøy, amtmannsgarden der nord, var så forfallen. Sidan vart han stiftamtmann i Kristiansand, og vart til slutt adla med namnet Gyldenpalm. Endeleg vil vi nemna den første byfuten som budde i Molde, Peder Jalles, som vart sorenskrivar i Romsdal seinare, frå 1752. Jalles var ein drivande kar og vart sers rik; såleis fortel skiftet då han døydde i 1795 at han åtte desse gardane i fylket: Vestad, Øvre og Nedre Torne, Slutås, Falstad, Ukkelberg, Hestad, Kvalnes, Sporsem, Øvre Løvik, Hoset, Hollingsæter, Matberget, Fangholt, Kalvsgren, Ytre Misund, Horrem, Harnes, Eikrem, Øvre Mork, Høvik, Steinsvoll, Leirvoll, Eidsvåg, Alfarnes, Strand, Krogset, Ytre Sandnes, Seljevoll, Ytre Holmem, Talset, Vølstad, Oterholm og Venås, tilsaman verdsette til 6520 riksdalar. Det er slik jord vi i boka har kalla proprietærjord, jord på einskildmanns hender, driven av leigendingar.

Den økonomiske framgangen i Molde nådde toppen i 1761, då tollinntektene frå Molde var over 9000 rd., ei inntekt byen fyrst fekk att i 1806. Nedgangen kom brått, kan vi skjønna, då tollinnkomene alt i 1769 var komne ned i berre 2044 rd.; så kom ei lita stiging att — til 2783 rd. i 1772. Byen hadde i dei gode åra jamt vori vitja av ei 30—40 framande handelsskip, i 1772 er det berre 14, og av dei er 7 frå Skottland og 6 frå Danmark og hertugdøma. Og med Moldes eigen «skipsflåte» gjekk det òg attende, såleis vart «Moldegård» seld til ein Trondheims-borgar. Serleg vert det slutt på kleppfiskutførsla, og såleis vart òg nederlendingane borte, dei som hadde greitt med fraktinga av denne fisken til Mellomhavslanda. Det er så fortvila tilhøve for byen at Schøning, då han kjem


til Molde i 1773, finn at «handelen ligger nesten i siste åndedrett». Om Molde seier Schøning m. a. — han kjem frå Vestnes: « $\frac{1}{4}$ mil nordenfor Gjermanes ligger kjøpstaden Molde, og et kort stykke der østenfor Moldegård. Sistbemeldte er bygd av amtmann Nobel. Den stod tilforn på en annen tomt, litt lengere mot vest og var bebodd av bønder, men bemeldte amtmann satte den på en bergknoll, i hvilken han lot utminere de skjønne kjellere som nå er under gården. Samme amtmann fikk seg av kongen forært den Vestnes gods tilhørende leding. Etter Nobel fikk amtmann Mustgården, og etter ham kanselliråd Holsten, av hvilken den ble solt til løytnant Møller, men etter hans død ble kjøpt av Schelderup, tilforn proviantskriver ved Kvikne kopper-verk». Om dei gamle bygningane på Moldegård og hagen har vi fortalt før (s. 195). Byen «ligger på en slette, på en noe mot sjøen hellende strand, på iøromtalte Moldegård, som ligger mot øst, og Reknes gård, som ligger mot vest, deres grunn, hvorover til disse gårdes eiere svares grunnleie av de fleste stadens hus. Midt igjennom staden løper en liten elv, der driver en del møllehus og en sag (før to sager). Stadens gårder beløper seg til omtrent 200; den inneholder omtrent likså mange familier og 800 sjeler. Den har i forrige tider hatt en temmelig god handel, men nå har den, og med den stedets rørelse og velstand, meget avtatt». At byen verkeleg hadde gått attende, har vi nett synt med tollrekneskapstala. Dei siste 10-åra føre 1773 hadde talet på matrikulerte hus minka frå 211 til 198, og branntaksten var gått ned frå 37 920 til 32 620 riksdalar. Dette fortel korleis Schøning ser med sikkert auga. «Staden eier nå kun tvende skip på 50 og 40 lesters størrelse, hvilke seiler på Frankrike, Holland og Østersjøen. Av fremmede skip såes tilforn en temmelig del, nå kun få, blant dem en del skotske skip, som handler trelast og tjære. Tilforn har staden eid omtrent 20 jekter, hvormed innbyggerne brakte deres varer til Bergen, men nå finner man sin regning ved å utskipe selv sine varer til utenrikske steder, men handelen ligger nesten i siste åndedrett. Her bor nå kun 7 a 8 kjøpmenn, og dessuten et halvt snes andre handlende, samt henimot et halvt snes håndverkere; men en del gårder står øde, andre nedrives og føres annensteds hen. I byen er atskillige hager og frukttrær.»

Biletet er mykje trist.

Om Reknes hospital, som vi alt har fortalt ein del om (s. 196),

fortel han: «Stiftelsen har en temmelig anselig bygning, hvori tillike er kirke, en forstander, en chirurgus, som nyter 70 rdlr. i lønn, en rådskone og 16 a 17 lemmer. Byens prest nyter av kongens kasse for der å holde prekenes, årlig 50 rdlr., og foruten bemeldte jordegods (Hustad) eier hospitalet nå en kapital av 8000 rdlr. I den vestre del av byen, som vender mot hospitalet, er de fleste anselige gårder, og der tillike et apotek, som holdes av fullmektig for apotekeren i Kristiansund. Byens kirke er en temmelig anselig trebygning, smukt malt og siret innvendig, med et temmelig høyt spir. Den ligger ovenfor byen på en temmelig høy bakke. Den er egentlig annekskirke til Bolsøy hovedsogn; men sognepresten bor nå i byen». I det store og heile var det ikkje så mykje ved Molde som minte om by i vår meining av ordet. «Gatene» var så smale at dei var mest ikkje farande; og rundt ikring dei små byhusa låg det ei mengd av dei ymse slag uthus, og desse var jamnast mykje tarvelege. Griseholdet t. d. spela enno ei ikkje lita rolle i byen, og grisehus hadde såleis dei fleste borgarane; grisen hørde difor ofte med i sjølve gatebiletet. Vassverk, renovasjonsstell o. l. var sjølv sagt òg ringt. Ein kan òg møta ymse frå tida 1770—1814 som vitnar om dette, endå det no unekteleg er noko framgang att i Molde, serleg frå 1780. At handelen var «i siste åndedrett», fortel og nokre ord av professor Sneedorff (s. 276), som seier i samband med omtalen av Romsdals-marknaden: «Her (i Grytten) handles med alle ting, også papir, som man ikke kan kjøpe i Molde, den usleste kjøpstad i Norge». Ein fransk adelsmann og emigrantoffiser, de Latocknaye, som fer gjennom Romsdal i 1798—99, skriv m. a.:¹⁾ «Denne vesle byen (Molde) er eldre enn Kristiansund, men handelen i byen ligg heilt nede». Den mannen som ved 1800-talet dominerte sterkast i handelslivet i Molde, var Hans Thiis Møller på Moldegård. Han var gift med dotter av Schielderup (s. 271). Thiis Møller hadde fleire skip i handel på utlandet og dreiv teglverk med ikkje så liten vinst (produksjonen vel 30 000 takstein og murstein i 1790). I krigsåra 1807—1811 (han døydde dette siste året) tok han vågnaden med kornimport frå Danmark til Romsdal. Like eins fekk han ført ei ca. 20 000 våger kleppfisk på småbåtar som smatt seg fram langsmed kysten, til Austlandet, der folk sat reint ille i det.

¹⁾ Voyage en Suede et en Norvège (1799).



Frå den eldste delen av Molde. Ei gamal sjøbu frå 1700-talet; det fortelst at her var fyrste skodeplassen for Bjørnson i skuledagane hans på Molde i 1840-åra.

H. Th. Møller var òg ein større jord- og skogherre. Han åtte gardar i fleire bygder, såleis Bjørset, Årøynes, Eikrem, 2 bruk på Hovdenak, 2 bruk på Løvik (Gossa), Draget, Drågen, fiskeværet Vikane nord for Bud og endå nokre gardar til i Bud.

Utførslevarane er i desse siste åra av tidbolken stort sett dei same som før, berre det ymsar nokså mykje frå år til år med varemengda. Ei ny vare, som fekk serleg mykje å seia i denne tida, var tangoska (til soda- og glasproduksjonen). Fyrste gongen tangoska er nemnd som utførsleware, var i 1776, då Molde skipa ut 22 270 pund. Ved 1800 var utførsla av denne vara komen opp i 1 million pund til eit samla verde av om lag 6000 rd. Byen hadde elles ved 1800-talet eitt teglbrenneri, ein pottoskefabrikk (største utførsl 10 000 pund på eitt år), ein pottemakerverkstad, ei «feldberederstampe», eitt garveri, eitt sagbruk, og ei kornmylne. Fiskevarene er no likevel dei verdfullaste utførsleartiklane. Futen Bull har i si bok om Molde¹⁾ rekna ut at utførsla berre av kleppfisk, tørrfisk,

¹⁾ Dette arbeidet, «Adskilligt om Kjøbstaden Molde», er skrivi i 1799, men fyrst prenta i «Topografisk-statistiske samlinger», utgjevi av Selskapet for Norges Vel, i 1807.

longe og tran i 1793 hadde ein verdi av 65 644 riksdalar. Det er sanneleg ikkje så lite!

Handélsmenn og embetsmenn hadde mest å seia i byen, men der var heller ikkje så få handverkarar av dei mest ulike slag: Gullsmed, skinnfeldmakar, parykkmakar, slaktar, bakar, knappemakar, glasmakar, kyrkjebyggjar, murmeister, bilethoggar, koparslagar, målar, sagmeister o. fl. — nemningar som er vanleg til ei mengd fornamn på Moldeborgarar. Serleg finn ein ofte nemnt parykkmakar!

Eit interessant drag om den patriotiske ånda i tida er den borgarvæpninga Molde freistar få seg i 1801, slik som ymse andre byar alt hadde ho. Borgarane skulle få øving i å nytta «Rør-Gewehr», men det kom ikkje så mykje ut av denne, endå det ser ut til at tanken frå fyrst av møtte mykje samhug. Ho vart mest ståande på papiret.

Før vi sluttar bolken om Molde, vil vi sjå litt på kva Pram meiner om byen etter sitt opphald der i 1804. Han gjev oss ei mengd opplysningar. Vi får vita at kjøpmennene Hans Thiis Møller og Steffensen er «vurderte» til 50 000 rd. kvar og ei 3—4 andre til ei 15—20 000 rd., så det var då somme borgarar der som sat godt i det. Men i det store og heile så deler han Sneedorffs syn — ja, ser heller svartare på tilhøva i Molde, endå så gjestmildt og storfelt han vart motteken av alle «kondisjonerte». — Pram har så mykje natursans at han finn at «adgangen til Molde fra landsiden er meget skjønn», og han rosar mykje Moldegård, gard og drift. Men når ein er ferdig med den vakre Moldegård-alléen, «kommer man i en gate, der neppe er bred nok til å kjøre med en vogn; de fleste steder er det umulig at to kunne kjøre hinannen forbi. Den løper labyrintisk i alle mulige retninger. Der er noen bigater, men disse er så smale, at der aldeles ikke kan kjøres. Av husene er kjøpmann Steffensens, ett der tilhører amtmannen, meget vel og måskje ennå tre-fire temmelig velbygde. De øvrige alle slette, forfalne og gamle, for en del ytterst usle. Havn er her ikke. Reden er, sa man meg, mere enn man etter beliggenheten skulle vente, trygg og fri for svær sjøgang. Dog kunne kun små fartøyer legge like inn til bryggene.... Byens innbygger-antall stiger etter tellingen 1801 kun til 801». Etter ei utgreiing om næringsliv, handel og handelsmenn serleg, samlar han sitt syn på byen såleis: «Ved den løseste betraktning synes heller

intet synderligere enn en kjøpstads anlegg der, hvor Molde er lagt. Den ligger på et av de minst tillokkende steder i hele Romsdalen når det ikke skulle være ute i det ville hav eller i en utilgjengelig fjellkrok(!) Der er ingen havn. Det er så langt inne fra havet, at det ei som i Kristiansund går an i en hast for en storm eller med havari å smette herinn. Uaktet byen ligger på det faste land, og der hit går en fortreffelig landevei, så er den dog like vanskelig å komme til som havbyen Kristiansund, da man skal på denne vei 2 ganger over sjøen, den ene gang over en av de verste og farligste fjorder; den har på sitt faste land kun en meget smal landstrimmel å forsyne eller hente forsyning fra; og inn til det egentlige oppland, det indre Romsdal, er der 4 mil av den farligste og verste sjøvei. Det er intet under, at en således beliggende by, der har det så meget beleiligere Kristiansund, med denne bys fortreffelige havn, kun åtte mil borte, blir stedse i sin opprinnelige middelmådighet.»

Men Pram gjev seg ikkje med dette. Han vil ha byen flutt — til Romsdals-marknaden: «Opplandets handel har etter dens natur og skaffet seg et annet sentrum, det er Romsdals marked — hvor omsetningen er betydelig». Han gjev deretter noko greie på denne handelen og held så fram: «Uaktet det til det nærmeste av Gudbrandsdalen har hit (til Molde) kun 6—8 miler mot henved 30 til Kristiania og sirka 20 mil høyst besværlig vei til Trondhjem, så har dog dølene med Molde såre liten omsetning». Så kjem atter orda om den fæle sjøen «som selv for den tilvante er både ubehagelig og farlig». Korleis skal ei sjøferd då ikkje vera for Lesja-bøndene? Dessutan vert ei ferd til Molde «for landmannen, som farer med sine egne hester og er ytterst sparsommelig, alt for kostbar. Markedet blir derfor dessmere besøkt. Her samles de som besørger landhandelen fra hele Gudbrandsdalen, især de nordre egner, og hele Romsdals amt. Dette marked besøkes av folk ei alene fra nordre Bergenhus amt, men også av de handlende fra Trondhjemsfjordens østlige egner, Levanger, og fra Trondhjem selv. At denne forsyning skjer på et marked en gang om året, ei i en kjøpstad, hvor landmannen stedse kunne finne hva han behøver, stedse avsette sitt produkt, har den store uleilighet, at han, ei formuende nok til på en gang å forsyne seg for et helt år eller til å hengjemme de varer, han har å avsette,

like så lenge må overlate seg til landkremmeren eller handelskarlene, ɔ: prangere, hvilke naturligvis utretter omsetningen så meget til deres og så lite til bondens fordel som mulig. Fordelen ved prangeriet forleder også en uforholdsmessig stor del av de edle daleboere til å forlate deres hederlige fjellbondeliv for å streife landet om på denne handel, blir derved ei blott spilte for deres egns næring og arbeid, men henter fra det vagabondeliv seder hjem med seg, som ingenlunde er føredlende». Vi tek med dette så utførleg, slik at kvar kan sjå kor alvorleg denne regjeringssendemannen tok si oppgåve. Alt er visseleg i god meining når det gjeld framhjelp av næringslivet i bygdene. At Romsdals-marknaden, som no som før hadde mykje å seia, førde honom inn på desse tankane, er ikkje så rart. Fargreiene i fylket var lite utvikla, og her var ei utgamal og sers verdfull hovudvegline. Likevel er det underleg å sjå korleis Pram vev saman økonomiske grunnar, bonderomantikk beint fram og jamvel reint moralske synsmåtar som agitasjonsgrunnlag for å flytta Molde til Grytten! Innlegget hans er reint utspekulert når det gjeld å grava grunnen under Molde. Og han gjev seg ikkje berre med dette. Han driv det så vidt i sitt innlegg for å syna at Molde ingen eksistensrett har, at han jamvel fortel at dette synet hans er i samsvar med ei ålmenn folkemeining! «Jeg hører aldeles enstemmig ytre det ønske, hvis oppfyllelse da ansees som et vesentlig skritt til beste for den hele vide omegn, at den romsdalske kjøpstad måtte forlegges til et bekvemmere, eller da Molde ligger aldeles ikke bekvemt, på et mindre ubekvemt, men til øyemedet passende sted. For et sådant anser man, om ei selve Veblungsnesset, så en av de mange der i nærheten beliggende havner, hvorhen man fra Opplandet kunne komme enten likefrem til lands, eller dog etter blott å settes over et sikkert og ubetydelig sund». Han bed kollegiet serleg å ta seg av denne saka utan å bry seg om skriket frå dei få som ser sine interesser lida ved flyttinga. — Ein skjønar at det er ikkje så reint «enstemmig» meining om flyttinga likevel! Han viser til at det er stor framgang på Nordmøre, noko som heng saman med den rike utviklinga av Fosna. Romsdalen meiner han skulle ha endå betre utviklingsvilkår enn grannefylket mot nord. «Dette er uten tvil et av de anliggender, som særlig fortjener det kgl. kollegiums alvorligste oppmerksomhet og undersøkelse».

At Pram ser slik som han gjer på stillinga for byen, heng visseleg mykje saman med at framgangen for byen i tida 1780—1800 atter vart avløyst av ein attendegang i neste tiårsbolken. Folketallet, som i 1796 hadde vori om lag 900, det høgste folketal byen i det heile nokon gong hadde før 1840-åra, var alt i 1801, hugsar vi, berre 801, såleis om lag 100 menneske færre. Fisket slo atter feil, og folk la seg på skogen att; serleg i 1806 — då var konjunkturane gode — var trelastutførsla større enn noko anna år før den tid, alt i alt 200 000 bord, utskipa på 29 skip. Til samanlikning kan nemnast at i grønnåret 1812 var utførsla berre 40 000 bord på 6 skip. Og attendegangen i det økonomiske livet heldt ved — også i dei næraste 10-åra etter 1814. Endå i 1825 var folketallet berre 750.

I 1805 hadde byen 6 briggar med eit mannskap på 49 mann. Dertil kom 11 jekter og 30 båtar. Dette året vart det teki opp liste over alle dei båtene, både i byen og bygdene, som kunne nyttast, visseleg med tanke på krig — til transport av varer og mannskap. Då desse tala også fortel mykje om kva rolle fisket spela i dei ymse bygder, skal vi ta dei med her, i samband med desse opplysningane frå Molde. Bolsøy (Fanne) åtting hadde 155 båtar, attestert av Ole Bøe på Årøynes (Hammers tenar hadde vori), Eresfjords åtting 75 (a. av P. Sira), Mittet distrikt 38 (a. av Jakob Frisvoll), Voll distrikt 32 (a. av Jørgen Frisvoll), Vestnes distrikt 90 (a. av Anders Sylte), Bud, Drågen, Vikane og Bjørnsund 40 (?) (a. av Sæmund Hansen, Bud), Vågøy 267 (a. av E. O. Linset), Sund 270 (a. av Nils Eskrem) og Romsdal åtting berre 5 (a. av C. F. Møllerup); tilsaman 1002. Talet er knapt heilt påliteleg, — det er mykje avhengig av dei som har rekna båtene. Serleg høyrer det urimeleg ut med berre 40 båtar i Bud, Bjørnsund, på Drågen og i Vikane. Lite er talet på Molde og i Romsdal (Grytten) òg, serleg når ein jamfører med båttallet i Eresfjords åtting. — Folk i alle Romsdalsbygdene laut elles nytta robåten som viktigaste fargreia både når dei skulle til Molde og andre stader. Så ein kan ikkje døma noko absolutt om fisket ut frå dette talet på båtene i dei ulike bygdene.

Om det var ymse framande som tykte det berre var smått stell på Molde, så syntest visseleg Moldebuen sjølv at alt stod vel og bra til. Vi skal nemna eit einskilt drag berre som tyder på det. I 1811 fekk Noreg sitt eige universitet, dvs. det kom ikkje i gang før 1813. Dei kondisjonerte, embetsmennene og dei fremste borgarane

i Molde, høgtida då òg på høveleg vis denne hendinga i 1811 og synte såleis dei levde med i det som var oppe av interesser og åndeleg liv i landet. I dei fyrste åra etter Universitetet var komi i gang, var det ikkje så lite tale om å flytta det frå den dyre «storbyen» Oslo, til ein meir billeg og idyllisk plass — få skapt ein studentby i landet, t. d. som det gamle Uppsala. Kongsberg var såleis mykje på tale. I «Rigstidende» frå 1815 kan ein sjå at ein moldensar er ute med eit innlegg for Molde som universitetsby, og han polemiserer sterkt mot Kongsberg. Han finn ymse manglar ved denne siste byen. Der er ingen sjøfart like til byen, og det måtte vera lite helsesamt å bu i ein bergstad, der røyken svertar liketil sylvsakene i skåpa. Det var i det heile ikkje rett å leggja Universitetet sunnanfjells, der det var så mange byar! Nordanfjells var det betre, då serleg «den lille, men til studeringer rett passende kjøpstad Molde, hvis beliggenhet er nesten å anse som sentrummet i landet (!).¹⁾ Vitenskapenes dyrkning vil ha fred og rolighet. Enn kriger hele verden (Napoleonskrigane); her er fredens helligdom, og her er ingen anledning til adspredelser(!). Et norsk Göttingen²⁾ kunne måskje med tiden oppstå, og har

²⁾ Tysk universitetsby.
endog dette forut, at ingen krigskanoner kan forstyrre læresalene. Den smilende egn, i hvis arm Molde er innesluttet, vet enhver som har reist her, å omtale. Lettere enn annsteds i Norge gis her tomt å bygge på, materialer til bygningen m. v., og til opplag for levnetsmidler er Romsdalen og Sunnmøre tilstrekkelig».

Det var berre synd at vedkomande innsendar ikkje hadde lukka med seg så vi fekk flytt sjølve Universitetet til Romsdal! — Det krigsherja Molde idag vitnar elles om at mangt kunne henda i denne byen, som innsendaren i 1805 ikkje drøymde om.

NØKRE LÆRDE ROMSDØLER I TIDBOLKEN.

Når ein les dei ymse kjeldene, finn vi at dei fleste som har levt mellom folket i bygdene våre, eller som har reist i fylket og studert folk og tilhøve, uttalar seg mykje rosande om folket. Ein kjem til det at det eig ikkje lite framtaksevne, og det skortar hel-

¹⁾ Jamfør t. d. det Pram seier om «beliggenheten» til byen!

ler ikkje på givnad korkje i den eine eller andre leia. Men det er ei tid då det er vanskeleg, ja, å seia umogleg, for vanlege folk å vinna fram til vidare utdanning og større kunnskap. Eit unntak er bondeguten

PEDER NEREM.

Peder Nerem er fødd 18. desember 1714 på garden Nerem i Tresfjorden. Foreldra var bonde Lars Pedersson Nerem og kone Marte Hansdotter. Han gjekk Trondheim Katedralskule og vart dimittert derifrå 1736 og tok så teologisk eksamen 1739. Han var fyrst huslærer ei tid, men vart så i 1742 personellkapellan i Meldal og i 1751 sokneprest i Hjørundfjord og i 1767 prost over Sunnmøre; Han døydde 1783. Han var gift med Anne Engelhart, dotter av Nettet—Veøypresten Nikolai Engelhart («sjustjernerprest», s. 340). Nerem var på mange vis ein føregangsmann og ein framskoten mann, like interessert både for åndelege og materielle tiltak. Bisp Arentz, som visiterte hos Nerem i Hjørundfjord i 1767, «berømme både prest og menighet og anså sammes ungdom som den mest opplyste på Sunnmøre». Nerem var i 1773 med og skipa det sunnmørske «landhusholdningsselskap» og vart den fyrste formannen i dette (jfr. s. 290). Han hadde ei fin boksamling, som han gav til Vitskapselskapet i Trondheim.

*

Når det gjeld folket, høver det elles framifrå å tala om «det skjulte Norge». Mang ein evnerik gut — og gjenter med — gjekk rundt i bygdene våre i hundreår etter hundreår og brann inne med sine evner og vart såleis slett ikkje det dei burde ha vorti eller var tenkte til. Dei enda gjerne som bygdeoriginalar eller raringar, som ofte vart berre til spott. Ansleis var det for embetsmanns-sønene. For dei var det alltid ei von om å «koma seg fram», hadde dei evnene. Sjølve Romsdal hadde ikkje så rare vilkår å by dei, så det barst jamnast ut med dei — i unge år alt — fyrst på skular, og seinare etter kvart over i eit eller anna embetet anten her i landet eller ute — i Danmark helst, slik det då var vanleg. Noko slags bygdepatriotisme var det lite av i embetsmannsstandet. Det var det — då som seinare — som sterkast representerte landet; embetsmennene vart ikkje i sitt omflyttarliv så sterkt bundne til ein einskild landslut, og dei fekk som oftast eit vidare syn. Landstanken og landsbaten stig i denne tida sterkare fram

hjá slike enn hos menn som heile sitt liv lever sterkt stadbundne. Og det skal i sanning seiast om embetsmennene i denne tidbolken at dei var fedrelandskjære menn. Ein slik ein var

ANDERS IVERSSØNN (BORCH).



Anders Borch.

son til den rike Gjermanesfuten Iver Anderssonn (s. 142). Mora var som nemnt bispedottera Anna Munthe; Anders Borch var såleis frende til Ludvig Holberg, og han åtte vel òg fyrst og fremst Muntheætta sine rike evner. På farsida var han tremenning av Petter Dass, så her var god arv frå mange kantar. Borch er fødd på Gjermanes 4. januar 1664 og vart dimittert frå Trondheim Katedralskule i 1681, og han vart så send til Kjøbenhavn, der han fekk den vidgjetne Olaus Borch til lærar.¹⁾ Han budde òg lang tid i heimen til Borch og vart så godt omtykt av denne lærde professoren at han gav Anders Iverssonn namnet sitt «til anminnelse», ein skikk som ikkje var så uvanleg i denne tida. Anders Borch, som

alt i 1687 vart viserektor i Trondheim hos verfaren sin, rektor S. Hof, tok magistergraden 1688 og vart i 1693 Hofs ettermann som rektor ved Trondheim Katedralskule. Han var då berre 29 år gamal, og han vart verande rektor i Trondheim til han døydde i 1709 -- så altfor ung, 45 år berre. Han var sers dugande både som rektor og lærar, ja, «den lærdeste filolog og kanskje den dueligste lærer her til lands i det 17. århundre», seier rektor Erichsen i Trondhjem Katedralskoles Historie. Borch fekk nytt liv i denne skulen, som slik som så mange andre skular på denne tida, hadde vori driven slett og avla berre åndeleg daukjøt. Han var òg ein mann med stor praktisk sans og meinte kvar laut finna det yrket han mest høvde til: «Kast boka, hald på kniven, den gjer deg til mann!» var rektors avskilsord til ein av elevane sine, som låg godt for det praktiske arbeid. Mange dugande menn, såleis Thomas von Westen

¹⁾ Olaus Borch er grunnleggjaren av Borchs Kollegium, velkiend her heime for den stønaden det gav Holberg.

og 4 bispar, kom til å gå ut frå skulen i rektortida hans. Tordenskjöld var truleg også eleven hans. Anders Borch var ein av dei lærdaste latinarane i tidbolken, også velkjend blant europeiske lærde; han har skrivi fleire verdfulle vitskapelege arbeid. Han såg si største oppgåve som vitskapsmann i å reinsa latinen for «barbarismar». Alt i studenttida gjorde han seg mykje gjeldande — vart alt 18 år gamal kjend for sine disputasar om hebraisk filologi. Borch var òg veldig interessert i naturfaga, iser i botanikk; «botanisk apostel i Norge» vart han stundom kalla. Det var heitt blod i karen; det kunne ein iser merka i hans lærde stridsinnlegg; då «behandlet han i blant små bagateller med en sånn lidenskap at jesuitterne ei verre gikk løs på Lutherum», heiter det om honom ein stad. Endå så seint som i 1734 kunne den store danske sogelærde Hans Gram seia at Anders Borch var den einaste nordmannen som hadde vekt «noenslags attention (åtgaum) hos exteros (utlendingar) til å dømme honorifice (på ærefull vis) om nasjonen i henseende til erudition (kunnskapar og daning)». Francis Bull seier at det «lar seg ikke bestride at Anders Borch var den betydeligste norske representant for det tidsrom som man kaller det lærde».

Slektningen Ludvig Holberg var alt i 25 årsalderen då Borch døydde, og vart endå betre kjend.

Av andre som spela ei viss rolle i tida sitt åndsliv, er dei to brørne

JONAS og MELCHIOR RAMUS,

søner av Aukrapresten Daniel Ramus (Reims), som i 1654 døydde frå ei ung kone og 7 små born. Likeeins som Borch var Ramusbrørne knytte til Romsdal gjennom fleire ættleder, for også bestefar deira, Jon Eskildsson Green, var prest i Romsdal gjennom heile si embetstid, frå 1606 til han døydde i 1625. Han var fødd i 1580 og var såleis berre 26 år då han vart utnemnd til sokneprest i Grytten. Det høyrest nokså underleg ut for oss at sonen hans latiniserte Green-namnet til Ramus (=grein), då Green var ei gamal norsk adelsætt med stor vyrndnad i bae rika — Jon Eskildsson var såleis frende av Anders Green til Sundby på Romerike, som var rikskanslar i Noreg ei tid under Kristian 4. (1602—14). Det var stor strid om Grytten-kallet den gongen, og utan stønad i den gjæve ætta si hadde han vel knapt fått dette kallet så ung han var. Det var ikkje småting å sitja prest i Grytten den gongen, —



Jonas Ramus.

dei fødde såleis over 70 kyr på prestegarden. Difor trong han òg store beitemarker, og han kom snart i ein lang strid med grannane sine om hamneretten til prestegarden (Sjå Rogne: Grytten pg.s kallsbok, s. 53 fg.). Jon Eskildsson vart prost i Romsdal i 1617, og då han var ein heiderleg mann som sette krav både til seg sjølv og andre, fekk han mykje å greia opp i no — fleire av embetsbrørne hans levde ikkje nett lytelaust. Ein prosterett som han såleis kalla saman stutt tid etter han var vorten prost, dømde såleis både Aukra-

presten Hans Aars og kapellanen hans, Kristen Mikkelsen, frå embeta. Den fyrste vart klaga for at han hadde gått i land på Lauvholmen i Aukra og døypt eit barn med sjø, og kapellanen avdi han hadde «slaget sin husbonde og matfader» og elles gjort noko så ulovleg som å gjeva Jens Snikkar frå Veøy nattverdssakramentet! — Bispen, diktaren Anders Arreboe, og domkapitlet hans stadfeste domen når det galdt kapellanen, då han òg hadde fått eit barn med kona si før bryllaupet, men Aars gjekk fri, då han døypte barnet i sjø avdi han trudde det heldt på å andast og hadde ikkje rette «vigdevatnet» i farten.

Sonen Daniel Ramus, sokneprest i Aukra 1643—54 og prost i Romsdalen i 1653, var gift med Anna Bernhoft (1624—1705), som var dotter av den førre Aukrapresten Christen Bernhoft (1622—43), så denne slekta til Rasmusbrørne kan ein fullt ut rekna for Romsdalsætt både på far- og morsida, og som vi alt har fortalt levde Anna Bernhoft-Ramus Breyer (s. 277) som prostekone på Aukra ennå eit halvhundreår etter fyrste mannen døydde. Så her hadde dei heimen sin også etter skuletid og studeringar tok til. Tre gutar kom til Trondheim Katedralskule og vart alle studentar der i 1665. Mest kjend er kanskje den yngste av brørne, Jonas Ramus. Han er fødd

i 1649, vart student 16 år gamal, sokneprest til Norderhov i 1690; i 1698 tok han magistergraden. Han var gift med Anna Colbjørnsdatter, velkjend frå svenskane sitt innfall i Noreg i 1716. Om kona visstnok var klok og modig denne gongen, så stod det ikkje rart til med mannen, som svenskane skræmde slik at han fekk «en alteration», så han aldri seinare kom til krefter att — berre to år etter døydde han (1718).

Jonas Ramus var ein mykje produktiv mann — det var serleg historie som interesserte honom — men arbeida hans har vorti dømde så ymis. I sitt private brevsifte har dei to velkjende og lærde sogemennene på denne tida islendingane Arne Magnusson og Torfæus (den siste levde som kongeleg historieskrivar i mange år i Noreg) sleiva sterkt etter det «visvas» J. Ramus produserte, og ofte har domen i den seinare tida òg gått i den leia; men det spørst om han ikkje har vori i striaste laget dersom ein dømer arbeidet hans ut frå hans tid. At heile mannen, jamvel i det ytre, hadde somt ved seg som lett sette han ut for spott, er ei sak for seg. Det er greitt, så produktiv han var, at ymse vart for lite gjennomarbeidd, og det skorta honom kanskje òg den rette kritiske sansen som sermerkjer vitskapsmannen. Hans fyrste arbeid, og det som er mest spreidd, er ei oppbyggingsbok: «Naadens Aandelige Markets-Tid», frå 1680. Ho er skriven i den ekte «barokkstilen», er rik på mange ord og kunstige vendingar, men er heller betre enn dei fleste av same slaget i tida. F. Bull seier: «Ramus's billedbruk og stilistiske kunstlerier er gjerne holdt innenfor noenlunde rimelige grenser, og i hans religiøse forkynnelse lyder en forening av innerlig tro og heftig gru for helvetes pine, som gjør bokens popularitet lett forståelig». Denne boka kom nemleg på om lag 200 år ut i 20 opplag her heime, og dessutan har ho komi på svensk i fleire utgåver. Dei fleste av arbeida hans vart gløymde snart, men nokre kom i fleire opplag og var i si tid mykje kjende — Ramus var i røynda ikkje så lite av ein popularisator, meir det enn vitskapsmannen. — Serleg hans ymse arbeid i Noregs saga vart mykje lesne, likeeins hans «Norrigs Beskrivelse». Ramus si framstilling av dei norske kongane si saga går ned til 1708. Ho kom ut fyrst året etter han var død, i 1719. Endå der finst mykje som er skralt, såleis det som fell etter 1387, «dansketida», så er det likevel mykje forvitnelig i ho. Noko nytt er hans interesse for samtidssoga òg. Eit forunderleg arbeid frå hans hand er òg «Ulysses et Otinus unus et

idem», der han freistar syna at Odin og den greske seghelten Odysseus er den same historiske personen! Slike jamføringar finn vi elles ofte hos lærdare menn i tida. Det er eit »nasjonalt» syn Ramus her målber, og det er sers interessant å sjå at denne boka kom ut i 4 opplag på få år — endå ho var skriven på latin!

MELCHIOR RAMUS.

Nokre år eldre enn broren Jonas, var Melchior, f. på Aukra i 1646; han vart student saman med dei to brørne sine i 1665 ved Trondheim Katedralskule, som han òg vart knytt til etter han hadde fullført sitt studium i Kjøbenhavn. Som broren — og som Borch, som han var samtidig med, tok han magistergraden, i 1682 — er alt då nemnd viselektor og kannik i Trondheim. Men i 1683 fekk han den viktige lektorstillinga ved skulen og hadde denne til han døydde i 1693 — same året Borch rykte opp frå viserektor til rektor. Han vart såleis heller ingen gamal mann — berre 47 år. «Melchior Rasmus var», skreiv ein samtidig av honom, «en unique og kostelig lærd mann i alle fakulteter». Og i saga om Trondheim Katedralskule skriv rektor A. E. Erichsen: «Trondhjems skole kunne ved år 1690 være stolt av å besitte Norges dengang lærdeste menn, rektor Borch og lektor Ramus. Disse to romsdøler kastet en viss glans over skolen, som dog dessverre ble meget kortvarig; de bortreves begge av en tidlig død. I motsetning til den produktive Borch gjorde Melchior Ramus lite av seg som forfatter; der nevnes kun to små latinske avhandlinger fra hans hånd, og deres største merkelighet er visstnok den at de kom ut allerede i hans 21de år. Ikke desto mindre vant han samtidens og ettertidens udelte ros. Det nye ved ham var, at han, foruten å være, som så mange andre, den grundige teolog og filosof, tillike hadde arbeidet mer enn noen annen her til lands i naturvitenskap, geografi og matematikk. Han er egentlig den første hos oss som med innsikt og framgang tok seg for å kartlegge landet». På etter måten stutt tid laga M. Ramus ei mengd kart av Noreg — Schøning som fortel mest om Ramus — har sjølv sett ein kopi av det store Noregskartet han laga. Men elles laga han fleire framifrå landslutkart, for han «besad en ypperlig og sær forfarenhet i fedrelandets geografi». Ein del kom til Danmark, for statsstyringa vart til slutt sterkt interessert i arbeidet hans, så han fekk ikkje berre kongeleg stønad, men òg kongeleg pålegg om å

laga desse kartverka. Fleire av dei strauk med i ein brann i Trondheim i 1699. Schøning fortel òg at det truleg er Melchior som eigenleg har skrivi den «Norrigs Beskrivelse» broren Jonas gav ut.

Melchior Augustinussønn (s. 205) fortel om M. Ramus då han døydde: «En åre sprang opp i hans liv, som ei kunne stilles; derved blødde han seg i hjel; var ellers lenge innvortes svak». Han vart gravlagd i koret i domkyrkja, der òg Borch vart gravlagd 16 år seinare, «under golvet i søndre kors».

«Melchior Ramus var», seier Augustinussønn vidare, «en mann av mere sjelden lærdom og begavelse, idet han ikke befattet seg med det sedvanlige, men med det ualmannelige og særegne. Han var en god astronom, bedre geometriker, best teolog. I hans omgang fant de som var sammen med ham, en medfødt elskverdighet».

Kona hans, Anna Kyhn, var dotter av kommandanten på Munkholmen den tid Griffenfeldt sat der. Då han vart fri til slutt, budde han det siste året hos fru Ramus, som då var enkje. Der døydde han òg.

Dei tre sønene til Melchior Ramus var svært evnerike: Kristian Ramus enda som bisp på Fyn i Danmark, Joakim Fredrik R. vart kjend professor i matematikk i Kjøbenhavn (død 1769 — såleis samtidig med Holberg) og Johan Daniel R. enda som jesuitt og bibliotekar hos biskopen av Cølln.

Ein fjerde romsdøl som i denne tida vann seg ord over baa rika var

PEDER ASCANIUS,

fødd 24. mai 1724 (1723?) på Nesset prestegard. Han òg høyrer til ei gamal presteslekt. Faren, Mentz Ascanius, høyrde til «Sjusstjerna» (sjå seinare) og vart på Thomas von Westen si serlege forbøn «visepastor» i Nesset i 1716, der han vart verande til i 1729, då han flytte til Aure, der far hans òg hadde vori prest. Peder Ascanius fekk såleis berre sine 5—6 fyrste guteår i Romsdal. Han òg kom inn på Trondheim Katedralskule og vart dimittert derifrå i 1742. Han studerte vidare og vart snart ein lærd herre, ikkje i språk og historie eller teologi, som dei fleste slike heldt seg til. Det var naturfaga som intresserte honom, serleg botanikk og zoologi. Linné, den kjende svenske naturgranskaren, vart hans store læremeister. Alt i 1759 vart Ascanius professor i zoologi og

¹⁾ I Vitskapselskapets Forhandlinger for 1938, s. 48, finst ein stutt biografi av A. av prof. Th. Vogt. Jfr. Biografisk leksikon.



mineralogi ved det økonomisk-naturhistoriske instituttet i Kjøbenhavn. I åra 1768—70 gjorde han ei ferd langsmed den norske kysten og samla tilfang til det store illustrerte hovudverket sitt «Icones rerum naturalium». Frå 1776—1788 var han elles berghauptmann i Noreg. Han døydde i 1803.¹⁾ Vitskapsselskapet i Trondheim heidra han med ein minnemedaljong i 1938.

Utan å vilja annektera

HANS STRØM (1726—1797)

frå sunnmøringane, så synest vi at han likevel bør nemnast her, då faren, «ein lærd og flittig mann», var prest i Bud i 15 år og hørde til «Sjustjerna», og mora og er knytt mykje til våre bygder, både som prestekone i Bud og som syster til ein annan «sjustjerne»-prest, Borchs elev, Eiler H a g e r u p, som til slutt vart bisp i Trondheim. Hans Strøm er både oppvaksen og har levt storluten av si prestetid på Sunnmøre — i 28 år. Dei siste 18 åra var han prest på Eiker og hadde då professornamn òg. Hans Strøm var òg Linnés elev, interesserte seg serleg for naturfag, og nådde i si tid eit namn som var kjend mellom alle naturgranskarar i heile Nord-Europa. Han har skrivi ei mengd avhandlingar om emne frå botanikken, zoologien, medisinen, mineralogien og meteorologien, og dei fleste vart straks omsette til ymse framande mål. Ein framifrå innsats har han gjort når det gjeld havgranskinga. Det notida elles best kjenner honom frå, er hans klassiske bygdeskildringsarbeid (topografiske arbeid) frå Sunnmøre og Eiker. Ingen av dei mange topografiske verka frå denne tida når opp mot Strøms arbeid. Vi har, som lesaren visesleg har merkt seg, ofte nytta opplysningar om bygdene frå Strøm i dette arbeidet, då han fleire gonger er inne på tilhøva i Romsdal. — Borgund prestegjeld, der han er oppvaksen og var prest frå 1750—64, grensa då heilt nord til Romsdal. Strøm hadde òg to brør, O l e og J e n s H e n r i k Strøm, som hadde både vit-skapelege evner og interesser; dei nådde likevel ikkje så langt som broren Hans.

*

Av menn utanfrå som har representert ein lærdom over det vanlege, har vi alt nemnt amtmannen Hammer og Hans Hagerup (sjå

s. 283 fg. og s. 318), likeeins presten Wille i Grytten. Vi skal nedanfør koma attende til dei to Veøyprestane Thomas von Westen og Erik Røring, som baa var menn over det vanlege. Elles var det fleire av prestane i denne tida som sat inne med både lærdom og kultur. Nassetpresten Christen Augustinussøn († 1686) var såleis ein lærd og fin mann (s. 205).

SJUSTJERNA.

Med Luther-læra fylgde det med same eit friskt religiøst liv, men dette dovna snart heilt av att, og i heile det 17. hundreåret er det læra som er hovudsaka, og med livet er det berre så måteleg. Teologane slost om ordet; det er den tørre rett-trunaden som rår. Men med 1700-talet kjem det ein frisk religiøs kveik att inn i kyrkjelivet her heime òg. Det vert kravt eit varmt og kristeleg hjartelag som kan gjera dei fine læresetningane om til sant liv. Det er pietismen, som har sitt opphav hos dei to tyskarane Spener og Franke. Her heime vert ein ung prest, Trondheimsgut elles, Thomas v. Westen, føraren for denne stemna. Han var fødd i 1682. Som alt nemnt var han Borchs elev frå Katedralskulen. I 1709 vart han utnemnd til sokneprest i Veøy, men overtok elles kallet fyrst ved årsskiftet 1710—11. Han var ikkje så lite av eit føraremne, og han samla snart omkring seg ein heil flokk av prestar frå Romsdal og Nordmøre og tok til med eit ihuga arbeid for å fremja Guds rike på jorda — slik han såg det då. At både han og dei andre meiner det godt, er visst, men elles er dei, serleg då von Westen sjølv, snare til både å døma og fordøma. Noko van-



Thomas von Westen, den kjende «sjustjernepresten» i Veøy (1709—1715).

leg lag var «Sjustjerna» i røynda ikkje. Det vart så reint av seg sjølv mest at Nassetpresten Engelhart, Budpresten Peder Strøm, Mentz Ascanius i Aure, Eiler Hagerup og Amund Barhow i Kvernes — den fyrste var berre kapellan — og Jens Juel i Tingvoll tok til å møtast hjå Thomas v. Westen på Veøy, eller på ein annan prestegard, for å styrkja kvarandre i trua og elles drøfta religiøse spørsmål og preste-arbeidet i det heile. Knapt alle var like reine pietistar og like ihuga som v. Westen; men då han var ein sers evnerik og myndig mann, kom heile laget til å få hans stempel. Dei andre var òg gode folk. Endå til Strøm, som var så smålåten, er karakterisert som «en lærd og flittig mann»¹⁾. Det er dette samarbeidet mellom desse 7 prestane som seinare førde til nemninga «Sjustjerna».

Thomas v. Westen tok alt 17 år gamal teologisk embetseksamen. Men han vart framleis verande i Kjøbenhavn for å studera vidare. Det var serleg øysterlandske mål som interesserte honom; og ein kan nok gå ut ifrå at han tenkte seg fram til ein lærestol ved universitetet. For ein gløgg kar var han. I desse åra fekk han eingong tilbod av Peter den store om å verta professor i Russland — med høg løn. Men bokhandlarane i Kjøbenhavn, som han stod i stor gjeld til for sine 6000 bøker, la seg i vegen så han ikkje fekk reisa. Dei truga han med gjeldsfengsel! Det ser ut til å ha vori ei vanskeleg tid for den unge kandidaten, men i desse trengsleåra fekk han sitt åndelege gjennombrot. — I 1709, 27 år gamal, gifte han seg med ei 52 år gamal dame, alt enkje for andre gongen, men god for ei 20 000 rd., og han kom såleis ut or dei økonomiske sorgene sine. Det er vandt å tru at det var kjærliek som dreiv honom inn i dette ekteskapet; her skulle heller orda høva om at «vegen til hjarta går gjennom magen», då han alt i fleire år hadde hatt kosthald hjå henne, saman med ymse andre studentar. Det er i det heile lite truleg at han hadde greitt å betala for seg her òg. Når han tok dette steget, var det tvillaust ut ifrå det synet at dette vart i alle høve den linnaste form for «gjeldsfengsel»! Men han var ingen økonom, og desse pengane gjekk fort. Då han døydde i 1727, sat enkja att i berre fattigdomen. Han hadde eit godt hjartelag og kunne vera uvanleg gjevnmild — iser mot dei som hadde den rette trua og gjekk honom under augo. Dessutan lei han alt under flyttinga til Veøy

¹⁾ Peder Strøm preika for Kristian 6 i Ålesund på kongeferda i 1733, men var så nervøs at han kom av preika, heiter det om han.

eit stort tap, då den skuta som førde bøkene og møblane hans, gjekk i kav. Ei dotter av kona hans drukna òg då.

Fyrst på nyåret 1711 tek så Thomas v. Westens presteverksemnd i Veøy til. At her var nok å gjera for ein arbeidshuga kar og ein Herrens tenar, var visst, endå tilhøva visseleg ikkje var så låke som både «Sjustjerneprestane» sjølve og ymse forfattarar, som har skrivi om dei, fortel. Det var vel i Veøy som i dei fleste andre bygder i landet, korkje verre eller betre. Presten Hammond, som har skrivi om von Westen, seier: «Mørkhetens rike fant uti herr von Westen den ivrigste motstander; han gjorde anfall allevegne, begynnende først hos sin egen menighet; uorden, liderlighet og andre herskende synder skulle utryddes; dette stod i landets lov — —. Barn, ja, endog gamle folk, der hadde odel på van-kundighet, skulle opplyses. Han vanærte de voksne med tvil om deres kristendom og ville ikke anta disse dømte hedninger til nattverden. Endelig kom han til hjertet, ingen forhen hadde rørt, og at det skulle renses formedelst troen og kraften av forsoningens blod. Dette var en ny lære». Orda er sterke, det er visst; men dei karakteriserer v. Westen framifrå: Varm og nyomvend, bråfus, stri og rådriken. Det låg ikkje for honom å gå fram med mildskap og spaklynde. Den som ikkje vil, han skal, høver på hans omvendingsarbeid. Syndarane skulle brytast inn i Guds rike.

Det er greitt at slik framferd skapte motstand; det vart sendt klager både til bisp og konge; var det uår, ulukke eller fisket slo feil, fekk presten skulda. Men då vart den unge presten endå meir pågåande og såg seg sjølv reint som martyr for Herrens sak. Somme slutta seg til honom, men dei fleste var imot honom, serleg i fyrstninga. I det heile kan ein sjå at «Sjustjerna», det vil då seia v. Westen, streva med mangt, men fruktene vart visst berre små. Eit vitnemål om arbeidet til desse prestane skulle vera at dei fekk kjøpt inn og spreidt 1000 biblar, noko det var smått stell med før. Slik fortel Hammond det. Det verkelege var at Thomas v. Westen bad styringa om 600 biblar, men han seier sjølv at han fekk ingen. Men likevel var det truleg arbeidet til Westen som gjorde at prisen på biblane straks etter vart sett ned frå 10 rd. til 1 rd. 10 rd. var nesta ei kapellangasje, har vi høyrt, og gjorde det umogleg for vanlege folk å skaffa seg ein bibel. At sjustjerneprestane ville ha bort slikt som soldateksisen ved kyrkjene om sundagane, var rimeleg nok, slik denne eksisen drog folks interesse bort frå gudstenesta.

Serleg forvitneleg når det gjeld å rettleia om ånda og arbeidet til desse 7, er eit klageskrift frå dei til kongen frå april 1714, der dei gjer greie for tilhøva i bygdene sine og vil ha nedsett ein kongeleg kommisjon til å «anhøre våre besværelser og forslag til den nedfalle kristendoms opprettelse». Der får vi m. a. høyra at «Zions veier ligger ganske øde i Eders rike Norge; der er ingen kirkedisiplin mere i Eders land. — — — Predikestolen mestendels fruktesløs. Skriftestolen mere til satans rikets befordring enn til synders avskaffelse. Horeri har så tatt overhånd at Herrens profeter med gråt hvert øyeblikk må frykte for ild over dette Sodoma. Drukken-skap er ikke synd mer. Trette og avind er blitt en mote, falsk mål og vekt ansett for lovlig profitt, vankundighet uti sin salighetssak holdt for god tro, banning og eder er alminnelig tungemål; sabbatens skjendige brytelse for et adiafora¹⁾, nattehold, dugnader, samlag, søndagsreiser har tatt ganske overhånd osv.».

At dette er ei veldig overdriving, er visst — slik ein kan venta det av så einsynte menn. Dette er òg i strid med opplysningar frå andre samtidige forfattarar; romsdølene får jamt over ros både fordi dei er strevsame og lever eit sømeleg liv. At det har vori dei som har gått over streken, då som seinare, er rimeleg nok; men etter dette klagehylet skulle ein tru at romsdalingane og nordmørin-gane var serleg lastefulle. I dette skrivet og ymse tilleggskriv frå same året kjem «Sjustjerna» med ein del framlegg til å betra tilhøva. Kyrkjetukta må skjerpast, det må verta meir vanleg med prestevit-jingar i heimane og katekisasjonar, brigde i presteutdanninga, slik ho vert lagd i meir praktisk lei, tilsetjing av betre klokkarar og skulemeistrar (minst ein i kvart sokn), spreiding av biblar og andaktsbøker, fastsetjing av faste straffer for openberre lastar, avskaffing av «umoralske» folkeskikkar, juledrikking osv. Ja, dei gjekk endåtil laus på dei gamle likferdskikkane, og dei ville ha straff for dei som ikkje gjekk til kyrkje — slik det òg vart ei 15 år seinare, under Kristian 6., den store pietistkongen, som til slutt la ned forbod mot all skuldlaus moro og let folk setja i gapestokken når dei synte den minste ulydnad. I hans styretid vart det ei motesak å vera pietist; hoffet gjekk føre; det vart ikkje måte på lygn, tilskaping og hykling, ikkje minst i dei høgre samfunnslaga. —

Alle desse tilrådingane og framlegga til «Sjustjerna» vart i det store og heile mottekne vel på høgste hald, men likevel så kom

¹⁾ «En likegyldig ting, hvis moralske berettigelse er avhengig av ens sinnelag».

det ingen ting ut av det heile. Men vi kan då sjå at von Westen freista å gjennomføra noko av desse synsmåtane på eiga hand, serleg når det galdt å straffa. Eit døme: Den 30. aug. 1714 vart det haldi prosterett på prestegarden i Grytten. Retten var samansett av magister Anders Lem, prost i Romsdal, Nikolai Engelhart, residerande prest i Nesset og Kjeld Stub, hjelpeprest i Grytten. For retten var innstemnd av soknepresten Thomas von Westen i Veøy Ragnhild Olsdotter Nerås for å svara «for sitt forargerlige forhold den 9de søndag etter trefold., da hun gikk til alters uten i forveien å ha innfunnet seg til skrifte». Vidare var innstemnde medhjelparen Peder Helland «for sin forsømmelse, at han ikke hadde lagt merke hertil», likeeins — av same grunn — kapellanen herr Otto Jakobsen og klokkaren Kristen Knutsson. Då dei spurde Ragnhild Nerås kvifor ho hadde gjort dette, svara ho at ho hadde vori redd for at presten skulle ha vilja overhøyra henne og at ho då ikkje hadde kunna gjera greie for seg. Kapellanen orsaka seg med at han hadde gjort sitt beste og kunne ikkje meir; klokkaren meinte det same og la til at han måtte overhøyra dei unge medan skriftemålet stod på, og hadde såleis ikkje kunna vera til stades. Verre var det med medhjelparen, som ikkje eingong hadde vori i kyrkja og såleis reint forsømt si plikt. Han freista orsaka seg med at han hadde vori på Molde om laurdagen og kom heim fyrst om kvelden. Om sundagsmorgonen hadde han kjend seg «svak» og hadde bedi kona si seia det til presten. Men ho hadde vori så blyg at ho ikkje hadde våga å venda seg til honom, — ein skjønar kva for ein alvorsmann Thomas v. Westen var! — Klokkar og kapellan vart frikjende. Medhjelparen derimot laut vedgå si store forsøminig og be om orsaking og lova at slikt skulle aldri henda meir. Stakkars Ragnhild Nerås slapp ikkje så lett. Ho var så redd at ho skalv berre ho såg presten og fekk for si «store synd» og «fryktelige forbrytelse» den dom «at hun til sin egen omvendelse, forfremmelse og satisfaction (rettferdiggjering) for den kristne menighet bør stå åpenbar skrifte, dog at hun først et halvt år fra denne tid holdes fra alterens sakramente og ikke dertil annammes føreenn hun har bevist tilbørlig forfremmelse i den saliggjørende kunnskap». Så skulle ho nokre sundagar stå utanfor kyrkjedøra for å verta tiltala av presten etter preika! Såleis vart denne gjenta utsett for spott og spe for heile bygda og i Guds namn, endå ho inkje gale hadde gjort.

Det kunne ha vori ymse å leggja til om Th. v. Westens verksemd

i dei 5—6 åra han var i Veøy, men vi har alt eit bilete av mannen og tida. At han var gjevnmild mot dei fattige, er visstnok rett, så ein kan visst òg ta det for sanning forteljinga om korleis han, når folk kom med gåver til prestfrua, hengde smørspanna opp i asketrea og ville ingenting ha, eller han let prestofferet gå til dei fattige.

I 1716 vart v. Westen tilsett som lektor i teologi ved Trondheim Katedralskule (jfr. M. Ramus), og frå denne tida er arbeidet hans serleg knytt til finnemisjonen. Sjølv drog han tre vender nord til Finnmark, preika evangeliet, freista skipa skular og byggja kyrkjer og tilsette reisepredikantar eller misjonærer. Finnane var fyrst mykje uvenlege mot honom, men han vann dei etter kvart, slik som det visstnok òg hadde gått i Romsdal til slutt — skal ein tru Hammonds ord: «Menigheten æret og elsket ham og gråt bitterlig, da han ble kalt fra den».

Thomas von Westen var ein mann med store givnader, og det er visst ikkje for mykje sagt at han både i evner, utdanning og kunnskapar er den fremste av alle Veøy-prestane. Han var ein ordhag og eldfull talar og ein alvorleg forkynnar, i det heile ein mann utan svik. Difor trong han ikkje vera utan lyte. Det er visst mykje rett i denne domen til O. Olafsen: «Han var herskesyk, ubøyelig og hard og tilbøyelig til ikke å tåle noen motsigelse. Han var ingen god menneskekjenner; alle som var imot ham, var Kristi fiender, mens han gjerne trodde godt om dem som var enig med ham. Han var en dårlig økonom og administrator. Men med alt dette var han dog et brennende og skinnende lys».¹⁾

Ein annan av «Sjustjerneprestane», Nikolai Engelhart i Neset, vart sokneprest i Veøy etter von Westen. Då von Westen skulle fara frå Veøy, bad han om å få denne sin kjæraste ven, «sin Jonathan», til ettermann i kallet. Engelhart var på mange vis den reine motsetnad til v. Westen, ein mild, venleg og smålåten kar; men han vart diverre ikkje så gamal mannen. Han døydde alt i 1719. Eine dottera hans vart gift med prost Peder Nerem (s. 327). Mentz Ascanius, far til professoren, hadde alt som personellkapellan hjå far sin i Aure, vori med i «Sjustjerne»-ringen.

¹⁾ Den som ynskjer å kjenna noko meir til Thomas von Westen, kan forutan i Hammonds arbeid finna sers mykje gildt stoff hjå P. Coucheron: «Syvstjernen i Romsdalen» i Theolog. Tidsskrift, og i Traps biografi av honom.

Det var òg Thomas v. Westen som fekk honom flytt til Nesset etter Engelhart. Nesset prestegard spela i det heile i desse åra ei ikkje lita rolle som samlingsstad for desse pietistprestane. Dei freista òg å halda oppe tradisjonane etter Th. v. Westen var faren, men desse sammøta fekk snart ein ende. Fleire andre fôr sin veg òg, såleis Budpresten Peder Strøm. Den unge kapellanen Eiler Hagerup slo seg seinare visseleg mykje fram ved det gode ord denne presteringen i Romsdal hadde — eller fekk — i pietisttida 1730—46. Han vart til slutt dr. teol. og frå 1731 til 1743 var han bisp i bispedømet, såleis òg vår bisp. Det ser ut til at denne karen etter kvart han steig i makt og vyrdnad, kolna i sin pietistiske varme. Som bisp synte han seg å vera ein myndig og streng statskyrkje-prelat.

Av andre prestar skal nemnast Erik Røring i Veøy (1741—1789) (s. 267 og 343) og Jonas Schanke i Grytten (1743—75). Dei hadde mykje same synet som «Sjustjerneprestane» og verka gjennom ei lang prestedid i same lei. Schanke skulle vera ein lærd og snill mann, endå han levde mykje i strid med grannar og bygdefolk.

KONFIRMASJON OG SKULESTELL.

Ei reform som fekk sers mykje å seia og som sprang beint fram or den pietistiske stemna i 1730-åra, var konfirmasjonen. Verdfullast var kanskje likevel ikkje dei religiøse verde han kom til å gje; mange ser det viktigaste ved innføringa av konfirmasjonen i at han førde til eit organisert skulestell i bygd og by. Alt i 1734 hadde bispen Hersleb — etter tysk førebilete — fått innført konfirmasjonen i Akershus stift, og då dei i 1736 høgtida 200-årsminnet for Lutherlæra, vart det fastsett at han skulle innførast i bae rika. Ved konfirmasjonen skulle barnet ta oppatt dåpslovnaden sin føre den fyrste altargangen. For folkeopplysninga fekk det så mykje å seia at dette vart knytt til ein eksaminasjon av konfirmantane i kyrkja medan kyrkjelyden hørde på. Ved ei slik offentlig prøve, som no skulle avløysa den meir private overhøyringa, som jamnast hadde vori heime hos presten før, ville dei tryggja seg at ikkje noko barn gjekk over i den vaksne alder utan ein viss sum med kristendomskunnskap.

Alt frå tidleg katolsk tid var det eit vedtak om at ungdomen i kyrkjelydane — helst i samband med gudstenesta — skulle ha ei

viss religionsundervisning, det klokkaren (eller deknen) skulle syta for. Ungdomen skulle såleis få læra «fadervår», artiklane og bønna til Jomfru Maria. Ingen vart «fermt» som ikkje kunne desse. Kvar gjente og gut skulle møta til denne undervisninga heilt til dei vart gifte eller til dei fylte 30 år. Dette er såleis ein slags konfirmasjon som den katolske kyrkja hadde. Ei liknande undervisning heldt fram då reformasjonen vart innført. Framleies var det helst klokkaren som underviste. Klokkaren måtte framfor prest og medhjelparane i kyrkja gjera ein høgtideleg klokkareid, som gjekk ut på at han «med all gudelig flid ville lære ungdommen dr. Martin Luthers lille katekismus udi sine ord og forklaring liksom det meg befalet vorder og Hans kongl. Majestetets lov meg tilholder». Vidare: «Jeg vil være på mitt embete innen og uten kirken udi en sann gudfryktighet med bønn og påkallelse, og således mitt liv og levnet fremdrage, at ingen, ved Guds bistand, skal ta forargelse av meg, eller ha årsak til å tale ille om denne orden for min skyld». Eiden slutta med full lydnad framfor prest, prost og bisp «i alt det som kristelig og rett er».

Alt i sjølve vedtaket om konfirmasjonen vart det haldi fram kør naudsynt det var at borna fekk ei brukande religionsundervisning, men eit ålment krav om at alle skulle læra lesa, kom fyrst ved eit kongebrev frå 23. januar 1739: «Om skolene på landet i Norge». Alt før hadde Kristian 6. fått hoff-presten sin, Erik Pontoppidan, til å skriva ei høveleg lærebok for religionsundervisninga, — «Sannhed til Gudfrygtighed» heitte ho og kom i 1738. For det meste var det berre eit ordrag frå katekisma til den tyske pietisten Spener, og boka vart påbøden innført i alle norske og danske skular og kyrkjer. Då det var tanken at Pontoppidans forklaring skulle lærast utanåt, er det greitt at spørsmålet om at alle kunne få opplæring i å l e s a, fort vart aktuelt. Og kongebrevet frå 1739 freista då få i gang eit organisert skulestell med skuletvang sett til 6—7 timar dagen i minst 3 månader årleg. Prestane skulle sjølvsgagt ha overtilsynet med skulen, og dei gamle klokkarane kunne ikkje lenger greia med denne undervisninga. Meininga var at kvart sokn skulle få sin faste iærar; og der det let seg gjennomføra, i meir tettbygde strok, skulle det bli f a s t e skular; elles laut ein greia seg med omgangsskular. Her var det sjølvsgagt ikkje tale om «verdslege» fag, ikkje ein gong om skriving og rekning. Det som skulle lærast, var katekisme, forklaring og salmar. Men alle skulle læra lesa, var meininga.

Eit godt grunnlag vart lagt — teoretisk.

Noko vandare var det å få sett det heile ut i livet. Det vart pålagt bispane og stiftamtmennene å gjennomføra skulevedtaket og skaffa dei naudsynnte «skoleholdere» i embetsdistrikta sine. Og bøndene og borgarane skulle sjølv byggja dei skulehusa som trøngst. Der det ikkje let seg ordna, fekk ein førebels nytta bondegardane. Tiltaket er storstila nok. Det verste var at folket mange stader slett ikkje brydde seg så mykje om å få den nye skulen. Og det bar til med så mange klager og innvendingar at styringa snart laut gjera visse attendesteg. Ved eit nytt brev frå 1741 vart det så overlata kvar kyrkjelyd å setja den nye skuleskipnaden i verk i sine bygder, slik som dei sjølv fann det høvelegast. Dette var slett ikkje eit ufarleg vedtak for skulen, slik tilhøva var den gongen. Eit gode var det likevel at framleies skulle prestane stå i brodden. Og Romsdal var då så heppen å ha fleire skuleinteresserte og viljesterke prestar, som ikkje gav opp etter fyrste taket. Det ser heller ikkje ut til at motstanden i våre bygder var serleg stor blant bøndene. Dei fleste stader rundt i landet vart det å seia til ein ståande strid gjennom lange tider om desse skulespørsmåla. Almugen kvidde seg både for utlegga og for å senda frå seg ungene. Mange bad jamvel sjølv om å få greia undervisninga heime av borna sine. Borna trong då ikkje kunna meir enn foreldra! I ser i dei harde naudåra 1741—43 laut riksstyret vera rimeleg. Men etter kvart skjerpte det atter krava. Og prestane lærde òg å nytta den makta dei hadde til å tvinga fram undervisningskravet: Dei nekta såleis ofte å konfirmera borna til folk. Dermed kunne til slutt ingen koma framom kravet at dei laut læra seg å lesa og få seg noko religionskunnskap.

Den fremste av Romsdalsprestane i denne tida var Erik Røring i Veøy, og det var han som fekk å gjennomføra konfirmasjonen og det nye skulestellet der. I 48 år, frå 1741—1789, var Røring prest i dette same gjeldet, og han la ned eit arbeid for desse bygdene og vann seg eit rom i bygdefolket sine tankar som knapt nokon prest her har fått korkje før eller sidan. Gjeldet var no elles mykje mindre enn før, sidan Bolsøy og Nesset nett hadde vorti utskilde (1741). Røring var òg pietistprest. Han dreiv iherdig med «husbesøk», som elles var vanleg i tida, og han tok seg mykje av konfirmantane. Han fortel sjølv korleis han sat dag etter dag til langt på kveld med konfirmantane sine. «Husoverhøyringane» tok òg mykje tid. Han seier såleis ein gong at han nett hadde drivi på 8

dagar i rad med overhøyeringar på Vestnes. Men like sterkt låg skulestellet på honom. Han ville lyfta heile bygdelivet. Og heile hans liv vart ein ustanselig kamp for dette, mot vankunne, umoral og sedløyse av mange slag. Det var såleis mange laushorn i Veøy, og dette ville han òg ha ein ende på. Dei som forsynda seg, både mann og kvinne, laut møta på prestekontoret og gjera greie for seg og ustellet sitt. Og så stor seiest det at hans autoritet var, at mange møtte jamvel utan serskild oppmoding.

Til å ordna med dei nærare reglane for den nye skuleskipnaden skulle ammannen kalla saman prosten, prestane, alle lensmennene og to utvalde menn frå kvart sokn i Romsdal til eit møte på Molde. Sidan amtmannen var sjuk — og snart døydde — vart møtet fyrst haldi 4. sept. 1742. Dei samlast i Molde kyrkje til desse drøftingane. Men det ser ut til at prestane i dei ymse gjelda alt var komne i godt gjenge i førevegen. Såleis hadde Grytten gjeld sin fyrste skuledag den 22. februar i 1740. Og dei andre bygdene stod visseleg ikkje attende. Frammøtet på Molde var då også godt. Vi skal etter forhandlingsprotokollen gjeva att namna på dei som var tilstades --- det var eit historisk møte:

Konstituert amtmann Børge Eeg, Romsdalsprosten Jakob Lund, som var sokneprest i Aukra, sokneprest Anders Heiberg i Grytten, sokneprest Johan Morsin i Nesset, sokneprest Erik Røring frå Veøy og sokneprest Peter Angell i Bolsøy. Desse lensmenn og bønder var tilstades — i den rekkjefylgja dei står i protokollen: Lars Larsson Sylte, Ola Knutsson Bø, Knut Larsson Langset, J. Eriksson Eikrem, Jakob Eriksson Frisvoll, Knut Lasseson Nes, Søren Mortensson Moiset (Mauset), Arne Olsson Istad, Lars Ivarsson Ødegård, Peder Pedersson Kjellbotn, Ola Olsson Flate, Ola Ivarsson Indre Sandnes, Ola Olsson Landre, Frans Pedersson Bjerke, Jakob Torsteinsson Røbekk, Tore Olsson Moen, Ola Toreson Grønfeten, Einar Olsson Devik, Ola Gunnarsson Berset, Erik Toreson Nauste, Peder Olsson Slemen, Knut Knutsson Myklebostad, Peder Ivarsson Hungnes, Hans Ellingsson Åk, Amund Eriksson Myrabø, Knut Larsson Hein, Ivar Larsson Sæbø, Einar Pedersson Skjelbostad, Anders Andersson Undhjem og Elling Pedersson Hatle.

Resultatet av drøftingane vart «etter grundigste betenkninger og overslag såvel av prestene i bemeldte prestegjeld som deres medhavende soknemenn, at udi disse 4 prestegjeld (Aukra er ikkje med, kva no grunnen kan vera) kan ei flere faste skoler til noen nytte

oppbygges og innrettes enn en på Molde ladested. For det øvrige vil overalt i disse prestegjeld omgående skolemestre, som allerede begynt er, brukes til å undervise ungdommen, nemlig i Gryttens gjeld 3 skolemestre, i Nesset 2, i Veøy 4 og i Bolsøy og Kleive 2». Deretter gjorde dei vedtak i 8 punkt om «en alminnelig regel og rettesnor, som disse prestegjelds almuer, til deres ungdoms undervisning og skolegang, heretter holder seg etterrettelig».

Vi høyrer her at desse som var møtte til å drøfta skulestellet i september 1742, ikkje finn at Molde har ordna skulen sin så godt som den bør vera. Men «fra de på stedet boende offiserer, kgl. betjenter og fornemste borgere» var det komi eit framlegg om bygging og innreiding av ein skule. Det ser ikkje ut til at det har vorti noko meir ut av dette med det same, for eit års tid etter ser ein amtmann Tønder er ute med trugsmål på eit nytt møte av Moldeborgarane: Anten lyt dei no friviljug greia kostnaden til skulen, eller så må han ta seg til utan vidare å byta utlegga på dei ymse borgarane. Han fekk stønad i dette av soknepresten i Bolsøy (og Molde) Peder Angell, som iser heldt fram kor naudsynt skulen var for fattigfolks born (velstandsfolket sytte sjølv sagt sjølv for den naudsynte undervisning til borna sine). Presten heldt elles fram at klokkaren, Severin Løeg, skulle vera vel skikka til «skoleholder», det òg resten av forsamlinga var samd i — «på prosten Lunds forespørsel». Men framleies ser det ut til å gå berre smått med gjennomføringa. Av eit brev frå 1745, der 13 av dei fornemste borgarane vender seg til stiftamtmann og bisp, ser vi at dei rosar Løeg for hans dugleik i rekning og skriving, men samstundes klagar dei over at dei fleste borgarane i byen ikkje vil betala det som kjem på dei av utlegga. Læraren får såleis ikkje løna si. Året etter er det småborgarane som er ute og klagar: Dei set så ringt i det at dei ikkje greier å betala for å få undervisning til borna sine. Dessutan iaut gutane hjelpa fedrane sine på fiske og anna, og gjentene laut ut på bygdene og gjæta; — det var anna å vera byfrøken på Molde den gongen enn no! Og dei held fram at dei i mørketida om vinteren sjølv kan læra borna sine å lesa og elles det som trengst av kristendomsførebuing. Skriving og rekning hadde dei ikkje bruk for. — Denne skulestriden fører til at alt same hausten kjem sjølv stiftamtmann Christian de Stockfleth til Molde for å greia opp både i denne saka og i andre ting. Det var òg klager over Løeg

som lærar. Det enda med at han framleies skulle vera klokkar, og han skulle skaffa eit høveleg lokale til skulerom mot å få utbetalt 25 rd. til å løna ein medlærar. Dei som ville nytta Løeg som lærar i skriving og rekning, skulle betala honom ekstra, frå 2—12 rd. — «liksom i den forrige skoleholders Hysings tid». Det synest såleis å ha vori vandare å få i gang skulen etter nyskipnaden på Molde enn i Romsdalsbygdene. Men så var det då også her spørsmål om ein fast skule med det same.

Før folk flest er det dei økonomiske offer dei laut ut med, som gjorde dei uviljuge mot skulen. Men det var òg andre ting som skapte vanskar for at den nye skuleskipnaden skulle bli vellukka, lærarspørsmålet. Var det vanskeleg på Molde, var det sjølv sagt mykje verre utover bygdene. Ingenstad var det skular som gav lærarutdanning; ein laut nøya seg med den fyrste og den beste som baud seg til, berre han kunne lesa og skriva og helst rekna litt. Det er så typisk det lærar L. K. Wiig skriv om ein av fyrste lærarane i Voll sokn (Innfjorden), Lars Koldevand. Han kom dit som dreng frå Volda på Sunnmøre; «og da han hadde litt boklig kunnskap, så ble han ansatt som skolelærer omtrent 1740. Han ble kalt Kalvass-Lars (jfr. Koldevand!). Han sluttet skolen 1763». At det skulle fylgja nokon kultur og større kunnskap med slike, det var ikkje å venta. Dei høyrde til ei sosial underklasse, og var langt ringare lønte enn dei fleste handverkarane. Løna i Romsdal var føre 1800 ei 15—20 rd., dvs. større løn enn dei fleste andre stader. Før dei vart godkjende, var lærarane gjerne underviste og prøva litt av presten, stundom òg av proststen, og så tok dei utan vidare til med skulearbeidet sitt. Dei skulle halda 30 veker skule for året jamnast. Det var ei vekes omgangsskule hos kvar mann utan omsyn til om garden var stor eller liten — ei ordninig som varde ved heilt til skuleloven i 1827. Det gjekk ofte 2—3 år før skulen hadde greidd rundturen til alle.¹⁾ Men sjølve skuleforordninga hadde då like vel vist vegen — også når det galdt krava til læraren: «at han ikke uten tvingende omstendigheter skulle være yngre enn 22 år (det han svært ofte var), at han hadde gode testimonia om et ulastelig forhold, og i særdeleshet at han ei bannier, ei lyver, ei er genemt til drukkenskap, liderlighet eller usedelighet, at han skriver og regner vel, eller så godt som i hans skole behøves,

¹⁾ Sjå bl. a. L. K. Wiigs opplysningar i R. Sogelags årsskrift 1923 frå Voll. Wiig er fødd i 1798 og d. 1879.

og kan deri informere, samt at han skriver ortografisk dansk». Etter forordninga skulle kvar skulemeister på skulekassa si rekning vera forsynt med 1 bibel, 1 huspostill, 1 blekkhus og 1 lineal. Kwart barn skulle ha katekisme, forklaring og salmebok, og dermed har vi nemnt heile det lovfeste skulemateriellet.

Etter dei gjevne instruksane skulle det vera to bord i skulestova, eit for gutane og eit for gjentene. Helst skulle det vera serskilt rom til undervisninga, men det vanlege vart at skulen vart halden i daglegstova, der husens folk greidde sitt vanlege arbeid samstundes. Forutan røykonn eller grue fanst det gjerne ei seng eller to her, og rokk og vevstol, som jamnast var i verksemd også i undervisningstida. Den daglege skuletida var lang. Frå påske til mikkelsdag varde ho frå 7—11 om føremiddagen og frå 14—18 om ettermiddagen, men frå mikkelsdag til påske frå kl. 9—12 og frå 13—16 «for de børn som ei hadde så lang vei at de før måtte gå».

I instruksen for lærarane heitte det at dei kvar morgon skal byrja med bøn etter at morgonsalmen fyrst er sunge. Deretter skal det lesast ei kap. or Bibelen og «endelig synges en pønitisens (botsalme) eller en annen åndelig salme». Og medan morgonbøna vert lesen, «skal alle tilstedeværende børn ligge på deres kne, og bør læreren vel se til at de med andakt synge salmene, bede bønnen og høre Guds hellige ord lese». På same vis går det for seg når skulen sluttar om dagen. «Dog tas herved i akt at etter væreets beskaffenhet om vinteren når det er ondt vær, da ikkun synge et par vers av en salme, på det børnene ved lyse aften kunne hjemkomme og ei ved sne og uti mørker kommer til skade».

Men også utanom den fastsette skuletida var lærarane pliktige til, dersom ein eller fleire bønder kravde det, å undervisa utanfor det vanlege skulehald ei 6—8 veker og det utan serskild betaling, men med rett til fritt opphald hos dei som kravde skule. Men dermed var det heller ikkje nok: «Skolemestrene bør også på predikedagene, når ingen gudstjeneste i anneksene holdes, i samme anneks eller i de bygder hvor de ere, holde bønn med almuen, med å synge de forordnede eller andre åndelige salmer med den og lese for den noe av Bibelen, helst det ny testamente, samt deres katekisme og en prediken i en god huspostille så og kristelige og oppbyggelige bønner, alt etter den undervisning, som ansporer den ved hvert steds prost eller sokneprest skal la øve».

I skulestyret eller «Bøygde-Commissionen» var soknepresten lov-

fest formann. Medlemer elles var lensmann og medhjelparane til presten. Utlegga til skulen vart utlikna etter visse reglar på folket i bygda; «skuletollen» heitte denne skatten.

I Romsdals sogelags årskrift for 1922 fortel Knut Foss frå ein visitas bispen Schönheyder heldt i Grytten i 1799, og der uttala han stort misnøye med skulen som han var og kravde nye tiltak. På eit møte av skulekommisjonen på Grytten prestegard året etter freistar dei så å fylla krava bispen sette i medhald av forordninga frå 1739 og den kongelege plakaten frå 1741. Fyrst galdt det å få orden i rekneskapen slik at både kasserar og etter-synsmenn gjorde sine plikter, noko som synest å ha valda vanskar i fleire bygder i fyrstninga. Og så vart dei samde om å skipa ei ny lærarstilling, då distrikta til dei tre skulemeistrane som hadde vori sidan 1740, var alt for store. Det skulle såleis bli 4 no, og «soknepresten, herr Heide, ble derpå anmodet om å utsøke et duelig subjekt til skolemester». Men for å greia dei nye utlegga som fylgde med dette, vart det «i medhold av forordningen av 23. januar 1739 dens 33 § besluttet:

At håndverkere og løsgjengere skulle pålegges et litt høyere pålegg årlig til skolekassen enn forhen. Og etter omstendighetene kunne dette pålegg ansettes fra 16 til 24 skilling årlig på deslige personer. Så og ble fastsatt til følge for fremtiden, på grunn av forordningen av 23. januar 1739 den 32 § at ved alle brudevielser, barnedåper og begravelser skulle en tavle ombæres i kirkenene, og ved alle gjestebud og samkvem en bøsse eller tallerken gå omkring i huset til alle nærværende for å samle godvillige gaver til skolekassen. Dette har verten av huset hvor gjestebudet og samkvemmet holdes, å besørge og å stå til ansvar for. Og i tilfelle av hans forsømmelse betaler han, nemlig husverten, 16 skilling til skolekassen.» — Og fordi skulekassa ikkje skulle bli pålest uturvande utlegg, galdt det passa vel på utbetalingane, såleis

«at alene ytterst trengende (og det vil seia mykje på den tida) og hjelpeløse børn kunne vente understøttelse av skolekassen til klær eller kost i skolen, og det så meget mindre, som det bør være og visseligen ikke alene foreldres, men enn og alle fosterfedres og husfedres plikt å forsyne de børn som er i deres brød, med de fornødne klær og nødtørfdig underholdning, likså vel den tid de går i skole, som i den tid de arbeider og er i deres tjeneste. For altså nøye å kunne påse oppfyllelsen herav forbeholder skolekom-

misjonen seg den rett å kunne undersøke og bedømme hvorvidt en understøttelse til klær eller til kost i skolen kunne gis til et eller annet trengende barn, hvorfor ingen utgift av dette slag måtte skje uten kommisjonens forutgående samtykke og gitte utgifts-seddel».

Men det kunne endå sparast meir; det måtte kontrollerast «at de skolebøker skolemestrene har for å utdele til fattige barn må avlegges riktig regnskap for, og må skolemesteren alltid oppgi til hvem bøkene er gitt, på det kommisjonen kan påskjønne og bedømme om bøkene er gitt til virkelige trengende og fattige barn, eller om bøkene ikke bør betales igjen til kassen, enten av foreldrene, om de er i stand dertil, eller av de folk som barnet tjener hos». —

Til slutt handsamar skulekommisjonen forsømingar og skulefråvær, « da det ofte skjer at barna ikke kommer i skolen. Så på det denne uskikk kan hemmes, ble besluttet:

At skolemestrene skulle påminnes om den plikt å melde for presten og kommisjonen når enten foreldrene, husbonder og matmødre avholder barna fra skolegang, på det sådanne ondartede mennesker kunne bli tiltalte etter forordning og kongelig reskript av 24. november 1764».

Dette er eit kulturdokument av rang, slik det gjev ein gløtt inn i tida og tilhøva frå mange sider. Og skulerekneskapen for Grytten prestegjeld i tida nærast etter syner at det vert sett inn den største energi på å løysa dei to hovudoppgåvene: samla inn pengar ved alle slags samkomer og pina småfolks barn ved å vera mest mogleg knipne med utlegg til mat, klede og bøker.

Det var framleies fullt med vanskar for skulen. Verst var det kanskje å få has på forsømingane. Folk ville ha ungane heime og med i arbeidet på garden. Eit mindre framsteg fekk vi i 1807. Då kom det skriv frå bispem som påbaud at kvart skuledistrikt «hvor og såvidt det lokale tillater det» vert delt inn i mindre partar eller r o t e r etter som gardane ligg til, slik at ungdomen i kvar ein-skild rote samstundes kunne møtast hos skulemeisteren, som ikkje lenger skulle fara frå gard til gard, men frå rote til rote, «hvis jordbrukerne etter riktig omgang mottar ham. Herved vil omgangen i prestegjeldet snarere tilendebringes, og ungdommen nyte oftere undervisning enn tilforn».

Vi har i dag vandt for å skjøna kva eit slikt omgangsskulelærarliv var. Mykje slit gjennom travle dagar i eit halvt år i saman-

heng — i onnene måtte sjølv sagt ungane vera mest mogleg frie. Det var til dels veldig avstandar ein slik skulemeister hadde å fara, og det var alt anna enn fest for honom å koma inn på mange gardar, der kvar matbiten gjerne kjendest som det reine nådsens brød; læraren var langt frå alltid velkommen, men laut like vel bli. Men kjennskap til folk og tilhøve i gjeldet fekk han betre enn nokon annan, og i mange heimar vart han òg motteken med velvilje og ein kjærkomen skjenk. Det var mange av omgangsskulelærarane som hadde hug på drykken. Ein mann som den fyrste skulemeisteren i Grytten, Anders Olsson H o r g h e i m, er eit godt døme. Distriktet hans strekte seg over meir enn 50 km, heilt frå Veblungsnes og Åndalsnes til fylkesgrensa mot Oppland (Brøstegardane). I om lag 40 år (1740—1780) var dette arbeidsfeltet hans. Og han var ein dugange og trufast strevar. Det heiter frå eit møte i skulekommisjonen frå 1758 at presten «måtte rosa Anders Horgheim framfor dei andre lærarane». Det var to til. Men han drakk og vart ofte sett tilrette. Såleis vart han i eit møte den 20. juni 1748 refsa «for given forargelse formedelst drukkenskap». Og i det fyrste skulekommisjonsmøtet etter han vart rosa i 1758, heiter det: «Anders Horgheim beklager selv å trettes, fornemmelig formedelst drikkfeldighet, hvorfor han meget ofte er blitt advart og straffet og liksom nå lovd forbedring.»¹⁾ Når ein granskar litt gamle protokollar frå desse bygdekommisjonane, møter ein ikkje så sjeldan typen Anders Horgheim, endå dei ikkje alltid samstundes får så mykje ros som han.

Eit underleg bilete av opplysningsarbeidet og ungdomsopplæringa i bygdene gjev bispnen O. Bugge i sine visitasmeldingar. Men ein får då vita litt om kor langt bygdene var komne på dei 65—70 åra som var gått sidan loven i 1739 og skuleplakaten i 1741 la grunnlaget for folkeskulestellet vårt. Bugge var ein brålyndt og ofseleg natur, som vart mest farleg så snart han fekk tak på ei penn. Men samstundes var han ein rikt utrusta personlegdom med gode kunnskapar — han var jamvel dr. theol., og ein kan ikkje koma frå at han var ein mann som tok si embetsgjerning med stort alvor. Vi skal her gje att nokre døme frå Romsdalsbygdene (her tekne frå Høverstad: Norsk skulesoga, I.):

M o l d e: I 1807 er ungdomen «meget vankundig og det synes,

¹⁾ Sjå Knut Foss: Skolelærere i Gryttens pg. 1740—1860, R. Sogelags årsskrift 1928.

som om presten (Stenbuch) hverken anvender tid eller flid til å danne den. I sitt vesen er han framfusende og oppfarende, samt uten tvil innbilsk. — Molde by har en fast skole med to lærere, begge usle. I skolen var kun få barn, og disse kunne intet. I skolejournalen hadde skolelæreren ingen ting ført inn siden 1805, hvilket beviser den elendige oppsikt presten har.» På 6½ år har skulekommisjonen berre hatt 3 møte. Men på en ny visitasferd i 1819 er det mykje betre, og i 1823 får jamvel presten ros.

B u d: 1807. Klokkaren held ikkje skule; dei to lærarane, Hans Male i Bud og Søren Reijersen i Hustad, har kvar 16 rd. i løn og får ros, serleg Søren, som har lært mange å skriva og rekna så godt at dei har vorti butikksveinar i Kristiansund og Molde. Presten (Johan Christopher Lohmann) freistar visst òg, «men har neppe gaver til å utrette noe klekkelig, da hans egne begreper mangler den klarhet, de trengte til kateketisk å utvikles. — Ungdommen var kun måtelig, som heller ikke annet kunne ventes, da formannen var en bekjent drukkenbolt». Dei få eldre konfirmantane som kan noko, må ha lærarane å takka for det. I 1819 er ungdomen betre enn sist, men «kun måtelig». Presten (Hans Bull Motzfeldt, 1809—22) kan ikkje eksaminera. Han er «en mann av hode, men uten noen erudition (daning og kunnskap). For sitt embete føler han neppe varmt; i hjertet tror jeg han er god. Beskyldes for drikkfeldighet — — prekenen uten varme og kristelig følelse.»

A u k r a: Både i 1807, 1819 og 1823 (og endå meir i 1828) får ungdomen ros for kunnskapen sin. Og «man spote tydelig prestens flid med den (Andreas Høyem 1798—1823 og Niels Dreyer 1823—56). — Jeg la merke til at presten omgikkes almuen meget stusslig og svarte den kun kort». I 1819 seier han om Høyem at han er ein «rik og streng økonom». Bispen finn same året at skulemeistrane «syntes å være temmelig gode, noen endog mer enn alminnelig».

V e ø y, 1807: «Ungdommen overmåte vankundig, men jeg vet ikke med visshet om dette ikke bør tilskrives formannens uduelighet». Også i 1819 er ungdomen fåkunnig. «Presten er en dueelig mann, men hypokonder og dorsk. — — Fra prestens side gjøres nok intet til dens dannelse (Jens Stub 1801—19, føremannen hans var Ove Chr. Krogh 1789—1800). I øvrig tror jeg presten ikke er ganske fri for auri sacra fames (trå etter pengar, kyrkje-eiga). Lærarane er ikkje «ganske uefne». Den nye presten (Jo-

han Christopher Haar Daae 1820—29) er «både i lyst og evner erbarmelig. Ungdommen var som ham.»

Grytten, 1807: Her er berre 3 lærarar i 5 sokner, og det endå den førre bispen hadde kravt ein til (s. 348). No driv Bugge det fram. Presten (Hans Rasmus Astrup 1805—27) er «en såre enfoldig og av fattigdom nedtrykt og motløs mann». Ungdommen er då også (1819) «ikke anført til tenksomhet, men vankundig». Lærarane «ikke uefne». I 1833 var ungdomen der òg litt betre.

Nesset, 1807: Her er tre ganske bra lærarar, med 20 rd. i løn kvar. Ungdomen er ikkje så verst «når man betenker den gresselige vankundighet under formannen (Jeremias Tønder 1775—1804)». I 1819: «Presten (Jonas Frost 1804—25) preket med megen hatskhet mot haugianerne. Vankundigheten er nok temmelig stor». I 1823 er ungdomen noko likare att. Vi høyrer ofte at prestane ligg i strid med bygdefolket sitt, såleis Heltberg i Nesset, Høyem i Aukra (difor er han «stutt» i samtalanene med dei òg, seier Bugge) og Astrup i Grytten. Ofte gjekk det rett hardt for seg og gjennom fleire rettar til sjølve det kongelegge kanselli i Kjøbenhavn. Der enda t. d. striden mellom Høyem og klokkaren hans, Torstein Sundsbøe, i 1810..

Då almugen i Grytten i 1811 hadde skjelt ut presten sin, Astrup, klaga han til prosten Stub, han atter til bispen, som kom opp i mykje skrivning for denne saka både med amtmann og kanselliet. Her kjem det tydeleg fram at den kyrkjelege og verdslege embetsmakta ikkje alltid dreg så godt saman. Og endå klårare kjem dette fram i sokneprest Høyems strid med Aukrabøndene, der bispen på ein måte skuldar amtmann Sommerfelt for å ha hjelpt bøndene med klaga over Høyem, og må stå til rette for kanselliet for skuldinga. Det treng ikkje vera skulespørsmål som er opphav til slike motsetnader, tvert i mot er det jamnast reint private ting. Men det er greitt at når almugen kom i slik motsetnad til presten, som fyrst og fremst bar fram skulekrava, så var det alt anna enn lett å driva dei tiltaka i gjennom som trongst. All dyrtida og naudåra ut gjennom 1700-talet og naudåra fyrst på 1800-talet la òg tunge vanskar i vegen for arbeidet med å fremja skulen slik som føresetnaden var og kongebreva frå 1739 og 1741 uttrykte det.

Dei fyrste freistnadene på å skipa eit velordna skulestell i Romsdal måtte såleis bli noko vinglande og uvisse — slik i våre bygder som flestalle stader i landet. Men så rett mange åra gjekk likevel

ikkje før folk flest, også ute på bygdene, lærde å lesa. Reint anal-fabetar var dei no heller ikkje før. Ein kan berre lesa det L. K. Wiig skriv om tilhøva i Voll før 1740:

«Den som først lærte en del barn å lese her, var en mann på nedre garden på Nederhovde ved navn Bom. Han var ikke ansatt som skolelærer, men de som ville, fikk ham til å lære sine barn, formodentlig for betaling. Han skulle òg være den eneste i den grend, der var eier av huspostill, og de andre i Søvik og Hovde gikk til ham om søndagene når han leste teksten. Til dem som kom for seint, gav han irettesettelse og sa bl. a.: «Dåkka Gud er dåkka bug».

Føregangsmenn av dette slaget har det jamt funnest i alle bygder, slike som av eiga drift og evne har flytt bygdelivet eit steg fram. Dei fleste ligg gløymde, men mange lever enno i friskt minne som gløgge og hjelpsame menneske.

Det gjekk reint utruleg med lesinga. Derimot var det heller trått med opplæringa i skriving og rekning. Men serleg sist i tidbolken, i «opplysningstida» frå 1770-åra, er det ikkje få rett skrivekunnige kvinner og menn i dei fleste bygder. Ein kan ofte gle seg når ein les gamle protokollar, over bygdemenn som fører bra stil og ofte ei rett flott handskrift. I denne tida tek også folk meir og meir til å lesa annan litteratur enn den reint religiøse. Somme finn jamvel fram til Snorre-omsetjinga frå 1757 og fyllest av den oppdrift og dei tankar som skapte 1814. Og embetsmenn og velstandsborgarar kunne ofte ha rett bra boksamlingar og fylgde godt med. Endå så ring denne skulen var og så d a n s k han var, gjorde han tydeleg si nasjonale gjerning i vårt folk.

I 1792 vart det på Molde skipa eit lag som bar namnet «Trøskapsklubben». Det hadde fyrst og fremst selskapeleg føremål, men alt tre år etter fekk det grunnlagt ei lita boksamling, som skulle ha bøker «passende til hvermanns lesning». Dette lagt heldt òg dei fleste aviser og tidskrifter som kom ut i landet.

Samla kan ein seia om det opplysningsarbeid som er komi i gang: Den norske almugen er på veg til å bli eit kulturfolk.

ARBEIDSLIV OG TILHØVE ELLES I AUKRA PRESTEGJELD KRING 1800.

Vi har ovanfor fleire gonger nemnt Andreas Høyem, som eit kvart hundre år (1798—1823) var sokneprest i Aukra. Han var ein vaken

og interessert mann, som vi òg har sett at bispem Bugge gjev lovord. Vi har ei skildring av prestegjeldet frå hans hand (1818), som gjev mange forvitnelege gløtt inn i tilhøva på hans tid i dette øygdjeldet ute i den norske havgarden. Han er nøktern og realistisk, og når det gjeld omtalen av folket, som han låg så mykje i strid med, målar han det truleg noko i svartaste laget. Men opplysningane hans fortener ein plass for seg i Romsdals saga, også av di at det er så sjeldan at vi har slike skildringar eller utgreiingar frå denne tida gjevne av menn som gjennom eit langt liv har personleg røynsle og kunnskapar om det dei fortel.

Høyem byrjar med ei geografisk rettleiing om gjeldet og ei utgreiing om namna Aukra og Gossa som det er uturvande å ta med noko av her — namnetolkingane hans er alt for fantastiske for oss, slik han finn dei har opphav hos gudar og gamle førhistoriske segnkongar. Av alle hans kyrkjelege opplysningar kan vi heller ikkje ta med noko, då vi har fortalt det viktigaste før (s. 277 og 204). Om folkesetnaden fortel han at Sandøy har 12 bønder og ein kongeleg tollmann. Orta har 4 bønder, Lyngvær 3 «beboere» og Husøy 2 bønder. Ona, «en klippeøy og et bekjent stort fiskevær, har 20 beboere». Harøy har 20 bønder og nokre husmenn og strandsitjarar. I den søre luten av øya er det 5 bønder som høyrer til Haram og på Sunnmøre. I Aukra er det 131 matrikulerte gardar som utgjer 419 våger fiskeleige og har 326 oppsitjarar, 60 plassmenn og 58 strandsitjarar. Samla folkemengd i 1801 2721.

I Aukra og er det ein sokneprest, ein klokkar og 5 omgangsskulelærar. Kvar av desse «skoleholderne får promte utbetalt ved årets ende 20 rdl. mot å ha holdt 40 ukers skole». Lønsvilkåra er her med det beste — i Nettet var det same løna for 32 veker skule. Skulekassa står godt, har tils. 558 rdl. i kontantar og obligasjonar. Fattigkassa greier seg dårlegare. «Til den kommer sjelden annet inn enn de i kirkeblokken gitte kommunikanter små gaver». Difor har ho berre 15 rdl. og nokre skillingar. Gjeldet er bytt i 24 fattiglægder, — ei liknande ordning fanst i alle bygder for fattigstellet. Aukra kalls benefiserte jordegods er prestegarden og enkjesætet Vågøy, tils. på 26 våger fiskeleige. Innkomené til klokkaren er svært uvisse, »beror mere på almuens velvilje enn på en viss rettesnor». Innkomene til Aukra og Vågøy kyrkjer er den halve luten av kyrkjetienda, den andre helvta vert betalt til «den lærde skole»

(Katedralskulen) i Trondheim av alle dei 4 soknene i gjeldet, dessutan 10 våger fiskeleige og jordegods.

Dei viktigaste innkomene til presten var korntienda «som den har vært ytt i 70 år». Det vart betre då ein tiendekommisjon sette havretunna til mellom 1 rdl. og 3 ort til 2 rdl., og byggtunna til 3 rdl. og 1 ort. «Etter nærværende priser har jeg ikke den halve del korn-tiende mot min formann i kallet, av den største del tiendeytere, som betalte deres tiende for den fastsatte sum».

I dei seinare åra har n a u d a lært ibuarane i Aukra «at akerens dyrkelse dog er mere fordelaktig enn det uvisse fiskeri (jfr. s. 292), hvortil de alltid har vært hengivne». Men endå ligg mange, ja, jamvel nokre av dei største gardane utan gjerde og fritt for febot til kvar tid. Folk sår mest havre, berre lite bygg. Dei fleste gardane greier ikkje fø «de gårdboende familier» lenger enn til jonsoktider. Sidan må dei kjøpa korn eller mjøl til haustavlinga kan nytast. Mange gardar «gir kun føde for vinteren og noen ennå mindre».

Mest alle ibuarane driv fiske, iser i kapellsoknene og fiskeværa. Fiskeværa Ona og Bjørnsund har tils. 40 huslydar, «som intet sår og intet høster». Desse strandsitjarane driv liksom òg «kapellmenighetene» forutan det vanlege torskefisket om vinteren sumarfiske på Storegga, «en langs kysten gående klippegrunn av 100 favner dybde 12 til 16 mil fra land». Her fiskar dei longe og kveite, av den siste fisken lagar dei «de bekjente ræfog» (reklingar). Reisa ut til Storegga er ofte farleg i opne båtar, stundom ofte til inga nytte. Jamvel i stilt ver kan reisa vera til fånyttas når dei ikkje får «vaferd», d. e. når dei råkar bort i den stride straumen som går nordetter og fører med seg snøret med slik makt at det ikkje kan nå botnen.

I dei 4 siste åra har dei òg med ihuge lagt seg etter å fanga brugde, og dei har stor vinning av denne farlege fangsten, som før var lite kjend. Berre av levra til ei einaste brugde kan dei få 6—8 tunner tran, og kvar tunne vert betalt med 18—20 rdl. «Formedeist fiskerienes utebliven i mange år, hersker nå i prestegjeldet til deis megen sult, trang og nøgenhet. I de lykkelige fiskeriers tid kunne prestegjeldet regnes iblant de velhavende, nå derimot må det ansettes i blant de magre og fattige».

I Fræna — eller Vågøy sokn — driv dei mykje tjørebrenning; med dette kan somme bønder årleg tena ei 40—50 rd. Her byggjer dei òg båtar på gardar der det finst høveleg skog, serleg åtringar som

fører 3 lester og meir. Desse åttringane vert brukte til havfiske og er gode siglarar med breie eller utvida framstamnar og sterkare enn dei som vert bygde på Sunnmøre.

Åkrane på Aukra gjev lita grøde og treng mykje gjødsel, då jorda jamnast er skrinn. Og den åkeren som forfedrane har pløgt, pløyer dei framleies kvart år. Sjeldan bryt dei ny jord til åker, og aldri vert åkeren atlagd til å kvila seg. Sædskifte og jordskifte er her ein mørk tale. Like lite ville dei skjøna at sol og varme er naudsynt for urter og grasplantar, og at den jord vert daud og mindre grønmæm som støtt ligg i mørker. I staden for å kunna selja, kjøper dei fleste deira sulvarer frå dei indre prestegjelda og frå Opplandet, i ser på Romsdals-marknaden. Der er omsetnaden av fisk og tran og sild, i mot mjøl, korn, kjøt, fleisk og smør, svært levande.

Dei fleste bønder har berre 6—7 kyr, mange har berre 3—5. Med ein hest pløyer bonden åkeren sin og driv garden elles. Den sandute jorda gjer at enga er elendig og «desformedelst forsømt dyrkelse». I prestegjeldet er det berre få handverkarar. Dei fleste bønder lagar sjølv det dei treng til gards- og husreiskapar. Ja, sjøelve syr dei kleda og skorne sine. Innbu og klede er svært tarvelege. For ein stor del nøyer folk seg enno med hekter i kleda og med reimar i skorne. «Med hensyn til deres pynt er de ennå et halvt hundre år tilbake i sammenlikning med de fleste landsbygder». Våningshusa deira er enno for det meste røykstover. Eller stover utan loft og har kalka omnar med ein skorstein. Derifrå går røyken opp gjennom ei opning i taket som vert kalla ljore, som dei let att når det trengst, med ei sjå.¹⁾ For ei 20—30 år attende, då det var gode fiskeår, skaffa somme bønder seg loft- og kakkelonnsstover. Men slike kosta ei 100 rd., då alt innbu måtte kjøpast og først langt undan frå; og framande bygningsmenn frå Nordfjord og Sunnmøre let seg betala godt. — Til utfylling av Høyems opplysningar om hus og heim på Aukra, skal vi her ta med det utskiftningsformann Lars Dalset har skrivt om den eldre husforma inne i Rødven, slik at ein kan sjå heimen i den romsdalske fjordbygda i samheng med øybygdene. Han seier: Den vanlege måten å byggja på frå 1600 og utøver iallfall var eit eldhus med gruve og ljore i taket, så i enden med eldhuset ein gang og ved sida av eit kammers eller ein kove. Så kom røykstova med røykonn og ljore i taket. Denne

¹⁾ Siste årestova i Romsdal vart truleg riven på Vestad i Bud i 1903—04 fortel Anders Sandvik.

stova gjekk over heile breidda på huset og var på vanlege bruk nokså stor. Dette var turvande, då om lag alt innarbeid gjekk for seg der. Så kom ende i ende med stova eit tilbygg — truleg kom det noko seinare — og det var berre på ein og ein halv etasje; i fyrste høgda var det ein gang og eit kammers. I kove og kammers brukt dei helst kleberomnar. Ei stove av denne typen stod på nedre Hunnes til berre for få år sidan (kring 1920). Ho var oppført i 1624. Då dei reiv ho, synte det seg at den gamle stova var bygd på ei endå eldre stovetuft. Av denne gamle stovetypen er det no berre få att» (jfr. s. 228). — Om sjølv røykammen, som var vanleg i Romsdal som i det meste av Vest-Noreg gjennom ei 500—600 år, fortel O. Olafsen i *Veøyboka*, I, s. 286: Ei låg inngangsdør med klinke førde frå framdøra og inn i huset. Når ein kom inn i stova, hadde ein røykammen på den eine sida av døra, den som vende frå vegen og vindauga. Han var mura opp av vanleg stein og var leirklint. Han var gjerne om lag 3 alner i firkant; på framsida var det laga plass til ei gruve, der dei kokte. Inne i sjølv omnen gjekk det inn som ein bakaromn, men han var ikkje djupare enn ei aln. Her brende dei for å verma opp og raka så glørne ned i gruva. Ovanpå var omnen flat, og her innretta dei seg tørkehelle til å tørka korn. På hjørnet av røykammen fram mot stova var det sett opp ein planke, som ofte var utskoren i toppen og vart kalla «kalhovden». Ein svær jarnnagle med stort hovud, som alltid var blankpussa, gjekk inn i planken oppe i mot enden.

Når det vart gjort opp varme i røykammen, slo lågen fram og opp. I gruva var det ein skjerding med gryte på, som dei då kokte i. Elles kunne dei òg leggja veden beint under gryta og tenda på. Røyken fylte snart heile huset, og det ville ha vori umogleg å vera der om dei ikkje jamt hadde frisk ventilasjon: dei opna skylet på taket med skylestonga, og ikkje nok med det; døra vart sett opp, og ein kald luftstraum drog gjennom stova og opp gjennom skylet. Røyken lyfte seg opp og låg om lag jamt med rafta i stova, eller ei 15 tomar lågare. Ein kunne såleis utan vanskar halda til inne. Sjølv sagt kjende ein til røyken, men ein vart snart van med han. Når dei var ferdige med kokinga, raka dei saman alle glørne i gruva framfor omnen, og der låg dei og glødde. I taket drog dei for skylet; døra vart stengd, og ein god og logn varme stråla ut frå den oppvermde steinomnen. Røykstova var i røynda mykje helsesam når ein fyrst vart van med henne. — Røyken

gjorde sjølvsagt tak og vegger svarte, heilt kolsvarte, til litt ned for raftekanten, men noko meir brune lenger nede.

Endå om kring 1850 var røykstover vanleg i Romsdal.

Om *l e v e m å t e n* til folket i Aukra har ikkje Høyem så svært mykje godt å seia, endå han korkje vil «dadle eller rose» den. «Deres nærhet ved kjøpstaden (Molde — det same meinte dei i Nesset kring 1850, endå avstandet til Molde derifrå var 5—10 mil!), deres idelige handel med fisk, deres daglige arbeid med å fange og drepe fiskene, deres ferd på de brusende bølger, deres beleilighet til bytte av vrak og sjøskader, har gjort deres tenkemåte til dels voldsom og brusende, til dels noe egennyttig og rovbegjærleg. Deres store nabolager, især i kapellsoknene og fiskeværene, der —14, ja, 20 familier bor sammen, deres daglige isammensyssel på land og vann, deres mange ledige stunder og ørkesløse dager, især når uvær inntreffer, gir leilighet til oppeggelse og vonde råd, hvorved sinnet blir gjenstridig, deres atferd overveldende og deres tale overfusende. Overhodet er bønder her meget mistenksomme, tror ikke meget noen enkelt øvrighetsperson, løper gemenlig fra den ene til den annen med sine spørsmål, og til slutt oftest følgende sin egen aller først fattede mening. I øvrig kan jeg ikke annet enn tilstå at forfatteren i *Topografisk Journal for Norge*, 8. hefte, s. 51, ikke er stridende mot min erfaring når han sier: «Her avviker folkets tenkemåte kjennelig fra opplandsmannen såvel i manndom som i godgjørende egenskaper». Man vil alene merke, at jo nærmere sjøkysten, jo mere viker god tenkemåte fra almuesmannen, som forårsakes av en blanding med fremmede nasjoner».

Det er ei svært velskriven skildring dette, og ho har mange interessante ting — han held jamvel på rein rase —, men domen må vera for hard. Bispen Bugge rosar då ungdomen her som noko av det beste i Romsdal; og det vi veit om folket elles der ute frå seinare tider, er at det er vakne, flinke og drivande folk. Somme drag han peikar på hos folket, er like velkjende i alle bygder, hos bønder som hos folk flest..

Høyem fortel vidare at det er ei stor lukke for dette gjeldet at dei ikkje dreiv med brennevinbrenning, som alle stader i landet tok seg så sterkt opp i denne tida, — «dog har mange i de gode fiskeriers tider skaffet seg, især på utøyene og i fiskeværene, for penger brennevin i mengde». For dette prestegjeld, der inga øverheit har budd forutan prestane, «hvor innvånerne, som alle henhøre

til sjø-innrulleringen ikke står under militær tukt, de få unntatt som nå og da utskrives til H. Majestets sjøtjeneste, har det vært en lykke at deres sokneprester, nå vitterligen i over 200 år har vært, liten unntagelse, rettskafne og gudfryktige menn, uten laster, til dels virkelig lærde menn, deres årvåkenhet, eksemplariske liv og duellighet har derfor kvalt en hopen av de mangfoldigen utsådde vonde frø, som ellers her har funnet en meget frodig vekst».

Denne domen om Aukraprestane og den gjerning dei har gjort i gjeldet sitt gjennom hundreåra, er visseleg stort sett rett. I det heile spela prestane, i ser i det 18. hundreåret, ei stor og god rolle i dei fleste av bygdene våre. Mange var store idealistar og varmhjarta menn og med opne sansar for framgangssakene i tida anten det no galdt åndeleg eller materielle tiltak.

Og Høyem sjølv høyrde til desse.

NASJONALE STEMNINGAR I SLUTTEN AV DANSKETIDA.

Ser ein samla på tilhøva i Romsdal ut gjennom dansketida, finn ein at framvoksteren i det store og heile svarar til utviklinga i landet elles. Romsdalssoga atterspeglar rett godt sjølve landssoga. Og det biletet ein får, er slett ikkje ringt. Det er ein trygg vokster til større økonomisk og nasjonalt sjølvstende; sjølve 1814-frigjeringa frå Danmark kjem mest berre som eit naturleg resultat av dei mange krefter i folket som i dei siste hundreåra så å seia har dregi i den lei.

Det kan vera dei som vil spyrja om ein merkar nokon serleg uvilje mot danskane eller mot sambandet med Danmark i denne siste tidbolken før 1814. Det er ikkje så svært mykje å halda seg til. Men det er like vel kanskje så mykje at ein med ein viss rett kan seia at overklassen, dei kondisjonerte, helst syner ikkje berre lojalitet, men jamvel velvilje mot Danmark og kongehuset, medan sjølve bondesamfunnet i Romsdal har ei meir antidansk innstilling. Dette kjem rett sterkt fram i segnene frå dei ymse bygdene. Vi har alt nemnt eit par døme i segnene om «Romsdalingen og generaldottera» og om futen Alsing (s. 189 og 221). Om futen heiter det såleis: «Han var no berre som ein heidning då, ser du — han skulle vera dansk». I ei anna ei, ««Gapstokken på Rød»¹⁾,

¹⁾ Rekdal, s. 174. Gapstokkar, avskaffa ved lov i 1848, vart vanleg, iser i den pietistiske tida, for mindre kyrkjelege brot.

heiter det m. a.: «So var det ein gong det var ting på Nauste (i Eresfjord). Der var som vanleg samla mykje folk frå heile prestegjeldet. Og om kvelden kom dei saman i den store røykstova hans Gammal-lvar. Rundt bordet sat gamlekarane — talast med og drakk so smått. Og ungdomen leika seg frampå golvet. So var der ein som bruka fylgje futen, bar skreppå hans og var som eitslags verje åt 'nå — ein danske dei kalla Homann. Denna kroppen gjekk der gjorde sprakalegger og less vere slik grømme kar. Han ville velje ut tå dei likaste tausom te danse med, og ikkje skulde fleire enn han vilde få kome på golvet hell.

Men so ranst det ti 'nå Bjørn tå Langset. Han gjekk og tok frå dansken tausa han hadde krafsa åt seg:

«Du fe smør de mæ ei tå hånkjinn, du — dei hine vil me ha sjølve» — sa'n åt 'nå.

Dansken tok på bruke kjeft, og meinte på han skulde hente futen sjølv, so skulde det bli ei råd med ein slik bonslark. Men han Bjørn tok dansken og hiva han ut.

Det hadde regnt om dagen, so det stod ei søyle attmed kloppa, og det bar nedi den med dansken. Han vart berre møka all om seg, so lorten larka tå 'nå, då han kom seg opp att og luska seg vekk.

Om ei stund kom futen og eit par storkarar med 'nå, og spurde etter honom Bjørn.

«Her e'n» — sa'n Bjørn og gjekk frampå golvet.

«Du fe vare mæ me du» — sa futen.

Men då reiste dei seg opp, gamlekarane bortmed bordet, og sa at dei vilde bli med dei au då.

«Hann Bjøynn he ikkje gjort anna so rett va» — sa dei.

Han stussa på då, futen, og sa ikkje meir åt 'nå Bjørn. Og so gjekk han sin veg.

Men ei stund etterpå tinget kom det order åt lensmannen om at han skulde setja han Bjørn i gapstokken på Rø, første søndagen det var preken der. No var lensmannen og han Bjørn skyld, dei.

Ja, søndagsmorgonen, då folket samlast attmed kyrkja, kom lensmannen, og han Bjørn var med. Og då skulde han setjast i gapstokken.

Gapstokken stod på nøre sida med di same ein kom inn kyrkjeporten. Der var det so glust med di at folket gjekk tett attmed den som stod i gapstokken, både når dei gjekk inn og ut, og dei

hadde rett til å spytte på'n, når dei gjekk forbi. Men det skulde ikkje vere nokon som vilde nytte den retten.

Då lensmannen og han Bjørn kom inn om porten, stod der nokre ungdomar eit stykke ifrå. Dei var so alvorlege, men såg litt lure ut. Lensmannen vart ståande reint handfallen og stire — der var ingen gapstokk å sjå — berre eit hol i jorda der'n hadde stått.

«Kors bevars! kor e dettan fatt å rå'e!» sa lensmannen».

Det enda med at lensmannen laut sleppa han Bjørn fri. Det var ikkje berre at bygdefolket hadde broti ned og hatt bort den gamle gapstokken, men lensmannen fekk heller ikkje ein einaste mann til å laga nokon ny! Den danske futedrengen hadde sveisa bygdefolket ihop.

Ei segn som er noko yngre, frå førre hundreåret, fortel om ein samanstytt mellom han Jo-Pe på Rød og storkarane (Rekdal, s. 191). Dei ville gjerne stikka etter han Jo-Pe:

«Var din bestefader også bare en bonde, Peder?» spurde ein tå dei, liksom han ynka 'nå Pe om so var. Han Pe, som var både snartenkt og munnrapp, sette eit par kvasse augo ti kroppen:

«Ja, gussjeløv! Å gofa hass au, han gammelgofa,» svara'n Pe. «Då han gammelgofa kom te Kjøpenhamn ein gong, tok han tå seg huå før 'nå, likso hine danskan, han som sia vart stamfarn din. Han gjekk der med gølvtvogen å tørka opp att etter hoffnarrå den tia,» la'n til» .

Ein finn ei rett sterk og norsk bondesjølvkjensle i desse segnene, og uviljen mot alt som har med dansk å gjera, er tydeleg, såleis òg mot målet deira — sjå t. d. segna «Dansk og Norsk» hos Rekdal (s. 174). Men uviljen har ikkje noko riks-nasjonalt innhald, kan ein trygt seia. Det er fyrst og fremst h a t m o t u n d e r t r y k k a r a n e, iser futen og tenestekarane hans. Elles står dei fulle av mistru framfor alle storkarane. Dei er innflyttarar, eller har sitt opphav frå slike. Og då dei fleste er danskar, vil lett motviljen få ei meir beinveges adresse. Peder Claussønn Friis fortel jamvel alt kring 1600 at det er ikkje noko folk nordmennene likar så ille som «jutane». «Besynderlig har de et medfødt og hemmelig hat til jyderne».

Men det er greitt at når fyrst sjølvstendereisinga var på troppene, så kunne denne innstillinga til bøndene, skapt ved einskildhendingar og skattetrykk gjennom mannsaldrar, bli ei nyttig sprengkraft og få meir riksnasjonal form.

Annleis måtte det bli hos overklassen. I ætt og mål og kultur stod dei i eit anna høve til Danmark. Ein kan berre nemna ein så liten, men mykjeseiande ting som dette: Då Trondheims len ved Roskildefreden i 1658 vart overlati til Sverige, skulle folk herifrå senda borna sine til Uppsala universitet for å studera og ikkje til Kjøpenhamn. Fleire studentar frå Trondheim og Trøndelag drog også verkeleg til Uppsala, men samstundes stakk eit par romsdøler av til Kjøpenhamns universitet: *Fredericus Georgii Gryttenius* (frå Grytten, seinare visesokneprest i Veøy) og *Mathias Richardi Romsdaliensis*, som dei heiter etter universitetsmatrikkelen. Banda som knytte Noreg til Danmark har såleis for desse vori så sterke at dei har teki vågnaden med å koma seg unna det nye svenskestyret, trass i forbodet. Ikkje eingong Even Hammer, som sjølv kallar seg Noregsven (*Philonorvagus*, s. 285) i skriftet sitt frå oml. 1770, og som òg verkeleg var ein sann nordmann i alt sitt arbeid for land og folk, har krav eller synsmåtar å bera fram som på noko vis er retta mot sambandet med Danmark. Han er tvert i mot svært kongetrugen. Ein kan berre tenkja på jordbrukslaget han skipa på sjølve fødedagen til kongen, og alle dei selskapelege årsmøta som vart haldne på Årøynes den dagen gjennom den lange formannstida hans. Viktigaste talane har sikkert alltid vori dei for kongen og kongehuset. Ingen har vel uttrykt tydelegare velviljen og kongetruskapan enn bygdemålsdiktaren, futen Ole Chr. Bull (jfr. s. 300):

«— — ingjenstas i Vera e der no så bra
som i Christians Tvillingrikje — —.

Kongjen vår e go og Son hass e slikslag,
Gud gje seint må komma den Olykkjes Dag,
når ein tå dei må
utur Vera gå,
Vera ha int' mångje slike.»

Og attåt kjem det stundom jamvel ein reint religiøs varme inn i kongehyllinga og dei gode ynska for «fedrelandet», som oftast synest vera «Tvillingriket», nemninga for sjølve den Guldbergske heilstatstanken (jfr. s. 208). Dette er serleg tydeleg i sluttverset til ein av selskapssongane til Ole Bull:

Først og fremst vi ønskje oss sjøl Fred og Ro,
 Gud gje ingjen mann må kjivast.
 Gud gje fisk tå Sjøen, Konn og Gras gje gro,
 Gud gje Beista vår må trivas!
 Gud gje Malmen alltid smeltas te Profit,
 Gud gje Pest og Sjukdom aller koma hit!
 Gud gje ingjens Hus nåntid bli te Grus —
 Gud gje Kongjen lengje leva!»

Det er ein heilt annan nøgd og fredeleg tone i dette enn t. d. i Nordal Bruns velkjende dikt «For Norge, Kjæmpers Fødedland» frå 1770-åra, ein kraftig kampsong retta mot Danmark. Men ein må rekna med at slike som Hammer, og serleg Ole Bull, som jamvel var gamal medlem av «Det norske selskapet» i Kjøbenhavn, på langt nær ikkje stod framand for ånda i Nordal Bruns eldfulle reisingsong. Vi bør visseleg døma dei meir etter deira handlingar enn etter dei meir eller mindre vanebundne ordlaga dei nyttar, slike som hørde med til kongelege fødedagar og ved andre liknande høve. I kvardagslivet i minsto såg amtmann Even Hammer den danske styringa heilt annleis enn når han 29. januar saman med Ole Bull og andre vener song og tala til kongens pris. Ein får ein rett god gløtt av dette t. d. i desse orda av prof. Sneedorf frå 1790:

«Sesjon holdes på Molde hvert år; alle over 15 år innskrives til sjøtjeneste; de tjener til 36 og er landevernsreserve til 60 år. Mange knep gjøres her ved sesjonerne. Amtmannen (Hammer) påstod at om 7 tas fra de norske, tas kun 1 fra de danske» (jfr. s. 227).

Ein skjønar det var berre så som så med rett og likskap i rika. Det var difor mykje naturleg at då den rette oppgjerdstunda kom, stod bønder og embetsmenn samla. Og embetsmennene synte ikkje berre norsk vilje, men òg dugleik og mod i den førarskap dei tok på seg.

Tillegg 1.

**Grenseforretning mellom Romsdal, Nordmøre og Sunnmøre
frå 27. april 1658.**

Wii effterschrefne Knud Christophersøn Aremb, Biøren Baarsen Aass, Knud Einersen Jordfeld, Ifuer Stuebøen, Olluf Sigvardtzen Querneberig, Erich Andersson Tielde, Knud Aslacksen ibm., Lauridtz Ericksen Eeg, Oluf Ericksen Neerbø, Olluf Skioldbostad, Kiøstell Eekrimb, Giert Klefve, Erick Eide, Elløf Steenløss, Bendigt Olsson Mallau, Stephen ibm., Ifuer Svendtzøn Farstad, Amund Hægdall, Larss Nielsen Sylte, Lassse Linset, Hans Frostad, Anderss Sylte, Olluf Fixdall, Tosten Flade, Simen Sylte, Peder Helsset, Knud Remenen, Peder Ahrnesen Wige, Elluf Sylte, Knud Wiige, Jonn Christ j Zætter, Lauridtz ibm., Olluf Lauridtzson Rybbedall, Knud Knudsen ibm., Jonn ibm., Lassse Knudsen ibm., Rassmuss Løwigen, Otte Skiegstad, Knud Skomagergaard og Lassse Knudtzøn Wiige, eedsorne laugrettismend i Rombsdahls lehn, kiendis og witterlig giør, att effterssom for oss og almuen på voris ottings tinge og tilbørlige steder er læst og forkyndiget woris gunstige og gode hr. landtzherris, erlig og welbyrdige mand Peder Wibe till Gierderup, kongl. mayts. befahlingsmand ofuer Trundhiems lehn, hans welbyrdighedtz skriftlige befaling i sin hofuedmeening formellende med aller forderligste at tage under dannemændtz zigneter beskrefuen, huor ret marke og lehne skiffte ere og hafuer været af arildtz tiid holden imellum Nordmør og Rombssdallen, saa vell som og i mellum Syndmør og Rombssdallen, hvilket under dannemændtz forseyling iiligen till welbem^{te} hanss welt^f till Trundhiems gaard schulle indskickess. Dess hanss welbr. befahling med ald vnderdanighed att effterkomme hafuer wij os derpaa resolveret det sandmueligst, som wij i nogen maader viste, og wij af voris forældre hørt hafuer, saaledis, som her effter næfniss, at skulle være holden for ret læhne skiffte imellum Nordmør paa den norde side og Rombssdahlen på dend synde side: for det første ere der med begyndt og anfanget paa Tilter Eidet ved dend store opreyste steen, som stander midt paa Eiden og siden wester paa, nordist i dend field, som kaldis Grønfield; dend nordiste gaard der paa Eidet kaldis Øye med sin iord og eigendomb, samt j wæster Guessaaess med sin iord og eyendeller, illigemaader Sollij og Bortelij gaarder med deriss eyendomb, fra bem^{te} norden j Grønfield og saa udj wæster till Kiellingfield, der i fra og i wæster till Wettfield, till dend bæck, som rinder ned ad Wettfield, der i fra wæster i Pickhov, der i fra wæster i Ottervadzaass, nock der i fra j wæster i norde side i høyeste Skallij, der i fra j wæster Steenlidtzschar, nock der i fra j wæster i Stangvadzaaess, der i fra nordvæst i høieste Røesie, en field saa kaldet, der i fra ad Nössss tinde, der i fra beenist ofuer Thretteiden ad høyeste Bollelij field, der i fra høyeste Melsstinde, der i fra i høyeste Stemsshæst i een wahre kaldiss Sigvardtz wahre, siden væst til norden till Skifftings beck saa vd ad hafuet væsten till norden till dend skiæer, som kaldis Suartoxen, liggendis i hafuet, dend nordeste gaard, som hører Rombsdahlen till, kaldis Sandvigen, liggendis paa Stennenn, Widere paa dend sydost og synde side fra bem^{te} steen paa Tilter Eidet, — først der i fra, synderst j Missall watten, saa at beene sig der j fra sydost till synden till dend field tinde, som kaldis Fruesaell, saa der i fra at beene sig lige sydost till dend field i Egissdall, som dend elf Ørsstubb vdfalder, som kiler Guldbrandtzdallen og Romssdallen ad, — dend høyeste gaard,

som hører Rombssdallen till og ligger under samme field, kaldis Findset, der j fra vdi wæster ofuer fieldenn till Børneklefven oppe i Rombssdallen, dend høyeste og øverste gaard der oppe nest Guldbrandtzdallen kaldiss Klefuen og Brødsta med deris vnderliggendis eigendomb, der i fra wæster till nord midt på dend field imellum Sundmør og Indfiord till een fund, som kaldis Indfund, Kamen og Brøndall, dend høyeste gaard som hører Rombssdallen till og ligger nest Sundmør, kaldis Berild, fra Brøndall i wæster till Tressfiordts fieldkamme, som kaldis Schorcken, siden der i fra j wæster i høyeste Løberssfield tinde, der i fra j wæster i Foes-saae, som løber i wæster af Querndals axellfield, nock wæster der i fra, synderst i Wærgen vrsfield, siden der j fra i wæster i Suardtzvadtzhov, saa beent j nord-vest ofuer høyeste Schaalegs field ned i een watten kaldis Schækiønd, nock der i fra nordvæst ofuer høyeste wattenridtz i Schieringfield, der i fra nordvest j Eichehorn field tinde till Rambsvigen, saa der i fra wæster ud till Røessaach, som er dend yderste gaard ud till hafuet og ligger j hafskjæren paa Harøen.

Dette saalediss af gammel thid at være holden for læhne skiæll imellum Nordmør og Rombssdallen paa dend nordre side, og Rombssdall og Sundmør paa dend synder side, det sandrueligst os witterligt kunde være, till diss widnissbyrd vnder voriss zignetter med begier, voriss sorenskrifver det med oss til witterlighed ville forsøge og vnderkrifue.

Datum Wessniss denn 27 aprilis anno 1658.

Læhnn schiffte eller bytte breff imellum Rombssdall og Nordmør paa dend eene, og Rombssdall og Sundmør paa dend anden side,

udcopieret a^o 1768 af H. P. Schnitler.

Tillegg 2.

Det norske dokument frå 28. juni 1658 om Rombssdals grenser mot Sunnmør og Gudbrandsdalen.

Dend stormechtige høybaarne første och herre, her Fredrich den tredie, Danemarkess, Norges, Wendes och Gottess konning, hertug vdi Slessvig, Holstein, Stoermaren och Ditmarschen, greffue vdi Oldenborg och Delmenhorstes, vnderdanigste troe tiennere, jekh Preben von Ahnen till Fossnes, Dønnes och Myndeness gaarder, høyestbemeldte ko. may. befalingsmand offer Norlanden paa min eggene och Reinholt von Hoffuen till Køycke, atter høystbem.^{te} ko. ma. bestalter oberste lieutenant som fuldmegtige paa erlig och welb. mand Peder Wibbe til Gierdrup hanss weigne, vdi erlig och welb. mand Jørgenn Bilche till Hoggesholmb, ko. ma. befalingsmand offer Brassberig lehn, worriss med commissarij hanss fraverrelse, gjør witterligt, at efftersom den krig och feide imellem begge ma. ma.: de Nordische konger och potentater i forledne aar war begyndt, nu igien med Gutz naadige bistannd i dette aar er worden stillet med en euiguarende freed, hvordoffr ko. ma. aff Suerrig och hannss ma. successores och Suerriges crone i blant andre provintier Trundhiemb med dess vnderligende lehne er worden cederit at incorporeris Suergis crone till ewindeligh tied efter dend 6 artichel vdi bemeldte oprettede freedtz pacters indhold, och paa det der kand widess en wissheidt, om grenserne imellumb Aggershuuss, Bergenhuuss och Romssdals grenser dets skelne och dehle, alt tuist och jringer att forrekomme, da hafuer wij vnderdanningsten effter høyst bemeldte ko. ma. worriss allernaadigste herriss

och kongess naadigste befaling och fuldmagt forføyet oss paa samme grenser, den 23 juny paa Eegh wed Eghornss feild, och den 26 dito ved Biørnekleffuen och paa Biørnelien, at forfate och giøre et richtig schelne och raamerche der imellem, huor wj da paa samme grentzer ehre comparede (sic) vdj den stoermegtige høybarne første och herre, her Carl Gustaff, Suerigess, Gottess och Wendess koning, stoerførste til Findland, hertug vdj Schaane, Estland, Carelen, Bremen, Verden, Stetin, Pommeren, Cassuben och Wenden, første til Rygen, herre offr. Ingermanland och Wismar, saa och paldzgreffue wed Rein i Beyren, til Gulich, Cleve och Bergen hertug, hanss ko. ma. til Suerge højbetroede landzhøffding offr: Øster- och Wester Dallerne, Stoer Kobberbergs, Vesterbergs Laggenss, Nees och Setters lehn, saa och vdj rygtzenss general bergss collegio adessor samtpt ved neruerrende tidh fulmegtig kongl. commissariivs offr. Trundhiembj och dess wnderligende læhn i Norge, den welborne herre her Lorentz Creytz, frj herre til Cassaritz, herre til Sarwelax och Abborfors, samtpt fougderness, sorenschriuffuere och laug retness menderness af bem^{te} lehne deriss bij och offr werrelse, och effter fligtig randsagning og erfahrung forefunden grentze deelle och raamerckerne at verre och af arrildtz tid weritt haffuer saa som følger: Først at begynde wed haffuet paa en omfløt øe, kaldess Harøen, som liger alt sammen til Romsdallen vndertagende en gaard synderst paa øen naffnlich Møckelboestad, som hører til Bergenhuss lehn, der ifra offuer fiorden sydost ind paa landet til en gaard kaldess Romssdallen och hører til Romssdallen och paa den yttre side en gaard ved naffn Gangstad, som liger vnder forsch^{ne} Bergenhuss lehn, der ifra atter ofr. fiorden til en gaard naffnlich Eege, som liger vnder Egehornss field, den ytterste gaard ehr for Egh, som hører Romsdallen til och grentzer ved en anden gaard ved naffn Birckeuold, som och liger till Bergenhuss lehn, der ifra øster till Skiering field, frembdelless offuer det vand Schadekiøn, saa til Schaalefield, siden til en trind houg, kaldes Kiølen eller Kiøllefield ved Suarteløgshoug; wider øster der ifra til sydere enden i Warge-Vrss field, der i fra iligemaader i øster i Quern-dalss axelfield, huor aff Forssaae nederløber i synder, noch herfra i øster i høyeste Løborss fieldtind, saa der fra till Tredtzfiords fieldkamme til det field, som kaldess Schorken, fra bem^{te} field Schorken midt paa paa (sic) de field emellem Romssdallen och Sundmør vdj Indfiorden til de funde paa fielden kaldess Brøndal, Kammen och Indfund, strekende sig vngeferlig vdj sudost, huilchet atschiller Romssdallen och Sundmør, huor Aggersshuus lehn igien vedtager, schellene frembdelles at gaa fra for^m Indfund igiennem Werdalsfield til Troldkinnd och saa til Grønhøyen eller Sua aæen, som løber ofr. forsch^{ne} Grønhøyen, och saa i Biørnkleffuen och Ørstrub, som atschiller Romssdallen och Gulbrandsdallen. Dette saaledess effter ko. ma. i Danmark woriss allernaadigsste herress och konges naadigste commission och fuldmagt och paa høyestbem^{te} ko. ma. naadigste behag, med hans ko. ma. aff Sueriges fuldmegtige och kongl. commissario velbe^{te} velborne frijherre her Creütz forretit som forschrtt staar, deess til witterlighed worriss zingeneter och egenhender her neden wnder.

Biørnelien den 28 iuny 1658.

(L. S.) Preben von Ahnen. (L. S.) Reienholt von Hoffn.

At dette ehr enn richtig copix aff originalen det bekiender

Preben von Ahnen mpp.

DEI VIKTIGASTE PRENTA KJELDENE TIL ROMSDALS SOGA, II:

- A. J. Schneider:** Molde og Romsdalen, I og II.
O. Olafsen: Væøy, I og II.
A. Helland: Romsdals amt, I og II.
O. Rygh: Gårdnavne i Romsdals amt (ved K. Rygh).
G. Thesen: Beskrivelse av Romsdals amt (1861).
J. E. Kraft: Topografisk-statistisk beskrivelse over Norge (6 b. frå 1820—35).
I. Brovold: Vestnes beskrivelse.
 Årsskriftet åt Romsdal Sogelag, alle årgangar.
G. Schøning: Reise gjennom en del av Norge 1773—75.
L. H. Bing: Beskrivelse over kongeriket Norge.
Hans Strøm: Beskrivelse over fogderiet Søndmør.
Aslak Bolts jordebok, frå o. 1430—50.
Olav Engelbretssons jordebok, frå o. 1530.
Gunnar Solli: Møre Landbrukssejskap (Romsdals praktiske landhusholdn.selskap).
Ludvig Daae: En krønike om erkebispene i Nidaros.
Yngvar Nielsen: Kampen om Trondhjem 1657—1660.
 Norske Herredags-Dombøker (Avisiktbøker, Stevningsbøker, Supplikkbøker) 1578—1661.
M. Rogne: Grytten prestegjelds kallsbok.
 Festskriftet til riksmøtet i Bud, Molde 1933.
 Skattemanntalet frå 1520.
S. Hasund: Ikring den store mannedauden.
 —«— Det norske landbruks historie.
H. Angell: Skottetoget. Et 300-års minne (1912).
O. Rekdal: Folkeminne frå Romsdal.
Asbjørn Øverås: Den eldste busetnaden i Eresfjord—Vistdal og Nesset.
Osc. Albert Johnsen: Hannibal Sehesteds stattholderskap.
 —«— Norges Bønder.
Halvdan Koht: Bondereising.
Jørgen Olafsen Holms historie om Bolsøy er komen sidan manuskriptet mitt var ferdig.

Elles har alle større norske historieverk vori nytta meir eller mindre og like eins ymse blad, tidsskrifter og bøker (eldre og nyare), som ein her ikkje kan rekna opp. Eg viser elles til mange kjeldeopplysningar som er nemnde ymse stader i boka. — Arkivsakene for Romsdal finn ein helst i Statsarkivet i Trondheim.

Boka har 88 bilete. Diverre er ikkje alle like gode, då det viktigaste biletmaterialet for Romsdal strauk med ved Moldebranden i 1940. Vi har såleis fleire gonger mått laga nye bilete berre etter gamle bilete i eldre bøker.